

Redigeringshandbok for Norsk Ordbok 2014

28.2.2016 -

Tillegg daterte etter 1.1.2016 er markerte med «TILLEGG»

Hovudredaktør Oddrun Grønvik har stått for den første utforminga av Norsk Ordboks redigeringshandbok, som kom til i tidleg prosjektfase (2002-2004). Frå prosjektstart og fram til vårsemesteret 2007 var Grønvik ansvarleg for utforming, utvikling og revisjon av teksten. Frå og med våren 2007 til d.d. har hovudredaktør Helge Gundersen hatt ansvaret for utforming, utvikling og revisjon av Redigeringshandboka. Begge har i denne funksjonen arbeidd tett saman med NO 2014s leiargruppe og faglege leiing, som har gjort dei endelege vedtaka om redaksjonell praksis. I tidleg prosjektfase (2002-03) bidrog òg hovudredaktørane Lars S. Vikør, Laurits Killingbertrø og Dagfinn Worren med tekstavsnitt til handboka.

1 INNLEIING	21
1.1 FØREMÅL OG KVALITETSNORMER	21
1.1.1 Føremål.....	21
1.1.2 Målgrupper for Norsk Ordbok	21
1.1.3 Kvalitetsnormer	21
1.2 STRUKTUREN I DEN PRENTA UTGÅVA AV NO	22
1.3 TILHØVET MELLOM ORDOPPLYSNINGANE (INFORMASJONSKATEGORIANE) OG REDIGERINGSPROGRAMMET.....	23
1.3.1 Kva oppnår vi med redigeringsprogrammet?.....	23
1.3.2 Oppbygginga av redigeringsprogrammet	23
1.3.3 Element i redigeringsprogrammet i høve til NO	24
1.3.4 Utskriftsnivå i programmet.....	24
1.3.5 Norsk Ordbok i elektronisk utgåve og som manuskript.....	24
1.3.6. TILLEGG: Nettutgåva – laupande oppdateringar etter publisering av band 12 i mars 2016.....	26
1.4 REDAKSJONSSPRÅKET	27
1.4.1 Rettskriving	27
1.4.1.1 Hovuddraga i 1938-rettskrivinga jamførde med dagens rettskriving	27
1.4.1.1.1 Hovudformer og sideformer i NO-normalen	27
1.4.1.1.2 Skilnader i bøyingsverket.....	27
1.4.1.1.3 Lydverket.....	28
1.4.1.2 Liste over redaksjonelle former i NO der 1938-rettskrivinga hadde valfridom	28
1.4.1.3 Unntak frå å fylgja 1938-rettskrivinga	37
1.4.1.4 Form på historiske og geografiske namn.....	38
1.4.1.5 Genus.....	38
1.4.1.5.1 Substantiv.....	38
1.4.1.5.2 Samsvarsbøying.....	39
1.4.1.6 Verbbøying	40
1.4.2 Andre grafiske problem	42
1.4.2.1 Tal	42
1.4.2.2 Aksentar.....	42

1.4.2.3	Spesialteikn.....	43
1.4.2.4	Avstyttingar	46
1.4.2.4.1	NO-avstyttingar med mellomrom som entitetar.....	46
1.4.2.4.2	Bruk av avstyttingar.....	47
1.4.2.5	Teiknsetjing og kursiv	49
1.4.2.5.1	Utskiljing av tekst (kursiv, hermeteikn m m)	49
1.4.2.5.2	Innskot i døme.....	52
1.4.2.5.3	Bindestrek og tankestrek.....	53
1.4.2.5.4	Krystilvising	53
1.4.2.5.5	Oppsummerande tabell: kursiv	54
1.4.2.5.6	Oppsummerande tabell: hermeteikn	56
2	TEKSTSTRUKTUR.....	57
2.1	LEMMAUTVAL – GENERELT	57
2.1.1	<i>Automatisk lemmautveljing.....</i>	<i>57</i>
2.1.2	<i>Manuell lemmautveljing.....</i>	<i>58</i>
2.1.3	<i>Lemmutval og proporsjonering av NO 5–12.....</i>	<i>58</i>
2.1.4	<i>Kriterium for maskinell tilråding om lemmautval frå MO til NO</i>	<i>59</i>
2.1.4.1	Obligatorisk inkludering.....	59
2.1.4.2	Automatisk merking for fråråding	60
2.1.4.2.1	Statusendring for frårådde MO-artiklar	60
2.1.4.2.2	Ordboksord	60
2.1.4.2.3	Hapax.....	62
2.1.4.2.4	Hapax frå litterære kjelder	62
2.1.5	<i>Kriterium for manuelt ordutval frå MO til NO</i>	<i>64</i>
2.1.5.1	Grunnord	65
2.1.5.2	Samansetningar	65
2.1.5.2.1	Enkle samansetningar	65
2.1.5.2.2	Sekundærsamansetningar.....	65
2.1.5.3	Ser-ordtilfang.....	66
2.1.5.3.1	Fagord	67

2.1.5.3.2 Eksotika	67
2.1.5.3.3 Terminologi for utanlandske tilhøve	67
2.1.5.3.4 Plante- og dyrenamn	68
2.1.5.3.5 Stein og mineral	68
2.1.5.3.6 Leikar og dansar	68
2.1.5.3.7 Sernamn (proprium)	69
2.1.5.3.8 Innbyggjarnamn	69
2.1.5.3.9 Avleiingar av personnamn	69
2.1.5.3.10 Nasjonalitetsnemningar	70
2.1.5.3.11 Institusjonsnemningar	70
2.1.5.3.12 Avstyttingar og bokstavsymbol	70
2.1.5.3.13 Nyare anglisismar	74
2.1.5.4 Verbalsubstantiv på -ing, verbaladjektiv på -ande, verbformer på -ast.....	74
2.1.5.5 Stivna genitivsformer på -sens.....	75
<i>2.1.6 Fleiordige uttrykk med eigen ordartikkel</i>	<i>75</i>
2.1.6.1 Plassering i normalartikkel.....	75
2.1.6.1.1 Uttrykk med lånte element	76
2.1.6.1.2 Uttrykk med funksjons- og innhaldsord	76
2.1.6.2 Plassering i tilvisingsartikkel og behandling i underoppslag	76
2.1.6.2.1 Preposisjonsuttrykk med kasusform	76
2.1.6.2.2 Funksjonsordsfrasar	76
2.1.6.2.3 Uttrykk med eit ord som er lite eller ikkje brukt utanom det fleiordige uttrykket	77
2.1.6.2.4 Interjeksjonsuttrykk, serleg helsingar	77
2.2 LEMMAORDNING.....	77
2.2.1 Alfabetisk hovudordning.....	77
2.2.2 Alfabetisk artikkelordning.....	77
2.2.2.1 Rekkjefylgje for store og små bokstavar.....	78
2.2.2.2 Fyrsteleddsartikkelen i høve til alfabetisering	78
2.3 HOMOGRAFAR OG DEN FYRSTE SORTERINGA AV TILFANGET	78
2.3.1 Homografar	78

2.3.2 Utskiljing av avleiingar	80
2.3.3 Føringsmåte for homografar – rangorden	81
2.3.4 Tilleggskriterium for ordning av homografar med same ordklasse.....	83
2.4 OPPSLAGSORD OG MÅLFØREFORMER.....	84
2.4.1 Variant eller eige ord?	84
2.4.2 Former med ulik rotvokal eller ulik rotutlydskonsonantisme.....	85
2.4.3 Samansette preposisjonar i målføra.....	85
2.4.4 Målføreform som grunnlag for nye ord.....	86
2.5 JAMSTELTE OG ALTERNATIVE OPPSLAGSFORMER.....	86
2.5.1 Adjektiv og adverb på -ande eller -ende.....	86
2.5.2 Samansetningar med alternative, fullsynonyme etterledd.....	87
3 AVSNITTSSTRUKTUR.....	89
3.1 ARTIKKELTYPAR	89
3.2 ARTIKKELTYPAR I EIGNE AVSNITT	90
3.3 INNSETJING AV AVSNITT	91
3.3.1 Tilvisingsartiklar, fyrsteleddsartiklar og etterleddsartiklar har eigne avsnitt.....	91
3.3.2 Grunnord og avleiingar har eigne avsnitt.....	91
3.3.3 Ei innskoten samansetning får eit eige avsnitt	91
3.3.4 Oppslagsord med homografnummer har eigne avsnitt.....	92
3.3.5 Fyrste samansetning i ei samansetjingsrekke startar avsnitt.....	92
3.3.6 Samansetningsrekke avbroten av grunnord.....	92
3.3.7 Avsnittsskifte for samansetningar til homografseparerte fyrsteledd.....	93
3.3.8 Avsnitt for to eller færre sekundærsamansetningar.....	93
3.3.9 Avsnittsskifte ved samansetning som fyrsteledd.....	95
4 NORMALARTIKKELEN.....	96
4.1 OPPSLAGSBOLKEN.....	96
4.1.1 Oppslagsbolken i redigeringsprogrammet	96
4.1.2 Oppslagsordet.....	98
4.1.2.1 Oppslagsord for grunnord og avleiingar	99

4.1.2.2 Oppslagsord i bøygd form	100
4.1.2.3 Oppslagsord for samansetningar	100
4.1.2.3.1 Samansetningar med serskild normering	101
4.1.2.3.2 Samansetningar med fyrsteleddet i perfektum partisipp	101
4.1.2.4 Aksentbruk i oppslagsord	102
4.1.2.5 Oppslagsordet: føring og rekkjefølgje av former	102
4.1.2.6 Homografnummer	102
4.1.2.7 Vokalparentes	103
4.1.2.8 Leddanalyse	104
4.1.2.8.1 Leddelingsmerke i NO	104
4.1.2.8.2 Markering av semantisk struktur	104
4.1.2.8.3 Føring av leddeling i oppslagsskjemaet	106
4.1.3 Ordklassemerking (grammatisk merking)	106
4.1.3.1 Reglar for føring av ordklasse som er gjennomførde i MO og gjeld for NO	107
4.1.3.2 Meir enn éi ordklasse i høve til artikkelstruktur	107
4.1.3.3 Føring av fleire genus	108
4.1.3.4 Føring av fleire genus i samansetningar	109
4.1.3.5 Valfritt genus eller homografar?	113
4.1.3.6 Ordklassetabellen i redigeringsprogrammet	113
4.1.3.6.1 Ordklasse	113
4.1.3.6.2 Ordklassemerking av avstyttingar	115
4.1.3.6.3 Ordklassetilstand	116
4.1.4 Bøying	117
4.1.4.1 Bøyingsopplysningar	118
4.1.4.1.1 Bøyingsopplysningar: typar	118
4.1.4.1.2 Bøyingsopplysningar: markering	118
4.1.4.1.3 Bøyingsopplysningar: inga markering	121
4.1.4.2 Bøyingsopplysningar i redigeringsprogrammet	121
4.1.4.2.1 Nemning for bøyingsform (Tilstand bøyingsform)	121
4.1.4.2.2 Bøyingsform	122

4.2 HAKEPARENTESEN	122
4.2.1 Opplysningstypar	123
4.2.2 Hakeparentesen i redigeringsprogrammet	124
4.2.3 Uttale	124
4.2.3.1 Opplysning om to uttalevarianter	124
4.2.3.2 Kva for oppslagsord får uttalemerking?	125
4.2.3.3 Ålment om føring av form	126
4.2.3.4 Markering av fonem (kvalitet og kvantitet)	126
4.2.3.5 Markering av tonem	128
4.2.3.6 Uttaleopplysning for oppslagsord av nordisk opphav	129
4.2.3.7 Uttaleopplysning for importord	130
4.2.3.7.1 Markering av norsk kontra innlånt trykk i importord	131
4.2.3.7.2 Uttaleopplysning for avleiingsendingar for importord	131
4.2.3.7.3 Trykk og tonem på andre stavingar enn siste og fyrste	134
4.2.3.7.4 Opplysning om trykk og tonem på fyrste staving	136
4.2.3.7.5 Markering av fonem	136
4.2.4 Eldre kjelder	136
4.2.4.1 Tabellen for eldre kjelder	137
4.2.4.2 Innleiingsfeltet i tabellen for eldre kjelder	137
4.2.4.3 Feltet for eldre kjelder	137
4.2.4.3.1 Eldre kjelder: meny	138
4.2.4.3.2 Ordsamlingane frå 1698	148
4.2.4.3.3 Ordsamlingane frå 1743	148
4.2.4.4 Sjølve føringa	153
4.2.4.5 Merknader til einskilde eldre kjelder	155
4.2.5 Avvikande skriftformer	156
4.2.5.1 Tabellen for avvikande skriftformer	156
4.2.5.2 Innleiingsfeltet for avvikande skriftformer	157
4.2.5.3 Skriftform	157
4.2.5.4 Kjeldefesting og spesifisering	158

4.2.6 Målføreformer	158
4.2.6.1 Formål med føring av målføreformer	158
4.2.6.2 Litteratur	159
4.2.6.3 Kjelder for målføreformer	159
4.2.6.4 Kva for ord får målføreopplysningar	160
4.2.6.4.1 Målføreopplysningar om grunnord	161
4.2.6.4.2 Målføreopplysningar om fyrsteledd	161
4.2.6.4.3 Målføreopplysningar om etterledd	163
4.2.6.4.4 Målføreopplysningar om samansetningar	164
4.2.6.4.5 Målføreopplysning om avleiingar	165
4.2.6.5 Skjemaet for målføreopplysningar i redigeringsapplikasjonen	165
4.2.6.6 Innleiing til målføreopplysningar	166
4.2.6.6.1 Bruken av "målf"	167
4.2.6.6.2 Bruken av "målf òg"	168
4.2.6.7 Fritekstfelt	168
4.2.6.8 Underkategori	169
4.2.6.8.1 Substantiv: bøyingsform og rekkjefylgje	169
4.2.6.8.2 Verb: bøyingsform og rekkjefylgje	171
4.2.6.8.3 Andre ordklasser: bøyingsform	171
4.2.6.9 Ordform: introduksjon	172
4.2.6.9.1 Definisjonar og termar	172
4.2.6.9.2 Samleformer	173
4.2.6.9.3 Føring og utelating	174
4.2.6.10 Ordform: formverk	175
4.2.6.10.1 Substantiv: føring av bøyingsformer og kasusformer	175
4.2.6.10.2 Substantiv: samleformer	176
4.2.6.10.3 Adjektiv	176
4.2.6.10.4 Verb: føring av bøyingsformer	177
4.2.6.10.5 Verb: samleformer	179
4.2.6.10.6 Interjeksjonsverb	179

4.2.6.10.7 Verb med dativobjekt.....	179
4.2.6.11 Ordform: lydverk	180
4.2.6.11.1 Ordning av former	180
4.2.6.11.2 Vokalar	180
4.2.6.11.3 Konsonantar	186
4.2.6.11.4 Ålment om markering av språklydar	187
4.2.6.11.5 Subfonemiske drag og to grupper av fonemiske drag.....	188
4.2.6.11.6 Subfonemiske drag (som skal sløyfast).....	188
4.2.6.11.7 Fonemiske drag som skal sløyfast	190
4.2.6.11.8 Fonemiske drag som skal takast med.....	192
4.2.6.12 Heimfesting	199
4.2.6.12.1 Rekkjefylgje av heimfestingar.....	199
4.2.6.12.2 Heimfestingshierarki	200
4.2.6.12.3 Administrative område kontra målvald.....	201
4.2.6.12.4 Heimfesting frå prenta ordsamling	201
4.2.6.12.5 Heimfesting frå ordbøkene til Aasen og Ross.....	201
4.2.6.12.6 Endringar i heimfestingsføringa i band 1–4.....	201
4.2.7 Etymologi.....	202
4.2.7.1 Etymologiske opplysningar i NO	202
4.2.7.2 Kva for ordartiklar har opplysning om etymologi	203
4.2.7.3 Tre tabellar for etymologiske opplysningar	203
4.2.7.4 Tilhøvet til andre språk og språkstadium.....	204
4.2.7.4.1 Ord som er kjeldefeste i norrønt.....	204
4.2.7.4.2 Ord av nordisk eller germansk opphav som ikkje er kjeldefeste i norrønt	205
4.2.7.4.3 Importord	205
4.2.7.4.4 Omlaga og omtolka importord	206
4.2.7.4.5 Fyrste felt i språktabellen: innleiing	206
4.2.7.4.6 Midtfeltet i språktabellen: språkmenyen	208
4.2.7.4.7 Språk med fullskriven form	211
4.2.7.4.8 Andre nemningar (for t d proprium, varemerke) i språktabellen.....	212

4.2.7.4.9 Spesifiseringsfeltet i språktabellen.....	213
4.2.7.5 Tilhøvet til andre oppslagsord i NO	213
4.2.7.5.1 Innleiingsfeltet i krystilvisingstabellen	213
4.2.7.5.2 Sjølve krystilvisinga	215
4.2.7.5.3 Spesifiseringsfeltet i krystilvisingstabellen.....	215
4.2.7.6 Andre etymologiske opplysningar	215
4.2.7.7 Tilvisingar til faglitteratur	215
4.3 ARTIKKELKROPPEN	222
4.3.1 <i>Strukturen i artikkelkroppen</i>	222
4.3.2 <i>Tydingsmarkørane</i>	222
4.3.2.1 Tydingsinndeling med stor bokstav	223
4.3.2.2 Tydingsrangering med tal i halvfeit	224
4.3.2.3 Tydingsrangering med liten bokstav i halvfeit	225
4.3.2.4 Tydingsrangering for undertyding	225
4.3.2.5 Prinsipp for tydingsrangering	225
4.3.2.5.1 Rangering av konkret kontra overført tyding	225
4.3.3 <i>Definisjonsdelen</i>	225
4.3.3.1 I redigeringskjemaet	225
4.3.3.2 Bruksmarkering: generelt	225
4.3.3.3 Plassering og føringsmåte av bruksmarkeringar.....	226
4.3.3.3.1 Bruksmarkering kontra ekstensjonsbeskriving.....	226
4.3.3.3.2 Kva meiner NO med bruksmarkering?	227
4.3.3.3.3 Fagfelt.....	227
4.3.3.3.4 Bruksområde	229
4.3.3.3.5 Stilslag	230
4.3.3.3.6 Kronologi	231
4.3.3.3.7 Bruksmåte i høve til grunntyding	232
4.3.3.3.8 Frekvens	232
4.3.3.4 Definisjonen.....	233
4.3.3.4.1 Grammatisk merknad: ålment.....	233

4.3.3.4.2 Grammatisk merknad: partisippformer	235
4.3.3.4.3 Ekstensjonspresisering til definisjonen	236
4.3.3.4.4 Realdefinisjonen: avgrensing.....	238
4.3.3.4.5 Realdefinisjonen: kjelder	238
4.3.3.4.6 Realdefinisjonen: utforming	239
4.3.3.4.7 Realdefinisjonen: om eldre tilhøve.....	241
4.3.3.4.8 Antonym i definisjonsteksta	241
4.3.3.4.9 Tilhøve mellom definisjonsledd.....	242
4.3.3.5 Definisjonstypar	243
4.3.3.5.1 Definisjonstypar: samansetningar	243
4.3.3.5.2 Definisjonstypar: synonym som tillegg til realdefinisjon	244
4.3.3.5.3 Definisjonstypar: synonym som definisjon åleine (eittordsdefinisjon – synonymdefinisjon)	245
4.3.3.5.4 Definisjonstypar: synonymgrupper	246
4.3.3.5.5 Definisjonstypar: antonymdefinisjon	247
<i>4.3.5 Undertydinga</i>	<i>247</i>
<i>4.3.6 Bruksdøme</i>	<i>248</i>
4.3.6.1 Kvifor har vi bruksdøme?.....	249
4.3.6.2 I redigeringskjemaet	249
4.3.6.2.1 Bruksmarkering for døme	249
4.3.6.2.2 Teksta i sitat og redaksjonelle døme	250
4.3.6.2.3 Forklaring	250
4.3.6.2.4 Redaksjonell forklaring	250
4.3.6.2.6 Kjelde.....	250
4.3.6.2.7 Tilvising.....	250
4.3.6.3 Retningsliner for bruk av redaksjonelle døme	250
4.3.6.4 Retningsliner for bruk av sitat	251
4.3.6.5 Litterære sitat: utval og preferansar	252
4.3.6.6 Ordtak og ordlag.....	253
4.3.6.7 Målføresitat	254
4.3.6.8 Alternativ og valfri dømetekst	257

4.3.6.9 Tilpassing av sitattekst	257
4.3.6.9.1 Avstytting	257
4.3.6.9.2 Endring av syntaks	258
4.3.6.9.3 Tilføyning av forklarande innskot	259
4.3.6.9.4 Ta vare på heilskapstyding	260
4.3.6.9.5 Personnamn	260
4.3.6.9.6 Bruk av "jfr"	260
4.3.6.9.7 Utfylling av avstytt ord	260
4.3.6.9.8 Kursiv tekst i kjelda	260
4.3.6.10 Forklaring til sitat	261
4.3.6.10.1 Forklaring til sitat frå kjelde	261
4.3.6.10.2 Forklaring til sitat frå redaktør	262
4.3.7 Samansetningsdøme	263
4.3.7.1 hertil-rekkje eller fyrsteleddsartikkel?	263
4.3.7.2 Ymse retningsliner	263
4.3.7.3 Laging av samansetningsrekkjer	264
4.3.7.4 Form på samansetning og innleiing	265
4.3.8 Underoppslag	265
4.3.8.1 Kriterium for å skilja underoppslag frå redaksjonelle døme	266
4.3.8.1.1 Uføreseieleg tyding	266
4.3.8.1.2 Behov for forklaring	268
4.3.8.1.3 Fleire tydingar	270
4.3.8.1.4 Frekvens og utbreiing	271
4.3.8.1.5 Fastheit	272
4.3.8.1.6 Eksemplifisering med sitat	274
4.3.8.2 Språklege drag som peikar mot underoppslag	275
4.3.8.2.1 Uttrykk med eit ord som er lite eller ikkje brukt utanom det fleiordige uttrykket	276
4.3.8.2.2 Personifiseringar	276
4.3.8.2.3 Interjeksjonsliknande uttrykk	276
4.3.8.2.4 Preposisjonsuttrykk med kasusform	277

4.3.8.2.5 Genitivuttrykk.....	277
4.3.8.2.6 Funksjonsordfrasar	277
4.3.8.2.7 Naken ubunden form av teljelege substantiv.....	278
4.3.8.2.8 Syntaktisk struktur og funksjon	278
4.3.8.2.9 Kombinasjon av funksjonsord og innhaldsord.....	280
4.3.8.3 Setningar og samanlikningsuttrykk.....	281
4.3.8.3.1 Setningar	281
4.3.8.3.2 Samanlikningsuttrykk	282
4.3.8.4 Plassering av underoppslag: under kva oppslagsord	283
4.3.8.4.1 Generelle prinsipp	283
4.3.8.4.2 Substantivfrasar	285
4.3.8.4.3 Pronomenfrasar	286
4.3.8.4.4 Adjektivfrasar	286
4.3.8.4.5 Adverbfrasar.....	287
4.3.8.4.6 Preposisjonsfrasar	287
4.3.8.4.7 Frasar innleidde av samanlikningskonjunksjon	288
4.3.8.4.8 Verbfrasar med plassering under verbet.....	288
4.3.8.4.9 Verbfrasar med plassering under eit anna ord.....	289
4.3.8.4.10 Ordpar	291
4.3.8.4.11 Leddsetningar	291
4.3.8.4.12 Manglar i prenta artklar	291
4.3.8.5 Plassering av underoppslag: kvar i artikkelen.....	293
4.3.8.6 Utsjånad og organisering.....	294
4.3.8.6.1 Overordna organisering.....	294
4.3.8.6.2 Innleiingstekst	294
4.3.8.6.3 Oppslagsform	295
4.3.8.6.4 Tydingsstruktur	296
4.3.8.7 Tilvising til underoppslag	298
5 ARTIKKEL- OG DEFINISJONSFORMAT	300
5.1 ARTIKKELFORMAT	300

5.1.1 Verb	300
5.2 DEFINISJONSFORMAT	301
5.2.1 Substantiv i semantiske felt og lukka sett.....	301
5.2.2 Substantiv for dyre- og planteriket.....	301
5.2.3 Grunnstoff, metall, mineral og bergart	303
5.2.3.1 Grunnstoff	303
5.2.3.2 Metall	304
5.2.3.3 Mineral	304
5.2.3.4 Bergart.....	305
5.2.4 Stjernebilete.....	305
5.2.5 Personnemningar.....	306
5.2.5.1 Ålment	306
5.2.5.2 Innbyggjarnamn.....	306
5.2.6 Språknemningar avleidde av nasjonalitetsadjektiv	307
5.2.7 Interjeksjonar.....	307
5.2.7.1 Eidar og kraftuttrykk.....	307
5.2.7.2 Oppmodingar og kommandoord	308
5.2.7.3 Lydhermande ord	309
5.2.8 Avleiingar.....	309
5.2.8.1 Avleidde substantiv	309
5.2.8.2 Avleidde adjektiv	310
5.2.8.3 Avleidde verb.....	310
6 FYRSTELEDDSARTIKKELEN.....	311
6.1 KVA ER FYRSTELEDD?.....	311
6.1.1 Fyrsteledd: tvilsspørsmål	311
6.1.1.1 Prefiks eller fyrsteledd?	311
6.1.1.2 Frasar som fyrsteledd	312
6.1.1.3 Namn som fyrsteledd	312
6.1.2 Strukturen i fyrsteleddsartikkelen.....	313
6.1.3 Oppslagsbolken i fyrsteleddsartikkelen	313

6.2 Fyrsteleddsartikkelen for avleiingsprefiks.....	313
6.2.1 Avleiingsprefiks i NO 1–4	313
6.2.2 Avleiingsprefiks i NO 5-12.....	314
6.2.2.1 Germanske prefiks NO 5-12.....	314
6.2.2.2 Ikkje-germanske prefiks NO 5-12.....	315
6.2.3 Hakeparentesen for avleiingsprefiks	317
6.2.4 Definisjonsutforming for avleiingsprefiks	317
6.2.5 Dømerekkje for avleiingsprefiks	317
6.3 Fyrsteleddsartikkel for samansetningsrekkjer.....	317
6.3.1 Fyrsteledd for samansetningsrekkjer i MO	318
6.3.2 Inventaret av samansetningsfugar i NO	318
6.3.3 Samansetningsfugen i oppslagsfeltet	319
6.3.3.1 Éin fyrsteleddsartikkel med éi form.....	320
6.3.3.2 Fyrsteleddsartikkel med jamstelte oppslagsformer	321
6.3.3.3 Ulike fyrsteleddsartiklar.....	321
6.3.3.4 -ar-: fuge eller avleiingsending?.....	322
6.3.4 Hakeparentesen: fyrsteleddsartikkel for samansetningsrekkjer.....	323
6.3.5 Krysstilvising	324
6.3.6 Sekken.....	324
6.3.6.1 Sekken: innhald og funksjon	324
6.3.6.2 Sekken: tydingsinndeling	325
6.3.6.2.1 Sekken: tydingsinndeling og ordklasse	327
6.3.6.3 Sekken: tilvising til grunnord og innleiingsformel til rekkje	327
7 ETTERLEDDSARTIKKELEN	330
7.1 AVLEIINGSENDINGAR SOM HAR ETTERLEDDSARTIKKEL I NO-LISTE	330
7.1.1 Germanske suffiks.....	333
7.1.2 Ikkje-germanske suffiks	333
7.2 METODIKK FOR ETTERLEDDSARTIKLAR	333
7.3 SAMLAGINGAR	333

8 TILVISINGSARTIKKELEN	335
8.1 FØREMÅL OG UTVAL.....	335
8.2 STRUKTUR OG FORMAT.....	336
8.3 FORM PÅ OPPSLAGSORD.....	338
9 KRYSSSTILVISINGAR	340
9.1 TYPAR KRYSSSTILVISINGAR (FRÅ – TIL).....	340
9.2 KRYSSSTILVISING I OPPSLAGSBOLKEN.....	341
9.3 KRYSSSTILVISING I HAKEPARENTESEN.....	341
9.4 KRYSSSTILVISING I TYDINGSBOLKEN.....	342
9.4.1 <i>Artikkelintern krysstilvising</i>	342
9.4.2 <i>Krysstilvising mellom tydingsbolkar i ulike ordartiklar</i>	342
9.4.2.1 Implisitt krysstilvising.....	342
9.4.2.2 Eksplisitt krysstilvising.....	343
9.4.2.2.1 Innleiing og avslutning.....	344
9.4.2.2.2 Normalartikkelen – eksplisitt krysstilvising.....	345
9.4.2.2.3 Fyrsteleddsartikkelen.....	346
9.4.2.2.4 Etterleddsartikkelen.....	347
9.4.2.2.5 Tilvisingsartikkelen.....	347
9.4.2.3 Implisitt kontra eksplisitt krysstilvising.....	347
9.4.2.4 Tilvising til meir enn éi tyding av same ordet.....	348
<i>Til og med bokstanven H var det vanleg å visa til fleire tydingar i ein annan artikkel ved å skriva inn fleire tydingsnummer i parentes i ei implisitt eller eksplisitt krysstilvising.</i>	348
<i>Døme:</i>	348
<i>heidning (1 og 2)</i>	348
<i>jfr II heim 1a og b og 2</i>	348
<i>Frå og med bokstaven I er praksisen endra, for di ein skal kopla slike tilvisingar til ordet ein viser til, og funksjonen ein brukar i redigeringsprogrammet, tillèt ikkje føringsvariantar som dei over.</i>	348
<i>Det er grunnar til at fleire tydingsnummer har vori førde, og spørsmålet er då korleis behovet skal handterast.</i>	348
<i>Når ein lagar koplingar i redigeringsprogrammet, er ein sikra at tilvisingane automatisk blir korrigerate om artikkelen ein har kopla til, endrar struktur, anten det skjer i same bandet som ein held på å redigera, eller i ein eventuell revisjon av den delen av ordboka som er prenta. (Inne i artikkelbasen kan det òg vera</i>	

<i>nyttig å sjå at ein artikkel har koplingar til seg, og kva artikkel koplinga går frå.) Tydingsnummer ved tilvisingar må difor vera kopla. Tydingsnummer skal ikkje tastast inn i definisjonsfeltet eller i avslutningsfeltet etter feltet "Tilvisingstekst".....</i>	348
<i>Skal ein kopla til fleire tydingar, kan ein bruka eksplisitte koplingar.</i>	348
<i>Døme:</i>	348
<i>små-mon m ... liten auke, tilvokster; lita endring (A²; YSandsvær); jfr I mon 3 og I mon 5.</i>	348
<i>I normalartiklar kan ein alternativt snevra inn tydinga ved å leggja til eitt eller fleire synonym eller andre tillegg i definisjonsteksta, som gjer at det ikkje blir naudsynt å kopla.</i>	348
9.5 FYRSTELLEDET I SAMANSETNINGAR	349
9.6 KOPLINGAR I ORDBOKSBASEN TIL BAND 1 OG 2.....	350
9.6.1 <i>Handtering av nye artiklar.....</i>	350
9.6.2 <i>Strukturskilnader mellom prenta og digital utgåve av band 1 og 2</i>	351
9.7 KOPLINGAR TIL ARTIKLAR SOM IKKJE ER LASTA INN	354
9.7.1 <i>Koplingar til seinare band.....</i>	354
9.7.2 <i>Koplingar til h-delen av band 5.....</i>	354
10 DOKUMENTASJON: KJELDER, KJELDEFØRING OG HEIMFESTING	355
10.1. KJELDETPAR	355
10.1.1 <i>Kjeldesignaturar</i>	355
10.1.2 <i>Gamle og nye kjeldesignaturar.....</i>	356
10.1.3 <i>Gåtefulle og farefulle kjeldesignaturar og heimfestingar.....</i>	356
10.2 KJELDEFØRING	367
10.2.1 <i>Spesifisering av litteraturkjelde</i>	368
10.3 KJELDEFØRING I HAKEPARENTESEN	371
10.3.1 <i>Føring av eldre kjelde.....</i>	371
10.3.2 <i>Serskilde tilhøve ved føring av einskilde eldre kjelder</i>	371
10.3.2.1 <i>NoOrds1810-12</i>	371
10.4 KJELDEFØRING I ARTIKKELKROPPEN.....	372
10.4.1 <i>Rekkjefylgje kjeldetypar.....</i>	372
10.4.2 <i>Manglande kjelde (tomt kjeldefelt)</i>	373
10.4.3 <i>Eldre kjelder til definisjon.....</i>	373

10.4.4 Aviser og tidsskrift	374
10.4.5 Ordbokskjelder, leksikonkjelder til definisjon	375
10.4.6 Litterære kjelder - typar og utval	376
10.4.7 Bibliografidatabasen til NO	377
10.4.8 Nye litterære kjelder	377
10.4.9 Prosedyre for å få inn ny litteratursignatur i bibliografibasen til NO	377
10.4.10 Prosedyre for å fjerna litteratursignatur i bibliografibasen til NO.....	378
10.4.11 NEG og andre tillegg til heimfestinga.....	378
10.4.12 Kjeldefesting av ord som berre finst i eldre kjelder.....	379
10.4.13 Tilfang frå Internett	379
10.4.14 Kjelder i korpuset til Norsk Ordbok	380
10.5 HEIMFESTING AV MÅLFØREBELEGG.....	380
10.5.1 Inga eller alternativ heimfesting.....	381
10.5.1.1 Målføreformer i hakeparentesen	381
10.5.1.1.1 Utbreidde former	381
10.5.1.1.2 Einerådande form – eldre praksis.....	381
10.5.1.2 Alternativ heimfesting av definisjon	381
10.5.1.3 Bruksdøme med same heimfesting som definisjonen	382
10.5.2 Rekkjefylgje av heimfestingar.....	383
10.5.3 Heimfestingshierarki.....	383
10.5.3.1 Del av kommune – eldre praksis.....	384
10.5.3.2 Kommune	384
10.5.3.3 Tvillingkommune	385
10.5.3.4 Del av landskap.....	385
10.5.3.5 Landskap.....	387
10.5.3.6 Del av fylke	390
10.5.3.7 Fylke.....	390
10.5.3.8 Del av landsdel.....	391
10.5.3.9 Landsdel.....	391

10.5.3.10 Region	392
10.5.4 Eldre administrative inndelingar.....	392
10.5.5 "Hol" i heimfestingshierarkiet.....	394
10.5.6 Eitt namn – fleire heimfestingar	394
10.5.7 Samling av kommunenamn til områdenamn	394
10.5.8 Føring av heimfestingar.....	395
10.6 HEIMFESTING OG KJELDER	395
10.6.1 Kjelder frå før 1900.....	395
10.6.2 Nyare målførekjelder.....	395
10.6.3 Målførekjelder som dekkjer større område enn herad.....	397
10.6.3.1 Skuleruds avstyttingar av bygder og område i Telemark.....	401
10.6.3.2 DalMidbr. og DalMidbr.T	404
10.6.3.3 Hatlebrekkes samling frå Finnmark	405
10.6.3.4 Tilvisingar til ordsamling av Eigil Lehmann	406
10.6.4 Målføreopplysningar i andre skriftlege kjelder.....	411
10.6.4.1 Vitskapelege referanseverk med heimfesting	413
10.6.5 M og andre tilleggssignaturar – eldre praksis	414
10.7 AASEN OG ROSS	415
10.7.1 Aasen og Ross i redigeringshandboka	415
10.7.2 Heimfesting og spesifisering hos Aasen og Ross	416
10.7.3 Spørsmålsteikn hos Ross.....	419
10.7.4 Skilnader mellom ordbøkene til Aasen	420
10.7.4.1 Ord og tydingar.....	420
10.7.4.2 Bruksdøme.....	421
10.7.4.3 Heimfestingar	421
11 UNDERLAGSTILFANGET FOR NORSK ORDBOK	424
11.1 KRAV TIL DOKUMENTASJON	424
TILLEGG 1: LOKALE ORDSAMLINGAR OG ANNAN LOKAL MÅLFØRELITTERATUR I HEIMFESTINGSBASEN.....	426
TILLEGG 2: KJELDESIGNATURAR MED HEVA TEIKN.....	437

TILLEGG 3: REDIGERINGSGRUNNLAG FOR NORSK ORDBOK.....	440
TILLEGG 4: NEDKORTINGS- OG KOMPRIMERINGSTIPS	448
TILLEGG 5: ENDRINGAR OG RETTINGAR I BASEN	449
1 ENDRINGAR I DEN FERDIGE ORDBASEN	449
2 TYPAR AV RETTINGAR	449
3 PRAKSIS FOR ENDRING I ARTIKLAR MED STATUS "FERDIG"	449
3.1 "Usynlege" endringar.....	449
3.2 Endringar som gjev synlege skilnader mellom trykt tekst og artikkelbase	450
4 KVA TYPE REALENDRINGAR SKAL GJERAST?.....	450
5 KORT OM PROSEDYRE FOR MELDING AV FEIL.....	450

1 Innleiing

1.1 Føremål og kvalitetsnormer

I denne bolken er det gjort greie for generelle mål for og krav til manuskriptet for Norsk Ordbok.

1.1.1 Føremål

Norsk Ordbok skal gje ei uttømande vitskapleg framstilling av ordtilfanget i dei norske dialektane frå 1600 og til i dag og i det nynorske skriftmålet. Hovudvekta skal liggja på grundige tydingsanalysar med klåre definisjonar, kjeldefeste døme på bruk i litteraturen og i målføra, opplysningar om grammatiske eigenskapar og om dialektformer med heimfesting.

1.1.2 Målgrupper for Norsk Ordbok

Norsk Ordbok vender seg til vaksne menneske med norsk som morsmål, vanleg norsk skolegang, og ei meir enn gjennomsnittleg interesse for norsk språk. Serlege målgrupper er

- Språkforskarar og andre vitskapsfolk, serleg innanfor humaniora
- Lærparar i skulen
- Lekfolk med interesse for språk og dialektar, nynorsk litteratur og språktradisjon

Justeringar i formatet frå band 1–4 til band 5–12 er altså retta inn mot at Norsk Ordbok skal bli meir høveleg som opplysningskjelde og arbeidsreiskap for desse gruppene. Justeringane dreiar seg fyrst og fremst om å lage eit noko meir stringent format og syte for at det blir gjennomført komsekvent.

1.1.3 Kvalitetsnormer

Dei generelle kvalitetsnormene er av to slag:

- dei absolutte (fråvere av feil, klårleik, dokumentasjon, konsistens)
- dei som må avgrensast etter nærmare retningliner eller (òg) skjøn (uttømelegheit mot representativitet i utval av ord og opplysningar, kontinuitet mot brot i redigeringsmåten).

Desse krava skal gjelda:

1. **At opplysningar og språk er korrekte.** Dette er eit absolutt krav. Vi vil ikkje ha feil i ordboka. Sitatkontroll, kollegalesing og korrektur i fleire rundar er delar av rutinar som skal sikra at alt blir rett. Det bør likevel vera eit mål at fyrstegongsredigeringa er så god at dei tidkrevjande rundane med kvalitetssikring kan reduserast.
2. **Representativitet.** Dette gjeld det meir spesielle dialektale ordtilfanget i høve til dei vanlege orda, og det gjeld kva slags krav dette set til ordartikkelen. Det serlege ordtilfanget er éin av grunnvollane til NO, og det må med, etter dei reglane som er spesifiserte i kapittel 2 nedanfor. Materiale som ikkje er lett å finna andre stader, skal vera synleg i NO. Alt tilfang som har forsvarleg kvalitet, skal vurderast for bruk. Ved store ord er kravet til representativitet serleg aktuelt når det gjeld spreining på døme. Det bør ikkje vera fleire enn fem bruksdøme ved kvar tydingsnyanse (helst færre).

3. **Oversiktleig oppføring.** Målet må vera å halda oppsettet i ordboka så einskapleg som råd, men det måtte bli eit brot mellom gamal og ny redigeringsmåte i band 5. I heimfestingsdelen vil vi gjera meir bruk av regionar, og mindre bruk av einskildkommunar.
4. **Definisjonar.** Definisjonane bør vera korte, opplysende og råkande. Talet på synonym bør ikkje vera for stort. Som ei rettesnor kan ein setja grense ved 5. Når ein definerer ei større gruppe synonym, skal det mest kjende ordet ha hovuddefinisjonen og brukast som eittordsdefinisjon i dei andre. Rekkja av synonym skal berre listast opp for sentralordet.
5. **Tydingsrekkjefylgje.** For rekkjefylgja av tydingane er hovudregelen at gamal tyding kjem framfor ny, vanleg framfor uvanleg, konkret framfor abstrakt. I mange høve fell desse prinsippa saman. Der dei ikkje fell saman, må avveginga takast under omsyn til m a materialtilgangen og ei brukarvenleg oppstilling.
6. **Konsistens.** Redigeringsmåten, både når det gjeld reine konvensjonar (som for det meste er innebygde i redigeringsprogrammet) og den faglege behandlinga av materialet, utveljingskriterium o a, skal fylgja dei same prinsippa uavhengig av redaktør.
7. **Korrekt innskriving i databasen.** Informasjon skal leggjast riktig inn i ordboksdatabasen. Det er ikkje godt nok at ordboka er typografisk rett formatert i utskrift. Ho skal også gje fullstendige resultat ved søk. All informasjon må difor vera lagra på rett plass.

1.2 Struktura i den prenta utgåva av NO

Struktura i Norsk Ordbok kan delast i fire nivå:

1. tekststruktur
2. avsnittsstruktur
3. artikkelstruktur
4. artikkelbolkstruktur

Tekststrukturen gjeld utvalet av lemma til ordartiklar og den innbyrdes plasseringa av ordartiklane i teksta (sjå kapittel 2 i denne handboka).

Avsnittsstrukturen gjeld avsnittstypar i Norsk Ordbok og ordninga av dei i teksta (kapittel 3 i handboka) .

Artikkelstrukturen gjeld inndelinga av artikkelen i hovudbolkar for ulike opplysningskategoriar. Det er tre artikkeltypar med ulik struktur:

- normalartiklar (det store fleirtalet av artiklane, kapittel 4 i handboka)
- leddartiklar (fyrsteleddsartiklar (kapittel 6) og etterleddsartiklar (kapittel 7))
- tilvisingsartiklar (kapittel 8)

Artikkelbolkstrukturen gjeld plassering og og prinsipp for presentasjon av informasjonen i dei ulike bolkane og reglane for utfylling av dei ulike felta i redigeringsprogrammet (også dette er behandla i kapittel 4 og dei fylgjande kapitla).

1.3 Tilhøvet mellom ordopplysningane (informasjonskategoriane) og redigeringsprogrammet

Norsk Ordbok blir frå band 5 lagd inn ein database med eit tilknytt redigeringsprogram. Det finst ei eiga rettleiing for bruk av redigeringsprogrammet.

1.3.1 Kva oppnår vi med redigeringsprogrammet?

Føremålet med redigeringskjemaet er å forenkla redigering, utgjeving og framtidig revisjon av Norsk Ordbok ved å

- standardisera artikkelstrukturen
- leggja all fast informasjon (kjelder osfr) i menyar
- knyta mest mogleg informasjon om teiknsetjing, typografi og oppsett til felt i redigeringsprogrammet

Det er difor ikkje mogleg å bruka band 1–4 av Norsk Ordbok som modell i eitt og alt.

1.3.2 Oppbygginga av redigeringsprogrammet

Redigeringsprogrammet er bygd opp rundt normalartikkelen, som er den mest omfangsrrike artikkeltypen. Andre artikkeltypar er reduserte utgåver av normalartikkelen.

Normalartikkelen har

- ein oppslagsdel
- ein formvariantdel (hakeparentesen)
- ein innhaldsdel som er ein trestruktur av tydingsbolkar på tre nivå

Kvar tydingsbolk har:

- ein definisjonsdel
- ein sitatdel

Tydingsbolkar som ligg på nedste nivå i ein gjeven artikkelstruktur, har òg:

- undertydingar
- underoppslag
- samansetningsrekkjer

1.3.3 Element i redigeringsprogrammet i høve til NO

Skjema i databasen svarar til bolkar i Norsk Ordbok. Skjema er organiserte i **tabellar** og **felt**. Kvart skjema, tabell og felt blir nærmare omtala i tilknytning til utval og føring av opplysningar.

Ein del opplysningstypar er knytte til faste **menyar**. Desse menyane er anten genererte frå bibliografidatabasen til Norsk Ordbok eller ligg i eigne menyar som er beinveges knytte til programmet. NO har sjølv ansvar for vedlikehald av innhaldet i bibliografidatabasen og menyar som er direkte tilknytte programmet. Det er sagt meir om dette i tilknytning til omtalen av kvar meny.

Ei prenta ordbok er ei svært komprimert tekst, der mange opplysningar er gjevne i nedkorta eller koda form for å spara plass. Innskrivne data i redigeringsprogrammet er ofte meir fullstendige (det gjeld serleg dei formelle opplysningane i oppslagsdelen). Det som blir skrivi inn, er difor ikkje alltid identisk med det som skal skrivast ut.

Dei innskrivne ordopplysningane blir automatisk formaterte til ynskt utskrift.

1.3.4 Utskriftsnivå i programmet

Programmet har tre utskriftsnivå (sjå òg programretteleinga kap. 8 *Artikkelvising og utskrift*).

Utskriftsvindauga i programmet viser korleis den teiknrekka ein har skrivi inn, blir attgjeven ved utskrift. (I skrivande stund er ikkje artikkelvisinga rett på alle punkt.) Utskriftsvindauga har same utvalet av skrifttypar (halvfeit, kursiv, rett skrift) som bokmanuskriptet har, men ikkje same sats og oppsett som bokmanuskriptet.

Utskrift frå utskriftsvindauga får same utsjånaden, men lineskift og liknande blir sett automatisk.

Korrekturutskrift i pdf-format er i same satsen som bokmanuskriptet. (På sume maskinar kan det stundom vera andre lineskift.)

1.3.5 Norsk Ordbok i elektronisk utgåve og som manuskript

Det er ikkje full identitet mellom prenta NO og elektronisk NO. Den elektroniske ordboka har inga omfangsgrense og kunne i prinsippet hatt artiklar på alle oppslagsord i Metaordboka. Den prenta NO, derimot, må halda seg innanfor tolvbandsgrensa.

Endå om alle artiklar blir dimensjonerte etter måla for prenteutgåva av NO, er det ikkje til å unngå at det blir stroki artiklar og tydingsbolkar i manuskriptet. Desse artiklane treng ikkje bli sletta frå ordboksdatabasen. Det held å ta vekk haken for "Papirutgåve 2014", dvs for at dei skal prentast. Redaktørane slepp såleis å kasta ferdig arbeid.

Artikkelbasen skal likevel ikkje innehalda artiklar av kategoriar vi aldri redigerer i alle fall, slik som stadnamn og kjemiske symbol, og heller ikkje artiklar med kjende feil og manglar og anna "rusk". Minstekravet for å gjera artiklar usynlege er at dei er ferdig fyrstegongsredigerte, med alle kjelder sjekka.

Ein annan skilnad mellom artikkelbase og papirutgåve er at ord i hertil-rekkjer, og nokre av orda i "i sms"-rekkjer, må liggja i artikkelbasen som eigne normalartiklar utan innhald (jfr punkt 4.3.7.3), medan dei berre står fram som ordformer inni andre artiklar i den prenta ordboka.

Skiljet mellom prenta og elektronisk utgåve har m a fylgjer for krysstilvisingar, jfr kapittel 9. Redaktørane må passa på å *ikkje laga tilvisingar* (i definisjonstekst eller "sjå", "jfr" o l) til ord som ikkje er prenta eller skal prentast.

Andre konsekvensar gjeld nettversjonen av Norsk Ordbok. Artikkelbasen frå bokstaven / og utover er søkbar på Internett, og der kan ein berre få treff på artiklar som både er kvalitetskontrollerte, har status "Ferdig" og har hake for prenting. (Redigerte artiklar som ikkje skal prentast, sjå over, blir altså ikkje offentlege utan vidare.)

Samstundes er det eit poeng at det ikkje blir liggjande att artiklar og underoppslag ute i det opne redaktørromet.

Dermed gjeld dei fylgjande reglane for statushandtering (kommenterte lenger nede), sjå programretteiinga om artikkelstatusar generelt (programretteiinga er ikkje oppdatert med desse reglane frå februar 2011):

1. Underoppslag skal ha same status som artikkelen som underoppslaget er tilordna.
2. Samansetningar i hertil-rekkjer (i normalartiklar og fyrsteleddsartiklar) skal ha same status som artikkelen som samansetninga er tilordna.
3. Samansetningar i hertil-rekkjer (i normalartiklar og fyrsteleddsartiklar) skal *ikkje* vera haka av for "Papirutgåve 2014".
4. Samansetningar i "i-sms"-rekkjer som høyrer til alfabetbolkar i ferdige ordboksdelar, men som ikkje er redigerte der, skal *ikkje* vera haka av for "Papirutgåve 2014". (Vél status "Endre redaktør" for samansetninga.)
5. Genererte artiklar som ikkje er redigerte og ikkje er lenkte til andre artiklar, skal slettast.
6. Artiklar som er resultat av koplingar frå tidlegare band, skal ryddast i på vanleg måte (sjå punkt 9.6 om dét!). Dei skal ikkje løynast med berre å ta vekk haken for "Papirutgåve 2014".

Til punkt 1 og 2:

Desse punkta vil seia at ein må la underoppslag og ord i hertil-rekkjer bli med rundt til manuskontrollørar og til korrektur, t d slik at ein gjev dei statusen "Til gruppeleiar" når ein sender bolken til gruppeleiar.

Underoppslag kan jo ta til med kva bokstavar som helst. Dei kan søkjast opp eitt og eitt eller samla for heile alfabetbolken. Ein kan få dei fram samla ved å søkja opp alle artiklar med artikkeltype "Underartikkel" og status "Ny" og avgrensa søket til sine eigne artiklar. Det kan greitt gjerast i det ordinære søkjeskjemaet (standardoppsettet av søkjeskjemaet).

Så snart underartiklane har skift status frå "Ny", kan dei fylgja med dei andre artiklane når ein sender dei rundt i systemet. Ein søker då mellom artiklar med seg sjølv som redaktør utan å søkja trunkert på alfabetbolk (som ein derimot må gjera når ein skal *redigera*, sjå merknad til punkt 6). Slik kan ein senda alle dei aktuelle artiklane sine med status "Rediger" eller "Oppretting" til manuskontrolløren, eller henta inn artiklane sine med status "Retur redaktør". På den måten gløymer ein heller ikkje att eventuelle etterleddsartiklar, som jo tek til med bindestrek.

Til punkt 3:

Merk at pdf-funksjonen i den noverande versjonen av redigeringsprogrammet ser bort frå alle ord i ei hertil-rekkje (dei kjem altså ikkje på prent), òg om dei er haka av for at dei skal prentast. Det vart laga det til slik for at redaktørane skulle sleppa å ta vekk haken, men no skal ein altså ta vekk denne haken. Ein kan anten gjera det i det ein lagar samansetningsrekkja, eller ein kan gå gjennom alle artiklane det gjeld i alfabetbolken, før ein sender bolken frå seg.

Til punkt 4:

I "i sms"-rekkjer kan det stå både redigerte og uredigerte ord. Dersom samansetninga ikkje er redigert, må ein inn i samansetningsartikkelen og ta vekk haken for prenting. Elles hadde ein fått treff på den tome samansetninga i nettversjonen av ordboka (t d i eit trunkert søk), og det er bestemt at berre redigerte artiklar skal få treff, jfr over.

Til punkt 5:

Det gjev nok best oversyn å sletta oppgenererte artiklar som likevel ikkje skal redigerast, etter kvart som ein skrid fram i alfabetbolken under redigeringa.

Men hugs òg at når ein tek eit ord ut av ei samansetningsrekkje, og ordet heller ikkje skal redigerast (eller er redigert), *må ein òg inn i normalartikkelen til ordet og sletta han*, jfr òg punkt 4.3.7.3.

Til punkt 6:

I alfabetstrekket ein skal redigera, finst det gjerne ein del artiklar frå før, oftast med koplingar til seg (anten oppgenererte automatisk i samband med koplingar frå dei eldste banda, eller laga manuelt av kven redaktør som helst). Ein skal sjølv sagt ikkje dublera dei, og det kan ein berre unngå ved å søkja trunkert i heile artikkelbasen, ikkje berre mellom artiklar som står med ein sjølv som redaktør.

1.3.6. TILLEGG: Nettutgåva – laupande oppdateringar etter publisering av band 12 i mars 2016

Norsk Ordbok på nett er sett opp slik at databasen blir oppdatert natt til kvar sundag.

Oppdateringen av Norsk Ordbok på nett skil seg litt ut frå oppdateringssystemet for NOB/BOB ved at den tek den nyaste artikkelvarianten som har status 'ferdig' og bruker den. Oppdateringsrutinen sjekkar om NO2014-papir er sett. Det vil seia at dersom ein artikkel er under arbeid og NO2014-papir er sett, vil artikkelen koma på nettet slik han var sist han hadde status=ferdig. Dette kan eventuelt endrast til avkryssing for publisering på nett i staden for avkryssing for publisering på papir.

1.4 Redaksjonsspråket

Den vedtekne rettskrivinga for Norsk Ordbok er bindande for den redaksjonelle teksta, medrekna bruksdøme som er laga av redaksjonen, og normaliserte målføresitat.

Om ordval og skrivestil sjå punkt 4.3.3.4.6 *Realdefinisjonen: utforming*.

1.4.1 Rettskriving

Redaksjonsmålet i NO fylgjer hovudformene i 1938-rettskrivinga.

Der det var fleire jamstelte hovudformer, er éi vald ut som NO-form og førd i ei spesiell liste (etter vedtak i 1993, som bygde på for lengst etablert praksis), sjå punkt 1.4.1.2.

1.4.1.1 Hovuddraga i 1938-rettskrivinga jamførde med dagens rettskriving

1.4.1.1.1 Hovudformer og sideformer i NO-normalen

Dei aller fleste 1938-formene er framleis tillatne i offisiell rettskriving, men i ein del tilfelle berre som sideformer etter 1959. Som oppslagsform i grunnord fører vi i slike tilfelle 1959-hovudforma jamsides med 1938-forma, men i redaksjonsspråket held vi fast på 1938-formene (sjå likevel punkt 1.4.1.3). Vi bruker ikkje rettskrivinga frå 2012; med "(etter) 1959" er det meint rettskrivinga frå 1959 og fram til 2012.

1.4.1.1.2 Skilnader i bøyingsverket

Dei viktigaste morfologiske draga som ein må vera merksam på, gjeld verbbøyinga:

1. Infinitiv: Vi nyttar *a*-infinitiv. Denne forma både var og er jamstelt hovudform, men i *-e*-infinitiv er vanlegare i bruk i dag, og denne forma er gjennomført i Nynorskordboka. Difor må kvar redaktør passa ekstra nøye på infinitivsforma.
2. Kortform eller langform med *-da*: *blø – bløda* osfr: Oppslagsforma i NO er langforma på *-da*. Redaktørane har høve til å nytta kortform i tekst etter eige skjønn.
3. Preteritum og perfektum partsipp i ein del *e*-verb: *E*-verb på med stomnutgang på *-r* hadde til 1959 *-de* i preteritum og *-d* osfr i perfektum partisipp (*førde – han er førd, styrde – han er styrd*). Denne *d*-en vart skift ut med *-t* i 1959, men i 1986 kom *-d* inn att som jamstelt form (unnateki nøytrumsføring). NO bruker konsekvent *førde – han er førd, styrde – han er styrd* osfr.
4. Supinum i sterke verb: Den tradisjonelle endinga er *-e* (*har funne, lese*), men frå 1938 var *-i* hovudform (*har funni, lesi*). I 1959 vart dei to formene jamstelte. NO nyttar *-i* (*har funni, lesi*). Det same gjeld nøytrum av adjektiv på *-en*, der *-e* og *-i* har vori jamstelte heilt til 2012 (men *-ent* sideform: *ope – opi* [*opent*]). NO 1–4 er ikkje konsekvent i valet mellom *-e* og *-i*; NO 5–12 gjennomfører *-i* (*uvyrdi, ikkje uvyrde* osfr).
5. Vi nyttar *-ut* i adjektivendingar der moderne nynorsk har *-ut* eller *-ete* (*steinut, toskut*). Vi skifter mellom *-ig* og *-ug* etter kva ord det gjeld, og etter bruksgrunnlag.
6. I adverb på *-a(n)*- gjennomfører vi (band 5–12) *-an-* (*innanfor, nordanfor, utanfrå*).

7. Perfektum partisipp maskulinum/femininum av verbet *gå* ('ganga', dvs *l gå* i NO) hadde valfritt *gådd* frå 1981 til 2012, og berre *gått* i 1938, som vi då òg bruker, òg i samansette oppslagsord: *prestegått*.

1.4.1.1.3 Lydverket

1. **e - æ:** mange ord som hadde æ som hovudform frå 1938, fekk e i 1959: *gjeta, kresen, kremmar, sete, seter, skremma, sprek*. Motsett fekk vi *hær* og *sær(leg)* for tidlegare *her* og *ser(leg)*. NO held på dei eldre formene: *gjæta, kræsen, kræmar, sæte, sæter, skræma, spræk, her, ser(leg)* (o a).
2. **y - ø:** I mange ord der 1938 hadde hovudformer med -y-, fekk vi i 1959 -ø-. I NO skriv vi *bylgje, fylgja/-e, fyrst, lygn, nykel, sylv* o a (men ø føre r: *føre, mørk, spørja*).
3. **Diftongar:** NO har *høyra, køyra, røy, røyst, trøyst(a), trøytt* o a (der det i 1959 kom inn jamstelte former med monoftong). Monoftongering blir berre godteki i ord der det slo igjennom for lenge sidan, som i *brød, del, kjøpa*.
4. **Enkel versus dobbel konsonant:** 1959 førde til ein større overgang frå enkel konsonant (serleg m) til dobbel (mm) i læreboknormalen: *dømma, gammal, hammar, rømma, sommar, somme, tømna* osfr mot *døma, gamal, hamar, røma, sumar, sume, tøma* osfr. NO held fast på dei eldre formene, og tilsvarende sjølvstilt i bøygde former som *domen, romet, tome*. Det same gjeld ved andre konsonantar der dobbelkonsonant er jamstelt, som i *ven, løn, kjøken, kjøt, brot, skot*.
5. **jo – y:** Vi skriv y i ord som *lyd, lys, byda, skyta* osfr, og ju i *spjut*.
6. **Einskildord med valfridom etter 1938:** I desse orda nyttar NO den mest tradisjonelle forma: *då, difor, fjøre, jarn, lukke, lukkast, mogen, sigla, skuldig, skuva, tjøre, tjørn, turka, turr, vita*, og substantiva *auga, hjarta, øyra* (med pl -o). I andre tilfelle har NO valt den "moderne" forma, som også var jamstelt frå 1938: *arva/-ing, jul, låsa, måla, nøtt, okse, venstre*. NO skriv *brud* og *fure* i oppslagsformer, men *brur* og *furu* er godtekne i redaksjonsspråket.
7. **Einskildord der hovudforma frå 1938 seinare er blitt sideform eller har fått jamstelt form:** I slike ord held NO på den tradisjonelle forma som var (einaste) hovudform i 1938. Døme er *fumla, hovding, skule, stove, sumla, tunn, tunne, vit, åleine*. Merk at *gjente* var obligatorisk før 1959, og framleis skal nyttast i NO.

1.4.1.2 Liste over redaksjonelle former i NO der 1938-rettskrivinga hadde valfridom

Denne lista vart sett opp av Arnbjørg Hageberg, revidert av Lars S. Vikør og vedteken på redaksjonsmøte i 1993. Lista har seinare vori supplert og lett revidert. I hakeparentes står 1959-forma, og til slutt står den forma som skal brukast i redaksjonsspråket i NO, og som skal vera oppslagsform (med tilvising frå dei andre oppførde formene om dei ikkje er så like oppslagsforma at dei kjem like inntil i alfabetrekkefølga).

Lista inneheld òg nokre former som skal brukast i staden for ei 1938-form som no er ute av bruk eller sjeldan, jfr punkt 1.4.1.3.

ds = det same som i 1938

jf = jamstelt form frå 1959

òg kortform = i redaksjonsmål kan ein velja mellom langform og kortform

heller = forma etter "heller" er føretrekt i NO, men den andre forma er ikkje forboden

Valfrie former 1938 [form etter 1959]	Ordform som skal brukast i NO
aldrig eller aldrug adj [1959 ds]	aldrig
ansa eller ensa v [1959 jf]	ansa
arva eller erva v [1959 jf]	arva
arving eller erving m [1959 jf]	arving
auga eller auge n [1959 ds]	auga – augo
baune eller bønne f [1959 ds]	bønne
be eller beda v [1959 ds]	beda, red.mål òg kortform
begge eller båe pron [1959 ds]	begge/båe valfridom
bjoda eller by v [1959 by(de) [bjode]]	by, red.mål òg byda
bla eller blada v [1959 ds]	blada, red.mål òg kortform
bleig eller bløyg m [1959 blei(g)]	bløyg
blø eller bløda v [1959 ds]	bløda, red.mål òg kortform
bre eller brede m [1959 ds]	bre, bre-
brøte eller bråte m [1959 brøte [bråte]]	brøte
brud eller brur f [1959 ds]	brud, red.mål brud/brur valfridom
bræ eller bræda v [1959 bræ(de) sjå bre(de)]	bræda, red.mål òg kortform
byrn f, byrnad m, byrnskap m eller børn, børnad, børnskap [1959 børnskap]	børn, osfr
chance eller sjanse m [1959 sjanse]	sjanse
charme eller sjarm m [1959 ds]	sjarm
chaussé eller sjåssé m [1959 chaussé]	chaussé
da eller då adv [1959 ds]	då

dagverd eller dugurd m [1959 ds]	dugurd
daud eller dødt adj, daude eller dødt m [1959 ds]	daud – dødt, daude – dødt synonym (sertilfelle)
derfor eller difor adv [1959 ds]	difor
dovning eller dugnad m [1959 som NO]	dugning/dugnad synonym
dra eller draga v [1959 ds]	draga, red.mål òg kortform
drikk eller drykk m [1959 ds]	drikk
enda eller endå adv, konj [1959 ds]	endå
ensa eller ansa v [1959 som NO]	ansa
esla eller etla v [1959 ds]	etla
fasla eller fatla v [1959 ds]	fasla
fesla eller fetla v [1959 ds]	fesla
fjasla eller fjatla v [Nynorskordboka ds]	fjasla (ikkje i Skard)
fjera eller fjøra v [1959 fjøre eller fjære]	fjøra
fjere eller fjøre f [1959 fjøre eller fjære]	fjøre
fjosla eller fjotla v [1959 0]	fjosla (ikkje i Skard)
fjusla eller fjutla v [1959 0]	fjusla (ikkje i Skard)
flòte eller flåte m [1959 ds]	flòte
fly eller flyga v [1959 ds]	flyga, red.mål òg kortform
flø eller fløda v [1959 ds]	fløda, red.mål òg kortform
formiddag eller føremiddag m [1959 ds]	føremiddag
formål eller føremål n [1959 ds]	formål, red.mål heller føre-
fornamn eller førenamn n [1959 ds]	fornamn, red.mål heller føre-
forord eller føreord n [1959 ds]	føreord
forrett eller førerrett m [1959 ds]	I og II førerrett
forspel eller førespel n [1959 ds]	forspel, red.mål heller føre-

fosl eller fotl m, fosle eller fotle f [1959 0]	fotl, fotle (ikkje i Skard)
frama- eller framan- [1959 ds]	oppslag i NO: frama(n) adv, prep, framan-, frama(n)-, red.mål framan(-)
fraudig eller frodig adj [1959 ds]	fraudig og frodig synonym
fure eller furu f [1959 ds]	fure, red.mål òg furu
fyrst el først adj [1959 ds]	fyrst
fø eller føda v [1959 ds]	føda, red.mål òg kortform
gimber eller gimmer f [1959 ds]	gimber
gje eller gjeva v [1959 ds]	gjeva, red.mål òg kortform
gjota eller gyta v [1959 gyte [gjote]]	gyta
gjø eller gjøda v [1959 ds]	gjøda, red.mål òg kortform
gla eller glada v [1959 ds]	glada, red.mål òg kortform
gle eller gleda v [1959 ds]	gleda, red.mål òg kortform
gli eller glida v [1959 ds]	glida, red.mål òg kortform
glø eller gløda v [1959 ds]	gløda, red.mål òg kortform
gni eller gnida v [1959 ds]	gnida, red.mål òg kortform
gnæ eller gnæda v [1959 0]	gnæda, red.mål òg kortform
grø eller grøda v [1959 ds]	grøda, red.mål òg kortform
ha eller hava v [1959 ds]	ha (oppslagsform: hava)
han el honom obl form	han (men honom i normalisering av målføresitat som motsvar til hænnom, o, om og liknande)
herdig eller herdug adj [1959 ds]	herdig
hjarta eller hjarte n [1959 ds]	hjarta - hjarto
hjuring eller hyrding m [1959 ds]	hjuring og hyrding synonym
hortig eller hortug adj [1959 ds]	hortig
hos eller hjå prep [1959 ds]	hjå/hos valfritt
inna eller innan adv, inna- eller innan- [1959	inna(n)(-), red.mål innan(-) (sjå punkt 6 i punkt

inn, innan, inna(n)]	1.4.1.1.3)
jarn eller jern n [1959 ds]	jarn
jol eller jul f [1959 jul [jol]]	jul
jutul eller jøtul m [1959 kvar for seg]	jutul
jyde eller jyte m [1959 jyde]	jyde
kalde eller kulde m [1959 kvar for seg]	to ord, men helst kulde i red.mål
kjerald eller kjørel n [1959 ds]	kjerald
kjøken eller kjøkken n [1959 kjøk(k)en]	kjøken
klipp eller klypp n, klippa eller klyppa v [1959 klipp [klypp], klippa [klyppa]]	klipp, klippa
koppul eller kuppul m [1959 ds]	koppul
krisla eller kritla v [1959 ds]	kritla
kversill eller kverksvull m [1959 ds]	kverksvull
kveste (1938) eller kvesste (1959) som ft av kvessa	kvesste
la eller lada v [1959 ds]	lada, red.mål òg kortform
la eller lata v [1959 ds]	lata, red.mål òg kortform
lad-stad [1959 lade-stad]	lade-stad el lad-stad, red.mål ladestad
lea eller leda v [1959 ds]	leda, red.mål òg lea
ljod eller lyd m, ljoda eller lyda v [1959 ds]	lyd, lyda
ljøs eller lys n, adj [1959 ds]	lys
ljuga eller lyga v [1959 ds]	lyga
longe eller longo adv [1959 ds]	longe
lott eller lut m [1959 ds]	lut
lukkast eller lykkast v, lukke eller lykke f [1959 ds]	lukkast, lukke
læsa eller låsa v [1959 ds]	låsa

lø eller løda v [1959 ds]	løda, red.mål òg kortform
mismod eller mismot n [1959 mismod]	mismod
mod eller mot n [1959 ds]	mod
moda eller mota adj [1959 ds]	moda
moden eller mogen adj [1959 ds]	mogen
modig eller motig adj [1959 ds]	modig
modna eller mogna v [1959 ds]	mogna
mylnar eller møllar m [1959 ds]	møllar
mylne eller mølle f [1959 ds]	mølle
myndig eller myndug adj [1959 myndig]	myndig
mæla eller måla v [1959 ds]	måla
mælar eller målar m (zool) [1959 ds]	målar
namsmann eller nåmsmann m [1959 namsmann]	namsmann
neda eller nedan adv, neda- eller nedan- [1959 ned, nedan, neda(n)]	NO nedan(-)
neia eller nigja v [1959 neie]	neia
neia eller njoda v [1959 kvar for seg]	to ulike ord (som òg i norrønt) (har med hestekosaum å gjera)
nordre eller nørdre adj [1959 ds]	nordre
nòt eller nøtt f [1959 nøtt [nòt]]	nøtt
nysta eller nyste n [1959 nyste [nøste]]	nysta – nysto
nærare – nærast eller nærmare – nærmast adv [1959 ds]	nærmare – nærmast
okse eller ukse m [1959 ds]	okse
oksyd n (eineform) [1959 berre oksid]	oksid (jfr punkt 1.4.1.3)
ova eller ovan adv, ova- eller ovan- [1959 ds]	ova(n)(-), red.mål ovan(-)
pløgsel eller pløgsle f [1959 ds]	pløgsle

pusla, putla v, ? to ord?	
påpassig eller påpassug adj [1959 påpassig]	påpassig
rang eller vrang adj [1959 ds]	to ulike ord
raun eller rogn m [1959 rogn [raun]]	rogn
ri eller rida v [1959 ds]	rida, red.mål òg kortform
rjome eller rømme m [1959 rømme [rjome]]	rømme
rudning eller rydning [1959 ds]	rydning
rydja eller rø v [1959 rydje el rydde, jf rø]	rydda
rydig [1959 ryddig el ryddug]	ryddig
rø eller røda v [1959 røde]	røda, red.mål òg kortform
rå eller råda v [1959 ds]	råda, red.mål òg kortform
saucisse eller såsiss m [1959 ds]	såsiss
segla eller sigla v [1959 ds]	sigla
signa v 'siga saman' (eineform) [1959 berre segna]	segna (jfr punkt 1.4.1.3)
sene eller sen f [1959 ds]	sene
sjanse eller chance m [1959 sjanse]	sjanse
sjarm eller charme m [1959 ds]	sjarm
sjoda eller sy v [1959 sjode eller syde]	sjoda, red.mål syda
sjåssé eller chaussé m [1959 chaussé]	chaussé
ska eller skada v [1959 ds]	skada, helst òg i red.mål
skir eller skjær adj [1959 ds]	skir (men skjærtorsdag)
skjota eller skyta v [1959 skyte [skjote]]	skyta
skrasl eller skratl n [1959 ds]	skrasl
skrua eller skruva v, skrue eller skruve m [1959 ds]	skruva, skruve
skuldig eller skyldig adj [1959 ds]	skuldig (skyldig i ser-tyd 'pliktig')

skusla eller skutla v [1959 ds]	skusla
skut eller skott m [1959 ds]	skut
skuva eller skyva v [1959 ds]	skuva, sms skuve-
slagar (1938) el slager m (1959)	slager (jfr punkt 1.4.1.3)
slepte (1938) el sleppte (1959) som ft av sleppa	sleppte
slær eller slår presens av slå, v [1959 slår [slær]	slår
smi eller smia v [1959 smi eller smide]	smia, red.mål òg kortform
snø eller snøa v [1959 ds]	snøa, red.mål òg kortform
spa eller spada v [1959 ds]	spada, red.mål òg kortform
stoll eller stull m [1959 ds]	stull
stri eller strida v [1959 ds]	strida, red.mål òg kortform
stri eller strid adj [1959 strid [stri]]	strid
stua eller stuva v [1959 ds]	stuva (men stuing om matretten)
sturt eller styrt m, sturta eller styrta v [1959 ds]	sturt, sturta
styrd eller støl adj [1959 støl eller stør [styrd]]	støl
styrkjevev eller styrkevev m [1959 ds]	styrkevev
støl adj sjå styrd	
stødig eller stødug adj [1959 ds]	stødig
sudleg eller sørleg adj [1959 sørleg]	sørleg
sule eller søyle f [1959 kvar for seg]	søyle
susl eller sutl n, susla eller sutla v [1959 ds]	susl, susla
sva eller svada v [1959 ds]	svada, red.mål òg kortform
svi eller svida v [1959 ds] (sjå merkn ndf)	svida, red.mål òg kortform
svoll og (sic) svull m [1959 kvar for seg]	svull

sylgje eller sølgje f [1959 sølje [sylgje]]	sylgje
sylv eller sølv n [1959 sølv [sylv]]	sylv
ta eller taka v [1959 ds]	taka, red.mål òg kortform
tautologi eller tautologi m [1959 tautologi]	tautologi
teiebær eller tågebær n [1959 ds]	tågebær
tête m (eineform) [1959 berre tet]	tet (jfr punkt 1.4.1.3)
tevton(ar), tevtonisk [1959 berre teuton-]	teuton(ar), teutonisk
tidt eller titt adv [1959 ds]	tidt
tjau eller tjug n [1959 tjug]	tjug
tjere eller tjøre f, tjerut eller tjørut adj [1959 tjære el tjøre]	tjøre, tjørut
tjern n eller tjørn f [1959 ds]	tjørn
tofla eller tøfla v [1959 ds]	tøfla
tølig og (sic) tolug adj [1959 ds]	tolug
tomt eller (sic) tuft f [1959 kvar for seg]	to ulike ord
trafikera [1959 trafikera]	trafikera
træ eller træda v [1959 ds]	træda, red.mål òg kortform
trø eller trøde n [1959 ds]	trøde, red.mål òg kortform
tunne eller tynne f [1959 tynne el tønne [tunne]]	tunne
turka eller tørka v [1959 tørke [turke]]	turka
turr eller tørr adj [1959 tørr [turr]]	turr
tyre n eller tyri m [1959 kvar for seg, tyre m, n, tyri m, n]	tyri
urådig og urådug adj [1959 0]	urådig
usturteleg eller ustyrteleg adj [1959 ds]	ulike ord, bruk helst ustyrteleg (jfr sturta)
uta eller utan adv, uta- eller utan- [1959 utan, uta(n)-]	utan(-)

uveta eller uvita v, uveting eller uviting m [1959 ds]	uvita, uviting
(uvitug [uvettug] adj,) [1959 uvitig el uvitug el uvettig el uvettug]	uvitug
vanmod eller vanmot n [1959 ds]	vanmod
varig og varug adj [1959 varig]	varig
varn eller vern n [1959 kvar for seg]	kvar for seg, bruk helst vern
varna eller verna v [1959 kvar for seg]	kvar for seg, bruk helst verna
venstre eller vinstre adj [1959 venstre [vinstre]]	venstre
verd eller verde n [1959 ds]	synonym (verde-, -verde i mange sms)
veta eller vita v [1959 ds]	vita
vi [me] pron	vi
vida eller vide adv [1959 ds]	vide
vri eller vrida v [1959 ds]	vrida, red.mål òg kortform
øyra eller øyre n [1959 ds]	øyra – øyro
åre el år f	åre f (blod-åre)

Samansetningar og avleiingar som går ut frå verbet *svida*, skal på regelrett måte ha med d-en (*svidebrenning*, *sviden*). Skard har her *svie*-.

1.4.1.3 Unntak frå å fylgja 1938-rettskrivinga

På nokre fåe punkt fylgjer NO 1959-rettskrivinga og seinare endringar.

- Vi skriv *trafikkera*, *plassera* osfr, ikkje *trafikera*, *plasera*, som det heitte før 1959.
- For importord som har fått norvagisert skrivemåte som eineform etter 1938, bruker vi den norvagiserte skrivemåten (*kupp*, *kvark*). Der det er valfridom, bør det nyttast skjøn (*tape* el *teip*).
- Vi bruker fortid *kvesste* og *sleppte* der 1938-normalen hadde regelrett *kveste* og *slepte*. (Merk at fortid av *lessa* er *leste*, både før og etter 1959, og at verbet *slepa* har a-bøying i 1938-normalen og såleis i redaksjonsspråket.)
- Det hender at ei eineform frå 1938 ikkje er i bruk og knapt er belagd, medan ei seinare form er vanleg. Då kan hovudredaktøren avgjera at den seinare forma skal brukast som

oppslagsform og i redaksjonelt mål. I slike tilfelle skal rettinga først inn i lista under punkt 1.4.1.2, og oppslagsforma i Metaordboka skal endrast slik at det er samsvar mellom NO og MO.

- Sjå neste punkt for geografiske namn.

1.4.1.4 Form på historiske og geografiske namn

Norsk Ordbok skriv historiske (irekna bibelhistoriske) og geografiske namn slik dei står oppførde i Språkrådets lister.

Sjå:

http://www.sprakrad.no/nb-no/Sprakhjelp/Rettskrivning_Ordboeker/Historiske_navn/

og

http://www.sprakrad.no/nb-no/Sprakhjelp/Rettskrivning_Ordboeker/Geografiske_namn/

Det fører m a til at vi skriv landsnamna Sverige, Finland og Kina slik (før 1959: Sverige, Finnland, China).

Merk at geografiske namn her òg omfattar innbyggjarnamn, slik at det t d skal heita berre *ungarar* og *urugayanar* og ikkje *ungar* og *urugayan*, trass i at dei sistnemnde formene var eineformer i 1938 og tillatne frå 1959 til 2012. Dette gjeld òg for oppslagsformer i NO; dei eldre formene blir nemnde som avvikande skriftformer.

1.4.1.5 Genus

1.4.1.5.1 Substantiv

Ein del substantiv har meir enn eitt genus, eller ordet har skift genus i rettskrivinga.

- I redaksjonsspråket bruker vi 1938-genuset der det er eintydig, same kva utvikling i 1959 og seinare.
- Der det er valfridom i 1938, bruker vi det genuset som har vorti ståande etter 1959 i redaksjonsspråket.
- For ord der valfridommen frå 1938 står uendra i dag, er det avgjort genus i redaksjonsspråket for nokre ord, i denne lista:

m–f

andakt m

kalosje f

klasse f

krise f

lampe f

lov f

tale (irekna *uttale* osfr) m

m–n

minutt n

narr m

sekund n (tids- og vinkeleining, ikkje musikkutrykk)

f–n

eiend f

gardin f

krus n

laft n

nyre f

spenne f

syn n

1.4.1.5.2 Samsvarsbøying

Adjektiv og partisipp står i (1938-forma av) maskulinum/femininum i oppslagsord og i definisjonar som går ut frå eit adjektivisk oppslagsord.

Døme:

gretten adj ... 2 overf, (om vêr) grå, uggen, sur (Andebu): *det er gretti vêr i dag*

mout (ó) adj [...] full av solrøyk ...

raksen adj (om arbeid til fots) mødesam (Meland)

Adjektiv og partisipp står likevel i *nøytrum* i tekst som viser til *bruken av eit oppslagsord*, altså i metaspråkleg samanheng.

Døme:

fysj interj brukt for å syna avsky, mothug, forakt; fy, æsj (ofte oppatteki el i faste samb)

II **lata** el **la** v ... **a** fylgt av prep

1.4.1.6 Verbbøying

Ein del verb har meir enn éin konjugasjon. Det gjeld oftast a- og e-bøying, men òg andre typar veksling, serleg mellom sterk og svak bøying.

- I redaksjonsspråket bruker vi 1938-bøyinga der det er eintydig, same kva utvikling i 1959 og seinare.
- Der det er valfridom i 1938, bruker vi den bøyinga som har vorti ståande etter 1959 i redaksjonsspråket.
- For ord der valfridommen frå 1938 står uendra i dag (eller der ordet ikkje står i Skards ordliste, men har valfridom no), er det avgjort bøying i redaksjonsspråket etter denne lista (fortid er her markert med suffiks eller fullskrivning etter reglane i punkt 4.1.4.1.2):

aka ok	festa feste
ala ol	fletta -a
avhenda -a	forskylda forskyldde
beita -te	fretta frette
betala -te	føna -a
bresta breste	gifta gifte
bretta -a	gisa -te
bruka -te	gjelda -a
brydda brydde	gjerda -a
bysta byste	gleipa -te
dala -te	gletta glette
deisa -te	glima -a
dreisa -te	gneisa -a
drøfta -a	gnisa -te
dysta dyste	grua -dde
egna -a	gyfta -a
egsa -a	gyrda gyrde
elta -a	gyta -te
femna -de	hefta -a

hegla -a	pista -a
heisa -te	pøsa -te
hemna -de	refsa -a
herda -a	regna -a
hevja -a	retta rette ('rekkja fram (handa)')
hiva heiv	rista riste
hogga hogg	rosa -te
håla -te	rusa -te
håna -te	ruva -de
kika -a	sameina -te
knisa -te	sigla -de
knoda -a	skaka -a
koka -te	skapa -te
kraula -a	skifta skifte
kruka -te	skjefta skjefte
kula -te	skjerda -a
kuta -a	skjerpa -te
luka -te	skjøna -a
lura -de	sletta -a
lysta -a	slipa -te
lyta -te	smeisa -te
melta -a	smelta -a
mylda -a	smetta smette
måpa -te	snerta -a
nesta -a	sno(a) -a ('blåsa kaldt')
pala -te	snøa -dde
peisa -te	spara -de

spretta -a	tala -a
spruta -a	tapa -te
sprøyta -a	tina -te
sterta -a	trala -a
stira -de	tretta -a
strekka strekte	tryggja -a
strena -a	trøysta -a
stupa -te	tynna -a
stytta stytte	tyrsta -a
sveiva -a	tøla -a
svelta svelte	tøysa -a
syfta -a	vara -de
syra -de	veita -a
sælda -a	velta velte

1.4.2 Andre grafiske problem

1.4.2.1 Tal

Vi skriv tal til og med 12 med bokstavar og alt over det med talteikn. Mindre tal kan skrivast med talteikn når dei står til måleiningar eller i rekkje saman med høgare tal.

Hundreår skal skrivast slik:

1600-talet (ikkje *sekstenhundretalet* eller *16-hundretalet*)

1400–1500-talet (ikkje *fjorten–femtenhundretalet* eller *14–15-hundretalet*)

1.4.2.2 Aksentar

Generelt kan vi bruka aksent der offisiell nynorsk rettskriving har det, i redaksjonell tekst (men ikkje i oppslagsord av nordisk eller germansk opphav, sjå punkt 4.1.2.4). På dette punktet tek vi utgangspunkt i Nynorskordboka heller enn Skard.

I sume ord skal det brukast aksent: trykksterk *éin* og *éi*, og adverbet *òg*. I andre samanhengar tilrår vi det (og det er hovudpraksis i NO band 1–4): *lèt* – *lét*, *vêr*, *fôr*, *ròte* o l.

I oppslagsord har ikkje slike germanske ord aksent. Då kjem ikkje aksenten med når ein koplar til eit slikt ord i definisjonen. Til vanleg får ordet då stå slik utan aksent (ikkje overskriv koplinga eller la

vera å kopla). I sume tilfelle høver det å bruka fleire ord i definisjonsteksta, slik at ein ikkje treng å kopla.

Vi bruker ikkje aksent (til å syna lengd eller trykk) i latinske eller greske glosar. Det kan t d gjelda artsnamn (*Norsk landbruksordbok* har ofte aksent her) eller oppføringar i etymologidelen av hakeparentesen. I etymologien bruker vi heller ikkje møne i lågtyske ord.

1.4.2.3 Spesialteikn

NO har alle tillatne spesialteikn samla i ein tabell i applikasjonen. Desse teikna kan alle genererast opp i Lexicon-fonten som NO brukar. Dei spesialteikna som er teikna for NO (tonemteikn; tjukk *l*; palatal *d, l, n, t; o* med kvist), finst berre i kursiv, ettersom dei berre skal nyttast i siterte ordformer.

Dersom det er naudsynt eller ynskjeleg med andre spesialteikn, må dei leggjast inn i teikntabellen og fonten (som m a vil seia at vi må kjøpa ei teneste frå fontmakarane i Nederland).

For teiknet *æ* (*o* og *e* plasserte inntil kvarandre som ein ligatur, ikkje det same som "æ") bruker vi *ø* med aksent *aigu* (dvs *ø*) i norrøne ord. (**Døme:** *næra* 'nøra' i 4. utgåva og tidlegare av *Norrøn ordbok* blir *nøra* i NO, som òg i *Nynorskordboka* og 5. utgåva av *Norrøn ordbok*.) Franske ord med teiknet er det uråd å få med. Teiknet *æ* i Norvegia-alfabetet blir elles bytt ut med *ö* i målføreattgjevinga i NO, sjå transkripsjonstabellen for vokalar i punkt 4.2.6.11.2.

Merk at nokre av teikna har fått galen utsjånad i teikntabellen i redigeringsprogrammet (iallfall på dei fleste maskinane), t d slik at palatal *t* står som kolon. Held ein musemarkøren over knappen i teikntabellen, ser ein namnet på teiknet, og teiknet kjem i alle høve ut rett når ein klikkar på rett knapp.

Det er mogleg å skriva inn spesialteikna i staden for å velja dei frå teikntabellen. Då skriv ein NO-entiteten (kolonne 2 nedanfor). Det gjeld òg teikn som står utan kode i kolonne 2, som *ò* og *ö*, som ein kan laga på tastaturet utan å bruka kode. Dei fylgjande teikna finst ikkje på tastaturet og må dermed veljast frå teikntabellen same kva: stungen *d*, thorn, *c* med cedille, gradteikn og heva 3-tal.

Merk at feil avskrift av entitetkode (t d at ein gløymer kolonet til slutt eller skriv "%)" i staden for "&"), fører til at ein ikkje får generert pdf-fil. (I slutfasen av arbeidet med eit band kan utskrifta av heile bandet bli forseinka.) Kontroller difor alltid at du får opp utskrift av artikkelen, dersom du vel å skriva inn entitetkodar sjølv. Vel frå teikntabellen om du ikkje lit på deg sjølv.

Bruksområde for ulike spesialteikn:

- **heva tal:** i kjeldesignaturar (skal då alltid bli brukt automatisk gjennom menyval i kjeldefelta), sjeldan i sitat (*CO²-utslepp, 3000 km² osfr*)
- **bokstavar med aksent:** mest i siterte ordformer (i hakeparentesen), men kan også førekoma i definisjonar og sitat; nokre fåe oppslagsord har aksent som del av ei rettskriven form (t d **allé, gründer**)
- **stungen d, thorn, o med kvist:** i siterte ordformer frå norrønt eller islandsk; stungen d kan også førekoma i folkevisesitat

- **tonemteikn:** i uttalefeltet (i hakeparentesen) og i sume tilfelle målføreformer

1 Ynskt teikn	2 NO-entitet (nedst til venstre i teikntabellen)	3 NO-namn (nedste line til høgre under teikntabellen)	4 Utsjånad (så langt Times New Roman rekk)	5 UNICODE
...	…	horisontal ellipsis	...	2026
0 heva	⁰	0 superscript	⁰	
1 heva	¹	1 superscript	¹	
2 heva	²	2 superscript	²	
3 heva	³	3 superscript	³	
4 heva	⁴	4 superscript	⁴	
5 heva	⁵	5 superscript	⁵	
6 heva	⁶	6 superscript	⁶	
7 heva	⁷	7 superscript	⁷	
8 heva	⁸	8 superscript	⁸	
9 heva	⁹	9 superscript	⁹	
á	á	a acute	á	00E1
à	à	a grave	à	00E0
â	â	a circumflex	â	00E2
ã	ã	a tilde	ã	00E3
ç	ç	c cedilla	ç	00E7
é	é	e acute	é	00E9
è	è	e grave	è	00E8
ê	ê	e circumflex	ê	00EA
ë	ë	e diaeresis	ë	00EB
stungen d	ð	eth	ð	00F0

stungen D	Ð	Eth	Ð	00D0
gradteikn	°	Gradteikn	°	02DA
i	ı	i acute	ı	00ED
ì	ì	i grave	ì	00EC
î	î	i circumflex	î	00EE
ó	ó	o acute	ó	00F3
ò	ò	o grave	ò	00F2
ô	ô	o circumflex	ô	00F4
o med kvist	&oogonek;	o ogonek		01EB
O med kvist	&Oogonek;	O ogonek		01EA
palatal d	&dpalat;	d palatal		0064 + 0321
palatal l	&lpatat;	l palatal		006C + 0321
palatal n	&npalat;	n palatal		006E + 0321
palatal t	&tpalat;	t palatal		0074 + 0321
tankestrek, kort	&endash;	kort tankestrek	–	2013
thorn	þ	thorn	þ	00DE
Thorn	Þ	Thorn	Þ	00FE
tjukk l	&lstrek;	i strek	ł	0142
tonem 1	&tonem1;	brukt i Norsk Ordbok for å markera tonem	´	02B9
tonem 2	&tonem2;	brukt i Norsk Ordbok for å markera tonem	`	(ev 02B9 speilvendt – ikkje funni)
ú	ú	u acute	ú	00FA
ù	ù	u grave	ù	00F9
û	û	u circumflex	û	00FB

ý	ý	y acute	ý	00FD
ÿ	&ygrave;	y grave	ÿ	0079 + 0300
ü	ü	u diaeresis	ü	00FC
ä	ä	a diaeresis	ä	00E4
æ med møne	æcirc;	æ circumflex		00E6 + 0302
ö	ö	o diaeresis	ö	00F6
ø med møne	øcirc;	ø circumflex		00F8 + 0302
ø (lang ø)	øacute;	ø acute	ø	00F8 + 0301

1.4.2.4 Avstyttingar

1.4.2.4.1 NO-avstyttingar med mellomrom som entitetar

Avstyttingane nedanfor må markerast som såkalla entitetar, noggrant som i høgre kolonnen. Redaktørane må tasta inn entitetsmarkeringa sjølve. Merk at entitetane har understrek som markering for mellomrom!

Grunnen til formatet er at det ikkje skal bli lineskift i avstyttingane. I og med at lineskift kan koma på ulike plassar i nettutgåva, må alle førekomstane av avstyttingane ha entitetsmarkering, ikkje berre dei som elles hadde vorti delte av lineskift i den prenta utgåva.

NO-avstytting med mellomrom Som entitet

d e	&d_e;
e l	&e_l;
m a	&m_a;
m m	&m_m;
m oms t	&m_oms_t;
o a	&o_a;
o l	&o_l;
p g a	&p_g_a;

s d	&s_d;
sm o s	&sm_o_s;
sm st	&sm_st;
svar. t	&svar._t;
t d	&t_d;
t skiln (NB: "frå" går utanom)	&t_skiln;
y st	&y_st;
&	&

Dette er ei slutta liste med avstyttingar (og teikn); ein kan ikkje fritt bruka entitetsformatet på kva ordsamband som helst. For at ikkje *måleiningar o l* skal bli skilde frå måлтаlet i utskrift (t d at "10 cm" skal stå på éi line), bør ein bruka måltaggen på slike samband, som finst til val i redigeringsprogrammet, sjå programretteiinga punkt 7.2 *Taggar*.

1.4.2.4.2 Bruk av avstyttingar

Redaktørane skal halda seg til avstyttingane i *Brukarretteiing* frå 1994 i redaksjonelt mål.

Unntak:

- Avstyttingane "ssp." (for underart) og "var." (for varietet) kjem i tillegg, sjå punkt 5.2.2. I tillegg er "austnord.", "austsv" og "russeno" (utan bindestrekar og difor eigne avstyttingar) tekne inn i språkmenyen i etymologidelen.
- Avstyttinga "t" skal ikkje kunna brukast sjølvstendig (trass i at ho står i lista). Det vil seia at ho berre kan brukast som ein del av andre avstyttingar på lista, som "t d". Såleis kan det ikkje heita "med overg t" (men "med overg til").
- Avstyttinga "d s" ('det same') skal ikkje lenger skrivast, t d som sitatforklaring. Merk at når ei form i etymologien står utan tyding, vil det i seg sjølv seia at tydinga er den same som for oppslagsordet i NO, slik at "d s" ikkje er naudsynt der.
- Bruksmarkeringa "lbr" skal ikkje brukast (punkt 4.3.3.3.8).

Eit par avstyttingar som ikkje finst i avstytingslista, viser seg å vera lette å ty til eller laga seg: "mogl" for "mogleg" og "indir" for "indirekte" (objekt). Men desse orda må altså alltid skrivast fullt ut.

Definisjonsteksta skal vera så normalspråkleg og lettskjønleg som mogleg, og avstyttingane skal difor ikkje brukast i laupande definisjonstekst (som definert nedanfor). Desse avstyttingane kan likevel brukast (mange av dei er entitetar, sjå førre underpunktet):

el

el l

m a

o a

o l

osfr

p g a*

serl

t d

* Ein skal ikkje fullskriva "på grunn av". Derimot kan ein gjerne passa på at "p g a" ikkje blir brukt der det finst ein betre (og vakrare) uttrykksmåte, t d (det kan finnast andre alternativ) "for" (**døme:** *sengeliggjande for vond rygg*; jfr IX for A9a), "av" (**døme:** *sjuk av lengt*; jfr III av A4), "etter" (**døme:** *holøygd etter rakitt*; jfr II etter A8) eller "av di" + setning.

Med "laupande definisjonstekst" meiner ein sakdefinisjonar, realdefinisjonar (jfr punkt 4.3.3.4.4), "vanleg" definisjonstekst som beskriv fenomena som definisjonen gjeld.

Det står her i motsetning til *metaspråkleg* og *ordboksinternt* stoff, slik som funksjonsutgreiingar ("for å uttrykkja" o l), grammatiske innleiingar, tilvisingar (til andre artklar og tydingar) og avgrensing mot andre tydingar ("t skiln frå" o l), der NO-avstyttingar òg utanom dei nemnde ni er tillatne (brukte med godt skjøn).

Døme (på korleis det kan gjerast):

røys-katt m ... **1** zool, lite rovdyr i mårfamilien; *Mustela eminea*

(Her kan det ikkje stå "mår-fam".)

IV **seg** pron ... **B** ... **1** (serl som indirekte obj, jfr tyd A6) som logisk subj for ein inf som kjem etter

(Teksta er ei funksjonsutgreiing, med grammatisk innleiing og tydingstilvising.)

Avstyttingar av to ord (som "el l") kan ikkje brukast når det siste ordet står adjektivisk til eit ledd som kjem etter, og avstyttinga slik ikkje utgjer ein frase.

Døme på at orda ikkje utgjer eit samband:

skred (el liknande fare) som kjem ovanfrå

(om gryter og andre kjerald)

reiskap til å slå med i tennis, badminton og liknande ballspel

Døme på at ein kan forkorta:

(òg om jord, snø ol)

tilpassa duk, stykke av ty el kunstfiber fest til farkost (med mast oa) for å fanga opp vind i ein eigna vinkel og dermed driva farkosten fram

Når ei avstyting blir sett saman med eit anna ord eller ei anna avstyting (og heilskapen sjølv ikkje står i avstytingslista), skal det vera bindestrek imellom. **Døme:** spørje-setn, adv-uttr.

Dei einskilde delane av avstytingssambanda som står i lista, kan ikkje brukast som sjølvstendige avstytingar om dei ikkje sjølve står i lista. **Døme:** "m" i tydinga "med" kan berre stå i (dei relativt lite brukte) "m m" og "m oms t". "m" åleine tyder berre "maskulinum" (frå ordklassemenyen).

Ein skal fylgja punktum- og mellomromsbruken slik han er i dei einskilde avstytingane i lista.

Døme: "trul." med punktum og "mots" utan. Det er uråd å gje ålmenne reglar for når det skal vera punktum eller ikkje punktum; dette kan nok verka tilfeldig, men vi vel å gje same avstyting same skrivemåten gjennom ordboksverket.

1.4.2.5 Teiknsetjing og kursiv

I dette underkapitlet blir det gjort samla greie for mykje av bruken av serleg kursiv, hermeteikn, parentes og binde- og tankestrek, dels på tvers av disposisjonen i handboka elles. Mange av fenomenene ein kjem inn på, er òg omtala i andre punkt (sumstad meir utførleg), som då blir viste til nedanfor.

Merk serskilt at **skråstrek** ikkje skal brukast i redaksjonell tekst i hakeparentesen eller artikkelkroppen. Har ein bruk for "og/eller", må ein finna ein annan måte å ordleggja seg på, t d "el (òg)", altså "[x eller y] eller [x eller også y]". I brøkar bruker ein likevel skråstrek: "1/1000". I brøkar bruker ein vanlege tal og skråstrek òg i sitat der kjelda bruker vassrett strek mellom små tal.

1.4.2.5.1 Utskiljing av tekst (kursiv, hermeteikn m m)

Programmet har fleire felt for å skilja ut ord (og uttale- og skriftformer) automatisk med **kursiv**, t d feltet for målføreformer i hakeparentesen. På same måten kan ein laga kursiv tekst i andre felt med ordformknappen (sjå programretteleinga punkt 7.2 *Taggar*) for å visa metaspråkleg til ord. Dei to fyrste døma under er frå definisjonsfeltet, medan det tredje dømet er frå spesifiseringsfeltet i språkdelen av etymologien.

Døme:

seia *kva*; spørja

òg med adv *til*

norr. *klaki* 'frosen jordskorpe'

(Jfr "ordet *kva*", "det norrøne ordet *klaki*".)

Dette gjeld òg når ein viser til symbol for grunnstoff (punkt 5.2.3) og måleiningar:

Døme:

kjem., sylvkvitt metallisk grunnstoff brukt m a i stållegeringar og til forkromming (symbol *Cr*)

eining for lengdemål, 1000 meter (symbol *km*)

Kursivering blir i tråd med vanlege konvensjonar òg brukt i vitskaplege namn for arter, familiar o l, som òg skal ha stor forbokstav i det fyrste ordet (punkt 5.2.2).

Døme:

zool, (art av) flyttfugl i songarfamilien; *Phylloscopus borealis* (FuglF 161)

med., venerisk sjukdom som blir overført med bakterien *Chlamydia trachomatis* og kan valda sterilitet

Når ein viser til antonym i parentes i definisjonsteksta, kan ein visa til både ord og tydingar av ord med tekst kursivert med ordformknappen (punkt 4.3.3.4.6).

Døme:

kamé m ... utskoren smykkestein med figurar i opphøgd bilete (t skiln frå *intaglio*)

kagge-setja v ... setja garn slik at dei heng høgt i sjøen (mots *botnsetja* 1)

Elles blir **enkle hermeteikn** brukte rundt tydingar, dvs reint semantiske einingar:

Døme:

IV **kvar** adv ... brukt i tidsuttrykk med tyd 'når som helst'

II **kjøle** f ... jfr isl *kæla* 'kjøld, frost'

Det er berre eitt par hermeteikn i tilfelle som i det siste dømet, med **komma** mellom kvart uttrykk.

Enkle hermeteikn blir òg brukte i normaliserte bruksdøme for å markera at eit uttrykk ikkje er normalisert (punkt 4.3.6.7).

Døme (med ei dativform av *nakke* markert):

sauen kjerrar 'nakkam'

Doble hermeteikn blir brukte rundt uttrykk som er kursiverte (eller feite eller sperra) i kjelda for sitatet (punkt 4.3.6.9.8).

Døme:

ferskvasspolyppar er ein orden ... innan klassa "Hydrozoa" (NoAllk)

"fs" lyder "ps" i sume ord (HardOp. 9)

I kjelda for det siste dømet står det *"Fs lyder ps i sume ord"*.

Unntaket er emfatiske framhevingar i kjelda ("*ifrå* dei kom han aldri"), som ikkje får ekstra markering og altså berre står som kursiv tekst heilt likt med resten av sitatet.

Doble hermeteikn kan ein sjeldan gong òg vera aktuelt i eit redaksjonelt døme der ein gjev att eit språkleg uttrykk.

Døme:

"gråbein" er godnamn for "ulv"

No og då (kanskje serleg i omtale av leikar) kan det òg vera bruk for **doble hermeteikn** i definisjonar (eller anna tekst i rett skrift), då òg med ein funksjon liknande uttrykket "(den) såkalla".

Døme:

katt m ... leik i ymse variantar der ein "katt" freistar fanga "musa" som blir hjelpt av dei andre deltakarane

kolumba-messe f ... minnedag for den heilage Columba, "Skottlands apostel"

Hermeteikn (i tekst i rett skrift) skal altså ikkje brukast på same måten som kursiv.

Hermeteikn som står i kjelda (same kva for funksjon), blir sjølvstøtt attgjevne i autentiske, unormaliserte sitat som dei står, på same måten som anna sitert tekst.

Døme:

var det rikeleg med sild, hadde vi på "klovning" (DMNdm 1978,43)

"bryllaup!" skreik Liina. "Kva for bryllaup? ..." (Farbr.TN 98)

Dersom ein her berre skal gje att den siste frasen, blir det utan hermeteikna: *kva for bryllaup?*

Skal ein gje att doble hermeteikn i form av vinklar i (replikkar i) kjelda (*«bryllaup!» skreik Liina*), bruker ein dei vanlege doble apostrofane.

Innleiingsord til definisjonar som "òg" og "serl" står **i parentes med kolon etter teksta** (punkt 4.3.3.4).

Døme:

(òg:) lokale for slik underhaldning

(serl:) lyftestein

Etter slike parentesar står det realdefinisjonar og synonym (jfr punkt 4.3.3.4). Innleiingsorda er ikkje ein del av desse definisjonane og synonyma (dei er heller redaksjonelle innskot som fortel korleis definisjonane står i høve til kvarandre), og difor vil ein skilja dei ut frå dei. Dersom innleiingsordet i staden er ein del av ei ekstensjonspresisering eller funksjonsutgreiing eller anna metatekst, skil ein det ikkje ut med parentes og kolon.

Døme:

øg om dyr og plantar

øg med adv *atter*

I slike tilfelle finst det ingen grunn til å skilja ut innleiingsorda, som høyrer saman med det som kjem etter, på line med t d "om" og "med".

1.4.2.5.2 Innskot i døme

I innskotsparentesar kan parentesteikna (bogane) og tekstene i parentesane vera kursive eller rette etter reglar som fylgjer her.

I metaspråkleg attgjeving av ordformer (ofte målføreformar) blir **kursive parentesar** brukte til å markera valfrie tekst. Både bokstavane og parentesteikna står i kursiv.

Døme:

målf øg *kråg(g)å* (Gbr, Rollag, ASTrl, Stjør, Innh)

jfr lty og da. *list(e)*

I det fyrste dømet, frå målføredelen av hakeparentesen, kjem *kråg(g)å* automatisk i kursiv, og ein lèt det altså stå slik. I det andre dømet, frå etymologidelen, er kursiveringa laga med ordformknappen, og her er altså heile *list(e)* kursivert.

Parentesteikna i ordformer er eit unntak frå eit prinsipp om at alle redaksjonelle innskot står i rett skrift, sjå vidare.

I normaliserte bruksdøme bruker ein **rett skrift** for parentesteikn og andre element som ikkje er ein del av dømeteksta (ofte avstyttinga "el") (punkt 4.3.6.8). Det er aktuelt når dømeteksta i parentes er alternativ, som i det fyrste dømet under, eller valfrie, som i det andre dømet.

Døme:

det kan koma ut på eitt (el *på eitt ut*)

kryla seg (i *hop*) skyta rygg (Voss R, Nhl R)

I desse døma står alle fire parentesteikna og "el" i **rett skrift** (laga med sitatinnskotsknappen), medan dømeteksta inni parentesane står i **kursiv**. ("skyta rygg" er skrivi inn i forklaringstekstfeltet og kjem automatisk i rett skrift.)

I unormaliserte bruksdøme står redaksjonelle innskot, sitatinnskot, i **rett skrift** (punkt 4.3.6.9.2 og 4.3.6.9.3). Det gjeld både bokstavane og parentesteikna.

Døme:

(handlinga) *blir avbroten av innskotne refleksjonar* (DT 2000)

gikta (var) ... så *inderleg illverkande og innmarisk* (TuVL 193)

så knaut ho (kongsdottera) gullkjedet sitt i håret hans (NoEvTrl 69)

Normaliserte målføresitat kan ein til ein viss grad tilmåta, slik at det ikkje er like stor bruk for sitatinnskot der som i unormaliserte døme. Men det hender ein må ha med eit vanskeleg uttrykk som ein treng å forklara, eller eit uttrykk som blir meir tydeleg med kontekst:

Døme:

sura (syregraset) *har trena nedantil, men ho er kløkk oppe* (Valle)

ein av leggjarane (taktekkjarane) *sa noko til sendarane* (av bjørkenever) (Valle)

Parentesar som er brukte i ei litteraturkjelde og attgjevne i unormaliserte sitat, er ikkje redaksjonell tekst og står i **kursiv** (både bokstavar og teikn) på akkurat same måten som anna sitert tekst.

Døme:

vindstyrke på over 100 knop (omlag 180 km/t) (Strilen 1983)

1.4.2.5.3 Bindestrek og tankestrek

I utgangspunktet bruker vi den same fordelinga mellom bindestrek og tankestrek som i vanlege skrivereglar (sjå t d Finn-Erik Vinje: *Skrivereglar*). Det vil seia at det skal vera **tankestrek** og ikkje bindestrek i døma under. (Tankestrek blir laga med teiknkartet, programretteinga punkt 7.3 *Teiknkartet*.)

Døme:

det var ikkje så gali gjort, det – av ein klabb (Gjerstad)

heilag krig – jihad – mot vestmaktene (NorskT 1957)

50–150 cm høg plante i skjermplantefamilien

(Merk at det, i tråd med vanlege skrivereglar, ikkje er mellomrom på kvar side av streken i det siste dømet.)

Unntak med **bindestrek**:

- mellom tydingsnummer
- i opplysningar om kjelder (mellom sidetal, årsskriftårgangar osfr)

Døme:

mest i sg i tyd 1-4

TidsSnmHist 1933-34,15

1.4.2.5.4 Krysstilvising

I implisitte tilvisingar (med grøne kryss i artikkeltreet) kjem heile tilvisingsteksta ut i **rett skrift**, og homograf- og tydingsnummer står i **parentes** etter ordet (sjå punkt 9.4.2.1).

Døme:

gjerde laga som hes (II,1)

skogholt, hole (II,2)

I eksplisitte tilvisingar (med raude kryss i treet) kjem heile tilvisingsteksta ut i **kursiv**, homografnummer står fremst, og tydingsnummer står **ikkje i parentes** (punkt 9.3 og 9.4.2.2).

Døme:

mest til *I klapp*, *II klapp* og *I klappa 3*

jfr *klåtra 2*

Om teksta indikerer eksplisitt tilvising medan ordet er limt inn på definisjonsplass i staden for i feltet "Tilvisingstekst" (sjå programretteleinga punkt 13.4.1 *Definisjon*), blir det **galen utsjånad**.

Døme:

gali: til natt (II); såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass)

rett: til *II natt*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass)

Ein annan feil – parentesbogar som ikkje skal vera der – skjer om ein koplar til tydingsbolk i etymologibolken (i strid med punkt 9.3).

Døme:

gali: til *II inn (A6)*

rett: til *II inn* (alternativt at tilvisinga blir sett i ein tydingsbolk)

Feil og tvilsame føringar kan òg lett oppstå om ein tastar inn tydingsnummer etter ei kopling. I det fyrste tilfellet manglar kursiveringa av nummera. I det andre tilfellet har ein kopla til *knott* og tasta inn "(i tyd 1-2)" etter – det ser ikkje vakkert ut at homografnummeret og spesifiseringa hamnar i kvar sine parentesar. (Sjå elles punkt 9.4.2.4.)

Døme:

jfr *kladd 1-2*

lik som ein *knott (I)* (i tyd 1-2)

1.4.2.5.5 Oppsummerande tabell: kursiv

Sjå punkt 1.4.2.5.1, 1.4.2.5.2 og 1.4.2.5.4 over for forklaring og detaljar.

A. For å visa metaspråkleg til ord og uttrykk:

- seia *kva*; spørja
- òg med adv *til*

- norr. *klaki* 'frosen jordskorpe'
- kjem., sylvkvitt metallisk grunnstoff brukt m a i stållegeringar og til forkromming (symbol *Cr*)
- eining for lengdemål, 1000 meter (symbol *km*)
- utskoren smykkestein med figurar i opphøgd bilete (t skiln frå *intaglio*)
- målf òg *klång* (Vestl, Oppdal) [med automatisk kursivering av programmet]

B. I vitenskaplege artsnamn, slektsnamn osfr:

- zool, (art av) flyttfugl i songarfamilien; *Phylloscopus borealis* (FuglF 161)
- med., venerisk sjukdom som blir overført med bakterien *Chlamydia trachomatis* og kan valda sterilitet

C. I eksplisitte krysstilvisingar ("raudkoplingar"), med automatisk kursivering av programmet:

- til *Il natt*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass)
- jfr *klåtra 2*

D. Innskot i døme (av ulike slag) får kursiv og rett skrift slik:

1. Alt i kursiv

- målf òg *kråg(g)å* (Gbr, Rollag, ASTrl, Stjør, Innh) [ordform]
- jfr lty og da. *list(e)* [ordform]
- *vindstyrke på over 100 knop (omlag 180 km/t)* (Strilen 1983) [ikkje redaksjonelt innskot; parentesen står slik i litteraturkjelda]

2. Parentesteikn o l i rett skrift, dømetekst i kursiv

- *heilt* (el *skvær*) *idiot* [alternativ tekst]
- *klinkande klår(t)* [valfri tekst]
- *seia klårt frå* (om *noko*) [valfri tekst]
- *kva (for) slag?* [valfri tekst]

3. Alt i rett skrift

- (handlinga) *blir avbroten av innskotne refleksjonar* (DT 2000) [teksttilpassing]
- *gikta* (var) ... så *inderleg illverkande og innmarisk* (TuVL 193) [teksttilpassing]
- *så knaut ho* (kongsdottera) *gullkjedet sitt i håret hans* (NoEvTrl 69) [ordforklaring]

- *sura* (syregraset) *har trena nedantil, men ho er kløkk oppe* (Valle) [ordforklaring]

1.4.2.5.6 Oppsummerande tabell: hermeteikn

Sjå punkt 1.4.2.5.1 over for forklaring og detaljar.

A. Enkle hermeteikn

1. Rundt tydingar (einingar med berre innhald, ikkje uttrykk):

- brukt i tidsuttrykk med tyd 'når som helst'
- jfr isl *kæla* 'kjøld, frost'

2. I normaliserte bruksdøme for å markera at eit uttrykk ikkje er normalisert:

- *sauen kjerrar 'nakkam'*

B. Doble hermeteikn

1. I bruksdøme, svarande til kursiv i tekst i rett skrift:

- *av objektformene er "han" vel så vanleg som "honom"* (BeitoNGr 230)
- *ferskvasspolyppar er ein orden ... innan klassa "Hydrozoa"* (NoAllk)
- *"gråbein" er godnamn for "ulv"*

Ei *emfatisk* framheving i kjelda ("*ifrå* dei kom han aldri") blir ikkje markert i sitatet.

2. I definisjonar, i tydingar som "(den) såkalla x":

- **katt** m ... leik i ymse variantar der ein "katt" freistar fanga "musa" som blir hjelpt av dei andre deltakarane
- **kolumba-messe** f ... minnedag for den heilage Columba, "Skottlands apostel"

2 Tekststruktur

Med "tekststruktur" meiner vi oppbygginga av NO som prenta tekst.

Det aller meste av det grafiske uttrykket i tekststruktureringa er bygd inn i redigeringsprogrammet. Redaktøren si oppgåve er å syta for at sjølve strukturen blir lagra rett i databasen via programmet.

Avsnittet om tekststruktur omfattar:

- lemmautval (punkt 2.1)
- lemmarekkjefylgje (punkt 2.2) i den prenta utgåva av NO
- behandling av homografar

2.1 Lemmutval – generelt

Eit lemma er eit oppslagsord – ein tittel eller ei overskrift for ein ordartikkel.

Lemmutval er altså utveljing av oppslagsord som skal behandlast i Norsk Ordbok. Av praktiske grunnar skifter vi på å kalla det lemmutval og ordutval.

Utgangspunktet for ordutvalet i NO er dei nynorske ordsamlingane. Idealet er at alle opplysningar i NO skal kunna sporast til desse samlingane via Metaordboka.

Talet på metaordboksbelegg frå ordsamlingar aukar etter kvart som dei nyare ordsamlingane blir lagde til i Metaordboka (talet på lemma kjem truleg til å auka langt mindre enn omfanget av belegg).

Ordutvalet blir i utgangspunktet gjort i to fasar, her kalla **automatisk** og **manuell**.

2.1.1 Automatisk lemmutveljing

Den fyrste fasen i ordutveljinga for ein alfabetbolk blir gjort i samband med at redaktøren genererer opp mange ordartiklar i eitt sveip frå Metaordboka (MO), sjå programretteiinga punkt 5.1.3 *Lage mange artiklar* og 5.1.4 *Administrative prosedyrar*.* Automatikken kjem inn på den måten at alle orda som blir genererte, automatisk får ei merking av typen "bør redigerast" eller "bør ikkje redigerast" – etter kriterium som vi greier ut om nedanfor. (Grovproporsjoneringa av ordboka, sjå punkt 2.1.3, har alt teki omsyn til denne sorteringa av metaordboksartiklane.) Redaktøren tek stilling til desse tilrådingane, men det skal alltid gode grunnar til å fråvika dei, og fyrst og fremst dokumentasjon som syner at den opphavlege vurderinga var urett.

MO har no rundt 600 000 artiklar. Den prenta utgåva av NO kjem truleg til å ha om lag 300 000 ordartiklar (om lag 25 000 pr band). Av desse vil det vera 4000–5000 større artiklar i kvart band.

* I programretteiinga (frå 2007) står det at ein skal forhalda seg til summen av rammetala for artiklane merkte "Bør redigerast". Med den ordninga vi etter kvart har fått for dei tildelte alfabetbolkanane, er det rimelegare å forhalde seg til rammetalet i lista over alfabetbolkar, sjå punkt 2.1.3.

2.1.2 Manuell lemmautveljing

Redaktørane får tildelt ordtilfang i grovproporsjonerte alfabetbolkar (målt i punkt og omrekna til om lag-sidetall for prenta manuskript) og må finproporsjonera ordutvalet per bolc utifrå dette, jfr neste punkt.

I omtalen nedanfor er det gjevi døme på lemmautval ("skal med"/"skal ikkje med") ut frå den statusen ordet har i norsk ordtilfang ut frå kjeldene vi har no. Det kan sjølvstykke skje mindre justeringar i dømeutvalet før ordboka er fullført, men retningslinene kjem til å stå uendra.

2.1.3 Lemmautval og proporsjonering av NO 5–12

Vi reknar ut omfang i NO etter denne malen:

- 1 band = 800 sider
- 1 side = (i gjennomsnitt) 5700 punkt (teikn + mellomrom)

Artikkelomfanget blir vekta ut frå talet på metaordboksbelegg, slik at t d 2–9 belegg gjev flest punkt per belegg og 1000 og fleire belegg langt færre punkt per belegg. Dei lengste artiklane skal altså vera etter måten stutte, sett i høve til beleggmenngda. Vidare er det rekna ut kor mange punkt det i snitt går på kvar line i satsen.

NO rår ut frå dette til artikkelstorleik. Dette er ein del av styringssystemet for redigeringa av NO 2014 og er dermed bygd inn i redigeringsprogrammet, der den stipulerte storleiken for dei einskilde artiklane er oppgjeven i linetal (sjå programretteiinga punkt 2.3 *Dimensjonering*).

Redaktøren kan finjustera innanfor kvar bolc (overskrida sume ord og knappa inn andre stader). Merk at det stipulerte linetalet for dei einskilde ordartiklane berre er meint som uformell hjelp for redaktøren, og at det er alfabetbolkanene (sjå nedanfor) som er knytte til den eigenlege dimensjoneringa. I røynda må sume artiklar bli stuttare enn stipulert for at andre artiklar skal få ei forsvarleg behandling (m a er det uråd å få alle artiklar som er normerte til éi line, inn på éi line). Ein kan dermed ikkje tenkja på kvar artikkel isolert, slik at ein tek med ekstra stoff i ein artikkel for di det etter normtalet ser ut som ein har god plass i dén.

To ting ein må merka seg om rammetalet for einskildartiklar:

- Når du har homografar av same ordklassa (og genus), står kvart oppslagsord med det samla normtalet, t d slik at verba *I rima* og *II rima* begge får ramma 32, som eigenleg gjeld for dei to til saman. Her må ein då tenkja seg dette talet fordelt på dei to oppslaga.
- Når ein artikkel får nye belegg i Metaordboka etter at dimensjoneringa av bolken er gjord (t d at ein legg inn fleire setlar medan ein redigerer artikkelen), kan rammetalet veksa (for di funksjonen er kopla opp mot Metaordboka). Det vil likevel ikkje seia at ein får meir plass til rådvelde, for dimensjoneringa av alfabetbolkanene er alt gjord, og sidetalet i den prenta ordboka ligg fast.

Kvart band under redigering blir delt opp i alfabetbolkar, og i oversynet over alfabetbolkanene (eit eige dokument med snarveg i hjelpedokumentmappa på fellesområdet) er det oppgjevi kor mange sider kvar bolc er normert til. Talet er oppgjevi med éin desimal, og det går 126 liner på kvar side. Når ein

har laga ei pdf-fil av ein artikkelbolk, kan ein telja kor mange liner det er på sistesida og dela med 126; då får ein desimalsifferet. **Døme:** Ein viss bolk er på 4 sider og 38 liner. $38 \text{ liner} : 126 \text{ liner} = 0,3$, dvs 0,3 sider. Bolken er til saman på 4,3 sider.

Ein skal respektera dimensjoneringstalet og nøye prøva å halda seg til storleiken, men storleiken er tilrådd, og siste avgjerda ligg i redaksjonen. Vi må likevel innretta oss etter at kvart band er på 800 sider, og at alt skal ha plass i 12 band. Serleg etter kvart som ein har gått over til stuttare dimensjonerte bolkar (berre på ein handfull sider mot 20-siderbolkar for band 6 og 7), kan det vera naudsynt å overskrida einskilde bolkar, men då mot underskriding i andre.

Dette vil også seia at ein *ikkje kan fylla på med ekstra stoff* for di det ser ut som ein har spesielt god plass i ein bolk; det ein sparar, vil vera verdfullt for ein annan bolk. Men ei underskriding kan òg tyda på at det *ikkje er nok moment i materialet som er komne med*; ein skal altså òg passa på at redigeringa ikkje blir for snau. I det heile teki skal det vera faglege grunnar til å ta med eller utelata artiklar og artikkelinnhald, sjølv om normtalet òg skal vera ei obligatorisk hjelp i redigering og manuskontroll.

Redaktøren må fylgja med på bolklengda og vita kor lang bolken har vorti før gruppeleiar/kollegalesar og hovudredaktør får han. Ei overskriding er eit signal om at bolken kanskje bør bli stuttare, og han må då gåast etter med sikte på forsvarlege kutt. Når ein bolk går frå redaktør til gruppeleiar/kollegalesar eller hovudredaktør, skal redaktøren melda frå (helst skriftleg) kor lang bolken skal vera etter dimensjoneringa, og kor lang han faktisk er. Det er éi av oppgåvene til gruppeleiararen å sjå til at dimensjoneringa er teki omsyn til på ein forsvarleg måte for både plassen og kvaliteten.

2.1.4 Kriterium for maskinell tilråding om lemmautval frå MO til NO

Denne seksjonen tek for seg kriteria for den førebelse utsilinga av ord som alt er utført maskinelt når redaktørane får tildelt alfabetbolk, altså før finproporsjoneringa tek til. Redaktøren kjem i kontakt med denne sorteringa når han eller ho genererer opp mange artiklar om gongen og ser merkingane orda har, sjå punkt 2.1.1 over.

2.1.4.1 Obligatorisk inkludering

Oppslagsord (MO-artiklar) frå desse kjeldene skal i utgangspunktet med:

1. Grunnmanuskriptet
2. Skard: Nynorsk ordbok (Sk⁵)
3. Nynorskordboka (NOB)

For Grunnmanuskriptet er det atterhald for sume av orda frå Christie og Schjøtt, sjå punkt 2.1.4.2.2.

For NOB er det visse atterhald for sume nye framandord og for sume samansetningar og avleiingar som kan ha vori tekne med i NOB berre for å syna samansetnings- eller avleiingsmønster (jfr kriteria under punkt 2.1.5). Vidare kan ikkje NOB vera einaste grunnlaget for ein artikkel (i det samla materialet, irekna korpuset). Om redaktøren veit eller finn ut at ordet likevel er i vanleg bruk, slik at materialet vårt har eit hol, bør ein likevel redigera ordet og supplera NO-materialet (Metaordboka) med dokumentasjon.

Målføreopplysningar skal òg vera med, men ein kan ein sjå bort frå (uvisse) einskildopplysningar i éi kjelde om ord eller former som ikkje får stadfesting eller støtte nokon annan stad i materialet (og som ikkje inngår i eit mønster som sannsynleggjer dei). Det gjeld i serleg grad om belegget er vanskeleg å skjønna og tolka eller manglar ein skikkeleg definisjon eller forklaring på omgrepet oppslaget skal gjelda. Også samansetningar frå målføra med eitt belegg, gjerne frå spesielle språksituasjonar, bør prioriterast ned, jfr Tillegg 4. Her kan det serskilt nemnast sekundære bruksmåtar av ord (t d innbyggjarnemningar) i skjemtande (eller mobbande) samanhengar, slik som *mysekagge* om hemsedøl (høyrte i eit radioprogram i 1981) eller *myseprimværing* om ranværing (notert i ei ordliste frå Hemnes). Skal slikt med, bør det vera dokumentert at ordet har ein viss ålmenn bruksstatus (belegg frå fleire plassar eller inngang i skriftspråket). Eit minstekrav er at vi har belegg på ordet i setningar der ordet i seg sjølv ikkje står i sentrum.

Alle desse ordartiklane blir merkte "Bør redigerast" i oppgenereringa av ein alfabetbolc. (Programmet ser likevel ut til, ved ein feil, å leggja merkinga "Utan kjelder" på målføreord med éi heimfesting.) Det same gjeld andre artiklar som ikkje blir råka av merkinga for fråråding under neste punkt. Ordartiklar med kjelde frå arkivet til Det norske litterære ordboksverk (NLO) skal òg i regelen vera med i NO, men det skal vera høve til skjøn, jfr kriteria under punkt 2.1.5 nedanfor.

2.1.4.2 Automatisk merking for fråråding

I samband med oppgenereringa av ordartiklar frå Metaordboka blir visse MO-artiklar merkte for ekskludering av di kjeldegrunnlaget er for veikte (jfr kapittelet om underlagstilfanget for NO).

Automatisk merking for fråråding gjeld oppslagsord i Metaordboka frå to slag kjelder (sjå vidare nedanfor), nemleg

- kjelder for "ordboksord" (ordbøker og ordlister)
- kjelder for tilfeldige (mest skjønnlitterære) spontanlagingar

2.1.4.2.1 Statusendring for frårådde MO-artiklar

Det er mogleg å endra status for frårådde MO-artiklar ved å leggja til nytt tilfang. Samlingane er ujamne, og slumpetreff kan føra til at i og for seg velkjende eller viktige ord (t d grunnord for avleiingar og samansetningar), blir frårådde ut frå filtera ovanfor.

Ein kan leggja til nytt tilfang og dermed endra status for eit frårådd ord dersom redaktøren meiner at det er grunnlag for det, men det endrar ikkje på volumgrensa for bolken. Tek ein inn nye oppslagsord med ordartikkel, må det difor sparast inn ein annan stad i bolken.

2.1.4.2.2 Ordboksord

Det skal ikkje skrivast ordartiklar på grunnlag av MO-artiklar når belegga einast kjem frå éi eller fleire av dei fylgjande kjeldene:

C Christie, W. F. K.: Norsk Dialect-Lexicon (men sjå merknad nedanfor!).

A.1849 Laanordbok 1 (ms).

A.1857	Laanordbok 2 (ms).
A.1881	Aasen, Ivar: Dansk-norsk ordsamling (ms).
Eifr.Narko	Eifring, Halvor: Høy eller stein? Narkotika,slang i Norge. 1985.
L.Esk.NR	Eskeland, Lars: Norsk rettskrivingsordbok. 3. utg. 1924.
S.Esk.FO	Eskeland, Severin: Framandordbok. 1919.
FayeD1840	Faye, Andreas: Dansk-Norsk Ordbog (frå 1840-åra). 1958.
Gled.Slang	Gleditsch, Ulf: Det får'n si. Norsk slangordbok. 1952.
HovdaNF	Hovda, Per: Norske fiskeméd. 1961.
He.Fo	Heggstad, Leiv: Fornorskingsordbok. 1924.
JenstadNSO	Jenstad, Tor Erik: Nye skjellsordordboka. 1999.
KUN	Knudsen, Knud: Unorsk og norsk. 1881.
LangloGI	Langlo, Kr. oms. Midsem, A: Glossar zum deutschen Lesebuch für die Mittelschule. 1931.
Møll.Kall	Møllerup, Jens Meidell: Samling av kalleord. (Ms.)
NOB	Nynorskordboka (sjå punkt 2.1.4.1).
Ra.E	Raknes, Ola: Engelsk-norsk ordbok. 1927.
Ra.F	Raknes, Ola: Fransk-norsk ordbok. 1939-1942.
RioTrøan	Rio, A. oms. Trøan, E.: Tyske ord og ordlag til bruk i gymnaset. 1923.
RTT nr 1-	Ordbøker utgjevne av Rådet for teknisk terminologi. Nr 1-. 1968-.
S.D	Schjøtt, Steinar: Dansk-norsk ordbog (1908. 2. identiske utg. 1926) Sjå merknader nedanfor.
S.N	Schjøtt, Steinar: Norsk Ordbok. 1914.
SkotteGI	Skotte, Hans oms. Carl Knap: Glossar til engelsk lesebok for middelskolen. 1931.
SletteNoEng	Slette, Theodore: Norsk-engelsk ordbok. 1977.
TrytiSlang	Tryti, Tone: Norsk slang. 1985.
VigOrdl	Ole Vigs fornorskingsordliste i Den norske Folkeskole. 1855-56.
Vo.Ty	Voss, Fr.: Tysk-norsk ordbok. 1933.

Som lista viser, er dette

- tospråklege ordbøker med norsk som målspråk (stor risiko for nylagingar ved redaktøren)
- rettskrivingsordlister (utan tydingsopplysning)
- slangord- og skjellsordbøker (stor fare for kortliva ordtilfang)
- terminologiordbøker (svært spesialisert ordtilfang)
- Christie: Regelen gjeld langt frå ålment her – ein må vurdere om ordet kan koma frå målføra eller vera laga. Merk serleg fast samansette infinitiv (typen *gjennomflagra v*), som kan vera konstruerte ut frå den tidas forståing av grammatikk og ikkje skal med utan at ein har andre belegg.
- Schjøtt's Norsk Ordbok, sjå merknader nedanfor
- Hovdas Norske fiskeméd, jamvel om det ikkje er akkurat ei ordbok

For oppslagsord som også har belegg frå andre kjelder, kan ein ta omsyn også til dette tilfanget, men det må brukast med varsemd. Til dømes kan ein oppgje S.N eller S.D når kjelda har det eldste belegget eller er forklarande, utdjupande eller har det beste dømet eller eit fast uttrykk.

Skal ein visa til bøkene til Schjøtt, gjeld det elles at ein skal velja S.N (og ikkje S.D) når ordet står i begge to. Merk at S.N er langt frå fullekserpert, slik at ein må slå opp i S.N kvar gong ein vil bruka S.D og ikkje har setel frå S.N. Vidare skal bøkene til Schjøtt ikkje nemnast når Aasen eller Ross har ordet (eller uttrykket).

Normalt bør ein heller ikkje byggja ein tydingsbolk på tilfang som berre kjem frå kjeldene i lista. Det kan gjerast unntak.

2.1.4.2.3 Hapax

Eit **hapax** er i NO-samanheng ein MO-artikkel med berre eitt belegg i Dei nynorske ordsamlingane. Sjå òg kapittelet om underlagsmateriale.

Hapax som er (a) samansetningar (med andre ord som inneheld leddelingsmerke i MO),

og som (b) kjem frå litterære kjelder, blir merkte med "bør ikkje redigerast".

Dersom redaktøren meiner at eit slikt ord fortener artikkel, kan han endra status for ordet ved å leggja til tilfang frå ei eller fleire betre kjelder som elektronisk setel i Setelarkivet, eller leggja til korpustilfang.

Det blir dermed rom for at kvar redaktør kan utøva redaksjonelt skjøn i ordutvalet, i fall genereringa skulle slå urimeleg ut. I tilfelle slike omvurderingar bør ein leggja inn ein merknad om det i merknadsfeltet på dimensjoneringskortet i programmet.

2.1.4.2.4 Hapax frå litterære kjelder

Det skal ikkje skrivast ordartiklar på grunnlag av MO-artiklar med eitt belegg når belegget kjem frå ei skjønnlitterær kjelde. Oppslag frå slike MO-artiklar er difor frårådde.

Filtrering byggjer på sjangermerking av kjeldelista til NO. Dikt i bunden form, skodespel (i bunden form eller (òg) prosa) og skjønnlitteratur i prosaform (frå prosalyrikk til romanar m m) er merkte som Slitt. Dette gjeld både originallitteratur og omsett (eller attdikta) skjønnlitteratur. Dersom ei slik kjelde er éi av fleire, skal ho nyttast med vanleg skjønn. Dei fleste hapax av denne typen vil vera samansetningar, jfr punkt 2.1.5.2.

Sume av dei omsette kjeldene har sers mange spontanlagingar, til dels for å stetta krav til rim og rytme. For oppslagsord som har andre belegg, kan ein ta omsyn også til dette tilfanget, men det må brukast med varsemd.

Omsette, skjønnlitterære kjelder med tekst i bunden form er (per 2003):

AlmeSh	Alme, Edv. oms. Ein flokk Shakespeare-sonnettor. 1918.
Arct.Faust	Arctander, A. M. oms. Goethe: Faust. Fyrste og andre bolken. (Tala viser til versline.) 1911-21.
Arct.WL	Arctander, A. M. oms. Schiller: Wallensteins læger. 1. bolken. 1916.
DaleR	Dale, Johs. A. oms. Rolandskvedet. 1934.
Egg.J	Eggen, Erik oms. Shakespeare: Jonsokdraumen. 1912.
Egg.KR	Eggen, Erik oms. Shakespeare: Kong Rikard den tridje. 1919.
Egg.Steinn.C	Eggen, Erik og Steinnes Asgaut oms. Catullus: Dikt i utval. 1921.
FlifletKal	Fliflet, Albert Lange oms. Kalevala. 1967.
FloGS	Flo, Rasmus J. oms. Gamle skaldar og kvad. 1902.
Ga.Od	Garborg, Arne oms. Homer: Odyssevskvædet. 1919. (1. oppl. 1918.)
Ga.Rama	Garborg, Arne oms. Rama-kvædet. 1922.
H.H.HolmJ	Holm, Hans Henrik: Jonsoknatt. 1965.
HylenMF	Hylen, Hans oms. Millom frendar. Islendsk lyrikk. 1944.
KiranWSS	Kiran, Hartvig oms. Laurents/Sondheim: West Side Story. 1965.
Mort.E	Mortensson, Ivar: Edda.
Mort.UE	Mortensson, Ivar oms. Utvalde Edda-kvæde. 1912.
Å.-M.NesseBJM	Nesse, Åse-Marie oms. Pablo Neruda: Balladen om Joaquin Murieta. 1972.
Niels.AP	Nielsen, J. E. oms. Akillevs og Patrokles. Sekstande Bolk av Ilioskvædet. 1907.

Nyg.DRB	Nygaard, Olav oms. Dikt av Robert Burns. 1923.
H.Rytt.Beow	Rytter Henrik oms. Beowulf og Striden um Finnsborg. 1929.
H.Rytt.Sh	Rytter Henrik oms. Shakespeare: Skodespel. I-X. 1922-32.
O.Rytt.R	Rytter Olav oms. Rigveda. Fem og femti hymnor i utval. 1932.
Sk.VT	Skard, Matias oms. Schiller: Vilhelm Tell. 1872.
Sk.WT	Skard, Matias oms. Schiller: Wilhelm Tell. 1917.
S.SkardFD	Skard, Sigmund oms. Franske dikt. 1967.
Vandv.II	Vandvik, Eirik oms. Homer: Iliaden. 1951.

2.1.5 Kriterium for manuelt ordutval frå MO til NO

Etter at ein redaktør er tildelt ein alfabetbolk med sidetal, må bolken finproporsjonerast manuelt og meir etter kriterium som byggjer på skjøn. Ein slik arbeidsmåte føreset ei vurdering av grunnlagsmaterialet for redigeringa (sjå òg kapittelet om underlagstilfang).

Som nemnt ovanfor skal ordartiklar som har artiklar i Grunnmanuskriptet eller Skard: *Nynorsk ordbok* i underlagstilfanget, takast med i NO. I hovudsak gjeld dette også artiklar i NOB (sjå nærmare i punkt 2.1.4.1).

Nokre generelle retningslinjer for bruken av skjøn er sette opp nedanfor, etter vekt, med det viktigaste fyrst.

Er ordet:

1. frå sentrale kjelder?
2. godt kjeldefest?
3. frekvent i den perioden ordboka dekkjer?
4. stabilt over tid (i form, tyding og bruk)?
5. i ålmenn bruk (ikkje berre i sjargong eller serspråk)
6. har ordet ei ortografisk form som viser tilpassing til norsk? (Gjeld ord med framandt opphav.)

Positive svar tel positivt – men gjev ikkje den ”endelege domen”. Såleis tek vi med både nye ord og tydingar som har feste seg i språket (jfr dei andre kriteria), og ord og bruksmåtar frå klassisk nynorsk som er sjeldsynte i dag, trass i negativt svar på spørsmål 3 og 4.

NO er tilfangsstyrd, og dekninga i tilfanget er difor hovudkriteriet for kva som kjem med. Men dei nynorske ordsamlingane er også små og framfor alt ujamne, med mange lakunar, serleg frå nyare ordtilfang. Det er difor vesentleg å ha blick for utfylling av tilfanget under redigeringa.

Ord vi ikkje finn noko materiale på, skal ikkje redigerast. I definisjonar i den elektroniske utgåva av band 1 og 2 kan det finnast synonym utan materiale som er kopla framover i artikkelbasen (**døme: tilbakegjeving** under **attgjeving**). Sjå punkt 9.6.1 for korleis ein skal handtera slike ord.

Behandlinga nedanfor tek dels utgangspunkt i ordstruktur (grunnord og samansetningar, punkt 2.1.5.1 og 2.1.5.2), dels i kva emneområde orda er henta frå eller kva opphav dei har (serordtilfang, 2.1.5.3). Det vil då seia at det som gjeld ordstruktur også kjem inn som tilleggskriterium under drøftinga av serordtilfanget.

2.1.5.1 Grunnord

I NO er grunnord ord som korkje er avleiingar eller samansetningar, men som kan liggja til grunn for slike. *Grunn* og *ord* er grunnord, som kan liggja til grunn for samansetningane *grunnlov*, *ordtilfang* og *grunnord*, og for avleiingane *grunning*, *grunnleg*, *ordlaus*.

Merk at verb avleidde av substantiv med tillegg av infinitivsendinga *-a* (*grunna*, *orda* (*frampå*)) blir rekna som eigne grunnord.

Grunnord som ikkje er sløyfa i fyrste siling av ordtilfanget (jfr punkt 2.1.4), skal som hovudregel takast med. Kolliderer dei med noko av kriteria nedanfor, t d om dei er spesialiserte fagord eller framandord, bør dei vurderast ein gong til.

2.1.5.2 Samansetningar

Ein svært stor del av ordtilfanget i norsk er samansetningar, serleg samansette substantiv. Samansette ord frå MO som får ordartiklar i NO, skal fylla skjønnskriteria under dei fylgjande punkta. Mange slike samansetningar må av plassomsyn setjast i fyrsteleddsartikkel (med "sekk", jfr punkt 6.3, serleg 6.3.7).

2.1.5.2.1 Enkle samansetningar

Enkle samansetningar er ord der både fyrsteleddet og sisteleddet er grunnord.

Det er serleg for samansetningar at Norsk Ordbok må stramma inn lemmautvalet. For utval av samansetningar som skal få eigen ordartikkel i Norsk Ordbok, gjeld desse retningslinene:

Sløyf individuelle orddanningar, serleg ikkje-leksikaliserte samansetningar, hos einskiddiktatar og i omsetjingar (jf òg punkt 2.1.4.2.4 om hapax).

Unntak: Ta med slike samansetningar når dei står i litterære sitat som lever i tradisjonen, serleg hos Aasen, Vinje, Garborg, Sivle og andre som vi reknar til dei nynorske klassikarane.

Sløyf sjølvforklarande samansetningar som ikkje har fått serskild bruksmåte, eller plasser dei eventuelt i samansetningsrekkje, som døme på samansetningsmåte. Sjølvforklarande samansetningar som står i ordbøkene til Aasen og Ross, kan plasserast i samansetningsrekkje, men ikkje utelatast heilt. (Sjå punkt 2.1.5.4 for føreseielege avleiingar.)

2.1.5.2.2 Sekundærsamansetningar

Sekundærsamansetningar er ord med tre eller fleire oppslagsord som samansetningsledd.

Sekundærsamansetningar skal i hovudsak sløyfast, om dei ikkje er svært veletablerte i språket.

Unntak: Ta med sentrale termar eller omgrep (t d kulturhistorisk). Ver serskilt merksam på at enkle samansetningar kan bli så leksikaliserte at dei fungerer som grunnord i nye leksikaliserte samansetningar, t d *stortings-*, *ordboks-*, *vedtaks-*, *sambands-*: *stortingspresident*, *ordboksverk*, *vedtaksorgan*, *sambandsutstyr*.

Døme på ord som skal med: meir*verdi*avgift

Døme på ord som ikkje skal med: jarn*bane*anlegg*s*arbeidar

2.1.5.3 Ser-ordtilfang

Som serspråk reknar vi språk (ordtilfang og ordlegging) som er knytt til (og typisk for) eit visst fagområde eller interesseområde.

Det såkalla sentrale ordtilfanget utgjer ein minskande prosentdel av totalordtilfanget, medan ordmengda i serspråka aukar.

NO er programforplikta til å ta med alt sernorsk ordtilfang frå før 1900 som er kjeldefest og mogleg å definera. Det betyr at vi må gå langt i å ta med serordtilfang på nokre område – t d alt som har med eldre driftsformer i norsk landbruk. Dette reknar vi likevel som ålmennordtilfang, av di det var det i den tida det var aktuelt, sjølv om det er eit felt for spesialistar i dag.

Viktige poeng til vurdering er:

- sentralitet
- emneområde
- sjanger

Så langt mogleg bør vurderinga av kva som skal med og kva som skal sløyfast, knytast til operasjonelle kriterium som

- type kjelde
- om ordet blir presentert som ålmennord (t d ikkje kursivert eller sett i hermeteikn)
- om skrivemåten er tilpassa norsk ortografi
- om det finst i bøygde former eller som ledd i samansetningar

Eit serskilt problem er tidleg nynorsk terminologi (eksperimentelle avløysarord som ofte ikkje kom i ålmenn bruk).

Eksemplifiseringa nedanfor er teken frå heile alfabetet, dvs at vi ikkje tek omsyn til kva ord som faktisk er medtekne eller sløyfa i band 1–4. Vi tek berre sikte på å illustrera dei prinsippa vi her har sett opp for den framtidige redigeringa.

Ver merksam på at det knyter seg serlege definisjonsformat til mange av desse ordgruppene, jfr tilvisingar i omtalen nedanfor.

2.1.5.3.1 Fagord

Sløyf reine fagord om kjeldene er t d berre terminologiordlister, lærebøker for høgare utdanning eller litteratur for spesialistar.

Ta med ordet dersom det er eller har vori vanleg i lærebøker for skulen eller er godt kjeldefest i ålmennspråket (generell litteratur, presse).

Vi vurderer samansetningar endå strengare enn tilsvarande grunnord.

Døme på ord som skal med: *delinkvent, delirium, demolera*

Døme på ord som ikkje skal med: *hemangiosarkom, scintigrafi* (frå *Norsk medisinsk ordbok*).

2.1.5.3.2 Eksotika

Eksotika er lånord som berre gjeld utanlandske tilhøve og som ikkje er normerte i norsk.

Eksotika som er nytta som sitatord skal utelukkast. Dette er ofte markert med kursiv, hermeteikn eller introduksjon av typen "såkalla", men ikkje alltid. Eksotika er vanlege i t d reiseskildringar og kokebøker.

Dersom ordet har fått inngang i norsk kulturelt medvit, skal det vurderast for inkludering.

Døme på ord som skal med: *cowboy, pampas, fellah*

Døme på ord som ikkje skal med (trass i at dei er nytta i norske tekster): *desa* (landsby, Indonesia), *fazenda* (storgods, Brasil), *liurai* ("småkonger", Aust-Timor).

2.1.5.3.3 Terminologi for utanlandske tilhøve

Sløyf til vanleg:

- terminologi som gjeld utanlandske forhold eller som berre førekjem i omsetjingar frå framande mål
- foraldra terminologi
- historiske termar for utanlandske forhold
- omsette ord frå norrønt (ofte kalkeringar over dei norrøne orda) som ikkje finst andre stader enn i dei omsette tekstene (serleg i kenningar og heiti)

Skal slike ord ha artikkel i NO, må dei ha ein serleg høg bruksfrekvens eller eit "etterliv" i språket, t d som del av ei fast vending.

Døme på ord som skal med: *nirvana, sjariah, djihad* (frå framande språk), *ondvege* (norrønt, "høgsæte", òg belagt i nynorske tekster om norrøne tilhøve)

Døme på ord som ikkje skal med: *chakra* (sanskrit, "livshjul"), *fiqh* (arabisk, "pliktlære"), *zakat* (arabisk, almisse som religiøs plikt), *havguve* (norrønt, kanskje dss *II krake*, brukt i Kongsspegelen).

2.1.5.3.4 Plante- og dyrenamn

Offisielle norske artsnamn for norske plantar (ville plantar og vanlege dyrkingsplantar) og dyr skal vera med (hovudkjelda vår er Lid (og Elven): *Norsk flora* (7. utg.)).

Målførenamn for plantar og dyr skal òg vera med, men berre med synonymdefinisjon til det offisielle namnet – så sant dei ikkje har utvikla sertydingar (t d overførde, eller folkelege tydingar som ikkje svarar til den offisielle artsinndelinga) eller har fått ein eigen plass i målføre- eller (òg) nynorsklitteraturen (dvs at vi har belegg på orda brukte i ein "naturleg" kontekst, der poenget altså ikkje berre er å nemna namnet).

Ver merksam på at sume målførenamn kan referera til mange ulike arter, og dei blir dermed førde som polysem med eit krysskopla synonym under kvart tydingsnummer.

Døme:

igle-gras n ... namn på ulike plantar, såleis **1** (vanleg) myrklegg (Snm1762 I,111; C; A; Seljord, Fyresdal, NVågsøy). **2** bukkeblad (1) (Snm1762 I,176; C). **3** krypsoleie (Seljord1786; R.-Kj.VFL 53). **4** rome (Selje; R.-Kj.VFL 36). **5** soldogg (Hjartdal).

Sume plantar er betre kjende under dei latinske (vitskaplege) arts-, slekts- eller familienamna enn under dei norske (t d *saintpaulia* mot *usambarafiol*, *scilla* mot *blåstjerne*). Normalartikkelen skal likevel stå under det norske namnet, og vi fører ikkje tilvising frå det vitskaplege namnet med mindre vi har belegg som syner at den latinske namneforma også må reknast som eit slag norsk synonym.

Nemningar for ikkje-nordiske dyrearter (serleg virveldyr), prydplantar og utanlandske plantar skal med dersom dei er godt kjende i Noreg og relativt vanlege ord i språket (etter vanlege krav til belegg).

Definisjonsformat er omtala under punkt 5.2.2.

Døme på ord som skal med: *iguan, kala, kenguru, orangutang*

Døme på ord som ikkje skal med: *saintpaulia, wallaby, malayabjørn*

2.1.5.3.5 Stein og mineral

Prinsippa for plante- og dyrenamn gjeld for mineral òg. Offiselle namn på norske steinslag og mineral skal altså med, og like eins målførenamn. Nemningar for ikkje-nordiske stein- og mineralslag skal med dersom dei er godt kjende i Noreg og relativt vanlege ord i språket. Alle namn på grunnstoff skal med.

Definisjonsformata er omtala under punkt 5.2.3.

Døme på ord som skal med: *kvarts, lava, marmor*

Døme på ord som ikkje skal med: samansetningar med *silikat* o l

2.1.5.3.6 Leikar og dansar

Vurdér kritisk om nemningar for leikar og dansar som er lokale eller berre førekjem i ei einskild kjelde, er godt nok kjeldefeste til å reknast som ålmenndtilfang. Står nemningar i oversynsverket *Støylens Norske barnerim og leikar*, kan ho likevel omtalast.

2.1.5.3.7 Sernamn (proprium)

Person- og stadnamn skal ikkje takast med som oppslagsord. Sjå elles punkt 4.2.7.4.8 om omtale av proprium i hakeparentesen (i språkdelen på etymologikortet i programmet) og punkt 4.3.3.4.5 om omtale i definisjonar.

Dette gjeld også varemerke. Merk at varemerke nytta om einskildeksemplar av vara ikkje er godt nok som belegg på leksikalisering. Såleis gjev ikkje denne setninga lemmastatus til *koskenkorva* eller *mazda*:

ho tok med seg ein koskenkorva og kørde bort i mazdaen

Dersom varenamnet har fått endra form i vanleg språkbruk, er det eit teikn på at ordet er på veg mot appellativstatus, men ei slik endring er berre éi av fleire moglege indikatorar. (**Døme:** artikkelen **krag** m om Krag-Jørgensen-gevær.)

2.1.5.3.8 Innbyggjarnamn

Innbyggjarnemningar (inkolentnamn) tek vi med, ned til kommunenivå (etter den heradsinndelinga NO bruker).

I hjelpedokumentmappa på fellesområdet til Norsk Ordbok ligg det ei liste over innbyggjarnemningar frå strekket s til å, som dekkjer heradsnivået og sume andre større og mindre område (med Språkrådets oversyn over innbyggjarnemningar og *Norsk stadnamnleksikon* som eksterne kjelder). Merk at ein framleis ikkje skal ta med nemningar under heradsnivå, jamvel om dei kan førekoma i denne lista.

Etterledd som inngår i innbyggjarnamn, får ein eigen etterleddsartikkel. I innbyggjarnamn som inneheld etterledd, og som tek til med eit proprium (**døme:** *ørskogbygdar, helgelending*), blir etterleddet ført som suffiks (utan bindestrek i oppslagsordet), ikkje som samansetningsledd. Innbyggjarnamn med appellativisk førsteledd (**døme:** *utbygding, øybuar*) får bindestrek i oppslaget. Skulle ei ordform ha begge tolkingar, blir det bindestrek (vi lagar ikkje to homografar).

Sjå omtale av definisjonsformat under punkt 5.2.5.2.

Døme på ord som skal med: *vestlending, orkdaling, frøning, sørfrøning, fanabu*

Døme på ord som ikkje skal med: *fossvær* (person frå Harpefoss), *vinstravær, lommedøl*.

Døme på etterledd som skal ha eigen artikkel: *-daling, -lending, -vær*

2.1.5.3.9 Avleiingar av personnamn

Avleiingar til personnamn som berre har referanse til personnamnet, skal ikkje vera med.

Døme:

ibsenssk (gjeld berre personen og produksjonen til Henrik Ibsen).

Ta med leksikaliserte avleiingar til personnamn eller appellativiserte personnamn etter vanlege kriterium for ordutval.

Døme:

boikott(a) (frå *Boycott*)

boolsk (frå *Boole*)

quisling (frå *Quisling*)

Opphavsopplysninga høyrer då heime i hakeparentesen (etymologibolken), jfr punkt 4.2.7.4.8.

2.1.5.3.10 Nasjonalitetsnemningar

For å få artikkel i Norsk Ordbok må ordet vera brukt i norsk, det vil seia at det er vanlege krav om dokumentasjon.

Ikkje ta med nasjonalitetsnemningar og nemningar for utanlandske folkeslag som ikkje er godt kjende i Noreg.

Dersom nasjonalitetsnemninga er med, tek ein også med (kjeldefeste) avleiingar. (For språknemningar avleidde av nasjonalitetsadjektiv sjå punkt 5.2.6.)

Har ein doble nemningar, som *latviar* og *lettlanding*, nyttar ein den vanlegaste eller den offisielle forma med tilvising frå den andre, såleis *latviar* med full omtale og *lettlanding* med synonymdefinisjon til *latviar*.

Døme på ord som skal med: *kviterussar, nicaraguanar, newzealending, tadsjik, tjsetsjenar*

Døme på ord som ikkje skal med: *zezuru* (i Zimbabwe), *sotho* (i det sørlege Afrika), *sasak* (på Lombok i Indonesia)

2.1.5.3.11 Institusjonsnemningar

Institusjonsnamn skal sløyfast med mindre dei er appellativiserte (nytta som samnamn).

Her kan grensegangen vera uviss. Såleis har dei fleste statar ymse organ av typen *departement, råd* osfr, og funksjonane kan vera temmeleg like frå ein stat til ein annan. Men endå om dei fleste statar også har ein ytre etat, er det slett ikkje alle som nyttar nemninga *direktorat*. Det er difor mindre sannsynleg at samansetningar med *direktorat* har appellativ-karakter. Det er naudsynt å bruke skjøn, og der ei slik samansetning verkar sjølvforklarande, er det rimeleg å setja henne som døme til ein fyrsteleddsartikkel.

Døme på ord som skal med: *språkråd, riksarkiv, storting*

Døme på ord som ikkje skal med: *prisdirektorat, konkurransetilsyn, televerk*

2.1.5.3.12 Avstyttingar og bokstavsymbol

Avstyttingar er ei gråsone, men er aktuelle å ta med som oppslagsord.

For *behandlinga* av dei avstyttingane ein tek med, sjå punkt 4.1.3.6.2 *Ordklassemerking av avstyttingar* (som òg kjem inn på artikkeltype og artikkelkropp).

Hovudkriteriet for *opptak som lemma* i ordboka er leksikalisering: bruk som leksem (eller som utlesen frase) i vanlege setningssamanhengar, og frekvens i slik bruk. Eit teikn på leksikalisering av ei avstyting er at ho sluttar seg til ei ordklasse og oppfører seg som andre medlemmer av den ordklassa.

Avstytinga må fylla dei vanlege krava til stabilitet (ikkje vera kortliva). Det kan takast serskilt omsyn til avstytingar som er mykje brukte og ser-nynorske (jfr omtalen av *LL* nedanfor).

Dei fleste avstytingane som er aktuelle for NO, refererer til nominal og nominalfrasar. For slike avstytingar vil leksikalisering seia:

- bruk med genus (synt med artikkel eller (òg) bøyning)
- bruk i ordlaging (fyrsteledd, sisteledd)
- ortografisk uttrykk (leksikalisering ser ut til å innebera meir bruk av små bokstavar, medan namne- og akronym-funksjonen blir synt med stor forbokstav eller berre store bokstavar)
- syntaktisk plassering (kan fylla dei plassane som substantiv normalt kan ha, irekna å vera kjerneledd i nominalfrasar, med artikkel, adjektiv osfr)

Døme på datagrunnlag til slike vurderingar:

EEG var normalt

Eg skal ta ein slik søvndeprivert EEG

EEG-en bør altså tolkast av ein med kunnskap om ME

EEG-prøve, -signal, -undersøking

I tabellane nedanfor har ein delt avstytingar inn i typar, primært etter språkleg (morfologisk) status, men òg etter samfunnmessig bruksområde eller semantisk eller tematisk samheng. På den måten kan ein gje meir konkrete retningslinjer for utval enn dei ålmenne prinsippa, slik at redigeringa blir meir konsistent og enklare å gjennomføra.

Sume stader i tabellane står det "bør". Der kan det bli naudsynt å diskutera med gruppeleiar eller hovudredaktør om ein skal redigera avstytinga.

Teiknsymbol skal ikkje ha eigne oppslag, men kan handsamast innanfor tydingsbolken til det aktuelle ordet (t d % under **prosent**).

Symbol eller element i nomenklaturar (utlesi fullt ut)

Symbol for måleiningar	<i>ml, mm</i>	Skal i prinsippet vera med, men det må setjast grense mot dei som er tilnærma einsidig fagspråklege og sjeldsynte i allmennspråket (som <i>oe = oljeekvivalent</i>).
------------------------	---------------	---

Matematiske symbol, irekna romerske talteikn	<i>o</i> 'origo', <i>pst</i> 'prosent', <i>g</i> 'giga', <i>mill.</i> , <i>mrd.</i>	Skal ikkje takast med.
Kjemiske (grunn)stoff	<i>Cu</i> 'kopar', <i>N</i> 'nitrogen'	Skal ikkje takast med. (Grunnstoffartiklar skal alltid ha symbolet med i definisjonen, sjå punkt 5.2.3.)
Valutaer (både tradisjonelle og nye avstytingar)	<i>NOK</i> , <i>Pf</i> , <i>Pfg</i>	Skal ikkje takast med.
Musikkuttrykk	<i>p</i> 'piano', <i>pp</i> 'pianissimo'	Skal ikkje takast med.
(Latinske forkortingar for fagnemningar i) akademiske gradar	<i>odont.</i> , <i>oecon.</i> , <i>paed.</i> , <i>pharm.</i> , <i>philol.</i> , <i>philos.</i> , <i>polit.</i> , <i>psychol.</i>	Skal ikkje takast med.
Karakterar (i det tradisjonelle bokstavsystemet)	<i>ng</i>	Skal ikkje takast med.
Kodar til bruk i serskilde (formaliserte) kommunikasjonssystem	<i>notovf</i> 'noteringsoverføring'	Skal ikkje takast med.
Bokstavar som visuelle symbol på skilt	<i>P</i> 'parkering'	Skal ikkje takast med.

Forkorting for einskildord (utlesi fullt ut)

Fagbundne termavstytingar (serleg grammatiske)	<i>obj.</i> , <i>perf.</i> , <i>pf</i> , <i>pl.</i> , <i>plur.</i> , <i>pr.</i> , <i>prep.</i> , <i>pret.</i> , <i>pron.</i> , <i>prp</i> , <i>pt.</i> ; også t d <i>mil.</i> for <i>militær</i>	Skal ikkje takast med.
Månader	<i>okt.</i> , <i>nov.</i>	Skal ikkje takast med.
Einskildord som inngår i faste formlar, nemningar o l	<i>p.m.</i> 'post meridiem'	Bør helst ikkje takast med.
Uttrykk frå forretningsmål (både ord og frasar)	<i>p.p.</i> , <i>P.L.</i> , <i>pr.pr.</i> , <i>PL</i> , <i>Co.</i> , <i>f.o.t.</i> , <i>LL</i> , <i>mva.</i>	Bør helst ikkje takast med, men bruksstatus utanfor fagkrinsane må også her telja (<i>LL</i> som nynorsk særlaging bør truleg vere med – for di ho har vori ein del i bruk, og då må det også gjelda AS).

Titlar	<i>dr., Mlle.</i>	Bør helst ikkje takast med, men med eit visst omsyn til bruksstatus i norsk (der <i>dr.</i> er aktuell, men <i>hr.</i> meir eit tvilsspørsmål – <i>Mlle</i> og andre utanlandske motsvar skal ikkje med).
--------	-------------------	---

Akronym: avstyttingar som fungerer som ord i eigen rett også munnleg (ofte *propriae*) (utlesne på to måtar: med bokstavuttale og orduttale)

Ymse <i>propriae</i> avstyttingar: namn på institusjonar og organisasjonar, varemerke m m	<i>Nato, NGU, NRK, NS, NSB, NTB, NU, MP</i>	Ta med minst mogleg (i samsvar med prinsippet om ikkje å ta med namn i ordbøker). Kriterium for å ta med: at dei er mykje brukte i meir eller mindre appellativ funksjon og i samansetningar.
Idrottsarrangement	<i>NM, OL</i>	Dei nasjonale og vidkjende (<i>EM, NM, OL, VM</i>) bør takast med, men ikkje andre.
Stoffnamn	<i>PVC</i>	Bør helst ikkje takast med.
Statsnamn	<i>USA, BRD, PNG</i>	Skal ikkje takast med.
Namn på tekster eller typar tekster	<i>NT</i> 'Det nye testamentet' (og <i>GT</i>), <i>NgL</i> 'Norges gamle Love', <i>ot.prp.</i>	Skal ikkje takast med.
Tekniske apparat	<i>NMR</i> 'Nuclear Magnetic Resonance', <i>PVRK</i> , <i>pvrk</i> 'panservernraket', <i>AV</i> 'audio-visuell', <i>MR, EEG, EKG</i>	Bør berre takast med når dei har gått inn i "lekmannsspråket", t d gjennom helsestellet, dvs med teikn på leksikalisering.
Sjukdomar	<i>kols, aids, hiv, MS</i>	Bør vera med når dei blir brukte som vanlege ord i språket.
Medieteknologiske uttrykk	<i>LP, CD</i>	Må vurderast etter bruksstatus.
Andre avstyttingar for heile Oord, eller som har gitt	<i>off., op.</i> 'opus', <i>pc, tv</i>	Bør takast med når dei har gått inn som leksem i språket, ikkje

grunnlag for nye ord		elles.
----------------------	--	--------

Avstyttingar for ordsamband eller frasar

Faste fraseavstyttingar (som i vanlege syntaktiske samanhengar kan ha ordkarakter)	<i>NB, NN, no., nr., o.dl., o.a., obs., o.l., o.m., o.m.a., ofl., osb., osfr., osv., pga., pr.</i>	Ta med minst mogleg, berre dei mest brukte.
Latinske uttrykk generelt	<i>op.cit., p.m., p.p., p.a., pag., p.r., p.t., PS</i>	Bør berre takast med der dei har gått inn i språket og blitt vanlege i normale setnings-samanhengar (i denne rekkja berre <i>PS</i>).

Avstyttingar tekne frå ordbøker frå framande mål (og som gjeld det framande målet) (t d hos Raknes)

	<i>pp 'pages'</i>	Skal ikkje takast med.
--	-------------------	------------------------

2.1.5.3.13 Nyare anglisismar

Sjå bort frå nyare anglisismar som ikkje oppfyller dei fleste av desse kriteria:

- ortografisk form som er tilpassa norsk rettskriving
- høg frekvens
- stabilitet over tid (i form, tyding og bruk)
- ålmenn bruk (ikkje sjargong eller serspråk)
- gode belegg frå litterært verk av etablert forfattar

Referanseverk: Graedler og Johansson: *Anglisismeordbok, Nynorskordboka*.

Døme på ord som skal med: *pub, cowboy, rock*

Døme på ord som ikkje skal med: *walkman, workshop, handout*

2.1.5.4 Verbalsubstantiv på -ing, verbaladjektiv på -ande, verbformer på -ast

Ikkje lag artiklar for slike avleiingar dersom dei ikkje har belegg på anna enn regelbunden (føreseieleg) tyding og bruk (t d er tydinga "det å" av -ing-former føreseieleg). Dette gjeld også om avleiinga har Aasen eller Ross som (ofte einaste) kjelde.

Ta dei med som eigne oppslag dersom dei er sjølvstendige, leksikaliserte ord.

Døme på ord som skal med: *havande, meining, reisande, treffast*

Døme på ord som ikkje skal med: *tasting, skrivande, lesast*

-ing-avleiingar skal ikkje stå i verbartiklar, heller ikkje i bruksdøme. Anten nemner ein dei ikkje nokon stad (om det er føreseieleg, produktiv bruk), eller ein opprettar ein eigen substantivartikkel (om det er eit sjølvstendig, leksikalisert ord).

Presens partisipp som ikkje skal stå som eigne ord, kan stå attributivt i verbartiklar med grammatisk merknad "np", sjå punkt 4.3.3.4.2. Når det elles høver å ha dei med i verbartikkelen (det vil helst gjelda etter verb som *koma*, jfr *III koma D2*), kan dei gå inn i den vanlege dømerekkja (eller saman med attributive døme, når dei finst).

Representative bruksdøme med passiv infinitiv kan gå (ukommentert) inn i ei vanleg dømerekkje i verbartikkelen, t d *representantskapet skal veljast av generalforsamlinga* som eit ordinært bruksdøme i **velja**. Elles kan (sider ved) bruksmåten bli kommentert i modalverbartiklane (**døme**: sjå undertyding under *I skula 1a*).

For -ast-former (jfr innføringslitteratur i nynorsk språkbruk, som Alm.INHU 156) er passiv infinitiv etter modalverb (*skal leggjast*) å rekna for regelbunden bruk av grunnverbet. Om eit tilfelle av annan bruk av -st skal med i ordboka (irekna annan bruk av passiv), blir det i ein eigen artikkel med oppslagsform på -ast. Dersom det er oppretta ein artikkel på -ast (som svarar til eit grunnverb utan -ast), kan det bli spørsmål om kva ein gjer med vanleg passiv infinitiv etter modalverb. Passiv infinitiv etter modalverb høyrer primært heime i verbartikkelen utan oppslagsform på -ast, men det bør vera tilvising dit frå artikkelen med oppslagsform på -ast.

Sjå punkt 5.2.8 for definisjonsformat for avleiingar. Sjå punkt 2.1.5.2 for føreseielege samansetningar.

2.1.5.5 Stivna genitivsformer på -sens

Stivna genitivsformer som *gudsens, havsens* og *landsens* skal handsamast under grunnordet (**gud, hav, land** osfr) med tilvisingsartikkel frå forma med -sens.

Døme:

landsens adj sjå *I land*.

Unntak (sjeldsynt): Når forma er leksikalisert som adjektiv, skal ho stå som eit eige oppslag.

Døme: **dødsens**, som òg kan stå predikativt: *han er dødsens*.

2.1.6 Fleirordige uttrykk med eigen ordartikkel

Sume fleirordige uttrykk får ein eigen ordartikkel, som kan vera anten normalartikkel eller tilvisingsartikkel. Nedanfor behandlar vi fyrst dei typane som skal ha eigen normalartikkel.

2.1.6.1 Plassering i normalartikkel

Fleirordige uttrykk som blir plasserte i normalartikkel, får vanleg behandling ut frå den dokumentasjonen som ligg føre i samlingane.

2.1.6.1.1 Uttrykk med lånte element

Her er det sikta til fleirordige uttrykk som består av ord som ikkje finst som einskildord i norsk (mest lån frå latin, fransk, engelsk, italiensk, tysk). Slike uttrykk blir definerte og eksemplifiserte på vanleg måte. Utvalet skjer etter same prinsipp som for einskildord, sjå punkt 2.1.5.

Døme på fleirordige uttrykk som skal ha artikkel: *in extenso, pommes frites, prima vista, tabula gratulatoria*

Døme på fleirordige uttrykk som ikkje skal ha artikkel: *in quarto, non troppo, up and coming, wet look*

Ordsamband med eitt eller fleire gjengse norske ord fell inn under punkt 2.1.6.2.3 og 4.3.8.2.1 *Uttrykk med eit ord som er lite eller ikkje brukt utanom det fleirordige uttrykket* og blir underoppslag (når dei skal takast med). **Døme:** *columbi egg* skal stå som underoppslag under **egg** (heile uttrykket er importert, men *egg* må reknast som omsett til norsk).

2.1.6.1.2 Uttrykk med funksjons- og innhaldsord

Ein del ordsamband inneheld både funksjonsord og eit innhaldsord (i bøygd form eller oppslagsform).

Når slike fleirordige uttrykk fungerer som *konjunksjon* eller *interjeksjon*, bør dei få ein eigen normalartikkel. Nokre fåe av dei uttrykka som fungerer som adverb eller preposisjon, bør også få normalartikkel – når dei er semantisk avbleikte og har sterkt preg av einskildord (sjå elles fleire detaljar og døme under punkt 4.3.8.2.9 *Kombinasjon av funksjonsord og innhaldsord*).

Døme:

- *så snart, i fall* (konjunksjon)
- *ja visst, nei vel* (interjeksjon)
- *om lag, på lag* (preposisjon)

På same måten bør ordsamband med berre funksjonsord få eigne artiklar om dei berre eller primært fungerer som konjunksjon (**døme:** *i det*).

2.1.6.2 Plassering i tilvisingsartikkel og behandling i underoppslag

2.1.6.2.1 Preposisjonsuttrykk med kasusform

Preposisjonsuttrykk med stivna kasusform bør få tilvisingsartikkel til grunnordet der underoppslaget står, jfr punkt 4.3.8.2.4.

Døme: *i eino, på fote, til gode, i førdags, til dels, til sals* (tilvising til **II ein, fot, god, førdags, del, sal**)

2.1.6.2.2 Funksjonsordsfrasar

Mange av fleirordsuttrykka med berre funksjonsord bør få tilvising til artikkelen der underoppslaget står, jfr punkt 4.3.8.2.6.

Døme: *av og til, i og for seg, ikkje noko*

2.1.6.2.3 Uttrykk med eit ord som er lite eller ikkje brukt utanom det fleirordige uttrykket
Norsk har ein del uttrykk (for det meste adverbelle) som inneheld eit ord i oppslagsform som (så å seia) ikkje blir nytta utanom i dette eller nærskyldte uttrykk, jfr punkt 4.3.8.2.1. Mange av dei er preposisjonsuttrykk, og då bør dei oftast få ein fleirordig tilvisingsartikkel til ordet underoppslaget står i (*til bloksberg* er eit døme på at det ikkje alltid er naudsynt). Med ei anna form på fleirordsuttrykket kan det sjå ut til at fleirordig tilvisingsartikkel som regel er mindre tenleg, men kan førekoma.

Døme: *columbi egg, i går, i hel, på gjerst, til overs, til pers* (tilvising til **egg, går, hel, gjerst, overs, pers**)

2.1.6.2.4 Interjeksjonsuttrykk, serleg helsingar

Nokre fleirordige uttrykk som inneheld adjektiv (attributt) fylgt av substantiv (kjerneledd), og som fungerer som interjeksjonar, har tilvisingsartikkel på alfabetisk plass og omtale under normalartikkelen for fyrste ordet i uttrykket.

I sume tilfelle er det normalartikkel for den samanskrivne forma (*godtår*), og deretter tilvising under den fleirordige forma (*godt år*) til normalartikkelen for fyrste ordet (*god*).

Døme: *god aftan, godt år* (tilvising til fyrste ordet: **god**)

Andre interjeksjonsliknande uttrykk får som regel ikkje fleirordig tilvisingsartikkel. For fleirordige interjeksjonar med svarord i seg sjå punkt 2.1.6.1.2 *Uttrykk med funksjons- og innhaldsord*.

2.2 Lemmaordning

Lemmaordninga kan også kallast artikkelrekkefylgje. Ho fungerer på fleire nivå.

2.2.1 Alfabetisk hovudordning

Teksta i NO er ordna i alfabetbolkar, med kvar bokstav i alfabetet som overskrift (over to spalter) for sin bolc. NO fylgjer det norske alfabetet, med *å* til slutt.

2.2.2 Alfabetisk artikkelordning

Ordninga av ordartiklane i utskrift er strengt alfabetisk og styrd automatisk av programmet.

Samansetningar blir då òg plasserte på alfabetisk plass. Det vil seia at ei gruppe samansetningar med same fyrsteleddet kan bli brotne opp av andre artiklar: Mellom **kollektiv-hus** og **kollektiv-jordbruk** kjem m a **kollektivisera**.

Lemma som er fleirordige uttrykk, går òg inn i den alfabetiske ordninga. Mellomrom blir ikkje rekna med i alfabetiseringa – oppslaget **in extenso** står dermed mellom **inerti** og **infam** og ikkje rett etter **in absurdum**.

Ved byrjinga av kvar bokstav kjem artikkelen for sjølv bokstaven fyrst. Dersom det er ein eigen artikkel for stor bokstav, skal han stå etter artikkel for liten bokstav.

Programmet alfabetiserer likevel stor bokstav føre liten bokstav og dessutan *aa* som *å* i utskrift. Det er laga ein måte å omgå desse problema på, sjå programretteiinga punkt 13.1 *Artikkelkortet*.

2.2.2.1 Rekkjefylgje for store og små bokstavar

Avstytingsord som består av store bokstavar (versalar), er ikkje homografar med ordformer med små bokstavar. Ordformer med eineform av store bokstavar står føre ordformer av små bokstavar.

Døme:

ID m

I **id** m

II **id** f

I og med at NO ikkje har kjemiske symbol som lemma, er det fåe slike ord. Det er fyrst og fremst aktuelt å ta dei med dersom dei er produktive i samansetningar over tid (jfr punkt 2.1.5.3.12).

Dersom eit slikt avstytingsord blir skrivi både med store og små bokstavar, blir det alfabetisert etter forma med små bokstavar.

Døme:

ikt el **IKT** subst

2.2.2.2 Fyrsteleddsartikkelen i høve til alfabetisering

Oppslagsordet for fyrsteleddsartikkelen står på alfabetisk plass etter NO-konvensjonane, jfr også reglar om homografordning i punkt 2.3.1 og 2.3.3.

Oppslagsordet har alltid form som fyrsteledd i samansetning, dvs **xxx-**.

Døme:

kjøt el **kjøtt** n

kjøt- el **kjøtt-** i sms

I artikkelkroppen til fyrsteleddsartikkelen er til vanleg ein del samansetningar tekne ut av den alfabetiske rekkjefylgja av lemma og i staden lista opp i "sekk" som eit slag tilvisingar til underlagsmaterialet for NO. Sjå elles kapittel 6.

2.3 Homografar og den fyrste sorteringa av tilfanget

Fyrste oppgåva når ein skal til å redigera eit nytt lemma, er å sortera tilfanget som er knytt til den aktuelle MO-artikkelen. Oftast er lemmaet rett definert i Metaordboka, med eintydig oppslagsform og ordklasse. Men ei beleggsamling til eit MO-lemma kan òg innehalda dokumentasjon på fleire lemma med same ordklasse, eller jamvel ulik ordklasse (det finst ein del feilmerkte setlar i samlingane). Difor høyrer homografseparering, og utskiljing av avleiingar som skal ha eigen normalartikkel, med til den fyrste sorteringsprosessen.

2.3.1 Homografar

Homografar er oppslagsord (lemma) med lik skrivemåte. Uttalen kan vera ulik.

Oppslagsord som berre er skilde med aksent, er rekna for å ha lik skrivemåte. Det same gjeld oppslagsord som skil seg i leddelingsmarkeringa.

Døme:

I **idé** m

II **ide** f

I **korn-ende** m

II **kornende** adv

I **uland** n (med prefiks)

II **u-land** n (med avstytt samansetningsledd)

Fyrsteleddsartiklar, etterleddsartiklar og normalartiklar kan ikkje vera homografe med kvarandre (på tvers av artikkeltype).

Døme:

I **ende** m

II **ende** adj

III **ende** adv

IV **ende** konj

I **-ende** subst

II **-ende** adv

ende- i sms

Likestava prefiks og fyrsteledd med merkinga "i sms" i oppslaget er homografar. (Sjå elles punkt 2.2.2.2 og 2.3.4.)

Døme:

I **kol-** pref

II **kol-** pref

III **kol-** i sms

IV **kol-** i sms

Oppslagsord som er skilde med store og små bokstavar (som **ID** og **id**), er ikkje rekna for å ha lik skrivemåte, sjå punkt 2.2.2.1.

I Metaordboka er homografar skilde frå kvarandre dersom dei er normerte til ulik ordklasse eller genus. Homografar med sams ordklasse eller genus har sams MO-artikkel. Grunnlaget for å homografseparera lemma med same grammatiske merkinga i NO er eit knippe med kriterium som kan gjelda eitt for eitt eller i kombinasjon. Det er:

- bøyning (same oppslagsform, ulike bøyingsparadigme) (**døme**: I–II **aga**; II–III **aksel**; parverb)
- opphav (etymologi) (**døme**: I–III **ark**; I–II **audn**)
- tyding (ofte med implikasjon om opphav) (**døme**: I–II **ass**; II–III **auden**)

Svært mange av ordartiklane med homografmerking i NO er tilvisingar, t d frå ei målføreform eller ei jamstelt oppslagsform. (**Døme**: IV **kika**; II **kjeld**; II **klår**.)

2.3.2 Utskiljing av avleiingar

Dersom ordet er adjektiv, adverb eller verb, må ein også som ein del av den fyrste sorteringsprosessen sjå på bøyingsformer som kan ha ei anna funksjonell ordklasse enn oppslagsordet, og vurderer om dei skal redigerast som del av oppslagsordet eller om dei skal ha eigen artikkel, som avleiing.

Dette er naudsynt på grunn av den strengt etymologiserande praksisen ein har hatt med å føra oppslagsord på belegg i Setelarkivet. Ordformer med form som regulære bøyingsformer (usamansette og samansette og partisipp og ing-avleiingar) vart som fast praksis førde under grunnordet, av di det ut frå einskildbelegg ikkje er mogleg å seia om ei bøyingsform er leksikalisert. Ein tenkte då at det beste var å samla tilfanget under grunnordet, og deretter sortera og eventuelt omklassifisera tilfang som del av redigeringsprosessen.

Spørsmålet er om ei bøyingsform eller regelrett avleiing, som normalt ikkje skal ha normalartikkel, er leksikalisert som eit eige ord. Ein må vurderer

- om ordforma har tyding eller bruksmåte som ikkje er dekt av opphavsordet (sjå dømet **farga** nedanfor);
- om ordforma er polysem, dvs om det finst fleire opplysningar som spesifikt gjeld ordforma, spreidde ut over fleire tydingsbolkar i grunnordsartikkelen, slik at det er vanskeleg for lesaren å finna dei att;
- om ordforma har eit stort (dominerande) beleggssomfang i høve til dokumentasjonen av grunnordet (det hender t d at mest alle setlane på eit gjevi verb syner adjektivisk bruk, jfr **frustrera – frustrert**).

Substantivisk bruk kan rettferdiggjera føring som eit eige substantiv. Slike tilfelle kan ein skilja ut ved å sjå etter dei fylgjande formelle kriteria ved ordforma:

1. tek artikkel (ubunden, bunden)
2. tek attributt (pronomen, adjektiv)
3. kan bøyast (genus; eintal, fleirtal)

4. kan stå som etterledd i samansette substantiv (med genus og bøyning)
5. kan stå åleine som nominal (subjekt, objekt, predikativ; styring i preposisjonsuttrykk)
6. kan stå i oppramsingar med andre appellativ

Døme:

Adjektivet **ill** – substantivisk bruk av nøytrumsforma *ilt* gjev **ilt** n? Jamføring med kriterium ovanfor.

1-2 *eit nytt ilt*

2 *eitkvart, noko, mykje ilt*

4 *hovud-ilt* (og *-iltet*)

5 *av ilt; kjem ilt; full av ilt; setja ilt på nokon*

6 *ilt og fare*

Konklusjon: Eigen normalartikkel på **ilt** n

Tilsvarande kan adjektivisk bruk rettferdiggjera føring som eit eige adjektiv. Slik tilfelle kan ein skilja ut ved å sjå etter dei fylgjande formelle kriteria ved ordforma:

1. er eit ekte partisipp (døme på uekte: *nylagd*, som ikkje kan koma av **leggja ny*, eller *tvungen* som ikkje kan koma av *tvinga -a*)
2. er brukt attributivt
3. er brukt predikativt (etter vera, bli osfr, og ikkje i passiv tyding)
4. kan gradbøyast
5. finst i graderingskonstruksjonar med førestelt adverb, som *så ... at*
6. finst i tydingar som ein ikkje finn att i verbet

Døme:

Under **farga** v finn ein *farga* adj fp med to tydingar, og den siste går ikkje attende på verbet (om hudfarge og etnisk opphav for menneske). Det hadde då vori betre å laga ein eigen normalartikkel på **farga** adj.

I NO 1–4 har ein gjennomgåande vori svært varsam med å skilja ut bøygde former av eit lemma til eigen normalartikkel. Dette er noko som ein etter kvart har gjort meir av.

2.3.3 Føringsmåte for homografar – rangorden

Alle oppslagsord har i utgangspunktet homograf nummer 0 (ikkje synleg i utskrift) i redigeringsprogrammet. Det tyder at lemmaet ikkje er rangert i rekkjefylgje i høve til andre lemma skrivne på same måten. (Sjå òg punkt 4.1.2.6.)

I redigeringsprogrammet må kategorien homografnummer veljast av redaktøren.

Homografnummer har i Norsk Ordbok bunden rekkjefylgje etter grammatisk merking (ordklasse osfr), slik:

Intern rangorden	Avst.	Tyding
1	m	substantiv maskulinum
2	m pl	substantiv maskulinum plural
3	m, f	substantiv maskulinum eller femininum
4	m, f, n	substantiv maskulinum eller femininum eller nøytrum
5	m, n	substantiv maskulinum eller nøytrum
6	f	substantiv femininum
7	f pl	substantiv femininum plural
8	f, n	substantiv femininum eller nøytrum
9	n	substantiv nøytrum
10	n pl	substantiv nøytrum plural
11	subst	substantiv der kjønnet ikkje kan fastsetjast
12	subst pl	substantiv plural der kjønnet ikkje kan fastsetjast
13	talord	talord (både grunntal og rekkjetal)
14	adj	adjektiv
15	adv	adverb
16	v	verb
17	prep	preposisjon
18	pron	pronomen
19	konj	konjunksjon (og subjunksjon)
20	interj	interjeksjon
21	pref	prefiks
22	i sms	fyrsteledd i samansetning

NB! I NO 1-5 har ein nytta ordklassemerkinga "v refl" på *-ast*-verb. Til og med bokstaven *h* vart slike verb førde utanfor alfabetisk orden, direkte etter verbet dei var avleidde frå. Frå og med bokstaven *i* er slike verb førde i alfabetisk orden. Etersom ikkje alle *-ast*-verb er refleksive, skal "v refl" ikkje brukast. "v refl" kan ikkje fjernast frå ordklassemenyen i redigeringsprogrammet av di denne merkinga er brukt i NO band 1–5.

Avleiingssuffiks blir førde med den ordklassa som suffikset lagar, sjå punkt 4.1.3.6.1 om grammatisk merking.

Oppslagsordet i suffiks-artiklar opnar alltid med bindestrek: **-xxx**.

Rekkjefylgja i NO av prefiks, fyrsteledd i samansetningar og suffiks i høve til elles likestava grunnord er:

grunnord	xxx
suffiks	-xxx
prefiks	xxx-
fyrsteledd i samansetningar	xxx-

(Sjå punkt 2.3.1 for kva som skal reknast som homografar av slike oppslag.) Homografar for prefiks, fyrsteledd og suffiks er vidare ordna i rekkjefylgje etter same prinsipp som for grunnord, sjå neste avsnitt om tilleggskriterium.

2.3.4 Tilleggskriterium for ordning av homografar med same ordklasse

Kriterium for rangering *innanfor same grammatiske merkinga* er:

- kryssrefereringsomsyn, parallellitet med andre homografrekker (jfr II-IV **klakka** i høve til I-III **klakk** eller I-III **kort-** i høve til I-III **kort**)
- sterk eller linn bøyning (sterk framfor linn)
- bøyingsklasse (a-verb framfor e-verb)
- opphav (norsk – nordisk – lånt i historisk tid)
- frekvens (høgfrequent framfor sjeldsynt)
- artikkeltype (normalartiklar framfor tilvisingsartiklar)

2.4 Oppslagsord og målføreformer

For sjeldsynt ordtilfang med få målførekjelder, ofte frå eit mindre område, må NO fastsetja normalform og dermed ta stilling til spørsmålet om sjølvstendig språkhistorisk (etymologisk) utvikling eller om det er eit resultat av (synkron) målførevariasjon. I praksis er dette å avgjera om ei ordform skal ha lemmastatus (eigen ordartikkel) eller stå som variant under eit anna lemma.

MO har normalisert alt tilfang som finst i samlingane. Det omfattar Grunnmanuskriptet og Torp, men førebels ikkje Aasen og Ross. MO har i ein viss mon overnormalisert, i samsvar med tidlegare praksis i Setelarkivet. Det vil seia at ein har (som Aasen) slegi saman ordformer der det kan vera tvil om ei ordform har variantstatus eller oppslagsordstatus. Dette for å sikra at redaktøren alltid har oversyn over tilfanget.

Det er alltid redaktøren som har siste ansvar for at utskiljing av oppslagsord er rett utført.

2.4.1 Variant eller eige ord?

Ein vil ofte oppleva at kjeldene ikkje gjev eintydig svar på om ei ordform skal ha status som eit eige oppslagsord eller om ho skal førast som variant under eit anna oppslagsord.

Døme:

ibben adj

Ordet er berre kjeldefest hos Ross, med tilvising til *ybben*, som òg står hos Aasen. Det finst også eit verb *ybba*. Dette blir ei variantform med krysstilvising i NO:

ibben adj sjå *ybben*

Døme:

ibellen adj

MO har ti belegg frå Meldal og Rennebu, med temmeleg samanfallande opplysningar om tyding og bruk. Trønderordboka har *ibellen* som variantform under **illbellen**, med nærskyld, men noko ulik tyding.

Spørsmål: Er *ibellen* ei form av *illbellen*?

Svar: Dersom det er samanfall, må *ill-* ha vorti redusert til *i-* (p g a utvikling av palataliseringa av *-ll* framfor *b-*). Då må det finnast andre døme på ei slik utvikling. Men dette er truleg ikkje ei generell fonologisk utvikling (kjelde: TEJ). Då er det mest rimeleg å tolka *ibellen* som avleiing med det intensiverande prefikset *i-* (jfr *i-* i NO). Det blir to ordartiklar: éin for **ibellen** og éin for **illbellen**.

Merk at det er ikkje nokon automatikk at vi skal ha same fordeling på lemma som Aasen og Ross. Det at vi tek med alt frå Aasen og Ross, vil ikkje seia at vi må gjera det på same måten som dei. Dersom vi finn at ordformer høyrer saman i éin artikkel av språklege eller systematiske grunnar, skal formene slåast saman sjølv om Aasen og Ross har dei under fleire oppslag. Berre i tvilstilfelle, der det verkar å vera like gode grunnar for å slå saman som å la oppslaga stå, eller der vi ikkje har datagrunnlag nok til å avgjera saka, skal Aasen eller (òg) Ross gjera utslaget.

2.4.2 Former med ulik rotvokal eller ulik rotutlydskonsonantisme

I sume tilfelle har basiskjeldene (Aasen, Ross, Grunnmanuskriptet) slegi saman oppslagsformer med ulik rotvokal under éin ordartikkel på semantisk grunnlag, endå om samanslåinga ikkje kan grunnleggjast fonologisk.

Døme:

glyvra ... *glova, gluva, gluffa, gluvra, glufstra, glyfstre, glumstre* (Aasen 1873; dei fire siste "meddelt")

I NO har alle desse ordformene eigne oppslag (I **glove**, I **gluffe**, **glufstre**, **glumstre**, **gluve**, **gluvre**, **glyfstre**). I dei fleste tilfelle er det komi til anna tilfang i tillegg.

Ofte vil ein finna at ord som står samla som variantar i basiskjeldene, er normerte separat i samlingane, og at samlingane har anna tilfang under kvart av oppslagsorda. Men også der oppføringa i basiskjelda under eit anna oppslagsord er einaste kjelde, skal ha ordet ha eigen artikkel dersom ein må gå ut frå at rotvokalen er produkt av ei sjølvstendig utvikling, såleis:

gluve f [A² u *glyvra*] glyvre (Ryf A²).

glufstre f [A² u *glyvra*] glyvre (Tel A², IA² A²).

2.4.3 Samansette preposisjonar i målføra

I norsk finst det mange preposisjonar som er samansette av stadadverb og preposisjon, slik som *oppunder*. I nokre av dei har det skjedd ei samansmelting av dei to ledda i mange målføre, slik som *punn, poinn, ponde* av *oppunder*; *tu, tur, to tor* av *utor*; og *ta, tå* av *utav*. Spørsmålet er då om dei fusjonerte variantane skal handsamast under det semantiske motstykket (som **under** for *punn*) eller under den restituerte fullforma (som **oppunder** for *punn*), eller om den fusjonerte forma skal få ein eigen normalartikkel (**pund**).

Den fusjonerte forma skal handsamast under det semantiske motstykket. Det vil altså seia at *punn* o a skal koma under **under**, medan artikkelen **oppunder** skal reserverast for dei belegga der *opp*-elementet står tydeleg fram med klårt uttala (eller skriven) o fremst i ordet.

På den måten unngår ein plass- og tidkrevjande dobbeltbehandling av tydingsstruktur og funksjonar. Dessutan får ein klårare oversyn over den geografiske fordelinga når formene med og utan *p*- (i eksemplet *pund*) blir sett i forhold til einannan i same artikkelen.

Dersom den fusjonerte forma (*punn* o a) berre blir brukt i sume av tydingane til oppslagsordet (**under**), får ein forklara det i artikkelen.

Artikkelen for den samansette preposisjonen (**oppunder**) må ha ei tilvising til grunnordsartikkelen for etterleddet (**under**), og det må òg vera tilvisingsartikkel dit frå dei (viktigaste) samansmelta målføreformene.

I artikkelen som får handsaminga (**under**), må hakeparentesen innehalda opplysningar om opphavet til dei samansmelta formene (at formene med *p*- kjem frå *opp*).

2.4.4 Målføreform som grunnlag for nye ord

I sjeldne tilfelle kan ei spesiell målføreform av eit ord bli grunnlag for nye ord som ikkje kan førast til den opphavlege normalforma. Her må ein vurderer å gjera målføreforma til eit eige lemma.

Døme:

støyg adj [R u *stødug*; til *stødig*] stødig (Set, Suldal, Sauda R).

støygja v **støyg** [til *støyg*] gjera stødig (Valle).

støygna v -a [til *støyg*] verta stødig (6a) (t d etter ein sjukdom) (Valle).

Her er *støyg* i utgangspunktet ei målførevariant av **stødig**, men det verkar umogleg å normera dei to verba til ei form som går ut frå *stødig*. For systematikk og samanheng er då *støyg* trekt ut av hakeparentesen til **stødig**. Alternativt kan ein under **støygja** visa til "ei målf-form av *stødig*" (eller ei liknande formulering).

2.5 Jamstelte og alternative oppslagsformer

Dette kapitlet tek opp nokre spesielle problem med jamstelte og alternative oppslagsformer med tanke på kva artiklar som skal skiljast ut av materialet, og korleis ein vidare skal normera og alfabetisera dei. Sjå elles punkt 4.1 om oppslagsbolken.

2.5.1 Adjektiv og adverb på *-ande* eller *-ende*

Der **både endingar finst for same ordklassa**, er *-ande* overordna, dvs det skal vera alfabetisering på *-ande*:

Type	Døme
xxxande el xxxende adj	dammande el dammende adj
xxxande el xxxende adv	illande el illende adv

Der **både ordklassene finst for same ending** er "adj" overordna, dvs:

Type	Døme
xxxande adj	ibuande adj
xxxende adj	augende adj

Så kjem adverbial bruk som tydingsbolk, eller som undertyding i ein tydingsbolk, i adjektivartikkelen.

Dersom **båe endingane og båe ordklassene finst**, blir det:

Type	Døme
xxxande el xxxende adj	fælande el fælende adj

Adverbiell bruk kjem òg her anten som tydingsbolk eller inkludert i ein tydingsbolk som undertyding.

Dersom **eit ord på -ande berre er belagt som adverb** og vi ikkje har eller kan skaffa tilfang som syner adjektivisk bruk, blir det:

Type	Døme
xxxande adv	kjernande adv

Dersom **eit ord på -ende er nytta berre som adv** og det ikkje finst tilfang på *-ande*, blir det:

Type	Døme
xxxende adv	iggende adv

Denne praksisen avløyser ei etymologisk tilnærming i NO, der ein såg på om ordet er ei avleiing frå eit substantiv eller eit verb (jfr BeitoNGr s 132). Det er ofte uråd å avgjera og er i alle fall berre tale om tendensar.

Dersom ordet er belagt både med *-ande* og *-ende*, **skal det vera tilvisingsartikkel** frå *-ende*-forma til oppslagsforma med *-ande*.

Det kan tenkjast tilfelle der dei to artiklane fylgjer kvarandre alfabetisk. I så fall kan det vera aktuelt å ikkje laga tilvisingsartikkel. (Tilvisingsartiklar frå oppslagsformer etter "el" er berre av nytte for papirutgåva; i den elektroniske utgåva får ein treff på rett artikkel i alle fall.)

2.5.2 Samansetningar med alternative, fullsynonyme etterledd

Sume samansetningar har etterledd som finst i nærskyldte variantar som ikkje er jamstelte oppslagsord, men likevel svarar noggrant til kvarandre, t d *-sykje* f og *-sjuke* m, f. Belegga på samansetningane kan innehalde anten berre éi av formene eller begge to.

Har ein belegg på begge formene, skal det opprettast artikkel på den forma som er definert som "primærform" som grunnord. I dømet over vil det seie *sykje*, der grunnordsartikkelen *sjuke* får ei

knappare handsaming med synonymdefinisjon til *sykje*. Har ein belegg på samansetningar med eit fyrsteledd *x-* og både *-sykje* og *-sjuke* som etterledd, skal alt førast under *x-sykje*.

Dersom det berre finst belegg på éi form (som anten *-sykje* eller *-sjuke*), skal denne forma vera grunnlag for artikkelen, altså anten *x-sykje* eller *x-sjuke* som oppslagsord.

vekst og *vokster* blir likevel i større grad handsama som to ulike ord. Samansetningar med *-vekst* og *-vokster* bør då plasserast under det ordet som har flest belegg. Er det ganske mange belegg på begge (som under *opp-*), bør det redigerast to artiklar, men den eine bør då ha synonymdefinisjon til den andre, slik det er gjort under **oppvekst** og **oppvokster**. I slike tilfelle bør ordet på *-vokster* reknast som "hovudordet" og ha den fulle definisjonen, så langt han er sams for begge.

Med *verd*, *verde* og *verdi* har vi tre ord som ikkje alltid står i det same tilhøvet til kvarandre: *verde* svarar ofte til *verdi* og ikkje *verd* (som i *salsverde*), men kan òg heller overlappa med *verd* (som i *truverd(e)*).

- Samansetningar som finst med *-verd* som den mest brukte forma i materialet, skal som hovudregel handsamast med dette andreleddet, men med synonymdefinisjon på *-verde* der det finn støtte i materialet.
- Samansetningar som viser overlapp i bruken av *-verde* og *-verdi*, skal av omsyn til samanhengen i verket få hovudhandsaminga si under *-verde*, men med synonymdefinisjon på *-verdi* der dette finn støtte i materialet.
- Samansetningar blir redigerte berre med andreleddet *-verdi* når materialet viser eintydig bruk av dét som andre samansetningsledd.

3 Avsnittsstruktur

I NO – og i ordbøker ålment – er det å plassera ordartiklar samla i avsnitt ein måte å markera at desse ordartiklane høyrer saman. Avsnittsstruktur i NO er såleis bunden av:

- ordtype
- artikkeltype
- rekkjefylgje

Sume artikkeltypar må ha eige avsnitt, medan andre kan gå inn i avsnitt i lag med andre artikkeltypar.

I band 1–4 vart det etter kvart vanleg å setja i same avsnitt artiklar som fylgde kvarandre alfabetisk og hadde sams opphav, endå om dei ikkje var samansetningar. Dette vart gjort etter visse reglar, men ikkje konsekvent og dels etter plassomsyn og typografiske omsyn i korrektur. Frå NO band 5 er utsjånaden på NO og dermed avsnittsreglane mykje endra.

I redigeringsprogrammet er innsetjing av merke for "nytt avsnitt" ein sekundærfunksjon. I utgangspunktet bør alle artiklar redigerast slik at dei kan stå åleine.

Reglane for avsnittsinndeling i Norsk Ordbok er det gjort greie for i punkt 3.2 og 3.3.

3.1 Artikeltypar

NO har fire artikkeltypar, nemleg:

- 1 Normalartikkel Denne artikkeltypen gjev informasjon om form, bøyning, tyding og bruk av eit visst oppslagsord. Dette er den dominerande artikkeltypen.

Normalartikkelen dekkjer alle ordtypar:

- grunnord
- avleiingar
- samansetningar
- fleirordige oppslag

Normalartikkelen blir grundig behandla i kapittel 4 i handboka.

- 2 Fyrsteleddartikkel Denne artikkeltypen femner om avleiingsprefiks og fyrsteledd til samansetningar, med oppslagsordform **xxx-**. Fyrsteleddsartikkelen kan ha "sekk" med døme på samansetningar med det aktuelle fyrsteleddet. Fyrsteleddsartikkelen kan også innleia ei rekkje med normalartiklar for

samansetningar. Dei fleste fyrsteleddsartiklar til samansetningar kombinerer desse to trekka. Det er eit eige artikkelskjema for leddartiklar. Dette er ei redusert utgåve av normalartikkelen. Om redigering sjå kapittel 6.

- 3 Etterleddsartikkel Denne artikkeltypen er sett opp for avleiingsendingar og andre etterledd, serleg slike som ikkje eksisterer som sjølvstendige ord i NO, med oppslagsordform **-xxx**; Det er eit eige artikkelskjema for leddartiklar. Dette skjemaet er ei redusert utgåve av normalartikkelen. Om redigering sjå kapittel 7.
- 4 Tilvisingsartikkel Denne artikkeltypen gjev interne tilvisingar (frå éin stad i NO til ein annan). Det er eit eige artikkelskjema for tilvisingsartikkelen. Dette er ei sterkt redusert utgåve av normalartikkelen. Om redigering sjå kapittel 8.

Dei fire artikkeltypene har i hovudsak same struktur, men òg viktige skilnader som er knytte til funksjon, og dei blir difor handsama i kvar sine kapittel.

Funksjonsskilnadene slår fyrst og fremst ut i kor mange opplysningskategoriar det er (i programmet: talet på tabellar og felt). Der er normalartikkelen rikast, deretter leddartikkelen og til sist tilvisingsartikkelen.

I redigeringsprogrammet er det normalartikkelen som er grunnforma for ordartikkelen – dei tre andre er tilpassingar av denne forma. Alle artikkeltypar kunne ha vori skrivne inn i redigeringskjemaet for normalartikkelen. For å unngå feil (på grunn av for mange moglege val) er det i staden laga ulike artikkelskjema for kvar av dei tre artikkeltypene.

3.2 Artikkeltypar i egne avsnitt

Desse artikkeltypene har alltid eige avsnitt:

- normalartikkel for grunnord (**raud; springa; torpedo**)
- normalartikkel for fleirordige oppslag (**ex cathedra; god aftan**)
- normalartikkel for avleiing utan bindestrek i oppslagsforma (**ufin; vanskeleg**)
- fyrsteleddsartikkel
- etterleddsartikkel
- tilvisingsartikkel

3.3 Innsetjing av avsnitt

Ved innsetjing av avsnittsmerke bruker ein artikkelkortet i redigeringsprogrammet. Det har avkryssingsruter for:

- Papirutgåve 2014
- Start avsnitt, papirutgåve 2014

Kvar redaktør rettar sitt manus.

3.3.1 Tilvisingsartiklar, fyrsteleddsartiklar og etterleddsartiklar har egne avsnitt

i alt	TILVISINGSARTIKKEL
-ian	ETTERLEDDSARTIKKEL
-iater	ETTERLEDDSARTIKKEL
-iatri	ETTERLEDDSARTIKKEL
iatro-	FØRELEDDSARTIKKEL

Når ein tilvisingsartikkel utgjer eit eige avsnitt, følgjer det at ei samansetning som kjem etter, òg må få avsnittsskifte (ei samansetningsrekke må altså ta til med ein normalartikkel):

ku-leige	TILVISINGSARTIKKEL
ku-leit	NORMALARTIKKEL

3.3.2 Grunnord og avleiingar har egne avsnitt

Suffiksavleiingar og prefiksavleiingar utan bindestrek i oppslagsforma får egne avsnitt.

idiot	NORMALARTIKKEL
idioti	NORMALARTIKKEL
idiotisera	NORMALARTIKKEL
idiotisk	NORMALARTIKKEL
idiotisme	NORMALARTIKKEL

3.3.3 Ei innskoten samansetning får eit eige avsnitt

idyll	NORMALARTIKKEL
idyll-dikting	NORMALARTIKKEL
idyllikar	NORMALARTIKKEL
idyllisk	NORMALARTIKKEL

3.3.4 Oppslagsord med homografnummer har egne avsnitt

Både grunnord og samansette ord utgjer egne avsnitt når dei står med homografnummer. "Eigne avsnitt" vil òg seia at slike ord ikkje kan innleia ei rekkje med innrykte samansetningar.

I igel	NORMALARTIKKEL
II igel	NORMALARTIKKEL
I skard-bit n	NORMALARTIKKEL
II skard-bit adj	NORMALARTIKKEL
skard-biten adj	NORMALARTIKKEL

3.3.5 Fyrste samansetning i ei samansetjingsrekkje startar avsnitt

I igel	NORMALARTIKKEL
II igel	NORMALARTIKKEL
igel-	FØRELEDDSARTIKKEL
igel-bjørk	NORMALARTIKKEL
-bur	NORMALARTIKKEL
-gran	NORMALARTIKKEL
-gras	NORMALARTIKKEL
-gras/tuve*	NORMALARTIKKEL
-gris	NORMALARTIKKEL

* Ei tuve med planten igelgras (ikkje ei grastuve med igel), jfr punkt 3.3.8 nedanfor.

Slike fyrste samansetningar i ei rekkje kan koma etter ulike typar ord og orddelar (slik som eit fyrsteledd ovanfor). I visse høve kan dei då òg koma etter ei anna samansetning, sjå punkt 3.3.1 (*ku-leit*), 3.3.4 (*skard-biten*), 3.3.7 (*m a jukse-bolk*) og 3.3.8 (*innestad-dag*).

3.3.6 Samansetningsrekkje avbroten av grunnord

Der ei samansetningsrekkje blir broten av eit grunnord, byrjar rekkja på ny, som her:

igjen-

igjen-kjennande

-lagd

igjennom

igjen-seg-kjennande

igjen-takar

-våga

3.3.7 Avsnittsskifte for samansetningar til homografseparerte fyrsteledd

Dersom det er fleire fyrsteledd som er homografar, blir det avsnittsskifte ved skifte av fyrsteledd.

jukse-arbeid

jukse-bolk

-båt

jukse-fant

jukse-forsynd

-kall

jukse-lapp

Sjå punkt 9.5 for måtar å visa kva homograf fyrsteleddet står til, og kva ein gjer når ein ikkje kjenner tilknyttinga til fyrsteleddet.

3.3.8 Avsnitt for to eller færre sekundærsamansetningar

Samansetningar blir i utgangspunktet delte med bindestrek i hovudskiljet i ordet, men for å unngå for mykje "rask" veksling fram og tilbake mellom innrykk og fullskrivning, er det laga eit unntak: Dersom det er eitt eller to treledda samansette ord (sekundærsamansetningar, jfr punkt 4.1.2.8) *innrykte i ei "rekkje" saman med andre innrykte samansetningar*, lèt vi dei stå som her:

kjøp-slå

-stad

-stad/privilegium

-stad/rett

-stemne

-stove

-svein

knall-perle

-perle/hus

-pik

-pistol

Alternativet er eit samansett fyrsteledd (som *innestad-* nedanfor), og då skal ein ha minst 3 sekundærsamansetningar på rad i ein slik situasjon (altså nedi rekkja med samansetningar under eit fyrsteledd, som *inne-* her):

inne-sete

...

-sperra

innestad-dag

-fe

-ku

-vatn

-ver

Når treledda ord ikkje står i ei rekkje med innrykte toledda samansetningar (jfr over), blir dei heller delte i hovudskiljet, altså etter dei ordinære reglane:

knall-perle

knallperle-hus

knallra

Dømet over er i samsvar med punkt 3.3.3 (innskotne einskildsamansetningar får eigne avsnitt).

sør-pol m

sørpol-ekspedisjon m

-farar m

sørput adj

Dømet over er i samsvar med punkt 3.3.5 (fyrste samansetning i ei rekkje startar avsnitt).

Merk at fullskrivne samansetningar skal ha bindestrek i hovudskiljet i ordet. Skråstrek blir berre brukt for visa hovudskiljet i ei samansetning som står i rekkje under fyrsteleddet i fyrsteleddet (etter reglane ovanfor), sjå meir i punkt 4.1.2.8 *Leddanalyse*.

Avleiingar av ord i bruk som sjølvstendige samansetningar fell ikkje inn under denne regelen. Slik blir ord som *uthaldenheit* (*-heit* sett til *uthalden* og ikkje ei samansetning av *ut* og eit *haldenheit*) fullskrivne og ikkje rykte inn under *ut-* (og vi kan ikkje bruka skråstrek framfor avleiingssuffiks). Sjå òg punkt 4.1.2.1 *Oppslagsord for grunnord og avleiingar*.

3.3.9 Avsnittskifte ved samansetning som fyrsteledd

Dersom ei samansetning gjev opphav til eit nytt fyrsteledd, blir avsnittskiftet som nedanfor. Merk at **inn-tekt** og **natt-verd** får egne avsnitt.

inn-teikning

-teken

inn-tekt

inntekts-

inntekts-arbeid

-auke

...

-år

inn-telja

natt-vektar

-vending

natt-verd

nattverda v

nattverds-

nattverds-bord

-brød

4 Normalartikkelen

Normalartikkelen samordnar alle opplysningane om eit gjevi lemma som samlingane har. Hovuddelane er oppslagsbolken, hakeparentesen (variantbolken) og artikkelkroppen, som inneheld tydingar med døme. Sjå òg punkt 1.3.

4.1 Oppslagsbolken

Funksjonen til oppslagsbolken er å identifisera lemmaet eintydig i høve til rettskriving, ordklasse og bøying. For det store fleirtalet av lemma i NO er dette nok.

Opplysningane i oppslagsbolken er avgrensa og formaliserte. Ordform og ordklasse blir genererte frå Metaordboka. For dei fleste ordartiklar er dette nok, og redaktøren kan gå rett vidare til hakeparentesen.

Oppslaget inneheld desse kategoriane:

- mogleg homogرافnummer (i prent framfor ordet, i redigeringskjemaet i eit eige felt)
- sjølve oppslagsordet (i prent i halvfeit, i redigeringskjemaet i eit eige felt; generert frå MO)
- mogleg vokalparentes (i prent rett etter ordet i kursiv, i redigeringskjemaet i eit eige felt)
- obligatorisk grammatisk merking (i prent etter ordet, i redigeringskjemaet i ein eigen tabell; generert frå MO)
- moglege bøyingsopplysningar (i prent etter den grammatiske merkinga i halvfeit, i redigeringskjemaet i eit eige felt)

Døme:

Med alle kategoriane: II **bosa** (ò) v -a

Enklaste oppføring: **gard** m

4.1.1 Oppslagsbolken i redigeringsprogrammet

Oppslagsbolken er sett opp slik at han kan dekkja maksimumsbehov i Norsk Ordbok, t d verb med fleire både sterke og linne paradigme eller substantiv med uregelrett bøying i fleire genus. Til vanleg treng ein ikkje fleire opplysningar enn dei som fylgjer med frå Metaordboka når artikkelen blir generert opp (oppslagsform og ordklasse). For verb treng ein som standard òg bøying i fortid.

Oppslagsbolken i redigeringsprogrammet har tre tabellar. Det er:

- oppslagstabellen
- ordklassetabellen
- bøyingstabellen

Kvar tabell kan ha fleire postar, svarande til ei rad. Kvar post (rad) har fleire felt.

Tabellane har denne feltinndelinga (sjå òg programretteiinga punkt 13.2 *Oppslagskortet*):

Oppslagstabellen

Feltinnhald	Feltnamn	Merknad om utfylling
Homografnummer	Hom#	Skriv arabisk tal
Oppslagsord (lemma)	Oppslag	Henta frå MO – alternativ form i ny tabellrad
Vokalparentes	Vokalparentes	Skriv berre vokal (ikkje parentesbogar)
Leddelt oppslagsform	Leddanalyse	Henta frå MO – modifisering ved redaktør

Ordklassetabellen

Feltinnhald	Feltnamn	Merknad om utfylling
Ordklasse	Ordklasse	Meny
Tilleggsopplysning (spesifisering) om ordklasse	Tilstand	Meny

Bøyingstabellen

Feltinnhald	Feltnamn	Merknad om utfylling
Paradigmegruppe	ParGr	Aktuell berre for verb med både sterk og linn bøying. Skriv inn nummer for rekkjefylgje
Paradigmenummer	ParNum	Til nummerering av bøyingsinformasjon der det er valfri bøying. Skriv inn nummer for rekkjefylgje

Trykk bøyingsnemning	Trykk tilstand	Dersom nemne for bøyingsform skal prentast, ha hake her
Avstytting for bøyingsnemning	Tilstand bøyingsform	Meny
Trykk informasjon om bøyingsform	Trykk bøyingsform	Dersom bøyingsform skal prentast, ha hake her
Bøyingsform	Bøyingsform	Fritekst
Tilvisingsfelt	Sjå artikkel	Dersom ei bøygd form har eit eige oppslag, set inn tilvising her

4.1.2 Oppslagsordet

Oppslagsordet (lemmaet) er inngangen (overskrifta) til den einskilde ordartikkelen.

Ord som kan bøyast, står til vanleg i grunnform (ubøygd form), dvs:

- for substantiv: ubunden form eintal
- for adjektiv: sterk form felleskjønn eintal positiv. Adjektiv med valfridom mellom *-et*, *-ete* og *-ut*, blir berre førde opp med *-ut* (NO 1–4: *-ut* el *-et(e)*)
- for verb: infinitiv (på *-a*)

Oppslagsordet skal fylgja 1938-rettskrivinga i samsvar med reglane for målval i NO (sjå punkt 1.4).

Det vil seia:

- Vi bruker berre hovudformer (ikkje sideformer) i oppslaget. Hovudform frå 1938 står som hovudform i NO, endå om ho er blitt redusert til sideform seinare.
- Ei eineform frå 1938 som er endra seinare til ei anna eineform, skal alfabetiserast under 1938-forma, med den seinare forma som alternativ form (**gjente** el **jente**). Sjå nedanfor om unntak for importord.
- Eit ord med to jamstelte former i 1938 skal førast under den forma NO prioriterer for det ordet. Oftast er det den tradisjonelle forma (**gnida** el **gni**), men ikkje alltid (**lyd** eller **ljod**).
- Eit importord som har fått norvagisert form etter 1938, skal førast under den norvagiserte forma med 1938-forma som alternativ form (**kupp** el **kup**).
- Eit importord som har fått jamstelt norvagisert form etter 1938 blir til vanleg ført under den norvagiserte forma føreset at ho har slått igjennom, men her må det nyttast skjøn.

- Ei avleiing frå eit namn skal først med rettskriving ut frå aktuell (gjeldande) offisiell namneform (**kinesisk**, ikkje **chinesisk**).
- Eit ord som ikkje er normalisert i nynorsk, kan vera normalisert i bokmål. Sjekk mot *Tanums store rettskrivningsordbok*. Det skal ikkje vera uturvande skilnader i skrivemåten mellom bokmål og nynorsk (t d av importord).

For samansette ord sjå punkt 4.1.2.3.

4.1.2.1 Oppslagsord for grunnord og avleiingar

Kriteriet NO bruker for å skilja mellom affiks og samansetningsledd, er om leddet finst som eit eige ord, sjå òg punkt 6.1.

Til skilnad frå samansetningar skal *suffiksavleiingar* ikkje ha bindestrek i oppslagsforma. Etterledd som *-neva* og *-beint* skal ha bindestrek framfor seg, sjå punkt 7.3 *Samlagingar*. Suffiksavleiingar av ord som finst i bruk samansette, fylgjer vanlege reglar og skal altså ikkje delast med bindestrek i oppslaget. **Døme: uthaldenheit** 'det å vera uthalden', **utbytar** 'ei(n) som utbyter nokon' (ord frå politisk teori). (Døme på det motsette: **ut-byggjar** 'ei(n) som byggjer ut', **inn-bytar** 'ei(n) som blir bytt inn', **fast-frysing** 'det å frysa fast'.) Der det finst ein samansett og ein usamansett variant av ordet som avleiingsbasen står til (*utbyggja* og *byggja ut* i høve til *utbygg(j)-*), går vi ut frå den vanlegaste varianten, om ein slik peikar seg ut (her *byggja ut*); elles kan vi setja bindestrek.

Mange *prefiksavleiingar* skal ha bindestrek i oppslagsordet; berre ei mindre gruppe "reine prefiks", som *an-*, *be-*, *ge-* og *u-*, skal ikkje ha bindestrek etter seg. For band 12 ligg det an til at det berre er ord på *u-* som ikkje skal ha bindestrek.

(Dette er gjeldande reglar mot slutten av arbeidet med ordboka, og det har veksla korleis avleiingar har vori handsama i NO.)

Valfrie hovudformer i 1938-rettskrivinga blir for grunnord førde parallelt med "el" imellom. Er det komi ei ny hovudform i 1959 eller seinare, skal den òg føyast til. Eit oppslagsord som er grunnord, kan altså ha éi eller fleire former.

Døme:

Berre éi form: II **byrd**

Fleire variantformer, som er bundne saman med konjunksjonen *eller*, avstytt til "el": III **byrd** el **byrde** el **bør**

Når oppslagsordet har fleire former, er éi av dei prioritert, og det er den prioriterte forma som avgjer den alfabetiske plasseringa i ordboka: II **fløygen** el **fløyen** adj står mellom **fløygd** og **fløyghaldar**. Ei liste over prioriterte former står under punkt 1.4.1.2. Det er dei formene som skal brukast i redaksjonell tekst i ordboka.

Frå den ikkje-prioriterte forma skal det vera tilvising til den prioriterte forma:

III **fløyen** adj sjå II *fløygen*

4.1.2.2 Oppslagsord i bøygd form

Oppslagsord i bøygd form er sjeldne unntak, men førekjem for substantiv og verb.

Substantiv kan få oppslagsord i bøygd form (eintal bunden form eller fleirtal ubunden form) dersom berre denne forma er kjeldefest i tilfanget. Oppslagsordet innleier då ein normalartikkel.

Typiske døme er nemne for fortidige folkeslag, eller leksikaliserte propriumliknande ord (ofte personifiseringar, eller nemne for fenomen som det berre finst eitt av.

Døme:

getar m pl

Aasen og Ross har ein del tilvisingsartiklar frå bøygde former til normalartikkelen for grunnordet. Det gjeld serleg sterke verb – fortidsformer og partisipp og i sume tilfelle fleirtalsformer. NO har skori ned på denne praksisen, men det er framleis høve til å setja inn ei slik tilvising dersom det er grunn til å tru at forma kan vera vanskeleg å identifisera for brukarane våre.

Døme:

gingo v ft pl sjå / gå

I band 1–4 har vi òg laga tilvisingsartiklar frå uregelrette bøyingsformer i normalmålet til grunnord (t d bøygde former av sterke verb, uregelrette fleirtalsformer av substantiv eller gradbøygde former av adjektiv). Dette har vi gått bort frå.

Bøygde (uregelrette) former av adjektiv, pronomer og adverb som har eigen normalartikkel, får også både ordklassemerking og merking for ordklassetilstand.

Døme:

eldre adj komp

Merk at bøyingsformspesifiseringa til ordklassa har eit eige felt, sjå punkt 4.1.3.6.3 nedanfor.

4.1.2.3 Oppslagsord for samansetningar

Samansetningar har bindestrek i oppslaget. Sjå punkt 3.2 for avsnittsskifte og punkt 4.1.2.8 for leddanalyse og bruk av skråstrekar i oppslagsforma.

Samansette lemma skal berre ha éi form, òg om lekkane kvar for seg har alternative oppslagsformer. (I band 1–3 kunne samansetningar ha alternative former.) Det er nokre fåe unntak frå denne regelen, sjå punkt 4.1.2.3.1 nedanfor.

Forma ein skal velja, er den som kjem fram når ein set saman dei to orda som står fremst på oppslagsplass i NO. (Merk at den forma som står fremst på oppslagsplass i NO, ikkje alltid er den forma som kjem fremst i ei alfabetisk rekkjefylgje, jfr **jul** og **jol**.)

Døme:

aftan el **eftan** m

jul el **jol** f

men berre:

jul-aftan m

Normalt har samansette lemma rett form og ordklasse ved generering frå Metaordboka.

4.1.2.3.1 Samansetningar med serskild normering

I nokre fåe tilfelle er ei samansetning blitt normert som einskildord både i 1938 og i 1959. Det gjeld m.a. **knytt-neve** (eineform 1938), **knytt-neve** (eineform 1959) og **lad-stad** (eineform 1938), **lade-stad** (eineform 1959). I slike tilfelle blir det ført to former av oppslagsordet.

To slike oppslagsformer fører ein òg for dei fåe samansetningane som er serskilt normerte med valfrie former i 1959 eller seinare, som **lute-fisk** og **lut-fisk** (berre **lut-fisk** i 1938) og **lån-ord** og **låne-ord** (ikkje normert i 1938). Her har altså ikkje tilsvarande samansetningar variantar i normeringa; det heiter t.d. berre **låne-garanti** og berre **lån-takar**.

Føringa blir slik (på prent), med det sams leddet nemnt berre éin gong:

lån- el **låne-ord**

I leddanalysefeltet i programmet må ein her ha "lån*" på fyrste lina i oppslagsdelen og "låne*ord" på andre lina. (I tabellen under "Oppslag" skal derimot begge orda stå fullskrivne, slik at ein kan søkja på dei elektronisk.) NB: For å sikra seg at samansetninga *kjem på rett alfabetisk plass på prent*, må ein fylla ut *lånord* i feltet "Sorteringsform" (sjå programrettleiinga punkt 13.1 *Artikkelkortet*). Då blir oppslaget alfabetisert på "lånord" og ikkje "lån-" i ordboksteksta.

4.1.2.3.2 Samansetningar med fyrsteleddet i perfektum partisipp

I målføra, serleg nordanfjells, kan fyrsteleddet i ei samansetning stå i perfektum partisipp, sjølv om dette er noko som ikkje er fanga opp av grammatikkbøkene. Døme er *boknafisk* (fisk som er bokna, dvs halvturka), *flammand* (hoseband som er flamma) og *kliptsukker* (sukkerbetar som er klipte laus frå ein sukkertopp). Partisippen kan òg vera ein del av eit samansett adjektiv, som i *nysilamjøl*. a-verb utgjer den største bøyingsklassa av norske verb, og størstedelen av desse samansetningane har fortidspartisipp på *-a*. Då fell slike ledd saman (i fonologisk og ortografisk form) med ledd med a-fuge som ein variant av e-fuge, altså verbstomn + fugeelement *-a-* (jfr punkt 6.3.2 og 6.3.3.1).

I samansette substantiv der *-a-* i fugen er einerådande i tilfanget og der det er høgst sannsynleg at fyrsteleddet er fortidspartisipp av a-verb, kan ein normera med *-a-*. (Dersom oppslagsforma i Metaordboka har *-e-*, må ho dermed overprøvast, og MO-forma må endrast.)

Dette gjeld dersom ordet ikkje tidlegare er normert i ordbøker – er ordet normert, fylgjer vi normeringa (i tråd med vanlege reglar).

Der vi har belegg på både *-a-* (òg med fortidspartisipp) og *-e-*, blir ordet normert med *-e-*. Eventuelt kan ein få fram tilknytninga til fortidspartisipp i målføredelen av hakeparentesen i samansetningsartikkelen (i ein fyrsteleddsartikkel om det gjeld fleire samansetningar, jfr **klappe-**). I sume tilfelle kan vi ha to skilde ord med ulik tyding, sjå **målastav** og **målestav**.

Eit anna tvitydig element i samansetningar er *-ar-*, sjå punkt 6.3.3.4.

4.1.2.4 Aksentbruk i oppslagsord

Framandord som har aksent som del av rettskrivingsforma, har med aksenten i oppslagsforma i Norsk Ordbok.

Døme:

allé m

konsommé m

For ord av nordisk eller germansk opphav bruker vi ikkje aksentteikn i oppslagsordet, endå om ein brukar det i redigeringsmålet elles. (Vokalparentesen er dels ein kompensasjon for dette.)

Døme:

roten adj (ikkje **røten**)

ver n (ikkje **vêr**)

Sjå òg punkt 1.4.2.2.

I det fylgjande tek vi for oss felt for felt i oppslagstabellen i redigeringskjemaet.

4.1.2.5 Oppslagsordet: føring og rekkjefylgje av former

Feltet "Oppslag" er nykelfeltet i denne tabellen. Her kjem kvart nytt oppslagsord automatisk opp.

Ein kan føya til ei ordform nr. 2, eventuelt med anna ordklasse, ved å velja ny post (rad) (med piltast).

Når ein gjer dette, skal den prioriterte NO-forma (normalt den som blir generert frå MO) alltid stå fyrst.

Hovudform frå 1938 står som hovudform i NO, endå om ho er blitt redusert til sideform seinare. Hovudform frå 1959 eller seinare blir lagd til.

4.1.2.6 Homografnummer

Når både ordform og ordklasse er identisk, avgjer redaktøren rekkjefylgja etter reglane som er nemnde i punkt 2.3 med underpunkt.

Homograffeltet blir fylt ut med arabisk tal. I utskrift og visingsfelt kjem homografnummeret fram som eit romartal. Nummeret "0", som står automatisk i feltet når ikkje noko anna er valt, visest ikkje i utskrift.

Alternative oppslagsformer som ikkje står fremst (jfr førre punktet), skal aldri ha homografmerking (dvs at dei alltid skal ha "0"), heller ikkje om dei er like i forma med andre oppslagsord.

Homografmerking er altså berre relevant for oppslagsformer som står fremst i artikkelen.

Døme:

V **kik** el **kikk**

(Det finst fleire homografar **kikk**.)

4.1.2.7 Vokalparentes

For ein del arveord i norsk er det vokalkvaliteten i rota som syner opphav. For Aasen og Ross var vokalkvaliteten i rota eit kriterium for homografseparering og val av skriftsymbol (bokstav) i den normerte rettskrivinga. Ordbøkene til Aasen og Ross har opplysning om den nedervde uttalen av rotvokalen er open eller trong, i dei tilfella der forfattarane meinte at det var relevant. Dei sette denne opplysninga i ein parentes etter oppslagsordet: dobbelskriving for trong vokal, apostrof for open: "**vita** (ii)" 'lasta, klandra' mot "**vita** (i)" 'ha kjennskap til'. NO nyttar aksent *aigu* (´) for trong vokal og aksent *grave* (`) for open: "**vita** (i)" vs. "**vita** (i)". Dei vokalane som kan få slike aksentar, er *e*, *i*, *o*, *u* og *y*.

I NO skal denne opplysningstypen stå i ein eigen (rund) parentes rett etter oppslagsordet. Vi kallar han vokalparentes.

NO har berre vokalparentes der Aasen eller Ross har det. Har oppslagsforma på grunn av nyare normering fått ein annan rotvokal enn Aasen og Ross hadde, fell parentesen bort.

Døme:

Ved open vokal: I **boga** (ò)

Ved trong vokal: I **bog** (ó)

Døme på bortfall av vokalparentes i NO:

A¹: **lide** (aab. i), v

A²: **lida** (i'), v

NO: **leda** v

For samansetningar gjeld det:

- Når Aasen eller Ross ikkje fører vokalparentes for samansetninga, fører vi ikkje vokalparentes, heller ikkje når det er ført vokalparentes for grunnordet. (Vi tek altså ikkje "ubedne" opp att vokalparentesen i samansetningar med grunnordet.)
- Når Aasen eller Ross fører vokalparentes for samansetninga, fører vi vokalparentes så sant leddet det gjeld, er synleg i den prenta utgåva, dvs ikkje er fyrsteleddet i ei innrykt samansetning.

Døme:

R:

Knitakløyvar (i`)

NO:

knite-kløyvar (i) m

eller

-kløyvar m

Gjeld vokalparentesen det fyrste av to jamstelte oppslagsord, blir han sett rett etter ordet han høyrer til.

Døme:

Il skjere (è) el skyru f

I oppslagstabellen skal sjølve vokalen med den rette aksenten fyllast inn i feltet "Vokalparentes". Programmet genererer automatisk parentesbogane og skrifttypen kursiv.

4.1.2.8 Leddanalyse

Leddeling av oppslagsord i Metaordboka blir vist i feltet for leddanalyse i redigeringsprogrammet. Metaordboka har flat leddeling med stjerne: frukt*tre*bløming. I utskrift skal leddelingsmerke bli erstatta med korrekte leddelingsmerke på dei måtane som er skildra i avsnitta nedanfor.

4.1.2.8.1 Leddelingsmerke i NO

I NO skal eit oppslagsord ha maksimum to leddelingsmerke.

- Det fyrste er alltid bindestrek. Bindestreken markerer det punktet der ein kan dela ord dersom dei inngår i ei samansetningsrekkje. Som regel fell bindestreken saman med den semantiske primærfugen (det semantiske hovudskiljet) i ordet. (I ordet *dameskinnhanske* – når det er brukt på vanleg måte – går hovudskiljet etter *dame*, ikkje etter *dameskinn*.)
- Det andre merket er ein skråstrek. Skråstreken blir nytta til å markera den semantiske primærfugen dersom orddelen framfor bindestreken inneheld ein del av – ikkje heile – det semantiske fyrsteleddet.

Sjå meir nedanfor om bruken.

4.1.2.8.2 Markering av semantisk struktur

Sekundærsamansetningar (jfr punkt 2.1.5.2.2) kan ha samansette fyrsteledd, samansette etterledd eller begge delar. Den morfologiske strukturen til fyrsteleddet (som *frukttre* og *lomme* i døma under) kan ha noko å seia for leddelingsmarkeringa, medan strukturen til etterleddet (som *bløming*, *ordbok* og *bladkvefs* i døma) ikkje har noko å seia, slik det òg går fram av døma nedanfor.

Semantisk struktur i sekundærsamansetningar blir markert slik:

Dersom *sekundærsamansetninga* har *fullskrivi oppslagsord*, skal berre leddelingspunktet mellom fyrste- og andreleddet vera markert:

Døme:

frukttre-bløming (ikkje: **frukt-tre/bløming**)

lomme-ordbok

(Vi er atterhaldne med å redigera sekundærsamansetningar, sjå punkt 2.1.5.2.2, og eit dømeord som *frukttrebløming* kvalifiserer i praksis ikkje til å stå som oppslagsord.)

Dersom sekundærsamansetninga *har eit samansett ord til fyrsteledd og står i ei samansetningsrekke under fyrsteleddet i fyrsteleddet*, står det bindestrek mellom ledda i fyrsteleddsordet, og skråstrek (/) ved leddelingspunktet mellom fyrsteledd og etterledd.

Døme:

frukt- ...

-tre/bløming

Dersom sekundærsamansetninga har eit samansett ord til etterledd og eit usamansett ord til fyrsteledd, står det bindestrek mellom fyrsteledd og etterledd. Leddelingspunktet i etterleddet er ikkje markert.

Døme:

lomme- ...

-ordbok

Dersom sekundærsamansetninga har samansette ord både som fyrsteledd og etterledd, blir det same prinsippet fylgt, dvs at leddelinga blir avhengig av om samansetninga står under heile fyrsteleddet, eller under fyrsteleddet i fyrsteleddet.

Døme:

frukttre- ...

-bladkvefs

eller:

frukt- ...

-tre/bladkvefs

Som det har gått fram av desse døma, kan sekundærsamansetningar med samansett fyrsteledd stå som oppslagsord på tre moglege måtar:

- fullskrivning: **frukttre-bladkvefs**
- berre etterleddet (står i rekke under fyrsteleddet): **-bladkvefs**

- etterleddet i fyrsteleddet pluss etterleddet (står i rekkje under fyrsteleddet i fyrsteleddet): - **tre/bladkvefs**

Kva for ein av desse måtane som er rett å bruka i det einskilde høvet, kjem an på avsnittsinndelinga i den konkrete sekvensen av oppslagsord, sjå kapittel 3 for reglar for avsnittsinndeling.

Når vi set bindestrek i såkalla samlagingar, sjå òg punkt 7.3 *Samlagingar*, kan bindestreken stå ein annan stad enn i det semantiske hovudskiljet. **ut-byggbar** har tydinga 'som ein kan byggje ut', altså semantisk "byggja ut-bar" heller enn *ut + byggbar*, men vi vel likevel å ha leddeling etter *ut*.

4.1.2.8.3 Føring av leddeling i oppslagskjemaet

I feltet "Leddanalyse" kjem leddelingsfrå Metaordboka inn av seg sjølv, føresett at oppslagsordet i artikkelbasen er kopla til Metaordboka. Er det eitt leddelingsmerke, blir det automatisk omsett til bindestrek i utskrift av programmet.

Oppslag	Leddanalyse
----------------	--------------------

sabotasjeaksjonsabotasje*aksjon

Resultatet blir: **sabotasje-aksjon**

Dersom det er to leddelingsmerke (stjerner), kan redaktøren måtta retta delinga manuelt ved å ta vekk ei stjerne i leddanalysefeltet.

- For det fyrste kan ikkje programmet vita kvar i ordet hovudskiljet går. Automatikken er stilt inn slik at det andre merket alltid blir tolka som markering av hovudskiljet. *lommeordbok* kjem dermed ut som **lomme-ord/bok** (fullskrivni) eller **-ord/bok** (innrykt) i staden for korrekt **lomme-ordbok** eller berre **-ordbok**. I slike tilfelle må redaktøren ta vekk stjerna mellom dei to siste ledda i leddanalysefeltet.
- Vidare kjem fullskrivne oppslagsord ut med skråstrek, òg om hovudskiljet er ved andre stjerna i leddanalysefeltet. I **frukttre-bløming** må ein såleis ta vekk stjerna mellom *frukt* og *tre* for å få rett utsjånad (jfr fyrste dømet under punkt 4.1.2.8.2).

4.1.3 Ordklassemerking (grammatisk merking)

Grammatisk merking vil seia ei grovidentifisering av ordet innanfor det grammatiske systemet, ved at det blir plassert i ei ordklasse. Substantiv blir plasserte i eit genus (kjønn). Grammatisk merking blir førd i ordklassetabellen i redigeringsprogrammet.

Den grammatiske merkinga gjev indirekte opplysning om bøyingsmønster for dei største gruppene av regelrett bøyde innhaldsord (substantiv og adjektiv – verba får ei ekstra opplysning om bøyingsklasse, sjå nedanfor). Men NO er inga rettskrivingsordbok. Ein kan difor ikkje automatisk gå ut frå at manglande bøyingsopplysningar i oppslagsbolken inneber at ordet blir bøygd heilt regelrett, eller at det finst belegg for alle former i paradigmet.

Døme: **galen** adj (inneber at ordet blir bøygd **galen – galen – gale/gali – galne**)

Ordform med grammatisk merking av den ordforma som skal stå på oppslagsplass, blir generert frå MO. Redaktøren skal berre føye til naudsynte tilleggsopplysningar.

Dersom oppslagsordet ikkje står i grunnform, skal ein nytta kategorien "ordklassetilstand" til å nemna kva bøygd form oppslagsordet har, jfr punkt 4.1.2.2 og 4.1.3.6.

4.1.3.1 Reglar for føring av ordklasse som er gjennomførde i MO og gjeld for NO

I NO *a-h* vil ein finna mange døme på at den grammatiske merkinga er styrd av tilfanget. Det gjeld serleg adjektiv kontra adverb, men også genus på substantiv. Grunnen er at svært mange oppslagsord i NO er normerte her for fyrste gong i høve til 1938-rettskrivinga.

For NO *i-å* gjeld det fylgjande:

- Alle oppslagsord skal ha ordklassemerking i ordklassefeltet, frå Metaordboka eller ved val frå menyen.
- Det skal berre stå éi ordklasse i oppslagsdelen.
- Alle ord som er dokumenterte i tilfanget både som adjektiv og adverb, får ordklassa adjektiv.
- Ord som er dokumenterte i tilfanget både som preposisjon og adverb, får i utgangspunktet ordklassa preposisjon, men om adverbbruken dominerer, slik som med retningsadverb som **opp** og **ned**, blir merkinga "adv".
- Alle substantiv som har meir enn eitt genus i rettskrivinga vi bruker (sjå nedanfor), får alle genera i den rekkjefylgja som gjeld for NO: m, f, n.
- Ord som er normerte for fyrste gong i rettskrivingsvedtak etter 1938, får den ordklassa som vart fastsett då.
- Framandord som er tilpassa norsk ortografi etter 1938, får ordklasse som i normeringsvedtaket for den fornorska forma.

4.1.3.2 Meir enn éi ordklasse i høve til artikkelstruktur

Det er ein vanleg eigenskap ved ord at dei åleine eller i samband med eit anna ord kan fungera i ei anna ordklasse enn vi vanleg reknar som den viktigaste ordklassa for ordet. Når slike opplysningar er dokumenterte i tilfanget, tek vi dei med i Norsk Ordbok. Slike opplysningar kan først på mange nivå, frå utskiljing av eige lemma (jfr kapittel 2) til undertyding (punkt 4.3.5). NO har (meir eller mindre eksplisitte) konvensjonar for kva nivå opplysningane blir førde på, alt etter kva dei omfattar.

Det skal ikkje (lenger) stå meir enn éi ordklasse i oppslagsdelen. Finst det meir enn éi ordklasse i same artikkelen, blir det berre markert lenger ute i artikkelen.

Sume adverb har gått over til å bli adjektiv, medan adverb-bruken framleis dominerer eller er vanleg, eller avleiingsmåten syner sterkt samband med andre adverb. Her blir det ført "adv" under tal- eller (stor) bokstavtyding. **Døme:** sjå under **liketil**, **mellombels**. At adjektiv (i nøytrumsform der det kan finnast) kan brukast som adverb (utan tydingsendring), er derimot ordinært og blir berre ført som undertyding.

Døme:

I **sabba** adj [R3; til // *sabba*] forsterk., svær, gild, dugande (R3; Vestl mst): *ein sabba kar / ei sabba gjente, kjerring / ein sabba hest, gard, båt / sabba greier //* adv: *det var sabba godt gjort* (Bjerkreim).

Stutte preposisjonar som også finst i faste verbsamband (av typen *ha føre, gå av, halda frå* osfr), gjev A-B-struktur på artikkelen, jfr punkt 4.3.2. Dei viktigaste preposisjonane som får slik behandling, er **av, bak, etter, for, frå, føre, gjennom, om, or, på, til, ut, åt**.

Dersom ein preposisjon er sisteledd i ei samansetning (slik som i **nedanfor, nordanetter, ovanfor**), fører ein "prep" i ordklassefeltet dersom både funksjon som preposisjon (altså med styring) og funksjon som adverb er belagde. Finst det samansette ordet berre som adverb (slik som **omunder**), fører ein "adv" som ordklasse i oppslagsdelen, trass i at grunnordsartikkelen til etterleddet blir ordklassemerkt som preposisjon.

Sume av desse småorda kan også fungera som konjunksjonar eller interjeksjonar. Her må redaktøren (eventuelt med hjelp av gruppeleiar eller hovudredaktør) avgjera om tilfanget tilseier homografseparering eller konjunksjonen/interjeksjonen under ei eiga tyding. I det siste tilfellet blir det brukt store tydingsbokstavar i større artiklar (**døme**: tyd E av **til**) og tydingstal i små artiklar (**døme**: tyd 3 av **trass**).

Avleiingar med suffikset *-vis* og kvantitativ tyding (*kilovis, milevis* osfr) høyrer ikkje eintydig til adverb eller substantiv, jfr MM 2005,45-78. Her fører vi vidare tendensen i NO med å rekna avleiingane som adverb i ordklassefeltet, medan substantivisk bruk blir kommentert i eit eige definisjonsfelt i artikkelkroppen. Samband som *i kilovis* skal ikkje stå som underoppslag. Redaktøren må sjå den konkrete føringa opp mot materialet og diskutera eventuelle problem med gruppeleiar eller hovudredaktør.

Døme:

kilovis adv i eitt el fleire kilogram; òg brukt subst: *her sel vi ikkje sukker i kilovis, men i heile vogner* (DaleSv 15).

Avleiingar med *-vis* har òg andre tydingar, som *delvis, stykkevis* og *høvesvis*, men dei ordklassemerkjer vi som adjektiv (med eller utan moglegheit for substantivisk bruk), eller dei er adverb utan å kunna brukast substantivisk (som *heldigvis*).

4.1.3.3 Føring av fleire genus

Både genus frå 1938-rettskrivinga og genus frå 1959 og seinare blir førde i oppslaget, etter NOs rekkjefylgje: m, f, n. I høve til rettskrivinga fører NO opp berre hovudformer, ikkje sideformer. Dei aller fleste substantiv har eitt genus.

I punkt 1.4.1.6 går det fram kva av fleire genus i oppslaget som skal brukast i redaksjonsmålet.

I band 1–4 vart det gjevi opplysningar om genus i parentes i feltet for ordklasse. Dette galdt dels sideformer frå rettskrivinga, dels genus som var sterkt framme i tilfanget. Frå band 5 fører NO ikkje genusopplysningar i parentes.

Redaktøren endrar rekkjefylgja av genusopplysningar med piltast i programmet.

4.1.3.4 Føring av fleire genus i samansetningar

Ein del grunnord i norsk har etter rettskrivingane frå 1938 og seinare meir enn eitt genus.

Samansetningar som har desse orda som etterledd, skal ha same ordklassføring som grunnordet, endå om ikkje alle genus er framme i tilfanget vårt (men sjå punkt 4.1.3.2, om preposisjonar som sisteledd). Tilfanget kan vera skeivt, eller ordet kan bli teki i bruk i ei normalspråkleg kontekst med eit anna genus enn tilfanget syner. Med same genusføring på grunnord og etterledd unngår vi også uvisse om kva grunnord etterleddet høyrer til.

Nedanfor er dei vanlegaste orda med to eller tre genus ordna alfabetisk (lista er med andre ord ikkje uttømande). Redaktørane kontrollerer sjølve at genusopplysningar er korrekte. Merk at merknadene i parentes avgrensar variasjonen til sume tydingar.

Same oversynet (minus nokre suppleringar), med ei ordning som syner tilhøvet mellom dei ulike rettskrivingane, finst i sakspapir Sak 7d_HG Valfritt genus i sms (X:\norsk-ordbok\Aktivitet\Grupper\Leiargruppa\061109\Sakspapir).

Grunnord	Genus
andakt	m f
ape	m f
art	m f
balje	m f
ballast	m f
bane	m f
bank (i tyd 'juling')	m n
bete (rotvokster, dvs <i>ll bete</i> i NO)	m f
blokk	m f
bluse	m f
bor (reiskap, ikkje grunnstoff)	m n
bruk (det å bruka, dvs <i>l bruk</i> i NOB)*	m n
bølle	m f
bøye (anker-, liv- osfr)	m f

do	m	n
dunk (i tyd 'støyt' o l)	m	n
dåse	m	f
egg (knivs- osfr, ikkje måse- osfr)	m	f
eiend		f n
farge	m	f
fjøs	m	n
fyll (kake- osfr, ikkje tribune- osfr)		f n
gardin		f n
glimt	m	n
grad (ikkje i tyd 'kant')	m	f
greip	m	f n
grunne	m	f
grus	m	n
gufs	m	f n
hall (idrotts- osfr, dvs <i>III hall</i> i NO)	m	f
hank	m	f
jafs	m	n
jolle	m	f
kagge	m	f
kai	m	f
karde (reiskapen, dvs <i>II karde</i> i NO)	m	f
kasse	m	f
klasse	m	f
kneik	m	f
kontrakt	m	f

krabbe	m f
krise	m f
krus	f n
kulde (men ikkje <i>kalde</i>)	m f
kunst	m f
kvelv	m n
kyss	m n
laft	f n
lakk	m n
lampe	m f
larve	m f
last	m f
lov	m f
lunne (tømmerstabel m m, <i>III lunne</i>)	m f
lut (væskeløysning, ikkje dss lott)	m f
lyng	m n
lås	m n
maskin	m f
medalje	m f
meis (kløv- osfr, ikkje fugl)	m f
moske	m f
måltid	f n
nebb	m n
nerve	m f
nyre	f n
nytte	m f

olje	m	f
pakke	m	f
pil	m	f
plante	m	f
potet	m	f
prøve	m	f
rast (i tyd 'kvil, stans')	m	f
røyr (vass- osfr, ikkje 'lyske' og 'røye')	f	n
salve	m	f
sikt (i tyd 'utsyn', ikkje 'såld')	m	f
sjuke (men <i>sykje</i> f)	m	f
skil ('åtskiljing', ikkje 'rettvis åtferd')	m	n
skjel	f	n
skrift (i tyd 'hefte', ikkje blinde- osfr)	f	n
smil	m	n
sno	m	f
sokn	f	n
sot	f	n
spenne	f	n
sprøyt ('sprut', ikkje 'tullprat')	m	n
stamme	m	f
stand	m	n
stemne ('samkome', ikkje 'retning')	f	n
stogg	m	n
strek	m	n
strømpe	m	f

svikt	m f
syn	f n
takt	m f
tale (irekna <i>avtale</i> osfr)	m f
talg	m f
talje	m f
tekst	m f
torv (gras- osfr, ikkje 'trong')	f n
treff	m n
trost	m f
vis	m f n
æsing (i tyd 'list i båt' o l)	m f
ørn	m f

* Tydingane 4–7 av *bruk* i NO er førde i ein artikkel med to genus, men samansetningar som *gardsbruk* og *jordbruk* er førde med eitt genus. Skard: *Nynorsk ordbok* meiner truleg at det er i tydinga "benyttelse" (som det står) at det skal vera to genus, slik det altså òg er i *Nynorskordboka*. Vi fylgjer det i samansetningsartiklane.

4.1.3.5 Valfritt genus eller homografar?

Ein kan sumtid bli i tvil om tilfanget på eit substantiv peikar mot ein ordartikkel med valfritt genus eller to artiklar med kvart sitt genus. Ein peikepinn er at dersom genus og tydingsskilje fell saman, bør det bli to ordartiklar med homografar som oppslagsord. Dersom både genusa finst for eit samanfallande tydingsspektrum, er det rimeleg å føra valfritt genus. Dersom ordet ikkje er normert før, må redaktøren ta avgjerda.

4.1.3.6 Ordklassetabellen i redigeringsprogrammet

Her kjem nokre tilleggsopplysningar til sjølvfe føringa i redigeringsprogrammet – om menyar, føringsmåtar, val osfr.

4.1.3.6.1 Ordklasse

Grammatisk merking skal førast inn i feltet "ordklasse" i ordklassetabellen. Ein vel då den merkinga ein treng frå ein meny med dei avstyttingane som står i tabellen nedanfor. Den relevante merkinga kjem då automatisk på plass.

Merk at verdien "i sms" er ordklassemerking for fyrsteledd i samansetningar, medan "pref" berre kan stå for fyrsteledd som er prefiks, jfr punkt 6.1.

Avst	Tyding
adj	adjektiv
adv	adverb
f	substantiv hokjønn (femininum)
i sms	i samansetningar
interj	interjeksjon
konj	konjunksjon (og subjunksjon)
m	substantiv hankjønn (maskulinum)
n	substantiv inkjekjønn (nøytrum)
pref	prefiks
prep	preposisjon
pron	pronomen
subst	substantiv der kjønnet ikkje kan fastsetjast
talord	talord (både grunntal og rekkjetal)
v	verb

I NO 1–5 har ein nytta ordklassemerkinga "v refl" på -ast-verb. Ettersom ikkje alle -ast-verb er refleksive, skal "v refl" ikkje brukast. (Til og med bokstaven *h* vart -ast-verb førde utanfor alfabetisk orden, direkte etter verbet dei var avleidde frå. Frå og med bokstaven *i* blir slike verb førde i alfabetisk orden.) "v refl" kan ikkje fjernast frå ordklassemenyen i redigeringsprogrammet av di det er brukt i NO band 1–5 og dermed ligg i databasen.

Avleiingssuffiks blir førde med den ordklassa som suffikset lagar. Praxis i band 1–4 er sers skiftande (med fleire hundre ulike måtar for ordklasseføring) og kan ikkje nyttast som rettleiing. Frå band 5 skal det vera slik:

-heit f

-ig adj

-nad m

osfr. Dette er i samsvar med praksisen i Nynorskordboka.

4.1.3.6.2 Ordklassemerking av avstytingar

NO tek med få avstytingar og symbol, sjå punkt 2.1.5.3.12 *Avstytingar og bokstavsymbol* for utvalskriterium og døme.

Matematiske og kjemiske symbol skal ikkje med som oppslagsformer i NO (sjå punkt 2.1.5.3.12, øvst i tabellen). Berre symbol for måleiningar skal med.

Symbol for måleiningar står utan ordklasse (med tomt ordklassfelt).

Artikkelen skal stå som tilvisingsartikkel og med "symbol for" som innleiingstekst.

Døme:

ml symbol for *milliliter*.

W symbol for *watt*.

Avstytingar skal elles om mogleg få ordklassemerking. (I eldre band manglar ofte avstytingar ordklassføring.)

Døme:

ca. prep avst for *circa*.

dr. m avst for *doktor, dokter*.

OL n idr, (avst for) olympiske leikar; olympiade (2): *OL på Lillehammer i 1994 / eg gler meg til OL, det er stort, mykje større enn alt anna* (Firda 2000); hertil *OL-arena, -gull, -nasjon, -sesong, -tropp, -vinnar*.

Normalartikkel blir brukt for avstytingar som har vorti eller nærmar seg vanlege leksem i setningssamanhengar (sjå kriterium i punkt 2.1.5.3.12), og der det helst er sjølve avstytinga som er uttala (*LP* er uttala "ell pe", ikkje "langspelplate"). Samansetningar med avstytte fyrsteledd av denne typen (**døme: u-land**) blir redigerte på same måten.

Som regel får desse avstytingane berre *synonymdefinisjon*, om ikkje dei har fått "ordkarakter" på bekostning av fullforma, som er for perifer i språket til å få full definisjon (**døme** på det siste: *LSD* har full definisjon og *lysergsyredietylamid* synonymdefinisjon).

NO tek òg med nokre få avstytingar der uttalen berre er av fullforma (*ca.* blir uttala "sirka", ikkje "se a" eller "ka"), og som gjerne er sjeldsynte utanom i visse posisjonar i tekst (slik som *dr.* som førestelt apposisjon). Dei får *tilvisingsartikkel* med innleiingstekst "avst for" (sjå døme over).

Skulle slike avstytingar visa til fleiordige uttrykk som ikkje blir redigerte på oppslagsplass, får ein heller ty til å laga normalartikkel og eksplisitt krysskopling til artikkelen uttrykket står eller skal stå under.

Døme:

osb. avst for og så *bortetter*; sjå *bortetter*.

I dette dømet kan ein heller ikkje gje avstytinga ei ordklasse.

Blir redaktøren i tvil om korleis ein skal handsama ei bestemt avstyting, får han ta henne opp med gruppeleiaren eller hovudredaktøren.

4.1.3.6.3 Ordklassetilstand

Feltet "ordklassetilstand" blir brukt når oppslagsordet er ei bøygd form frå éi av ordklassene som har bøyging, det vil seia substantiv, adjektiv, pronomen, verb og adverb. Som regel gjeld det eit substantiv eller eit sterkt verb. (Sjå punkt 4.1.2.2.)

Feltet blir altså brukt for å *karakterisera oppslagsforma*, t d det at eit substantiv står i fleirtal i oppslaget. Det blir ikkje brukt for å markera at eit substantiv førekjem i materialet i ei anna form (fleirtal eller bunden form) enn slik det står som oppslagsord (ubunden eintal). Vil ein markera det, tastar ein heller inn "helst i pl" el I fremst i definisjonsfeltet (jfr punkt 4.3.3.4.1).

Feltet har meny. For substantiv vel ein – i tillegg til genusmerkinga – éi av desse avstytingane frå menyen:

pl	fleirtal (plural)
pl bf	fleirtal (plural) bunden form
pl ubf	fleirtal (plural) ubunden form
sg bf	eintal (singular) bunden form

Dette valet er standard og skal normalt ikkje vera naudsynt å føra:

sg ubf	eintal (singular) ubunden form
--------	--------------------------------

NO har også i sume tilfelle tilvisingsartiklar frå sjeldsynte (sterke) verbformer til grunnordsartikkelen (serleg i målføra, men også sume eldre rettskrivingsformer). Det gjeld sume fortidsformer av sterke verb, serleg fleirtalsformer, og sume konjunktivformer. Så vel ein mellom desse avstytingane:

ft	fortid
ft pl	fortid fleirtal (plural)
nt pl	notid fleirtal (plural)

nt konjunkt	notid konjunktiv
ft konjunkt	fortid konjunktiv

For adjektiv og adverb kan ein føra på:

komp	komparativ
superl	superlativ
pl	fleirtal (plural)
sg bf	eintal (singular) bunden form

For pronomen kan ein føra på:

f	
n	
pl	fleirtal (plural)
sg bf	eintal (singular) bunden form

4.1.4 Bøying

Det er tidlegare nemnt at Norsk Ordbok ikkje er ei rettskrivingsordbok, og dét gjeld også for føring av bøyingsopplysningar. I tillegg kjem det at mange ord har fått endra normert bøyning i perioden frå Norsk Ordbok vart påbyrja.

Norsk Ordbok opplyser om bøyning etter 1938-norma og seinare normer for *substantiv* og *verb*. For *adjektiv* og *adverb* blir det gjevi bøyingsopplysningar dersom paradigmet inneheld former med ei anna rot (t d **god**, **gamal**), elles ikkje. Andre (eksplisitte og implisitte) opplysningar om bøyde former må ein lesa ut av hakeparentesen og bruksdøme til definisjon.

Lånord og framandord får bøyingsopplysning om uregelrette former dersom normeringa til fornorska ordform har resultert i slike former.

Berre hovudformer i rettskrivinga blir tekne med. Dersom ei bøyning har hatt status som hovudform i 1938, men seinare har blitt redusert til sideform, blir ho teken med.

Føringa av bøyingsopplysningar er ikkje gjort konsekvent gjennom band 1–4, og dei banda kan difor ikkje reknast som modell i alle detaljar.

4.1.4.1 Bøyingsopplysningar

Nedanfor blir det gjort greie for kva klasser av ord som skal ha bøyingsopplysningar, og korleis ein skal føra opplysningane. Ei anna avgrensing er at NO ikkje under noko høve fører bøyingsopplysningar for ord med bindestrek i oppslagsforma. Det gjeld samansetningar og ein del prefiksavleiingar, sjå punkt 4.1.2.1 *Oppslagsord for grunnord og avleiingar*.

Avleiingar utan bindestrek i oppslagsforma får bøyingsopplysningar på same måten som for grunnord (altså etter reglane nedanfor).

Døme:

Utan bøyingsopplysning: **ting-lysa** (samansetning) og **tvi-halda** (med prefikset **tvi-**)

Med bøyingsopplysning: **behandla** (med prefikset **be-**) og **uroa** (verbalavleiing av **uro**)

4.1.4.1.1 Bøyingsopplysningar: typar

Bøyingsopplysningar er av tre slag (sjå neste punkt for korleis dei skal brukast):

1. Bøyingsending (markerer regelrett eller uregelrett bøyning): **kasta v -a** (regelrett); **vegg m pl -er** (uregelrett)
2. Fullskriven bøyingsform (markerer uregelrett bøyning): **pløya v pløgde**; **barn n pl born el barn**
3. Fullskrivi paradigme (markerer uregelrett bøyning): **krypa v kryp, kraup, krypi**

4.1.4.1.2 Bøyingsopplysningar: markering

Nedanfor blir det fyrst gjort greie for markeringa av bøyingsopplysningar for verb, substantiv og adjektiv og *etter det gjort greie for markeringa av valfri bøyning*.

Verb

Linne verb som er regelrette, får bøyingsklassa markert ved at preteritumsendinga (tenkt sett til verbstommen) blir førd opp. Endingane til rådvelde er (berre) **-a**, **-dde**, **-de** og **-te**.

Døme:

I **grisla v -a**

nemna v -de

I **nøyta v -te** (NB altså *nøyttte*)

II **nå v -dde**

Verb med kontraksjonar eller andre avvik i den skriftlege fortidsforma, får fullskriven fortidsform i staden for avstytt bøyning. (Dette er ikkje konsistent utført i band 1–4, men skal vera gjennomført frå band 5.)

Døme:**nøya v nøgde****I fylla v fylte****senda v sende****nenna v nente****stytta v stytte****føda el fø v fødde**

NB: Merk at fortid av *nøyta* ikkje skal markerast som *-tte*, fortid av *nenna* ikkje skal markerast som *-nte* osfr. Når det er valfridom mellom stamn på konsonant og vokal i verb av typen *føda* (sjå over), fører ein den fulle fortidsforma, heller enn å spesifisera tillegg av *-de* (til *fød-*) og *-dde* (til *fø*).

Fullskrivning bruker ein òg ved *j*-bortfall i stamnen når fortidsendinga blir føydd til.

Døme: *dengja dengde, fylgja fylgde, fylkja fylkte, knekkja knekte, krenkja krenkte, lækja lækte, merkja merkte, ryggja rygde, syrgja syrgde*

Ved uregelrette verb blir presens-, preteritums- og supinumsformene førde opp fullt ut.

Døme:**eiga v eig, åtte, ått****flysja v flys, fluste, flust****gyve v gyv, gauv, govi****I gå v går, gjekk, gått****kunna v kan, kunne, kunna**

(Sjå nedanfor for valfri svak og sterk bøyning.)

Verb av *telja*-klassa blir førde med fullt bøyingsparadigme, som uregelrette verb.

Døme:**selja v sel, selde, selt****spørja v spør, spurde, spurt**

Presens og supinum blir altså førde berre ved uregelrette verb. Såkalla kortverb med stamn på vokal (som *nå* og *tru*) har *-r* i notid (til skilnad frå *-er*) og *-dde* i fortid. Det reknar vi som regelrett, slik at vi ikkje nemner notid, sjå *II nå* og *føda* over; i det siste verbet blir både *føder* og *før* regelrette. (Men eit uregelrett verb som *I gå*, sjå over, får ført heile paradigmet, då òg ei notidsform som *går*.)

Substantiv

Ved uregelrett fleirtalsbøying i substantiv blir endinga i ubundi fleirtal (med "pl" føre) førd opp (heile bøyingforma om det er endring i ordstommen).

Døme:

m: **bekk** m, pl **-er**; **hakel** m pl **haklar** (NB altså ikkje berre **-klar**)

f: II **elv** f, pl **-ar**; II **aksel** f sg bf **aksla**, pl **aksler**

n: **barn** n, pl **born** el **barn**

Ved samandraging i bundi eintal, blir òg den forma førd opp (som II *aksel* under "f" over). Sume substantiv med samandraging skal ikkje ha bøyingsopplysningar, sjå neste underkapittel (punkt 4.1.4.1.3).

Adjektiv

Ved adjektiv blir uregelrette former førde opp fullt ut (dette gjeld svært fåe lemma, som **god**, **ung**).

Døme:

III **gamal** el **gammal**, pl **gamle**, komp **eldre** s d, superl **eldst** s d

Valfri bøying

Ved valfri bøying blir dei aktuelle formene førde opp med "el" imellom. Både 1938-former og seinare former blir førde opp.

Døme:

føra v **-de** el **-te**

pryda v **-a** el **-de**

rida el **ri** v **rid** el **rir**, **reid** el **rei**, **ridi** el **ridd**

IV **slå** v **slær** el **slår**, **slo**, **slegi** el **slått**

Der det er valfridom mellom heile paradigme, blir paradigma grupperte (sjå programretteleinga for metoden). Fortidsendinga i svak verbbøying blir sett framfor sterk bøying (sjå fyrste dømet under), då teksta elles kan bli tung å oppfatta.

Døme:

III **lita** v **-te** el **lit**, **leit**, **liti**

låg adj **lægre**, **lægst** el **lågare**, **lågast**

4.1.4.1.3 Bøyingsopplysningar: inga markering

Regelrette bøyingsmønster som kan avleiest frå form på oppslagsord, ordklasse eller genus (subst, adj), skal ikkje stå i den prenta utgåva av NO, men kan registrerast i artikkelbasen.

Døme på ordgrupper som ikkje skal ha prenta bøyingsopplysningar:

-**ing** f (*bygging, dronning*) (regelrett unntak -ar i pl)

-**ning** m (*bygning, haldning*) (regelrett -ar i pl)

-**nad** m (*bunad, dugnad*) (regelrett unntak -er i pl)

-**a** m (*koka, sofa*) (regelrett unntak -er i pl)

Samansetningar får normalt ikkje bøyingsopplysningar. Bøyingsopplysningane står på grunnordet som utgjer etterleddet i samansetninga.

Bøyingsopplysningar for ordgrupper der normering og skrivepraksis har skift i den tida NO har vori under redaksjon, skal sløyfast i bøyingsfeltet (t d nøytrum og bunden form/fleirtal av adjektiv, samandregi fleirtal av framande substantiv). Slike opplysningar kan redaktøren eventuelt få med i dømeutvalet. **Døme:** substantiv som er importord på **-um** (med samandraging; **akvarium, jubileum, kadmium, museum, votum**).

Nøytrumsord på *-er* og *-el* (som **mønster, orkester** og **tabernakel**) skal ikkje ha bøyingsopplysningar; vi markerer altså ikkje samandraginga i bf sg og bf pl.

4.1.4.2 Bøyingsopplysningar i redigeringsprogrammet

I oppslagsskjemaet skal bøyingsopplysningane førast i den nedste tabellen. Det er fire felt. (Sjå òg programrettleiinga punkt 13.2 *Oppslagskortet*.)

4.1.4.2.1 Nemning for bøyingsform (Tilstand bøyingsform)

Med dette uttrykket meiner vi den formkategorien dei oppførde bøyingsformene høyrer til. Til dette feltet høyrer det ein meny. Alternativa til val i menyen varierer etter kva ordklasse som står i oppslagsfeltet.

Substantiv sg ubf

sg bf

pl ubf

pl bf

pl

Verb nt

ft

ft pl

fp

supin

konjunkt

”Tilstand” står både etter ”Ordklasse” og i tilknytning til ”Bøyingsform”. Skilnaden er at ordklassesetilstand refererer til *oppslagsord som står i bøygd form* (sjå punkt 4.1.2.2 og 4.1.3.6.3), medan tilstand til bøyingsform (bøyingskategori), som det er tale om her, refererer til *bøyingsforma* vi fører opp for eit ord som står i grunnform i oppslaget (som vanleg er).

Redaktøren ser til at det (ikkje) er hake i ruta for om nemninga for bøyingsform skal prentast. Det skal vera hake for substantiv og ikkje hake for verb.

4.1.4.2.2 Bøyingsform

Her fyller vi inn sjølve den aktuelle bøyingsforma, som skal stå i halvfeit i utskrifta. Dette er eit fritekstfelt i basen.

Reglane for kva ein (ikkje) fører opp, står ovanfor.

Det kjem automatisk ein hake for at bøyingsforma skal prentast. Redaktøren kan ta vekk haken. Føremålet med dette er at ordboksdatabasen skal kunna lagra bøyingsopplysningar som ein ikkje vil ha på prent i Norsk Ordbok (t d fullformer eller komplette paradigme for regelrett bøygd ord, eller for ordklasser som NO ikkje fører bøyingsopplysningar om).

4.2 Hakeparentesen

Normalartiklar og leddartiklar kan ha hakeparentes. Hakeparentesen er ikkje obligatorisk, og blir fyrst og fremst nytta ved grunnord, fyrsteledd, etterledd og lånnord. Han er lite nytta ved samansetningar og avleiingar, utover å dokumentera tidlege belegg (eldre kjelder, jfr punkt 4.2.4 nedanfor).

Funksjonane til hakeparentesen er:

- markering av normaluttale i visse typar ord
- historisk dokumentasjon av oppslagsordet
- dokumentasjon av variantar av skriftformer (serleg eldre former)
- dialektgeografisk oversyn
- ordhistorie (etymologi)

Dette svarar til dei fem opplysningstypane som er lista opp i punkt 4.2.1.

I hakeparentesen står opplysningar som gjev djupare innsyn i dei formelle sidene ved oppslagsordet. Han kan også kallast variantdelen av ordartikkelen. Bolken grunnjev identifiseringa av oppslagsordet,

og syner kva språkleg samanheng det inngår i, både synkront (målføreopplysningane) og historisk (etymologiopplysningane).

Opplysningstypane har fått samlenemninga "hakeparentesen", for di bolken med desse opplysningane i den prenta boka (og i utskrift frå programmet) står i ein hakeparentes, dvs mellom "[" og "]".

Merk at siterte ordformer i NO har liten førebokstav også i hakeparentesen, og at "aa" for "å" i førelegg blir attgjevi med "å".

4.2.1 Opplysningstypar

Det er fem opplysningstypar i hakeparentesen. Ingen av dei er obligatoriske, og hakeparentesen blir ofte sløyfa (jfr ovanfor).

Dei fem opplysningstypane har kvart sitt skjema i redigeringsprogrammet. Opplysningstypane har ei fast rekkjefylgje, nemleg:

1. Uttale (i normalmålet, mest aktuelt for framandord)
2. Eldre kjelder, dvs tilvising til ordsamlingar og ordbøker der ordet finst sikkert kjeldefest til og med Aasen og Ross (dekkjer tida frå ca. 1600 til ca.1900).
3. Avvikande skriftformer, dvs skriftformer som har eit avvik frå det som har vori eller er offisiell nynorsk frå 1938 av, og som skal stå i oppslagsfeltet.
4. Målføreformer med heimfestingar (både grunnord og bøyingsformer)
5. Etymologi

Døme:

Med alle opplysningstypane (sjeldsynt):

gips m

uttale: *j-*;

Eldre kjelde *A²*;

Avvikande skiftform *e skr òg gibs*;

Målføreformer *målf òg jeps*; genus òg n (*Øksendal*);

Etymologi *gj ty gips*, mlat *gypsum*, frå *gr gypsos*

Med eit utval (vanleg):

I flette f

Eldre kjelde A;

Målføreformer målf òg *fleta* (Eiken, Lista), *flytt(e)* (Selbu);

Etymologi norr. *flétta*

4.2.2 Hakeparentesen i redigeringsprogrammet

I redigeringsprogrammet har kvar av dei fem hovudtypane av variantopplysningar eigne tabellar, som det blir gjort greie for nedanfor. Sjå elles programretteiinga punkt 13.3 *Hakeparentesen*.

Hakeparentesen er den mest formelprega delen av normalartikkelen. I redigeringsprogrammet er typografi og teiknsetjing informasjonsberande, og ofte nytta til å skilja mellom opplysningstypar og undertypar. Typografi og teiknsetjing er difor knytte til innskrivingsfeltet og automatisert så langt som mogleg. Alle opplysningstypar har eigne tabellar der nykelfeltet har meny. Det er også lagt inn i programmet kva for felt som må fyllast ut for at ein skal få lagra opplysningar.

Det blir gjort greie for teiknsetjing og typografi i kommentaren til kvart felt.

4.2.3 Uttale

Uttaleopplysninga skal opplysa om standarduttale i oppslagsord (grunnform) der denne uttalen vik av frå det som er rekna som nynorsk normaluttale, dvs når uttalen ikkje gjev seg sjølv ut frå skriftbiletet.

Uttaleavvik som NO gjev serskild opplysning om, gjeld fonem, tonem og primærtrykk (aksent). Trykk- og tonemopplysning fell saman, i og med at tonem blir markert i høve til trykkting staving.

Døme:

Uttaleopplysning om fonem:

sioux subst [*su*; ...]

Uttaleopplysning om tonem og trykk:

union m [*-o´n*; ...] (poenget er trykkplasseringa)

radius m [*ra´-*; ...] (poenget er tonemet)

Uttaleopplysning om både fonem og tonem/trykk:

baseball m [*bei´sbål*; ...]

4.2.3.1 Opplysning om to uttalevariantar

Det er høve til å føra opp to (eller sjeldan fleire) uttalevariantar. Ta ny line med nedoverpiltasten; skiljeordet "el" blir generert av redigeringsprogrammet og skal ikkje tastast inn.

Opplysning om to variantar gjeld kanskje serleg når sistestavingstrykk skifter med trykk på fyrstestaving og tonem 1.

Døme:

alkohol m [al'- el -o'l; ...]

tobakk m [tob'bakk el tobakk'; ...]

Men det kan òg gjelda i andre høve, som med "-an'se el -ang'se" (jfr ndf).

4.2.3.2 Kva for oppslagsord får uttalemerking?

Grunnord og avleiingar kan få uttaleopplysning.

Samansette ord har normalt ikkje uttaleopplysning anna enn til fyrsteleddet, dersom uttalen av fyrsteleddet skil seg frå uttalen av grunnordet. Slik omtale finn ein då i fyrsteleddsartikkelen og ikkje ved kvar einskild samansetning.

Det kan likevel henda at grunnordet manglar.

Døme:

pekan-nøtt f [-a'n-; ...]

(Det står ikkje noko grunnord *pekan* i ordboka.)

Prefiksartiklar bør ha uttaleopplysning m a for å syna om prefiksa er trykkunge eller ikkje, jfr punkt 6.2.3. Ord som tek til med trykklette prefiks, får då markering av den trykkunge stavinga etter reglane i punkt 4.2.3.7. Ord som tek til med trykkunge prefiks, får inga trykkmarkering; markeringa står berre i prefiksartikkelen.

Døme:

neo- pref [ne'o- (i tyd 1) el trykklett (i tyd 2); ...]

neodym n [-y'm; ...]

neo-klassisisme m (inga markering)

Merk at ein i tilfelle som i **neo-** må tasta inn sitatinnskotstaggen manuelt i uttalefeltet for å få rett skrift. (I denne artikkelen er som vanleg "el" automatisk generert av programmet etter lineskift, jfr punkt 4.2.3.1.)

Artiklar om ikkje-germanske suffiks bør òg ha uttalemarkering for å syna om dei er trykkunge eller ikkje, jfr punkt 7.1.2. Reglane for ord som er avleidde med desse suffiksa, står under punkt 4.2.3.7 *Uttaleopplysning for importord*.

Både importord og heimlege ord kan få uttalemarkering.

- Retningslinene for uttalemarkering vil i praksis føra til at ein tek med uttaleopplysning for dei fleste *importorda* (framandorda og lånorda). ("Lånord" vil helst vera lånte inn om lag i den språkhistoriske perioden NO dekkjer. Substantivet *skule*, norrønt *skóli*, frå gresk via

germanske språk, er såleis ikkje rekna som eit lånord i denne samanhengen.) Eit systematisk unntak er om ordet høyrer til éi av gruppene under punkt 4.2.3.7.2 c.

- Uttaleopplysning blir òg førd for *heimlege ord* der uttalen ikkje kan lesast ut frå skriftforma etter dei vanlege samsvarsreglane, eller der det er røynsle for at folk er i tvil om uttalen. Opplysningar om regional eller lokal uttale finn ein under målføredelen (punkt 4.2.6).

Når to likestava ord med same uttalen og same opphavet har fått ulike homograr, og det eine ordet viser til det andre i etymologidelen av hakeparentesen, held det med uttaleopplysning for artikkelen det blir vist til. **Døme:** *I imago* m og *II imago* n.

Ein skal fylgja reglane for uttalemarkering så konsekvent som råd. Det vil seia at ein ikkje skal la vera å føra uttale berre for di uttalen er godt kjend i eit bestemt ord. (Det er mykje av det som står i Norsk Ordbok, som er godt kjent.)

4.2.3.3 Ålment om føring av form

Vi tek berre med uttale av *oppslagsforma*, altså ikkje av bøygde former.

Vi markerer den *orddelen* som har trykk, tonem eller lyduttale som strir mot vanlege norske uttalereglar. (Sjå meir om orddelar nedanfor i avsnitta om markering av trykk i importord, og dessutan i slutten av punkt 4.2.3.5.) Det er større grunn til å føra *full form* der ein skal gje opplysning om avvikande uttale av fonem enn ved berre tonem/trykk.

Parentesar skal ikkje brukast; dei gjer det vanskeleg å søkja på ordformer og krunklar til trefflistar. Før heller to former, jfr punkt 4.2.3.1.

Døme:

psyke m [ps- el s-; ...] (ikkje (p)s-)

4.2.3.4 Markering av fonem (kvalitet og kvantitet)

NO bruker det vanlege latinske alfabetet til å føra opp normert uttale. Vi bruker ikkje IPA, Norvegia eller andre teiknsett for lydskrift i uttalefeltet (men bruker nokre Norvegia-teikn i ordformfeltet i målføredelen, sjå punkt 4.2.6.11).

Bokstavane skal brukast som "lydskrift", ikkje ortografi. Det vil m a seia:

- e med æ-uttale blir markert med æ: **sherpa** m [sjær'pa; ...]
- Trong o blir markert med o: **korporleg** adj [-po'r-; ...]
- Open o blir markert med å: **korpus** n [kår'p-; ...]
- Trong u (nordisk u) blir markert med u: **moussaka** m [mos'saka, mosa'ka el musa'ka; ...]

Diftongar får den same skrivemåten som i målføredelen (jfr punkt 4.2.6.11.6), det vil òg seia *au* og *ei* trass i at dei fonetisk kan ta til med æ.

Merk at ein bruker bokstavar som "lydskrift" òg når det helst er trykk og tonem som gjer at ein tek med uttalemarkeringa.

Døme:

konsert m [-æ'r't; ...] (ikkje -er't)

kuwaitar m [-vai'-] (ikkje -wai'-)

Vokallengd blir markert med konsonantlengd, som i målføredelen, sjå punkt 4.2.6.11.8. Som regel samsvarer markeringa med rettskrivinga, men dobbel *m* i utlyd i trykksterk staving er med i uttaleinventaret.

Døme:

madam m [-amm'; ...]

Konsonantgrupper etter stutt vokal markerer vokallengd like godt som to like konsonantar. Vi doblar altså ikkje ein konsonant når det kjem ein annan konsonant etter.

Døme:

V **kost** m, n [kåst; ...] (kostnad) (ikkje kåsst)

karma m [kar'ma; ...] (ikkje kar'rma)

intakt adj [-ak't; ...] (ikkje -ak'kt)

Fyrsteledd i samansetningar (jfr punkt 4.2.3.2) blir likevel sedde for seg i denne samanhengen.

Døme:

sjalottlauk m [-åt't-] (ikkje -åt'l-)

Eit anna unntak er sume lånte ord med stutt vokal i fyrste stavinga. Der kan det førekoma konsonantgrupper i innlyd som normalt ikkje finst utanom i morfemgrenser. Slik finst t d *-nl-* i eit ord som *online* elles (mest) berre i ord som *tannlækjar* og *anlegg*. Eit anna moment er om ein veit at, eller det ser ut som, importordet er samansett i språket det kjem frå, slik at ein kan venta at "fyrsteleddet" endar på dobbel konsonant i uttalemarkeringa (**døme:** *slapstick* og, igjen, *online*). Då kan det vera tungt å oppfatta uttalemarkeringa om ein fylgjer vanlege reglar, serleg når heile ordet er teki med i uttalefeltet. Løysinga er å dobla siste konsonanten i fyrste stavinga for å markera (eller understreka) stutt vokal. (Tonemteiknet blir plassert på regelrett måte i ordet, jfr reglane i neste punkt.)

Døme:

online adj [ån'nlain; ...] (ikkje ån'lain)

rottweiler m [råt'tveiler; ...] (ikkje råt'veiler)

latviar adj [lat't-] (eller [lat'v-])

Men altså:

onomastisk adj [-as't-] (jfr *mast*, *pusta*)

respektiv adj [res'p-; ...] (jfr *hespe*, *rasp*)

plasma m [plas'ma] (jfr *brasme*, *-isme*)

Dette unntaket er berre for å gjera føringa meir eintydig og intuitiv i nokre fåe situasjonar.

Sjå punkt 4.2.3.6, slutten, for føring av *-rrd-*.

Treng ein å visa lang vokal framfor konsonantgruppe eller framfor *m* i utlyd, kan ein bruka kolon som lengdeteikn, jfr punkt 4.2.6.11.8. Det er berre aktuelt i nokre fåe einstava ord. Dei fleste slike ord vil vera fleirstava, og der fyller tonemteiknet denne funksjonen òg.

Døme:

krim n [kri:m; ...] (jfr punkt 4.2.3.6)

master m [ma'ster; frå eng.]

4.2.3.5 Markering av tonem

NO markerer tonem 1 og tonem 2 (aksent 1 og aksent 2) med eigne aksentteikn. Desse aksentane finst ikkje i det vanlege teiknsettet og blir valde frå teikntabellen, sjå programrettleiinga punkt 7.3 *Teiknkartet*. Dei er altså *ikkje* identiske med *accent aigu* og *grave* til venstre for *backspace*-tasten på tastaturet. Dei sistnemnde aksentteikna er likevel nytta for tonemteikna i NO her i redigeringshandboka, men dei ser altså annleis ut enn dei korrekte tonemteikna på prent i ordboka.

Tonemteikna skal ikkje brukast i einstava ord; slike ord har ingen skilnader i korkje tonegang (i normaluttale) eller trykk. Ord med primærtrykket på sistestavinga (**døme:** *madam*, *medisin*) har heller ingen tonemskilnad, men her bruker vi teiknet for tonem 1, for å markera trykkplasseringa.

Plassering:

- Ved *lang vokal* står aksentteiknet etter vokalen i trykkting staving.
- Ved *stutt vokal* står aksentteiknet etter den fyrste konsonanten etter vokalen i trykkting staving.
- *Unntak:* Ved *ng* overalt eller ved dobbeltkonsonant i utlyd (slutten av ordet) blir aksentteiknet plassert etter den andre/siste konsonanten.

Døme:

I **koma** m [ko'-; ...]

kuvøse m, f [-ø'se; ...]

intakt adj [-ak't; ...]

jacket m [dsjæk'kit; ...]

kosakk m [-akk'; ...]

klingeling interj [-ling']

Merk at ein med "utlyd" berre tenkjer på slutten av eit ord, ikkje slutten av eit utsnitt, då heller ikkje slutten av eit fyrsteledd (jfr punkt 4.2.3.2 om samansetningar).

Døme:

rabbagast m [rab'b-; ...] (ikkje rabb'-)

sjalottlauk m [-åt't-]

Diftongar skal reknast som *lange vokalar*, slik at tonemteiknet skal plasserast som om det stod éin lang vokal på same plassen.

Døme:

baseball m [bei'sbål; ...]

kladeis m [-ei's]

nøytrum n [nøy'-; ...]

sigøynar m [-øy'n-; ...]

Tonemplasseringa skal ikkje ta omsyn til at *rt*, *rd* og *rl* smeltar saman til éin lyd i delar av landet, òg i normaluttale.

Døme:

kohort m [-hår't; ...]

Etter stutt vokal kan det vera lettare å oppfatta uttalen om ein fører konsonantar på begge sidene av tonemteiknet (altså utanom ved *ng* overalt og dobbeltkonsonant i utlyd, sjå over). I stutte ord bør ein òg unngå å overdriva det å ta med så lite som mogleg av ordet.

Døme:

plasma n [plas'ma]

Her bør det ikkje stå berre *-as'*, som kan vera vanskeleg å tolka for lesaren. *-as'm-* er teoretisk mogleg, men ser ikkje så bra ut her som ein berre sparer eitt teikn. I eit ord som *korpus*, der ein òg berre sparer eitt teikn, kan det likevel gå med *kår'p-* (eller *kår'pus*), der det trykklette *-us* er ein velkjend ordutgang på meir enn éin bokstav.

4.2.3.6 Uttaleopplysning for oppslagsord av nordisk opphav

Normalt gjev ein ikkje uttaleopplysning om nordisk ordtilfang, men NO gjer unntak for sume fonem som ofte blir feillesne.

Uttalen av *g*, *k* og *sk* framfor fremre vokal (*e*, *i*, *y*) eller framfor diftong (*ei*, *øy*) i oppslagsforma.

- Uttalen kan merkjast med *j-*, *kj-* eller *sj-* når han ikkje er plosiv (og det er grunn til å tru at folk kan koma til å vera i tvil om uttalen).
- Uttalen skal merkjast med *g-*, *k-* eller *sk-* når han er plosiv. (Det vil helst gjelda importord.)

Døme:

I **gil** (*i*) m [*j-*; ...]

VII **gir** n [*g-*; ...] (system av tannhjul)

I **skip** el **skipp** m [*skipp*; frå eng.]

Når oppslagsordet i normalmålet (òg utanfor Nordvestlandet) har eller kan ha uttala intervokalisk *-d-* eller ettervokalisk *-d* (i strid med ålmenne reglar for norsk normaluttale).

Døme:

glød m [*-d*; ...]

gløda v ... [*-d*; ...]

(Uttale med *-d(-)* på Nordvestlandet blir rekna som regelrett målføreuttale, jfr punkt 4.2.6.11.7 i målførekapitlet.)

Det kan òg finnast meir spesielle grunnar til å markera einskilde ord av nordisk opphav.

Døme:

I **krim** m [*krim*; ...] (kriminallitteratur)

II **krim** n [*kri:m*; ...] (snue)

Sume av dei som berre kjenner homograf 1 her, kan ha nytte av uttalemarkeringa av den heimlege homograf 2.

Må ein markera sekvensen *r-d* (mot regelrett éin postalveolar lyd for *rd* i store delar av landet, òg i normaluttale), skriv ein *rrd*:

verdig adj ... [*værrdi* ...]

mord n [*morrd* ...]

4.2.3.7 Uttaleopplysning for importord

Føringa av uttaleopplysning for importord i band 1–4 er ikkje konsekvent og kan ikkje takast som modell i detaljar. Føringa skifter mellom føring av full form og føring av avstytt form, og uttaleavvik er ikkje ført for alle ord som har det. Reglane nedanfor gjeld for band 5–12.

4.2.3.7.1 Markering av norsk kontra innlånt trykk i importord

Ein del importord har tradisjonell normert uttale med primærtrykk på siste eller nest siste staving (**banan** med uttale *baná'n*, **patron** med uttale *patró'n*, **union** med uttale *unio'n*). Desse orda kan også uttalast med norsk trykk, utan at det skal reknast for gali. I slike tilfelle opplyser NO berre om den uttalen som vik av frå hovudregelen for norsk, og fører berre den stavinga som har trykk, såleis:

Oppslagsord	Uttaleopplysning i NO
banan	-a'n
patron	-o'n
union	-o'n

4.2.3.7.2 Uttaleopplysning for avleiingsendingar for importord

Lista under a) nedanfor *er ikkje uttømande*, men byggjer på registrering av noverande praksis. Liste c) skriv seg frå dei opphavlege redigeringsreglane for NO (Helleviks innleiing til band 1, òg prenta i *Brukarretteleiing* frå 1994). Dersom ordet er av slaget som er nemnt i førre underpunktet, og det ikkje er snakk om ei ending som står i liste c) nedanfor, skal uttalen markerast.

Meld gjerne ifrå til redaktøren med ansvar for redigeringshandboka om du meiner at ein ordutgang bør inn på a-lista. (At ein ordutgang ikkje står på lista, kan òg koma av at han finst i sers fåe ord, slik at det ikkje svarar seg å ha han med, endå orda skal ha markert uttale.)

NB! Merk at desse endingane ikkje kan kopierast inn i manus. Ein må skriva dei inn og *syta for at rett tonemteikn blir brukt* (frå teikntabellen i programmet, sjå punkt 4.2.3.5 ovanfor).

Der det står to endingar, skal dei førast på kvar si line i uttaletabellen, jfr punkt 4.2.3.1.

a) Det blir gjevi opplysning om trykk for framandord med desse endingane. Merk at føringsmåten i kolonnen "Føring" er obligatorisk; *endinga skal skrivast likt kvar gong*. Ein skal ikkje ta med lydar som kjem framfor, og som varierer frå ord til ord (**døme**: ikkje *-lek't*, men *-ek't* for *sosiolekt*).

^{b)} = Det finst òg ein lengre variant på lista under b).

^{c)} = Sjå lengst til høgre i døme-kolonnen.

Ending	Føring	Døme
-abel	-a'bel	diskutabel adj, parabel m, passabel adj,
-akk	-akk'	almanakk m, ammoniakk m, anorakk m, bivuakk n,
-akt	-ak't	autodidakt m
-al	-a'l	areal n, arsenal n astral adj, global adj, normal adj og m

-alsk	-a'lsk	animalsk adj, moralsk adj
-an ^{b), c)}	-a'n	altan m, bavian m (men ikkje afrikan(ar), sjå lista under c))
-anse	- an'se, -ang'se	konkurranse m, leveranse m
-ant	-an't	adjutant m, arrogant adj, aspirant m
-ar	-a'r	agrar m, aktuar m, antikvar m, arkivar m
-ard	-ar'd	biljard, gepard, kommunard, leopard
-at ^{b)}	-a't	aggregat n, akkurat adv, antikvariat n, apparat n, asiat m, attentat n, automat m
-e	-e'	allé m, armé m
-ekt	-ek't	affekt m, arkitekt m, dialekt m, effekt m, konfekt m
-en ^{b)}	-e'n	acetylen n, fenomen n, porselen n
-end	-en'd	addend m
-eng	-eng'	basseng n
-ens	-en's	aksidens m, audiens m
-ent ^{b)}	-en't	abonment m, assistent m, patent adj og n
-ept	-ep't	aksept m, konsept n, resept m
-est	-es't	anapest m, arrest, asbest m, attest m, protest m,
-et	-e't	asket m, atlet m, kateket m, paraket m
-ett	-ett'	amulett m, asjett m, serviett m
-ibel	-i'bel	penibel, sensibel
-ide	-i`de	asteroide, sylfide
-ikk	-ikk'	antikk adj, aritmetikk m, arsenikk m, fysikk m, mekanikk m
-id	-i'd	individ m, morbid adj
-il ^{b)}	-i'l	mobil adj og m, viril adj
-in	-i'n	akvamarin adj, amarin m, anilin m, appelsin m og f
-is	-i's	advis m, avis f, notis m

-itt	-itt´	akevitt m, antrasitt m, arendalitt m, appetitt m, hepatitt m
-iv	-i´v	akkreditiv n, arkiv n, kediv m, kooperativ n, motiv n
-nder	-n´der (NB)	girlander m kalender m sylinder m, vidunder n
-om ^{b)}	-o´m	aksiom n, symptom n
-on ^{b),c)}	-o´n	karbon n, opinion m, person m (men ikkje -sjon, sjå lista under c))
-os	-o´s	ansjos m, aprikos m, grandios adj, virtuos adj og m
-ose	-o`se	laktose m, osteoporose m (merk aksent 2)
-ur	-u´r	agentur n, augur m, diktatur n, kandidatur m,n, skulptur m, mundur m
-utt	-utt´	absolutt adj, attributt n, institutt n
-yl	-y´l	daktyl m, salisyl n
-yr	-y´r	gebyr n, komfyr m, manikyr m, porfyr m, vampyr m
-ær	-æ´r	kommisær m, partikulær adj
-øðs	-ø´s	kuriøðs adj, odiøðs adj
-øse	-ø`se	kuvøse f, mitraljøse f (merk aksent 2)

b) Disse avleiingsendingane får fullskrivning (det skal altså stå *-fo´b* i motsetning til *-o´b*):

Ending	Føring	Døme
-fob	-fo´b	homofob adj
-krat	-kra´t	aristokrat m
-ment	-men´t	argument n
-ment	-mang´	departement n
-fil	-fi´l	anglofil adj
-fon	-fo´n	homofon adj, telefon m
-gen	-ge´n	autogen adj
-graf	-gra´f	autograf m

-log	-lo'g, -l�'g	analog adj, astrolog m
-nom	-no'm	astronom m, �konom m
-nym	-ny'm	anonym adj og n, homonym adj og n, synonym adj og n
-man	-ma'n	angloman adj, pyroman m
-tek	-te'k	apotek n, bibliotek n, medietek n

c) Det skal ikkje gjevast uttaleopplysning for ord med endingane:

Ending D me

-an(ar)	afrikan(ar) m, alban(ar) m
-ansk	afrikansk adj, albansk adj
-asje	bagasje m, montasje m
-ell	aktuell adj, akvarell m, appell m, bagatell m
-era	administrera v, adressera v
-i	amnesti n, apati m, artilleri n, avguder n; industri m, kjemi m, homofobi m, byr�krati n, analogi m, dipsomani m, autonomi m, parapleksi m
-inne	amerikanarinne f, bispinne f
-isme	humanisme m
-ist	humanist m
-istisk	humanistisk adj
-sjon	administrasjon m, stasjon m
-tet	absurditet m, autoritet m
-�r	akt�r m, ambassad�r m, fris�r m, mont�r m

4.2.3.7.3 Trykk og tonem p  andre stavingar enn siste og fyrste

I tillegg til for ord p  *-nder* blir det gjevi uttaleopplysning om andre ord som f r aksentuert nest siste (eller tredje siste) staving:

D me:

professor m [-es's-; ...]

semester n [-es't-; ...]

reporter m [-år't-; ...]

sanatorium n [-o'r-; ...]

historisk adj [-o'r-; ...]

Ikkje sjeldan er det tale om ord som får ei anna trykkplassering enn eit tilsvarande ord laga av det same ordstoffet.

Døme:

mekanikk [-ikk'; ...]

mekanisk [-a'n-; ...]

telepati m (inga markering)

telepatisk adj [-a't-; ...]

Ein bør prøva å laga utsnitt av orda så konsekvent som mogleg, t d slik at ein om mogleg fører -a't- framfor ei ending (sjå det siste dømet over), liksom ein fører -a't i slutten av ord, utan å ta med varierende konsonantar som står framfor.

Når eit ord med ei ending frå c-lista over får lagt til ei trykklett ending, kan vi utelata uttalemarkeringa:

Døme:

justera v (inga markering)

justerbar adj (framleis inga markering)

Men ein bør ta med uttalemarkering når eit ord som får markert ordaksent i sistestavinga, får lagt til ei trykklett ending (som vel ofte er *-isk*).

Døme:

automat m [-a't; ...]

automatisk adj [-a't-]

fantast m [-as't; ...]

fantastisk adj [-as't-]

Det kan elles bli for komplisert å måtta skilja mellom t d *stokastisk* med markering (for di det ikkje finst ein "stokast") og *fantastisk* utan markering. Dei som søker opp t d *fantastisk* i den elektroniske versjonen, vil truleg òg ha liten grunn til å gå til *fantast* samstundes, og dei får dermed ikkje sett uttalemarkeringa om ho ikkje står under *fantastisk*.

Ord med prefiks på *u-*, t d *uavhengig* og *ubotneleg*, får ikkje uttalemarkering. Vi har ikkje nok grunnlag til å avgjera kva som skal reknast som avvikande uttale her, og truleg trengst det mykje forskning til for å skaffa seg det.

4.2.3.7.4 Opplysning om trykk og tonem på fyrste staving

Tonem 2 er det produktive, tradisjonelle norske tonelagsmønsteret i fleirstava grunnord, jfr *teppe*, *pingle* osfr. Importord med tonem 1 blir markerte.

Døme:

sepia m [se´-; ...]

puttis m [put´tis; ...]

spikar m [spi´k-; ...]

Sjølvsagt kan det også her vera andre lydlege og ortografiske poeng med føringa.

Døme:

eros m [e´ros el e´rås; ...]

kokos m [kok´kos; ...]

litauar m [lit´t-; ...]

4.2.3.7.5 Markering av fonem

Ein del importord har ein uttale som vik av frå det norske mønsteret for (samsvar mellom skriftbilete og) uttale. Dette markerer vi.

Døme:

sioux subst [su; ...]

baseball m [bei´sbål; ...]

I **skip** el **skipp** m [skipp; frå eng.]

litauar m [lit´t-; ...]

Ei meir spesiell sak er at det er høve til å markera å-uttale av importord som blir skrivne med *o* (og som ikkje har vokalparentes med *ò*), jfr punkt 4.2.6.11.2, slutten.

Døme:

IV **post** m [pøst; ...] (sjå punkt 4.2.3.4 for føringsmåten i dette dømet)

4.2.4 Eldre kjelder

Eldre kjelder er i hovudsak *leksikografiske kjelder*. Dette er ordbøker og ordsamlingar frå dialektane frå 1625 til og med Hans Ross: *Norsk Ordbog* med tillegg (1895-1913). Dei fleste er prenta, men sume

finst berre i manuskript. Dersom fleire ordsamlingar av denne typen kjem for ein dag, blir dei tekne inn i lista over eldre kjelder.

Eldre *topografiske kjelder, folkelivsskildringar og liknande* har vori inkonsistent behandla i NO 1–4. Hovudregelen for NO 5–12 er at vi ikkje tek med slike tekster som eldre kjelder. Vi gjer unntak berre for dei som er mykje brukte i NO 1–4 (t d F og Osterøy1723).

Alle eldre kjelder, utanom nokre av tillegga til Ross, er utgjevne før år 1900, men det finst altså kjelder frå før 1900 i bibliografien til NO som ikkje er rekna for "eldre kjelder". Dei blir då handsama som vanlege litterære kjelder. (Merk òg at inga kjelde frå før år 1900, utanom A og R, kan brukast som grunnlag for heimfestingar, sjå punkt 4.2.6.3.)

Eit absolutt krav er at vi må kunne verifisera ei eldre kjelde, det vil seia visa til kvar uprenta tilfang finst (arkivreferanse) eller til ei pålitande prenta utgåve (Bibsys-opplysningar). Slik informasjon blir lagd inn i bibliografidatabasen. Vi kan ikkje bruka ei eldre kjelde som NO berre har i uverifisert avskrift på setlar (t d Eiker1852, Lier1852). Slike kjelder er ikkje tekne med i litteraturmenyen for eldre kjelder i redigeringsprogrammet, som altså berre inneheld godkjende kjelder.

4.2.4.1 Tabellen for eldre kjelder

Tabellen for eldre kjelder har tre felt:

1. Innleiing fritekst
2. Eldre kjelde meny
3. Spesifiseringfritekst

4.2.4.2 Innleiingsfeltet i tabellen for eldre kjelder

Dette feltet kan berre fyllast ut med "og" i dei tilfella der to eller fleire etterfylgjande eldre kjelder fører same forma og det må opplysast om denne forma.

Døme:

kaffi m [... Lærdal1811 og C *koffi* ...]

III **teia** v ... [... A og R og R3 *tegja* ...]

4.2.4.3 Feltet for eldre kjelder

Dette feltet er menystyrt. Vi fører opp avstytinga til den aktuelle eldre kjelda, anten ved å velja den frå menyen eller ved å skriva ho inn.

Dei eldre kjeldene har fast kronologisk rekkjefylgje. Dei eldste kjeldene kjem fyrst og det siste tillegget til Ross sist.

Har fleire kjelder same årstalet, er dei ordna etter den geografiske rekkjefylgja som vi òg nyttar i heimfestingsrekkjer (i andre delar av programmet).

Kvar eldre kjelde har ein eigen post i bibliografidatabasen. Menyene er generert ved oppmerking av bibliografidatabasen. NO har ansvar for feilretting.

Det er eit redaktøransvar å syta for at dei eldre kjeldene blir utnytta fullt ut. Ein kan ikkje lita på at alt finst i dei elektroniske samlingane; ein må også gå til dei prenta førelegga, og kontrollera mot Grunnmanuskriptet (med blyantinnskrifter).

4.2.4.3.1 Eldre kjelder: meny

Dei eldre kjeldene for ordtilfanget i NO, minus 1743-ordsamlingane, er lista opp i tabellen nedanfor.

Nøyaktig bibliografisk referanse er det ikkje plass til i tabellen, men det er sett inn ein indikasjon på sume. Dersom ein vil sjå kva tekst det dreiar seg om, kan ein søkja i bibliografibasen på "Ny kjeldeavstyting" og bruka NO-signaturen som søkjestreng.

Døme:

Ny kjeldeavstyting	P
--------------------	---

gjev tilslaget:

Bibliografi-id	Forfattar	Gamal kjeldeavstyting	Ny kjeldeavstyting	Tittel
1744	Pontoppidan, Erik		P	Glossarium Norvagicum

Ein kan så sjå på posten på vanleg måte.

Ein del av dei eldre kjeldene er digitaliserte og ligg som filer med same namn som NO-signaturen i mappa norsk-ordbok/eNO/Ordamlingar/Samlingar/Eldre/Eldre_ordsamlingar. Desse filene er søkbare som tekst, og kan sjølvsagt lesast, men dei har ikkje påført normerte oppslagsord. Sjå kolonne 4 i tabellen nedanfor.

Desse filene inneheld kjelder med ulike NO-signaturar:

- Indreboe (= Iso17- + Hard1775 + Snm1810 + Nhl1750)
- S_Kolsr_GAustIT (inneheld nokre austnorske 1743-samlingar)
- NoOrds1810-12 (inneheld alle 1810–12-samlingane)

Desse verka ligg i egne mapper:

- Hallager (= fila H)
- Hans Ross (*Norsk Ordbog*)

- Aasen (A¹, A², A.1857, A.1849 + A.Målb – sistnemnde er ikkje "eldre kjelde")

Nr	NO-sign	Gamal kjelde-signatur	Utfylling	Filnamn
01	VAgd16-	(VAgd), EN I	Ældre norske sprog minder I. Maallære og ordtøke fraa Vest-Agder. Utg ved Torleiv Hannaas. Før sidetal. Kommentert i Skjekk.VAgd16-.	VAgd16-
02	RogTing1613-25		Ordliste med tydingar til Rogalands tingbøker 1613-25. utarbeidd av Ola Aurenes og Per Thorson og gjennomsedd av Rettshistorisk kommisjon	
03	Sfj1646	J	Christen Jensøns Den Norske Dictionarium eller Glosebog. Utg ved Torleiv Hannaas. Alfabetisk. Hannaas' merknader (Hann.Sfj1646, merkte "Jm" i Grunnmanuskriptet) kan innehalda opplysningar om form eller tyding på 1900-talet frå (visse stader i) Sunnfjord, som eventuelt høyrer heime andre stader i artikkelen enn under eldre kjelder.	Sfj1646
04	Ri1698		Ordsamling frå Norderhov ikring 1698. Ramus, Jonas. Alfabetisk.	Ri1698
05	Fyresdal1698	(Fyresdal),1698	Glossemata Tellemarchica. Ordsamling frå Fyresdal 1698. Bloch, Thomas. Alfabetisk.	Fyresdal1698
06	Rbg1698	(Rbg) EN II	Ordsamling fraa Robyggjelaget fraa slutten av 1600-talet, utg ved Hannaas, Torleiv.	Rbg1698
07	Stav1698		Jacob Rasch's ordsamling frå Stavanger, ikr 1698. SkrNMA IX. 1957.	Stav1698

			Tilnærma alfabetisk s 11–20, sidetal frå s 20 og utetter.	
08	Norrdal1698		Dictionarium Danico-Norvegico-Latinum 1698. Harboe, Knud Pedersen, utg ved Nes, Oddvar.	Norrdal1698
			Går frå dansk til norsk. Skal spesifiserast med "u oppslagsord"	
09	Vstrål1698	(Bøv),1698 (BV),1698	Ordsamling frå Bø i Vesterålen ikring 1698. Jacob Laugesen Bork.	Vstrål1698
			Alfabetisk.	
10	Trh1700		Dalen, Arnold: Norske ord i Nysteds leksikalske manuskript (1699-1700). Utskrivne frå manus i Det kgl. Bibliotek, København, i 1992 og 1993	
11	Tel17-	(Tel),add 108b	Ordsamling frå Telemark frå 1700-talet. Add. 108b (106b og 108c). (Ms.)	Tel17- (inneheld taggar, men er leseleg)
12	Iso17-	(So),1700	Endeel rare norske Ord. Ordsamling frå indre Sogn, truleg ikr 1690–1700. Utg ved G. Indrebø: Nokre eldre vestnorske bygdemålsskrifter. 1933	Indreboe
13	Ram.UO	Ram UI	Ord i Ramus, Jonas: Ulysses et Outines. 1713.	
14	Osterøy1723		Oppskrifter av folkeliv og ordtilfang frå Osterøy 1723. En liden krønnicke. Saa Maata. I: FjonFusa. Frå Fjon til Fusa: Årbok for Nord- og Midhordland sogelag (1972) s 7–60.	
			Bruk berre ordlistedelen. Før sidetal.	
15	Ram.NB	Ram Norr	Norriges Beskrivelse. Ramus, Jonas.	
			Kiøbenhavn 1715.	
16	L	L	Norske maalsamlingar fraa 1740-aari. Leem, Knud. utg ved Hannaas, Torleiv.	L

			Før sidetal frå side 245.	
			Hannaas' merknader (= Hann.Leem) kan ha nyare (frå 1923) målføreopplysningar, t d om kva det heiter "no" i Avaldsnes. Dei må ein laga heimfesting og litteraturkjelde på den elektroniske setelen for og eventuelt ta med andre stader i artikkelen enn under eldre kjelder.	
17	F	F	Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse (1743–1745). Med eit tillegg, Aar-bøkane (Krønike-bøkane). Esras, Nehemias, Rut, Ester. Ny umsetjing fraa grunnteksti. Fine, Bendix Christian de. Utg ved Thorson, Per.	
			Før med sidetal.	
18	1743, 1744, 1745	Stadtilvising føre 1743	(sjå eiga liste nedanfor)	
19	P	Pont	Glossarium Norvagicum. Eller Forsøg paa en Samling af saadanne rare Norske Ord som gemeenlig ikke forstaaes af Danske Folk, tilligemed en Fortegnelse paa Norske Mænds og Qvinders Navne... Pontoppidan, Erik. Bergen 1749.	
20	Nhl1750	(Nhl),1750	Samling af Norske Ord og Talemaader. Truleg frå Nordhordland 1746–1785. Utg ved Indrebø, Gustav. I: Nokre eldre vestnorske bygdemålsskrifter.	Indreboe
			Merk at Nhl1750Skikk (prenta i Folkev 1859) ikkje skal førast som "eldre kjelde".	
21	Lindås1750		Ordsamling i Thomas v. W. Angels Beskrivelse over Lindaas Præstegjeld.	
22	Ndm1760		Trønderord frå 1700-talet. Ordsamling frå Surnadal frå 3. kvartalet av det 18. hundreåret. utg ved Hagland, Jan.	Ndm1760

23	Snm1762	(Snm),1762	Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge. 1.og 2. part. Strøm, Hans, 1762–66.	
			Før band og sidetal. Setlar utan faksimile av boka er frå ordlistene i I,504–532. Sidetalet på setelen (t d "165") kan då visa til ei utgåve vi ikkje bruker.	
24	Gbr1769	(Gbr),1769	Samling af Ord i den Guldbrandsdalske Dialekt 1769. Storm, Edvard.	
25	G	G (GIV=utval)	Forklaring over endeel norske Ord ikring 1770. Gunnerus, Johan Ernst. Utg ved Hagland, Jan Ragnar. Tillegga til G bak (s 41-43) i denne utgåva skal visast til med sidetal (G 41 osfr).	G
			Signaturen Hagl.G skal berre brukast for Haglands kommentarar.	
26	Stjør1770		Børre Henrich Rachløw. Berre ordlista (s 56–60 i NTrI historielags årbok 1957), ikkje sidetal.	
27	Hard1775	(Har),1774/5/6	Ordsamlingar frå Hardanger 1774– 1776. Schnabel, Marcus. Utg Indrebø, Gustav.	Indreboe
28	W	W	Norsk Ordbog indeholdende en Samling af Norske Ord som især bruges i Sillejord og fleere Stæder i Norge. Wille, Hans Jacob. Ms frå ikr 1780.	W
29	Ws	(Spydeberg), 1780	Norsk Ordbog eller Samling af Norske Ord. I sær de som bruges i Egnen af Spydeberg, og viidere paa den Østre-kant af Norge. Med Forerinding om Mund-Arten, samt Tillæg af nogle Egnens Ordsprog og Egen-Navne. Som Bilage til Spydebergs Beskrivelse og ellers at faae for sig selv. Wilse, J. N. Utg ved Kolsrud, Sigurd.	
30	Trysil1784		Beskrivelse over Trysild Præstegield i Aggershuus Stift i	

			Norge 1784. Smith, Axel Christian.	
31	Gbr1785	(Gbr),1785	Ordsamling i Physisk og Ekonomisk Beskrivelse over Gulbrandsdalens Provstie i Aggershuus Stift 1785. Hiortøy, H. F.	Gbr1785
32	ØvTel1785	(VTel),1785(St b?)	Forsøg til Beskrivelse over Øvre-Tellemarken i Norge. Lund, Johann Michael. Kjøbenhavn 1785	ØvTel1785
33	Seljord1786		Beskrivelse over Sillejords Præstegjeld i Øvre-Tellemarken i Norge. Tilligemed et geographisk Chart over samme. Hans Jacob Wille. Ikkje alfabetisk ordna – før sidetal.	
34	VSO	VSO	Dansk Ordbog udg. under Videnskabernes Selskabs Bestyrelse. (Det må gå fram at ordet er norsk.)	
35	Eidsberg1794		Ordsamling frå Eidsberg ikring 1794 av J. N. Wilse. Prenta i Østfold historielags skrifter 1963.	
36	H	H	L. Hallager. Hovudbolk: oppslagsord. Tillegg: sidetal + oppslagsord. Visene i "Anhang" er ikkje rekna som eldre kjelde (for Storm-visene skal ein bruka kjelda E.StormD, sjå bibliografien).	H
37	Land1806	(Land),Lu	Ny Samling af Norske Ord og Talemaader. 1806–1808, Med et anhang. Lundh, Gregers Fougner. Alfabetisk.	Land1806
38	Lof1807	(Lo),1807	Nogle faa rare norske Ord, efter den Dialekt, som i Lofoten's Fogderi i Nordlandene, er brugelige. Schytte, E. G., København. Seidelin. 1807. Alfabetisk. Sjå punkt 10.1.3 om setelteksta i SA.	
39	NoOrds1810-12		Skrifter fraa Norsk Maalførearkiv X. 1957. Gjeld for tekst i sjølve boka utanom lokalordlistene. Før sidetal. Sjå også punkt 10.3.2.1.	NoOrds1810-12

40	Akh1810-12		Ordsamling frå Akershus stift frå ikring 1810–12. Bech, F. J. I: NoOrds 1810-12 s 61.	
41	Elverum1810-12		Ordsamling frå Elverum frå ikr 1810-12. Gude, H.N.J.	
42	Biri1810-12		Ordsamling frå Biri ikr 1810–12. Schytt, P. V.	
43	Modum1810-12		Ordsamling frå Modum 1810. Teilman, Andreas.	
44	Rollag1810-12		Ordsamling frå Rollag frå ikr 1810-12. Borch, A.O.	
45	Flesberg1810-12		Ordsamling frå Flesberg frå ikr 1810-12. Engelhart, A. B.	
46	ATel1810-12		Ordsamling frå Sauherad, Bø, Heddal og Hjartdal frå ikr 1810-12. Crøger, J. P.	
	Brg1810-12		Ordsamling frå Bergen frå ikr 1810-12. Sagen, Lyder	
47	Edøy1810-12		Ordsamling frå Edøy frå ikr 1810-12. Holck, S. H.	
48	Snm1810	(Snm),1810	Nu brugelige Norske Talemaader og Ordsprog. Vassbotn, Jon Rasmusson, Opptrykk av originalutgåve Sorø 1762–1766.	Indreboe
49	Vågan1810-12		Ordsamling frå Vågan frå ikr 1810-12. Colban, E. A.	
50	Lyngen1810-12		Ordsamling frå Lyngen frå ikr 1810-12. Gotaas, O.	
51	Lærdal1811	(Lærdal i So),1811	Fortegnelse paa Leirdalske Ord og Talemaader. Med alle dei merke (teikn eller krims) som ein finn på vanlege stavar, og alle kjende merkedagar i året, dertil gamle vessar og vermerke. Rodtwitt, L. A. Prenta i Talatrusten 1997. Alfabetisk.	
52	Snåsa1812	(Snåsa),1817	Efterretninger om Sneaaasen Præstegjeld 1812. Brun, S. B.	

53	Devegge1816		Prøve av Dansk-norsk ordbok 1816. Devegge, Ole. Alfabetisk. Før som "u oppslagsord", frå s 20 i staden sidetal.	Devegge1816
54	Saga1816	(Saga),1816	Levninger af Nordens gamle Tungemaal udi Norges Provindsial-Dialecter. Johan Storm Munch. Alfabetisk.	Saga1816
55	VTel1821		Det norske Fjeldsprog, som Nutiden brugeligt øverst i Fjeldene, af øvre Tellemarken. Svenungsen, Niels. Utg ved Borg, Arve. Før sidetal (inneheld fleire lister). Finst berre i SA – ikkje med i Grm.	VTel1821
56	Saltdal1825	(Saltdal),1825	Physisk-oeconomisk Beskrivelse over Saltdalen i Nordlandene. Sommerfelt, Søren Christian. Trondhjem 1824–1827.	
57	Karlsøy1835		Ordsamling frå Karlsøy 1835. Steen, Marcus Fredrik.	
58	C	C	Norsk Dialect-Lexicon. Og nokre folkeminne og brev. Christie, W. F. K. Utg ved Indrebø, Gustav. Manuskript 1830–1840.	C
59	FayeD1840		Finst berre i SA – ikkje med i Grm. Før "u oppslagsord". Sjekk om VigOrdl også har ordet (dei to førekjem ofte saman).	FayeD1840
60	NhI1843A.		Ordsamling frå Nordhordland 1843. Aasen, Ivar. Berre utan belegg frå A ¹ eller (òg) A ² .	
61	NhI1844A.		Ordsamling frå Nordhordland 1844. Aasen, Ivar. Berre utan belegg frå A ¹ eller (òg) A ² .	
	ÅIHol1844		Ordbog indeholdende Samling af hallingdalske Ord. Caspar Hansen Sogneprest og Andreas Wulfsberg Grøtting Cand. Theol.	ÅIHol1844
62	Unger1844	Nor III	Norske Dialekt-Ord uddragne af en Reisendes Optegnelser. Unger,	Unger1844

			Carl Richard.	
63	Asbj.NHE184 5-70		Ordlister i Asbjørnsen: Norske Huldre-eventyr og Folkesagn 1845-1870. Asbjørnsen, P. Chr.	
64	A.1849	Af1849	Laanordbok. samling. Aasen, Ivar. Før "u oppslagsord". Berre når anna tilfang frå Aasen (irekna A.1857 og A.1881) manglar.	
65	A ¹	A	Ordbog over det norske Folkesprog. Aasen, Ivar. Kristiania. 1850. For tillegget før sidetal (i opphavleg utgåve; tekst i tillegget står mellom skråstrekar i nyutgåva, jfr punkt 4.2.4.5). Grm er ikkje pålitande.	
66	GjerstadAas	(Gjerstad VAgd),Aas	Fortegnelse over Ord af Almuesproget i Gjerestad og Wegaardsheien frå ikring 1850 som enten aldeles ikke bruges i Skriftsproget, eller som efter Udtalen ere det gamle Norske, eller staae dette i det mindste nærmere end Skriftsproget. Aas, John. Før med sidetal (alfabetiseringa er ustø).	GjerstadAas
67	VigOrdl		Fornorskingsordliste i Den norske Folkeskole 1855-56. Vig, Ole. Finst berre i SA – ikkje med i Grm. Sjekk om FayeD1840 også har ordet (dei to førekjem ofte saman). Før "u oppslagsord".	VigOrdl
68	ØdSTr1855		Ord og ordtak frå Nord-Østerdal og Sør-Trøndelag 1855–57. Reitan, Anders. ÅrbGlåm 1958 s 24–34. Før "u oppslagsord".	ØdSTr1855
69	Agd1857		Ordlister frå Agder frå 1857 etter Johan Lindeqvist. I: A.BD I,309-311. Alfabetisk.	Agd1857

70	A.1857	Aaf	Aasen, Ivar: Låneordbok 1857. Ms. Før "u oppslagsord". Bruk berre når anna tilfang frå Aasen manglar. Med Aasen-tilfang berre frå to eller alle av dei tre låneordbøkene (1849, 1857, 1881) før berre den yngste av dei.	
71	BrgKøster	(Bg)Kø	Bergenseren eller nogle Ord af det Bergenske Folkesprog. Samlede og forklarede af "Itt Byens Barn fødd i Marken". Køster, Kristian Bernhard. 1865.	BrgKøster
72	A ²	Å	Norsk Ordbog. Med dansk Forklaring, Aasen, Ivar. Christiania. 1873. For tillegget før sidetal (i opphavleg utgåve; tekst i tillegget står mellom skråstrekar i nyutgåva, jfr punkt 4.2.4.5). Grm er ikkje pålitande.	
73	A		Nytta dersom ordet har artikkel både i A ¹ og A ² .	
74	A.1881	Aad	Dansk-norsk ordbok. Aasen, Ivar. Bruk berre når anna tilfang frå Aasen manglar. Med Aasen-tilfang berre frå to eller alle av dei tre låneordbøkene (1849, 1857, 1881), før berre den yngste av dei.	
75	KUN	Kun	Unorsk og norsk, eller Fremmedords avløsning. Knudsen, Knud. Kristiania 1881. Bruk berre når andre eldre kjelder manglar.	
76	R	R	Norsk Ordbog. Tillæg til "Norsk ordbog" af Ivar Aasen. Ross, Hans.	
77	R1	R1	Tillegg til R. Alfabetisk.	
78	R2	R2	Tillegg til R. Alfabetisk.	
79	R3	R3	Tillegg til R. Alfabetisk.	

80	R4	R4	Tillegg til R. Alfabetisk.
81	R5	R5	Tillegg til R. Alfabetisk.
82	R6	R6	Tillegg til R. 1913. Alfabetisk.

4.2.4.3.2 Ordsamlingane frå 1698

I 1698 vart det gjort ein fyrste freistnad på systematisk ordinnsamling i Noreg og Danmark via embetsverket (sjå OOO 1998 s 22–28). Dette førde fram til seks ordsamlingar frå norske målføre. Desse seks er nr 4–9 i menyen over eldre kjelder (sjå over). Dei er ordna geografisk etter den rekkjefylgja som NO bruker. 1698-ordsamlingane er digitaliserte og finst i mappa for eldre ordsamlingar (sjå førre punktet). Merk at Norddal1698 korkje er ekserpert i Setelarkivet eller førd på i Grunnmanuskriptet.

4.2.4.3.3 Ordsamlingane frå 1743

I 1743 gjennomførde det kongelege kanselliet i København ei rundspørjing blant alle prestar i det danske kongeriket om ymse tilhøve i prestegjelda, der det òg var med eit par spørsmål om lokale dialektord og proprium. Dei listene som kom inn som svar på dette, var så mange at dei her er førde i ei eiga liste, sjå nedanfor.

1743-listene ligg i menyen under feltet for eldre kjelde. Heradsnummera avgjer rekkjefylgja. Dersom det skulle koma til fleire, får dei sine heradsnummer påførde og går inn på rett plass.

Mange av 1743-ordsamlingane er heilt elles delvis ekserperte i Setelarkivet for NO og dermed normerte gjennom Metaordboka, jfr kolonne for "Tal på setlar" nedanfor. Mange er også digitaliserte som heil tekst av Dokpro, men ikkje gjort søkbare i dei elektroniske samlingane enno.

"Tal på setlar" er tal på tilslag i Setelarkivet – per 2003 (det har vori endringar seinare). Det er fleire feilkjelder, m a:

- mangelfull ekserpering
- uleseleg kjelde
- uleseleg oppslagsord i den elektroniske utgåva av Setelarkivet

I Grunnmanuskriptet er føringa ofte stadnamn i parentes og med komma etter, framfor årstal (slik som òg mange stader i kolonnen "Gamal kjeldesignatur" i hovudtabellen for eldre kjelder ovanfor): "(EM Sigdal), 1744" = "Eiker, Modum og Sigdal1744".

Kodar for dei prenta kjeldene i tabellen:

- Norge1743 (kjeldesignatur) = Norge i 1743 band 1-5 (står utan signatur under prenta kjelder nedanfor, men alltid fyrst der ikkje annan signatur er oppgjeven)
- GA: S. Kolsrud: Gamalt austlandsmaal (signatur S.Kolsr.GAustI)
- GAT: S. Kolsrud: Gamalt austlandsmaal. Upplandsmaal (signatur S.Kolsr.GAustIT)
- HH: Håkon Hamre: Vestnorske ordsamlingar frå 1700-talet (signatur HamreVno)

Kjeldesignatur i NO	Prenta kjelder	Datafil	Tal på setlar
Rakkestad1743	I,267 / GA 165-166		5
Askim1743/1745	I,300 / GA 121		3
Trøgstad1743	I,303 / GA 121-123		13
Akershus1743	I,139-152 / GAT (omfattar Gbr1743 ² , Va1743 (= VaHad1743), Nu1743, Hdmf1743, sjå dei nedanfor)		1
Follo1743	I,326 / GA 59-61		18
Kråkstad1745,Ski1745	I,341 / GA 106		2
Ås1743	I,338 / GA 105		7
Enebakk1744	I,366-368 / GA 108-112		49
Høland1743	I,388 / GA 112-113		20
Aurskog1743	I,380 / GA 13-14		4
Fet1743	I,372 / GA 15-16		4
Nes på Rom 1743	I,424 / GA 116		13
Eidsvoll1743	I,432-433 / GA 17-20		58
Hdmf1743	I,151-152 / GAT 18-20	S_Kolsr_GAustIT	0
Grue1743	II,95 / GA 42-43		0
Romedal1745	II,101 / GA 83		0
Løten1743	II,105-107 / GA 95-99		91
Åmot1743	II,121 / GA 43		5
Rendal1743	II,124 / GA 127		13
Tolga1743	II,126 / GA 128		1
Gbr1743	II,301 / GA 45-47		166
Gbr1743 ²	I,139-144 / II,311-316 / GA	S_Kolsr_GAustIT	0

	48-56 / GAT 5-12		
NGbr1743	II,157 / GA 129-130. NGbr1743 og Gausdal1743 viser til same dokumentet: Sokneprest Joakim A. Pihl i Gausdal førde opp ei liste på fjorten ord eller uttrykk med ekvivalentar både frå Gausdal og frå NGbr i separate kolonnar. Vi skal bruka ulik referanse på dei to kolonnane.		14
Lom1743	II,365-376 / GA 136-155	Lom1743	339
SGbr1744	II,337-338 / GA 211-214		12
Fron1743	II,356-358		47
Ringebu1743	II,346 / GA 79-80		8
Gausdal1743	II,157 / GA 129-130 (sjå merknad til NGbr1743 ovanfor)		20
HadLandVa1743	II,182 / GA 208-209 (siste lina i Norge1743 manglar i GA)		0
Va1743 (som regel førd som "Thott 772" i Grunnmanuskriptet)	kjelda skal ikkje lenger brukast (vi kan ikkje kontrollera henne)		1
Va1743 (førd med "Va" føre "1743" i Grunnmanuskriptet; sjå neste tabellrad)	I,145-148 / GAT 12-13	S_Kolsr_GAustIT	0
VaHad1743	tidlegare kode (skal ikkje brukast) for Va1743, sjå førre tabellrad		
Slidre1743	II,286-290 / GA 3-10		165
Aurdal1743	II,226-227 / GA 154-155		73

Land1743	II,211-216 / GA 84-94		138
Toten1743	II,146 / GA 84		27
Had1743	kjelda er frå 1789 / GA 258-261		4
Jevnaker1743	II,190 / GA 77-78		1
RiHall1743 (Wiel)	III,187-195 / GA 233-247		149
RiHall1744 (Paludan)	III,36-40 / GA 199-206		236
Ål1745	III,217-218 / GA 74-75		60
Nu1743 (skil frå Nu1744!)	I,148-150 / GAT 16-18	S_Kolsr_GAustIT	0
Nu1744 (skil frå Nu1743, men sjå Larvik1744 ndf!)	III,396-397 / GA 229-231 / òg prenta i VestfMin 1949-50,70-71		11
Rollag1743	III,303-306 / GA 156-161		79
Sigdal1745	III,284-286 / GA 67-70		63
Norderhov1743	III,210 / GA 63		7
Eiker, Modum og Sigdal1744	III,247-259 / GA 169-189		382
Sandsvær1743	III,293 / GA 163-164		3
Borre1743	III,380-381 / GA 29-31		8
Andebu1743	III,383 / GA 35-36		3
Larvik1744	identisk med Nu1744, men lagd inn dobbelt: som Nu1744 i form av tradisjonelle setlar, og som Larvik1744 i form av elektroniske setlar. Kjelda har form som drøftande tekst, ikkje som liste, og dei to versjonane har difor vortne førde inn med noko ulikt ordutval og sitat.		10
Hedrum1745	III,415-416 / GA217-220		24

Tinn1743	ikkje i materialet frå 1743-rundspørjinga (men elles godtakande eldre kjelde), sjå Oddvar Nes i <i>Helsing til Lars Vassenden</i> (1994) s 142-145		280
Heddal1743	III,467 / GA 224-225		15
VTel1743	III,434-456 (grunnar seg som vanleg på originalen) / i <i>Norig</i> 1929 (med modernisert rettskriving)	VTel1743 (setlar i Setelarkivet grunnar seg på utgåva i <i>Norig</i>)	336
VTel1743G	Gjermundsen 1980 s 13-26 (identisk med VTel1743 ovanfor – utgåva fylgjer utgåva i <i>Norig</i>)	VTel1743G	5
Drangedal1743	III,480-482 / GA 226-229		15
Holla1743	III,488 / GA 222-223		0
Lista1743	IV,58-59		33
Jr1743-1745	IV,154-185 / F 118-143 (Thorsons De Fine-utgåve frå 1952, dvs Jr1743-1745 = F. Det skal refererast til denne med sidetal, jfr punkt 4.2.4.5)		2
Etne1743	IV,204		0
Skånevik1743	IV,208-209 / HH 43-44	HamreVno	20
Kvinnherad1743	IV,212		1
Fjelberg1743	IV,201-201 / HH 45-47	HamreVno	84
Stord1743	IV,228-229 / HH 48-49	HamreVno	82
Tysnes1743	IV,221-222 / HH 50-51	HamreVno	27
Granvin1743	IV,238-239		6
Os i HI1743	IV,250-251 / HH 51-53	HamreVno	50
Fana1743	IV,255		1

So1743	IV,274-279 / HH 68-75	HamreVno	281
Vik1743	IV,302 / HH 66-68	HamreVno	58
Leikanger1743	IV,298 / HH 64-66	HamreVno	45
Sogndal1743	IV,292-294 / HH 62-64	HamreVno	110
Hafslo1743	IV,287 / HH 61	HamreVno	3
Luster1743	IV,283 / HH 60-61	HamreVno	21
Askvoll1743	IV,308 / HH 75-76	HamreVno	17
Førde1743	IV,317-318 / HH 76-77	HamreVno	36
Davik1743	IV,325-326 / HH 77-78	HamreVno	33
Eid1743	IV,329 / HH 79	HamreVno	29
Gloppen1743	IV,339-341 / HH 80-81	HamreVno	80
Innvik1743	IV,347-348 / HH 82-83	HamreVno	28
Vanylven1743	V,56 / HH 83-84	HamreVno	40
Herøy1743	V,63-64 / HH 84-85	HamreVno	30
Volda1743	V,72 / HH 85	HamreVno	10
Hjørundfjord1743	V,75 / HH 86	HamreVno	14
Norddal1743	V,100-103 / HH 87-92	HamreVno	137
Ørskog1743	V,87 / HH 93	HamreVno	0
Haram1743	V,93 / HH 93	HamreVno	0
Roms1744	V,49-53		0

Svaret frå Skogn prestegjeld finst ikkje som kjelde(signatur) i NO, men står i Norge1743 V,134-136.

4.2.4.4 Sjølve føringa

Føremålet med formatet er å føra dei opplysningane som er naudsynte for sikker identifisering av oppslagsord til kjelde, så snautt som mogleg, men ikkje snauare enn at det er mogleg for ein utanforståande å etterprøva opplysninga. Elementa i tabellen for eldre kjelder er (bortsett frå innleiingsfeltet):

- sjølve den eldre kjelda

- spesifisering av den eldre kjelda

For føring av eldre kjelder med tilleggopplysningar gjeld desse reglane:

1. Dersom oppslagsordet står i ei alfabetisk liste i kjelda, og har om lag same form, blir kjelda førd utan tillegg. Dette er den vanlegaste føringsmåten.

Berre NO-signatur:	fylling f [C, A; ...]
--------------------	------------------------------

2. Dersom lista ikkje er alfabetisk ordna, eller oppslagsordet står i ein annan samanheng enn i ei ordliste (t d i ei ordtakliste), føyer vi til sidetal frå den prenta kjelda. (Sume kjelder skal alltid ha sidetal, sjå punkt 4.2.4.5.)

Med sidetal i tillegg:	grønske f [H 185, A; ...]
------------------------	----------------------------------

3. Har ordet ei anna form i kjelda enn den normaliserte forma som er oppslagsform i NO, fører vi opp denne forma i kursiv etter kjeldeavstytinga (i spesifiseringsfeltet).

Poenget med dette tillegget er ikkje å gje eit fullstendig oversyn over avvikande former. Vi tek ikkje med tillegget når avviket er regelrett eller ikkje vik serleg av frå norma no, eller elles er lett å gjennomskoda.

Ordforma skal siterast nøyaktig som i kjelda med to unntak: Ordforma skal ha liten førebokstav og *aa* blir attgjevi med *å*. Det vil seia at dei reglane som gjeld for ordrette sitat, også gjeld for ordformer frå eldre kjelder (òg under punkt 4 og 5 nedanfor), jfr punkt 4.3.6.4.

Dersom ordforma står i kjelda i ei anna grammatisk form enn oppslagsordet i NO (t d fortid av eit verb), markerer ein ikkje det om det ikkje er naudsynt for å identifisera forma. Den grammatiske spesifiseringa står då etter ordforma. (Ordformer som står i *same* grammatiske form i kjelda som i oppslaget i NO, spesifiserer vi ikkje grammatisk form til.)

Gjev ein opp både sidetal og avvikande oppslagsform, skal sidetalet stå fyrst.

Med anna form i tillegg:	gara v -a [A ² , R <i>gadra</i> ; ...]
Med tilvising til sidetal og form i kjelda:	grunna v -a [VTel1821 43 <i>gronnæ</i> , A; ...]
Med grammatisk spesifisering	rad f [VTel1821 65 <i>rair</i> pl ...]

4. Står ordet nemnt under eit anna, alfabetisk ordna oppslagsord i kjelda, skriv vi "u ... ", dvs "under ...".

Med tilvising til oppslagsord i kjelda:	fylking f [A.1857 u <i>corps, regiment</i> ; ...]
	II flusker el fluskr n [R u <i>fluskra</i> ; ...]
	skrotefelle f [R u <i>skrota</i> f]
	sjåle f [R u <i>sjåla</i> v]
Med tilvising til både form og oppslagsord:	glodren adj [R <i>glådren</i> u <i>glodra</i>]

5. Står same ordforma nemnd i to eller fleire eldre kjelder som fylgjer kvarandre kronologisk, kan ein binda dei to saman med "og" (innleiingsfeltet) og føra forma etter den siste, sjå punkt 4.2.4.2.
6. Har ei kjelde fleire belegg på ordet (det vil gjerne vera i ordtak el I), avgrensar vi oss til å visa til eit par stader, med prioritet for belegg med definisjonar eller belegg som på andre måtar fortel noko spesielt om ordet.

4.2.4.5 Merknader til einskilde eldre kjelder

- Når eit ord eller ei opplysning står både i A¹ og A², skriv NO A (utan punktum etter).
- Det finst ingen liknande samlesignatur for Ross: Signaturen R viser alltid berre til hovuddelen av ordboka hans, utan tillegga.
- Når ein må spesifisera berre A¹ eller A², eller spesifisera dei to på ulik måte, fører ein A¹ og A² kvar for seg, trass i at vi slår dei saman til A i andre høve: A¹ u *klapp*, A² u *klappa*.
- Dei eldre kjeldene av Ivar Aasen utanom A (dvs A.1849, A.1857 og A.1881, jfr lista over eldre kjelder under punkt 4.2.4.3.1) skal berre takast med når opplysninga ikkje står i A. Finst då opplysninga i to eller alle av desse tre kjeldene, tek ein berre med den nyaste av dei.
- KUN skal med berre dersom ein ikkje har andre eldre kjelder.
- For dei einskilde ordsamlingane i NoOrds1810-12 skal det nyttast eigne signaturar (Vågan1810-12 osfr), sjå meir i punkt 10.3.2.1.
- Nokre eldre kjelder har innleiing eller (òg) merknader av utgjevaren av ei seinare utgåve. Slike merknader kan ha fått ein eigen kjeldesignatur, såleis Hagl.G, Hagl.W, Hann.Leem, Hann.Rbg1698, Hann.Sfj1646 og Hann.Vagd16-. Opplysningar som står i slike merknader, skal ikkje gjelda som belegg i den eldre kjelda. Dersom utgjevarteksta skal takast med som litterær kjelde (t d etter eit bruksdøme frå nyare målføre), blir ho vist til med sidetal (Hann.Leem 175). Omvendt skal opplysningar frå sjølve den eldre kjelda alltid visast til med signaturen for den eldre kjelda (G, ikkje Hagl.G).

Der oppslagsorda ikkje står alfabetisk i kjelda, skal ein føra sidetal.

- Desse eldre kjeldene skal alltid ha sidetal: VAgd16-, Ram.NB, Osterøy1723, F, Snm1762 (òg bandnummer), Seljord1786, VTel1821, GjerstadAas.
- A¹ og A² skal ha sidetal for ord frå tillegget til slutt. I nyutgåvene til Kruken og Aarset kan slike ord stå på ordinær alfabetisk plass mellom skråstrekar, anten som eit eige oppslag (sjå t d **hyrja** i A¹) eller fletta inn i ein artikkel (sjå t d **hite** i A¹). Då må ein slå opp i originalutgåva om ein ikkje er viss på sidetalet.
- Også sume andre kjelder har leksikografisk oppstelte tillegg etter hovudordlista: H skal ha sidetal frå side 148, L frå side 245, G frå side 41, Devegge1816 frå side 20 og Stav1698 frå ein stad på side 20.

Desse eldre kjeldene skal ha dansk-norsk oppslagsord tilføydd slik "u xxx": Norddal1698, Devegge1816, FayeD1840, ØdSTrl1855, VigOrdl, A.1849, A.1857, A.1881, KUN.

4.2.5 Avvikande skriftformer

Utfyllinga av denne tabellen er stramma inn ein god del frå band 1–4. Ein kan såleis ikkje bruka band 1–4 som modell på alle punkt.

- Opplysningar om avvikande skriftform gjev ein for grunnord, sjå punkt 4.2.5.3 nedanfor.
- Opplysning om avvikande fuge i samansette ord gjev ein i fyrsteleddsartikkelen.
- Opplysningane om avvikande skriftformer gjeld variantformer av oppslagsforma som finst i det ein kan rekna som (freistnader på) nynorsk normalmål.
- Vi fører ikkje målføremerkte skriftformer.

Variantformer kan vera

- former som har vori eller er vanlege i bruk jamvel om dei er i strid med rettskrivinga
- former som har vori tillatne i offisiell rettskriving før 1938
- former som er sideformer i dag

4.2.5.1 Tabellen for avvikande skriftformer

Tabellen for avvikande skriftformer har fire felt:

- | | |
|------------------|----------|
| 1. innleiing | meny |
| 2. ordform | fritekst |
| 3. kjelde | meny |
| 4. spesifisering | fritekst |

Ein kan kommentera fleire ordformer, og det kan knytast fleire kjelder med spesifisering til kvar ordform.

Til saman gjer dette at vi kan framstella tabellen for avvikande skrift som ein trestruktur på tre nivå (1 innleiing, 2 ordform, 3 kjelde(rekkje) med spesifisering(ar)). Sjå elles programrettleiinga punkt 13.3.3 *Avvikande skriftformer*, òg om skiljeteikn som programmet set inn.

4.2.5.2 Innleiingsfeltet for avvikande skriftformer

Dette feltet er menystyrt. Dersom ein skal føra avvikande skriftformer, må dette feltet fyllast ut, men berre éin gong er obligatorisk for heile artikkelen. Ein kan velja mellom:

skr skrift

skr òg skrift òg

e skr eldre skrift

e skr òg eldre skrift òg

Til vanleg er det få opplysningar om avvikande skriftformer. Men det kan tenkjast at ein har bruk for å gjera greie for både eldre og nyare avvik (det er rett nok sjeldan). Det er difor høve til å velja innleiingsfeltet meir enn éin gong.

4.2.5.3 Skriftform

Dette feltet er eit obligatorisk fritekstfelt for innføring av avvikande skriftformer.

Det er fyrst og fremst avvik i grunnform som blir førde. Dette gjer ein til vanleg knappast mogleg.

NO tek ikkje med opplysning om regelrette (eldre) bøyingsparadigme som ikkje var tillatne i rettskrivinga frå 1938 og utetter, fyrst og fremst av di desse bøyingsmønstra er kjende frå grammatikken og vart fylgde av forfattarane av si tid.

Døme på ting som ikkje blir førde opp: pl bf *-arne*; v ft på *-ade*; n sg bf utan *-t*.

Opplysningar om serskriving og samanskriving tek vi heller ikkje med. Det vil føra for langt, ikkje minst av di tilfanget på dette området ikkje er godt nok i samlingane våre.

Kjeldene for avvikande skriftform er dei normalspråklege litteraturkjeldene for NO, det vil seia saklitteratur og avis- og tidsskriftmål. Ein bør vurderera kritisk om ei form hos ein skjønnlitterær forfattar fortener føring. Dersom det fyrst og fremst dreiar seg om eit idiosynkratisk avvik hos ein gjeven forfattar, fører vi ikkje forma. Former frå målføremerkte litteratur tek vi heller ikkje med. Til dømes er NFL-serien uaktuell som kjelde for avvikande *skriftformer*. Målføremerkte skriftformer som ikkje har sikker heimfesting, og såleis ikkje kan førast under målføredelen i hakeparentesen, blir i det heile teki ikkje nemnde i NO, utanom det at dei kan stå i bruksdøme.

Døme på føringar:

sement m [...; e skr *cement*; ...]

godtsom adv [e skr òg *godtso*; ...]

II **hareball** n [skr òg *haraball*; ...]

quebracho m [...; skr òg *quebraco* (ÅrbGlåm 1977,130), *kvibrako* (MinneAgd 67); ...]

I NO 1–4 kan ein også finna opplysning om:

Bøyingsavvik: **handel** m, pl **handlar** [...; skr òg pl *handelar* (Vi.; Be.); ...]

Genusavvik: I **glir** (i) m [...; skr òg n (Haalke i tyd 1); i tyd 3 òg f (GOS VIII,92; FvLa. 805); ...]

Bøyings- og skriftavvik: **fegge** m [...; e skr pl *fedgar*; skr òg *feggje*; ...]

glo f, pl **glør** [... e skr *glod*, pl *gløder*, òg *glødar* (Loup.Tel); dat *glodom*; ...]

Dette fører vi ikkje vidare.

4.2.5.4 Kjeldefesting og spesifisering

Redaktøren vel kjeldeavstytting frå meny (generert direkte frå bibliografidatabasen). Kjelder blir spesifiserte på vanleg måte, med sidetal osfr. Dersom ei ordform er sereiga for ein forfattar, kan ein skriva forfattarsignatur utan vidare spesifikasjon (Vi., Ga., Du.). Meiner ein at ein ny slik naken forfattarsignatur bør inn i kjeldelista, seier ein frå til ansvarleg person i redaksjonen for vedlikehald av bibliografidatabasen, så blir det lagt til om det blir vurdert som gagnleg.

Ein skal ikkje ha lange kjelderekker for avvikande skriftformer. To-tre kjelder er nok. Ofte kan forma stå utan kjelde.

Spesifiseringsfeltet for litteraturkjelda har ordformknapp for kursiv.

4.2.6 Målføreformer

4.2.6.1 Formål med føring av målføreformer

Denne delen av hakeparentesen skal gje eit oversyn over målføreformer frå 1900 og utetter, pluss slike former i ordbøkene til Aasen og Ross.

Målføretilfang for NO er norske talemålsformer som er dokumenterte etter 1900

og står i samband med eldre målbruk på staden. Det er dette som informantane våre, og forfattarar av lokale ordsamlingar, til vanleg reknar som dialektuttale.

NO legg vekt på å markera hovudvariantar med rimeleg stor utbreiing. Det er ikkje mogleg å gjera oversynet uttømande med det kjeldegrunnlaget vi har tilgjenge til.

Hovudprinsippet for føring av målføreformer i NO er at vi tek med målføreformer med avvik frå standardforma som ikkje utan vidare kan avleiast av regelrette variasjonar i lyd- og formverk i målføra (er ikkje "sjølvgeivne", føreseielege). Dersom det er naudsynt for å gje eit rimeleg bilete av heilskapen, tek vi også med utbreiingsopplysningar om den talemålsforma som svarar til standarduttale av ortografisk form.

Formålet med føringa av målføreopplysningar har endra seg noko under redigeringa av NO. I utgangspunktet var tanken å opplysa om målføreformer som skilde seg så mykje frå forma på oppslagsordet at det kunne vera vanskeleg å identifisera målføreforma. Etter kvart som tilgjenget på målføreopplysningar har vorti betre, har målføreopplysningane komi til å nærma seg eit dialektgeografisk oversyn. Rundt midveges i bandserien har ein fått eit fastare føeringsformat og meir eksplisitte, og dels nye, reglar. Dei tidlegare banda kan difor ikkje brukast som mønster i alle detaljar.

4.2.6.2 Litteratur

Det finst ein omfattande litteratur om norske målføre, inndelingsprinsipp osfr.

Moderne standardverk til hjelp for vurdering av målføreformer er:

- Papazian og Helleland (2005): *Norsk talemål: lokal og sosial variasjon*
- Sandøy (1985, 1987): *Norsk dialektkunnskap*
- Sandøy (1993 med blått omslag, 1996 med raudt omslag): *Talemål* (2. utg = SandøyT)
- Skjekkeland (1997): *Dei norske dialektane: tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla* (= Skjekk.ND)
- Skjekkeland (2005): *Dialektar i Noreg: tradisjon og fornying* (byggjer på Skjekk.ND)

Dersom ein vil forstå det eldre tilfanget som NO byggjer på, bør ein lesa føreorda til A¹, A² og R og Storm-lista. Hallfrid Christiansen: *Norske dialekter* (= H.Chr.ND) bør ein også kjenna til. Eit stort, men no lite nytta verk er Hans Ross: *Norske bygdemaal* (= R.NB), som dekkjer heile det gamle norske målføreområdet (med Båhuslän, Jämtland og Härjedalen).

Omtale av transkripsjonssystemet Norvegia (som er delvis nytta i målføresynopsen) finn ein i Johan Storm: *Norsk Lydskrift med Omrids af Fonetiken*. Kristiania, 1884. 132 s. I: *Norvegia*, utg av Samfundet for norske Maal og Traditioner.

4.2.6.3 Kjelder for målføreformer

Fokuset i denne delen av hakeparentesen er synkront, det vil seia at målføreformer som berre er dokumenterte i dei eldre kjeldene (frå før 1900), ikkje høyrer med. Vi gjer likevel unntak for målføreopplysningar frå ordbøkene til Aasen og Ross.

NO skal difor inkludera dei målføreformene som er dokumenterte i målføresynopsisen og gjennom informantane våre i Setelarkivet. (Merk at synopsisformer med grøn skrift kan skriva seg frå før 1900;

sjå informantoversynet framme i protokollen.) Vi tek også med forinformasjon frå dei prenta målføreordsamlingane på vanleg måte, føreset at dei er godtekne som kjelder for Norsk Ordbok.

Moglege kjelder for målføreformer er tekster som har dokumentasjon av talemålet som føremål. Dette kjem fram ved at NO-signaturen tek til med eit stadnamn. (På setlar frå slike verk bør ein leggja heimfestingsflagg om det ikkje finst frå før. Ein bør òg sletta og retta galne elektroniske heimfestingar.)

For verb må ein òg slå opp i:

- Venås (1967): *Sterke verb i norske målføre*
- Venås (1974): *Linne verb i norske målføre*

Målføresynopsisen manglar oppskrifter frå Sogn, på grunn av verket *Sognemålene* av Amund B. Larsen (1926), som ein då må slå opp i. Boka kan òg innehalda ord som ikkje står i synopsisen. Registeret har dei norrøne ordformene.

Målføretilfanget i samlingane er komi inn frå 1930 og framover. Det meste må i utgjevsperioden for band 5–12 reknast som eldre mål. NO fører difor ikkje merknaden "e mål" på einskildformer.

I og med at tilfanget vårt skriv seg frå heile perioden då dialektologien har eksistert som fag, er det gjevi at teori og begrepsapparat har endra seg undervegs. Dette er med på å gjera harmoniseringa av tilfanget krevjande, og løysingane må nødvendigvis bli omtrentlege på nokre punkt.

Merk serskilt at NO ikkje tek mål av seg til å dokumentera den raske endringa av talemålet mange stader i landet i seinare år. NO dokumenterer heller ikkje påverknad på talemålet frå bokmål eller frå andre språk når det gjeld lydform.

Vi nyttar det tilfanget vi har i materialet vårt, medrekna målføresynopsen, og samlar ikkje inn nytt tilfang på eiga hand. Eit par unntak må likevel nemnast:

- Målføretilfanget til NO er ikkje fulldekkjande, og dette gjer sumtid at føringa blir meir plasskrevjande enn ynskjeleg, serleg når det gjeld heimfestingane (kommunerekkjer i staden for landskap eller fylke). Dersom ein lettvinnt kan fylla ut hol i heimfestingane, og dermed ha grunnlag for å heimfesta til eit større område, bør ein gjera det, men slik tilleggssamling skal ikkje ta nemnande tid frå redigeringa. Slike individuelle tillegg må alltid fyrst leggjast til samlingane, slik at grunnlaget for heimfestinga kan etterprøvast.
- Det kjem også inn nye opplysningar gjennom nye ordsamlingar til biblioteket (på papir eller digitalisert).

Det er eit redaktøransvar å syta for at relevante, nyleg innkomne opplysningar kjem på plass i kvar ordartikkel.

4.2.6.4 Kva for ord får målføreopplysningar

NO fører målføreopplysningar for desse ordartiklane:

- grunnord

- fyrsteledd
- etterledd

Under avleiingar og samansetningar blir det ført målføreopplysningar berre i serhøve, og då berre om det finst målføreformer som ikkje er dekte eller kan dekkjast av omtalen under einskildledda (grunnord, avleiingstypar), sjå nedanfor.

Dersom det er naudsynt å kommentera tilhøve ved fugen i samansette ord, blir det i utgangspunktet gjort under fyrsteleddsartikkelen for heile samansetningsrekkja, sjå nedanfor.

4.2.6.4.1 Målføreopplysningar om grunnord

Grunnorda er den viktigaste ordgruppa som får målføreopplysningar. For grunnord som er arveord og har uregelrett bøying, kan føringa av målføreformer bli heller omfangsrik.

I redigeringsprogrammet er tabellformatet for føring av målføreopplysningar eit maksimumsformat som skal roma desse store og kompliserte formopplysningsbolkane. Det er serleg sterke verb (jfr t d **gå**, **halda**) og substantiv med opphavleg konsonantstomn (rotsubstantiv, jfr t d **fot**, **glo**) som har svært omfattande målføreopplysningar.

For det store fleirtalet av grunnord er dei naudsynte målføreopplysningane fåe og enkle å føra opp.

Det er eit mål å gjera føringa så knapp som fagleg forsvarleg, men ein må også ta omsyn til at føringa skal vera forståeleg for brukarane. Det vil seia at det skal vera forståeleg kvifor ei opplysning er teken med. Føringa skal også vera konsistent i høve til konvensjonane for NO.

Målføreopplysning om eit samansetningsledd, eller om den delen av eit avleidd ord som ikkje er affiks, kan ikkje takast som opplysning om det tilsvarande grunnordet. Vi kan ikkje anta at eit grunnord har same målføreforma som i eit samansetningsledd (på ein viss stad), eller at grunnordet i det heile finst på staden.

Døme (som òg gjeld heimfesting etter definisjon):

- Samansetninga *hesjerå* frå eit målføre kan ikkje takast som prov på at ordet *rå* 'tverrstong i hesje' finst på same staden.
- Adjektivet *ukring* 'uhandterleg' kan ha ei anna utbreiing enn *kring* med motsett tyding.

Om ein ikkje òg har forma belagd i grunnordet, kan det koma av eit hol i samlingane, men det kan òg vera at leddet ikkje finst som grunnord i målføret, eller at det i ei leksikalisert samansetning har fått ei anna form enn i grunnordet. Har ein uavhengig grunnlag for at vi har eit hol i samlingane (t d opplysning om grunnordet frå ein heimelsperson), må ein leggja opplysninga inn i Metaordboka for å kunna ta med forma/heimfestinga i grunnordsartikkelen, jfr punkt 4.2.6.3 *Kjelder for målføreformer* (slutten).

4.2.6.4.2 Målføreopplysningar om fyrsteledd

Under målføreopplysningar for fyrsteleddsartiklar samlar ein alt som gjeld fyrsteleddet i heile rekkja av oppslagsord med fyrsteleddet. Det gjeld både prefiksartiklar (merkte "pref") og artiklar for fyrsteledd i samansetningar (av grunnord, eventuelt med fuge, og merkte "i sms").

I fyrsteleddsartiklar om prefiks fører ein opplysningar om form og utbreiing på sjølve prefikset og ikkje på heile avleiingar som er laga med det aktuelle prefikset.

Dersom det er to homografe fyrsteleddsartiklar, må ein vera nøye med å skilja målføreopplysningane slik at dei kjem i rett hakeparentes.

Døme:

I **hake-** (til **hake m**)

II **hake-** (til **hake f**)

Det vil likevel ikkje seia at fyrsteleddsartiklar alltid må gå attende på berre eitt grunnord, om det sjå punkt 6.3.6.3 *Sekken: tilvising til grunnord og innleiingsformel til rekkje.*

Det største problemet ved samansetningar er til vanleg fugen. Fyrsteleddsartikkelen fører opp dei ulike fugane eit fyrsteledd kan ha.

Til vanleg nøyer vi oss med å referera *oppslagsforma* (normalisert) med den aktuelle fugen.

Døme:

onne- i sms [målf òg *onn-* (Grue, Elverum, Gbr sumst, Tel A², Mo i Tel, nfjells sumst), *onna-* (Jølster, INFj, Ndm, STrl, Leksvik, Innh, Grong), *onns-* (Sandar, Lista, Ballangen), *onnars-* (Tel R)] til *I onn* og *onna*; oftast om store arbeid i jordbruket, såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *onne-dag, -hjelp, -mannskap, -mat, -strev, -veke, -vêr.*

I **skjere-** i sms [målf òg (stundom berre i einskilde sms) *skjer-* (Furnes, Folldal, Gbr sumst, Hall, Uvdal, Ri, Modum, Andebu, Tinn, Rog sumst, Selje, Bud, Ndm og Trl og No sumst), *skjera-* (SAustl sumst, Jr, Vik, Saltdal, Beiarn, Gildeskål), *skjerar-* (YSandsvær, Andebu, Rødøy, Meløy, Kjerringøy, Vstrål, Vadsø); jfr òg *skjerarfolk* og *skjararlår*] til *II skjera. 1* om handlinga å skjera, såleis t d: *skjere-fart, -måte, -resultat, -rørsle. 2* om (del av) reiskap til å skjera med, såleis t d: *skjere-kant, -maskin, -reiskap, -verkty. 3* om underlag til å skjera noko på, såleis t d: *skjere-brett, -fjøl.*

Vi unngår å ta med regelrett nullfuge i apokopedialektar, men tek det med så stutt og skjematisk som mogleg når annan nullfuge òg er heimfest, sjå døma over.

På liknande måte tek vi ikkje omsyn til regelrett a-fuge til substantiviske fyrsteledd på Sørvestlandet (*sildalake*), om ikkje a-fuge òg er belagd utanom Sørvestlandet. Dette gjeld ord med e-fuge i oppslaget. Om oppslagsordet har nullfuge eller s-fuge og det er belagt både e-fuge og a-fuge, må ein gjera greie for begge delar (dvs det som ikkje er nullfuge/s-fuge). Då fører ein e-fuge og a-fuge kvar for seg.

Dersom variantopplysningane for fyrsteleddet ikkje skil seg frå det som er notert for grunnordet, skal dei sløyfast. Vi tek altså ikkje opp att målføreformer frå grunnordsartikkelen.

Døme: Forma *rø(a)* er notert for verbet *rydda*, og *røar-* kjem dermed ikkje med i fyrsteleddsartikkelen **ryddar-** (som går til *rydda* og *ryddar*).

Dét vil kunna seia at vi lèt vera å føra heimfestingar av forma i fyrsteledd som vi ikkje har av forma som grunnord. **Døme:** Har vi éi eller nokre fåe heimfestingar av *røar-* som ikkje finst under *rø(a)* i grunnordet **rydda**, fører vi framleis ikkje *røar-* i fyrsteleddsartikkelen.

Det hender likevel at eit grunnord har etter måten lita utbreiing, medan samansette ord med grunnordet som fyrsteledd er temmeleg vanlege. I slike tilfelle må ein føra formopplysningar som ikkje kjem med på grunnordet, under fyrsteleddsartikkelen. (Alternativet er å anta at grunnordet vile hatt ei gjeven form om det fanst på den aktuelle staden, og det gjer vi ikkje i ei dokumentasjonsordbok, sjå òg førre underkapittel, slutten.)

Dersom ein fuge er knytt til ei spesiell avvikande lydform, tek vi med lydforma.

Døme:

rors- i sms [målf òg *ros-* (YSandsvær, Krsand, Eiken, NFrøya), *ross-* (Austflatb A, ØSlidre, NLand, Tinn, Voll, nfjells A²)] til *lror*; jfr *lror-*; m a om folk på fiske, såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *rors-kamerat*.

Her går former utan *-r-* langt vidare enn det som er belagt for forma *ro* under *lror*, og det er dels stutt vokal.

Sumtid er det grunn til å føra målførevariasjon under ei einskild samansetning heller enn i fyrsteleddsartikkelen, sjå behandling (med døme) under punkt 4.2.6.4.4 *Målføreopplysningar om samansetningar*. Det ålmenne prinsippet for samansetningar er at vi tek mest mogleg variasjon på (grunnords- og) fyrsteleddsartikkelen og minst mogleg på dei einskilde samansetningane.

I målføra kan same fyrsteleddet finnast med ulike fugar på same staden, eller éin eller fleire fugar har lite belegg. Om ein meiner det bør takast atterhald om kor regelbundi avviket er, kan ein setja inn ei formulering om "einskilde samansetningar" i feltet "Fritekst" etter "målf (òg)". Vanlege frasar er "(i einskilde sms)" og "(stundom berre i einskilde sms)", sjå òg dømet *l skjere-* ovanfor. For dei fleste målførerekkjene er det ikkje naudsynt med eit slikt innskot.

Døme:

I **krakk-** i sms [skr òg *krakke-* (Ga. IV,434, Tv.BP 125, Sam.Hunst.GM 52); målf òg (i einskilde sms) *krakke-* (Masfjorden), *krakka-* (Modalen)] til *lkrakk*.

ljå- i sms [målf òg (stundom berre i einskilde sms) *ljås-* (Tinn, Vestl mst, Kvenvær, Agdenes, Bjugn, Sømna, Helgøy)] til *ljå*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *ljå-ambod*, *-bidne*, *-bryning*, *-handtak*, *-sliping*, *-smiing*, *-stål*, *-tynning*.

4.2.6.4.3 Målføreopplysningar om etterledd

Denne typen gjeld avleiingssuffiks, jfr òg kapittel 7 *Etterleddsartikkelen*. For etterledd i samansetningar sjå avsnitta om grunnord (punkt 4.2.6.4.1) og samansetningar (neste punkt).

I etterleddsartiklar fører ein opplysningar om form og utbreiing på sjølv endinga og ikkje på heile avleiingar som er laga med den aktuelle endinga.

4.2.6.4.4 Målføreopplysningar om samansetningar

Til vanleg fører vi ikkje opp målføreformer dersom desse formene er føreseielege ut frå grunnorda. Det gjeld òg når Aasen eller Ross fører opp slike føreseielege målføreformer.

Under dei individuelle samansetningane kan vi likevel nemna serutviklingar i den individuelle samansetninga, t d serlege assimilasjonar. Vi unngår normalt å referera fugevariasjonar i einskildartiklar om samansetningar, men kan ta med avvikande fuge i tilfelle der det har serskild interesse. Er det endringar i ledda i tilknytning til fugen for ei einskild samansetning, må det opplysast om det på oppslagsordet.

Døme (med kommentarar nedanfor):

koge-skjør f [målf *koga-* (Vinje i Tel)] nedsetj, person som glanar (og bryr seg med ting som ikkje kjem han ved); kop, glåmar (Vinje i Tel).

kvart-part m [målf òg *kvarte-* (Porsgrunn)] kvart (I,1), fjerdedel (Solum, Porsgrunn).

leg-stad m [A, R; målf òg *leiksta-* (VSlidre), *lægst*, *legste* (Trysil, ØvVa); norr. *legstaðr*; til *leg*, jfr *legestad*] ...

mat-gjerd f [Vstrål1698 *majer*, L *majær*, G *majer*, A¹ *maggjer*, A², R; målf òg *magjær*, *-jer* (Ød A², Gbr A², Va A², Jølster, Tresfjord), *maggjær* (Hall A², Voss), *maje*, *-æ* (Slidre, NAurdal, Hall, Kongsberg), *mæggjær* (Ndm A¹), *meggjær* (Gbr A²), *maier* (Hof i Sol), *meier* (Stangvik, Surnadal, Rindal, Snåsa); norr. *matgerð*] ...

ovan-dotten adj [A, R; målf òg *-dott* (Breim)] teken av stor undring; forfjamsa; himmelfallen (VSlidre, Ål, Nissedal, Ølen, Kvinnherad, Hard R, Kvam i Hard, Voss, Nhl A, So R, Breim, Stryn, Hareid, Ørsta, Volda): *han er reint ovanlottin av forundring* (Up.K 54) / *dette var so uventa at folk var ovanlottne* (GulaT 1935) / *som ovan-dotten stod han* (Agdest.IS 40) ...

skjør-brød n [målf òg *skjōra-* (Øksendal, Sunndal, Vikna)] skjørsoll (Øksendal, Sunndal, Stjørdal, Vikna; B.BøeST 48); jfr *skjør* og *brød* u IV *skjør* 1.

skjør-bytte f [målf òg *sjøbbøtt* (Oppdal)] **1** (spuns)bytte, dall til å ha mjølk el skjør i (Sunndal, Oppdal; NFL46Hard 162; HavdalMeldal II,22; Krok.PL 44). **2** oppkome (4a), vasskjelde (Stjørna).

- I **koge-skjør** er det ikkje grunnlag for nokon fyrsteleddsartikkel i det heile teki, då dette er den einaste samansetninga til verbet *koga*.
- Det finst ein fyrsteleddsartikkel **kvart-** (med sekk), men forma *kvartepart*, med éi heimfesting, er einaste avviket.
- *skjør-* 'surmjølks-' har til vanleg ingen fugevariasjon, og det er godt mogleg *skjørabrød* er omlaga av *skjør* og *brød* (som ser ut til å bli oppfatta som eitt ord). *sjøbbøtt* ser ut til å vera ein unik assimilasjon, og slike finn ein òg under **leg-stad** og **mat-gjerd**.
- Vi har ingen haldepunkt for at verbet (grunnordet) *detta* skulle ha fortidspartisipp *dott*, som i **ovan-dotten**, og det er heller ikkje nemnt under artikkelen **dotten**.

4.2.6.4.5 Målføreopplysning om avleiingar

Til vanleg fører vi ikkje formvariasjon for avleiingar.

Prefiks og suffiks har eigne artiklar, der formvariasjon skal med, sjå over. Slik variasjon blir ikkje behandla under heile avleiingar.

Døme: Eit adjektiv med endinga *-ug* får ikkje notert *-aug*; den varianten skal stå på etterleddsartikkelen *-ug*.

Noko anna er kva form av suffikset vi skal føra når poenget med føringa er det som kjem *framfor* suffikset, sjå punkt 4.2.6.10.3 *Adjektiv: samleformer for avleiingsendingar*.

Dersom variantopplysningane for avleiingsbasen ikkje skil seg frå det som er notert for grunnordet, blir dei sløyfa. Vi tek som regel ikkje opp att målføreformer frå grunnordsartikkelen.

Døme: Målføreforma *rø(a)* er notert for verbet *rydda*, og *røing* kjem dermed ikkje med i artikkelen **rydding**.

Vi fører målføreopplysningar som er serskilte for avleiinga, opplysningar om tilhøve som ikkje er føreseielege på grunnlag av artiklane for grunnord og affiks.

Døme:

onnug el **onnig** adj [Fyresdal1698 *ånnig*, Rbg1698 *åndegg*, Norddal1698 u *arbeydsom*, P, H *ånnig*, Devegge1816 u *travel*, C *ånnig*, A, R; målf òg *ånndi* (Brg, Sparbu, Hemnes, Gimsøy, Lavangen, Senja), *ånnru* (Hemne); norr. *ǫnnugr*; til / *onn*] ...

svarug adj [R; målf òg *svurug* (Lom)] snar til å svara; (òg:) kjeftig, frekk (Lom, Ryf R, Oppdal).

4.2.6.5 Skjemaet for målføreopplysningar i redigeringsapplikasjonen

Skjemaet for målføreformer har i grunndrag sju felt (sjå òg programretteiinga punkt 13.3.4 *Målføreformer*):

- Innleiing meny med mogleg inventar
- Fritekst fritekst
- Underkategori meny med mogleg inventar
- Ordform fritekst
- Heimfesting meny med mogleg inventar
- Spesifisering fritekst
- Litteraturkode meny med mogleg inventar

Ein kan velja fleire underkategoriar og fleire ordformer, og det kan knytast fleire heimfestingar med spesifisering til kvar ordform.

Felta i skjemaet grupperer seg i det som kan framstellast som ein trestruktur på fire nivå:

1. innleiing
2. underkategori
3. ordform
4. heimfesting(srekkje)

Når ein held på med å leggja inn målføreopplysningar og må gå oppover i dette hierarkiet av nivå, går ein ikkje lenger opp enn det som er naudsynt for å få lagt inn informasjonen ein ynskjer: Om ein vil ha uttrykt "målf òg xxx (Skiptvet); ft yyy (Nøtterøy)", går ein direkte frå nivå 4 (heimfestinga "Skiptvet") til nivå 2 (underkategorien "ft") *utan* å gå innom nivå 1 (innleiinga "[inga innleiing]").

Ny rad i ordform- og heimfestingstabellane gjev *komma* som skiljeteikn. Ny rad i innleiings- og underkategoritabellane gjev *semikolon* som skiljeteikn. Desse skiljeteikna blir sette inn av programmet.

Den vidare hovuddisposisjonen av dette kapitlet tek utgangspunkt i felta "Innleiing", "Fritekst", "Underkategori", "Ordform" og "Heimfesting" i programmet.

4.2.6.6 Innleiing til målføreopplysningar

Målføreskjemaet har eit innleiingsfelt med meny. Ein må velja frå menyen heilt i starten av ei målføreføring (elles kjem ein ikkje vidare i skjemaet) og elles før kvar gong ein bruker feltet "Fritekst", som står rett til høgre for innleiingsfeltet.

Menyen er:

- [inga innleiing]
- målf
- målf òg

Det er høve til å velja frå menyen meir enn éin gong, men uttrykket "målf" (med eller utan "òg" etter) skal berre stå éin gong i same hakeparentesen.

Dersom oppslagsforma for ordartikkelen er lik, eller knyter seg til, ei vanleg og dominerande talemålsform over det meste av landet, fører ein ikkje oppslagsforma som målføreform. I staden vel ein "målf òg" og går vidare med alle avvikande former, sjå punkt 4.2.6.6.2.

Elles vel ein "målf", sjå neste punkt.

Sjå òg punkt 4.2.6.11.2 *Vokalar* (i merknadene til tabellen) for føringa av ord som blir skrivne med *o* (*okse, omn, kort*).

4.2.6.6.1 Bruken av "målf"

Ein vel "målf" når:

- oppslagsforma ikkje finst som målføreform i materialet
- oppslagsforma blir kommentert som målføreform

At oppslagsordet **ikkje finst som målføreform**, kan vera tilfellet dersom oppslagsforma er normert etymologisk, slik at skriftforma ikkje er identisk med noka målføreform. (**Døme: bjørn, horn, ikorn.**)

Eller ordet kan vera svært lokalbundi, slik at ingen av dei belegga vi har på ordet, svarar til skriftforma (jamvel om denne forma prinsipielt skal kunna finnast i andre målføre).

Døme:

i-hangen adj [...; målf *ihengen* (Gjerstad, Froland)]

Ross heimfester ofte elles (nesten) ukjende ord til éin plass (eller eit par plassar) med ein dialektuttale som vik av frå oppslagsforma hans. Her reknar vi heimfestinga for å *gjelda heile ordet* og ikkje berre forma. I dømet nedanfor reknar vi altså med at *kælle* frå Austfold er det einaste Ross har. Når vi ikkje òg har belegg i ei form som samsvarar med oppslagsforma, blir innleiingsformelen på vanleg måte "målf" (om vi i det heile teki tek med målføreforma, sjølv sagt).

Døme:

Ross: **kalda** v.n. (ar), blive kold, om Luften. Smaal.: "källe". G. N. kalda.

NO: **kalda** v -a [R; målf *kælle* (Austf); norr. *kalda*] **1** (om luft) bli kald (Austf R). **2** gjera kald; avkjøla (t d suppe) (Skiptvet).

(I akkurat dette dømet har vi òg den same uttalen frå Skiptvet.)

Oppslagsforma bør **kommenterast som målføreform** dersom ho er "markert" i forhold til ei anna og meir utbreidd ikkje-offisiell form, dvs om ho er:

- mindretalsform
- avgrensa til mindre geografiske område
- éi av fleire valfrie former

Dersom oppslagsforma finst i målføra, men ikkje er serleg utbreidd, bør ein såleis ta ho med.

Døme:

jøkul m pl **jøklar** [... ; målf *jøkul* (Hemsedal, Tel A¹, Tinn), ...]

Dersom valfrie oppslagsformer dekkjer kvar sine målføreuttalar, må begge gjerast greie for og heimfestast.

Døme:

kritla el **krisla** v -a [...; målf *kritla* (ØvSirdal, Vestl A), *krisla* (Austl mst, Norddal, Bjugn, Singsås)]

Valfrie genus i oppslagsdelen av ordartikkelen (t d "m, f") blir derimot ikkje gjort greie for i målføredelen. Dersom redaktøren meiner det er gode grunnar for å gjera unntak, kan det takast opp med hovudredaktøren eller gruppeleiaren.

Innleiingsformelen "målf" har òg vori nytta når ein vil fylla ut innleiingsformelen med eit tillegg, oftast "vanl", i fritekstfeltet som fylgjer. Då har ein ikkje heimfest dei vanlegaste formene, berre dei meir avvikande.

Døme:

III **kvik** (i) el **kvikk** adj [...; målf vanl *kvek(k)*; òg *kveg* (Ryf mst), *kvæk(k)* (NOdal, NGbr, Fjotland, Stryn, Sunndal, Rindal, Halså, Valsøyfjord, Trl); ...]

(I dette dømet er ordet "òg" ført i feltet "Fritekst".)

For "vanl" er det likevel no tilrådd at ein heller fører det som spesifisering etter "Noreg" i heimfestingsmenyen ("Noreg" blir usynleg i utskrift) i ei rekkje med ordformer skilde berre med komma, slik:

målf *kvek(k)* (vanl), *kveg* (Ryf mst), *kvæk(k)* (NOdal, NGbr, Fjotland, Stryn, Sunndal, Rindal, Halså, Valsøyfjord, Trl)

4.2.6.6.2 Bruken av "målf òg"

"målf òg" er den vanlegaste innleiingsformelen. Ein sløyfar då opplysning om kor utbreidd oppslagsforma er som talemålsform, og fører berre former som vik av frå oppslagsforma. Formelen "målf òg" vil då seia: "målføra har desse formene i tillegg til oppslagsforma".

Døme:

kalosje m, f [...; målf òg *kal(l)øsj* (Fron, Va, Hall), *kallåsj* (NOdal, Fåberg, Frøya), *kalosk* (Fosnes); ...]

keisam adj [... ; målf òg *kje-* (Aker, Yrendal, Bardu), *kjeia-* (Surnadal); ...]

4.2.6.7 Fritekstfelt

Dette feltet gjev plass til kommentarar som det ikkje går å få inn i skjemaet elles. (Dei ordinære felta skal brukast så langt det er råd.) Det kan gjelda opplysningar som ikkje er knytte til ei spesiell ordform eller heimfesting, eller ein kan kombinera fritekstfeltet med andre felt.

A eller R (frå litteraturkodemenyen) kan stå direkte som kjelde til opplysninga utan heimfesting eller ordform imellom – då tek ein vekk haken for ordform (sjå programrettleiinga) og vel "Noreg" i heimfestingsmenyen (sjå òg punkt 4.2.6.12.5).

Utfyllande kommentarar i fritekstfeltet er oftast stutte. Dei kan gjelda

- utbreiingsopplysning ("ofte", "vanl", men sjå punkt 4.2.6.6.1, slutten!);

- tilknytning mellom form og tyding ("mest i tyd 2" o l);
- overordna grammatikkopplysning (ikkje dekt av underkategorimenyen) ("interj-v", "st bøy.", "l form" o l). Mellom anna kan slike opplysningar fungera som "kapitteloverskrifter" innanfor ein grammatisk kategori i store og kompliserte målførerekkjer (**døme**: sjå under ft av **symja**);
- tilleggskommentar knytt til ordform (under **mest** står "i samb *mest som* i tyd 8 og 9" framfor dei samandregne formene *messom*, *mæssom*, *messum*, som står i ordformfeltet). Slike kommentarar kan ha sin rettkomne plass, men til vanleg bør ein vera atterhalden med dei;
- "øg" åleine eller med tilleggsopplysning, t d om aksent (tonem) eller trykk.

4.2.6.8 Underkategori

Her blir det gjort greie for utfyllinga av feltet "Underkategori". Når ein bruker dette feltet, fører ein gjerne òg former som høyrer til kategorien (t d fortidsformer av verb). Desse formene blir det fyrst og fremst gjort greie for under omtalen av ordformfeltet, i punkt 4.2.6.10 *Ordform: formverk*.

Feltet "Underkategori" er obligatorisk i trestrukturen, på den måten at ein må fylla det ut for å kunna ta til med å fylla ut felte lenger til høgre for det.

For dei fleste orda er det ikkje aktuelt å føra målføreformer i anna enn grunnforma, dvs same form som oppslagsordet er ført i. Då treng ein ikkje spesifisera underkategori. I staden vel ein "ingen underkategori" (øvt i menyen).

Vi fører ikkje bøyingsformer dersom ordet er regelrett bøygd i målføra og bøyingsmåten svarar til bøyingsmåten i normalmålet (t d regelrett bøyng for sterke eller linne femininum, a-bøyng av linne verb).

Døme:

Ordet *røye* f har målførevariantane *røy*, *rø* og *røe*, og belegga har vanleg hokjønnsending i bf sg. Då blir det ikkje ført noko på bf sg: *røya* er sjølvstøtt identisk med bf sg i normalmålet, og *røa* legg ikkje noko til det å kombinera ub sg *rø* og *røe* (som allereie er nemnde under "målf òg") og den normale bøyng *-a*.

Til feltet underkategori ligg det ein meny (ei alfabetisk liste) med grammatiske avstytingar som redaktøren vel frå. Redaktøren har ansvar for val og rekkjefylgje av bøyingsformer.

4.2.6.8.1 Substantiv: bøyingsform og rekkjefylgje

Moglege bøyingsformer med rekkjefylgje går fram av tabellen nedanfor.

form	i meny
substantiv	subst
grunnform	sg ubf

bunden form eintal	sg bf
ubunden form fleirtal	pl ubf
bunden form fleirtal	pl bf
dativ	dat
dativ fleirtal	dat pl
genitiv	gen.
akkusativ	akk

Ein fører fyrst opplysning om grunnform i ulike målføre.

For substantiv og andre nominal er det òg høve til å føra genusopplysningar. Genusopplysningar skal stå for seg, etter opplysning om grunnform og framfor opplysningar om bøyingsformer.

genus maskulinum	genus m
genus femininum	genus f
genus nøytrum	genus n

eller som dette:

maskulinum	m
femininum	f
nøytrum	n

Den siste føringsmåten høver når ein må føra opplysning om meir enn eitt genus.

Døme:

kveike n [... målf òg genus m (Tresfjord); f (Vatne, Fauske); ...]

Når oppslagsdelen av ordartikkelen har valfrie genus (t d "m, f") fører ein ikkje kva stader dei har dei genera. Dersom redaktøren meiner det er gode grunnar for å gjera unntak, kan det takast opp med hovudredaktøren eller gruppeleiaren.

4.2.6.8.2 Verb: bøyingsform og rekkjefylgje

Moglege bøyingsformer med rekkjefylgje går fram av tabellen nedanfor:

form	i meny
verb	v
infinitiv	inf
notidsform (presens)	nt
notidsform fleirtal	nt pl
fortidsform (preteritum)	ft
fortidsform fleirtal	ft pl
supinum	supin
konjunktiv	konjunkt
imperativ	imp
imperativ fleirtal	imp pl
notidspartisipp	np
fortidspartisipp	fp

For sterke verb kan ein få bruk for det meste av dette formutvalet, jfr t d **hanga**.

For linne verb fører ein berre fortidsforma, for å syna eit anna bøyingsmønster enn det som samstavar med rettskrivinga.

Dersom ein har døme på sterk bøying av eit lint verb, må opplysning om det takast med. Det kjem då sist, som det mest avvikande frå linn bøying.

4.2.6.8.3 Andre ordklasser: bøyingsform

Til vanleg nemner ikkje NO bøygde eller gradbøygde former av adjektiv eller adverb. Det er likevel høve til å gjera det dersom ordet t d har både regelrett og uregelrett form i komparativ.

adjektiv	adj
adjektiv komparativ	komp

adjektiv superlativ	superl
adverb	adv
adverb komparativ	komp
adverb superlativ	superl
pronomen	pron
obliske former	obl form

Døme:

mjuk adj [...; målf òg *muk, mug* ...; komp *mjógre* (SOdal, ØvRendal); ...]

4.2.6.9 Ordform: introduksjon

I feltet "Ordform" fører vi ei ordform eller eit affiks, som automatisk kjem i kursiv i utskrift.

Den vidare framstillinga er delt inn i formverk (morfologi) og lydverk (fonologi). Men fyrst kjem noko bakgrunnsstoff.

4.2.6.9.1 Definisjonar og termar

fonem: språklyd med distinktiv funksjon i eit målføre eller ei målføregruppe

allofon: (subfonem) språklyd som ikkje har distinktiv funksjon i høve til andre, nærskylde språklydar i systemet

språklyd: (fonotype) sjølv lydqualiteten, uavhengig av status i lydsystem

fonemisk variasjon: variasjon som fører til ulike fonemiske strukturar og er salient (kan vera anten "sjølvgeven" eller uføreseieleg)

subfonemisk variasjon: variasjon som fylgjer automatisk av (ubevisste) fonologiske/fonetiske reglar

sjølvgeven (eller føreseieleg) form: form som gjev seg sjølv (og såleis er føreseieleg eller predikerbar) ut ifrå generelle fonologiske og morfologiske reglar i det aktuelle målføret

samleform: (abstrahert) form vi nyttar når vi vil dekkja større område med føreseieleg ("sjølvgeven") variasjon i lyd- og formverk (og som er ordna i eit samleformhierarki)

lokalform: form som dekkjer eit mindre område og er lagd direkte opp mot uttalen i målføret

- målføreform:** ordform som er sermerkt for talemålet i eit område
- standardform:** form som høver med riksdekkjande leseuttale for nynorsk
- normalform:** form i rettskrivingsnormalen

4.2.6.9.2 Samleformer

Oppgjevne målføreformer kan vera heimfeste ned til kommunenivå eller til større område. Når ei målføreform dekkjer eit større område, må ein ofte nytta former der regelrette avbrigde innanfor området ikkje blir serskilt markerte. Då nyttar ein den skrivemåten som ligg standardforma nærmast, berre med unntak av det trekket som er fokusert. Nokre sentrale målføremerke, som tjukk *l*, skal likevel markerast når ordforma berre er belagd med dei. Det skal med andre ord ikkje nyttast vanleg *l* om ei form er t d heimfest berre til Gudbrandsdalen og har tjukk *l*.

Døme:

I **klang** m [... målf òg *klång* (Vestl, Oppdal)]

II **kliss** adv [målf òg *klisj* (Sykkylven, Storfjord), *klæss*, *klæss* (Aker, Øksendal, Orkdal, Haltdalen)]

I artikkelen **klang** er ein avvikande vokal belagd i geografiske område med både tunn *l* og tjukk *l*, som blir samla i teiknet *l*. I **kliss** har vi fyrst ein avvikande utlydskonsonant belagd i område med tunn *l*. Så har vi avvikande vokalar belagde i område med tjukk *l*, som då òg blir førd.

Noko tilsvarande gjeld for bøyingsendingar. Infinitivforma av eit verb blir såleis oppført med a-infinitiv om heimfestingsområdet går på tvers av skiljet mellom infinitivendingar. Ligg heile heimfestingsområdet innanfor området med e-infinitiv eller apokope, fører ein dette; regelen er gjord meir utførleg greie for under punkt 4.2.6.10.4 nedanfor.

Er ein i tvil om kva systematisk måldrag (t d tjukk *l* eller a-infinitiv) ein stad har, kan ein slå opp i målførelitteraturen (jfr punkt 4.2.6.2), der det m a finst kart.

Døme på samleformer:

Type	Samleform	Underform	Underform	Underform
infinitivending	-a	-a	-e	inga ending (Ø)
teikn	l	tunn l	tjukk l	
teikn	l	vanleg l	palatal l	
teikn	å	ao		

Konkrete ord, **døme**:

blåsa v: dekkjer formene *blåse, blåse, blås, blås, blaosa*

blå: dekkjer formene *blå, blå, blao*, men ikkje *blår*, som difor blir oppført serskilt

gul: dekkjer formene *gul, gut*; serskild oppføring: *gaul, gøl*

full: dekkjer formene *foi||, fui||*; serskild oppføring: *fudl*

Dei halvfeite formene i desse orddøma samsvarar med oppslagsforma og blir difor ikkje nemnde i målføredelen.

Vi har samleformer både for grammatiske kategoriar og for lydar.

4.2.6.9.3 Føring og utelating

Vi kan seia at føring eller markering av målføredrag har tre gradar. (For dei einskilde draga som er nemnde som **døme**, sjå avsnitta om formverk og lydverk nedanfor.)

1. Drag vi aldri markerer.	<ul style="list-style-type: none"> • Skilnaden mellom skarre-<i>r</i> og rulle-<i>r</i> • Svarabhaktivokal (<i>hest´e</i>)
<p>2. Drag vi markerer i ordformer som</p> <p>(a) berre er belagde i det aktuelle geografiske området (elles blir det brukt samleform) og</p> <p>(b) skil seg frå standardforma på andre punkt som ikkje har med det aktuelle draget å gjera.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • e-infinitiv og apokopert infinitiv • tjukk <i>l</i>
3. Drag vi alltid markerer.	<ul style="list-style-type: none"> • avvikande ending (t d <i>-te</i>) i underkategorien "ft" • <i>mn > bn</i> (<i>jamna > jabna</i>)

Under punkt 2 er det språklege draget ikkje grunnen til å føra forma. Dersom draget er det einaste avviket frå standardforma i ei ordform, blir det ikkje ført noka ordform i det heile. Dersom ordforma også vik av på andre måtar (som skal markerast), kjem det aktuelle draget òg med.

Sjå likevel merknaden om "dobbeltføring" av palatal *l*, *d*, *n* og *t* og samleforma

(i punkt 4.2.6.11.7 om fonemiske drag som skal sløyfast), og merknaden om å markera *b*, *d*, *g* av *p*, *t*, *k* på “den blaude kyststribå” i ord som berre er belagde i dette området (i punkt 4.2.6.11.8 om fonemiske drag som skal takast med).

Døme på føring og resonnement:

lika v -a [...; målf òg *likje* (Hdm, Trysil, Stor-Elvdal), *li* (Birkenes, Krsand, Tveit, Oddernes, Mandal); ...]

At forma som samsvarar med oppslagsforma, er belagd i målføra, er implisert gjennom “òg” etter “målf”, og den forma dekkjer òg ei føreseieleg form som *like*, med same rota som *lika*. Ei form som *lige* frå Ytre Agder, eller *liga* frå Jæren, er ikkje teken med, då samleforma for “blaut” *g* er *k* når *k* også er belagd (jfr punkt 4.2.6.11.7). Palatalisert *kj* av *k* nemner vi alltid (når lyden finst i grunnforma av ordet), i tråd med ein regel i punkt 4.2.6.11.8. Forma med *kj* er berre belagd i området for e-infinitiv i overvektsord, slik at føringa blir *likje* og ikkje *likja*. *li* er ei heilt uføreseieleg form, som må med. (Slike former blir ikkje omtala i den vidare framstillinga, der berre meir eller mindre systematiske drag blir nemnde.)

4.2.6.10 Ordform: formverk

Ordformfeltet kan brukast til å markera avvikande grammatiske drag. Nedanfor blir substantiv, verb og adjektivavleiingar handsama.

Der det ikkje er sagt noko anna, fører vi ikkje bøyingsformer som utan vidare kan avleiast av regelrette variasjonar i målføra. **Døme:** pl -er av *hest* på Austlandet, jfr kart nr 16 i Skjekk.ND.

4.2.6.10.1 Substantiv: føring av bøyingsformer og kasusformer

NO fører opp fleirtalsformer (ubunden form) som gjev avvikande bøying i høve til den normalspråklege.

For substantiv som er opphavlege rotsubstantiv med konsonantstomn, med og utan omlyd i fleirtal (jfr **fot**, **geit**), fører NO opp alle fleirtalsformer som ligg føre, i ubunden og ofte også bunden form.

Avvikande bøying og avvikande genus blir førde kvar for seg, sjå punkt 4.2.6.8.1 *Substantiv: bøyingsform og rekkjefylgje*.

Jamningsformer blir alltid førde opp serskilt, for di dei ikkje er direkte føreseielege. Dette gjeld både substantiv og verb, sjå nærmare i punkt 4.2.6.11.8 om fonemiske drag som vi tek med.

Kasusformer av substantiv:

- Rekkjefylgja av kommenterte former er nominativ (grunnform), dativ, genitiv (punkt 4.2.6.8.1).
- Dativformer fører vi opp om dei har avvik i rota. NO fører ikkje dativformer som berre har dativendinga som kjennemerke.
- Genitivformer kan førast opp som del av uttrykk (“*til botnar*”) om dei er uregelrette, dvs ikkje berre grunnform + s.

- Merk at idiomatisk bruk av genitiv og dativ skal gjerast greie for i ein tydingsbolk eller eit underoppslag. Målføreopplysningar i hakeparentesen gjeld berre form. Ein kan i høgda kan ta med ei tilvising til tydingsbolk eller underoppslag, om det der kjem fram formopplysningar ein ikkje får plassert i hakeparentesen, t d i sitat, men dette bør vera ved heilt spesielle tilfelle.
- Det at verb, adjektiv eller preposisjon styrer dativ, skal ikkje nemnast i hakeparentesen.
- Medvitne, litterære arkaismar blir ikkje kommenterte som kasusformer i målføredelen av hakeparentesen.

4.2.6.10.2 Substantiv: samleformer

Samleform for *linne substantiv* endar på **-e**:

Type	Samleform	Underform	Underform	Underform
maskulinum	-e	-e	-i	inga ending (Ø)
femininum	-e	-e	-a	inga ending (Ø)
nøytrum	-e	-e	inga ending (Ø) (dekkjer uttale både med og utan sirkumfleks)	

Hankjønn: **måne** (dekkjer *måne, maone, måni, mån*)

Hokjønn: **klokke** (dekkjer *klokke, klokka, klukk*, men ikkje *klukke*, som får serskild oppføring)

Inkjekjønn: **føre** (dekkjer *føre, før* med og utan sirkumfleks)

I og med at samleformene i desse tilfella er identiske med oppslagsformene, blir dei ulike ordformene (*måne, klokke* og *føre*) ikkje oppførde som dialektformer i det heile.

4.2.6.10.3 Adjektiv

Det er sers få adjektivoppslag med avvikande, uregelrett *bøying* i målføra (som **liten** med former som *f litor*).

I trønderske målføre er det vanleg å bøya substantiverte adjektiv i bunden form (i grunnform og superlativ), som *den storen, -in, den stora, det stor(e)* og *dei storan* for 'den, det, dei store'. Denne bestemtheitsbøyinga er lite granska og noko vi ikkje tek med. Når materialet gjev grunnlag for det, kan ein heller ta inn døme i form av belegg med markeringa "subst", parallelt med typen *dei store, dei største* o l.

Samleformer for visse avleiingsendingar av adjektiv:

adj-suffiks	-leg	-le	-læ	-lig (osfr)
adj-suffiks	-ut	-ete, -et	-at	-åt
adj-suffiks	-ande	-ann	-annes	-enne (osfr)
adj-suffiks	-ug	-og	-au, -aug	

-ig blir rekna som ei serskild ending og førd opp separat.

Også her er samleformene identiske med oppslagsformene. Variantar blir då altså berre oppførde når dei skil seg ut frå denne forma i *ordrota* på uføreseieleg vis.

Døme:

naudleg adj [...; målf òg *nauele* (Valle, Dal R, Shl, So A, Jølster, Nfj R, Selje, Breim, Hareid, Snåsa), *naugele* (Shl), *nøli* (Tune, Blaker);...]

Desse målføreformene er førde opp på grunn av avvik i avleiingsbasen, ikkje i endinga. Men dei er belagde berre utan samleforma **-leg**, så i staden blir underformer til samleforma brukte.

I oppslagsord i tilvisingsartiklar kan ein normera avleiingsendinga strengare, sjå kapittel 8 *Tilvisingsartikkelen*.

4.2.6.10.4 Verb: føring av bøyingsformer

Verb er den mest kompliserte ordklassa å føra bøyingsopplysningar for.

Der ein skal føra bøyingsopplysningar for meir enn éin underkategori (som ein konsekvens av reglane nedanfor og materialet), fører vi alle dei avvikande formene i kvar kategori for seg, t d alle fortidsformene og deretter alle supinumformene. Det kan vera grunn til å gjera *unntak* i sume artiklar, dersom det gjev ei klårt betre føring (**døme:** sjå under II **lita**) – konferer gjerne med hovudredaktøren eller gruppeleiareren.

Jamningsformer blir alltid førde opp serskilt, for di dei ikkje er direkte føreseielege. Dette gjeld både substantiv og verb, sjå nærmare i punkt 4.2.6.11.8.

Infinitiv: For formvariasjon i verbstommen blir infinitiv brukt som den forma ein fører opp (ein vel til vanleg ikkje "inf" som underkategori i programmet), og ein må då ta stilling til kva bøyingsform ein skal bruka. Sjå neste punkt om samleformer for verb for kva form som skal brukast.

Nokre fåe overvektsverb kan ha infinitivending *-a* i dialektar med kløyvd infinitiv. Dette er systemavvik og må difor takast med. Vi fører difor opp dei aktuelle formene med heimfestingar, trass i at dei er oppslagsformer. Døme er dei modale hjelpeverba **kunna**, **måtta**, **skula** og nokre fåe andre verb (som **drikka**, **finna**, **leggja**, **liggja**) i trønderske og austlandske målføre.

Døme:

kunna v **kan, kunne, kunna** [... ; målf òg (med jamvektsform) *kunna, konna, kua, koa* (Gbr, Gjøvik, Ål, Nu, Krødsherad, Tel sumst, Ndm, Hemne, Klæbu, Tiller, Namd), *kudna, kodna* (Hl mst), *kunja, konja* (Austlflatb, Eidskog, Vinger, Elverum, Lesja, SGBr, ATel, Seljord, Jondal), *kunjå, konjå* (Hjartdal, Gransherad, Heddal R2), *kui* (Sørli, Nordli), *ka* (Krsund, Trl og No mst); ...]

skula el **skulla** v ... målf òg *skudla* (Fana, Nhl), *skulde* (ØvVa, Land), *skulja* (Austl mst, Røldal, Ulvik, Voss), *skuljå* (Tinn, Hjartdal), *sku(j)a* (NAurdal, Flå i Hall, Nu, Sigdal), *sku, sko* (Austf sumst, Nittedal, Furnes, Biri, Snertingdal, Land, Uvdal, Set, V-VAgd og Rog og Hl sumst, Norddal, Veøy, No), *ska* (STrl mst, Namd sumst, Helg, Sa, Tysfjord, Valberg), *s(j)illa, silje* (VTel, Åmli R3, Gjøvdal, Tovdal, Bykle, Åseral, Eiken, Fjotland); inf på -a òg i jamvektsområdet i *skulja* og *sku(j)a* ovanf og i *skul(l)a* (Elverum, Trysil, Follidal, NGBr, Fron, Seljord, Kviteseid, Ndm og Trl sumst); ...]

Notid (presens) skal berre førast opp ved avvikande former, som omlødsformer i sterke verb.

Notid av *j*-verb (linn bøyingsklasse, med t d *telja*), som kan vera ganske skiftande, bør førast.

Sume verb kan ha a-bøying i notid og e-bøying i fortid i ein del dialektar, såkalla blanda bøying (jfr BeitoNGr § 389 punkt 2; SkjekkND 181f). Dét gjev ikkje grunn til å føra notidsforma, og det blir heller ikkje notert i fritekst at det er blanda bøying. (Men ein kan leggja merke til at presens *-ar* altså ikkje alltid er eit teikn på a-bøying i preteritum.)

Fleirtalsformer blir ikkje oppførde anna enn i serhøve, som under **skula** og **vera** – dei er nesten alltid regelrette i notid, dvs lik infinitiv.

Fortid (preteritum): NO opplyser alltid om fortidsformer som viser ei anna bøyingsklasse enn den normalspråklege.

For linne verb blir dette markert med føring av endinga. NO fører opp *-te, -de, -dde* eller *-a* dersom endinga vik av frå standardforma. Apokoptert form kan førast opp (*-t*), men med full ending som samleform (tilsvarande som for infinitiv).

Ved sterke verb fører vi opp alle dei ulike preteritumsformene medrekna den normalspråklege, med mindre ho er ålment utbreidd. Fleirtalsformer av fortid blir førde opp der dei førekjem – dei har ofte ein annan rotvokal.

Konjunktivformer skal førast opp dersom dei er kjeldefeste (altså ikkje verbformer brukte i irrealis, men sereigne verbformer for konjunktiv).

Supinumformer: Supinumformer for sterke verb blir førde opp med dei rotvokalane som er kjeldefeste. Endinga skal vera *-i* ved former som finst både med *-e* og *-i*, *-e* ved former som berre er kjeldefeste med *-e*.

NO tek med linne supinumformer i sterke verb.

Regelrette supinumformer av linne verb blir sløyfa.

Imperativ blir førd opp der han er uregelrett (t d typen *gakk!* og *bitt!*), og like eins der fleirtalsformer er sikkert kjeldefeste.

4.2.6.10.5 Verb: samleformer

Samleform for infinitivforma av verb er *-a*, men på eit lågare nivå kan forma vera *-e*. Hierarkiet har tre steg:

1. Verbformer som finst innanfor a-endingsområdet, får *-a*.
2. Verbformer som finst i e-endingsområdet, får *-e*.
3. Verbformer som berre finst i (det trønderske og nordnorske) apokopeområdet, får inga ending.

Eller med andre ord: Verbformer som finst både med *-a*, *-e* og apokope i infinitiv, og ikkje har andre ulikskapar enn endinga, skal førast med *-a* (samleform). Finst forma (eller ordet) berre i område med *-e* og apokope, nyttar ein *-e*. Finst dei berre i område med apokope, nyttar ein målføreforma.

I preteritum av linne *e*-verb er full ending (*-te*) samleform for apokopert (*-t*), sjå under fortid i førre underkapitlet.

I supinum av sterke verb er *-i* samleform for *-i* og *-e*, sjå under supinumformer i førre underkapitlet.

4.2.6.10.6 Interjeksjonsverb

Sume lydmalande verb kan vera ubøygde i (presens og) preteritum i målføra (jfr Jørgen Reitan: "Interjeksjonsverber i norske målføre" i MM 1930,64–98, der ikkje alle verba som er nemnde, er ekserperte som interjeksjonsverb i Setelarkivet). Formopplysningane om desse verba skal stå i hakeparentesen for dei tilsvarande normale verba og førast som "som interj-v" (i fritekstfeltet) med forma eller formene etter. Eventuelle døme på bruken skal sjølvstgått stå i tydingsbolken. **Døme:** sjå under **klampa**, I **kulpa**.

4.2.6.10.7 Verb med dativobjekt

I NO 1–4 vart opplysning om kvar i landet eit verb tok dativobjekt, førd under målføredelen i hakeparentesen. Denne praksisen er avslutta av di

- formopplysning i hakeparentesen skal gjelda oppslagsordet, ikkje eit kollokat
- bruk av dativ i objekt er ofte knytt berre til visse tydingar og sumtid berre til visse substantiv

Opplysning om dativobjekt skal difor førast i tydingsbolken under rett tyding, og om tydingane tilseier det, under fleire tydingsnummer i same artikkelen. Ein kan eventuelt laga ei undertyding for slike konstruksjonar med dativ.

Døme:

I **klandra** v ... // med obj i dat (NAurdal): *du får kje klandra 'karo'* (M.Reinh.Dat I,142)

4.2.6.11 Ordform: lydverk

4.2.6.11.1 Ordning av former

Grunnprinsippet er at vi for kvar bøyingsform byrjar med den lydforma som ligg oppslagsforma nærmast. Så går ein gradvis mot meir avvikande former.

For at ein skal sleppa å lura for mykje på korleis formene skal ordnast, er det i tillegg avgjort nokre meir spesifikke kriterium. Ein ordnar då formene slik:

- Fyrst fører ein former der både framlydskonsonantismen og rotvokalismen står uendra i høve til oppslagsforma, medan rotutlydskonsonantismen varierer.
- Så kjem former der framlydskonsonantismen står uendra, medan rotvokalen varierer.
- Til slutt kjem former med avvikande framlydskonsonantisme.

Døme:

knue m [...; målf òg *knu* (No A²), *knuv(e)* (Folldal, NGbr, Ndm, nfjells), *knoe* (Austf A²), *gnue* (Hjelmeland, Snm), *nu(e)* (SVestl mst), *nuv(e)* (Etnedal, Suldal, Røldal); ...]

Her kjem

- fyrst former med m a tillegg av *v* (men framleis med *knu-*)
- så *knoe* med ein annan rotvokal (men framleis med *kn-*)
- og til slutt former med *g* eller ingen plosiv i framlyd

Det er ikkje alltid det er best å bruka denne ordningsmåten (konsekvent), serleg i kompliserte rekkjer av former. Måten kan sumtid gje urimelege utslag når det er kryssande omsyn.

Ein bør planleggja store og kompliserte målførerekkjeer nøye nok og gjerne i samarbeid med hovudredaktøren eller gruppeleiaren.

4.2.6.11.2 Vokalar

Her blir det gjort greie for kva vokalteikn vi har til rådvelde i ordboka, og også for korleis dei korresponderer med transkripsjonen i alfabetet Norvegia, som ofte (ikkje gjennomført) er brukt i målføresynopsisen og andre stader. (Under punkt 4.2.6.11.6–8 står det meir om kva lydlege drag som skal takast med og ikkje takast med i ei målføreføring.)

Såkalla halvokalar (*j* og *w*) står under kapitlet om konsonantar nedanfor.

Merk at NO berre bruker kursiv i attgjeving av ordformer (rett skrift i tabellen under), medan kjeldene kan skilja mellom kursiv og rett skrift, sjå kolonnen "Norvegia". (For lesbarheita er elles ikkje kursiv og rett skrift brukt konsekvent i laupande tekst i dette underkapitlet.)

bokstav i NO	Norvegia	språklyd (etter beskriving i StormKortOrdl)	Aasens vokalpar.
a	<i>a</i>	djup <i>a</i> -lyd som i austlandsk <i>ja takk</i>	
a	<i>a</i>	djupaste <i>a</i> -lyd som i Sol, Hdm <i>matsal, ja</i>	
a	<i>a</i> med ein prikk over	høg <i>a</i> -lyd som i dansk og vestnorsk <i>mann</i>	
e	<i>e</i>	lukka <i>e</i> -lyd som i <i>fe, tre, ett</i>	<i>ee</i> "fela", "f enad"
e	<i>e</i> med ein prikk over	heva <i>e</i> -lyd (mot <i>i</i>) som i VTel <i>tre</i>	<i>e'</i> "fegen"
e	<i>æ</i>	låg <i>e</i> -lyd som i austlandsk <i>vise, like, huset</i>	
e	<i>æ</i>	djupare <i>e</i> -lyd som i Tynset /fesk/ 'fisk'	
<i>e/æ*</i>	<i>e</i> med kvist	open, som i <i>hest, men</i>	
i	<i>i</i>	lukka, som i <i>is, vid, vidd</i>	<i>ii</i> "idast", "i s"
i	<i>ɪ</i> med prikk under	tilbaketrekt som i Meldal <i>tri mil</i>	
i	<i>ĩ</i>	mellom <i>i</i> og <i>y</i> /sil/ 'syl' NeHall, Sol	
<i>ì</i>	<i>ɪ</i>	open, som i dansk og vestlandsk <i>fisk</i>	<i>i'</i> "fisk"
o	<i>o</i>	europesk lukka <i>o</i> som i tysk <i>gross, Sohn, Tel son</i>	
o	<i>o</i>	nordisk lukka <i>o</i> som i <i>god, sko</i>	<i>oo</i> "von", "vond"
ó	<i>o</i>	irregulær førekomst av <i>o</i> -lyden (som i <i>ómn</i> 'omn'), for å gjera det tydeleg at transkripsjonen ikkje står for <i>å</i>	
u	<i>u</i>	vanleg austlandsk <i>u</i> -lyd som i <i>hus</i>	<i>uu</i> "hus"
u	<i>u</i>	europesk <i>u</i> -lyd mellom <i>u</i> og <i>o</i> , som i Tel <i>du, hus</i>	
u	<i>u</i> med ein prikk over	slapp <i>u</i> -lyd men nærmare <i>u</i> enn <i>ø</i> , som i austlandsk /stunn/ 'stund', /huske/	
u	<i>ü</i>	lukka <i>u</i> mellom <i>u</i> og <i>y</i> , som i svensk <i>hus</i>	
<i>ù</i>	<i>ũ</i>	open <i>u</i> -lyd som <i>o</i> , som i engelsk og vestlandsk <i>full</i>	

y	y	lukka y i <i>ny, by, nyse</i>	
y	y	rund fransk y som i NGbr <i>su</i> , VTel <i>syl</i>	
ÿ	y med ein prikk over	open y-lyd mot ø som i vestlandsk <i>syster</i>	
æ	ä	som i engelsk <i>man</i> , austnorsk /ä/le/ 'alle', /stäbbe/ 'stabbe'	
æ (vanleg bokstav, jfr ö 4-5 rader ndf)	æ	som i austlandsk <i>lære</i>	
ö	omvend (opp ned) <i>a</i>	som i engelsk <i>but</i> , Sol /köl/ 'kol', /fölk/ 'folk', /bölle/ 'bolle'	
ö/å**	<i>o</i> (kursiv) med ein prikk over	mellom open <i>o</i> og <i>ö</i> som i <i>godt</i> , liknar fransk <i>dot, botte</i>	
ö	<i>o</i> (rett) med ein prikk over	djupare kursiv <i>o</i> med prikk over som i Tynset /dö sö/ 'daud sau'	
ö (NB)	œ*** (<i>oe</i>)	djup austlandsk ø som i <i>dør, før</i>	
ö (NB)	œ*** (<i>oe</i>)	tilbaketrekt œ, som i austlandsk /hœl/ 'hol', /kœl/ 'kol'	
ø	ø	tilbaketrekt ø som til dels i Hdm, Gbr, Hall, <i>søt</i>	
ø (NB)	ö	tilbaketrekt ö som i austlandsk /drökki/ 'drukki', /vöri/ 'vori'	
ø	ø	lukka ø i <i>søt</i> , ofte i <i>søtt</i>	
ø	ö	open ø-lyd som i <i>øks, kjøtt</i> , vanl <i>søtt</i>	
å	å	lukka norsk å som i <i>gå</i> , sjeldnare <i>grått, åtte</i>	
å	å	som engelsk <i>aw</i> i <i>law</i> opnare enn å, Tel <i>år</i>	
å	<i>o</i> med kvist	open å som i austlandsk <i>godt, grått</i> , tysk <i>Gott</i> , svensk <i>blott</i>	<i>o' "godt", "gor"</i>

* Vél e eller æ etter kontekst (andre målføreformer i området forma kjem frå).

** Vél ö eller å etter kontekst.

*** Denne ligaturen av *o* og *e* finst òg skriven som ein liten, heva ring etter ein stor ring, eller som ein liten, heva ring framfor *e*.

Ein forenkla tabell med éi rad for kvart NO-teikn (sjå tabellen over for detaljar):

NO	Norvegia
a	<i>a</i> ; <i>ǣ</i> ; <i>a</i> med prikk over
ǣ	<i>ǣ</i> ; <i>ǣ</i>
e	<i>e</i> ; <i>e</i> med prikk over; <i>ǣ</i> , <i>ǣ</i>
e/ǣ	<i>e</i> med kvist
ö	omvend (opp ned) <i>a</i> ; <i>o</i> (rett) med prikk over; <i>ǣ</i> , <i>ǣ</i>
ö/å	<i>o</i> (kursiv) med prikk over
ø	<i>ø</i> , <i>ø</i> ; <i>ö</i> , <i>ö</i>
o	<i>o</i> , <i>o</i>
å	<i>å</i> , <i>å</i> ; <i>o</i> med kvist
u	<i>u</i> , <i>u</i> ; <i>u</i> med prikk over; <i>ü</i>
ù	<i>ù</i>
y	<i>y</i> , <i>y</i>
ÿ	<i>y</i> med prikk over
i	<i>i</i> ; <i>ı</i> med prikk under; <i>ï</i>
ì	<i>ı</i>

I NoMålf 476ff har Ingeborg Hoff eit oversyn som òg omfattar tilleggsteikn til Norvegia som ein kan finna i målføretranskripsjonar. Teksta finst òg i mappa "Beito_Norvegia" i hjelpedokumentmappa på området til NO.

Vokalendringar framfor retrofleksar og palatalar bør ha ein fast skrivemåte. Såleis skal ein føra *kælv*, *kvæinn*, ikkje skiftevis *kælv* – *kehv*, *kvæinn* – *kveinn*, jamvel om det kan vera nyanseskilnader frå bygd til bygd.

Tabellen inneber at sume teikn, truleg serleg i området *å–ö–ø–ø*, kan dekkja større ulikskapar og kanskje tilsløra fonemdistinksjonar i sume målføre. I område der belegg vekslar mellom ulike *o*- og

ø-realiseringar, kan ein føra former saman, slik at ein gjer merksam på at det er variasjon, samstundes som ein slepp å finsortera tilfanget utover det forsvarlege:

Døme:

kopar m [...; *köppör, køppør* (heimfestingar) ...]

Norvegia-teikna *oe* og omvend *a* (NO *ö*) kan liggja nær opp til *æ*, som det òg kan gli over til med tida sume stader. Det kan difor òg vera aktuelt å føra former med *ö* og *æ* saman der det er "samrøre" (det gjeld kanskje serleg i delar av det trønderske målføreområdet).

Merk at teiknet *ò* ikkje kan brukast i målføredelen (i vokalparentesen blir *ò* brukt). Teiknet svarer ofte til kursiv *o* med prikk over (eller liknande mellomlydar med same norrøne opphav), og vi bruker *å*, alternativt *ö* etter kontekst. (Kursiv *o* med prikk over var meint frå Johan Storm å liggja nærmare *å* enn *ø*, men teiknet har òg blitt brukt når *ø*-klangen er sterkast.)

Sume ordsamlingar har laga seg spesialteikn for visse vokallydar, eller (oftare) brukt eksisterande teikn på ein sereigen måte.

- *ö* hos Ross (jfr R xvii) er ikkje eit Norvegia-teikn, men står for fleire mellomlydar mellom *å*/*o* "open o" og *ä*, "foruden for flere Lyd nær ind til Siderne". Truleg er alle lydane som ligg bak både NOs *ö* og Norvegia *ö*, dekte.
- Når Aasen eller Ross fører *ò* i vokalparentesen og deretter målføreformer med *o*, er *o*-ane i desse målføreformene jamgode med *ò*-ar og kan difor ikkje gjevast att som *o* i NO.
- GausdalGD bruker *ô* for vanleg, trong *o*. (I Norvegia markerer møne heller sirkumfleks uttale.)
- *ô* i AlvdalBKA og i samlinga frå Sollia i ordbokshotellet svarar til Norvegia ikkje-kursiv *o* med prikk over, medan *ò* svarar til kursiv *o* med prikk over (som òg i TrysilFlod.). Joleik Øverby bruker desse teikna slik i artiklane sine i boka *Austlandsmål* (Ola Skogstad, red.).
- Spesialteikn hos TrysilNordg.: *Ø* = ikkje-kursiv *o* med prikk over; *A* = *ä*; og *&* = kursiv *o* med prikk over (kanskje òg omvend *a*).
- TrysilGard. bruker *a* med ein prikk over både om Norvegia *ä* (NO *æ*) og om Norvegia *a* med prikk over (NO *a*).
- BorgGrue (og truleg sume andre frå Solør) sin *ä* = Norvegia omvend *a* (NO *ö*). EidsbergSandem kan òg bruka *ä* for NO *ö* (litt eldre kjelder frå stader som Skiptvet og Trøgstad kan ha omvend *a* i same ordet): *tärk* = NO *törk*.
- OppdalHaugen (jfr s 37) noterer Norvegia omvend *a* (NO *ö*) som *ö* (ikkje Norvegia *ö*).
- OppdalDon. (jfr s 34) fører *ä* der tradisjonelt mål har omvend *a* (sjå førre kulepunktet): *skräv* = NO *skröv*, normert *skròv*. Donali meiner lyden har falli saman med *æ* i yngste generasjonen. I samanheng med resten av materialet vårt, som oftast er eldre, er det mest konsekvent å ta det som NO *ö*, og iallfall når Oppdal blir einsam om *æ*.

- Når Sverre Solem får prenta ord i kjelda Gauldalsm i 1978 utan fonetiske spesialteikn, står det t d *skròlinn*. Året etter i same kjelda er dei ynskte fonetiske teikna på plass, der ò er bytt ut med *ikkje*-kursiv *o* med prikk over (som er i samsvar med andre setelbelegg frå Gauldalen), altså NO ö. Begge listene frå Gauldalsm finst ekserperte på setlar.
- Det verkar som at heimelsmannen Grimstvedt frå Nissedal bruker bokstaven *ó* som *ø* i lykkjeskrift (sjå òg nedanfor). Han har nok ikkje pretensjonar om nøyaktig lydskrift, og sume av tilfella gjeld visst kursiv *o* med prikk over (som vi truleg bør rekna som NO ö i dei tilfella, om vi identifiserer dei). Det er nok uansett ikkje trong *o*.
- Kjelda SandeSand. kan ha trong *o* òg der det er grunn til å tru at det heller er *ù*.

Merk òg meir ålment:

- Svart eller blå skrift i målføresynopsisen er ikkje (gjennomført) lydskrift.
- TelT.Tveito er ein ufortolka kompilasjon av ulike kjelder og prøver ikkje å harmonisera attgjevinga av lydar.
- Tonemteikn kan vera plasserte på ein slik måte i handskrift at dei kan bli mistekne for diakritiske teikn.
- *ó* kan òg vera ein lykkjeskriftliknande notasjon (ikkje Norvegia) for *ø*.
- *æ* i Norvegia er ein ligatur *œ* (sjå tabellane over), som gjev *ö* i NO, medan *æ* sjølvstøtt er ein ligatur *ae*. Merk at Norvegia *æ* liknar mykje på den norske bokstaven (ikkje Norvegia) *æ* i kursiv. Ein variant har vi når sume informantar bruker vanleg handskrift-*æ* og meiner *æ* (stundom òg med raud skrift i synopsisen, trass i at det då skulle vori brukt Norvegia). Vanleg handskriftbokstav *æ* skil seg frå Norvegia *æ* òg i andredelen (*e-en*) av ligaturen. *e*-delen av vanleg *æ* i handskrift (som ikkje lét seg uttrykkja her i redigeringshandboka) skil seg i utsjånad frå den *e-en* som er brukt i maskinskrift, og som utgjer andredelen av Norvegia-teiknet *æ* (og *æ*). Når nokon har gjort seg flid med å skriva *æ* med "maskinskrift"-*e* i handskrift, meiner dei Norvegia-teiknet. (**Døme:** sjå setel *turk* m frå kjelda SelbuLa. i Setelarkivet, som gjev NO *törk*. Fyrstedelen av ligaturen er òg tydeleg *o*.)

ó kan brukast i NO for (trong) *o* der ein kunne venta at det var open uttale, for å vera trygg på å unngå mistolkingar.

Når det gjeld *o* og *å* i ord som blir skrivne med *o* i vanleg rettskriving (og då altså i oppslagsforma), kan redaktøren koma i tvil om kva som skal takast med som avvik.

- Det er lyden *o* (og ikkje *å*) som vi reknar for å vera i samsvar med oppslagsforma. Dersom normaluttalen er med *o*, treng ein såleis ikkje nemna han.
- Er normaluttalen med *å*, bør han nemnast, men ikkje når ò står i vokalparentesen.

Oppå dei reglane legg ein så dei vanlege reglane for føring av "målf" og "målf òg", sjå punkt 4.2.6.6 for dei, t d det at målføreforma som samsvarar med oppslaget, likevel blir kommentert når ho er lite utbreidd.

Døme:

okse: målf òg *åkse* (heimfesting)

omn: målf *åmn* (vanl), *ómn* (heimfesting)

kort: målf *kórt* (heimfesting), *kårt* (heimfesting)

Normaluttale *å* av importord skrivne med *o* kan markerast i uttalefeltet fremst i hakeparentesen (ikkje i målføredelen).

Døme:

post m [pås't]

Nokre ord kan ha to uttalar som begge er svært utbreidde, slik som med *tóg* – *tåg* osfr. I dei tilfella der artikkelen ikkje inneheld vokalparentes med opplysningar frå A og R, skal begge uttalevariantane gjerast greie for i målføredelen av hakeparentesen. Når materialet tyder på at det er fleire utbreidde uttalar av eit ord, bør redaktørane frå sak til sak ta opp spørsmålet om føringsmåte.

4.2.6.11.3 Konsonantar

I det fylgjande står det korleis vi markerer nokre konsonantar det kan vera tvil om, altså kva som er NO-transkripsjonen. (Under punkt 4.2.6.11.6–8 står det meir om kva lydlege drag som skal takast med og ikkje takast med i ei målføreføring.)

Til skilnad frå under vokalane er det ikkje sett opp ei liste over Norvegia-teikn. Kjem ein over ein konsonant med eit diakritisk teikn ein ikkje kjenner meininga til, kan ein slå opp i Norvegia-alfabetet, t d i kjelda StormKortOrdl. På side 476 og framover i kjelda NoMålf har Ingeborg Hoff eit oversyn som òg omfattar tilleggsteikn til Norvegia som ein kan finna i målføretranskripsjonar. Denne teksta finst òg i mappa "Beito_Norvegia" i hjelpedokumentmappa på området til NO.

Palataliserte lydar

NO markerer palatal uttale av *d*, *l*, *n* og *t* (men ikkje ålment, sjå punkt 4.2.6.11.7 og 4.2.6.11.8 nedanfor).

Det finst eigne spesialteikn i programmet for palatal *d*, *n*, *t* og vanleg palatal *l*. Merk at desse teikna ser galne ut i teikntabellen på dei fleste maskinane, t d slik at palatal *t* står som kolon. Når ein kviler musemarkøren over rutene i tabellen, kjem dei korrekte namna på desse lydane fram, og teikna kjem i alle høve ut som dei skal når ein klikkar på rett knapp.

Ustemd (aspirert) palatal *l* blir markert med *hl(l)*. Merk at materialet har eit utal transkripsjonsmåtar utan at uttalen treng å vera ulik.

Retrofleksar

Retroflekse lydar skal markerast med *r* + dental, eller tjukk *l* + dental der det er klart at tjukk *l* ligg til grunn. Vi legg til grunn at *rd*, *rl*, *rn*, *rt* skal lesast som retrofleksar når det er snakk om austnorske målføre (jfr punkt 4.2.6.11.7).

Lyden av assimilert *r* + *s* og tjukk *l* + *s* skal markerast med *sj*, sjå òg nedanfor. Tjukk *l* av *rd* skal ha det vanlege tjukk *l*-teiknet (*l*).

Om sekvensen *r-d* sjå punkt 4.2.6.11.8.

Nasalar

Ng-lyden (velar nasal) skal markerast med *ng*.

Språklydane *j*, *kj*, *sj*

Språklydane *j* (dorsal approksimant), *kj* (dorsal frikativ) og *sj* (apikal frikativ) bør alltid attgjevast slik. Ein skal altså vika av frå normalortografien, som står til venstre her:

gj(era) – hj(ort) – j(ord) = j

kj(ole) – k(ino) = kj

skj(era) – sj(ø) – sk(inn) = sj

(Men bokstavsambandet *sl* blir brukt òg når uttalen er *sjl*, sjå punkt 4.2.6.11.6.)

Språklyden *w*

Halvvokalen (den asyllabiske approksimanten) *w* (velkjend frå engelsk) blir attgjeven nettopp slik, som i *saw* 'sag'.

Bortfall

Stumme bokstavar bør ikkje nyttast i målføreformer (heller ikkje stum *d*).

4.2.6.11.4 Ålment om markering av språklydar

Som det går fram av avsnitta om vokalar og konsonantar ovanfor, transkriberer NO målføreformer med det vanlege alfabetet med tillegg for palatal *d*, *l*, *n* og tjukk *l* (Norvegia-teikna deira) og aksentar til å syna vokalkvalitet. Dessutan bruker vi tonemteikn til å syna tonem (aksent) og trykk (jfr punkt 4.2.6.11.8, slutten). Naudsynte tilleggsteikn ligg i ein eigen symboltabell i redigeringsprogrammet, jfr punkt 1.4.2.3 *Spesialteikn*.

Utgangspunktet for føring av målføreformer er skriftforma eller skriftformene av oppslagsordet. Målføreformer blir førde

- som avvik frå pårekeleg normaluttale av skriftforma
- av di skriftforma kan tolkast mot fleire moglege uttalevariantar

Hovudregelen for NO er å markera fonem. Termen "fonem" er relasjonell – han viser til det systemet som blir omtala. I målføre delen av hakeparentesen er det tenkt på lydar som fonemstatus i eit målføre eller ei målføregruppe. Men det er ikkje utan vidare eit éin til éin-tilhøve mellom fonemsystema i to ulike målføre eller mellom fonemsystemet i eit målføre og normalmålet.

Der det er tvil om ein lyd skal ha fonemstatus eller reknast som allofon (tjukk *l*, til dømes, er eit overgangstilfelle som kunne kallast "semifonem"), tek vi det med.

Dette avgrensingsproblemet gjer at redigeringshandboka her nyttar termen "(språk)lyd" utan å ta stilling til kva som skal reknast som fonem (noko som òg kan vera ulikt frå målføre til målføre). Til ein viss grad må NO basera seg på "opplevd" fonemstatus rapportert i materialet.

Gjennomgåande og faste regionale uttalevariantar markerer vi ikkje.

4.2.6.11.5 Subfonemiske drag og to grupper av fonemiske drag

Vi markerer ikkje uttalenyansar som ikkje er fonemiske, dvs. at dei aldri lagar skilje mellom ulike ord ("sub-fonemiske" drag).

Større problem kan det vera ved uttaledrag som er klårt fonemiske, men som òg er ganske systematisk gjennomførde i visse målføregrupper. Her skil vi mellom to grupper: dei som er ganske regelbundne, og dei som i større grad har variasjon frå ord til ord. Dei fyrste tek vi helst ikkje med, dei siste tek vi derimot normalt med. Men her er det ei stor gråson og til dels vanskelege grenseoppgangar vi har måtta gjera.

Den vidare handsaminga er disponert slik:

- subfonemiske drag, som vi altså ikkje tek med
- fonemiske drag vi ikkje tek med
- fonemiske drag vi tek med

4.2.6.11.6 Subfonemiske drag (som skal sløyfast)

fenomen	døme	skriv i NO (når ordforma skal med av andre grunnar)
(veik) diftongering av lange vokalar i sume område vestpå (Hard, Vo, So) og i Set (jfr Skjekk.ND 48f)	$g^e u:l < \text{gul}$ $b^e i:l < \text{bil}$	vokal som i rettskrivinga, men <i>ao</i> (<i>baot</i> 'båt') i So, Vo, Hard

ulike kvalitetar av diftongar	<ul style="list-style-type: none"> • <u>au</u>: æu (SAustl, mange andre stader), øu (Trl), ao (Va, Set) • <u>ei</u>: ai (Ottadalen, Va, Hall og Set), æi (SAustl) • <u>øy</u>: åy (Hall) 	vokalsamband som i rettskrivinga
vokalendring i trykklette stavingar som skriv seg frå påverknad frå ein etterfylgjande konsonant	trykklette endingar framfor skarre- r: -år (YAgd), -ar (Brg)	er
ulike r-lydar	<ul style="list-style-type: none"> • skarre-r og rulle-r • "summande" r i delar av NN 	r
ulike ikkje-palatale l-lydar (sjå under fonemiske drag nedanfor for tjukk "l" og palatal l; sjå òg punkt 4.2.6.11.3 <i>Konsonantar</i> for retrofleks uttale som svarar til rl i skriftspråket)	<ul style="list-style-type: none"> • tungespiss-l og tungeblad-l, som i sil og sal i søraustlandsk • "Østfold-l", dvs ein postalveolar (r)l-lyd i SAustf i ordposisjonar der det er brukt ein annan l andre stader i landet (ball) 	l
ulike uttalar av sj-	ein "tunnare" sj-lyd (s + j) på Vestl, i Hall og andre stader enn austanfjells	sj
ulike uttalar av kj-	ein tkj-aktig kj-lyd (affrikat) på NVestl	kj
sl uttala sjl (i m a austnorsk)	slå	sl
nd uttala med d (serl på Vestl)	landa	nd
ng uttala ngg (serl på Vestl)	tung	ng
assimilasjon framfor bøyingsendinga -t, t d av -g- og -v- (sjå fonemiske drag som skal takast med, for -ft av -pt)	høkket 'høgt' sjeift 'skeivt'	gt (høgt) vt (skeivt)

4.2.6.11.7 Fonemiske drag som skal sløyfast

fenomen	stad	resten av landet	skriv i NO (når ordforma skal med av andre grunnar)	unntak
<i>b, d og g</i> etter lang vokal <i>(håba, blaud, koga)</i>	YAgd og søre Rog ("den blaud kyststribå"), og noko i Trl og på Helg (jfr Skjekk.ND 112)	<i>p, t, k</i>	<i>p, t, k</i> (normalortografi) er samleformer	sjå punktet om fonemiske drag som skal takast med
uttala <i>d</i> og <i>ð</i> etter lang vokal	delar av Nfj og Snm	ikkje nokon slik lyd	<i>d</i> (normalortografi)	1) der uttalen med <i>-d-</i> er meir ålmenn, t d av stilistiske grunnar (som i <i>fred, nåde</i>); då er det ordbasert og ikkje systembasert 2) der normalortografi ikkje (lenger) har <i>-d</i> (som i <i>li, sau</i>), bør former med <i>-d</i> i Nfj og på Snm takast med
såkalla retroflekttering, dvs samansmelte "tju kke" lydar av <i>rn, rt</i> (og <i>rl</i> og <i>rs = sj</i>), jfr punkt 4.2.6.11.3		målføre der <i>r-t</i> osfr blir uttala kvar for seg	<i>rn, rt, rl, sj</i>	for <i>rd</i> gjeld det spesielle reglar, sjå under fonemiske drag som skal takast med
<i>-(g)gn</i> (t d <i>reggn</i>)		der andre målføre har <i>-ngn</i> eller <i>-in</i> (diftong), t d <i>rengn, rein</i>	<i>gn</i>	

<p>svrabhaktivokal i ymse ordklasser:</p> <p>substantiv (<i>hest´e</i>, <i>-ù</i>),</p> <p>adjektiv (<i>stor´e</i>, <i>-ù</i>),</p> <p>nt av sterke verb (<i>bit´e</i>, <i>kjem´e</i> eller <i>-ù</i>)</p>	<p>sjå Skjekk.ND 85 for kvar dei har dei ulike typane</p>		<p>utelat denne vokalen (<i>hest</i>, <i>stor</i>, <i>bit</i>)</p>	
<p>tjukk <i>l</i> i regelrett samsvar med tunn <i>l</i>-former (<i>blå</i>, <i>folk</i>, <i>tala</i>)</p>	<p>belegg på ordet både i og utanfor tjukk <i>l</i>-området</p>		<p><i>blå</i>, <i>folk</i>, <i>tala</i> (tunn <i>l</i> er samleform)</p>	<p>sjå punktet om fonemiske drag som skal takast med</p>
<p>regelrett palatal uttale av <i>l</i>, <i>n</i> og til dels <i>d</i> og <i>t</i> etter kort vokal (<i>ball</i>, <i>mann</i>, <i>kladd</i>)</p>	<p>belegg på ordet både i og utanfor palataliserings-området</p>		<p>vanleg konsonant er samleform, alternativt dobbelfør ikkje-palatal og palatal form med sams heimfestings-rekkje</p>	<p>sjå punktet om fonemiske drag som skal takast med</p>
<p>palatalisering i bøyingsformer, t d <i>stakk</i> – <i>stakkjen</i>, <i>bok</i> – <i>bokji</i> eller <i>bokja</i></p>			<p>sløyf opplysning om bøyingsformer</p>	
<p>regelrett (gjennomgåande regional) monoftongering: <i>au</i> > <i>ø</i>, <i>ei</i> > <i>e</i>, <i>øy</i> > <i>ø</i> (som i <i>ødemark</i>)</p>	<p>jfr Skjekk.ND 59-63</p>		<p><i>au</i>, <i>ei</i>, <i>øy</i> (som i <i>ødemark</i>)</p>	<p>når det er mindre regelrett (som i <i>reise</i> > <i>rese</i>); ta med monoftong når det er tvil</p>
<p>samanfall av <i>kj</i>- og <i>sj</i>- i urbant ungdomsspråk</p>			<p><i>sj</i>- eller <i>kj</i>- etter kva ord det gjeld</p>	

4.2.6.11.8 Fonemiske drag som skal takast med

For handsaminga av *o* og *å* i ord som blir skrivne med *o* (*okse, omn, kort*) sjå punkt 4.2.6.11.2 *Vokalar* (i merknadene til tabellen).

Vokallengd

Lang vokal skal markerast med kolon etter vokal der det kan vera tvil, serleg framfor konsonantsekvens og framfor *m* i utlyd.

Døme:

ha:vre (mot stutt vokal i *havre*)

(I dei fem fyrste banda er markeringa slik: "*havre* (lang *a*)".)

Der det ikkje kan vera tvil, fylgjer vi normalortografien; då tyder vokal + éin konsonant automatisk at vokalen er lang.

Kort vokal markerer vi med dobbel konsonant. Det gjer vi også ved *-m*, mot normalortografien, som ikkje tillèt *mm* andre stader enn mellom vokalar. Ei skriftform som *tom* kan stå for tre uttalar, som vi må skilja åt (desambiguera).

Døme:

to:m (t skiln frå *tomm, tåmm*)

Stuttstava former (frå Gudbrandsdalen) markerer vi ikkje. Vi skriv *såvå* for NGbr *såvå* og SGBr *så:vå*, men *såvvå* for den trønderske forma med lang konsonant. Dei kan samlast slik: "*såv(v)å* (Gbr, Trl)".

I sume ord har vi "trekantforhold" som skrifta ikkje opnar for, altså slike motsetningar:

1. *lå:k* 'dårleg'
2. *låk* 'lokk på gryte'
3. *låkk* 'lokk på kyr m m; hårlökk'

Då skriv vi 1) *låk* og 3) *låkk* som målføreformer, og i ord nr 2 må vi nesten nytta ei ad hoc-løysing: "*låk* (med stutt vokal)" eller "*låk* (stuttstaving)" (eller liknande). Desse tilfella vil vera så fåe at dei neppe utgjer noka belastning på systemet.

Når det kjem ulike konsonantar etter kvarandre etter stutt vokal, òg i normaluttalen av ordet, lèt vi til vanleg vera å dobla konsonanten som kjem etter vokalen.

Døme:

larma v ... *lærme*

ryfte n ... *røfte*

Her er det knapt naudsynt å føra *lærrme* og *røffte*. Noko anna er det når vokalen er lang i utgangspunktet.

Døme:

roning m ... *roddning*

Her kunne *roddning* ha vori tolka som at vokalen hadde den same lengda som i *roning*.

Tjukk / svarande til tunn /

(Om tjukk / svarande til *rd* sjå nedanfor.)

Som nemnt under fonemiske drag som skal sløyfast, bruker vi tunn / som samleform der vi har belegg på både tjukk og tunn /.

Vi markerer tjukk / der ei viss form berre har belegg frå tjukk /-området (som skal førast opp av andre grunnar enn den tjukke /-en), og der ordforma skil seg frå standardforma eller ålmenforma også på andre punkt enn den aktuelle /-en. **Døme:** sjå under punkt 4.2.6.9.2 *Samleformer*.

I ord som har tunn / i tjukk /-posisjon i dialektar med tjukk /, kan ein skriva "tunn /" i parentes etter, men helst berre i serlege tilfelle.

Døme:

hala (tunn /)

Uttalemarkering av *rd*

Denne bokstavsekvensen kan ha (minst) fire uttalar:

1. *r* (vanleg)
2. tjukk / (i storparten av tjukk /-området, men ikkje i utkantane av dette området)
3. retrofleks *d* som i austlandsk *ferdig* (vanlegare over ordgrenser, t *d var det, har du*, enn inne i einskildord, og vanlegare i Nord-Noreg enn lenger sør)
4. tydeleg *rrd*, ein skriftpåverka uttale i ord som i utgangspunktet var litterære: *morrd, værrdig, norrdisk*

Tilhøvet mellom desse uttalane er såpass idiosynkratisk (uføreseieleg og knytt til det einskilde ordet) at uttalevariantane bør markerast.

Døme:

r **ord** > *or*, **gjerde** > *jære*

tjukk / **ord** > *ot*, **gjerde** > *jæte*

rd **ferdig** > *færði*

Den fjerde uttalen, *rrd*, bør først opp i (normal)uttalefeltet i hakeparentesen, ikkje i ordformfeltet i målføredelen, jfr punkt 4.2.3.6.

Palatal uttale av *l, n, d, t*

I nordlege målføre har *l, n* og til dels *d* og *t* palatal uttale etter kort vokal.

Som nemnt under fonemiske drag som skal sløyfast, bruker vi *l* osfr som samleformer, eller samlar formene etter kvarandre med sams heimfesting, der vi har belegg på både palataliserte og tilsvarande upalataliserte former.

Vi markerer palatalforma der ei viss form berre er belagd i palatalområdet, og der ordforma skil seg frå standardforma eller ålmennforma også på andre punkt som ikkje har med palataliseringa å gjera.

Sjå punkt 4.2.6.11.3 *Konsonantar* for teikn ein bruker for palatale lydar.

b, d, g av *p, t, k*

Som nemnt under fonemiske drag som skal sløyfast, bruker vi *p, t, k* som samleformer. *b, d, g* blir då markerte under dei same vilkåra som *t d* tjukk *l* eller palatalisert *l, n, d, t*.

Denne overgangen markerer vi likevel òg når (*oppslags*)ordet berre er belagt med stemd plosiv (*b, d, g*) i Agd og Rog, òg når det ikkje er andre avvik enn denne plosiven. Medan *t d* tjukk *l* lett kan identifiserast som ein variant av ein annan lyd, er *b, d* og *g* meir sjølvstendige og framstående lydar i språket. Då kan det vera mindre gjennomskodeleg at lokalforma høyrer inn under samleforma, slik at det er best å gjera merksam på at det normerte ordet berre har "blaut" plosiv i uttalen.

-dl, -dd av *-ll*

Utviklinga *ll* > *dl, dd* skjedde regelrett, men er no på retur og bør markerast.

Døme:

fall > *fodd* (pI)

fjell > *fjedd, fjødd, fjidl*

ille > *idde, idle, idla*

kjellar > *kjeddar, kjedlar*

krell > *kredl*

kalla > *kadla*

-dl av *-rl*

Utviklinga *rl* > *dl* er sjeldsynt og bør markerast.

Døme:**kyrlag** > *kjydlao*k*-dn av -nn eller -rn og -nn av -rn*Utviklinga *nn, rn* > *dn* skjedde regelrett, men er no på retur og bør markerast.**Døme:****inn** > *idn***kinn** > *kjidne***kunnig** > *kudnig***jarn** > *jødn, jådn***ikorn** > *eikodn, ikødn***kjerne** > *kjedne, kjådne*Vi tek også med *-nn av -rn*.**Døme:****kvern** > *kvenn***kjerne** > *kjenne, kjinne***karnøfleri** > *kannafleri**-mn, -bn av -vn*Utviklinga *mn, bn av vn* bør markerast. Her er det vel også dels slik at *-mn*-forma er vorten normalform i nynorsk, medan *-vn*-forma står som målføreform. Då må sjølvstakt den takast med.**Døme:****kovna** el **kvavna** > *kvømne, kvåmna, kobna***hemn** > *hevn, hebn***jamna** > *jabna**-sl, -tl*I ord som har oppslagsform med **-sl, -sl-, -tl, -tl-**, gjer NO også greie for målføreutbreiinga av konsonantgruppene. I moderne nynorsk rettskriving (irekna 1938-rettskrivinga) er det ikkje mogleg å sortera desse orda etter opphav eller utbreiing (endå om det finst tendensar av ulike slag til samsvar mellom uttale og geografi). Ein må føra opp dei formene som tilfanget syner, men gjerne slå saman nærliggjande former.

Døme:**kitlig** > *kjislug***kitla** el **kisla** > *kjitla, kjetla, kjisle, kjysle***knasla** > *knatle***krisla** > *kritla*

Avvikande målføreformer fører ein også ved ord av denne typen som har eller har hatt *-d-* i normalforma, såleis:

breisle > *breitle, breidsle***fødsle** > *føtle***hl** og liknande lydar

Desse lydane kan oppstå i ulike omgjevnader, som døma nedanfor syner. Former med *hl* el *l* skal førast, men ein bør ikkje finstilja mellom ulike typar under same oppslagsord. Tommefingerregelen er at vi ikkje går ned på subfonemisk variasjon innanfor kvart målføre.

Døme på føring av *-hl-*lydar finst under t d:**jeksel** > *jahle***kitla** > *kjihle***kald** > *ka:hlt***køyrsl**e > *kjøhl-***kolten** > *kåhl(t)en***knisla** > *knihle***kvissel** > *kvihl***kvitel** > *kvihla***-ft** og **-fs** til skilnad frå **-pt** og **-ps**

-ft og *-fs* der andre målføre har *-pt* og *-ps* blir førde.

Døme:*kjøfte* (mot *kjøpte*)

juft (mot *jupt* – *dypt*)

gv- og **v-** til skilnad frå **kv-**

Ordformer som tek til med **gv-** eller **v-** mot normalnynorsk **kv-**, blir tekne med.

Døme:

kveite (m) > *gveite*, *veite*, *vete* o a

Palatal uttale av -k-, -g- eller -sk-

Palatal uttale av *k*, *g* eller *sk*, dvs *kj*, *j*, *sj*, der andre målføre har "hard uttale", tek vi med i grunnforma av ordet. Mønsteret her er ikkje så regelrett lenger som det ein gong kanskje var.

Døme:

kraje (mot *krage*)

krakje (mot *krake*)

For palatalisering i bøyingsformer sjå under fonemiske drag som skal sløyfast.

Ikkje-palatal uttale av -kj-, -tj-, -gg-

Upalataliserte former der rettskrivinga har palataliserte, tek vi med.

Døme:

tenka, *setta*, *ligga* (mot *tenkja*, *setja*, *liggja*)

Jamningsformer

Jamningsformer av substantiv og verb blir alltid skrivne som i målføret. Dei bør noterast serskilt i grunnform med dei ulike rotvokalane dei kan ha (sjå nedanfor).

Substantiv: Ta med dei bøyde formene, sidan dei ofte er skiftande og lite føreseielege.

Verb: Før opp infinitiv og uregelrette bøyingsformer.

For linne jamvektsverb er det ikkje naudsynt å ta med bøyde former som samsvarar med infinitiven.

Døme: **baka v -a, laga v -a**

Jamningsformene kan delast opp i hovudtypar når det gjeld vokalisme og innlyds-konsonantisme.

Konsonantismen er enklast. Regelen er at trønderformer blir skrivne med dobbel konsonant, austlandsformer med enkel.

Gudbrandsdalsformer med stutt rotstaving og meir sørlege austlandsformer med lang rotvokal blir behandla likt. Former som dekkjer område både nord og sør for Dovre, kan få den eine konsonanten i

parentes. Altså skriv vi *såvå* for NGbr *såvå* og SGbr *så:vå*, men *såvvå* for den trønderske forma med lang konsonant (kanskje helst slik: *såv(v)å* med heimfesting både til Gbr og Trl).

Tjukk l som innlydskonsonant er alltid fonetisk stutt, også i trøndermål. Dette gjeld også om han kan vera førd som dobbel i sume av kjeldene. Då kan former både sør og nord for Dovre markerast med enkel konsonant. **Døme:** *kåfå* (verbet *kola*).

Vokalismen kan ha desse variantane:

a – a: *haga, lavva*

e – a: *beta, vera, lev(v)a*

e – e: *lesse* (supinum), *verre*

e – i: *lesi, ferri*

i – i: *virri, skrivi*

i – u: *viku* 'veke'

o – o: *hos(s)o, stogo* (bf 'stova')

u – u: *stug(g)u* (ubf 'stove'), *vukku* 'veke'

y – y: *stykkjy*

y – å: *vytå*

æ – a: *vær(r)a, bætta*

ø – a: *jør(r)a*

ø – u: *tjørru*

ø – å: *øtå*

å – å: *håg(g)å, får(r)å, låsså, kåm(m)å, låv(v)å*

Trykk og tonem

Det er sjeldan behov for å markera trykk eller tonem (aksent) under målføredelen i hakeparentesen, men dersom det er naudsynt, gjer ein det på same vis som ved markering av normaluttale, sjå punkt 4.2.3.

Vi markerer tonem der vi har målføreformar som bryt med det vanlege mønsteret, eller der det er skifting i målføra, men ikkje der målføreformene samsvarar med det ålmenorske systemet. Det kan vera rett å syna tonem i ei bøygd form dersom opplysninga er med på å bestemma oppslagsforma (tonem 2 i bunden form eintal peikar mot tostava oppslagsform).

Døme:

Il **karve** m [...; målf òg *kar'vi* (Jølster, Snm sumst, Roms)...]

(Ordet har elles tonem 2.)

4.2.6.12 Heimfesting

Om føring av heimfestingar sjå òg (og primært) punkt 10.5 og 10.6.

Målføreformer blir heimfeste med eitt eller fleire områdenamn (namn på herad eller større einingar). Områdenamna ligg i meny.

4.2.6.12.1 Rekkjefylgje av heimfestingar

Rekkjefylgja av heimfestingane er bygd inn i menyen og fylgjer det som har vori hovudpraksis i NO. (I NO 1–4 er det ein del variasjon, som fell bort med innebygd, fast rekkjefylgje.)

Rekkjefylgja på fylkesnivå:

Austfold

Akershus/Oslo

Hedmark

Oppland

Buskerud

Vestfold

Telemark

Aust-Agder

Vest-Agder

Rogaland

Hordaland

Sogn og Fjordane

Møre og Romsdal

Sør-Trøndelag

Nord-Trøndelag

Nordland

Troms

Finnmark

4.2.6.12.2 Heimfestingshierarki

Heimfestingsmenyen er ikkje hierarkisk ordna på overflata, men heimfestingshierarkiet er bygd inn i den underliggjande programstrukturen, og det finst ein autogenereringsfunksjon som gjer bruk av dette hierarkiet, sjå programrettleiinga kapittel 12 *Oppdatering av heimfestingar*. Både når autogenereringsfunksjonen blir brukt og når han ikkje blir brukt, har redaktøren ansvar for å velja den rette heimfestinga, på rett nivå, ut frå tilfanget. Merk at autogenereringa er ei reint praktisk hjelperåd, og det ligg inga tilråding i resultatet av genereringa.

Hierarkiet i heimfestingane i NO 5–12 er i hovudsak eintydig definert. Det vil seia:

- Lågaste nivå er det same for heile landet (dvs kommunelista frå 1947).
- Kvart område har berre eitt namn.
- Alle heimfestingar over kommunenivå er definerte med einingar frå nivået under, i siste instans med kommunelister.
- Det finst nokre område på høgare nivå som overlappar (m a på Agder), men elles gjeld det at ingen høgare nivå har kryssande grenser og at ingen høgare nivå dekkjer same område eller delar av same område.

Heimfestingssystemet for NO har desse nivåa (sjå nærmare under punkt 10.5.3):

1. "Noreg" (i menyen, usynleg i utskrift, sjå punkt 4.2.6.6.1 og 4.2.6.12.5)
2. Landsdel (Austl)
3. Del av landsdel (IAgd; Austlflatb)
4. Fylke (Oppl)
5. Del av fylke (samling av fleire målføreområde, t d VOpl)
6. Landskap (målføreområde, t d Gbr)
7. Del av landskap (modifisert landskapsnemne, t d SGbr, eller den store øya Senja)
8. Tvillingkommune (Nord-Fron og Sør-Fron = Fron)
9. Kommune (Sør-Fron = SFron)

Dersom ein er i tvil om kva eit større område dekkjer, kan ein sjå etter i heimfestingslista. Lista finst som Excel-fila "heimfestingstabell med hierarki NO 101220.xls" i mappa "Kjelder" i mappa "Hjelpedokument" på fellesområdet. Sjå punkt 10.6.3 og Tillegg 1 for lokale ordsamlingar med heimfestingsmotsvar.

4.2.6.12.3 Administrative område kontra målvald

I sume tilfelle kolliderer geografiske inndelingar med inndelingar i målvald. Eit tilfelle er Nordmøre (Ndm), som administrativt er del av vestlandsfylket Møre og Romsdal, men etter målføret høyrer til trøndermåla. Der ein skal føra tilstøytande område, kan det bli spørsmål om Ndm skal reknast til "Trl" eller "Vestl".

No reknar vi "Ndm" til "Vestl". Ein kan såleis føra

- Vestl, Trl
- Ndm, Trl

Men ikkje

- Vestl, Ndm

Alle tre måtar er nytta i band 1–4, men "Ndm, Trl" er nytta så ofte at det er openbert at "Trl" står for dei to trøndelagsfylka.

4.2.6.12.4 Heimfesting frå prenta ordsamling

Vi tek formopplysningar til hakeparentesen (og tydingsopplysning til definisjon) også frå prenta lokale ordsamlingar. Ein kan ikkje føra titlar frå bibliografidatabasen i heimfestingslista, heller ikkje titlar på lokale ordsamlingar. Redaktøren skal leggja målføreflagg på setelen i Setelarkivet (om det ikkje finst frå før) og føra berre heimfestinga i kjelderekkja.

Merk at mange målføresamlingar som dekkjer litt større område, har meir presis heimfesting i boka både til einskildord og til tydingar under einskildord (sjå t d punkt 10.6.3). Ein fører då den heimfestinga som står til sjølve opplysninga, og legg det flagget på den elektroniske setelen.

4.2.6.12.5 Heimfesting frå ordbøkene til Aasen og Ross

Vi tek med målføreopplysningar frå ordbøkene til Aasen og Ross, endå kjelder frå før år 1900 elles ikkje skal ikkje takast omsyn til i målføredelen i hakeparentesen.

Dersom ei form er heimfest til ein stad berre av Aasen eller Ross, fører ein kjelde (A¹, A², A, R, R1–6) i litteraturkodefeltet. Dersom forma er heimfest til same stad også av andre, sløyfar ein spesifiseringa. Punkt 10.7.2 gjer greie for unntak til dette og har fleire andre reglar om føringa.

Stundom har Aasen ei målføreopplysning som han ikkje gjev opp stad til. Om vi ikkje har heimfestingar til opplysninga frå andre kjelder, kan vi føra litteraturkoden til valet "Noreg" i heimfestingsmenyen. "Noreg" blir usynleg i utskrift. Då kan spesifiseringsfeltet mellom "Noreg" og kjeldekodefeltet også fyllast med tekst, t d slik at "nogle Steder" hos A² blir "sumst A²".

Litteraturkodemenyen har nokre fåe andre kjelder enn Aasen og Ross lista opp ved ein feil (A.NGr², NGIndl og T – merk spesielt at den siste ikkje skal førast).

4.2.6.12.6 Endringar i heimfestingsføringa i band 1–4

Frå og med innføringa av redigeringsprogrammet er det slutt på å bruka heimfestingar som ikkje er å finna i heimfestingsmenyen.

Heimfestingspraksis som er slutt, omfattar:

- heimfestingar under kommunenivå (Skafså > Mo i Tel; Dagali > Hol i Hall)
- gamle administrative områdeinndelingar som er nytta av Aasen og Ross
- mange modifiserte områdenemningar (frie kombinasjonar av avstyting for himmelretning og avstyting for område)
- både reine heimfestingar og prenta lokale ordsamlingar i heimfestingsrekkja
- heimfestingar med tilføydd litterær kjelde (t d "Gjøvdal A.Min 89" eller "Hidra HøegPITrad 295")
- for visse personar, tillegg til heimfestinga som syner kven opplysninga skriv seg frå (H.Chr. = Hallfrid Christiansen, Hoff = Ingeborg Hoff osfr)

Ei meir detaljert handsaming finn ein under punkt 10.5 og 10.6.

4.2.7 Etymologi

Etymologibolken er den siste bolken i hakeparentesen. Her tek ein med eit minimum av opplysningar om opphav og samband med andre ord. Eit minimum er så mykje som trengst for å identifisera oppslagsordet sikkert i høve til andre oppslagsord og forklara ord med eit sereige opphav.

4.2.7.1 Etymologiske opplysningar i NO

Etymologi gjeld eldre språktilhøve som

- byggjer på kunnskap om andre språk i eldre språkstadium
- byggjer på ei teoretisk fortolking av utviklingsgangen i ulike språk
- ofte er vanskelege å dokumentera sikkert

Etymologiske spørsmål innbyr med andre ord til uetterretteleg spekulasjon. NO har difor som regel at

- redaktørar ikkje fører opp eigne teoriar om opphav og samanheng
- alle etymologiske opplysningar skal koma frå utgjevne og ålment godtekne kjelder

Dersom ein NO-redaktør har eit synspunkt på eit etymologisk emne som ikkje går fram av dei kjeldene vi har, eller vik av frå synspunkt som før er utgjevne, må dette fyrst vera publisert i eit fagtidsskrift, før ein kan ta det med i NO med referanse til publikasjonen.

Ein kan spørja spesialistar til råds om etymologiske spørsmål, helst i brev form (e-post). Eventuelle svar må då lagrast som elektroniske setlar under oppslagsordet, vera daterte og ha med opplysning om informant.

Dersom etymologien gjeld berre éi av fleire tydingar, skal dette spesifiserast.

Døme:

I **kalas** n ... i tyd 2 frå sv]

kjenna v ... i tyd 5 òg av lty *kennen* ...

Sumtid har ordet fått ei tyding frå eit tilsvarande ord (semantisk motstykke) i eit anna språk, utan at forma i opphavsspråket har spela ei rolle for lånet. Dersom eit slikt *tydingslån* skal gjerast greie for, skal det skje under tydingsnummeret i artikkelkroppen.

Døme:

kjøpa v ... 6 overf, (ett eng. *buy*) godtaka, tru på ...: *eg kjøper ikkje det argumentet ...*

4.2.7.2 Kva for ordartiklar har opplysning om etymologi

Som hovudregel fører ein dei grundigaste etymologiske opplysningane i artiklar om *grunnord*.

Kjem det fleire nærskyldte ord etter kvarandre, fører ein opp etymologien under hovudordet (gjerne eit verb) og viser til denne ordartikkelen frå dei andre (som då oftast er avleiingar). Også elles kan ein nytta krysstilvising for å markera moglege samanhengar.

Ved *avleiingar* skal ein føra opplysning om opphavsordet (med tilvising til rett NO-artikkel), dersom denne samanhengen ikkje går fram av definisjonen.

Ved *samansetningar* tek vi normalt ikkje med nokon etymologi, så sant det ikkje er serlege problem som gjeld sjølve samansetninga.

Unntak: Dersom eit ord er kjeldefest i norrønt, opplyser vi om den norrøne forma, anten ordet er grunnord, avleiing eller samansetning. Sjå òg punkt 4.2.7.4.1 nedanfor.

I samansetningar som blir fullskrivne på prent, skal ein som regel bruka etymologidelen av redigeringsprogrammet til å visa kva (av to eller fleire moglege) fyrsteledd samansetninga er laga til, sjå punkt 9.5 og dessutan om preposisjonen *til* i punkt 4.2.7.5.1.

I samansette adjektiv som er eller endar på eit fortidspartisipp av eit verb, kunne ein tenkt seg at ein brukte etymologien til å gjera det tydeleg om ordet er ekte eller uekte samansett (t d at ein viste til *ny* og *leggja* i artikkelen **nylagd**), men heller ikkje slike samansetningar skal ein føra etymologi for (om det altså ikkje er serlege problem, jfr over).

4.2.7.3 Tre tabellar for etymologiske opplysningar

Etymologibolken gjev rom for tre typar av opplysningar om eit ord, som alle har med opphav å gjera. Det er:

- samband med (ordformer i) andre språk
- samband med andre oppslagsord i NO
- andre opplysningar

Kvar opplysningstype har ein eigen tabell. Kvar tabell kan ha fleire postar (rader). Ein kan altså leggja inn så mange opplysningar i høve til kvar type som redigeringsreglane tilseier.

I kvar post (tabellrad) er det tre felt, med

- innleiing (i fritekst)
- tabellspesifikt felt (med meny)
- spesifiseringsfelt (fritekst)

Den nedste delen av etymologikortet har berre eit fritekstfelt.

I tillegg har vi kjeldefelt (med spesifiseringsfelt etter) for kvar av tabellane. Aktuelle kjelder finst i eigen meny (sjå punkt 4.2.7.7.4).

Dette oppsettet av etymologibolken tek vare på dei opplysningskategoriane som NO har i band 1–4, men krev ei meir strukturert føring. Det er difor ofte naudsynt å omorganisera etymologisk informasjon noko i høve til det som er gjort tidlegare, og stramma inn sjølve føringa. Fritekstfelta skulle likevel gje rikeleg rom til fri tekstutforming.

Framstillinga vidare tek fyrst føre seg dei tre opplysningstypene for etymologi (punkt 4.2.7.4–4.2.7.6) og deretter dei etymologiske kjeldene (4.2.7.7).

4.2.7.4 Tilhøvet til andre språk og språkstadium

For ordtilfang av nordisk eller germansk opphav er det viktigast å dokumentera om ordet er kjent i eldre språkstadium, og i så fall i kva form.

For nyare og eldre importord er det viktigast å syna kva språk ordet kjem frå, og eventuelt korleis det har komi fram til norsk.

Ein del ord har opphav i namn eller varemerke. Der ein ikkje kan resonnera seg fram til samanhengen mellom opphav og moderne bruk, er det gjevi ei stutt forklaring.

4.2.7.4.1 Ord som er kjeldefeste i norrønt

Opphavleg norske ord blir førde tilbake til norrønt. Dette gjeld alle ord som finst i dei norrøne standardordbøkene og som ein reknar med er lydrett utvikla i dialektane.

Dersom ordet står på alfabetisk plass i dei norrøne standardordbøkene, gjev vi ikkje kjelde for den norrøne forma.

NB! Ver merksam på at ei moderne ordform kan vera ei lånt ordform frå ei parallellutvikling til den norrøne forma, altså ikkje direkte overlevert, men til dømes innlånt frå lågtysk. (**Døme: fanden.**)

Ved uregelrette verb fører vi opp dei norrøne bøyingsformene i

- 1. person eintal presens indikativ
- 1. person eintal preteritum indikativ

- 1. person fleirtal preteritum indikativ
- supinum (nøytrum eintal nominativ/akkusativ)

Døme:

I **lata** v ... norr. *lata* (*læt, lét, létum, látit*)

Ved uregelrette substantiv kan vi føra opp fleirtal nominativ, serleg om denne forma har overlevd i moderne tid.

Dersom oppslagsforma kjem frå ei norrøn bøyingsform, kan vi føra opp denne forma attåt den norrøne grunnforma.

Om norrønt sjå òg punkt 4.2.7.4.4.

4.2.7.4.2 Ord av nordisk eller germansk opphav som ikkje er kjeldefeste i norrønt

Når ein kan rekna med at eit ord har funnist i norrønt, men den norrøne forma ikkje er kjeldefest, kan ein ta med parallellformer frå andre nordiske språk, helst vestnordiske (som islandsk og færøysk). Slike opplysningar tek vi frå etymologiske eller historiske ordbøker.

Det same gjer ein når det kan vera tale om direkte lån eller påverknad frå nordiske språk. Austnordiske språk (svensk og dansk) kjem helst inn i denne samanhengen. Berre i serskilde tilfelle går vi lenger bakover, dersom det til dømes har kulturhistorisk interesse.

Merk at når ei opplysning berre er litt belagd ved svenskegrensa (i t d Trysil eller Sørli og Nordli), kan det vera lurt å slå opp i SAOB eller Rietz for å sjå om fenomenet finst på den svenske sida. (**Døme:** sjå under **støka** i NO.)

Vi unngår så langt som råd bruk av stjerneformer, dvs former som er rekonstruerte av etymologar.

4.2.7.4.3 Importord

Importord blir førde tilbake til opphavsspråket, slik:

Døme:

buljong m [... av fr *bouillon*]

Vi kan nemna eit "mellomspråk" – helst når dette språket har hatt direkte innverknad på ordform eller tyding i norsk, t d når eit latinsk ord har komi over tysk. Kvart språk får då si line. Dette kan førast til dømes slik:

jojo m [... gj eng. varemerke *yo-yo*, frå fr *jou-jou* 'leikesak', opph trul. frå eit søraustasiatisk språk]

justera v [gj ty, frå mlat *justare*, frå lat *justus* 'rett, rettferdig', til *jus* 'rett']

Vi kan nemna avleiingstilhøve og liknande i det aktuelle språket, for å visa samanhengen med andre ord. Ein må vurderer nøye om dette er naudsynt, og gje opplysningane ei så knapp form som råd.

Lånord frå fransk skal til vanleg førast attende til fransk og ikkje vidare til latin.

Døme:**ideologi** m

[av fr *idéologie* opph 'analyse av ideane bygd på sansane']

Ein kan likevel ta med latin når det er noko som er verdt å merka seg ved t d den opphavlege tydinga.

Døme:**honnør** m

[...; gj fr, frå lat *honor* 'ære']

Gjeld det importord frå språk med andre alfabet eller skriftsystem, kan ein gå til fagpersonar som kan nytta kjelder på slike språk.

4.2.7.4.4 Omlaga og omtolka importord

Ein del importord har vori lenge i språket og er t d vortne omtolka eller lånt inn på ny, eller dei er openbert ord for ting som ikkje høyrer til i nordisk kulturkrins. Då tek vi med meir enn opplysninga om at ordet er belagt i norrønt.

Døme:

kamel m ... norr. *kamell*, gj lty, frå gr *kamelos*

kompan el **kumpan** m ... norr. *kumpánn*, jfr gfr *campaign*, mlat *companiono* 'ein som ein deler brød med; soldat i same tropp'

4.2.7.4.5 Fyrste felt i språktabellen: innleiing

Innleiingsteksta er til vanleg svært stutt, ofte berre ein preposisjon som "frå", "til" eller "av" eller frasar som "smh med". Dette er eit fritekstfelt i programmet.

Dersom det er naudsynt å leggja til noko om eit språkval, kan ein modifisera med tillegg av typen "e" (= eldre). Dette må skrivast i innleiingsfeltet.

Dersom ein fører "og" eller "el" fremst eller åleine i dette feltet, blir det ikkje komma mellom linene. (**Døme:** "jfr da. og lty *list(e)*", der "og" står i innleiingsfeltet på 2. lina.)

Tabellen under viser bruken av preposisjonar.

av	1. ved opphavsspråk + ordform i importord (preposisjonen står så til ordforma, som er kjerneledd, mens språknamnet står som adjektiv til kjerneleddet)	dor ... av ty <i>dorn</i> 'torn'
		kassera ... av fr <i>casser</i> 'knusa'
		litani ... av gr <i>litaneia</i> 'bøn om hjelp'

<p>2. i formelen "av namnet" eller "av stadn" ved ord laga av eller til person- respektive stadnamn; "oppkalla etter xxx" (sjå òg punkt 4.2.7.4.9)</p> <p>3. ved avleiings- eller bøyingsformer med oppgjeven grammatisk kategori: <i>form</i> (spesifisert) <i>av xxx</i> (jfr punkt 4.2.7.5.1)</p>	<p>Men berre "norr." utan preposisjon i arveord (jfr punkt 4.2.7.4.1): livd ... norr. <i>hlífð</i></p> <p>volt ... av namnet <i>Volta</i> (ital fysikar (1745–1827))</p> <p>selsnepe ... av stadn <i>Sel</i> (i Gudbrandsdalen)</p> <p>flytande ... np av <i>I flyta</i></p> <p>Men "til" dersom kategori ikkje blir nemnd: flytande ... til <i>I flyta</i></p>
<p>ett 1. ved omsetjingslån: laga etter mønster av xxx</p> <p>2. ved nylaga avløyssarord (som ikkje er omsette ledd for ledd)</p>	<p>barnehage ... ett ty <i>kindergarten</i></p> <p>femkamp ... ett gr <i>pentathlon</i></p> <p>kringkasta ... ett eng. <i>broadcast</i></p> <p>nakkesleng ... ett eng. <i>whiplash</i> 'piskesnert'</p>
<p>frå 1. framfor långjevarspråk utan sitert opphavsform (dvs når oppslagsforma er heilt lik opphavsforma eller berre endra på føreseieleg vis), men eventuelt med oppgjeven opphavleg tyding (når denne skil seg frå den moderne norske tydinga)</p> <p>2. framfor opphavsspråk (med eller utan sitert ordform) når det er nemnt minst eitt gjennomgangsspråk</p>	<p>rask ... frå lty</p> <p>frank ... frå fr 'fri'</p> <p>dirigera ... frå lat 'retta, styra'</p> <p>honnør ... gj fr, frå lat <i>honor</i> 'ære'</p> <p>tulupp ... gj fr, frå russ</p>
<p>gj framfor gjennomgangsspråk med eller utan ordform</p>	<p>busserull ... gj lty <i>bus(s)erun</i> frå fr <i>bourgeron</i></p> <p>feber ... gj lty frå lat</p>

til	1. ved avleiings- eller bøyingsform utan grammatisk kategori framfor (jfr punkt 3 under av): <i>avleidd av xxx</i>	prisme ... frå gr til <i>prizein 'saga'</i> livd ... til <i>IV live</i> stur ... til <i>sture</i> flytande ... til <i>I flyta</i> (Dei tre siste døma over gjeld punkt 4.2.7.5.1.)
	2. i samansette ord: <i>ledd i samansetninga xxx</i> (sjå punkt 4.2.7.5.1)	kostfiber ... til <i>II kost-</i> kuvøyrd ... til <i>I kuv</i>

4.2.7.4.6 Midtfeltet i språktabellen: språkmenyen

I midtfeltet skal ein føra det språket som ein skal markera tilhøyrse til eller opphav frå. Har ein fleire språk, fører ein kvart språk i ny tabellrad. For dei vanlegaste språka er det avstyttingar. Det er òg fullskrivne språk i menyen. Det er NO-redaksjonen som styrer menyen, så der får vi leggja til etter behov.

Merk at "lty" skal brukast for mellomlågtyisk (og sjølvstyg og nyare lågtyisk). "mlty" kan berre brukast når ein må visa både til mellomlågtyisk og "nyare lty" (eller "seinare lty"), men "lty" burde til vanleg halda. "ty" gjeld all tysk, same kva for alder; ein kan altså ikkje skriva "frå lty el ty". For berre nyare tysk held det likevel med "ty".

For gamalnorsk fører ein "norr." "gno" er berre aktuelt dersom det skulle vera eit avgjerande poeng at det er tale om ein spesifikt norsk variant av norrønt.

NO-avstyttingar for språk:

ags	angelsaksisk
amer	amerikansk
arab	arabisk
austnord.	austnordisk
austsv	austsvensk
bm	bokmål (etter 1907, jfr no-

	da)
båh	båhuslensk
da.	dansk
eng.	engelsk
fi-sv	finlandssvensk
fr	fransk

fris	frisisk
fær	færøysk
gda	gamaldansk
geng.	gamalengelsk
germ	germansk
gfr	gamalfransk
ghty	gamalhøgtysk
g-irsk	gamalirsk
glat	gamallatin
glty	gamallågtysk
gno	gamalnorsk (bruk i staden norr.)
got	gotisk
gr	gresk
gsv	gamalsvensk
gty	gamaltysk
hebr	hebraisk
hty	høgtysk
isl	(ny)islandsk (jfr gno)
ital	italiensk
jamt.	jamtmål, jamtlandsk
jy	jysk
kelt.	keltisk
lat	(i) latin, latinsk
lty	lågtysk (irekna mellomågtysk)
meng.	mellomengelsk

mhty	mellomhøgtysk
mlat	mellomalderlatin
mlty	mellomlågtysk (sjå merknad over)
mndl	mellomnederlandsk
mno	mellomnorsk
msv	mellomsvensk
mty	mellomtysk
nda	nydansk
ndl	nederlandsk
nlat	(i) nylatin, nylatinsk
nno	nynorsk
no.	norsk
no-da	norsk-dansk (fram til 1907, jfr bm)
nord.	nordisk
norr.	norrøn(t)
portug	portugisisk
rom	romansk
russ	russisk
russeno	russenorsk (norsk-sussisk-finsk-samisk handelspråk frå finnmarkskysten)
sam	samisk, lappisk
seinlat	(i) seinlatin, seinlatinsk
shet	shetlandsk
slav	slavisk
sp	spansk

sslav	sørslavisk (serbisk, kroatisk, serbokroatisk, montenegrinsk, bosnisk)
sv	svensk
ty	tysk
tyrk	tyrkisk
ung.	ungarsk

4.2.7.4.7 Språk med fullskreven form

Språk med fullskreven form i menyen er (per april 2014):

afrikaans (frå nederlandsk, som brukt i Sør-Afrika)	jiddisk (òg kjent som <i>jiddisch</i>)
bayersk (frå Bayern i Tyskland)	kinesisk
bornholmsk	koreansk
bretonsk	kvensk
egyptisk (i gamal tid)	malayisk
finsk	orknøysk
frankisk	persisk
gotlandsk	polsk
grønlandsk (det grønlandske språket)	polynesisk
gælisk	romani
hindi ((samnamn for) indoeuropeiske språk i Nord-India, og offisielt språk i India)	sanskrit
irsk	singalesisk (det offisielle språket på Sri Lanka)
japansk	tamil (i Sør-India og på Sri Lanka)
	tsjekkisk
	urdu

Når namn på språk til språkmenyen skal fastsetjast, følgjer NO lista til Språkrådet over namn på språk med definisjonar, jfr http://www.sprakrad.no/Ordboeker/Navn_paa_spraak/.

Latin kan delast inn i fleire språkhistoriske variantar, og avstytingslista vår nemner fleire av dei. Det finst ingen eksakt standard for periodeinndelinga, men på bokmål *Wikipedia* har ein valt å dela inn latin på denne måten i fleire av artiklane: gamallatin til 75 f.Kr., klassisk latin frå 75 f.Kr. til fyrste hundreåret, seinlatin frå 2. til 8. hundreåret, mellomalderlatin frå 9. til 15. hundreåret, renessanselatin frå 15. til 17. hundreåret og nylatin frå 17. hundreåret til i dag.

Det finst også andre spesifiserte merknader om språk, der ein nemner området språket kjem frå. Dersom ein ikkje har eit namn på språket, må områdeadjektivet førast i spesifiseringsfeltet.

Døme:

gorilla m ... [..; av gr *Gorillai*, namn på ei afrikansk stamme, opph frå eit vestafrikansk språk]

4.2.7.4.8 Andre nemningar (for t d proprium, varemerke) i språktabellen

Ein del ord har opphav i namn og ord med namneliknande status, t d varemerke. Opplysning om opphav fører ein i språktabellen.

I NO *a–h* hadde ikkje slike opphavsopplysningar så fast format. No skal ein alltid velja kategori og laga ei formulering som høver med det. Har ein t d eit personnamn, skal ein velja "namnet" frå menyen og ikkje t d "eng." i "eng. ingeniør" (det sistnemnde kan førast som fritekst, sjå liknande døme nedanfor).

Fylgjande avstytingar og nemningar er tekne inn i språktabellen i tillegg til namn på språk:

namn for personnamn og andre namn som ikkje er stadnamn

namnet for personnamn og andre namn som ikkje er stadnamn

stadn stadnamn

varemerke leksikaliserte varemerke og avleiingar frå dei

lydord onomatopoetikon

Døme (sjå òg under *av* i tabellen i punkt 4.2.7.4.5):

Oppslagsord	Innleingsfelt	Språkmeny	Spesifiseringsfelt
isopor		varemerke	
kakadu	kanskje	lydord	
kalfargut	av	stadn	<i>Kalfaret</i> (bydel i Bergen)
kanope	av gr	stadn	<i>Kanopos</i> (egyptisk oldtidsby)
komsakultur	av	stadn	<i>Komsa</i> (fjell (og funnstad) i Alta)
laurentiusmesse	av	namnet	<i>Laurentius</i>
guelfar	latinisert avleiing av	namnet	<i>Welf</i> (schwabisk fyrsteætt)
kannestøypar	tyd 2 frå skodespel av L. Holberg med	namnet	<i>Den politiske kannestøper</i>

Det normale for person- og stadnamn er å bruka formelen "av namnet *x*" og "av stadn *x*", eventuelt med spesifisering etter (til vanleg i parentes).

Ver medviten om korleis ein best kan fordela informasjonen mellom etymologi og definisjon. Såleis treng ein ikkje nemna kva og kvar *Komorane* er i etymologien i denne artikkelen:

komorar m [av stadn *Komorane*, opph av arab *qamar* 'måne'] person frå øygruppa Komorane i Indiahavet.

4.2.7.4.9 Spesifiseringsfeltet i språktabellen

Spesifiseringsfeltet er eit fritekstfelt. Her fører ein ordforma frå det aktuelle språket, og eventuelt andre opplysningar som bør med, i så knapp form som mogleg. Sjå døme fleire stader ovanfor.

Merk at uttrykket "eigl" ikkje skal brukast (det gjeld òg i andre felt i programmet, òg i tydingsbolken). Ofte er det "opph" som skal brukast, dersom opplysninga skal med.

Døme:

medley m [gj eng. opph 'blanding', frå gfr *medlee* 'blanda']

Dersom ein med "eigl" meiner noko anna enn "opph", får ein formulera ut dét (t d "bokstavleg"), dersom opplysninga skal med. (Dersom ein sjølv ikkje er viss på kva ein meiner med "eigl", er dét berre eit argument mot å føra uttrykket.)

4.2.7.5 Tilhøvet til andre oppslagsord i NO

Denne delen av etymologibolken blir brukt til

- å visa til ord som det aktuelle ordet står i eit visst samband med (avleiing, slektskap, påverknad)
- krysstilvising til (etymologien i) andre ordartiklar
- å markera kva ord fyrsteleddet i uinnrykte samansetningar knyter seg til

Delen blir ikkje brukt til grunnordstilknytning for fyrsteleddsartiklar, som skal først i definisjonsbolken, sjå punkt 6.3.7.

Tilvising mellom artiklar er òg omtala i punkt 4.2.7.2 *Kva for ordartiklar har opplysning om etymologi*.

4.2.7.5.1 Innleiingsfeltet i krysstilvisingstabellen

Dette er i utgangspunktet ein tabell til å leggja inn krysstilvisingar til andre artiklar i NO-databasen. Tabellen blir fyrst og fremst nytta til å få fram samanhengar som sams opphav med andre lemma, avleiingstilhøve osfr. Innleiingsteksta vil normalt vera stutt. Sume gonger er innleiinga modifisert av uttrykk som "kanskje" og "trul.". Merk at uttrykket "eigl" ikkje skal brukast, sjå punkt 4.2.7.4.9.

Dersom ein fører "og" eller "el" fremst eller åleine i dette feltet, blir det ikkje komma mellom tabellradene.

I dei fleste tilfella blir eitt av desse faste innleiingsuttrykka brukt (andre uttrykk førekjem òg, sjå døme nedanfor):

til (sjå òg tabellen i 4.2.7.4.5) blir brukt slik:

- for å visa til eit ord som det aktuelle ordet er avleidd av
- for å visa til fyrsteleddsartikkelen for (eller grunnordet til) fyrsteleddet i ei fullskriven samansetning, m a slik at rekkjebrot (jfr punkt 3.3.7) blir grunngevi, sjå nærmare i punkt 9.5

av (sjå òg tabellen i 4.2.7.4.5) blir brukt etter grammatisk kategori (som t d i "vbs av").

smh med blir brukt for å visa fjernare slektskap, gjerne med ei sams rot i gamal tid.

sm o s ("same ord som") blir brukt for å visa at dei to orda opphavleg er same ordet, men at t d skild form, genus el l gjer at det blir to oppslagsord.

jfr viser til eit anna oppslagsord der etymologien har ei eller anna form for overføringsverde for det aktuelle ordet. Nemninga "jfr" åleine kan ikkje tyda 'i slekt med', 'avleidd av' eller andre former for etymologisk informasjon. "jfr" her er altså ei interntilvising i Norsk Ordbok, og ein kan ikkje føra t d Torp ("T") som kjelde for dét. Det kan dessutan mistolkast som at tilvisinga går til oppslagsord hos Torp. I staden får ein anten føra ein verkeleg etymologi (t d "smh med") eller la vera å ta med kjelda. (I språkdelen av etymologien kan ein føra kjelde for opplysningar med "jfr" føre språknemningar, for der er det ikkje snakk om interntilvising til andre oppslagsord.)

Døme:

last-arm n [til I *last-*]

live-krå f [...; til I *live* og III *liva*] (med "og" i innleiingsfeltet på 2. lina)

ljuvleg adj [...; til *ljuv*, jfr òg I *luveleg*] (med komma ved lineskift i tabellen)

løynsk el **lønsk** adj [...; til I *løyna*, med noko samanfall med *lynsk* (T)] (med komma ved lineskift i tabellen)

III **lappe** [...; til III *lapp* (T)]

lastande [...; np av II *lasta*]

legal adj [...; jfr *lojal*]

lirka v [...; trul. smh med I *likka* (HellquistSEO)]

løkje f [...; sm o s *løke*]

leikotek n [...; nyl. ett mønster av ord som *bibliotek*]

lapidar-skrift f ['steinskrift', sjå *lapidarisk*]

IV **lyre** f [...; trul. påv. i tyd av *lyrgja* (T)]

4.2.7.5.2 Sjølve krysstilvisinga

Sjølve krysstilvisinga ”kopierer” ein frå artikkelbasen og ”limer” inn. Dersom ordet ikkje finst i basen frå før, må ein oppretta artikkelen (gjeld tilvising framover i alfabetet til uredigerte delar og til oppslagsord på prent i *h*-delen av band 5). Hugs å undersøkje om ein annan redaktør alt har oppretta han.

Det er ikkje høve til å kopla til tydingsbolk, jfr punkt 9.1 og 9.3. (Det er teknisk mogleg å gjera det, men det blir òg feil utsjånad, sjå punkt 1.4.2.5.4.)

4.2.7.5.3 Spesifiseringsfeltet i krysstilvisingstabellen

Det er høve til å leggja på ein kommentar i dette fritekstfeltet.

Døme:

legionella m [...; nylaga til *legion* (av di sjukdommen fyrst vart definert etter eit treff for veteranar frå heren i USA i 1976, der mange vart sjuke)]

lekkasje m [...; smh med *IV lek med fr ending*]

liste f [...; sm o s *II list* (i tyd 'papirstrimmel')]

II lo m [...; til *VIII le*, jfr òg *III løye 'skjemt, moro'* (T)] (med komma ved lineskift i tabellen)

4.2.7.6 Andre etymologiske opplysningar

Nedst på etymologikortet er det eit fritekstfelt for opplysningar som ikkje høver inn i språk- og ordtilvisingsdelane. Det er sjeldan ein har bruk for dette feltet – som regel kan ein heller fletta inn eit menyval i form av eit språk, eit uttrykk som ”namnet” og ”staden” eller eit anna oppslagsord i Norsk Ordbok og føra resten av opplysninga i eit fritekstfelt på same tabellrada som menyvalet (sjå punkt 4.2.7.4 og 4.2.7.5). Ein må òg merkja seg at ”lydord” finst i språkmenyen (punkt 4.2.7.4.8).

Døme på føring:

I legd f [...; jfr da. *lægð* 'militær rote' (T); til *II leggja* (A²; FT); former med utlyds-kons. -k- kanskje tilbakedaning etter herding av kons. når ordet er fyrstelekk i sms (A²)

II liten adj [...; jfr *I lita* og *letten*; kanskje samb med "vondt auga" i ftru (MM 1924,211)]

I lugg m [...; trul. 'noko som heng slapt ned']

4.2.7.7 Tilvisingar til faglitteratur

Til høgri i kvar av dei tre delane av etymologikortet finst det kjeldefelt. Ein kan altså føra kjelde til språkopplysningar, tilvisingar og etymologiske opplysningar som ikkje høver i dei to andre tabellane.

I form er tilvisingstabellen identisk med litteraturtilvisingar andre stader i ordartikkelen, og i høve til redigeringsprogrammet er det ingen skilnad på å leggja inn ein etymologisk referanse og ein annan litteraturreferanse. Unntaket er at det ikkje er laga til for å skriva innleiingar som ”jfr” rett føre kjelda.

I spesifiseringsfeltet etter kjeldefeltet har ein fyrst og fremst bruk for å føra inn sidetal eller kva for oppslagsord opplysninga står under, som vanleg for litteraturfelt i redigeringsprogrammet.

Menyen for kva for kjelder NO-redaktørar kan bruka for etymologiske opplysningar, inneheld eit utval av litteraturbasen, som er lista opp i tabellen nedanfor (à jour april 2014).

Det at ei kjelde står i menyen, tyder ikkje at ho er jamgod med alle andre i menyen, eller at vi utan vidare kan stø oss på den aktuelle opplysninga. Sjå nedanfor for merknader.

A	Samlenemning for A ¹ og A ² .
A ¹	Aasen Ivar: <i>Ordbog over Det norske Folkesprog</i> . 1850.
A ²	Aasen Ivar: <i>Norsk Ordbog</i> . 1873.
Anglordb	Graedler, Anne-Line og Johansson, Stig: <i>Anglismeordboka. Engelske lånnord i norsk</i> . 1997.
ANGr ¹	Aasen, Ivar: <i>Det norske Folkesprogs Grammatik</i> . 1848.
ANGr ²	Aasen, Ivar: <i>Norsk Grammatikk. Omarbeidet Udgave av "Det norske Folkesprogs Grammatik"</i> . 1864.
Ark	<i>Arkiv för nordisk filologi</i> . 1882-.
K.AuneSlede	Aune, Kolbjørn: <i>Sledenemningar</i> . 1976.
BandleSWS	Bandle, Oskar: <i>Studien zur westnordischen Sprachgeographie. Haustierterminologie im Norwegischen, Isländischen und Färöischen. A. Textband</i> . 1967.
BeitoG	Beito, Olav T.: <i>Genusskifte i nynorsk</i> . 1954.
BeitoNGr	Beito, Olav T.: <i>Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære</i> . 1970.
BeitoR	Beito, Olav T.: <i>R-bøyging. Eterrøknader i norsk formlære</i> . 1942.
Bjørnd.AlverFL	Bjørndal, Arne og Alver, Brynjulv: <i>og fela ho lét. Norsk spelemannstradisjon</i> . 1985.
BL	Bjorvand, Harald og Lindeman, Fredrik Otto: <i>Våre arveord. Etymologisk ordbok</i> . 2000.
BL ²	Bjorvand, Harald og Lindeman, Fredrik Otto: <i>Våre arveord. Etymologisk ordbok. 2. utg</i> . 2007.
Bratt.LånSn	Brattegard, Olav: <i>Um låneord frå tysk i norsk handverksterminologi (snikkarhandverket)</i> . 1951.
BrgLa.St.	Larsen, Amund B. og Stoltz, Gerhard: <i>Bergens bymål</i> . 1912.

- BrgPett. Pettersen, Egil: *Bergensordboken. Ord - uttrykk - vendinger og begrep i Bergens bymål*. 1991.
- BrochJahrR Broch, Ingvild og Jahr, Ernst Håkon: *Russenorsk. Et pidginspråk i Norge*. 1981.
- DaPlant *Ordbog over Danmarks plantenavne*. I-III. 1959-1961.
- Eifr.Narko Eifring, Halvor: *Høy eller stein? Narkotikaslang i Norge*. 1985.
- Eldj.GodalNÅ Eldjarn, Gunnar og Godal, Jon: *Nordlandsbåten og Åffjordsbåten*. I-IV. 1988-1990.
- Fr Fritzner, Johan: *Ordbog over det gamle norske Sprog*. I-III.
- FrT Hødnebo, Finn: [Ordbok over det gamle norske Sprog]. *Rettelser og tillegg*. 1972.
- FriesTräd Fries, Sigurd: *Studier över nordiska trädnamn*. 1957.
- FT Falk, H. S. og Torp, Alf: *Norwegisch-Dänisches Etymologisches Wörterbuch*.
- FvLi.Moe Liestøl, Knut og Moe, Moltke: *Norske folkevisor fraa millomalderen*. 1919.
- Gj.VV Gjelsvik, Nikolaus: *Von og Veg*. 1938.
- Gbr1769Komm Kommentarer i Edvard Storm: "*Ord i den Guldbrandsdalske Dialect*". *Ei 1700-tals ordsamling frå Vågå*. Ved Bjørkum, Andreas; Kleiven, Einar; Bjørkvik, Randi Kleiven. 2009.
- Hagl.G (Haglands merknader) Hagland, Jan Ragnar: *Ei norsk ordsamling frå tida kring 1770 etter Biskop J E Gunnerus*. 1980.
- Hann.Leem Hannaas, Torleiv: *Føreord og merknader til Leems Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari*. 1923.
- Hann.Sfj1646 Hannaas, Torleiv: *Føreord og merknader til Christen Jensøns Den norske dictionarium eller glosebog*. 1915.
- He.Gno Heggstad, Leiv: *Gamalnorsk ordbok*. 1930.
- Hell.Lån Hellevik, Alf: *Lånordproblemet*. 1963.
- HellquistSEO Hellquist, Elof: *Svensk Etymologisk Ordbok*.
- HøegPITrad Høeg, Ove Arbo: *Planter og tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925-1973*. 1975.

- HødnebøFest *Festskrift til Finn Hødnebø 29. desember 1989.* 1989.
- Håløygm *Håløygminne.* Lokalhistorisk tidsskrift. 1920-.
- Indr.N *Nidaros.* 1928.
- Indr.NI *Norske innsjønamn.* I-II. 1924, 1933.
- Ivers.BTN Iversen, Ragnvald: *Bokmål og talemål i Norge 1560-1630.* I-II. 1921, 1932.
- Ivers.Svec1935 Iversen, Ragnvald: *Enda noen svecismer i norsk. I: Med munn og penn.* 1957.
- JenstadRO Jenstad, Tor Erik: *Ein repetis i obligadur. Folkemusikkterminologi i norske dialektar, med vekt på feletradisjonen.* 2001.
- H.JonssonVatten Jonsson, Hans: *Nordiska ord för vattensamling.* 1966.
- Knuds.Kasus Knudsen, Trygve: *Kasuslære. II. Dativ – genitiv.* 1967.
- Knuds.Pron Knudsen, Trygve: *Pronomener.* 1949.
- Lager.LW Lagercrantz, Eliel: *Lappischer Wortschatz.* I-II. 1939.
- LatOrdb Steinnes, Asgaut: *Latinsk ordbok.* 1958.
- L.M.MaggaNSO Magga, Lajla Mattsson: *Norsk-sydsamisk ordbok.* 2009.
- MM *Maal og Minne.* 1919-.
- ModéerNoOrd Modéer, Ivar: *Norska ordstudier. Två bidrag till fiskets ordgeografi.* 1953.
- P.A.MunchNGH Munch, Peter Andreas: *Norrøne gude- og heltesagn.* 5. utg. 1996.
- NFL32Hard Opdal, Halldor O.: *Makter og menneske. Folkeminne ifrå Hardanger.* II. 1934.
- NG Rygh, Oluf: *Norske Gaardnavne I-XVIII.* 1897-1924.
- NGIndl Rygh, Oluf: *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning.* 1898.
- NhlHa. Halland, Nils: *Meteorologiske ord og ordelag i nokre Nordhordlands-bygder.* 1931.
- NielsenDEO Nielsen, Niels Åge: *Dansk etymologisk ordbog.* 1969.
- NielsenDEO⁵ Nielsen, Niels Åge: *Dansk etymologisk ordbog.* 5. utg. 2004.
- NLO Rommetveit, Magne: *Norsk landbruksordbok.* I-II. 1978.

NOB	Skal ikkje brukast (men finst i artikkelbasen).
NoAllk	<i>Norsk Allkunnebok</i> . I-X. 1948-1965.
Nordh.Plant	Nordhagen, Rolf: <i>Studier over gamle plantenavn</i> . I-II. 1945-47.
NordKultLeks	<i>Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder</i> . I-XXII. 1956-1978.
NorrO	Leiv Heggstad, Finn Hødnebo, Erik Simensen: <i>Norrøn ordbok</i> . 1990.
NorrO ²	Leiv Heggstad, Finn Hødnebo, Erik Simensen: <i>Norrøn ordbok</i> . 5. utg. 2008.
NRO	<i>Norsk riksmålsordbok</i> . I-IV. 1937-1957.
NROT	<i>Norsk riksmålsordbok</i> . V-VI. 1995.
NSL	Sandnes, Jørn, Stemshaug, Ola, Aune, Kolbjørn: <i>Norsk stadnamnleksikon</i> . 1976.
NSL ²	Sandnes, Jørn, Stemshaug, Ola: <i>Norsk stadnamnleksikon</i> . 4. utg. 1997.
NTO	<i>Norsk teknisk ordbok</i> . 1981.
Nyord1945-75	Leira, Vagleik: <i>Nyord1945-75</i> . 1982.
ODS	<i>Ordbog over Det Danske Sprog</i> .
ODSsuppl	<i>Ordbog over Det Danske Sprog. Supplement</i> . I-V. 1992-2005.
OED	<i>Oxford English Dictionary</i> . 3. utg. < http://dictionary.oed.com/ >
OslofjIndr.	Indrebø, Gustav: <i>Stadnamn fraa Oslofjorden</i> . 1929.
PolEtym	Katlev, Jan: <i>Politikens Etymologisk ordbog</i> . 2000.
R	Ross, Hans: <i>Norsk Ordbog</i> . 1895.
R1	Ross, Hans: <i>Norsk Ordbog tillegg 1</i> .
R2	Ross, Hans: <i>Norsk Ordbog tillegg 2</i> .
R3	Ross, Hans: <i>Norsk Ordbog tillegg 3</i> .
R4	Ross, Hans: <i>Norsk Ordbog tillegg 4</i> .
R5	Ross, Hans: <i>Norsk Ordbog tillegg 5</i> .
R6	Ross, Hans: <i>Norsk Ordbog tillegg 6</i> .
Rietz	Rietz, Johan Ernst: <i>Ordbok öfver svenska allmoge-språket</i> . 1867.

R.-Kj.VGT	Reichborn-Kjennerud: <i>Vår gamle trolldomsmedisin</i> . I-IV. 1928-1944.
Rosb.Etym	Rosbach, Johan Hammond: <i>Levende ord. Etymologi for alle</i> . 1984.
RørosReit.	Reitan, Jørgen: <i>Rørosmålet</i> . 1932.
SAOB	<i>Svenska Akademiens Ordbok</i> .
SAOL	<i>Svenska Akademiens Ordlista</i> .
SeipLån	Seip, Didrik Arup: <i>Låneordstudier</i> . I-II. 1915-1919.
SkiptvetHoff	Hoff, Ingeborg: <i>Skjetvemålet. Utsyn over lyd voksteren i målet i Skiptvet i Østfold i jamføring med andre østfoldske mål</i> . 1946.
Skul.Torp	Skulerud, Olai: Ein bundel nye norske ord og former. 1913. I: TorpFest.
SnmSkul.	Skulerud, Olai: Av ordtilfanget på Sunnmøre. 1933. I: O.Midtt.Hels.
Språknytt	<i>Språknytt</i> . Meldingsblad for Norsk språkråd. 1972-.
SS	<i>Syn og segn</i> . 1894-.
StavBe.La.	Berntsen, M. og Larsen, Amund B.: <i>Stavanger Bymål</i> . 1925.
StudUnger	<i>Sproglig-historiske studier tilegnede professor C. R. Unger</i> . 1896.
T	Alf Torp: <i>Nynorsk etymologisk ordbok</i> . 1919.
Talatrusten	<i>Talatrusten, Årsskrift for Norsk Målførearkiv</i> . 1967-2001
TinnSkul.	<i>Tinnsmålet. Fyrste bolken. Ljodlære</i> . 1922-1938.
Toiv.Finsk	Toivonen, Yrjö Henrik: <i>Suomen kielen etymologinen sanakirja</i> . I-VI. 1955-1978.
TrytiSlang	Tryti, Tone: <i>Norsk slang</i> . 1985.
TrøndO ²	<i>Trønderordboka</i> . Ny og større utgåve. 2002.
VenåsLV	Venås, Kjell: <i>Linne verb i norske målføre. Morfologiske studiar</i> . 1974.
VenåsStV	Venås, Kjell: <i>Sterke verb i norske målføre. Morfologiske studiar</i> . 1967.
VriesAEW	Vries, Jan de: <i>Altnordisches etymologisches Wörterbuch</i> . 1962.
ØyriMed ³	Øyri, Audun: <i>Norsk medisinsk ordbok</i> . 7. utg. 2003.
ÅrbTrl	<i>Årbok for Trøndelag</i> . 1967-.
Årsskr.SvOrt	<i>Svenska Ortnamnssällskapets Årsskrift</i> .

Ynske om utviding av menyen for etymologiske opplysningar rettar ein til hovudredaktørane.

Dei viktigaste kjeldene for etymologiske opplysningar om norske arveord er:

Verk	NO-signatur
Torp: <i>Nynorsk etymologisk ordbok</i>	T
Bjorvand og Lindeman: <i>Våre arveord</i>	BL, BL ²
Aasen Ivar: <i>Ordbok 1850 og 1873</i>	A ¹ , A ²
Ross, Hans: <i>Norsk Ordbog 1895 med tillegg</i>	R, R1-6

T er ei hovudkjelde, men bør vegast mot andre (prenta) kjelder, serleg BL (eller helst BL²) for dei orda som er omtala der. Står opplysninga vi ønskjer å bruka, i både T og BL, fører vi BL.

Generelle etymologiske ordbøker og andre ordbøker for nordisk ordtilfang som NO står seg på, er:

Falk, H. S. og Torp, Alf: <i>Norwegisch-Dänisches Etymologisches Wörterbuch</i>	FT
Fritzner, Johan: <i>Ordbog over det gamle norske Sprog I-III</i>	Fr
Hellquist, Elof: <i>Svensk Etymologisk Ordbok</i>	HellquistSEO
<i>Ordbog over Det Danske Sprog</i>	ODS
Rietz, Johan Ernst: <i>Ordbok öfver svenska allmoge-språket</i>	Rietz
<i>Svenska Akademiens Ordbok</i>	SAOB
Vries, Jan de: <i>Altnordisches etymologisches Wörterbuch</i>	VriesAEW (bruk med ekstra varsemd)
Niels Åge Nielsen: <i>Dansk etymologisk ordbog</i> . 5. utg.	NielsenDEO ⁵

Kjelder for opplysningar om importord kan vera ODS og SAOB, eventuelt:

Oxford English Dictionary	OED
---------------------------	-----

OED er serleg veileigna for importord og affiks frå latin og gresk.

Vi bruker òg ordbøker for latin og andre opphavsspråk. Alle bør ha tilgjenge til:

Steinnes, Asgaut og Vandvik, Eirik: Latinsk ordbok

LatOrdb

Ein kan også visa til anna tilfang, t d artiklar i *Maal og Minne* (MM) eller *Arkiv för nordisk filologi* (Ark). Å bruka ei tidsskriftkjelde til ei etymologisk opplysning krevst kritisk varsemd. Det er ansvaret til kvar redaktør å validera tidsskriftartiklar som ein ynskjer å bruka til kjelde for etymologiske opplysningar.

4.3 Artikkelkroppen

4.3.1 Strukturen i artikkelkroppen

Artikkelkroppen er motsvaret til artikkelhovudet og gjeld dei funksjonelle sidene ved ordet (tyding, bruksvilkår, bruksmåtar). Artikkelkroppen er bygd opp av éin eller fleire tydingsbolkar.

Ein tydingsbolk kan innehalda:

- bruksmarkering(ar)
- definisjon(ar)
- døme (redaksjonelle døme og sitat)
- underoppslag (faste ordsamband som får eigne små "artiklar" innanfor artikkelen)
- samansetningsdøme

Den einaste av desse opplysningskategoriane som er obligatorisk, er definisjonen, som utgjer kjernen i tydingsbolken. Tydingsbolken er den grunnleggjande eininga i artikkelkroppen. Alt som står i kroppen, høyrer til i ein tydingsbolk.

Ein tydingsbolk er den eininga som beskriv (og eventuelt eksemplifiserer) ei viss tyding av ordet. Finst det berre éi tyding, utgjer heile kroppen éin tydingsbolk, og den blir då ikkje merkt ut på noko vis. Har ordet ulike tydingar, får artikkelen fleire tydingsbolkar. Då blir kvar tydingsbolk markert med ein tydingsmarkør, i form av eit tal eller ein bokstav i halvfeit. Desse markørane kallar vi tydingsnummer og tydingsbokstav.

Kvar tydingsbolk varer fram til neste tydingsmarkør eller til slutten på ordartikkelen. Same kva blir ein tydingsbolk alltid avslutta med punktum.

4.3.2 Tydingsmarkørane

Vi har fire gradar av markørar:

- Stor bokstav: A, B, ...

- Tal (tydingsnummer): 1, 2, 3, ...
- Liten bokstav (tydingsbokstav): a, b, c ...
- Dobbel skråstrek: //

Vi behandlar dei kvar for seg.

4.3.2.1 Tydingsinndeling med stor bokstav

Dette er det øvste inndelingsnivået. Strengt teki markerer det ikkje fyrst og fremst tyding, men gjev ei overordna inndeling av kroppen. Dette inndelingsnivået blir berre nytta i nokre fåe artiklar, nemleg i slike tilfelle:

1. Oppslagsordet har to hovudfunksjonar som er uttrykte i ulike ordklasser (t d A prep, B adv), jfr punkt 4.1.3.2. For ord med større tydingsbolkar skal ein bruka stor bokstav som markør i slike tilfelle; i ord med små tydingsbolkar (t d sume samansette preposisjonar) er det betre med tal (tydingsnummer).

Døme:

V **før** adv [...] **A 1 a** på eit tidlegare tidspunkt (i høve til det nærverande); tidlegare; i gamle dagar ... **b** ... **2** ... **3** ... **B** konj (avst av *før enn*). **1** tidlegare enn, innan. **a** nytta til å uttr at handlinga i undersetninga går (gjekk) for seg, hende(r) seinare enn handlinga i hovudsetninga; jfr *før at*: ...

2. Det er knytt så mange underoppslag til hovudoppslagsordet (i praksis gjeld dette berre verb) at dei ikkje greitt kan innordnast under nokon av dei eigenlege tydingane, og i staden blir førde som eiga rekkje med tydingsnummer under B (medan hovudartikkelen står under A), jfr punkt 4.3.8.5.

Døme:

I **riva v**

A 1 ... 8

B med refl obj

C med adv el (trykksterk) prep

(B og C har berre underoppslag i denne artikkelen.)

3. Einstaka funksjonsord (ikkje substantiv, adjektiv og innhaldsverb) kan få hovudinndeling med stor bokstav der det verkar naturleg og det elles er vanskeleg å få tydingsinndelinga til å "gå opp" på ein oversynleg måte. Denne inndelingsmåten kan òg finnast i kombinasjon med punkt 1 eller 2 over, slik som i C-delen av **hava**, sjå dømet, som fell inn under punkt 2.

Døme:

I hava v

A som sjølvstendig v (med obj)

B refl *hava seg*

C i faste ordsamband med adv (el prep)

D som hjelpeverb (i fleirordige verbalformer)

ikkje adv

A som setningsadverb

B som nekting til ein einskild setningslekk

seg pron

A som refl obj

B i sambheng med inf-konstruksjonar og usetn

C i samb med usjølvstendige v

D som styring i prep-uttr

4. Einstaka verbkompleks med to (eller fleire) sterke verb kan ha sams etymologi, same bøyning i normalnynorsk, svært innvikla bøyingskompleks i målføra og ei semantisk differensiering som er klår nok til at dei bør behandlast som ulike ord. Av omsyn til ei klår framstilling kan det likevel vera best å behandla dei i ein ordartikkel. Når ein behandlar dei som ulike ord, får dei kvar sin svært innvikla hakeparentes, der det ikkje er råd å sjå nokon sambheng mellom bøyingsmønstra i målføra og tydingsdifferensieringa. Ei betre løysing vil då kunna vera å slå saman verba slik at dei får same hakeparentes. Tydingsdelen blir då delt i ein A- og B-del (og eventuelt C-del).

Døme:

I og II **ryta** er begge sterke, med same bøyning i nynorsk (**ryt – raut – roti**), men med tydingskompleksa 'snorka, brumma' osfr (**A**) og 'spretta fram, gyva; prata; skrika; kava, masa' (**B**). Så finst det to svake verb: eit III **ryta** med tydingar som liknar B-tydingane ('buldra, støya, skråla, storma') og eit IV **ryta** som er ein variant av *røyta*. Dei to siste er det rimeleg å redigera for seg, men I og II **ryta** kunne òg ha vori slått saman.

4.3.2.2 Tydingsrangering med tal i halvfeit

Dette er den øvste eigenlege tydingsinndelinga og er svært mykje brukt. Den blir nytta ved fleirtydige (polyseme) ord til å skilja hovudtydingane.

4.3.2.3 Tydingsrangering med liten bokstav i halvfeit

Dette nivået blir nytta når ein må dela opp ei hovudtyding i fleire deltydingar. Tydingsbokstavar kan berre nyttast når vi alt har ei inndeling i tydingsnummer; dei kan aldri vera øvste nivået sjølve.

4.3.2.4 Tydingsrangering for undertyding

Om undertyding ålment sjå punkt 4.3.5.

Ei undertyding er alltid ein del av ein større tydingsbolk (men likevel ofte avslutta med punktum for di ho utgjer slutten av tydingsbolken).

Undertyding (markert med //, som blir sett inn av applikasjonen) gjev rom for spesielle tydingsnyansar som ikkje blir rekna som avvikande nok til å fortæna ein eigen tydingsbolk. Dei er ofte knytte til døme der tydinga ligg litt på sida av den hovud- eller deltydinga ho blir innordna under.

4.3.2.5 Prinsipp for tydingsrangering

Tydingar ligg ikkje hundre prosent fast, så ei viss vagheit er ikkje til å unngå. Det er viktig at ein finn rett presisjonsnivå når ein deler inn tydingar.

Innfløkte tydingskompleks skal ordnast hierarkisk som synt ovanfor. Det er det viktig å ha godt auga for kva tydingar som ligg nær kvarandre og er avleidde av same grunntyding, og kva for nokre som står fjernare.

Tydingsrekkjefylgja kan avgjerast etter ulike prinsipp:

- det historiske: den eldste tydinga fyrst, ordna etter alderen på belegg
- frekvens: den vanlegaste tydinga fyrst, deretter dei sjeldnare
- logikk: grunntydinga fyrst, avleidde tydingar seinare
- rekkjefylgja hos Aasen eller (òg) Ross

4.3.2.5.1 Rangering av konkret kontra overført tyding

Det skal vera god samanheng i tydingsbeskrivinga. Difor bør den konkrete grunntydinga, som oftast òg er den historisk eldste, stå fyrst, endå om ei overført eller biletleg tyding dominerer i språkbruken. Det gjeld også om det dreiar seg om ei samansetning som i utgangspunktet er sjølvinnlysande. Elles skal den vanlegaste tydinga koma fyrst, jamvel om ho ikkje er grunntydinga.

4.3.3 Definisjonsdelen

4.3.3.1 I redigerings skjemaet

Brukarrettleiinga for redigeringsprogrammet punkt 13.4.1 går gjennom bruken av felta.

Vi skal i det fylgjande sjå på innhaldsdelen i felta Bruksmarkering og Definisjon. Om krysstilvising sjå kapittel 9 og om kjelder og heimfestingar sjå kapittel 10.

4.3.3.2 Bruksmarkering: generelt

Bruksmarkeringane skal vera stutte og formelprega. Dei ligg i meny i programmet, og ein må halda seg til det inventaret som finst der. Dersom det er bruk for ei bruksmarkering som ikkje står på lista,

kan ein melda frå til rette vedkomande i redaksjonen. For tida er politikken å ikkje føya til nye bruksmarkeringar (før ein eventuelt har fått sett alle bruksmarkeringane i samanheng).

Dei fleste bruksmarkeringar er avstyttingar, men det finst òg samansette frasar (av eller med avstyttingar) som er vanlege i dette feltet (t d "om e tilh").

I NO band 1–4 er skiljet mellom bruksmarkering og definisjonstekst mykje meir flytande enn i band 5–12. Det er også mykje meir modifisering av bruksmarkeringane med tillegg som "serl", "ofte" og liknande, enn det som er tillati i NO no. Ein kan difor ikkje alltid nytta NO 1–4 som førebilete.

I menyen er bruksmarkeringane ordna i fast rekkjefylgje. Rekkjefylgja er fastsett på grunnlag av hovudpraksis i band 1–4. Redaktøren kan ikkje endra rekkjefylgja dersom det er valt fleire bruksmarkeringar.

4.3.3.3 Plassering og føringsmåte av bruksmarkeringar

Ei bruksmarkering som gjeld ordet i seg sjølv, eller fleire tydingar, kan stå framfor det fyrste tydingsnummeret det gjeld for (på A-nivå framfor 1, 2 eller på 1-nivå framfor a, b).

Ei bruksmarkering som står rett framfor ein definisjon, gjeld for berre den definisjonen. Såleis skriv ein "bot.", framfor fyrste tydingsnummer når eit oppslagsord tyder ulike plantar, medan ein skriv "bot." etter tydingsnummeret dersom berre den tydinga gjeld ein plante, og dei andre tydingane gjeld andre ting som ikkje er plantar.

Døme:

III **fure** el **furu** f **1** bot. **a** (barte av) slekt i furefamilien; *Pinus*. **b** (i Noreg) (barte med raudgul kjerneved og grov bork (på eldre tre) og med nåleforma grøne blad av) art i slekta fure (i tyd 1a); vanleg fure; *Pinus silvestris* (J.LidNF 26): *dufta av furua dei sat under, blanda seg med røyken frå bålet* (Bild.AE 76) // koll., fureskog: *fura står frodig og fin her* (Hornnes). **2** vyrke av fure (i tyd 1): *møblar av fure* // tømmer av fure: *her er klein pris på fura i år* (Hornnes).

4.3.3.3.1 Bruksmarkering kontra ekstensjonsbeskriving

Bruksmarkeringar er skilde med komma frå definisjonen, såleis:

harlemmer-olje m hist., kjem., raudbrun oljeblanding ...

Bruksmarkeringar kan ha fraseform. Slike bruksmarkeringar nærmar seg ekstensjonsfastsetjingar i definisjonsteksteksta. Dersom dei er å rekna som bruksmarkeringar, står dei i menyen og er utskilde med komma. Dersom det er bruk for ei friare form, må dei førast som del av definisjonsteksta og setjast i parentes.

glutte-rakkar m (i kortspel)

I **gylden** m [...] **1** (om e tilh) > om e tilh, ...

4.3.3.3.2 Kva meiner NO med bruksmarkering?

Bruksmarkeringane har pragmatisk tilknytning. Dei seier altså noko om korleis ordet plasserer seg i høve til

- fagfelt
- bruksområde
- stilslag
- kronologi
- bruksmåte i høve til grunntyding

Kommentar som gjeld grammatisk tilknytning, reknar vi som del av definisjonen. Dei skal dermed stå i sjølve definisjonsfeltet og blir behandla i punkt 4.3.3.4.1.

4.3.3.3.3 Fagfelt

Termar som høyrer til eit spesielt fagfelt (ein vitenskap eller eit spesialisert handverk), eller spesielle faglege bruksmåtar av ålmennord, får ei bruksmarkering som gjev opp fagfeltet. Denne bruksmarkeringa er som oftast ei avstyting, i sume tilfelle eit fullskrivt ord.

Nedanfor fylgjer lista over fagfelt som har eigne avstytingar. Dersom ein treng andre bruksmarkeringar, t d for nye fagfelt, må ein fullskrive, men også der er det viktig å standardisera nemningsbruken.

anat.	(i) anatomi, anatomisk	folklor.	(i) folkloristikk, folkloristisk
antrop	(i) antropologi, antropologisk	fon.	(i) fonetikk, fonetisk
arkeol	(i) arkeologi, arkeologisk	forretn	(i) forretningsmål
arkit	(i) arkitektur, arkitektonisk	fotogr	fotografisk
astrol	(i) astrologi, astrologisk	fys.	(i) fysikk, fysisk
astron.	(i) astronomi, astronomisk	fysiol	(i) fysiologi, fysiologisk
bak.	(i) bakarfaget	geogr	(i) geografi, geografisk
bankm	(i) bankmål	geol	(i) geologi, geologisk
bergv	(i) bergverksmål	geom	(i) geometri, geometrisk
biol	(i) biologi, biologisk	gramm	(i) grammatikk, grammatisk
bokb	(i) bokbindarfaget	gymn	(i) gymnastikk
bot.	(i) botanikk, botanisk (sjå merknad nedanfor)	hag.	(i) hagebruk
bygn	(i) bygningsteknikk, bygningsstell	handarb	(i) handarbeid
båtbygg.	i båt- og skipsbyggjarfaget	handv	(i) handverk(smål)
edb	(i) dataspråk	herald.	(i) heraldikk, heraldisk
elektr	i elektrikarfaget, i elektrisitetlæra	idr	(i) idrott, idrottsmål
estet.	(i) estetikk, estetisk	jarnv	i jarnvegsstell
etnogr	(i) etnografi, etnografisk	jordbr	(i) jordbruk(smål)
etnol	(i) etnologi, etnologisk	jur.	(i) juridisk (stil), (i) rettsvitskap
farmak	(i) farmakologi, farmakologisk	kjem.	(i) kjemi, kjemisk
filol	(i) filologi, filologisk	kok.	(i) kokefaget
filos.	(i) filosofi, filosofisk	kunsthist.	kunsthistorisk
fisk.	(i) fiskarfaget	kyrk-hist	kyrkjehistorisk
fly.	(i) flyteknikk, flygarmål	landm	i landmæling
folker.	folkerettsleg	litthist.	litteratur-historisk
		log.	(i) logikken, logisk

mat.	(i) matematikk, matematisk	radiof	(i) radiofaget
matst	(i) matstell	rel-hist.	(i) religionshistorie, religionshistorisk
med.	(i) medisin, medisinsk	sjøm.	(i) sjømannsmål
mek	(i) mekanikk, mekanisk	sjømil.	sjømilitært
metall.	(i) metallurgi, metallurgisk	skogbr	(i) skogbruk
meteor.	(i) meteorologi, meteorologisk	sos-øk	(i) sosialøkonomi, sosialøkonomisk
metr	(i) metrikk, metrisk	språkhist	språkhistorisk
mil.	(i) militærmål	teat	(i) teater- og skodespelaryrket
min.	(i) mineralogi, mineralogisk	tekn	(i) teknikk, teknisk
mus.	(i) musikk	tel.	(i) telefon- og telegrafverket
myt.	(i) mytologi, mytisk	teol	(i) teologi, teologisk
målv	(i) målvitskap, målvitskapleg	trygd.	(i) trygdeverket, (i) trygdingsmål
naturv	(i) naturvitskap, naturvitskapleg	typ.	(i) typografi, typografisk
navig	i navigasjon	veid.	(i) veidemål
odont	(i) odontologi, odontologisk	veter.	(i) veterinærmål
ortogr	(i) ortografi, ortografisk	vevn	(i) veving, vevnad
ped	(i) pedagogikk, pedagogisk	zool	(i) zoologi, zoologisk (sjå merknad nedanfor)
psykiat	(i) psykiatri, psykiatrisk		
psykol	(i) psykologi, psykologisk		

I band 1–5 vart "bot." og "zool" brukte om alle nemningar som gjeld plantar og dyr, irekna dialektale og andre uoffisielle nemningar. Frå band 6 skal desse bruksmarkeringane berre brukast til dei offisielle plante- og dyrenemningane (dei som får vitskapleg artsnamn, slektsnamn osfr sette til seg i definisjonen) og dessutan til andre botaniske og zoologiske fagtermar. (Merk at ein kan sjå synonym til offisielle plante- og dyrenemningar i redigeringsprogrammet gjennom kva ord som er kopla til dei offisielle nemningane.)

4.3.3.3.4 Bruksområde

Med "bruksområde" meiner vi her dels litterær eller tekstleg sjanger, dels samfunnsområde eller "sfære" der ordet blir brukt. Det er ein vag overgang til fagfelt, men "bruksområde" viser at ordet ikkje er direkte knytt til og integrert i ein viss vitskap eller eit handverk. Der det kan vera tvil om grupperinga, set vi markeringa under "fagfelt". Avstytte frasar som "om e tilh", "om norr. tilh" (sjå

under "Kronologi" nedanfor) og "om utanl tilh" kan òg reknast som bruksområde-markeringe. (Formelen "om utanl tilh" er likevel så vag at ein bør unngå han.)

adm	(i) administrasjonsmål
akad.	(i) akademisk (målbruk)
barnem.	(i) barnemål
bladm	(i) bladsmål, journalistisk
fag.	(i) fagsmål, fagleg
fmed.	(i) folkemedisin, folkemedisinsk
ftru	i folketrua
fv	i folkeviser, (i) folkevisemål
kat.	katolsk
kyrk	(i) kyrkjestell
off	offentleg
ordt	ordtak
polit	politisk
rel	(i) bibelsk og religiøst mål i det heile
rettsst	(i) rettsstell
skulem.	(i) skulestell, skulemål
stadn	(i) stadnamn
univ	(i) universitetsmål
vegst	(i) vegstellet

4.3.3.3.5 Stilslag

Desse bruksmarkeringane blir brukte både til å karakterisera ord og til å karakterisera målbruken i sitat. I denne lista finn ein fleire av dei mest nytta bruksmarkørane i NO. Mange av desse bruksmarkeringane har variantar innleidde med "òg" og "serl" til val i bruksmarkeringsmenyen. Dei variantane blir nytta til å kontrastera med andre, gjerne meir generelle, bruksmåtar.

Også på dette området finst det fullskrivne markørar av bruk. Ordet "skjellsord" kan innarbeidast i definisjonen. Denne markeringa finst òg til val i menyen, men skal ikkje lenger brukast som bruksmarkering. Det har ikkje vori høve til å ta markeringa vekk frå menyen, då ho er brukt i basen.

evfem	evfemisme, evfemistisk
fam	familie(n), familiært
forsterk.	forsterkande
høgt.	høgtidleg
iron.	ironisk
kvd	(i) kvardagsmål (i mots til normalmål, riksnormal, og til skilnad frå målf og bym. med meir lokal avgrensing)
litt.	(i) litterært (mål)
nedsetj	nedsetjande
poet.	(i) poesi, poetisk
skjemt.	skjemtande
slang	(i) slang
sviv.	svivyrdeleg (skal helst berre brukast føre sitat, altså for å markera at sitatet er brukt hædande)
vulg	(i) vulgært (mål)
ordt	ordtak
i gåte	oppslagsordet er nytta i spørsmålsdelen av gåte

4.3.3.3.6 Kronologi

Kronologisk markering kan gjelda både omgrep og ord, og dette blir markert ulikt:

arkais	arkaiserande, dvs ordbruk som gjev inntrykk av eldre språk enn konteksta
forald	foraldra, dvs ordbruk som finst i eldre språk, men no ikkje lenger blir nytta
hist.	historisk (går på det saklege innhaldet i definisjonen, ikkje den språklege sida ved ordbruken)

I tillegg til avstytingane nedanfor har vi (òg i menyen) standardfrasane "om e tilh", "i e mål" (dvs "eldre") og "i nyare mål". Hit kan vi òg rekna "om norr tilh".

4.3.3.3.7 Bruksmåte i høve til grunntyding

Dette er ein metaspråkleg kategori, som karakteriserer den statusen tydinga har i forhold til den språklege konteksta eller røyndomen.

bil. biletleg

overf (i) overført (el figurleg) tyding

i sml i samanlikning

"bil." og "overf" har variantar med "òg" og "serl" føre seg i bruksmarkeringsmenyen.

i sml, bil. og overf er sideordna merkingar, og ein skal berre bruka éi av dei om gongen.

"i sml" blir nytta ved ei uttrykt samanlikning i tekst.

Døme: *slu som ein rev*

"bil." og "overf" er det ei uklår grense imellom.

- Ved "bil.", føreset ein at det framleis er medvit om kva omgrep det nytta ordet "eigenleg" representerer.
- Ved "overf" føreset ein full leksikalisering (ofte med tap av opphavleg, biletleg bruk).

Jamfør **døma:**

han er ein rev

han er eit svin

Her er *rev* nytta "bil.", i større grad enn *svin*. Ordet *rev* ville vel i denne samanhangen av dei fleste bli oppfatta som "luring, sleiping", men inviterer utdjupande tillegg som forankrar metaforen: *ein rev til å ...*

Utdjupande tillegg er uturvande ved *svin*, for alle veit at dette ikkje har noko med dyret å gjera.

4.3.3.3.8 Frekvens

sj sjeldsynt

vanl vanleg

"vanl" er det sers sjeldan bruk for. Merk at "lbr" ikkje lenger skal brukast.

4.3.3.4 Definisjonen

Definisjonen blir skriven inn i feltet "Definisjon". Ein definisjon kan innehalda desse elementa (eventuelt etter bruksmarkering, sjå førre punktet):

- innleiande grammatisk merknad
- ekstensjon i parentes
- sjølve definisjonsteksta, som i regelen skal vera ein realdefinisjon (sakdefinisjon)
- eitt eller fleire synonym (ny line, dvs ny post i definisjonstabellen)
- eitt eller fleire antonym (i parentes på slutten av ei definisjonsrad)

Berre definisjonsteksta er obligatorisk. Eventuelle synonym skal alltid stå etter realdefinisjonen på ny line, og antonym står etter synonym om vi har begge.

Dersom ein har fleire fleirordige ledd i definisjonen, skal kvart ledd stå på ei eiga line i definisjonstabellen, slik at dei blir skilde med semikolon. Det same gjeld om ein har ein fleirordig definisjon fylgd av eittordsdefinisjon eller fleire eittordsdefinisjonar som berre er nærsynonyme. Tilnærma fullsynonyme eittordsdefinisjonar blir derimot skilde med komma på same lina i definisjonstabellen.

Om tilhøve mellom definisjonsledd (definisjonsrader), sjå òg punkt 4.3.3.4.9.

4.3.3.4.1 Grammatisk merknad: ålment

Dersom det er naudsynt å spesifisera grammatiske tilhøve ved ei tyding, står dette oftast fyrst i definisjonen, rett etter bruksmarkeringa, dvs at vi fører det inn fremst i definisjonsfeltet.

Ein innleiande grammatisk kommentar er til vanleg skild ut frå definisjonen med komma. Frå og med bokstaven *i*- er det lite bruk av parentes rundt grammatiske merknader. Ein innleiande grammatisk merknad kan likevel stå i parentes om han er lang og verkar som ein sjølvstendig kommentar. Stundom er heile definisjonteksta ei grammatisk beskriving (som då altså ikkje er "innleiande") – då skal det aldri vera parentes.

Døme:

hand f ... // (mest med gen., stundom smskr) i samb: *til handar*

kosta v ... **4 a** (ofte med etterfylgjande samansett adv) fara (1,2) snøgt; blåsa (1); susa

bums adj ... **2** adv, brått; endefram

fumla v ... // np, usikker, søkjande, famlande:

hard-steikja v ... // fp, som er steikt såleis at ...

industri-alder m ... helst i bf, tidsalder kjennemerkt ved at industrien dominerte næringslivet

karda v ... // med produkt-obj: *karda tullar, kaurar*

NO har ei rekkje avstytingar for grammatiske omgrep. Ein del av desse blir nytta i oppslagsbolken og alle kan nyttast etter behov i hakeparentesen. Men grammatikkbeskriving er fyrst og fremst relevant for definisjonsdelen. Heile grammatikklista står difor her.

abl	(i) ablativ	grf	grunnform
abs	(i) absolutt (bruk)	hsetn	hovudsetning
adj	adjektiv, adjektivisk	imp	imperativ
adv	adverb, adverbial(t)	ind	indikativ
akk.	(i) akkusativ	inf	infinitiv
akt.	aktiv	interj	interjeksjon
appos	apposisjon	intr	intransitiv(t)
art.	artikkel	kaus.	kausativ
attrib	attributt, i attributiv bruk	koll.	kollektiv(t)
avl.	avleiing	komp	komparativ
b	bunden	kompl	(gått av bruk) komplement, preposisjonsuttrykk (= prep- uttr)
bf	bunden form		
bøy.	bøying	konj	konjunksjon
c	<i>genus commune</i> , felleskjønn	konjunkt	konjunktiv
dat	dativ	l	linn (bøying)
dem	demonstrativ	m	maskulinum, hankjønn
dim.	diminutiv, minkingsord	n	nøytrum, inkjekjønn
einstav.	einstavings, einstava	nekt	nektande, nekting
end.	ending(ar)	nom.	(i) nominativ
f	femininum, hokjønn	np	notid partisipp
flstav	fleirstavings, fleirstava	nt	notid
fp	fortid partisipp	obj	objekt
ft	fortid	obl kas	oblik(e) kasus
gen.	(i) genitiv	part.	partikkel

pass.	passiv	sg	(i) singularis, eintal
peik.	peikande	spørj	spørjande
pers	personleg	st	sterk (bøying)
pl	(i) pluralis, fleirtal	subj	subjekt
pos.	positiv	subst	substantiv, substantivisk
poss	possessiv	suff	suffiks, etterfeste, etterstaving
pred	predikat, predikativ	superl	superlativ
pred-ord	predikatsord, predikativ	supin	supinum
pref	prefiks, førefeste, førestaving	tr	transitiv(t)
prep	preposisjon	ub	ubunden (form)
pron	pronomen	ubf	ubunden form
propr	proprium, sernamn	ubøy.	ubøygd eller ubøyeleg
pts	partisipp	upers	upersonleg
refl	refleksiv(t)	usetn	undersetning, ledsetning
relat	relativ(t)	v	verb
res.	resiprok(t)	vb	verb, verbal(t)
setn	setning	vbs	verbalsubstantiv

4.3.3.4.2 Grammatisk merknad: partisippformer

Partisippformer av verb blir førde i undertyding under verbartikkelen dersom tyding og bruk ikkje skil seg frå tyding og bruk av grunnordet. Vanleg rekkjefylgje (dersom både finst innanfor ein tydingsbol) er

1. np
2. fp

(Merk at "adj np" og "adj fp" ikkje lenger skal nyttast.)

Om naudsynt kan ein nemna om det gjeld adjektivisk eller substantivisk bruk. Dersom både adjektivisk og substantivisk bruk skal kommenterast i same tydingsbol, blir omtalen av adjektivisk bruk av ei partisippform førd før omtalen av den substantiviske bruken. Substantivisk bruk blir så markert slik:

1. subst np

2. subst fp

Når ein kommenterer adjektivisk bruk, er det partisipp i attributiv stilling til nominal som er meint. Predikativ bruk (t d etter *vera* eller *bli*) med passiv tyding blir til vanleg behandla på line med finitte verbformer og infinitiv og supinum.

Døme:

I **jalma** v ... // np: *hjalmande mæle* (Ves.Is 206)

inn-fri v ... // fp: *innfridde obligasjonar* (DeptJus 1939)

inn-losjera v ... // subst np: *dei tok imot innlosjerande*

inn-stemna v ... // subst fp: *innstemnde fær ingen sakfører* (Ga.P 192)

4.3.3.4.3 Ekstensjonspresisering til definisjonen

Innleiande ekstensjonspresiseringar, som står i parentes, spesifiserer det semantiske feltet for sjølvdefinisjonen. (Med "innleiande" er det meint at teksta står framfor meir tekst på same definisjonsrada i redigeringsprogrammet.) Dei kan liknast med vilkår for at definisjonen skal gjelda. Dei har ulik referanse alt etter kva ordklasse dei står til.

- substantiv: referanseramme for sjølv omgrepet
- adjektiv: kva slag kjerneledd som adjektivet kan stå til
- verb: agenten, mogleg subjekt

Vi bruker ekstensjonspresisering når eit omgrep har ein avgrensa ekstensjon (berre kan brukast om semantisk avgrensa typar av subjekt), og denne ekstensjonen ikkje går fram av sjølvdefinisjonsteksta, eller (som under **garta** nedanfor) oppslagsordet må definerast med ulike synonym alt etter ekstensjon.

Ekstensjonen er oftast stutt og enkel, men kan også om naudsynt vera meir utfyllande, som under **gnidrut** (sjå nedanfor). Det er som alltid eit mål å ordleggja seg stutt.

Av og til kjem det ikkje meir tekst i definisjonsfeltet etter ekstensjonspresiseringa, og då står ikkje teksta i parentes.

Døme:

5 overf, om person. **a** ei(n) som er pen og nebbut (H; C). **b** lita, utekkeleg kvinne (W; H; C). **c** jålut gjente (Hol i Hall).

Døme på innleiande ekstensjonspresisering:

Substantiv

fykl n ... **2 a** (helst om ty) noko tunt, skralt som snautt heng i hop

Adjektiv

galle-sur (om folk)

gjengsen (om dyr)

gjengsen (om kvinne)

gjert (både om menneske og dyr)

glutren (om væske)

gnålut (ofte om barn)

gnidrut (om fint el smått arbeid, serl skurd, skrift el teikning)

grasut (om markstykke)

gribben (om luft, vêr)

gribben (om sjø)

gysjig (om jordbotn)

Verb

I garta 3) a) (om gris) grynta ... b) (om gås og and) snadra, kvekka, gakka ...
c) (om reinsdyr) gje lyd frå seg

gurla (om blaut gjørme el I)

gletta (om feste, tak)

gnyra (om folk)

gjøla (om småborn)

gnyra (om svin)

gletta (om tid)

gnæda (om turr og kald vind)

glødga (om væske, serl brennevin utblanda med vatn)

grønast (serl om mark og skog)

4.3.3.4.4 Realdefinisjonen: avgrensing

Ein realdefinisjon i NO er ein sakdefinisjon som beskriv tydinga til eit omgrep så presist som råd, slik at omgrepet blir mest mogleg klårt avgrensa frå nærskylde omgrep (så langt slik klår avgrensing har grunnlag i språkbruken).

Ein må halda frå kvarandre funksjonsutgreiing ("for å uttrykkja at") og definisjon.

Funksjonsutgreiingar er ofte naudsynte ved funksjonsord og interjeksjonar, sjeldan ved innhaldsord.

Opplysning som gjeld stadnamn, kan takast inn på tydingsbolknivå, anten som nummerert tyding eller undertyding, med fokus nettopp på tyding (ikkje t d utbreiing – NO er ikkje eit stadnamnleksikon).

Døme:

I **kolle** ... **2** i stadn, holm (2b), skjer (òg under vatnet) (OslofjIndr. 212; HovdaNF 84f).

rud ... **2** serl som (sistelekk i) stadn, t d i *Haugerud*, og gjerne med fyrstelekk av personnamn, t d i *Ellingsrud* og *Gunnhildrud* (A²; T.Lars.M.Hars.NBB 39; Aurskog-BlakerHoff 744).

4.3.3.4.5 Realdefinisjonen: kjelder

NO *lagar egne definisjonsutformingar*, og bruker andre ordbøker til *kontroll og jamføring*. Dei viktigaste er

- Grunnmanuskriptet
- Nynorskordboka (for framandord og fagord)

Ved fagord er det rimeleg å visa til ei fagleg kjelde for dei saklege momenta i definisjonen.

I *informasjonssamling for sakdefinisjonen* kan ein bruka dei leksika og oppslagsverk ein treng. Ein må syta for at sakdefinisjonen er forankra i kjelder som NO kan referera til, og som er autoritative på sine område.

Ei hovudkjelde for realdefinisjonar er Norsk Allkunnebok (NoAllk). NoAllk er svært ujamnt ekserpert. Ein må difor alltid gå til rett alfabetbolk i NoAllk og kontrollera både utval av oppslagsord og definisjonsutforming.

Ein definisjon rett frå ein heimelsperson (ein setel) kan endrast slik at han passar i form med NO-stilen og med materialet elles, men det må ikkje vera større innhaldsavvik. Ein kan likevel rekna heimelspersonen som kjelde.

Merk at Aasen, Ross og andre eldre kjelder definerer på dansk, og ord kan tyda (dels) noko anna i eldre dansk enn i moderne nynorsk.

Døme:

døsig 'utan rørsle; daud, still'

labbe 'lepja'

sagte 'lågsmælt'

smålig 'nøye'

Omsetjingane til nynorsk og sitatforklaringane i Grunnmanuskriptet er heller ikkje reint sjeldan upresise eller galne (òg som fylgje av feilskrift). Ein må halda seg til originaltekstene og slå opp i ODS (<http://ordnet.dk/ods/>) når det er tvil om dansken.

Døme:

jara v:

A²: følge Kanten. "Sol'a jara långs mæ fjella": Solen går langs med Fjeldkanten.

GM: soli gjeng ned langs med fjellkanten

sjølvhemn m

C: selvhæmn

GM: hemn over seg sjølv

ODS: hævn, man tager paa egen haand (uden forsøg paa at opnaa gengældelse ad anden (og lovlig) vej)

4.3.3.4.6 Realdefinisjonen: utforming

Nokre av hovudprinsippa for definisjonsutforminga i NO fylgjer her.

Definisjonane skal vera etter måten romslege (medan bruksdøma kan illustrera finare nyansar).

Definisjonen skal vera knapp, men slik at det som skil omgrepet frå nærskylde omgrep, kjem tydeleg fram. Han skal med andre ord vera råkande.

Definisjonar som er omgrepsavgrensande skal helst vera intensjonale, dvs ta utgangspunkt i eit overomgrep som vert avgrensa med turvande serdrag.

Ekstensjonale definisjonar, som avgrensar ved opprekning, skal berre brukast når det ikkje ligg føre høvelege opplysningar til å definera intensjonalt.

Ensyklopediske opplysningar (opplysningar som tener meir til å forklara ytre omstende enn å gjera greie for semantiske skilnader) skal helst berre brukast når dei er til støtte for tydingsavgrensinga. Ein bør føra NO-kjelder der slike opplysningar finst, som litteraturløysingar for definisjonen.

Definisjonen skal ikkje innehalda uturvande ord – som til dømes ubunden artikkel. Hovudordet i ein substantivdefinisjon skal ha ubunden form.

Dersom oppslagsordet berre blir nytta i bunden form (og har ordklassetilstand "bf sg" eller "bf pl" (sjå punkt 4.1.3.6.3 ovanfor)), bruker ein bunden form på hyperonymet (overomgrepet) i definisjonen.

Dersom oppslagsordet berre blir nytta i til dømes bunden form i ei gjeven tyding, får det grammatisk merknad fyrst i definisjonen ("bf sg" eller "bf pl") og bunden form på hyperonymet (overomgrepet) i definisjonen.

Kongruensproblem prøver vi å omgå ved omskriving. Det gjeld der ord av ulikt kjønn er kjerne i same uttrykk: "stor(t), fager(t) hus el bygning". Då set vi gjerne det eine ordet i parentes: "stort, fagert hus (el bygning)".

Så langt råd er, bør substitusjonsprinsippet fylgjast, dvs at definisjonen bør formast slik at han kan setjast inn i staden for artikkelordet i dei døma som er med. Dette vilkåret kan eventuelt fyllast med bruk av parentesar. Blir ein definisjon etter dette prinsippet for omstendeleg og vanskeleg forståeleg, kan ein kompromissa på dette punktet; forståelegheit må prioriterast. Men definisjonen må i alle høve stå i same grammatiske form som oppslagsordet.

Ein konsekvens av substitusjonsprinsippet er at når eit verb blir brukt med objekt (i tydinga ein skal til å beskriva), skal ein i utgangspunktet ikkje ha med objektet i sjølve definisjonen av verbet. Objektet bør nemnast i parentes, om ikkje samanhengen (grammatisk merknad og anna) gjer det eintydig.

Døme:

maga v ... sløya (fisk) ...

Når uttrykket er *maga fisken*, hadde "fisk" komi dobbelt opp om vi sa at verbet åleine står for "sløya fisk". Men med parentesen markerer vi at verbet blir brukt med objekt (og her avgrensa til ord for fisk).

Definisjonen bør harmonera mest mogleg med tydinga i bruksdøma – det kan vi òg få til m a med parentesbruk.

Ordvalet i definisjonane bør vera etter måten tradisjonell riksnynorsk, men ein må ta omsyn til presisjon og ålmenn forståelegheit. Det bør ikkje nyttast ord i definisjonen som er sjeldsynte i vanleg nynorsk; minstekravet er at ordet skal stå i Nynorskordboka. Vi kan likevel gjera to unntak frå denne regelen:

- når vi må ha med ord for serlege fenomen som i dag er lite kjende, t d gamle reiskapar
- når det gjeld ord som er nærskyldte oppslagsordet, og altså står nær det aktuelle oppslagsordet i ordboka

Ved lånnord treng ein ikkje "fornorska" ordet i definisjonen.

Dersom materialet er utilstrekkeleg, men det likevel er gode grunnar til å anta ei viss tyding, t d ved at ordet verkar heilt sjølvforklarande, kan ein definera ordet med eit "(trul.*)" framfor. Det same gjeld dersom ordet truleg har fleire tydingar enn materialet har belegg på, t d om materialet berre har med overførde tydingar og ikkje den bokstavlege.

Døme:

krak-unge m [A² 969] 1 slags sjødyr; (trul. :) krake (II) (A²). 2 ...

4.3.3.4.7 Realdefinisjonen: om eldre tilhøve

I definisjonar om eldre tilhøve kan det vera tvil om verbet bør stå i presens eller preteritum. I utgangspunktet bruker vi preteritum, men presens skal brukast der innhaldet i definisjonen kan aktualiserast eller gjeld framleis. Er det snakk om fysiske eigenskapar ved bruksting m m, eller (abstrakte) logiske relasjonar som alltid kjem til å knyta seg til ordet, er det rimeleg å bruka presens, for desse eigenskapane vil tinga normalt framleis ha, om dei enno finst. Derimot bør referansar til bruksmåtar som no er uaktuelle, stå i preteritum. Her bør vi tenkja oss om, for gamle skikkar kan gjenopplivast eller framleis finnast lokalt. (Eit døme kan vera at dei éin eller fleire stader brenner kol i kolmiler for sal, og i definisjonar under ord som har med ein slik aktivitet å gjera, kan det difor ikkje stå eit verb i preteritum.)

Døme:

kak m ... om e tilh, stolpe der ein batt brotsmenn som skulle piskast offentleg

kalvebryst n ... om e tilh, kvitt stivety som menn ber på brystet

kardekjerring f ... om e tilh, fyrste framande kvinne som kom til gards på nyåret etter at kardinga var komen i gang, og fekk (skjemte)namn etter dette arbeidet

kardeske f ... om e tilh, kanonprosjekttil som er fylt med blykuler, og som blir sprengt når det forlèt munningen

Merk at det i ein del høve ikkje er naudsynt med finitt verb i definisjonar om eldre tilhøve.

Døme:

kaffignike f ... om e tilh, reiskap til å knusa kaffi med

kostverde n ... om e tilh, utrekna matbehov per mann for ein gjeven tidbolc

4.3.3.4.8 Antonym i definisjonsteksta

Definisjonen kan i sume tilfelle avgrensast eller gjerast tydelegare med å visa til ord eller tydingar som høyrer til same semantiske felt, men har ulik eller motsett tyding.

Slike innhaldstilvisingar skal ikkje brukast ofte. Det er serleg ved adjektiv at antonym kan vera tenleg. Under **gamal** kunne ein såleis ha ført opp *ny* og *ung* som antonym ved ulike tydingar.

Føringa er i parentes sist i definisjonsfeltet. Innleiingsformlar er "mots" og "t skiln frå".

Ordet eller tydingsbolken som ein viser til, skal stå i kursiv (bruk "ordform"-taggen). NB! Ordet eller tydingsbolken som ein viser til, skal ikkje krysskoplast (limast inn).

Innleiingsformlane skal brukast slik:

mots:

Ved rein motsetning (kontrær eller komplementær), til oppslagsord eller til tydingsbolc eller underoppslag. Slik tilvising til underoppslag bør nyttast sparsamt.

Døme:

II **kosmos** n [*kåssmås*; av gr *kosmos* 'verd; orden'] det ordna universet; allnaturen

(mots *kaos* 1)

(Jfr òg eksplisitt krysstilvising med "mfr" i punkt 9.4.2.2.2.)

t skiln frå:

Viser til meir eller mindre nærskylde ord (omgrep) innanfor eit avgrensa semantisk felt (eller der det er gradar av eigenskapar med ulike nemne).

Døme:

I **kal** el **kale** m ... 1 a vanleg (enkelt) tau, tauverk (*t skiln frå kabel* 1)

4.3.3.4.9 **Tilhøve mellom definisjonsledd**

Til vanleg står definisjonsledd (definisjonsrad) nr 2, 3 osfr utan innskoten innleiingstekst. Det blir då ikkje markert at fyrste definisjonsleddet er overordna dei neste, eller at definisjonsledd kan vika noko av frå kvarandre i tyding. (Om bruk av komma og semikolon mellom definisjonar, sjå innleiinga til punkt 4.3.3.4 ovanfor.)

Døme:

tingel n ... 1 lita bjølle med lys klang (til å hengja på husdyr); krans av små bjøller (Stor-Elvdal, Nu, YSandsvær, Hof i Vestf R, Tel, Åmli; ReinstonSr I,376; Solh.Sr 45): ...

tryggleik m ... 1 det å vera trygg (1), utan fare; vern, sikring (II,1a) (mot skade, ulukke osfr); livd (I,1); sorgløyse (1); ro (I,2)

Sumtid er likevel ei definisjonsrad innleidd av "(òg:)" eller "(serl:)".

"òg" blir brukt når ein har ei såpass stor tydingsgliding (eller ei tydingsgliding av ein slik karakter) at ein kjenner det naudsynt å markera det, men tydinga ligg for nær eller overlappar for mykje med tydinga(ne) som står framfor, til at ein lagar ein eigen tydingsbolk. Sumtid er det kanskje ikkje heilt klårt i materialet kva kjelder som har kva tydingsnyanse, slik at ein eigen tydingsbolk blir vanskeleg.

Døme:

II **susl** el **sutl** (ù) n [...] 1 det å susla (1); (lyd av) skvalp (II,1); (òg:) rørsle (1) i vatn (Valle, Lista, Høyland, Suldal, Brg, Lærdal, Voll, Fauske, Gimsøy, Vstrål): *der va 'in susl i vatne* (GOS II 109) ...

"serl" framfor definisjon tyder "helst, i vanlegaste tyding, oftast" og går altså på relativ frekvens.

Døme:

I **tut** m ... 1 røyr el (framspringande) opning på behaldar el I (som væske o I kan passera igjennom); (serl:) innholt framspring på kanne, (kaffi)kjel el I til å hella væske igjennom: ...

Avstyttinga tyder ikkje "i meir avgrensa tyding (i høve til den nemnde tydinga)", som går på kor spesifikk tydinga er, nøytralt med omsyn til frekvens. Dette kan ein (eventuelt) heller få fram på andre måtar, som med "såleis", "sersk", "m a" eller "t d".

Døme:

III **klamre** f [...] handv, klemme (1a), klomber (1) (NFos, MGauld, NTrl mst, NN sumst); (såleis:) garm (I,1a) (NFos, Skatval, Innh; LeirfallStjør III,174); laskeklype (for støvelskaft) (NN sumst); òg i sms som *hals-*, *skruv-klamre*.

taka inn 1 flytta, føra inn (II,A1a) (til lagring, vern el I) (VanI); (sersk:) berga i hus turrhøy (A²; Voss): ...

4.3.3.5 Definisjonstypar

4.3.3.5.1 Definisjonstypar: samansetningar

Definisjonen av samansette ord viser ofte berre tilhøvet mellom ledda. Då bør ein byrja definisjonen med etterleddet (som er kjerneleddet i samansetninga), og berre ta med synonym når etterleddet er sjeldsynt:

glas-røyr f, n røyr av glas

glas-musikk m musikk som kjem fram ved å spela på glasharmonika

Ein kan òg bruka eit synonym til kjerneleddet der det høver betre:

glas-meister m fagmann som arbeider med tilskjering av glas

Dersom det er liten grunn til tvil, men ein likevel vil sikra at tydinga blir eintydig oppfatta, kan ein føya til eit synonym etter kjerneleddet:

far-lei f lei, veg der ein fer el der det er vanleg å fara

glas-raust n raust, møne med glas i

I sume tilfelle kan det høva å ordleggja seg annleis:

glas-silke m spunne glastrådar til å blanda i silke

Her kunne ein òg ha skrivi: "silke gjennomspunni av glastrådar". Det blir eit vurderingss spørsmål ut frå kva som dekkjer sakstilhøva best.

Når ein skal definera ei samansetning, og tydinga av ledda er opplagd, kan ein la vera å visa til tydingsbolk (med tydingsmarkør i parentes). Men dersom ord i definisjonen er definerte, og er polysem, bør ein visa til rett tydingsbolk i den aktuelle artikkelen. Dette gjeld serleg om det er snakk om ei sjeldsynt tyding, eller om ordet har ein sentral posisjon i definisjonen. Dersom hyperonymet har fleire tydingar, må ein alltid visa til rett tydingsbolk:

Hyperonym-tilvising:

glas-fag n fag (1b); vindaugsrute

glas-spel n knust glas (2) som born bruker til leikety

Nøyaktig tilvising til anna hovudord i definisjonen:

glas-luke f lem framfor glas (3a); vindaugsskodde

glas-monter m utstillingsskåp av glas (2)

glas-skåp n skåp til å ha glas (4a) inni

Merk at ein alltid set til markøren på lågaste nivå (tydingsbokstav der det finst, elles berre tydingsnummer – slik det er gjort ovanfor).

Heilt sjølvsgade og sjølvforklarande samansetningar, som kan stå utan definisjon, bør normalt setjast i sekk. Men om ordet er nytta i ei fast vending med overført eller biletleg tyding må ein laga ein artikkel:

fiske-blod n òg bil., i vend **ha fiskeblod i årane** vera kald og kjenslelaus ...

4.3.3.5.2 Definisjonstypar: synonym som tillegg til realdefinisjon

Synonym blir nytta fyrst og fremst som tillegg til ein fleirordig definisjon. Synonymdefinisjonar bør prinsipielt vera supplement eller tillegg til ein realdefinisjon. Ein kan då føra opp fleire synonym etter realdefinisjonen, fyrst dei som er mest mogleg ekvivalente med oppslagsordet, deretter slike som berre delvis har same tydingsområde (men då svært sparsamt). Mellom tilnærma fullsynonyme eittordsdefinisjonar skal det stå komma; elles blir det brukt semikolon mellom definisjonsledda (sjå punkt 4.3.3.4).

Ein bør velja frekvente og rimeleg kjende synonym, og unngå lange synonymrekkjer (meir enn tre synonym).

Synonyma bør kunna substituerast (setjast inn i staden for) oppslagsordet i ei setning utan tydingsendring.

Ein må aldri bruka eit sjeldsynt ord som einaste synonym, serleg ikkje om ein heller ikkje har nokon realdefinisjon. Ein kan likevel gjera avvik frå dette prinsippet dersom synonymet er eit nærskyldt ord som står i same sekvens (helst på same side) som oppslagsordet. Derimot kan ein føra opp eit sjeldsynt synonym attåt eit vanleg.

Synonym som er tydeleg stilmarkerte på ein måte oppslagsordet ikkje er, bør berre nemnast i sertilfelle. Derimot kan ein bruka nøytrale synonym til stilmarkerte oppslagsord, berre den stilistiske markeringa kjem fram føre definisjonen.

Døme:

gaumsam adj ... som gjev gaum, fylgjer godt med; merksam, ansig, akksam, påpasseleg, vaken, konsentrert, lydhøyr; andektig

I dette dømet er det vel mange synonym.

Dersom synonymet har fleire tydingar, må ein krysskopla til rett tydingsbolc (jfr punkt 9.4.2.1 *Implisitt krysstilvising*).

I databasen treng ein ikkje krysskopla *alle* synonym som blir lista opp etter ein definisjon, men det er høve til krysskopling (som ei form for eigenkontroll og verifisering).

Døme:

inn-spel ... 2 synspunkt (som (meir el mindre spontant) blir lagt fram i ein diskusjon el l); merknad, framlegg (1), idé, innkast (1)

4.3.3.5.3 Definisjonstypar: synonym som definisjon åleine (eittordsdefinisjon – synonymdefinisjon)

Her er det sikta til definisjonar der heile definisjonstabellen inneheld berre eitt ord, ikkje ein eittordig definisjon som står på ei eiga rad i definisjonstabellen attåt andre tabellrader.

Vi kan definera eit ord med eit fullsynonym som alt er definert eller som kjem til å bli definert, slik at vi ikkje definerer meir enn naudsynt. Serleg når oppslagsordet er ei lokal nemning, t d på ei dyre- eller planteart, som står attåt eit meir utbreidd ord eller ei "offisiell" nemning, skal den offisielle eller dominerande nemninga stå som definisjonssubstitutt.

Med sume synonym for dyr, plantar o l kan lesaren vera i tvil om kva slags fenomen det er snakk om. Då bør ein setja eit kategorinamn i parentes framfor synonymet. (Definisjonen tel framleis som eittordsdefinisjon.)

Døme:

(planten) klåved (Orkd)

(bregnen) einstape (1) (Idd)

(fisken) gullbust (II,2) (NeRom)

Når definisjonstabellen berre inneheld eitt synonym, skal dette definisjonssubstituttet alltid krysskoplast, jfr punkt 9.4.2 om implisitt krysstilvising. Det vil òg seia at eit ord som er nytta i ein eittordsdefinisjon, må ha eller få ein ordartikkel ein annan stad i ordboksverket.

Ein eittordsdefinisjon må difor vera eit etter måten vanleg ord. Redaktøren må kontrollera at synonymet som er brukt i eittordsdefinisjonen anten har ein fullt definert ordartikkel i den delen av ordboka som er redigert og (helst) prenta, eller har nok tilfang under seg til å få det lenger ut i alfabetet.

Dersom dette er vanskeleg å få til, bør ein velja ein fleirordig definisjon.

Døme på uheldige eittordsdefinisjonar er:

hase 5 skydott

(heller: lita sky; skydott)

hasebinde kneband

(minst tre sers ulike tydingar i materialet, også om ulike typar hoseband. Heller: hoseband)

hasepankar træledrivar

(synonymet finst ikkje i MO)

Døme på fornuftige eittordsdefinisjonar er:

haslekutre marimjelle

haslorm slettsnok

Tvilstilfelle:

haspende ... ovleg (nytta forsterkande til "vond")

(burde kanskje vori relatert til tyding av rot)

Ein skal ikkje skriva "dss" eller "jfr" framfor synonymdefinisjonar, sidan dei i alle høve inneber ei implisitt tilvising, som altså ikkje trengst å markerast serskilt. "Jfr" bør ein reservera for eksplisitte tilvisingar til stader med meir informasjon enn det definisjonen kan gje.

4.3.3.5.4 Definisjonstypar: synonymgrupper

Når eit omgrep har mange fullsynonym, vel vi eitt av synonyma til hovudord for omgrepet. Dette ordet får då full leksikografisk behandling, dvs med realdefinisjon og dei fleste bruksdøma. Attåt realdefinisjonen kan vi så føra opp (eit utval av) dei andre synonyma, fyrst dei som er mest mogleg ekvivalente med oppslagsordet, deretter (eventuelt) slike som berre delvis har same tydingsområde. Synonymrekkjene kan vera på 3-4 ord, og utvalet bør ta omsyn til frekvens, geografisk fordeling og bruksstatus (stilnivå).

Dei ulike synonyma får òg kvar sin ordartikkel, men med hovudordet som einaste definisjon (implisitt tilvising, sjå punkt 9.4.2.1), om det ikkje er serskilte tilhøve ved desse orda som må takast omsyn til.

Ein bør velja det vanlegaste synonymet som hovudord. Under elles like vilkår (lik frekvens) bør definisjonen stå under det ordet som kjem fyrst i alfabetet. Dette gjeld også dersom definisjonen alt har stått i dei utkomne delane av NO, jamvel om dei har stått under eit sjeldsynt synonym; dette ordet må då likevel forbli hovudord i forhold til meir vanlege synonym som enno ikkje er behandla. Når det gjeld plante- og dyrenemningar, skal den "offisielle" nemninga vera hovudord, og andre, lokale, nemningar definerast ved hjelp av den offisielle.

Synonymgrupper er ofte samansetjingar med eit ledd sams. I ei samansetningsrekkje til same fyrsteledd kan ein såleis finna synonyme samansetningar – av og til mange - med ulike etterledd. For å unngå oppatt-taking av same definisjon, definerer vi då ved eit utvalt hovudord, også her helst det vanlegaste, og viser dit frå dei andre, slik vi beskreiv ovanfor.

Døme:

til **gut-unge**: gut-bete, -davas, -depel, -djevel, -fyk, -jafs, -jøsse, -kalv, -klank, -klatt osfr

til **gute-flogse**: -bloke, -dingle, -flaks, -fleggje, -flog, -førkje, -heiar, osfr

I slike rekkjer kan hovudordet liggja på grensa til hyperonym. Ved dei andre orda nyttar ein så berre "gutunge" eller "guteflogse" som definisjon, men ein kan spesifisera serlege bruksmåtar eller konnotasjonar gjennom bruksdøme eller (òg) gjennom bruksmarkeringar (t d "skjemt.", "nedsetj" el l).

Alternativt kan ein satsa på ein opplysande artikkel under fyrsteleddet og mindre under kvar samansetning dersom det lèt seg gjera. (I dei nemnde tilfella går det ikkje for di konnotasjonane i så stor mon er knytte til sisteledda.)

4.3.3.5.5 Definisjonstypar: antonymdefinisjon

Antonym i parentes etter "mots" fører ein opp i definisjonsfeltet etter real- eller synonymdefinisjon. Ein nærliggjande type til antonym er ord for nærliggjande men ulik tyding, som blir markert med "t skiln frå". Desse står også sist i definisjonsfeltet (etter synonym).

Sjå nærmare i punkt 4.3.3.4.8.

4.3.5 Undertydinga

Ei undertyding utgjer ingen eigen tydingsbolck, men er ein del av ein større bolck. Det er det lågaste nivået i tydingshierarkiet. Det vil seia at ein tydingsbolck som inneheld ei undertyding, ikkje kan ha andre tydingsbolckar under seg.

Innsetjing av undertyding føreset at hovuddefinisjonen som innleier tydingsbolken, blir fylgd av minst eitt sitat. Ein kan altså ikkje setja undertyding direkte etter hovuddefinisjonen i tydingsbolken.

Undertydinga blir innleidd med dobbel skråstrek (//) (sett inn av applikasjonen).

Ei undertyding blir avslutta med

- punktum dersom ho avsluttar tydingsbolken
- dobbel skråstrek dersom ei ny undertyding eller eit underoppslag fylgjer etter

I redigerings skjemaet må ein stå inne i ein tydingsbolck og klikka på knappen UT når ein vil skriva inn ei undertyding.

Ei undertyding kan innehalda definisjon og døme. Definisjon og døme kan prinsipielt vera like omfattande i ei undertyding som på tydingsbolcknivå, men oftast er det meir avgrensa.

I definisjonsfeltet i undertydingar står det ofte endra ordklasse eller annan grammatisk kategori, t d:

- adj
- fp
- np
- adv

- i bf
- refl
- subst

Men det er òg vanleg med krysskopla eittordsdefinisjonar og vanlege fleirordsdefinisjonar, sumtid innleidde av "(òg:)".

4.3.6 Bruksdøme

Bruksdøma syner korleis eit ord med den definerte tydinga går saman med andre ord i setnings(- og tekst)samanheng.

Bruksdøme kan vera

- redaksjonelle døme (utan kjelde)
- sitat (med kjelde)

Redaksjonelle døme nyttar vi for å få fram det typiske ved dei språklege omgjevnadene til oppslagsordet, i høve til ein gjeven definisjon.

Sitat nyttar vi for å

- utdjupa og spesifisera definisjonen
- kjeldefesta ei viss tyding eller ein viss bruk geografisk eller (òg) i tid (ved å nemna eit visst verk som opphav til sitatet)

Alle bruksdøme kan fylgjast av ulike slag dokumentasjonsopplysningar. Det er:

- bruksmarkering (står framfor dømet i utskrift)
- kjeldetilvising
- forklaring frå kjelda
- redaksjonell forklaring
- redaksjonell tilvising

Bruksdøme fylgjer normalt etter definisjon, på alle tydingsnivå.

Det bør ikkje vera meir enn tre bruksdøme til ein definisjon.

Dette ligg i redigeringsprogrammet:

- Bruksdøme står i kursiv. Redaktøren kan markera rett skrift.
- Kvar rekkje av bruksdøme fylgjer etter eit kolon.
- Bruksdøme blir skilde frå kvarandre med enkel skråstrek.

Eksemplifisering av definisjonen kan innehalda eitt eller fleire redaksjonelle døme eller (òg) eitt eller fleire kjeldefeste sitat.

Eksemplifisering av definisjon på underoppslag vil normalt vera kjeldefest sitat, ikkje redaksjonelt døme. Det er av di underoppslaget i seg sjølv kan liggja i gråsona til redaksjonelle døme. Sjå likevel punkt 4.3.8.2.8 *Syntaktisk struktur og funksjon*, slutten.

Redaksjonelle døme kjem til vanleg føre sitat.

Sitat skal fylgjast av kjeldetilvising (som kjem i parentes og i rett skrift).

Bruksdøme tek til med med liten bokstav, også når kjelda har stor (sjølv sagt unnateki proprium).

Stor bokstav blir brukt berre i sernamn og etter punktum inni eit sitat (dette siste finst berre i sjeldsynte tilfelle).

Sitat i bunden form skal merkjast med stjerne, også når det gjeld moderne rimlause dikt. *Salmenes bok* (signaturen Salm) i Bibelen kan seiast å vera omsett til prosa, og vi set ikkje stjerne.

4.3.6.1 *Kvifor har vi bruksdøme?*

Bruksdøma skal dokumentera at ei tyding eller ein bruksmåte faktisk finst og illustrera ordtydinga med fraseologi, vendingar og konstruksjonar. Dei skal altså visa målet i bruk og gi definisjonen kjøp på beina.

Dei fleste bruksdøma kjem i form av sitat, men ein kan òg å laga redaksjonelle døme på vanlege ordsamband. Døma kan hentast både frå målførematerialet og det litterære materialet. Ordtak, fyndord og faste seiemåtar tek vi gjerne med.

4.3.6.2 *I redigerings skjemaet*

Brukarretteleinga for redigeringsprogrammet punkt 13.4.2 *Sitat/døme* gjev eit oversyn over felta. I det fylgjande skal vi kommentera bruken av nokre av felta.

4.3.6.2.1 *Bruksmarkering for døme*

Bruksmarkering for døme gjeld det einskilde dømet og ikkje definisjonen. Desse bruksmarkeringane høyrer normalt til éin av typane "bruksområde" (berre nokre fåe, som "ftru"), stilslag eller "bruksmåte i høve til grunntyding" (sjå punkt 4.3.3.3.2).

Bruksmarkering direkte til sitat blir fylgd av kolon, deretter kjem sitatet.

Døme:

bustad m ... / bil., rel: *når du hev teke bustad i meg, so er eg Guds tempel*

Vi nyttar bruksmarkering direkte til sitat berre frå andre sitat og utetter i ei sitatrekkje. Har det fyrste bruksdømet bruksmarkering, får ein byta om rekkjefylgja av sitat, eventuelt sletta sitatet, eller bruksmarkeringa dersom ho kan unnverast.

Har ein berre eitt sitat og det trengst bruksmarkering til det, kan ein for visse typar bruksmarkeringar setja markeringa til definisjonsteksta i staden, t d "òg bil." til definisjonen i staden for "bil." til sitatet.

Dette går ofte ikkje like bra for markeringar som ikkje har noko med definisjonen som står føre å gjera (og som heller ikkje finst i bruksmarkeringsmenyen med variantar med "øg" og "serl" framfor), som "ordt" og "ftru". Då kan ein føya til eit (stutt) døme føre dømet som har markeringa, eller laga ei eiga lita tekst på definisjonsplass (som i "ftru, om tresking"), eller vurdere om det er viktig å ha med sitatet eller bruksmarkeringa. Ei naudløysing er å lagra ei tom definisjonsrad rett føre sitatet og velja bruksmarkering til den rada, slik: "definisjon; ordt: *sitat* (kjelde)". Dermed unngår ein at det kjem kolon både føre og etter bruksmarkeringa.

4.3.6.2.2 Teksta i sitat og redaksjonelle døme

Bruksdøme er normaliserte eller unormaliserte. Redaksjonelle døme er forma av redaktøren og skal fylgja NOs rettskrivingsnormal. Målføresitat er ofte normaliserte, etter nærmare retningsliner. Elles blir sitat gjevne att ordrett (med visse modifikasjonar). Sjå nærmare handsaming i fleire avsnitt nedanfor.

4.3.6.2.3 Forklaring

Her skriv ein inn ei forklaring på dømet dersom forklaringa står i kjelda ein tek dømet frå. Forklaringa kjem føre kjelda i utskrift.

Sjå punkt 4.3.6.10 *Forklaring til sitat* for detaljar og atterhald.

4.3.6.2.4 Redaksjonell forklaring

Her skriv ein inn ei forklaring på dømet dersom det er redaktøren som sjølv har laga forklaringa. Forklaringa kjem etter kjelda i utskrift.

Sjå punkt 4.3.6.10 *Forklaring til sitat* for detaljar og atterhald.

4.3.6.2.6 Kjelde

Til autentiske sitat skal ein alltid skriva inn kjelde, i samsvar med kjeldekodane i brukarrettleiinga. Med "kjelde" meiner vi både publikasjon som sitatet er teki frå (kjeldefesting), eller heimfesting, dersom sitatet kjem frå ein målføresetel (som ikkje er ekserpert frå ei skriftleg NO-kjelde, som t d ei ordsamling).

Sjå elles kapittel 10 om kjelder, kjeldeføring og heimfesting.

4.3.6.2.7 Tilvising

Dette feltet blir brukt for tilvisingar til andre oppslag. Tilvisinga må knyta seg til det einskilde sitatet, t d når hovudhandsaminga av ei vending finst i ein annan artikkel. Knyter tilvisinga seg til definisjonen eller heile tydingsbolken, skal det tilsvarande tilvisingsfeltet på definisjonskortet brukast. Sjå elles kapittel 9 om krysstilvisingar.

4.3.6.3 Retningsliner for bruk av redaksjonelle døme

Vi bruker redaksjonelle døme der eit visst ordlag, ei vending, eit ordtak el l finst i varierende former i ulike kjelder. Det redaksjonelle dømet er då eit signal til lesaren om at uttrykksmåten er (etter måten) vanleg, og vi slepp òg å bruka plass på å føra opp små variasjonar med mange kjeldefestingar.

Generelt må vi rekna med at bruken av korpus vil fremja meir bruk av redaksjonelle døme for å illustrera typiske og frekvente ordsamband med mange belegg, og relativt mindre bruk av fulle sitat.

Redaksjonelle døme kan innehalda bruksmarkering (visse typar), tekst til redaksjonelt døme, og forklaring til redaksjonelt døme frå redaktør. Men normalt står eit redaksjonelt døme utan tilleggsopplysningar.

Redaksjonelle døme skal vera rimeleg stutte og skjematisk – det skal ikkje sjå ut som at kjelda for dømet er utegløynd.

Døme på godtakande redaksjonelle døme, med og utan variasjon:

ein kraftig kar

koma på arbeid, på jobb, på besøk, på dans

Normalt har redaksjonelle døme ikkje setningsform, og når det då er eit verb med, skal det stå i infinitiv, som i siste dømet over.

Når dømet likevel har setningsform, skal det då òg vera stutt og skjematisk (og ha ryggdekning i materiale).

Døme på godtakande redaksjonelle setningsdøme:

kvar er du?

dei skulle over fjorden

det gjekk på eit vis

Døme på bruksdøme som er for spesifikke til å stå utan kjelde:

det vart mykje klabb og babb før dei ti garnar var ute

militærpresten velsignar soldatane før kamp

i kvartfinalen vann dei på dramatisk vis

Det er serleg når ein finn belegg på Internett (sjå punkt 10.4.13 *Tilfang frå Internett*), at ein kan bli freista til å bruka slike spesifikke setningar utan kjelde (som ein altså ikkje skal).

Om redaksjonelle døme sjå òg punkt 4.3.8.1 i kapitlet om underoppslag.

4.3.6.4 Retningslinjer for bruk av sitat

Sitat er bruksdøme frå skriftleg kjelde eller nedskriven munnleg kjelde.

Sitat kan innleiast med ei bruksmarkering (visse typar), så kjem sitatteksta, og deretter eventuell forklaring til sitatet frå kjelda, sjølv kjelda, og eventuell forklaring til sitat frå redaktør (men aldri begge forklaringstypane samtidig til eitt sitat).

Alle skriftlege sitat skal gjevast att nøyaktig slik dei står, bortsett frå det fylgjande:

- å for aa

- å for á (t d hos Landstad)
- små forbokstavar i substantiv

Det gjeld òg litterære døme som er skrivne på målføre, medrekna sitat frå eventyrsamlingar, folkeminneskriker og bygdebøker.

Sitat byrjar alltid med liten bokstav, når fyrste ordet då ikkje er eit sernamn (eller høfleg *De*).

Vi unngår helst å bruka sitat med openberre prentefeil. Tek vi med sitatet, skal vi retta prentefeilen utan å leggja nokon redaksjonell merknad inn i sitatet.

Eit sitat bør helst ikkje gjentakast, korkje under same oppslagsordet (sjølv om sitatet kan gjelda ulike tydingar av ordet), eller nokon annan stad i Norsk Ordbok. Er det behov for det under to oppslagsord, får ein heller ta inn ei tilvising den eine staden. (Det er likevel vanskeleg å unngå at slik gjentakning kan skje ein hende gong.)

Vi unngår å bruka fleire sitat frå same forfattar i same tydingsbolken.

4.3.6.5 Litterære sitat: utval og preferansar

Litterære sitat er her sitat frå prenta kjelder (utanom setningar og uttrykk gjevne som språkdøme i ordsamlingar og annan litteratur om målføre). Vi held oss til dei verk og utgåver som finst i NO sine samlingar. Dersom NO har eit sitat i to utgåver (t d samla verk og fyrsteutgåve) er til vanleg ei av dei rekna som meir autoritativ. Oftast er det fyrsteutgåva, men det treng ikkje vera det (samla utgåver er sumtid gjennomgatte av forfattaren og mykje betre korrekturlesne).

Sitat skal vera på nynorsk eller attgjeving av målføreuttale.

Vi siterer normalt ikkje frå bokmålskjelder. Men bokmålstekst som inneheld eit målføreord, kan refererast i omskriven form (på nynorsk): Ein set då "jfr" framfor kjeldetilvisinga. (Dette må ikkje blandast saman med bokmålskjelder etter definisjon, der vi ikkje set "jfr", jfr innleiinga til punkt 10.4.)

Det er likevel betre med ei nynorskkjelde, og ein av stadene å sjå etter det er Nasjonalbibliotekets bokbase på nb.no, jfr elles framgangsmåten for å søkja om å få nye kjelder inn på kjeldelista vår i punkt 10.4.9.

Attåt sitat frå Aasen og Ross (sjå under målføresitat nedanfor) bør ein prøva å få med eldste litterære belegget for ein bruksmåte. Om dette belegget ikkje har noko godt sitat, kan ein nøya seg med å setja eldste kjelda etter definisjonen.

Ein kan slå saman nærskyldige uttrykk der eitt ord varierer og eitt eller fleire andre er konstant. Då set ein dei varierende orda etter kvarandre med komma imellom. Skifter hovudordet i elles parallelle uttrykk, skal uttrykket stå under det ordet som er mest utbreidd.

Bibelstatat tek vi frå "Bib", dvs utgåva av 1921 (den eldste samla nynorske bibelen) under elles like vilkår. Fokuserer vi på ord og uttrykk som berre finst i ei anna utgåve, eldre eller nyare, siterer vi derifrå og gjev opp den nøyaktige utgåva i kjeldekoden.

I sitat frå salmar og songar bruker vi mest mogleg opphavlege og ”umoderniserte” versjonar, eller berre varsamt moderniserte.

Sitat frå stev og folkeviser tek vi under elles like vilkår frå Fv I-III (Liestøls og Moes utgåve), men også her kan vi nytta andre utgåver når dei orda vi skal illustrera, berre finst der. (Merk at når ein vil bruka ein setel frå ei anna utgåve og har mange setlar å bla gjennom, kan ein gjera eit kombinert søk i Setelarkivet på ordet og kjelda ”Fv” for raskt å kunna finna ut om den kjelda har eit tilsvarende sitat.)

Folkevisesamlingane til Lindeman (med signaturar som utgjer eller tek til med ”FvLind.”) har fokus på musikken og rangerer under samlingane til Landstad og Liestøl, som altså går framom når det finst parallelle utgåver.

I den grad sume kjelder er betre enn andre med same innhald, skal det lagast merknader til kvart einskild verk i bibliografidatabasen.

4.3.6.6 Ordtak og ordlag

Ordtak, eller fyndord, tek vi med som sitat, når dei fell naturleg inn i samanhengen eller gjev noko serskilt. Ordtak som ikkje kan uttydast (for manglande utbreiing eller kjelde), bør ein vurdere å sløyfa.

Bruk gjerne A.Ordspr som kjelde, dersom ein må velja mellom ulike versjonar av same ordtaket. Med ulike dialektversjonar av eit ordtak kan ein føra opp ein arketypisk ”normalversjon” (i normalisert form) med ”jfr”-tilvisingar til eit høveleg utval einskildkjelder (som t d kan indikera geografisk spreiring av ordtaket). For normalisering av ordtak sjå òg neste punkt om målføresitat.

Dei fleste ordtaka er biletlege (metaforiske), og dei bør ein gje ein kommentar om implikasjon, anten frå kjelda eller frå ein sjølv. Ein må vera rimeleg viss på at kommentaren er rett. Sjølv ordtak med mange kjelder kan vera vanskelege å tolka; be eventuelt om hjelp til å tolka ordtak.

Døme:

ordt: *eitt sagt og ti til lagt* (NFL117Senja 103) noko lite blir stort i folkesnakket

ordt: *du lyt laga foten så fellen kan rekka til* (VAgd16-) innretta deg etter tilhøva

ordt: *den som tek fanden på nakken, må bera han fram* ein må ta fylgjene av eigne handlingar

ordt: *ein skal ikkje hoppa høgare (el lenger) enn staven rekk* (jfr NygårdHH 172; NFL119Beiarn 132; Tv.BP 153) freista meir enn det som er mogeleg

ordt: *den som gjerer seg til saud, fær ulven på nakken* (A.Ordspr 125) den som syner seg veik, blir utsett for åtak

ordt: *det høver ikkje same segl åt alle båtar* (A.Ordspr 126) ein lyt bruka ulike middel til ulike føremål

ordt: *det kann koma den dag, då kui treng rova si* (A.Ordspr 76) ein kan ein gong få bruk for det som tykkjest unyttig no

ordt: *døden spør ikkje stort etter alderen* (Alm.Ordt 21) ein kan døy jamvel om ein ikkje er gamal

Biletlege ordtak som er sers godt kjende, bør òg forklarast, som *éin fugl i handa er betre enn ti på taket*. Ein bør bruka sitatforklaring til ordtak i større mon enn ved vanlege sitat, for di det har ålmenn interesse både å ta med ordtaka og å forklara dei.

Eit ordtak som ikkje er biletleg, treng ikkje forklaring, om det då ikkje inneheld noko spesielt som er vanskeleg å skjøna.

Døme:

ordt: *ille kledd er alltid betre enn naken* (Alm.Ordt 195)

ordt: *d'er vandt å vite kva den teiande tenkjer* (Alm.Ordt 64)

ordt: *det er gali å vera maktlaus, men det er like gali å vera modlaus* (Sparbu)

ordt: *ein skal ikkje klaga ufengem skade* (skade ein ikkje har lidd) (Mjattv.HI 22)

I det siste dømet er det lagt eit sitatinnskot i parentes til *ufengem skade*, i og med at oppslagsordet (*klaga*) ikkje er ein del av det som skal forklarast, jfr punkt 4.3.6.10.2.

Jamvel om ordtak gjerne blir brukte til å kommentera bestemte situasjonar, er dei meint å uttrykkja ålmenne sanningar, og eit ordtak framstår nesten som eit heilt lite dikt eller prosastykke, ein slutta einskap. Det kan sumtid vera vanskeleg å skilja ordtak frå ordlag, seiemåtar, som ikkje fullt ut utgjer ein sjølvstendig heilskap, men er integrert i, får hjelp av, ei viss språkleg eller ikkje-språkleg kontekst. Slike uttrykk skal ikkje ha bruksmarkering "ordt".

Ein del slike uttrykk har varierende subjekt og skildrar personar, handlingar eller situasjonar. Dei går heller som underoppslag med verbet atgjevi i infinitiv, slik som *gjera svenske av seg, ha mange jarn i elden og vrida vatn or stål*, jfr punkt 4.3.8. (Mange redaksjonelle døme står òg som infinitivkonstruksjonar (*ropa hurra*), men dei er lettare å halda ifrå ordtak.)

Andre slike uttrykk må, liksom ordtak, gjevast att som setningar med finitt verb (og med eller utan forklaring), men dei viser til eller impliserer eitkvart utanfor setninga. Ein kan godt kommentera at uttrykket har status som ordlag el l.

Døme:

vanl i ei rekkje med faste vend (jfr òg A.Ordspr 31 og 32): *det var agnet, som drog fisken* det var dei gode lokkemidla som gjorde verknaden (A.Ordspr 193)

i ordlag: *det e' 'kje no trugsmål, det e' berre eit spørsmål, men vi' du 'kje, så ske du* (LLåg 1982,90)

I det fyrste dømet står "agnet" og "fisken" for element i ein situasjon som nyss er nemnd, og som er viktige for å skjøna setninga. I det andre dømet viser ordet *det* til eit spørsmål ein har stelt. (At det er eit ordlag, ei fast vending, er opplyst i kjelda.)

4.3.6.7 Målføresitat

Reine målføredøme skal normaliserast til NO-rettskrivinga, sjå punkt 1.4.1. Dette gjeld også om sitatet kjem frå ei målføreordsamling som er førd som kjelde for sitatet. Det gjeld både eldre og

nyare ordsamlingar, òg eldre ordsamlingar som blir rekna som litterære kjelder i kjeldeføringa etter definisjon, t d C.

Grensegangen kan sumtid vera vanskeleg her, t d når vi har sitat frå målføreutgreiingar eller annan språkvitskapleg litteratur på målføre. Rettesnora er at vi normaliserer der sitatet står som direkte målføreprøve, men ikkje der det står i ei kontekst som fokuserer på innhaldet. Såleis blir dømetekst i ordlista i kjelda EidsbergSandem normalisert, medan sitat frå tekstene i same boka om arbeid og annan kultur i gamle dagar ikkje blir normerte. Sitat frå tekstene i kjelda NoMålf blir derimot normaliserte, for dei er eksplisitt presenterte som målføreprøver.

Ordtakssamlingar (sjå òg førre underkapitlet) kan seiast å ha eit samansmelta fokus på innhald og form. Regelen er at vi behandlar *samlingar av ordtak på målføre* på line med ordsamlingar, og ordtaka skal normaliserast. Einskildordtak som døme i språkvitskaplege framstillingar (t d kjelda StjørHolmen) må òg normaliserast, medan ordtak som står som replikkar el l i historier, ikkje skal normaliserast (om ikkje teksta då skulle vera rekna som målprøve, jfr over). Ei meir ålmenn (og normalisert) ordtakssamling som Aasens (A.Ordspr) reknar vi som ei litterær kjelde, utan normalisering. Men merk høvet til å laga ein NO-normalisert versjon frå fleire kjelder og skriva "jfr" framfor, sjå punkt 4.3.6.6.

Ein skal ta med alle bruksdøma i ordbøkene til Aasen og Ross. Har éin av desse fleire svært like døme som seier om lag det same om ordet, kan ein slå saman og setja "jfr". Vi normaliserer alle sitata. Unntak: Stev hos Ross skal ikkje normaliserast.

Er døma svært vanskelege å normalisera, som dei kan vera i ordsamlingar frå dansketida, tek vi eit atterhald ved å setja "jfr" framfor kjelda.

Også når vi normaliserer målføresitat, kan vi la delar stå i målføreform i visse høve. Til dømes kan vi la oppslagsordet, eller den vendinga sitatet skal illustrera, stå i målføreform – dersom vi meiner det er naudsynt for lokal attkjenning av ordet eller for annan informasjon vi ynskjer å gje. I tilfelle nyttar vi apostrof (enkelt hermeteikn) til å skilja det ut.

Vi kan òg halda på andre serlege målføreformer når dei heng saman med oppslagsordet, og ei delvis normalisert samanstelling vil verka kunstig – eller når sitatet har ei slik form (verseline, ordtak, fast uttrykk eller seiemåte) at det er vanskeleg å normalisera utan å øydeleggja det (rim, rytme, heilskapspreg).

I målføresitat i artiklar med alternative oppslagsformer er det vanleg å velja den av desse oppslagsformene som ligg nærmast målføreforma i kjelda, endå om den forma ikkje står i lista over former i redaksjonsmålet i punkt 1.4.1.2.

Døme:**lyging** el **ljuging** f ...

Setel frå NLand: *je ville itte høre på denna juginga lenger*

NO: *eg ville ikkje høyra på denne ljuginga lenger*

(NO har *lyga* som redaksjonell form.)

Preposisjonar som *ti*, *tå* av *utav* og *pund(er)* av *oppunder* kan stå med hermeteikn med det semantiske motstykket i ein forklarande parentes. **Døme:** '*pund*' (under) *bordet*.

Har vi eit litterært sitat på normalmål der det er lagt inn ein replikk på målføre, skal replikken sjølvstakt (liksom resten av sitatet) takast inn bokstavrett som han står i kjelda.

Normaliseringa skal òg femna om teiknsetjinga. Merk at eldre skriftmål fylgde tysk kommabruk med komma føre alle etterstelte undersetningar (òg dei såkalla naudsynte undersetningane), og vi kan difor måtta ta vekk eit komma hos ei eldre kjelde som Aasen eller Ross.

Døme:

A²: *Seg meg no, kvat eg skal gjera*

NO: *sei meg no kva eg skal gjera*

Om ein hadde haldi på kommaet her, hadde ein ikkje normalisert sitatet fullt ut.

Døme på normaliserte og unormaliserte sitat:

Normaliserte målføresitat:

finne el **firne** ... / *han går både fjell og finne* (V) /

(Opphavleg sitat: *han går bå fjeddl og fiddna*.)

hard-nuven adj ... / *han er hardnuven med vêret* (V; Sfj R) / ...

(Opphavlege sitat: *hann æ harnuuen mæ veere* (V) – *han æ harnuuin mæ veira* (R).)

hard-reidd adj ... *hardreidd kvann*.

(Ross frå Vågå: *harreidd kvænn*.)

i-fall n ... *denne hesten får ikkje noko kaldleg ifall!* (Set R)

(Opphavleg sitat: *denni hestn fær kji noko kallegt ifadd!*)

Unormalisert målføreinnslag i normalisert målføre:

finne el **firne** ... / *kyrne går i fjell og 'fødne'* (Lista).

(Det opphavlege sitatet er: ... *kjydnan jeng i fjell å fødne*.)

Litterære sitat på målføre – unormaliserte:

full-låta v ...: **ivi Bull kunn 'en inkje fulllåte* (Be.Bygded. XII,15).

full-makt f ... / *Jon Fjerdrum ... har gjort tenest ista'n hass Simen ette fullmakt* (Kl.ØVG 200)
/ ... / *då sende Gunnstein son sin og inkje gav han fullmagt – "fysst eg sender son'e min e de godt nog", tenkte han* (GOS II,152) / ...

4.3.6.8 Alternativ og valfri dømestekst

I normaliserte dømestekst (målføresitat og redaksjonelle dømestekst) bruker ein rett skrift for parentesteikn og andre element som ikkje er ein del av dømesteksta (det siste gjeld serleg avstytinga "el"). Det er aktuelt når dømesteksta i parentes er alternativ, som i det fyrste dømestekst under, eller valfri, som i dei tre andre dømestekst.

Dømestekst:

heilt (el *skvær*) *idiot*

klinkande klår(t)

seia klårt frå (om *noko*)

kva (for) *slag?*

I desse dømestekst står alle åtte parentesteikna og "el" i rett skrift, medan dømesteksta inni parentesane står i kursiv. Det spelar inga rolle om det står inga kjelde, ei heimfesting som kjelde eller ei ordsamling (irekna A og R) som kjelde.

Denne føringsmåten må haldast frå bruken av sitatinnskot i punkt 4.3.6.9.2 og 4.3.6.9.3 (heile innskotet i rett skrift) og attgjeving av ordformer (heile innskotet i kursiv, sjå punkt 1.4.2.5.2).

For alternativ dømestekst kan ein ofte (og gjerne) òg bruka komma mellom alternativa.

Dømestekst:

gå, falla i knas (står for *gå i knas* og *falla i knas*)

båten, dreggen krakar (står for *båten krakar* og *dreggen krakar*)

4.3.6.9 Tilpassing av sitattekst

Ålment bør sitat ha ei form der oppslagsordet ikkje står i undersetning. Det kan stå i hovudsetning eller i ei avstytt ytring som ikkje har setningsform, t d nominalfrase.

4.3.6.9.1 Avstyting

Utforminga av sitatet må gjerast så knapt som råd, slik at ein skjer bort det som ikkje er vesentleg i samanhengen.

Dømestekst (oppslagord: **helg** f):

Aa, dat maa vera eit inderlege godt Hjarta; det kunde eg merka so væl paa Laget hennar, daa ho song um Bygdarborni, kor dei lengta etter Helgi -

I NO: *ho song om bygdarborni, kor dei lengta etter helgi* (A. II,30)

Denne markna'n va halde mest som ei helg 'taa bygdafolkje, baade ong og gomol som kunde sleppe uto huse laut te markna's -

I NO: *denne markna'n va halde mest som ei helg 'tå bygdafolkje* (Kl.LS 91)

Merk at stor forbokstav fyrst i sitat blir endra i NO til liten bokstav (med unntak av sernamn, sjølv sagt).

4.3.6.9.2 Endring av syntaks

Vi kan endra syntaks ved å stryka, setja inn eller flytta på ord, t d slik at ei undersetning får hovudsetningsform.

Markér stryking med tre punktum med mellomrom på kvar side: " ... " (ta entitet frå teikntabellen i programmet). Innsett tekst skal stå i parentes og rett skrift.

Merk at innskoten tekst aldri kjem i staden for noko anna, men i tillegg. Skal ein stryka og skyta inn same staden i sitatet, må ein bruka tre prikkar og sitatinnskot inntil kvarandre. (Dette gjeld *inni* eit sitat, der det står noko i kursiv på begge sider av utelatinga. I starten av eit sitat er det mogleg å kutta i teksta og starta med berre eit sitatinnskot, som i dei siste døma nedanfor.)

Ein bør unngå sitat med fleire strykingar eller (òg) innskot. (To strykingar kan av og til forsvarast, men forsvaret må vera godt, for mange slike prikkar skjemmer.) Ein bør ikkje stryka einskildord som kanskje ikkje tek serleg større plass enn dei tre prikkane, eller ein svært stutt sekvens; spar heller ved å ta med færre sitat enn ved overdrivne strykingar i dei sitata du tek inn.

Døme:

hotell n:

Det er mange som har spått at dei flytande hotella ikkje har noka framtid lenger i bilismens tid

I NO: *mange ... har spått at dei flytande hotella ikkje har noka framtid lenger i bilismens tid* (DT 1962)

skriftemål n

Etter gammal tradisjon vart den som gjekk til skriftemål merkt med ein oske-kross i panna denne dagen

I NO: *den som gjekk til skriftemål (vart) merkt med ein oske-kross i panna denne dagen* (Firda 2001)

sideskot n:

Til vinstre: Firkanta nashorn som for mange millionar år sidan levde i Egypt, eit sideskot av den sjeldne ætta, som vitskapen ikkje veit meir um enn dyret sjølv på si tid

I NO: *firkanta nashorn ... (var) eit sideskot av den sjeldne ætta* (NynVek 1936)

hoseleista adj:

Han høyrer, at der er folk i stovedøri, og må røma hoseleista

I NO: *han ... må røma hoseleista* (Hovd.O 197).

hosta v:

Du reinvaskar deg etter beste evne, og om du ikkje maktar det, dreg du i alle høve fram dei formildande omstende du er i stand til å hosta opp

I NO: *(du) dreg ... fram dei formildande omstende du er i stand til å hosta opp* (Strilen 1985)

I det siste dømet har ein brukt innskot i starten av ei setning for å unngå tre prikkar etter pronomenet (i eit par av dei andre døma over var det mindre å vinna på det). Eit slikt innskot kan òg bli brukt til å forenkla ein setningslekk monaleg, som i dette **dømet**:

ropa v:

Men den dagen berget dett i attum deg, stend du og ropar i blind angst og slær knokane mot ein stengd vegg

I NO: **(då) stend du og ropar i blind angst* (SS 2002,4,75)

Her kunne ein òg hatt **du* (stend og) *ropar i blind angst*, tilsvarande som i dømet **skriftemål** over. Men her er det mindre å spara, og ein slepp å endra syntaksen.

4.3.6.9.3 Tilføyning av forklarande innskot

Det hender at sitatutvalet for eit oppslagsord eller ei tyding er dårleg, og ein må bruka eit sitat som ikkje er lett å skjønna. Ein kan då setja inn forklarande og utfyllande innskot i sitatet.

Dersom eitt ord er vanskeleg i eit elles gjennomskodeleg sitat, bør ordet forklarast med eit slikt innskot og ikkje i redaksjonell kommentar etter sitatet.

Også slike innskot skal stå i parentes med rette typar og med NOs rettskriving, som all redaksjonell tekst elles.

Døme:**rakna** v:

médikjene (middykane, berestokkane) *rakna og gav etter* (Hyldb.BB 49)

Oftare bør ein forklara kva eit visst pronomen viser til.

Døme:**ruskut** adj:

et ho (katta) *gras, blir det ruskut ver* (Håløygm 1935,388)

Eller ein bør setja inn ei eining som er underforstått i setninga.

Døme:**ryka v:**

eg rauk tak rundt halefjørene (på hanen) (I.E.Joh.T 166)

Om sitatinnskot sjå òg førre punktet.

4.3.6.9.4 Ta vare på heilskapstyding

Hald på den opphavlege meininga i sitatet; ta såleis aldri bort eit "ikkje" eller "aldri".

Ikkje forfalsk konteksta når du tilpassar eit sitat. Ver serskilt nøye med å kontrollera kontekst når subjekt eller objekt berre er eit personleg pronomen.

Dersom det kan vera den minste tvil om at meininga blir rett, må ein sjekka ekserptet mot den opphavlege kjelda før det blir skrivi inn i ordartikkelen.

4.3.6.9.5 Personnamn

Personnamn i sitat bør ein helst unngå å få med. Ein kan eventuelt setja inn pronomen eller eit appellativ ("lensmannen", til dømes – når ein veit at personen i sitatet er lensmann og opptrer i yrkesrolla) i parentes. Likevel skal ikkje denne regelen tolkast absolutt eller mekanisk; såleis bør historisk kjende personar eller velkjende litterære figurar kunna nemnast. Ved namn på autentiske, serleg nolevande personar, som kan koma inn i til dømes avissitat (ofte frå korpuset), bør ein vera varsam og må tenkja personvern, om sitatet gjev grunn til det (det kan gjelda sitat med emne frå krigen, eller skandaleoppslag eller sterkt polemiske tekster frå eldre eller nyare tid). I slike tilfelle kan bruk av initialar vera ei løysing, men også dei må nyttast med serskild omtanke.

4.3.6.9.6 Bruk av "jfr"

Er det uråd å få brukt sitatet nøyaktig, t d for di det er for langt eller innbaka i konteksta slik at det ikkje kan skjerast ut utan meiningstap, kan vi gjera dei naudsynte endringane utan markeringar og setja "jfr" framfor kjelda. Men dette bør reknast som unntak – ein bør helst unngå sitat som krev omfattande tilpassing.

4.3.6.9.7 Utfylling av avstytt ord

I artikkelar i NoAllk kan oppslagsordet deira vera avstytt til ein bokstav. Dette fyller vi ut slik i sitat:

L. har små venger og har vondt for å koma opp

blir i NO

lappedukkarar har små venger og har vondt for å koma opp

4.3.6.9.8 Kursiv tekst i kjelda

Sitatkjelde som inneheld tekst i kursiv, bør ein unngå, men er ein nøydd til å bruka ei slik kjelde, gjer vi det slik:

Vi bruker ikkje sperra skrift til å gje att kursiv, slik ein gjorde i NO 1–5. (Ved nyinnlasting av band 1–5 kjem sperring til å bli fjerna.)

Kursiv i sitert tekst blir nytta av to grunнар i kjeldene: anten av di ein vil framheva (gje ettertrykk til) eit ord i teksta, eller av di ein siterer ei ordform (eller vil markera at ordet er eit latinsk artsnamn el l).

- Dersom eit ord er framheva med kursiv i originalsitatet, sløyfar vi framhevinga.
- Dersom eit ord er sitert i originalsitatet, set vi hermeteikn rundt det.

Døme:

kneppa v ... **4 a** smetta, smøya (seg) inn i noko; stappa (NFL7Ød 87): *vesten ... var so rom at tvo av gutane kunde kneppe seg inn i han* (Be.VR III,459)

Ordet *tvo* stod i kursiv i originalsitatet.

klasse m, f ... **2** inndeling etter serskilde sams kjennemerke, såleis **a** bot., zool, større gruppe som famnar om fleire ordenar: *ferskvasspolyppar er ein orden ... innan klassa "Hydrozoa"* (NoAllk);

semiotikk m ... lære, vitskap om teikn (i vid meining), t d ord, symbol, ritual; teiknlære (NoAllk; KittangM 147f): *"Rosens navn" er ein roman om semiotikk* (SS 1997,341).

Uttrykka *Hydrozoa* og *Rosens navn* stod i kursiv (utan hermeteikn) i originalsitata.

4.3.6.10 Forklaring til sitat

Forklaring til sitat er av to slag: forklaring frå kjelde og forklaring frå redaktør. Forklaring frå kjelde står føre kjelda, forklaring frå redaktør etter. Kvar type skal førast i eigne felt i programmet. Redaksjonelle døme har ikkje forklaring frå kjelde.

Ein bør vera sparsam med forklaringar til sitat. Innhaldet i sitatforklaringar i kjelder kan ofte innpassast i definisjonen og høyrer heime der. Ein god definisjon er å føretrekkja framfor forklaringar til einskildsitat. Dersom det trengst for mange forklaringar til sitat i ein tydingsbolk, bør ein gå attende til definisjonen og sjå på tilhøvet mellom den og tilfanget. Det kan henda at definisjonen er for generell og bør delast i fleire tydingsnummer (eller undertydingar), eller at forklaringa kan byggjast inn i definisjonen.

Forklaring av redaksjonelle døme er drøfta under punkt 4.3.8.1.2 i kapitlet om underoppslag.

Kan delar av sitatet ikkje reknast som skjønleg for vanlege lesarar, bør ein sjølv sagt forklara, men ein bør fyrst vurderer om ikkje sitatet kan bytast ut med noko meir lettskjønleg.

Ved ordtak bør ein ta inn forklaring i større mon enn ved vanlege sitat, for di det har ålmenn interesse både å ta med ordtaka og å forklara dei. Sjå meir om forklaring av ordtak under punkt 4.3.6.6.

Alle forklaringar må så langt det går vera i grammatisk samsvar med det som skal forklarast – stå i same tempus osfr.

4.3.6.10.1 Forklaring til sitat frå kjelde

Sitatforklaring frå kjelde blir rekna som redaksjonell tekst og normalisert som det (altså etter NOs rettskriving), endå om opplysning og ordval skriv seg frå kjelda.

Forklaringa blir førd i feltet "Forklaring", og i utskrift står ho mellom sitatteksta og kjelda.

Døme:

daude m ... *fretta ein daude* høyra gjeti eit dødsfall (A²) / *få ein fager daude* eit mildt og roleg dødsfall (A²)

Forklaringar som står hos Aasen og Ross, skal normalt takast med, og vi set dei om til NO-nynorsk og føyer til kjeldekode.

- Er forklaringa i praksis ei omsetjing frå norsk til dansk, kan ho bli sjåande ut som ei "omsetjing" frå nynorsk til nynorsk, og då tek vi ho ikkje med. Dette er altså ei vurderingssak for redaktøren.
- Er forklaringa tydeleg dekt av definisjonen hos oss, skriv vi ikkje forklaringa til Aasen eller Ross i tillegg, slik at innhaldet kjem dobbelt opp. Poenget er altså å ha med det som står i forklaringane deira, og det treng ikkje alltid stå på same forma som hos dei.

4.3.6.10.2 Forklaring til sitat frå redaktør

Når eit sitat ikkje er (heilt) gjennomsynleg i høve til tydinga i oppslagsordet, og kjelda ikkje gjev forklaring, må redaktøren forklara det som er vanskeleg, anten heile sitatet eller ein del av det. Forklaringa blir førd i feltet "Redaksjonell forklaring", og i utskrift står ho etter kjelda.

Forklarar vi berre ein del av sitatet, skal det vera den delen der oppslagsordet står, og forklarar vi berre eitt ord, skal det vera oppslagsordet. I andre høve kan forklarande sitatinnskot, sjå punkt 4.3.6.9.3, vera ei løysing.

Er det ein "irrelevant" del av sitatet som er vanskeleg og treng forklaring, er det eit teikn på at sitatet ikkje høver under det aktuelle oppslagsordet, i og med at det trekkjer merksemda vekk frå det sitatet eigenleg skal illustrera. Då bør ein finna eit anna og betre sitat. Ved ordtak kan det likevel tenkjast at ein må gjera unntak frå dette (sjå ovanfor).

Den redaksjonelle forklaringa er til vanleg ei tydingsutgreiing, men kan òg vera ei tilvising til ei anna tyding i den same artikkelen.

Døme:

Som vanleg forklaringstekst:

føre-heng n ... (då) *fell fyrehenget* (Fedrah 1878) sceneteppet / bil.: *ein hadde fenge fyrehenget for komande dagar drege bitte lite grand til sides* (BergN 37) fått ein glytt inn i framtida

føre-hud f ... *menner, som hava fyrehud* (Ap1889 11,3) folk som ikkje høyrer til jødefolket

Som tilvising:

I **ikkje** adv ... (*nei,*) *slett* (el *absolutt, visst*) *ikkje* jfr tyd A7

4.3.7 Samansetningsdøme

Heilt til slutt i ein tydingsbolc kan det koma eitt eller ei rekkje av fleire samansetningsdøme.

Det er to slag samansetningsdøme:

- med oppslagsordet som fyrsteledd, innleidd av semikolon og "hertil"
- med oppslagsordet som etterledd, innleidd av semikolon og "òg i sms som" (sjå punkt 4.3.7.4 om innleiingstekst)

Normalt set ein ikkje begge typane etter kvarandre i same tydingsbolken.

4.3.7.1 *hertil-rekkje eller fyrsteleddsartikkel?*

Ein kan ikkje ha både *hertil-rekkje* i grunnordsartikkelen og *fyrsteleddsartikkel*. Det er ein absolutt regel at ein bruker det eine eller det andre.

Ein vel *fyrsteleddsartikkel* under eitt eller fleire av desse omstenda:

- Ein treng å ha med opplysningar om form, tilvising til grunnordet, inndeling i tydingar o a, jfr punkt 6.3.
- Det er mange samansetningar med oppslagsordet som fyrsteledd.
- Sume (tre eller fleire) samansetningar med grunnordet som fyrsteledd får eigen artikkel.

"Hertil"-oppføring til tydingsbolc vel ein når

- fyrsteleddet ikkje krev serskilde formopplysningar, t d er identisk med oppslagsordet;
- det er fåe samansetningar med oppslagsordet som fyrsteledd;
- ingen samansetningar med oppslagsordet som fyrsteledd får eigen artikkel. Dette er hovudregelen. Vi kan gjera unntak for opp til to normalartiklar for samansetningar.

Døme på unntak som dei nemnde i siste kulepunktet:

idiot ... *hertil idiot-anstalt* ...

idiot-sikker ...

Sjå òg kapittel 6 *Fyrsteleddsartikkelen* og kapittel 7 *Etterleddsartikkelen*.

4.3.7.2 *Ymse retningsliner*

Samansetningsrekkjer i tydingsbolken skal ikkje vera lange; normalt bør det ikkje vera meir enn eit par-tre, anten oppslagsordet står som etterledd eller som fyrsteledd.

Berre ved ord som er vanlegare som etterledd i samansetningar enn som grunnord, tek vi med fleire. Desse samansetningane kan ha eigne artiklar på alfabetisk plass, men treng ikkje ha det.

I NO 1–4 finst det artiklar med éi samansetningsrekkje som står til fleire tydingar til slutt i ordartikkelen. Denne praksisen er det slutt med. Frå bokstaven *i*- blir samansetningane sette i kvar sin tydingsbol. Alternativt blir dei førde i ein eigen fyrsteleddsartikkel ("sekk", sjå kapittel 6).

Nemner ein ei samansetning som skulle stått tidlegare i NO, men som ikkje står der, så er dette eit signal om at vi har tilfang om denne samansetninga i samlingane.

I NO 1–4 kunne samansetningar i slike rekkjer ha tilleggsopplysningar både om kjelde og tyding, og dei vart såleis eit slag miniartiklar utanfor alfabetisk rekkjefylgje. Frå band 5 er det slutt med dette. Samansetningar som står i rekkje, har ikkje tilleggsopplysningar, og dei blir ikke kjeldefeste.

4.3.7.3 Laging av samansetningsrekkjer

Det er eit eige "kartotek kort" for samansetningsdøme. Typografi ligg i programmet.

Samansetningsdøma står i kursiv.

Framgangsmåte (sjå òg programretteiinga):

- Ha to versjonar av redigeringsprogrammet oppe på skjermen, eller både redigeringsprogram og metaordbok.
- Søk opp artikkelen eller artiklane du vil visa til i den andre versjonen av NO eller MO. Sjå etter at lagingsikonet er grått.
- Vel rekkjetype (klikk i feltet, meny-pil kjem til syne, vel "i sms" eller "hertil") – dette må du gjera for å koma vidare.
- Skriv eventuelt ei anna innleiing i innleingsfeltet (overstyrer menytekst), sjå meir om innleiingstekst i neste underkapitlet. Lagre.
- Plasser markøren i feltet kalla "Artikkel/definisjonstekst".
- Gå til MO eller ein annan versjon av NO og kopier artikkelen du vil visa til.
- Gå til artikkelen du arbeider i, og lim inn tilvisinga. Lagre.

Dette kan du gjera fleire gonger, eller du kan markera fleire samansetningar og lima inn under eitt.

Redaktøren skal sjå til at samansetningane innanfor ei rekkje er ordna alfabetisk. Dei grønne pilene i knapperada blir brukte for å endra rekkjefylgja.

Oppføring i samansetningsrekkje er å rekna som ei form for tilvising innanfor den elektroniske ordboka til ordet som står i rekkja. Difor har alle ord det blir vist til, elektronisk innhaldsartikkel (normalartikkel), òg om dei ikkje blir redigerte (som mange av orda i "i sms"-rekkjer blir). Dersom ein hentar ei samansetning frå Metaordboka, blir normalartikkelen oppretta automatisk. Dersom ein prøver å henta ei samansetning frå Metaordboka og det alt finst ein artikkel for dette ordet, får ein varsel om det. Valet "Bruk i samansetning" i varselet vil seia at NO-artikkelen som finst frå før, blir kopiert av programmet og limt inn i rekkja (det er til vanleg ynskjeleg).

Eit par punkt å merka seg når det gjeld normalartiklar som er oppretta for tilvising frå samansetningsrekker:

- Pdf-funksjonen i programmet ignorerer automatisk normalartiklar som har kopling til seg frå hertil-rekker (irekna fyrsteledds-”sekkar”), òg om dei er haka av for prenting. Artiklar som har kopling til seg frå ”i sms”-rekker, blir *ikkje* ignorerte på denne måten. Ein skal likevel ta vekk haken i ord i hertil-rekker, og i ord i ”i-sms”-rekker som soknar til tidlegare band utan å vera prenta der, sjå punkt 1.3.5 *Norsk Ordbok i elektronisk utgåve og som manuskript*.
- Dersom ein tek vekk ei samansetning frå rekkja (gjeld både ”hertil” og ”i sms”), blir den tilsvarande normalartikkelen *ståande i artikkelbasen*, slik at ein må gå inn i den artikkelen for å sletta han.

4.3.7.4 Form på samansetning og innleiing

Samansetningane skal ha bindestrek i seg, òg dersom det berre er éi av dei.

For døme med oppslagsordet som etterledd ynskjer ein til vanleg å ha ei anna innleiing enn ”i sms”, og då må ein tasta inn heile denne innleiinga i feltet ”Innleiing”. Den vanlegaste innleiinga er ”òg i sms som”. Ordet ”òg” signaliserer at ordet finst både som grunnord og samansetningsledd (meir sporadisk blir uttrykk som ”berre i sms som” og ”serl i sms som” brukte). Ordet ”som” signaliserer at det finst andre samansetningar enn dei som blir lista opp (meir sporadisk tek ein ikkje med ”som”, når ein meiner at ein oppgjev ei slutta rekkje av samansetningar med etterleddet).

4.3.8 Underoppslag

Underoppslag blir laga for leksikaliserte ordsamband som fungerer som faste semantiske einingar.

Underoppslaget blir redigert som ein eigen liten artikkel inni ordartikkelen for eitt av orda i uttrykket. Artikkelskjemaet for underoppslaget er ein nedskoren versjon av det vanlege artikkelskjemaet, sjå vidare under punkt 4.3.8.6 *Utsjånad og organisering*.

Ordsambandet i oppslagsdelen kjem i halvfeit skrift (til liks med eittordige oppslagsformer). Ikonet for underoppslaget i treet i redigeringsprogrammet er eit gult ark.

Same underoppslaget kan stå berre éin gong i heile ordboksverket, såleis

- berre under artikkelen for eitt av orda i uttrykket (jfr punkt 4.3.8.4.12)
- berre éin gong i same ordartikkelen (jfr punkt 4.3.8.5)

Underoppslaget kan heller ikkje kombinerast med eit likelydande redaksjonelt døme i same artikkelen.

To ulike underoppslag med lik oppslagsform kan stå i ulike ordartiklar (i praksis sers sjeldan); dei er då homonyme eller polyseme og dekkjer ulikt materiale. **Døme:** Underoppslag som **sleppa fram** står i begge parverba (homograf I og II) **sleppa**.

I band 1–4 er det ikkje skilt tydeleg korkje mellom sitat og underoppslag eller mellom undertydingar og underoppslag. Underoppslaget var ikkje identifisert som leksikografisk og semantisk kategori. Ein kan difor ikkje ta behandlinga av slike uttrykk i NO band 1–4 som modell.

For korleis ein går fram når ein skal oppretta og gå i gang med å redigera eit nytt underoppslag, sjå òg programretteiinga punkt 5.2 *Nytt underoppslag*.

I det fylgjande blir det gjort greie for

- korleis underoppslaget kan identifiserast og avgrensast (4.3.8.1–4.3.8.3)
- kva oppslagsord underoppslaget bør stå under (4.3.8.4)
- kvar i ein artikkel underoppslaget kan passast inn (4.3.8.5)
- korleis underoppslaget ser ut og er organisert (4.3.8.6)
- korleis ein viser til underoppslag (4.3.8.7)

4.3.8.1 Kriterium for å skilja underoppslag frå redaksjonelle døme

Det kan vera vanskeleg å avgjera om eit uttrykk skal stå som underoppslag eller ikkje. Her finst det ulike grenseoppgangar. Grenseoppgangen mot eigne fleirordige hovudoppslag (t d **pommes frites, i fall**) er handsama under punkt 2.1.6 og 4.3.8.2.9. Langt oftare er ein i tvil om eit uttrykk skal reknast som underoppslag eller redaksjonelt døme (jfr punkt 4.3.6.3). I tillegg kan det vera tvil om noko skal førast som underoppslag eller (gå inn i) eit vanleg bruksdøme med kjelde, eller det kan vera problem med i det heile teki å identifisera fleirordsuttrykket i materialet.

4.3.8.1.1 Uføreseieleg tyding

Hovudskilnaden mellom underoppslag og redaksjonelt døme er at **underoppslaget har éi eller fleire tydingar som ikkje er føreseielege eller openberre ut frå einskildorda.**

I det redaksjonelle dømet har tydinga til uttrykket ein klår samanheng med tydingane til orda som inngår. Det redaksjonelle dømet er eit signal om at orda ofte førekjem saman, er ein såkalla kollokasjon.

Døme på redaksjonelle døme:

ropa hurra

halda seg til sanninga

stolt og glad

vera i god, brukbar, forskriftsmessig stand

(ikkje) vera (til) å stola på

Døme på underoppslag:

kristenmanns blod

til sist

skyggja bana

slå an**falla mellom to stolar**

Det treng ikkje vera lett å seia utan vidare om tydinga til eit uttrykk skal reknast som føreseieleg, og i andre underkapittel nedanfor er andre (tilleggs)kriterium og indisium for å skilja ut underoppslag drøfta. Når det gjeld tydingsoppfatning, er ramma vanleg språk- og kulturforståing hos ein vaksen morsmålsbrukar, men òg dei tydingane som kjem (fullgodt) fram i same artikkelen og andre artiklar i Norsk Ordbok.

Det kan sjølvstøtt vera at det er fyrst når ein analyserer materialet at ein ser at noko bør stå som underoppslag. Men eit uttrykk kan òg sjå ut som eit underoppslag når ein fyrst ser det, medan materialet og den meir utbygde NO-artikkelen indikerer redaksjonelt (eller kjeldefest) døme.

Døme:

- **skyggja** kan tyda m a 'stengja, blokkera sollyset', og ein kan tenkja at uttrykket *skyggja for augo* berre kan stå som eit redaksjonelt døme på dét. Men setningar med uttrykket underforstår gjerne at ein set handa ut frå panna for at ein skal sjå betre (medan ein helst må spesifisera andre måtar å skyggja for augo på): *Guri skygde for augo, trudde ho såg syner*. Det er difor kanskje best å ha **skyggja for augo** som eit underoppslag, der definisjonen spesifiserer handbruken og føremålet.
- Ein kan tenkja at *atonal musikk* bør stå som underoppslag, i og med at det avgrensar ei musikkform. Men *atonal* kan stå med same tydinga i mange samanhengar, t d i *atonalt tonespråk* og *atonalt verk*. Hopehavet med *musikk* fører ikkje noko semantisk med seg som ikkje kan dekkjast av definisjonen eller ekstensjonspresiseringa i artikkelen **atonal**. På same måten krev heller ikkje *klassisk langrenn, stil, teknikk* underoppslag når ein fyrst har gjort greie for den aktuelle tydinga av *klassisk*.
- Ein kan kanskje tenkja seg *turr humor* som kandidat til underoppslag i artikkelen **turr**. Dette uttrykket kan seiast å gå litt vidare enn *turr* om vi reknar med tydinga 'kort, lakonisk, uttrykkslaus', som ikkje får med at humoren er framstelt alvorleg for å skapa ein komisk, ironisk verknad (og at meininga ikkje t d er at humoren er dårleg uttrykt). Men så har ein òg slikt som *turr vits* og utsegn som *den var turr*, som indikerer at *turr* har ei tyding som famnar om fleire ordsamanhengar (som ikkje er utbyttable med *turr humor*). Vi har òg *blaut* med ei motsett tyding. I tillegg kan ein seia slikt som *humoren hans var ganske turr*, altså at adjektivet ikkje treng vera brukt attributivt, slik at vi ikkje har å gjera med eit verkeleg fast ordsamband, sjå kriteriet om fastheit nedanfor. Definisjonen av adjektivet bør difor heller byggjast ut og nyanserast, og *turr humor* kan stå som redaksjonelt døme (om materialet syner at det er ein frekvent ordkombinasjon).

Ein måte å undersøkjia komposisjonaliteten på er å sjå korleis einskildord i uttrykket er definerte, eller korleis dei bør definierast om dei ikkje er redigerte. Så kan ein sjå om tydinga til fleirordsuttrykket går vidare enn det.

Døme: Ein kunne tenkja seg at uttrykket *stola blindt på* bør stå som underoppslag. Men tyding 2 av *blind* er etter NO 'som vantar syn (for) el skjøn (på); utan omtanke; kritikklous', og denne metaforiske

tydinga er illustrert med ueinsarta døme i artikkelen **blind**. Å stola blindt på nokon er altså å stola kritikklaust på nokon.

Stundom høver det å jamføra til ein annan artikkel etter det redaksjonelle dømet.

Døme:

II stola v ... stola blindt på noko(n); jfr blind 2

stol m ... setja seg, sitja på ein stol (utan armstøer); jfr II på A1

semantikk m ... leksikalsk semantikk (InnfLingv 103); jfr leksikalsk 1

Her er det rekna med at tydingane til uttrykka er føreseielege gjennom tydingane til einskildorda, men ein har vist til (definisjonar i) andre artiklar for å bøta på at lesaren likevel kan vera i tvil. Under *blind 2* kan ein då sjå at tydinga til *blind* er den same der som i fleirordsuttrykket.

4.3.8.1.2 Behov for forklaring

Eit redaksjonelt døme skal i utgangspunktet ikkje trenga forklaringstekst. Meiner ein at dømet treng det, bør ein undersøkje nærmare

- om forklaringa kan strykast
- om ein bør byggja ut definisjonen eller tydingsstrukturen (sjå òg punkt 4.3.6.10 *Forklaring til sitat*)
- om ein heller bør laga underoppslag

Redaksjonelle døme med forklaring skal ein berre ha etter å ha vurdert og forkasta andre alternativ.

Døme på utbygd tydingsstruktur:

- I artikkelen **stol** får ein eit lite problem i samband med at vi kan seia *høg stol og stolen er høg* (og tilsvarande med *låg*). Adjektivet gjeld i og for seg høgde på vanleg måte (tyding 1a av **høg**), men det er sætet på stolen som tel, ikkje (den høgare) ryggen. Her kan det vera freistande med eit redaksjonelt døme "*høg stol stol med høgt sæte*", men det er meir opplysende å ta det som undertyding: "**stol** m ... // med sætet som referansepunkt for høgde: *høg, låg stol*".
- **sjølvforsvar** har tydinga (òg overført) 'det å forsvara (3) seg sjølv (i ein naudssituasjon)'. Ei spesialisert tyding gjeld serskilte teknikkar til nærkamp. I materialet er det då som regel snakk om å "læra" sjølvforsvar, og då kan eit mogleg alternativ vera å ha eit redaksjonelt døme *læra sjølvforsvar* med forklaring. Men denne tydinga er ikkje avgrensa til denne ordfylgja (ein kan tala om kurs i sjølvforsvar), slik at ei undertyding (med redaksjonelt døme) er betre.

Det kjem likevel til å vera att ein rest med redaksjonelle døme som treng forklaring, jamvel om det er ei løysing som ein må vera restriktiv med.

Ein type er at det i prinsippet skulle halda med å visa til ein annan artikkel, men at det av ein eller annan grunn ikkje høver (like bra) berre å gjera det.

Til dømes kan det vera at ein kompenserer for at det manglar eit underoppslag i eit prenta band, framfor å laga underoppslag på ein urimeleg stad (jfr òg punkt 4.3.8.4.12), eller at ein ikkje er viss nok på korleis ein framtidig artikkel kjem til å bli redigert, eller at ein av andre grunnar ikkje vil leggja for stor byrd på lesaren ved å la dømet stå uforklart.

Døme:

IV **slå** v ... *slå seg på brystet briska seg / ...*

I **senda** v ... **b** få noko(n) over i ein ny situasjon: *senda nokon i dauden valda at nokon døyr / han var ein rein engel å sende i ægteskap (Ga. I,380) / skandalen ... som sende landet ut i kaos og anarki (DT 2000) / ...*

III **koma** v ... **b** ... *koma i vegen for hindra (ufriviljug) ...*

Når eit ordsamband primært høyrer heime i ein annan artikkel (men det er nyttig å nemna sambandet i artikkelen ein redigerer), er likevel grunnmåten å visa til den andre artikkelen (sjå òg punkt 4.3.8.7 *Tilvising til underoppslag*).

Ein annan type redaksjonelle døme med forklaring har vi når definisjonen er godt nok utarbeidd, men det kan vera klårgjerande å føya til detaljar eller opplysningar med ensyklopedisk preg, som t d kulturhistoriske opplysningar. Det må her altså vera tale om opplysningar som knapt høyrer heime på definisjonsformat.

Døme:

open (ò) adj ... **1 a** (om stenge el deksel) som kan fjernast; ulåst; (òg:) ikkje lukka, på glytt: *open dør, glugg, luke / med snippen, jakka open ikkje knept / døra, vindauga, grinda står open*

I **ror** (ó) m ... **1** det å ro; roing ... *ein tung ror t d i motvind / ...*

skjenkje-rett jur., adm, rett (I,3) til å skjenkja (3); skjenkjeløyve (NoAllk; Stokk.N1 180): (dei) *får skjenkjerett for øl og vin i kroa (si) (Firda 2001) / alle skjenkjerettar rett til å skjenkja brennevin i tillegg til annan rusdrikk.*

I **skjerpa** v ... **b** gjera hardare el sprøare med varme (A1; R; ØGausdal, Suldal, Kvam i Hard, Selje, Hareid, Vartdal, Roms, Oppdal, Budal, Sparbu, Nesna, Astafjord, Lavangen, Karlsøy, Berlevåg): *skjerpa flatbrød steikja opp att flatbrød som har vorti mjukt el gamalt / me kjøper ferdiggrilla kjuklingar, deler dei og skjerpar dei litt på grillrista (GulaT 1985) / ...*

spørjetime m time, tid avsett til spørsmål: *heilt på slutten av spørjetimen fekk biskopen eit Donald Duck-blad av elevane (Sunnh 2008) / Stortingets spørjetime tid kvar veke då statsrådar svarar på spørsmål frå representantane.*

Forklaringa i *skjerpa* ovanfor er motivert av at dei i gamle dagar, då folk var nøysame, steikte opp att gamalt og seigt flatbrød.

Det kan tenkjast at ordfrekvens òg kan spela ei rolle i denne samanhengen. Med nokså lågfrekvente ord (slik som *spørjetime* i døma ovanfor) kan det førekoma éin eller eit par relativt sett frekvente

kollokasjonar som bør nemnast som redaksjonelle døme i ordartikkelen. Sidan artikkelen gjeld eit ord med låg bruksfrekvens i språket, er kanskje det med på å gjera at redaktøren får behov for å føra utfyllande opplysningar til det redaksjonelle dømet.

Mange av faguttrykka som bør nemnast, bør stå med redaksjonelt døme med forklaring heller enn å få underoppslag. Faguttrykk tek vi berre med når dei har nedslag i massemedia, grunnskulebøker o l (jfr punkt 2.1.5.3.1 *Fagord*), men det er ofte òg slik at dei fleirordige faguttrykka vi nemner, ikkje bør stå på oppslagsform.

Det som gjer at vi treng forklara mange av desse faguttrykka, ser ut til å vera at fagfolk legg ei viss veldefinert tyding i eit uttrykk for eintydig kommunikasjon på eit felt: *Radiologisk datering* handlar om å måla kor langt nedbrytinga av radioaktive stoff har komi. Jamvel om ikkje alle dei detaljane kjem direkte fram gjennom orda som inngår i uttrykket, bør vi kunna seia at vi har eit klårt nok samband mellom einskildorda og heilskapen; det handlar trass i alt om å bruka radiologi til å datera, og korkje heile uttrykket eller nokon av orda som inngår, har fått noka forskuving, utviding eller oppsplitting av tydinga som gjer uttrykket ugjennomskodeleg. Desse uttrykka kan difor skilja seg litt frå vanlege underoppslag (med liknande form), som treng forklaring av di dei er idiomatiske heller enn av di dei er presist avgrensa. Forklaringane vi gjev av desse faguttrykka, går lengre inn i detaljane på eit visst fagfelt og går då meir i retning av det som kan kallast ensyklopediske opplysningar. Desse forholda kan òg spegla seg i moment som er drøfta under punkt 4.3.8.1.5 *Fastheit*.

I tillegg kan ein del av desse uttrykka verka som litt vilkårlege nedslagspunkt i ein fagterminologi, ut frå kva kjeldene våre har fanga opp.

Det hindrar ikkje at faguttrykk kan falla klårt inn under kriteriana for underoppslag på same måten som andre uttrykk gjer det; det er ikkje diskvalifiserande i seg sjølv at uttrykket blir brukt på ein systematisk måte av fagfolk. Såleis må *svart hol* få underoppslag slik som *svart får* får det. Det kan jo tenkjast andre slags svarte hol, så tydinga til heilskapen fylgjer ikkje av delane. *Statisk elektrisitet* er eit anna uttrykk som er mykje brukt i ålmenne samanhengar, og dei som bruker uttrykket i kvardagen, treng ikkje vita at det er "elektrisitet framkalla av friksjon" (i motsetning til *elektrisk straum*, som relativt sjeldan er kalla *dynamisk elektrisitet*). Definisjonen går her i ei anna retning enn slik folk gjerne føresteller seg fenomenet i kvardagen. *Statisk elektrisitet* fortener difor underoppslag.

Ein serskild type redaksjonelle døme med forklaring er elles ordlag og ordtak som er ålment kjende, slik at dei ikkje bør ha kjelde, men at dei er slik laga at dei likevel bør ha forklaring, sjå punkt 4.3.6.6 *Ordtak og ordlag*.

Ei heilt anna sak er kjeldelause målføresitat etter definisjonar som er frå éin stad, der vi ikkje tek opp att heimfestinga etter bruksdømet (sjå punkt 10.5.1.3). Slike sitat får av og til sett forklaring til seg, liksom andre sitat, men slike bruksdøme er ikkje rekna som redaksjonelle (laga av redaksjonen).

4.3.8.1.3 Fleire tydingar

Éin ting er om eit uttrykk treng forklaring, men **dersom det trengst ulike forklaringar, peikar det eintydig mot underoppslag**. Det kan gjelda ei bokstavleg og ei overført tyding, eller at uttrykket har fleire tydingar.

Døme:

bøya nakken 1 senka hovudet. 2 syna vyrndad (t d i bøn) (Ves.HH 120). 3 syna seg underlegen; syna avmakt: *aldri bøygde ho nakken sin under tvingsla* (Ga. II,190). 4 få (nokon) til å gje seg, bli audmjuk: *bøya nakken på (nokon)* (jfr Setr.DSM 187)

Ein skal ikkje ha sitatforklaringar (til redaksjonelle eller andre døme) med to separate ledd, t d skilde med semikolon. Treng ein det, må ein velja ei anna redigeringsløyising, som kan vera underoppslag.

I ein del underoppslag med éi eller fleire biletlege tydingar kan det vera tvil om korleis ein handterer den konkrete tydinga. Dette er drøfta under punkt 4.3.8.6.4.

4.3.8.1.4 Frekvens og utbreiing

Både underoppslag og redaksjonelle døme skal vera rimeleg frekvente.

Vi må skilja mellom frekvens, eller konvensjonalitet, og geografisk utbreiing. Liksom einskildord kan faste ordsamband vera frekvente lokalt, men udokumenterte i standardspråket. Dei kan altså ha berre **lokal utbreiing**. Liksom for einskildord lit vi på informantane der vi ikkje har grunnlag for det motsette. Det at eit fast ordsamband ikkje er dokumentert i skriftspråket eller ålment kjent i talemålet, er altså ikkje grunn til å avvisa det. Om kriteria for underoppslag elles er oppfylte (uføreseieleg tyding osfr), kan vi laga underoppslag.

Døme:

slå ein stolpe slå ei plate (3); bløffa, lyga (Leka)

gjera til munnen tala fint; knota (I,2a) (Sandstad): *ho gjorde til munnen sin*

Dersom vi er usikre på om eit slikt uttrykk har vori i konvensjonell bruk i eit samfunn, tek vi det ikkje med som underoppslag.

- Det kan t d vera at informanten berre kjenner uttrykket frå ei einskild ytring, eller det ikkje går klårt nok fram om det er slik. Vi spør oss på at informanten går god for at "dei seier det" på staden, men når "ho jordmor-Matja sa det", kan konvensjonaliteten bli meir usikker.
- Ukommenterte setningar og uttrykk som vi kjem over i tekster i t d årbøker og folkeminnesamlingar, kan vi ikkje kjenna statusen til. **Døme:** Vi kan ikkje gå ut frå at *trong på avtrekk 'treg'* har vori utbreidd berre på grunnlag av setninga *å du ska' tru han Gammel-Jo va' ikkje trong på avtrekk, denna gong* i ei forteljing frå Salten i Hålløygminne.
- Summe uttrykk kan fylgja eit mønster på ein slik måte at det blir meir usikkert om det er i konvensjonell bruk. **Døme:** Om ein har eit fast uttrykk (*å vera*) *på halv tolv* og eitt belegg med *på halv åtte*, kan det vera uvisst om det sistnemnde uttrykket er godt konvensjonalisert eller om det er ein meir sporadisk spøk. (I røynda kan vi ha fleire belegg på dette uttrykket; her førekjem det berre som eit konstruert døme.)

Om informanten har gjort seg flid med å fyrst markera eit uttrykk og deretter visa eit fullt bruksdøme med det, kan det vera ein indikasjon på at belegget held. Ein kan òg skaffa seg røynsle (eller hjelp) med korleis dei ulike heimelsfolka våre handterer materialet sitt (t d om alle uttrykk frå ein

oppskrivar er i vanleg bruk om han ikkje seier frå om at han har det berre frå éin informant), og kor pålitelege dei er. Som alltid er det betre å ta med litt mindre enn å seia noko som er gali eller misvisande.

Redaksjonelle døme, som er døme laga av redaksjonen, "veks organisk" ut av eit (etter måten) stort materiale. Dei er generaliseringar over representativt språkbruk og har mange kjelder bak seg. Slik sett har vi ein skilnad mellom redaksjonelle døme og underoppslag, for underoppslag kan ha så lite som éin setel bak seg.

4.3.8.1.5 Fastheit

Underoppslag skal vera rimeleg faste i form og ordfylgje. Tendensen i lingvistikken den siste tida har gått i retning av å rekna med større variasjon i idiom enn ein gjerne rekna med før. Det viser seg òg i NO at underoppslag har ein god del variasjon, sjå òg under punkt 4.3.8.6 *Utsjånad og organisering*. Samstundes representerer redaksjonelle døme typiske ordsamanhengar, kollokasjonar. Slike uttrykk kan i ein del tilfelle stivna i mønster som er lette å gripa til når ein skriv eller snakkar, jamvel om tydinga til ordsekvensen framleis er openberr ut frå tydinga til dei einskilde orda.

Sett under eitt er underoppslag fastare enn redaksjonelle døme, men det kan vera eit vanskeleg kriterium å bruka i praksis, på einskildtilfelle, då begge typar kan ha ei viss fastheit og ein viss variasjon.

Ein skilnad ein kan peika på, er at underoppslag som er substantivfrasar med attributivt adjektiv, ikkje (eller berre marginalt) kan ha det same adjektivet i predikativ stilling (med same tydinga). *levande leksikon* svarar såleis ikkje til *leksikon som er levande*. Det heiter *grøn te* og i høgda berre marginalt *te som er grøn* o l, samstundes som at *grøn* har ei sertyding her (teen er ikkje grøn på let), slik at ordsambandet kvalifiserer til underoppslag.

Motsett er det heilt vanleg med redaksjonelle døme som *dårleg syn*, endå vi godt kan seia slikt som *synet hennar tok til å bli dårleg*. Redaksjonelle døme av det slaget uttrykkjer at adjektivet og substantivet er mykje brukt saman, og attributiv stilling er brukt som "nemneform" i dømet. (Det finst nok overgangstilfelle. Med *svart skjerm*, om ein skjerm med eit bilete som har blitt borte, treng ikkje skjermen vera svart på let, og det er vel berre (samansetningar med) *skjerm* som kan stå som substantiv. Med belegg som *ein feil med ein sendar på Husnes har ført til svarte skjermar* er det føresett kjent for lesaren kva ein svart skjerm er for noko. Så langt verkar det som at vi kan ha *svart skjerm* som underoppslag. Men så kan vi greitt seia *skjermen vart brått svart*, som indikerer at det skulle vera nok å definera *svart*, med ekstensjonspresisering.)

Fastheit på dette punktet er ikkje eit positivt kriterium for underoppslag (eller eit negativt kriterium for redaksjonelle døme): Vi støyter nokså ofte på uttrykket *møtande bilar* i skrift, medan vi ikkje har belegg som *bilar som er møtande*. Ordsambandet inneheld *møta* i den same tydinga som i definisjonen av verbet ('koma imot' osfr) og bør då stå som redaksjonelt døme.

Med faguttrykk kan adjektivet ofte brukast kurant (men rett nok mindre vanleg) etter substantivet. Slik kan vi seia om *aritmetisk rekkje* at *rekkja er aritmetisk*. For *radiologisk datering* kan vi på same måten ha at *dateringa er radiologisk* (og vi kan òg tala om å *datara noko radiologisk*). Slike termar står i opposisjon til andre termar (t d *geometrisk rekkje*, *dendrokronologisk datering*) i konvensjonaliserte sett av faguttrykk, og ordinære underoppslag ser ikkje ut til å fungera på same

måten. Dersom det er kurant (utan humor og kreativitet) å snu om på substantivfrasen for å setja han opp mot andre uttrykk med same substantivet (*intravenøs infusjon – infusjonen var intravenøs*), kan det vera eit teikn på at tydinga ikkje er idiomatisk og at vi ikkje bør føra uttrykket som underoppslag.

Eit faguttrykk som ikkje er råka av denne indikasjonen, er *semantisk rolle*, som ikkje står i opposisjon til andre slike uttrykk med *rolle*, og der ein til vanleg ikkje skriv *rolla er semantisk*. Her blir det ei reint semantisk avveging av om uttrykket fortener underoppslag, med utgangspunkt i dei føregåande underkapitla.

Det kan vera at eit faguttrykk ein ikkje fører som underoppslag, likevel treng forklaring som redaksjonelt døme, om det sjå punkt 4.3.8.1.2 *Behov for forklaring*. Men når adjektivet i eit fleirordsuttrykk kan stå med ulike substantiv utan tydingsendring av korkje adjektivet eller substantivet (*atonal musikk, atonalt tonespråk, atonalt verk*), må ein sjå om uttrykket treng forklaring i det heile teki, og om det held med å definera adjektivet (godt nok) og ha uforklarte bruksdøme, sjå òg punkt 4.3.8.1.1 *Uføreseieleg tyding*.

Som nemnt finst det ein del variasjon i underoppslag, og det dreiar seg gjerne om bøyning og ordfylgje og om utbyting, fjerning eller tillegg av andre ord enn oppslagsordet.

Døme: ikkje det støv (òg med anna nekt, òg utan art.)

Det finst likevel grenser for kor mykje slik variasjon vi kan tillata oss (etter skjøn) før underoppslaget så å seia går sund og vi heller bør velja ei anna løysing, t d å splitta komplekset opp i to underoppslag.

Døme:

// i samb **stundom svengen og stundom sprengen** 1 (òg med adv *snart*) stundom svolt og stundom ovnøgd (VAgd16-; L; A; A.Ordspr 228): *snart svengen og snart sprengen* (NFL84Ordt 32). 2 (utan adv) for lite eller for mykje; anten–eller (Røldal, Sykkylven): *det er anten "svengen eller sprengen", som ein ser der i garden* (i Morgenbladet) (SS 1931,298)

kontra heller

// i samb **stundom svengen og stundom sprengen** (òg med *snart* el utan adv) stundom svolt og stundom ovnøgd (VAgd16-; L; A; A.Ordspr 228): *snart svengen, og snart sprengen* (NFL89Ordt 313) // **anten svengen eller sprengen** for lite eller for mykje; anten–eller (Røldal, Sykkylven): *det er anten "svengen eller sprengen", som ein ser der i garden* (i Morgenbladet) (SS 1931,298)

I **dømet** under har **syna ikring** og **syna rundt** akkurat same tydinga, men dei har sers lite språkstoff (berre eit adverb) i tillegg til oppslagsordet **syna**. Då rekna ein det som for drastisk å slå saman *ikring* og *rundt*, m a for sjansen for treff når ein søker på oppslag i basen. *ikring* og *omkring* tillét ein seg likevel å slå saman.

6 syna ikring (òg *omkring*) fylgja (nokon) på ein runde på ein stad og peika ut og fortelja om ymist som er fint el nyttig å gjera seg kjend med: *hr. konservator Jensen syntte oss ikring i dyrsamlingi på museet* (Fedrah 1878). **7 syna rundt** syna ikring: *vi fekk ein arbeidar med til å syne oss rundt* (KohtMUÅ 233).

Sume faste uttrykk inneheld variable element med visse grammatiske drag, t d eit ord av ei viss ordklasse. Vi kan tala om *utfyllingsskjema*. Vi tek med slike uttrykk som underoppslag når dei er idiomatiske. Det som skal "fyllast ut", blir markert med tankestrek med mellomrom.

Døme: for – skuld, for – sidan

Når slike uttrykk berre er kollokasjonar, er det sjølvsgt aktuelt med redaksjonelle døme: *av prinsipiell, teknisk, ulik karakter* (med *av* + adj + *karakter*).

Ein del vendingar utgjer ein mellomting mellom faste uttrykk og reint grammatiske konstruksjonar og er så skjematisk og produktive at dei ikkje eignar seg for behandling som frase i ei ordbok. Hovudomtalen kjem under (det mest sentrale) ordet som går att i alle variantar av konstruksjonen.

Døme:

IV **seg** pron ... **1** ... **f** i konstruksjon med (intr) verb og adv som uttrykkjer retning, føremål, (ynskjeleg) resultat el sideverknad av v-handlinga: *dei tusla seg heim* (Håløygm 1962,111) / *dei streva seg fram på bakken heime* (Du.BA 207) / *så dansa dei seg gjennom gardar og tun langt innetter grenda* (Hordaland 1900) / (han) *arbeidde seg gjennom teksten ein gong til* (DT 2002) / *mange fiska seg til velstand den gongen* (Krekl.FiskNTrl 34) / ...

4.3.8.1.6 Eksemplifisering med sitat

Underoppslag har gjerne sitat som eksemplifiserer bruken av uttrykket, liksom hovudoppslag kan ha det. Dersom ein treng å eksemplifisera uttrykket med sitat, kan det vera eit indisium på at det bør stå som underoppslag.

Døme:

tapet n ... papir, tekstil el kunststoff til å kle innvendige vegger med ... **ha på tapetet** ha (noko) på programmet, ha planar om: *det neste prosjektet velforeininga har på tapetet, er å etablera ein ballbinge* (VestNytt 2005)

Sitat til ordsamband illustrerer som regel ei uføreseieleg tyding. Det er likevel ikkje alltid slik. Ovanfor er det drøfta korleis ein av og til har fordel av å setja ei forklaring til eit redaksjonelt døme. På ein liknande måte kan ein kjenna behov for å setja eit sitat til eit redaksjonelt døme, utan at det strir mot kriteria for å laga underoppslag. Motiv kan vera å dokumentera kulturhistoriske opplysningar eller ord som ofte førekjem saman med (det gjennomskodelege) uttrykket, eller anna.

Døme 1:

lite adj ... **2** subst, ei lita mengd, ein liten del, såleis ... **b** utan at det som er lite, blir spesifisert (i setn): *vita lite om noko* / *gjera lite eller ingenting* / ... / *ha, vera lite for, føre seg*; jfr òg IX for A5e og VI føre A5e / *ein slik kritikk har lite for seg* (K.S.VikørVI 28) / *dei gjer synd på han som er så lite for seg* er evneveik (Ål) / *då fortalde gjenta alt, både lite og mykje, koss det hadde bore til* (GOS VI,15; jfr Loup.Tel 209) ...

I artikkelen **lite** er det markert nokre kollokasjonar med eit redaksjonelt døme med valfrie former, og i tillegg er to tydingar representerte med kvart sitt kjeldefeste døme. Tydinga til *lite* er heile tida den

same som i definisjonen, og det er *for seg* og *føre seg* som har sertydingar. Desse tydingane kjem fram i preposisjonsartiklane, men behandlinga der, slik ho står på prent i band 3, krev mykje lesing og leiting av lesaren (m a finst det òg andre slags uttrykk med *for seg* i den same lange tydingsbolken). Sitata er difor tekne med (og ei stutt forklaring til eitt av dei), men ein får vist til begge preposisjonsartiklane på ein kompakt måte ved å ha det redaksjonelle dømet i tillegg.

Døme 2:

peika v ... **1 a** (om person) retta (peike)finger el avlang ting mot noko, for å gjera merksam på det (el for å syna retning m m): *peika på noko* / ftru: *ingjen mått' peik på mån', før då kom da uløkk* (Håloygm 1927,351) / òg overf: *det gjekk opp for henne at ho kanskje ikkje alltid skulle få alt ho peikte på* (E.HoemFDM 240) alt ho ville ha / *ho pekar utover sjøen* (Du.JF II,189) ...

I artikkelen **peika** er det fyrst laga eit redaksjonelt døme som signaliserer at preposisjonen *på* er mykje brukt med *peika*. Alternativt kunne det stått ei grammatisk innleiing "serl med prep *på*", men definisjonen er nokså lang og kompleks frå før, og ein sparar plass ved at ein slepp å ha med eit ordinært døme på preposisjonsbruken. Dømet etterpå, merkt "ftru", har akkurat den same tydinga av *peika på*, men er eit apropos som kan vera interessant for sume. I alle fall gjev ikkje belegget nokon grunn til å laga underoppslag.

I det neste bruksdømet i tydingsbolken er derimot poenget at ungen ber om å *få* ting (eventuelt samstundes med å *peika* på tingen), og her burde det nok heller vori laga eit eige underoppslag med mogleg form **få det ein peikar på**.

(Drøftinga ovanfor tek utgangspunkt i løysinga som er vald. Ei anna og truleg betre løysing er å laga eit underoppslag **peika på** sett til slutt i artikkelen, der grunnen for det er at tyding 2 av artikkelen består av abstrakte tydingar, som i *dei peikar på at Sogn er eit kjerneområde for stavkyrkjer*, jfr punktet *Fleire tydingar* ovanfor.)

Liksom ein må vera restriktiv med å setja forklaringar til redaksjonelle døme, må ein vera restriktiv med å føya kjeldefeste døme til redaksjonelle døme; ein bør sjå det som ei naudløysing. Fyrst må ein undersøka om det finst andre fullnøyande løysingar, som

- om det redaksjonelle dømet kan sløyfast, slik at eitt eller fleire kjeldefeste døme er nok (jfr at bruksdøme i alle fall bør visa typisk bruk av ordet)
- om det kjeldefeste dømet kan sløyfast, slik at det redaksjonelle dømet er nok (jfr òg at materialet som nynorskkorpuset gjev, truleg fremjar redaksjonelle døme meir enn før)
- om ein heller bør laga underoppslag, etter vanlege kriterium (sjølv det at ein redaktør kjenner for å føya eit kjeldefest døme til eit tilsvarande redaksjonelt i ein viss situasjon, kan ikkje vera eit *kriterium* for å laga underoppslag)

4.3.8.2 Språklege drag som peikar mot underoppslag

Mange underoppslag har ein språkleg struktur som ikkje peikar mot underoppslag. Skilnaden går berre på ålmenne semantiske tilhøve som at tydinga er uføreseieleg.

Døme:

- *vi skal reisa kjerringa – vi skal reisa statuen*
- *musikksmaken kjem til å endra seg i lenqda – musikksmaken kjem til å endra seg i perioden*

Mange ordsamband kan endå til brukast greitt i konkret meining i tillegg til overført tyding (**døme:** *toppen av isfjellet*). (Handteringa av dét er drøfta under punkt 4.3.8.6.4.)

Nokre drag å gå etter finst det likevel, og nokre slike blir omtala her. Drøftinga gjeld både drag som gjev underoppslag, og drag som signaliserer at vi kanskje har eit underoppslag.

4.3.8.2.1 Uttrykk med eit ord som er lite eller ikkje brukt utanom det fleirordige uttrykket

Norsk har ein del uttrykk (for det meste adverbelle) som inneheld eit ord (sjeldan fleire ord) i oppslagsform som (så å seia) ikkje blir nytta utanom i dette uttrykket eller nærskylde uttrykk. Desse uttrykka går som underoppslag.

Døme: *columbi egg, i går, i overmorgon, i villreie, om senn, på gjerst, på tverke, til bloksberg, til overs, til pers; kreti og pleti, fri og frank*

Det kan vera at alle døme på bruken viser ordet som ein del av det faste uttrykket – då kan artikkelkroppen gå rett på "i samb" eller "i vend".

Døme:

fimp m [jfr da. *fimpe* 'setja i gyngande rørsle, lata (born) rida ranke (på kneet sitt)'; vel samanveksing av *fim-* og *Il fipp* (T)] i vend **trø fimpen** (om born) gynga på kneet el foten til ein vaksen; rida ranke (Agd): **trø fimpen, trø fimpen det belet du er ung, for når du blir gamal så blir du for tung* i barnevern (Gjerstad, Lista) / **men inkje kjem ho til meg no ... fe rie rank' å fimpen trå* (Teln. II,413) / *minstesyster fekk "trø fimpen" på fars kne* (I.K.Sandsd.E 18).

Men tilfanget til NO har òg mange døme på andre bruksmåtar, som då får omtale ved sida av underoppslaget.

4.3.8.2.2 Personifiseringar

Noko som også står som underoppslag, er visse substantivfrasar med personnamn, som *Per nonsmat* (eit fuglenamn), *Per varmstein* (namn på ein merkedag) og *Per og Pål* ('kven som helst'). I slike ordsamband blir proprium brukte på ein annan måte enn elles, nemleg til personifiseringar av ting og fenomen, eigenskapar, merkedagar og anna.

Vi redigerer elles ikkje proprium, men dei må til som oppslagsord for å hysa slike underoppslag. (Av og til står proprium òg som personifiseringar åleine i oppslag, som i **Randi** med tydinga 'magesjuke'.)

4.3.8.2.3 Interjeksjonsliknande uttrykk

Ein del fleirordsuttrykk har eller kan ha funksjon som interjeksjonar. Interjeksjonar kan seiast å ha pragmatisk, emotiv eller imitativ funksjon.

Faste interjeksjonsliknande uttrykk med *pragmatisk* funksjon går i utgangspunktet som underoppslag, om dei treng forklaring. Pragmatiske uttrykk involverer kommunikasjonssituasjonen; ein vil ha

formidla noko som samtalepartnaren er ein part i. Det kan t d dreia seg om helsing, lukkynsking, ros, takk eller spørsmål.

Døme på kandidatar: *god aftan, godt år, lukke til, skit fiske, tusen takk, vel blåst, vel møtt*

Uttrykk med svarord får eigne normalartiklar, sjå punkt 4.3.8.2.9 under.

Dei fleste interjeksjonsliknande uttrykk har *emotiv* funksjon; dei uttrykkjer kjenslene til den som talar eller skriv. Dei fører vi ikkje som underoppslag (om dei ikkje har andre funksjonar i tillegg som valdar det). **Døme:** *bevare meg vel, du (store) mirakel, (å) du syn og (du) dag(ar), fanden skjere.*

Til samanlikning har *takk og pris* belegg på tre ulike bruksmåtar (jfr punkt 4.3.8.1.3 *Fleire tydingar*), éin av dei som setningsadverbial (jfr punkt 4.3.8.2.8 *Syntaktisk struktur og funksjon*), så det uttrykket går som underoppslag.

Uttrykk med *imitativ* funksjon er vel helst einskildord (*mjau*), men eventuelle fleirordsuttrykk blir heller ikkje redigerte som underoppslag.

4.3.8.2.4 Preposisjonsuttrykk med kasusform

Uttrykk (for det meste adverbialle) med stivna kasusform går som underoppslag. Norsk har mange uttrykk med preposisjon (oftast *til*) + styring med *s*-genitiv. Vi finn òg ein del andre uttrykk med ei stivna kasusform, oftast dativform.

Døme: *i fjørdags, til dels, til lags, til rors, til sals, til års, til tres og til smeds; av garde, i eino, i hende, i tide, på fote, til gode, til jordar*

turking el **tørking** f [A] det å turka: *den eldste form vi kjenner for konservering av fisk, var tørking* (Krekl.FiskNTrl 59) // i samb **til turkings** til turk (I,1) (Valle, Hylestad, Forsand, Suldal, Hard, Hemne, Hitra, Sparbu, Snåsa, Gimsøy): *tørva* (vart) *trilla utover og lagt til tørkings* (GITidHitra 28)

4.3.8.2.5 Genitivuttrykk

Attributivt substantiv med genitivending er eit teikn på fast ordsamband (i nynorsk). Slike samband står gjerne som underoppslag.

Døme: *historias skraphaug, kristenmanns blod, smular frå dei rikes bord*

4.3.8.2.6 Funksjonsordfrasar

Ein del ordsamband inneheld berre funksjonsord. Dei kan fungera som adverb, konjunksjon, preposisjon eller pronomen/substantiv, og mange av dei er høgfrekvente.

Ordsamband som inneheld berre funksjonsord (med store artiklar), blir førde som underoppslag.

Døme: *av og til, her og der, i og for seg, til og frå, for det* (ikkje komen med i NO), *ikkje noko, i seg sjølv, ute av seg*

Om dei berre eller primært fungerer som konjunksjon, bør dei likevel få eigen normalartikkel (**døme:** *i det*).

4.3.8.2.7 Naken ubunden form av teljelege substantiv

Når vi ikkje refererer til ein viss ting eller ei individuell handling, kan eit teljeleg substantiv i ein del tilfelle ha ubunden form utan artikkel, òg kalla naki substantiv. Vi finn det produktivt i setningar som *eg treng ny sementblander*. Naki substantiv kan òg vera eit teikn på at vi har å gjera med eit meir eller mindre fast ordsamband. Sume slike samband kan ha uføreseieleg tyding og slik kvalifisera til underoppslag. Kandidatar til redaksjonelle døme (og uttrykk som bør med i kjeldefeste døme) finn vi òg.

Såleis kan det vera eit meir eller mindre tett samband mellom verbal og objekt.

Døme: *bruka munn, slå fylgje, taka slutt*

Tydelegare samanheng mellom tydinga til orda og tydinga til heilskapen har t d *skriva brev, studera språk*. Det er også der eit tett samband (som har vori grunnlag for å laga substantiv: *brevskrivning, språkstudium*), men semantikken gjev ikkje underoppslag.

Komplekse verbuttrykk inneheld ofte eit naki substantiv.

Døme: *gjera slutt på, taka del i*

Meir føreseieleg semantikk har t d *finna feil ved, ha behov for*.

Faste ordpar kan innehalda nakne substantiv, der nokre av dei kan vera ugjennomskodelege.

Døme: *fyr og flamme*

Fleirtalet av desse ordpara har nok meir openberr semantikk, t d *krig og fred, liv og helse*.

I mange konvensjonaliserte preposisjonsuttrykk kan naki substantiv vera eit signal om underoppslag.

Døme: *etter tur, gong på gong, i breidd med, i dag, i kraft av, i praksis, på ståande fot, side om side, til slutt, under tak*

Det finst likevel også slike ordsamband med ei enklare eller meir gjennomskodeleg tyding, som *på do, på kino, med fly* eller eit slag uttrykk med *av*, som *av beste, verste (osfr) sort og av blanda, utanlandsk (osfr) opphav*.

4.3.8.2.8 Syntaktisk struktur og funksjon

Med tanke på å få med seg både underoppslag, redaksjonelle døme og ordinære bruksdøme med frekvente og representative innslag, må ein vera merksam på visse fleirordsuttrykk som kanskje ikkje fell ein så lett i augo i tekst (korpusbruk er viktig). Dei er ofte frekvente, og dei kan ringast inn på ein meir *grammatisk* måte enn faste ordsamband som t d er substantivfrasar (*levande leksikon*) eller verb + heile preposisjonsuttrykk (*rasla med sabelen*). Mange av desse uttrykka er såleis òg nemnde i Norsk referansegrammatikk, som er vist til nedanfor, men det finst fleire av dei.

Det at eit fleirordsuttrykk *blir brukt på same måten som eit funksjonsord*, gjer det til ein god kandidat for underoppslag. Dei fleste slike uttrykk bør førast som underoppslag.

Døme:

- preposisjon (NoRef 416f): *i spissen for, til og med, ved sida av*
- setningsadverbial (NoRef 811-813): *for så vidt, ikkje desto mindre, på sett og vis, rett og slett, som regel, som sagt, vel å merka*
- interjeksjon, sjå punkt 4.3.8.2.3 over

Uttrykk som fungerer som konjunksjon, får eigne artiklar, sjå neste punkt (*Kombinasjon av funksjonsord og innhaldsord*).

Ein del *faste preposisjonsuttrykk* står som adjektiv med funksjon som predikativ (NoRef 739). Sume av dei fortener oppføring som underoppslag.

Døme: *i orden, i stykke, på det reine med*

Samband av verb og andre ord er vanleg. Her finst det ulike alternative syntaktiske analysar på "marknaden", som i seg sjølv kan vera eit teikn på at vi ikkje lenger har å gjera med "frie" ordsekvensar.

Mange slike uttrykk kan oppfattast som eit komplekst verbuttrykk (NoRef 705-707). Mange av dei igjen bør stå som underoppslag.

Døme:

- verb + substantiv + preposisjon: *få tak i, gjera kål på, halda ein knapp på, ta avstand frå, ta del i, ta fatt på, ta høgde for*
- verb + reflexivt objekt + preposisjon: *bøya seg for, finna seg i, føya seg etter, halda seg med, tenkja seg til*
- verb + adjektiv + preposisjon: *gå laus på, halda fast ved*

Andre verbuttrykk heng òg tett saman med orda som kjem etter, og blir slik kandidat for anten redaksjonelle døme eller underoppslag.

Døme (på underoppslagskandidatar):

- verb + avbleikt preposisjon (NoRef 697-705): *leita etter, sørgja for, tenkja over, tyda på* (her, og med dei komplekse verbuttrykka ovanfor, er preposisjon + styring òg kalla preposisjonsobjekt)
- verb + objekt (NoRef 694f): *finna stad, halda munn, taka plass*
- verb + subjektspredikativ (NoRef 744f): *gå tom, springa lek*; verb + objektspredikativ (NoRef 750): *sleppa laus, slå sund*

Store verb + adverb lagar gjerne uføreseielege tydingar – og fleire tydingar – men òg i mindre verb kan det vera aktuelt med underoppslag.

Døme: *kasta opp, sjekka opp, taka opp*

Sume adverb er polyseme med preposisjonar, og i mange verbartiklar kan det difor bli slik at dei blir handsama saman (alternativt kunne ein ha kalla begge delar "partikkel").

Døme:

spela på 1 utnytta (noko(n)) for eiga vinnings skuld el for å oppnå eit ynskt resultat: *ingenting var lettare for dei enn å spela på redsla for at ei ny "Endlösung" truga jødane* (SS 1967,364) / *"Supermann III" spelar ikkje på effektar i same grad som dei to andre supermann-filmene* (GulaT 1984) / *det er desse kjenslestrengene han spelar på gjennom heile stykket* (Vandv.FEM 81).

2 halda fram (Flå i Hall): *dei får berre spela på* sagt når ein ikkje har stor tru på noko som andre driv med (FlåRei.). **3** røyna (2) på, leita (4) på (Ryf, Gloppen).

Her har tyding 1 preposisjonen og tyding 2-3 adverbet. Merk at mange nyare framstillingar, som NoRef, kallar begge delar preposisjon. Merk òg skiljet mellom verb + adverb + objekt (*slå på lyset*) på den eine sida og verb + preposisjonsuttrykk (*slå på hesten, venta på Godot*) på den andre, sjå NoRef 784-787 for drag som skil dei.

Jamvel om ein reknar med eit preposisjonsuttrykk (*på effektar*, sjå dømet over), må samstundes kombinasjonen av verb og preposisjon utgjera ei form for eining (*spela på*) for å koma med i eit underoppslag. Eit tidsadverbial som *på tysdag* har ikkje noko med underoppslaget **koma på** å gjera (det er mykje ulikt som kan skje på ein tysdag). På same måten kan eit belegg som *leigeavgift vert rekna etter dei reglane som står i Takstbok for telefonsamtalar* ikkje koma med i underoppslaget **rekna etter**. Det er mykje ein kan gjera med grunnlag i reglar og anna, jfr *politifolka handla etter instruksen dei hadde fått frå politidistriktet*, så preposisjonen *etter* står ikkje i noko spesielt samband med verbet *rekna* i denne samanhengen.

Det kan òg nemnast at redaksjonelle døme kan stå i underoppslag, og det er nok i praksis serleg aktuelt i stutte, skjematiske underoppslagsformer som verb + adverb, som kan finnast inni ein litt lengre kollokasjon. Såleis står det redaksjonelle dømet *kasta opp moskar* under ei tyding av **kasta opp**.

4.3.8.2.9 Kombinasjon av funksjonsord og innhaldsord

I dei tilfella at kombinasjonar av funksjonsord og (eit vanleg) innhaldsord bør førast på oppslagsform, kan det vera tvil om dei skal stå som underoppslag eller fleirordige hovudoppslag (eigne normalartiklar). (Sjå punkt 2.1.6 for andre fleirordige uttrykk med eigne artiklar – typen *pommes frites*.)

Sume av desse ordsambanda inneheld eit innhaldsord i bøygd form.

Døme: *fritt fram, i alt, i det minste, i grunnen, i lengda, i mellomtida, i spissen for, i stykke, i vissa, ja visst, nei visst, på det reine, på nytt, så sant, så snart, så vidt, så visst*

Andre slike ord står i oppslagsform.

Døme: *den gong, den tid, for ende, for sann, for _ skuld, i dag, i fall, i gang, i kraft av, i orden, i scene, i svime, ja vel, nei vel, om lag, på lag, på langs, på ny, side om side, til ende, til sist*

Mange er frekvente og kan bli oversedde. Dei fungerer oftast som adverb, sume som adjektiv (som *i stykke, i orden*), preposisjonar (som *i spissen for, i kraft av*), konjunksjonar (som *så sant, i fall*) og interjeksjonar (som *ja visst, nei vel*).

I utgangspunktet avgjer ordklassa ein kan tilskriva heile sambandet, om ein skal ha underoppslag (vanlegast) eller ein eigen fleirordig normalartikkel. Sambanda blir altså underoppslag eller normalartikkel etter det vi kan kalla funksjonell ordklasse.

- Dersom hovudfunksjonen er som konjunksjon eller interjeksjon, bør dei få normalartikkel (**så sant, i fall, ja visst, nei vel** som normalartiklar).
- Dersom hovudfunksjonen er som adverb, adjektiv eller preposisjon, bør dei få underoppslag (**i mellomtida, til side, så visst, til sist** som underoppslag).
- Nokre avbleikte og sterkt samanbundne uttrykk som fungerer som adverb og preposisjonar (som *om lag* og *på lag*), fortener likevel eigne normalartiklar.

Denne fordelinga verkar òg å vera i tråd med tendensen i NO over tid, jamvel om handteringa har vori variabel.

4.3.8.3 Setningar og samanlikningsuttrykk

Her er det samla nokre fleirordseiningar som ikkje peikar mot underoppslag, men som det har vori tvil om.

4.3.8.3.1 Setningar

Vi fører ikkje hovudsetningar som underoppslag.

Hovudsetningar utgjer ikkje eitt ledd eller éin verbfrase, og slik eignar dei seg dårleg som oppslag i ei ålmenn ordbok.

Merk at setningar ikkje alltid er beste formatet å introdusera ei vending i. Ver medviten om kva som bør førast som det faste uttrykket: setning, verbfrase, substantivfrase osfr.

- Setningar med "det er" kan innehalda ein substantiv- eller adjektivfrase som heller bør førast som underoppslag, som *det er hipp som happ* mot **hipp som happ** (t d med merknad "serl etter det er").
- Sume setningar kan gjerast om til infinitivkonstruksjon og då stå som underoppslag, t d *han tok kolevippen* mot **taka kolevippen**.

Mange meir eller mindre faste setningar er ordtak, og sume er eit slag ordlag. Punkt 4.3.6.6 *Ordtak og ordlag* gjer greie for korleis ordtak og ordlag bør behandlast. Det kan stutt nemnast her at mange ordlag bør førast som verbfrasar og gå som underoppslag, som **ha mange jarn i elden**.

Frasepar som *dess fleire kokkar, dess meir søl* og *betre føre var enn etter snar* framstår som ordtak, og dei er òg ein type setningsekvivalentar som ligg nærme setningar (jfr *dess fleire kokkar det er, dess meir søl blir det*). Dei skal ikkje stå som underoppslag.

Adverbiale leddsetningar kan derimot greitt stå som underoppslag, i dei relativt fåe høva vanlege kriterium er oppfylte.

Døme:

kvar ein gjekk og stod overalt: *han tok med seg Dyveke kvar han gjekk og stod* (E.HoemKFF 66) / *fransmannen fylgde henne med augo kor ho gjekk og stod* (BakkanMA 37).

når det kjem til stykket (òg i ft; òg med anna innleiarord, serl *då*; stundom med subj *alt*) når det blir alvor, verkeleg gjeld; når det endeleg skjer, ein kjem fram til saka; når ein ser nøgnare etter; når det ber til stykket, alt kjem til alt: *da det kom til stykket, sette fleirtalet i NKP seg imot dette* (FurreNHI 371) / *ein tilstand ho når det kjem til stykket ikkje får gjort noko med* (DT 2000) / *han var ein av oss om det kom til stykket* (ØklandG 148).

så det står etter (òg med ft *stod*) svært snøgt el (òg) med høg intensitet; (òg:) i høg grad; mykje (III,4): *ja, eg lyg. Eg lyg så det står etter* (Viger.GKNR 149) / *so kappkøyrde dei kring dammen so det berre stod etter* (Bjørn.D IX,141) / *innbyggjarane der tener pengar så det står etter* (Hallingd 2005).

Nokre fåe nemningar på leikar og spel er stutte sitatsetningar, som *boksen går og tampen brenn*. Dei har rett nok form av hovudsetning, men som nemningar fungerer dei som leddsetningar (dei er ledd): *skal vi leika tampen brenn?; det er andre reglar i tampen brenn*. Dei blir redigerte som underoppslag.

Omvendt kan nokre ekspressive setningar som fungerer som sjølvstendige ytringar, ha form av leddsetningar (**døme:** *at du tør!*). Dei blir ikkje redigerte som underoppslag, men kan sjølvstøtt koma med som døme.

4.3.8.3.2 Samanlikningsuttrykk

Det at noko er samanlikningsuttrykk, er korkje grunn til inkludering (som underoppslag) eller grunn til avvising. Vi behandlar uttrykka som andre fleirordsuttrykk og fylgjer dei vanlege semantiske kriteria.

Det viser seg då at dei færraste samanlikningar som førekjem i tekst, kvalifiserer til underoppslag, men nokre av dei faste uttrykka fortener definisjon.

Døme:

naken som nåla 1 dårleg kledd (Nøtterøy). **2** fattig, ribba for alt (YSandsvær, Stjørdal; A.Ordspr 217): *gjekk det gale, vart eg naken som nåli* (SS 1897,265).

sjå ut som eit spørsmålsteikn bil., (òg med vb *stå*) sjå ut som ein ikkje skjønar: *ein del av oss utan dagleg innsyn blir ståande som levande spørsmålsteikn* (SoA 2008).

som håret på ein snau svenske 1 (òg utan adj *snau*) (heilt) nøyaktig (1); til å lita på (Krsand, Oppdal, Selbu, Stjørdal, Meløy; Holtv.HFK 79; ÅrbDøI 1931,90): *det er så akkurat som håret på ein snau svenske* (Ri.Oppdal I,316) / *så sikkert som håret på ein svenske* (KrsandJo. 222). **2** (om ilåt) fullstendig tom (V) (Oppdal, Selbu).

som smurd (serl med v *gå*) lett, raskt; utan motstand, hindringar: *dæ går som dæ sku' vore smort* (ÅrbDøI 1931,85) / *1.mai-trafikken austover gjekk ikkje akkurat som smurt* (Hallingd 2006).

Døme på uttrykk som ikkje bør gje underoppslag:

- Faste: *bleik som eit lik, kvit som snø, gå som i svime, sverma om noko(n) som fluger*
- Ikkje faste: *gjennomhola som sveitserost, rettlina som ein samurai*

Det at ei samanlikning er eit fast uttrykk, er altså ikkje grunn nok til å laga underoppslag av henne.

4.3.8.4 Plassering av underoppslag: under kva oppslagsord

Her er spørsmålet i kva artikkel underoppslaget skal stå, og i døma nedanfor er det føresett at ein har bestemt seg for at eit visst uttrykk skal redigerast som underoppslag. For kva som bør stå som underoppslag, sjå dei føregåande underkapitla.

Grunnar til at vi har reglar for plassering:

- Når ein ser ein artikkel som inneheld eit underoppslag, skal det verka logisk og konsistent at underoppslaget står der det står; oppslagstypen skal utgjera eit visst system, liksom andre typar einingar i ordboka.
- Når ein leitar etter eit underoppslag, bør ein helst finne det der ein fyrst leitar.

Når ein kan søkja direkte på underoppslag i nettutgåva, blir omsynet til papirutgåva større enn omsynet til nettutgåva.

Under det fyrste punktet nedanfor blir nokre generelle plasseringsprinsipp drøfta, og under det siste (punkt 4.3.8.4.12) blir det drøfta kva ein bør gjera når ein oppdagar manglar i eit prenta underoppslag (eller at eit underoppslag manglar) medan ein held på å redigera eitt av orda i uttrykket.

4.3.8.4.1 Generelle prinsipp

Det kan tenkjast ulike prinsipp for plassering av underoppslag. I dei fylgjande underkapitla (punkt 4.3.8.4.2-10) står det reglar for ordsamband av ulike strukturtypar (frasetypar), men det er mogleg å seia noko meir ålment om reglane og å supplera dei med gjennomgåande unntakstypar.

Eitt synspunkt er at fleirordige oppslag i størst mogleg grad bør behandlast på same måten som eittordige oppslag, det vil seia at idiom så langt det går bør sjåast som einskildord. For å finna ordet underoppslaget bør stå under, bør ein difor ideelt gå **lengst mogleg til venstre** i underoppslagsforma; *sosial dumping* finn ein under **sosial**.

Men andre prinsipp kan dra i andre retningar.

Kva oppslagsord ein vel, må verka rimeleg for ordboksbrukaren. Underoppslaget må i alle høve kjennast nyttig eller naturleg som illustrasjon på bruken av det valde oppslagsordet; dette ordet må vera interessant, **signifikant** i samanhengen. Sume ord er meir signifikante enn andre, og posisjon i uttrykket kan måtte vegast mot **graden av signifikans**. Det kan t d vera at det mest signifikante ordet ikkje er det fyrste innhaldsordet i eit visst uttrykk, og er skilnaden i signifikans klår nok, kan signifikans overstyra posisjon (som i *toppen av isfjellet*, som bør stå under **isfjell**).

Kor fyldig eller spesifikk semantikk ordet har, har vel ein tendens til å falla saman med signifikans, og meir spesielt kan her førestellinga om skiljet mellom **funksjonsord og innhaldsord** vera til hjelp,

jamvel om det nok er flytande kvar ein skal setja skiljet. For samband av berre funksjonsord vil ein då ofte plassera underoppslaget på det fyrste ordet i uttrykket (*for det* under **for**), ut frå prinsippet om at vi går lengst mogleg til venstre.

Prinsippa ovanfor må vegast mot at vi ynskjer at same typen syntaktiske eining skal behandlast likt kvar gong. For ein og same strukturtype kan det variera kor signifikante dei ulike orda i uttrykket er. Vi fylgjer likevel regelen som gjeld for frasetypen utan å gje oss inn på altfor finurlege semantiske analysar, men for mange frasetypar kan ein gjera unntak der utslaga blir urimelege. I samband av verb og objekt kan såleis verbet vera meir eller mindre iaugefallande; i *blaksa øyro* er verbet det einskildordet som treng forklaring og som dreg merksemda mest mot seg. For konsekvensen er det sett opp ein regel nedanfor om at underoppslaget til vanleg skal stå under objektet. Eit substantivisk objekt vil nesten alltid vera signifikant nok, og ofte for spesielt til å kunna ignorerast. Verbet (framfor objekt) kan på si side ofte vera litt ålment og "stort", som *seia, setja, slå*. Vi kan difor seia at denne regelen gjev ein (sterk) *tendens* til å ha oppslaget under det mest signifikante ordet, altså objektet.

Eit anna omsyn er i kva grad orda i uttrykket *kan bytast ut* (om variasjon sjå òg punkt 4.3.8.1.5 *Fastheit* og 4.3.8.6.3 *Oppslagsform*). Det dreiar seg her om ord med liknande eller stundom motsett tyding. Dersom minst utbyttable ord likevel skal vera oppslagsord etter hovudregelen, kan den fylgjast; slik finn vi *leggja lista høgt* og ditto *lågt* under objektet **list**. For *høgt, lågt under taket* er det i teorien to plasseringsalternativ: å laga underoppslag under både **høg** og **låg** (slik at oppslaget kjem under adjektivet i tråd med hovudregelen for frasetypen), og å laga underoppslag under berre **tak**. Med den siste måten får ein samla to nærskyldte uttrykk på éin stad, som er ein føremon, men ikkje eit absolutt krav. I dette dømet står substantivet i tillegg såpass mykje meir fram enn dei "bleikare" (meir skjematisk) graderingsadjektiva, så ein kan uproblematisk velja **tak** som oppslagsord. (For verbvariasjon sjå under punkt 4.3.8.4.9 *Verbfrasar med plassering under eit anna ord*.)

Eit liknande omsyn er at det kan finnast fleire "parallele" lagingar med same ordet. Vi har ikkje berre *i siste liten* og det synonyme uttrykket *i seinaste liten*, men òg adverbfrasen *utarst i liten* med same tyding. I tillegg finst *på siste liten* og *i lengste liten* med litt andre tydingar. *lit* er eit spesielt ord som stort sett berre finst i slike samband, og det er oversynleg å samla alle underoppslaga i substantivartikkelen, trass i at hovudregelen seier adjektivet. I desse uttrykka er adjektiva heller ikkje spesielt interessante sett i høve til substantivet. *Grøn te* og *svart te* bør helst samlast under *te*.

Så lenge ordboksverket ikkje er ferdig redigert, kan det spela ei rolle *om uttrykket er redigert* i prenta band eller ikkje (som ein må vera nøye med å undersøkje). I utgangspunktet skal *dødens posisjon* redigerast under **død**, men når det ikkje er det når ein kjem til bokstaven *p*, får uttrykket koma med under **posisjon**. Denne løysinga føreset at frasetypen, og det konkrete uttrykket, gjev ein viss slingringsmon i plasseringa, slik som mange samband av adjektiv og substantiv. Slik er det ikkje alltid. Det er t d mykje strengare med at samband av verb og adverb står på verbet. Sjå meir under punkt 4.3.8.6.11 *Manglar i prenta artiklar*.

Eit par moment som ikkje er plasseringskriterium:

- Kva som er kjernen i fleirordsuttrykket, t d substantivet i ein substantivfrase. Når underoppslaget står under kjernen, er det av di han er det fyrste eller mest signifikante ordet i uttrykket eller i den aktuelle typen uttrykk, t d *smør* i *smør på flesk*.

- Alfabetisk rekkjefylgje når ein ser orda kvar for seg. Det er ikkje slik at *smør på flesk* skal stå under *flesk* sidan *f* kjem føre *s* i alfabetet.

4.3.8.4.2 Substantivfrasar

For uttrykk med substantiv (eller eit substantivert adjektiv) som kjerne er hovudregelen at uttrykket skal stå under det fyrste signifikante ordet.

a. Den enklaste typen uttrykk har berre artikkel eller pronomen (funksjonsord) saman med nominalet; der skal underoppslaget stå under nominalet.

Døme:

eit stykke (under *stykke*), *alle mann* (under *mann*), *inga årsak* (under *årsak*), *same leiken* (under *leik*)

substantiverte adjektiv: *dei kvitkledde* (under *kvitkledd* adj), *ikkje det ringaste* (under *ring* adj)

b. Med underordna adjektiv, eller substantiv i genitiv, skal underoppslaget i utgangspunktet stå under grunnordet for det adjektiviske leddet (fyrste signifikante ord).

Døme:

dei små timar (under *små*), *dei vises stein* (under *vis*), *blått blod* (under *blå*), *dobbel bokføring* (under *dobbel*), *god dag* (under *god*, jfr punkt 2.1.6.2.4), *sosial dumping* (under *sosial*), *jungelens lov* (under *jungel*), *meiningars mot* (under *meining*), *seljars marknad* (under *seljar*), *segls vind* (under *segl*)

Stundom vil likevel kerneleddet by seg såpass klårt fram i sambandet at det blir urimeleg å ha underoppslaget under noko anna ord. I *høg sigarføring* er det truleg venta at artikkelen står under substantivet: **sigar-føring** f [til / *sigar-*] i samb **høg sigarføring** ... Her er òg adjektivet nokså abstrakt, som òg i t d *full rulle* (under *rulle*).

I nokre tilfelle kan sambandet av adjektiv og substantiv halla mot samansetning; såleis finst både *segls vind* og *seglsvind*. Dette momentet styrkjer bruk av hovudregelen.

c. Med preposisjonsuttrykk etter substantivet står underoppslaget til vanleg under kjernen (fyrste signifikante ord).

Døme:

smør på flesk (under *smør*), *spøk til side* (under *spøk*), *eit stykke på veg* (under *stykke*)

Også her må det gjerast unntak for urimelege utslag. *toppen av isfjellet* høyrer best saman med ein definisjon av *isfjell* som tek med at mesteparten av isfjellet ligg under vasskorpa. *topp* har i tillegg ein langt "bleikare" semantikk enn *isfjell*.

4.3.8.4.3 Pronomenfrasar

Pronomenfrasar vil vera ein kombinasjon av fleire funksjonsord eller av funksjonsord og innhaldsord.

- Med berre funksjonsord kjem underoppslaget under ordet som står fyrst i sambandet, men ikkje når dette ordet har ordklassa artikkel.
- Med innhaldsord kjem underoppslaget under innhaldsordet.

Døme:

ikkje noko (under *ikkje*), *kven som helst* (under *kven*), *noko av både* (under *nokon*), *noko sjølv* (under *nokon*), *sjølv seg* (under *sjølv*), *det same* (under *same*), *noko i den dur* (under *dur*), *noko på leia* (under *lei*)

4.3.8.4.4 Adjektivfrasar

a. Med førestelt adverb står underoppslaget til vanleg under (grunnordet for) det fyrste innhaldsordet.

Døme:

ikkje desto mindre (under *mindre*), *ikkje minst* (under *minst*), *ikkje reint lite* (under *rein*), *like godt* (under *like*), *stort sett* (under *stor*), *strengt teki* (under *streng*), *så mykje* (under *mykje*), *så visst* (under *viss*), *avende tvert* (under *avende*), *skolande tom* (under *skolande*), *tippande raud* (under *tippande*)

(Grunnen til at dei tre siste uttrykka bør stå som underoppslag, er at adverbet berre finst med, eller har utvikla ei sertyding med, det oppgjevne adjektivet. Merk òg at uttrykk med funksjonsord bør stå som eigne normalartiklar når dei berre eller primært fungerer som konjunksjon, sjå punkt 4.3.8.2.9 *Kombinasjon av funksjonsord og innhaldsord.*)

Det må bli nokre unntak til dette. **godt sett** (som er underoppslag av di det har tre til dels uføreseielege tydingar) må stå under tydinga 'lasta, fylt (heilt opp)' av adjektivet *sett*, då det ikkje er så interessant å ha det under grunnordet til den ganske ordinære modifiseringa *godt*, som i tillegg kan bytast ut med *vel*. I denne samanhengen kan vi òg nemna modifiserte partisipp utan eigne adjektivartiklar, som **vel blåst** og **vel møtt**, som bør stå under verbartiklane (her **blåsa** og **møta**).

b. Med adverblielt tillegg (som regel preposisjonsuttrykk) etter adjektivet kan underoppslaget som standardval stå under adjektivet etter same prinsippet som under punkt a, dvs fyrste innhaldsordet.

Døme:

lik med 'identisk med, nett som' (under *lik*), *rak i ryggen* (under *rak*), *snar i døra* (under *snar*), *stor på det* (under *stor*), *strid i augo* (under *strid*, jfr òg samansetninga *stridøygd*), *tøff i trynet* (under *tøff*), *varm i trøya* (under *varm*), *velkomen etter* (under *velkomen*), *velkomen i klubben* (under *velkomen*, jfr førre dømeuttrykket, alternativt under *klubb*)

Her kan likevel styringa til preposisjonen framstå som såpass signifikant i høve til adjektivet at ein då heller vil ha underoppslaget under substantivet. Moglege døme er **lett på tråden** og **strid i merkene**

(av *mark*). I dei fåe tilfella av at vi lagar underoppslag av adjektivfrasar som er samanlikningsuttrykk, bør oppslaget stå under fyrste (eller mest) signifikante ord etter *som* (**naken som nåla** under **nål**).

4.3.8.4.5 Adverbfrasar

Denne vesle gruppa er kanskje litt ueinsarta. Oftast bør underoppslaget plasserast under fyrste ordet, og sume uttrykk kan endåtil bli uttala eller skrivne som eitt ord (*nær på* eller *næ'rpå*). Sambandet kjem under det andre ordet når *som* eller *så* står fyrst, eller av andre, meir spesielle grunnar.

Døme:

bak fram (under *bak*), *fritt fram* (under *fri*), *like ut* (under *like*), *nær på* (under *nær*), *langt på veg* (under *langt*), *som sådan* (under *sådan*), *så lenge* (under *lenge*), *utarst i liten* 'i siste liten' (under *lit m*, jfr punkt 4.3.8.4.1)

4.3.8.4.6 Preposisjonsfrasar

Sjå punkt 4.3.8.4.10 for preposisjonsuttrykk som involverer ordpar (*i og for seg*, *med naud og neppe*).

Punkt a og b nedanfor kan samlast i ein regel om at ordsambandet står under fyrste innhaldsordet (som her vil seia substantiv eller adjektiv).

a. Samband av preposisjon og *substantiv utan adjektiv framfor substantivet* står under substantivet (kjernen i styringa). Det gjeld òg når substantivet berre finst i det faste uttrykket (jfr punkt 4.3.8.2.1), og når substantivet står med ei stivna kasusending (jfr punkt 4.3.8.2.4). Samband av preposisjon og *adjektiv* står på liknande vis under grunnforma av adjektivet.

Døme:

- *av same ulla* (under *ull*), *i dag* (under *dag*), *i grunnen* (under *grunn*), *med eit naudskrik* (under *naudskrik*), *til side* (under *side*), *under bordet* (under *bord*), *utan samanlikning* (under *samanlikning*)
- *i går* (under *går*), *på tverke* (under *tverke*)
- *av garde* (under *gard*), *på fote* (under *fot*), *til rors* (under *ror*)
- *i stand til* (under *stand*), *på kanten av stupet* (under *kant*)
- *i det minste* (under *minst*), *på det reine med* (under *rein*), *på ny* (under *ny*), *på nytt* (under *ny*)

Med to preposisjonsuttrykk på rad står underoppslaget under det fyrste substantivet. **Døme:** *frå topp til tå* (under *topp*).

b. Med adjektiv (eller substantiv i genitiv) framfor substantivet får vi den same hovudregelen som i punkt 4.3.8.4.2 *Substantivfrasar*. Det vil seia at underoppslaget i utgangspunktet skal stå i adjektivartikkelen.

Døme:

etter alle kunstens reglar (under *kunst*), *i embets medfør* (under *embete*), *med påhalden penn* (under *påhalden*), *på den sikre sida* (under *sikker*), *på fersk gjerning* (under *fersk*), *på ramme alvor* (under *ram*), *på ubestemt tid* (under *ubestemt*), *på turre nevane* (under *turr*), *av stikkande*

staden (under stikkande), med søtande beten (under søtande), på fastande hjarta (under fasta), på laupande band (under laupande), til sin døyande dag (under døyande)

Vi får nokre moglege unntak av same slaget som under substantivfrasar, som **i einsam majestet** og **på ny karvestokk**, som kanskje bør stå under dei iaugefallande substantiva. Adjektivet kan òg ha ei såpass skjematisk tyding at det verkar rimelegast å ha underoppslaget under substantivet.

Døme:

av eiga lomme (under lomme), av verste skuffe (under skuffe), i full storleik (under storleik), med full tyngd (under tyngd).

Stundom kan sambandet av adjektiv og substantiv halla mot samansetning; såleis har vi *på flat mark* og *flatmark*. Dette momentet styrkjer bruk av hovudregelen, altså underoppslaget under adjektivet.

c. Uttrykk med funksjonsord som styring er både så ueinsarta og så fåe at dei ikkje utgjer så mykje av eit system. Som reine funksjonsordfrasar kan dei i prinsippet stå under det fyrste ordet i sambandet (dvs preposisjonen), men artikkelen for styringa kan elles peika seg ut som meir naturleg. Med preposisjon + adverb får vi t d eit samband som kan likna på samband av preposisjon og adjektiv, som peikar mot plassering under adverbet (men då spørst det om vi bør kalla adverbet funksjonsord).

Døme:

for det (under for), av, for, i, med, ved seg sjølv (under preposisjonane, alternativt under sjølv), til sist (under sist)

Her kan vi òg få nokre liketydande "parallelle" lagingar, som peikar mot plassering på leddet som er sams. Slik bør **i alt** stå i same artikkelen som **alt i alt** (dvs **all**), medan **med same**, **med det same** og **i det same** (om dei skal stå som ulike underoppslag) bør stå i same artikkelen, dvs **same**.

Preposisjonsuttrykk med hovudfunksjon som konjunksjon bør heller få eigne normalartiklar (t d **i fall**), sjå punkt 2.1.6.1.2 og 4.3.8.2.9.

Sjå punkt 2.1.6.2 *Plassering i tilvisingsartikkel og behandling i underoppslag* for meir om preposisjonsuttrykk som står som underoppslag.

4.3.8.4.7 Frasar innleidde av samanlikningskonjunksjon

Desse uttrykka minner om preposisjonsuttrykk, men er ikkje så vanlege å føra som underoppslag (jfr punkt 4.3.8.3.2 *Samanlikningsuttrykk*). Når dei fyrst skal med, bør dei helst stå under (grunnordet for) fyrste (eller mest) signifikante ord etter *som*.

Døme:

som eit olja lyn (under olja), som håret på ein snau svenske (primært under hår), som smurd (under smørja)

4.3.8.4.8 Verbfrasar med plassering under verbet

Ein stor del av dette punktet kan oppsummerast med at samband av verb og partikkel blir førde under verbet.

a. verb + refleksivt pronomen

Døme: *leggja seg, slå seg*

b. verb + refleksivt pronomen + preposisjon

Døme: *finna seg i, halda seg med*

c. verb + preposisjon (+ refleksivt pronomen)

Døme: *leita etter, sørgja for, slå frå seg, taka åt seg*

d. verb (+ refleksivt pronomen) + adverb

Døme: *skula til* ('vera naudsynt', 'vera i ferd med'), *slå an, slå bakk, slå ned, gå seg til, svinga seg rundt*

Sterkt samantbundne preposisjonsuttrykk med skjematisk tyding som *i hop* og *i lag* kan reknast som einskildord i denne samanhengen (jfr *saman*), slik at typen òg omfattar uttrykk som *liggja i hop*.

Adverb som berre er belagde saman med verbet, står heller på adverbet. **Døme:** *slå firært* (under *firært*). (Dette kan på tilsvarande måte også tenkjast å gjelda predikativ under punkt e.)

e. verb (+ refleksivt pronomen) + predikativ

Underoppslag av verb og predikativ bør til vanleg stå under verbet (sjå punkt b under neste punkt for regelbundne unntak). Dei fleste adjektiviske predikativa (i underoppslagsformer) fell inn under dette punktet.

fara vill, gå fri, gå laus, gå laus på, skyta sund, slå flat, springa lek, stå fast, halda fast ved, bita seg fast, leggja seg flat, riva seg laus, skjera seg full, tena seg fri

f. verb + verb

Samband av finitt og infinitt verb står under det infinitte verbet.

Døme: *ha å seia* (under *seia*), *skula syna nokon* (under *syna*)

Samband av verb og objektsinfinitiv står som regel under objektsinfinitiven.

Døme:

la falla (under *falla*), *la det skura* (under *skura*), *la seg merka* (under *merka*)

4.3.8.4.9 Verbfrasar med plassering under eit anna ord

a. verb + objekt

Her er det sikta til direkte objekt som er eller inneheld eit substantiv. Underoppslaget skal i utgangspunktet stå under dette substantivet, òg om underoppslagsforma i tillegg inneheld element som fell inn under andre punkt, som adverb eller preposisjonsuttrykk.

Døme:

slå floke (under *floke*), *slå lag* (under *lag*), *halda munn* (under *mun*), *slå an tonen* (under *tone*), *slå pjaltane sine saman* (under *pjalt*), *slå olje på elden* (under *olje*), *slå på seg ein skrukk* (under *skrukk*), *slå eit slag for* (under *slag*), *ta avstand frå* (under *avstand*), *høyra ein fugl syngja* (under *fugl*), *kalla ein spade for ein spade* (under *spade*)

b. verb + sume predikativ

Visse typar verbuttrykk med predikativ skal stå under predikativet:

- med *vera*, *bli* og *gjera seg* (men hugs at verb som *vera* oftast ikkje skal med i underoppslagsforma, jfr punkt 4.3.8.6.3 *Oppslagsform*)
- med verbuttrykk som *sjå ut* og *verka*
- med *heita*
- med verb som *liggja*, *sitja* og *stå* (jfr NoRef 744f) når predikativet er eller inneheld eit substantiv

Døme:

vera mann for (under *mann*), *gjera seg interessant* (under *interessant*), *sjå svart ut* (under *svar*), *heita seks* (under *seks*), *sitja enkje* (under *enkje*), *sitja lagrette* (under *lagrette*)

c. verb + preposisjonsuttrykk med substantiv

Slike preposisjonsuttrykk fungerer som regel som adverbial, men sume fungerer som predikativ. Underoppslaget står til vanleg under substantivet.

Døme:

slå i bordet (under *bord*), *slå på lut* (under *lut*), *stå i stampe* (under *stampe*), *koma seg på skordene* (under *skorde*), *kvila på laurbæra* (under *laurbær*), *telja på fingrane* (under *finger*), *leggja seg i selen* (under *sele*), *gjera seg til lått* (under *lått*), *slå ned i støvlane* (under *støvel*)

Med denne typen må ein fyrst sjå om verbet bør med i underoppslagsforma, sjå òg punkt 4.3.8.6.3 *Oppslagsform*. Uttrykket *på halv stong* førekjem såleis ikkje berre med *flagga* (ein kan heller visa frå **flagga** med eit redaksjonelt døme), men òg med andre verb som *heisa* og (med *flagget* som subjekt) *hanga*, *vaia* og dessutan i *med flagget på halv stong*. Samband med ein mindre flora av verb, som *koma*, *vilja til livs* og *setja til livs*, kan vera mindre opplagde, men desse uttrykka bør truleg koma inn under **til livs** (underoppslag i artikkelen **liv**) heller enn å redigerast som underoppslag under verba. Ein kan så ta med *koma til livs* som redaksjonelt døme med tilvising under **koma**.

d. verb + samanlikningsuttrykk

Når eit samanlikningsuttrykk innleidd av eit verb ein hende gong skal skal stå som underoppslagsform (jfr punkt 4.3.8.3.2 *Samanlikningsuttrykk*), bør det stå under fyrste (eller mest) signifikante ord etter *som*.

Døme: *sitja som eit skot* (under *skot*)

4.3.8.4.10 Ordpar

Mange faste uttrykk som treng forklaring, inneheld sideordna element med ein konjunksjon imellom, som regel *og*.

Hovudregelen er at uttrykket blir sett under det sideordna ordet som står fyrst. (Kan ordparet ha begge ordfylgjer, bruker ein den vanlegaste ordfylgja i oppslaget.)

Døme:

fyr og flamme (under fyr), skit og kanel (under skit), likt og ulikt (under lik), velja og vraka (under velja), korkje fugl eller fisk (under fugl), våga liv og blod (under liv), kreti og pleti (under kreti), skalta og valta (under skalta), av og til (under av), hit og dit (under hit), i og for seg (under i)

med sideordninga inni eit preposisjonsuttrykk: *mellom borken og veden (under bork), på sett og vis (under sett), med brask og bram (under brask), på lukke og frume (under lukke), i eitt og alt (under ein)*

I visse situasjonar kan det gje eit betre resultat å vika av frå hovudregelen, nok oftast av di det fyrste sideordna ordet i monaleg grad kan bytast ut, medan det andre er fast. Men noko som ikkje skal vera eit kriterium, er kva ord som kjem fyrst i ei alfabetisk rekkjefylgje; ein plasserer altså ikkje *hit og dit* under *dit* med grunngjevinga at *d* kjem før *h* i alfabetet.

Om det fyrste sideordna leddet er eit fleirordsuttrykk (sjeldan), kjem underoppslaget under det fyrste eller mest signifikante ordet i dette uttrykket, eller ein fylgjer reglane i andre underkapittel ovanfor for fleirordsuttrykk av den aktuelle typen.

Døme: *til tres og til smeds (under tre), sju segl og ein vind (under sju, alternativt segl)*

Det siste uttrykket kan òg stå under **segl**, ut frå at substantivet har ei meir spesifikk tyding enn talordet, og ut frå regelen om at underoppslaget skal stå på substantivet når det ikkje er attributivt adjektiv framfor. På den andre sida står underoppslaget i ein tydingsbolk med liknande uttrykk som *sju lange og sju breie og sju kyrkjesokn*, slik at talordet er vel så signifikant som substantivet for den som ser underoppslaget stå inni talordsartikkelen; det verkar meningsfullt å la underoppslaget illustrera bruken av talordet. I tillegg minner talord om attributive adjektiv, der underoppslaget bør stå på adjektivet, og her står talordet òg fyrst i heile uttrykket.

4.3.8.4.11 Leddsetningar

Leddsetningar (jfr punkt 4.3.8.3.1 *Setningar*) står under det mest (eller fyrste) signifikante ordet. Som regel vil det ikkje vera vanskeleg å finna det beste alternativet.

Døme:

når det kjem til stykket (under stykke), når rett var (under rett), når småstein flyt (under småstein), så det står etter (under stå)

4.3.8.4.12 Manglar i prenta artiklar

Det er viktig å undersøkje om og korleis fleirordsuttrykket ein sit med, er behandla under andre artiklar, og serleg undersøkje om det alt står eit underoppslag ein annan stad.

Det kan henda ein ser at eit ordsamband *som bør stå som underoppslag* ein stad, er omtala under eit anna ord i eit tidlegare band *på ein måte som ikkje er fullgod*, t d at det manglar tydingar eller nemnande med heimfestingar, eller at omtalen burde vori på underoppslagsform etter reglane ovanfor. Kanskje manglar uttrykket heilt.

Her kan ein tenkja seg i alt fire kombinasjonar langs desse to aksane:

- Staden underoppslaget bør stå, kan vera ordet ein held på med, eller ordet i det tidlegare bandet.
- I det tidlegare bandet står det faktisk eit underoppslag, eller det gjer det ikkje.

1.

Dersom omtalen i det tidlegare bandet ikkje er i underoppslagsform, og det etter reglane bør vera underoppslag i ordet ein held på med, er det greitt å laga det underoppslaget og gjera greie for sambandet på den måten ein meiner det bør gjerast.

2.

Dersom omtalen i det tidlegare bandet ikkje er i underoppslagsform, endå det er der underoppslaget bør stå, kjem det an på både korleis denne omtalen er utforma, og kva slags uttrykk det er snakk om.

Dersom omtalen i det prenta bandet ligg nær underoppslagsform, kan ein *få laga eit underoppslag i den elektroniske utgåva* og løysa problemet på den måten.

Om dette ikkje går, må ein ta standpunkt til om det kan lagast underoppslag i artikkelen ein held på med. Sume frasetypar er det mindre problematisk å gjera unntak for enn andre. Slik kan det andre ordet i eit ordpar tena som oppslagsord om det ikkje er redigert under det fyrste (i eit prenta band). Slike vurderingar kan vera ulike frå uttrykk til uttrykk: Eit samband som *la gå* kan passera som underoppslag under det fyrste verbet av di også *gå* er eit såpass "stort" og abstrakt verb (ein har noko på nær ein funksjonsordfrase), medan *la seg bruka* (om det fortener underoppslag) berre bør stå som underoppslag under *bruka*. Nokre typar tilfelle er alltid problematiske, som når eit samband med adverbial partikkel manglar i ein prenta verbartikkel (som *be igjen* under *beda*). Sjå elles ovanfor under dei einskilde frasetypane og under punkt 4.3.8.4.1 *Generelle prinsipp*.

Når ein har ein mangel, må ein vurdere nøye om det er kurant å laga underoppslag i artikkelen ein held på med, gjerne med hjelp frå gruppeleiar eller hovudredaktør. Er det problematisk å laga underoppslag, kan ein i serskilde høve opna for å redigera sambandet under eit anna ord enn det reglane seier. Men til vanleg er det då føretrekt at ein så langt det er råd heller innarbeider sambandet mellom bruksdøma, og lagar ein underoppslag, bør det flyttast i ein seinare revisjon med tanke på den elektroniske utgåva av ordboka.

3.

Dersom ordsambandet står med underoppslag i det tidlegare bandet, og det er rett plassering, reparerer vi ikkje manglane med å laga underoppslag. Ei mogleg løysing kan vere å presentera eit døme eller to og elles visa til staden der underoppslaget står, "sjå òg xxx". Eller ein kan seia at gjort

er gjort (for den prenta utgåva). Meiner ein å ha gode grunnar for å gjera unntak, må ein ta det opp med redaksjonsleiinga (jfr Tillegg 5 *Endringar og rettingar i basen*).

4.

Dersom *ordsambandet står med underoppslag i det tidlegare bandet, og det er galen plassering*, kjem det an på under kva omstende underoppslaget er laga.

For dei seinare banda, etter at underoppslaget var lansert som kategori, kan ein i utgangspunktet ikkje laga underoppslaget på nytt, for det er ikkje lov å ha det to stader, sjå òg innleiinga til underoppslagskapitlet. Om då underoppslaget står på t d eit adverb i staden for eit verb, får ein sjå det på same måten som under punkt 3 over.

Underoppslag i band 1-2 er sette til av redaktørgruppa som tilpassa og reviderte den elektroniske utgåva av desse banda, og desse underoppslaga er ikkje "heilage". I prinsippet kan vi godt gå inn og gjera om artiklane der, slik at det ikkje står underoppslag, men heller ein kortare omtale med tilvising framover til artikkelen ein held på med. Så får heller dei som bruker papirutgåva, få sume av poenga to stader (slik som under punkt 1 over). Slik står *stå borte* no som underoppslag under **stå**, medan det ikkje lenger står som underoppslag under **borte**. (Men under dei spesielle verba *vera* og *verta* bør det vera lite med underoppslag, slik at t d *ver(t)a borte* bør stå under **borte**, på same måten som det òg er gjort med liknande samband med *ver(t)a*.)

For *fast* finst det så mykje omtale av verbsamband under adjektivartikkelen i band 2 at det ikkje er realistisk å gjera om på det, og ikkje minst er det alt vist til **fast** frå m a *setja* og *sitja* (*fast*). Når t d *sitja fast* ikkje er underoppslag under **sitja**, bør heller ikkje seinare verbsamband med *fast* bli det (om sambanda er dekte under **fast**), før ein eventuell revisjon. Det blir då som under punkt 3 over.

4.3.8.5 Plassering av underoppslag: kvar i artikkelen

Føringsmåte kan vera:

1. *Føring som underoppslag plassert (automatisk) sist i vanleg tydingsbolk*. Her kan ein ha eitt eller nokre fåe underoppslag, og har ein fleire enn eitt, skal dei ikkje stå i tilfeldig rekkjefylgje. Standard ordningsmåte er alfabetisk, men underoppslaga kan òg ordnast etter semantiske eller formelle drag som gjer ei anna rekkjefylgje monaleg dårlegare.
2. *Føring av fleire underoppslag i rekkje under eit eige tydingsnummer (døme: sjå tyding C8 av **syna**)*. Då er underoppslaga ordna alfabetisk (og alltid når ein har verb og partikkel), men dei kan òg ordnast etter semantiske eller formelle drag som gjer ei anna rekkjefylgje monaleg dårlegare. Ein vil gjerne bruka ei sams innleiing (der ordlyden kan variera noko etter omstenda) for heile rekkja, og då må denne teksta skrivast inn i innleiingsfeltet til fyrste underoppslaget, slik at ein unngår automatiske doble skråstrekar som er stygt plasserte. (Døme: "**6** i ymse samb og vend, såleis **bøya seg i støvet**". Ikkje: "**6** i ymse samb og vend // **bøya seg i støvet**".) Pass då på å få ein god overgang mellom innleiinga og det fyrste underoppslaget (ikkje t d "i ymse samb og vend **bøya seg i støvet**").
3. *Føring av kvart underoppslag under eit eige tydingsnummer (eller ein eigen tydingsbokstav)*. Underoppslaga er ordna alfabetisk med ei sams innleiingstekst (som kan variera noko i ordlyden) framfor fyrste nummeret. Dette er vanleg ved dei store verba (t d **føra**, **gå**, **hanga**, **hava**), og då er

slike rekkjer med tydingsnummer ordna under stor bokstav (t d C1–C37), sjå meir om det under punkt 4.3.2.1 *Tydingsinndeling med stor bokstav*. Også i relativt mindre verb kan det sumtid vera tenleg å samla underoppslag i ein eigen tydingsbolk til slutt i artikkelen (**døme**: sjå tyding 7 av **låta** og ditto **turka**). Eit motiv for det kan vera at sume av underoppslaga knyter seg til fleire tydingar, eller det er uklårt kva tyding dei går til. Motiv for å nummerera kvart underoppslag kan vera at det er mange av dei, eller at det blir lettare å referera til ordsambandet frå andre artiklar. Sumtid står eit einstaka underoppslag under eit eige tydingsnummer (gjerne med ei innleiing som "berre i vend"), av di ein ikkje har grunnlag for å knyta det til nokon av dei ordinære tydingsbolkane.

Endå om underoppslaget har eit eige tydingsnummer, har det alltid eitt mogleg undernivå, markert med tal i normal skriftstil. Kvar i artikkelen underoppslaget er plassert, har altså ingenting å seia for den interne strukturen i underoppslaget.

4.3.8.6 *Utsjånad og organisering*

4.3.8.6.1 *Overordna organisering*

Underoppslagsskjemaet er ein nedskoren kopi av skjemaet for normalartiklar.

Underoppslaget har

- oppslagsdel
- innhaldsdel

Underoppslaget har ikkje

- hakeparentes
- samansetningsrekkjer

Underoppslag krev ein eigen definisjon, som kan ha fullt utstyr. Definisjonen kan illustrerast med bruksdøme på vanleg måte.

4.3.8.6.2 *Innleiingstekst*

Underoppslag kan ha ei innleiingstekst, men treng det ikkje.

- Framfor samband av verb og etterfylgjande objekt, predikativ, preposisjonsuttrykk eller samanlikningsuttrykk (og framfor setningar) kan ein bruka "i vend". **Døme**: **svinga svepa, snu kappa etter vinden, taka avstand frå, tinga seg, vera mann for, klø i fingrane, sitja som eit skot, når alt kjem til alt**.
- I andre samanhengar kan ein bruka "i samb", irekna framfor samband av verb og adverbieill partikkel. **Døme**: **koma inn, tenkja over, smør på fleisk, kross og kyrkje, rett og slett, velja og vraka, så laga, frå topp til tå, på grunn av, som smurd**.

I nettutgåva blir innleiingsteksten berre synleg når ein søker på ordet som inneheld underoppslaget. Såleis ser ein "i samb **senil demens**" i artikkelen **senil**, men ikkje "i samb" når ein søker direkte på **senil demens**.

4.3.8.6.3 Oppslagsform

Underoppslagsforma er ikkje eit litterært sitat, men står for ein abstrakt storleik som i prinsippet kan røma ulike bøyingsformer, innskot av forsterkande adverb og annan variasjon. I kva grad forma er fast eller inneheld variasjon, vil variera frå underoppslag til underoppslag. Med fleirordige uttrykk kan det òg vera tvil om kva ord som skal takast med i oppslagsforma. I dette underkapitlet er det gjort greie for ulike moment som knyter seg til desse poenga.

1. Underoppslagsforma skal ikkje innehalda parentesteikn, komma eller apostrof, til liks med eittordige oppslagsformer og til skilnad frå bruksdøme. Er det variasjon i forma, må det koma til uttrykk i døma eller ein kommentar fremst i definisjonsfeltet (sjå døme nedanfor).

- Ein slik kommentar peikar tilbake på bygnaden til oppslagsforma (heller enn å vera ein del av definisjonsapparatet) og skal stå i parentes, antan han er stutt eller lang. (Slike kommentarar kan seiast å overlappa litt i type med innleiande grammatiske merknader, som berre står i parentes når dei er lange, jfr punkt 4.3.3.4.1. Vi skil likevel på denne måten; dei kommentarane det er tale om her, gjeld helst alternative former til underoppslagsforma.)
- Ein bør ikkje skriva ein alternativ variant av *heile* underoppslagsforma i ein slik kommentar. **Døme:** heller t d "òg med omvend ordfylgje" enn "òg *lykkje og krok*" i underoppslaget **krok og lykkje**.
- Refleksivt pronomen *seg* (som i **leggja seg**) kan utan vidare stå for personlege pronomen i refleksiv bruk, slik som *oss* og *deg* (slik òg i redaksjonelle døme).

Døme:

slita or (òg *utor*)

på riksplanet (òg i ubf)

for syns skuld (òg med ub art. el (òg) utan -s)

setja spørsmålsteikn ved bil., (òg med vb *stella*, òg med prep *til* el *med*)

Sjå meir om variasjon i punkt 4.3.8.1.5 *Fastheit*.

2. Det trengst ikkje "jfr" framfor kjelder etter definisjon som bruker ei anna form enn akkurat den som er oppgjeven i oppslaget. **Døme:** Har ein *guten tok seg gildt upp* som eitt av belegga på ei tyding av **taka seg opp**, og vil ha kjelda etter definisjon, set ein ikkje "jfr" framfor kjeldesignaturen (slik ein kan med t d avvikande variantar av ordtak, der formatet er bruksdøme).

3. Ein skal unngå å ta med unaudsynlege element i underoppslagsforma; ho skal "barberast" så langt det er mogleg. Det inkluderer desse momenta:

- Underoppslagsforma skal ikkje vera innleidd av eit frekvent verb med skjematisk tyding, som *vera* og *ha* (**døme:** **på hangande håret** utan *vera* fremst). Det må gjerast unntak der verbet er avgjerande (**døme:** **vera mann for**). Jfr òg punkt 4.3.8.4.9 *Verbfrasar med plassering under eit anna ord*.

- Uspesifiserte objekt blir om mogleg ikkje markerte med ord som *noko* og *nokon* (**døme: taka knekken på** utan *nokon* etter, men med naudsynleg pronomen: **skula visa nokon**). At uttrykket blir brukt med (ein type) objekt, skal då koma fram i artikkelkroppen til underoppslaget. Dette blir på same måten som i verbartiklar (medan slike pronomenvariablar greitt kan stå i konstruerte bruksdøme).

4.3.8.6.4 Tydingsstruktur

Underoppslag kan ha fleire nummererte tydingsbolkar, automatisk markerte med arabartal i rett skrift og utan feite typar. Desse bolkane kan ikkje ha tydingsbolkar under seg, eller undertydingar eller underoppslag. Når ei profesjonell ordbok har teki eit val om kor mange og kva slags nivå ein vil ha (i ulike slags tydingsbolkar), skal ein ikkje gjera unntak til dette; grunnstrukturen må liggja fast. Det er teknisk mogleg å laga bokstavtydingar (B, b) i underoppslag, men det har årsaka si i programmeringa, og det er viktig at det ikkje blir utnytta.

For underoppslag med overførde tydingar kan det vera vanskeleg å avgjera om den bokstavlege tydinga skal med (då som tyding 1) og i så fall korleis ho skal førast. Dette gjeld der konkret og overført tyding ikkje lèt seg kombinera i ei og same tekst med innleiinga "òg overf" eller "òg bil."

Ein føresetnad for å ta med ei bokstavleg (ofte konkret) tyding er at det språklege uttrykket er i gjengs bruk med tydinga. Det er klart at det går an å falla konkret mellom to stolar (om ein bommar når ein set seg), men det er ingen vanleg situasjon, og i alle fall blir uttrykket *falla mellom to stolar* i praksis berre brukt biletleg. Overdrivingar som *bu i koffert* og *taka beina på nakken* kan ikkje ha noka "bokstavleg" tyding frå før biletet blir laga, og noka slik tyding blir då heller aldri førd i praksis.

Vanskelegare kan det vera med ein del andre uttrykk. Hovudregelen er at vi tek med den bokstavlege tydinga når vi kan, òg når tydinga i seg sjølv ikkje gjev grunn til å laga underoppslag. Men det er ikkje alltid så lett å seia kva som skal til, så noko inkonsistens må vi nok leva med her.

Når uttrykket treng forklaring òg i den bokstavlege tydinga, må denne tydinga iallfall med.

Døme:

kle seg naken 1 ta av alle kleda. 2 gjera seg synleg, sårbar; syna fram veike punkt (Heggl.BHBS 189; JonssonN 10): *ein* (skodespelar) *mätte tola å kle seg naken* (E.HoemTKD 36).

Når ein kler seg, tek ein til vanleg *på seg* plagg, og *kle seg naken* er ein uføreseieleg ordkombinasjon som krev definisjon.

Døme:

hanga i stroppen 1 (om passasjer i buss el bane) *stø seg* ved å halda i hengjestropp frå taket. 2 ha mykje å gjera; (vera nøydd til å) arbeida hardt: *ordførarar skal henge i stroppen og stå på døgnet rundt* (Nationen 2007).

Dette dømet er fullt i samsvar med tydinga av *hanga 1c* og definisjonen av *stropp* som står framfor underoppslaget (ikkje attgjeven her). Tydinga til *stropp* er likevel meir spesifikk i dømet ('hengjestropp frå taket'), slik at tyding 1 bør med, som bakgrunn for tyding 2 og ut frå det at vi tek med den bokstavlege tydinga når vi kan.

Døme:

opp av stolen 1 med konkret retning: *Ivar for opp av stolen i det same (Ves.K² 85). 2 bil., ut av passivitet og over i aktivitet: (dei) ventar på at folk med ansvar kjem seg opp av stolen og får bilferjene på Steinestø ut av opplag (BT 1994)*

Her òg kan underoppslagsforma uttrykkja den bokstavlege tydinga på ein kurant måte. Tydinga er føreseieleg ut frå tydingane til dei tre orda (*av* ser ut til å kunna bli brukt når vi har noko som er eller kan minna om ein behaldar, slik som ein stol med armstøer), så ho gjev ikkje grunnlag for eit underoppslag (jfr òg *opp frå stolen*, *opp av* (eller *frå*) *sofaen* osfr). Men kan vi greitt samla bruksmåtene av *opp av stolen* i underoppslaget vi likevel lagar, gjer vi det.

Døme:

bu på legd 1 vera bortsett som legdelem. **2** overf, bu mellombels (og dårleg el improvisert) hos andre utan å betala; skjemt., ta inn hos kjende (t d når ein er på gjennomreise) (Stav)

I dette dømet kan det òg vera eit moment at dersom *bu på legd* er ein kollokasjon i tyding 1, kan han ikkje stå som redaksjonelt døme ein annan stad i artikkelen når vi har eit underoppslag med same forma (jfr innleiinga til underoppslagskapitlet).

Døme:

II list f ... b list (i tyd 1a) på stativ i høgdehopp: *lista låg på 1,45 // i vend leggja lista høgt* overf, (òg med adj *lågt* el (òg) grads-adv) 1 setja seg høge (el låge) mål (Dagningen 1992): (kommunen) *bør legge lista like høgt som den nasjonale planen* (Valdres 2004). 2 stella høge (el låge) krav: *Høgsterett legg lista lågt for å dømma til forvaring* (Jærbl 2005).

I dette dømet kan det godt forsvarast å ikkje nemna den bokstavlege tydinga. Underoppslaget står i ein tydingsbolk med ei ganske spesifikk tyding, og det verkar påfallande unaudsynt nærmast å ta opp att definisjonen. Dersom underoppslaget hadde stått i ein eigen bolk med ulike underoppslag, hadde lista for å ta med den bokstavlege tydinga liggi lågare.

Døme:

I klamp m ... 3 a helde (I,1a) til hest (C; Tot ofl A², Dal, Vanylven) // **klamp om foten** (òg med prep *kring* el *rundt* el *for*) hefte (2b): *han tyktest vera ein klamp om foten på dei alle* (Forsand).

Dette dømet liknar det førre, men her er det òg tvilsamt om "om foten" blir noko serleg brukt i bokstavleg tyding. Ei helde er per definisjon til foten på dyret, og "om foten" kan vera lagd til nettopp fordi tydinga er flytt vekk frå den opphavlege samanhengen.

Døme:

is-fjell n svært stykke av losna bre-is som driv i havet (der berre 1/10 er over vatnet); isberg: *isfjell er farlege for skipsferdsla* (NoAllk VI,759) //i samb **toppen av isfjellet** overf, det vesle som er synleg, som er kjent (av noko langt større som (framleis) er ukjent): *det vesle eg hadde røpa om ulovleg norsk etterretningsverksemd var å likne med toppen av eit isfjell* (SS 1990,107).

Dette dømet minner om det førre. Overdefinisjonen gjer at den bokstavlege tydinga ligg oppe i dagen. Samstundes er *toppen av isfjellet* i produktiv bruk utan spesiell kontekst berre den øvste spissen (*det sit ein fugl på toppen av isfjellet*). For den delen som ligg over vatnet, krev det at ein etablerer skiljet mellom dei to delane (over og under vatnet) i samtalen eller teksta, og då er det opi kva ein vil kalla den øvre delen (det kan kanskje vera så ymse).

toppen av isfjellet kan også illustrera problem med oppslagsforma. *nakken i bøya* *nakken* er ein ålment kjend ting som utan vidare kan introduserast i bunden form eintal i samtalen eller teksta, og *stroppen i hanga i stroppe* kan i det minste introduserast i bunden form etter at ein har introdusert ei ramme for det å køyra buss eller bane (jfr NoRef 285). I slike tilfelle kan ein kanskje greia å jenka til ein definisjon. Men *isfjell* må vera introdusert i ubunden form *eit isfjell* før ein kan tala om *isfjellet*, og definisjonar som "del over vatnet av visst isfjell" kan gje eit komisk og dårleg inntrykk. Nokre underoppslag kan altså innehalda former som blir for vanskelege å handtera om ein vil ha med den bokstavlege tydinga.

Når ein tek med ei bokstavleg tyding nr 1, kan det vera spørsmål om ein treng fullt utstyr med m a bruksdøme, eller om det held med ein stutt definisjon så å seia for ordens skuld, slik det er gjort i fleire av døma ovanfor. Dette blir ei avveging frå gong til gong, men om tydinga er vanleg, kan ei slik knapp behandling vera eit signal om statusen til tydinga, serleg når tydinga i seg sjølv ikkje gjev grunnlag for å laga underoppslag. Under **opp av stolen** (ovanfor) har ein ikkje greidd å laga ein verkeleg definisjon, og som ei naudløysing har ein lati teksta på definisjonsplassen gå i tospann med bruksdømet. (Eitt av momenta som har pressa fram naudløysinga, er nettopp at tydinga er føreseieleg og berre er med for å gjera tydingsstrukturen komplett.)

4.3.8.7 Tilvising til underoppslag

Ein skal ikkje krysskopla direkte til eit underoppslag eller til ei tyding innanfor eit underoppslag (trass i at det er teknisk mogleg å gjera det). Ein viser i staden til (ei tyding i) ein normalartikkel som inneheld underoppslaget.

Elektronisk tilvising til artiklar som inneheld underoppslag, kan vera av to hovudtypar:

- fleirordige tilvisingsartiklar
- tilvisingstekst inni ein normalartikkel (vanlegast)

Kriterium for *fleirordige tilvisingsartiklar* er behandla i punkt 2.1.6.2, i kapitlet om fleirordige uttrykk med eigen ordartikkel.

Når ein skal gje att underoppslaget i *tilvisingar som er plasserte inni andre (normal)artiklar*, skal det gjerast med redaksjonelle døme, ikkje underoppslag (jfr innleiinga til underoppslagskapitlet). Slike redaksjonelle døme bør til vanleg stå sist i rekkja av døme, trass i at redaksjonelle døme elles til vanleg står fyrst.

Døme:

I **krake** ... / i *krok* og i *krake*; sjå I *krok* 6a

Når ein har fleire underoppslag på rad med same tyding, kan ein ha full definisjon på eitt av uttrykka og synonymdefinera dei andre uttrykka med uttrykket med full definisjon, utan anna tilvising. Det skal då tolkast som at uttrykket i synonymdefinisjonen er redigert i same artikkelen (og i nærleiken).

Døme: under III **lit** er **setja lit til** og **slå lit til** definerte som "festa lit til".

Det kan så visst vera viktig å hugsa på å få vist til underoppslag frå andre artiklar, men det er ikkje eit poeng å ha flest mogleg slike tilvisingar. Det blir ei vurderingssak ut frå kva som er nyttig og viktig, irekna

- om det er fleire enn eitt ord som underoppslaget godt kunne stått under (slik at ordboksbrukarar som leitar på galen stad, blir viste vidare)
- kor vanleg uttrykket er
- om ei tilvising indirekte også kan fortelja noko interessant om ordet ein viser frå

Døme: Om nokon vil finna ut om den lite belagde kortspelnemninga *leven og latter*, er det lite sannsynleg at dei fyrst slår opp under **latter**. Det er heller ikkje viktig at dei som les artikkelen **latter**, får vita om underoppslaget. Det er dermed truleg ikkje naudsynt med tilvising frå **latter** til **leven** (der underoppslaget står).

5 Artikkel- og definisjonsformat

5.1 Artikkelformat

Retningslinjer for artikkelformat vil fyrst og fremst gjelda polysem, og serleg dei "store" orda, dvs grunnord med mange tydingar. Sjå òg punkt 4.3.2 om tydingsordning.

Vi har utarbeidd artikkelformat for verb.

5.1.1 Verb

For verb har det utvikla seg ei standardisert ordning av tilfanget som er slik:

- verb
- verb + refleksivt objekt *seg*
- verb + adverb
- hjelpeverb (som under **hava, koma**)

I store verb har desse hovudinndelingane gjerne stor bokstav (jfr artiklane **gjeva, gjera, halda, hava, leggja, liggja**), og refleksivkonstruksjonane og verbuttrykka har form av underoppslag. Det er også vanleg at verb + adverb har nytt tydingsnummer for kvart adverb.

Sekvensen "verb + adverb" kan vera polysem i seg sjølv, med gradvis stigande utvikling av sertyding. Utgangspunktet kan vera eit mønster av typen

V + OBJ='noko' + ADV/PREP + STYRING='noko'

t d *ha noko av noko*

som så kan realiserast som *ha utbytte av investering* eller t d *ha loket av gryta*. Slike frasar kan tenkjast å bli

1. plasserte under det ein oppfattar som den mest relevante verbtydinga, dvs spreidde på ulike tydingar under fyrste del av artikkelen; eller
2. samla under verb + adverb, i dette tilfellet *ha av*.

Måte 2 har etter kvart vorti måten vi baserer oss på, slik det òg er ein tendens til allereie frå band 3. Dersom ein skal leita opp førekomstane av *ha noko av noko*, er det meir praktisk å ha dei samla på éin plass.

Samstundes er dette også ein illustrasjon av at verbartikkelen nødvendigvis må sjå på eit tilfang frå fleire synsvinklar, og at inndelingsgrensene ikkje er eintydige eller heilt skarpe. Såleis vil ein nok finna døme som kan syna ei viss tyding uttrykt i ein gjeven struktur på fleire stader i ein artikkel. Men dette bør haldast på eit minimum. Her skal ein heller nytta artikkelintern tilvising.

5.2 Definisjonsformat

Det er ynskjeleg å ha standardiserte definisjonsformat tilpassa ulike ordklasser, ordtypar og semantiske felt. Desse formata skal vera utgangspunkt, men ikkje fylgjast slavisk ved ord der det klårt trengst serbehandling.

Redaktøren bør alltid undersøkje at viktige ord som er nytta i definisjonen, har eller kjem til å få artikkel i NO. Om naudsynt kan ein sikra dette ved å lima inn krysstilvising, jfr punkt 9.4.2.

5.2.1 Substantiv i semantiske felt og lukka sett

Substantiv som høyrer til særskilde fagområde, byggjer hovuddefinisjonen sin på klassifiseringssystemet som gjeld for dette faget. Døme er artsnamn, gjenstandsklasser, omgrep som høyrer til visse fag- eller bruksområde. Vi har utarbeidd definisjonsformat for nokre slike typar (sjå andre punkt nedanfor, punkt 5.2.2 og frametter), men òg for andre typar bør ein undersøkje korleis ting er gjorde før, og prøva å standardisera føringa mest mogleg.

Ver då særskilt merksam på ei undergruppe av slike ord som kan kallast lukka sett. Lukka sett er t d:

- vekedagar
- månader
- tonearter
- bokstavane i alfabetet (blir redigerte av same (hovud)redaktør)
- talorda (serleg grunntal)

Tilnærma lukka sett er t d:

- grunnstoff
- måleiningar
- (usamansette) fargenemningar
- grammatikktermar
- slektskapsord
- titlar innanfor avgrensa hierarki, t d offiserstitlar
- vindstyrkenemningar

5.2.2 Substantiv for dyre- og planteriket

Hovuddefinisjonen for dyr og plantar tek utgangspunkt i korleis ordet er nytta i botanikk eller zoologi. Her er rangsystemet slik (engelske motstykke er tekne med for t d søk på latinske namn på Internett som gjev treff på engelskspråklege nettstader):

- rike (eng. kingdom) (tyd 2b i NO)

- rekkje (eng. phylum) (tyd I,6 i NO)
- klasse (eng. class) (tyd 2a i NO)
- orden (eng. order) (tyd 3b i NO)
- familie (eng. family) (tyd 6 i NO)
- slekt (eng. genus) (tyd 3 i NO)
- art (og eventuelt underart) (eng. species (og subspecies)) (sjå NoAllk)
- individ (tyd 2 i NO)

Høgfrequente, usamansette ord for plantar og dyr er ofte nytta på fleire steg i dette klassifiseringssystemet. Dette (irekna individnivået) bør koma fram i defineringa av ordet.

Uttrykket "individ" skal ikkje brukast. I staden kan ein bruka "fisk", "bartre" osfr.

I artikkelen for den tilrådde, prioriterte norske termen står den offisielle latinske termen på ei eiga definisjonsrad i kursiv, med stor forbokstav i fyrste leddet, sjå døma nedanfor. Latinske artsnamn har alltid to ledd: slektsnamnet fylgt av ei spesifisering. Latinske namn høgare i hierarkiet enn art består av berre eitt ord.

Stundom førekjem òg underart eller varietet. Her tek vi med "ssp." (= subspecies) og "var." (= varietas) (jfr J.LidElvenNF 66, 67, 69) der den vitskaplege kjelda vår har det, på denne måten: *Silene involucrata ssp. tenella*. Har kjelda det i tre ord utan slikt innsett, kan vi gje det att slik i NO òg. Men det er høve til å granska andre kjelder og Internett om det burde stå "ssp." eller "var." der òg. (Desse to avstytingane kjem i tillegg til avstytingslista i *Brukarrettleiing* frå 1994.)

Oftast skildrar ein stutt planten eller dyret. Lite kjende eller lite utbreidde plantar og dyr kan ein nøya seg med å plassera inn i nomenklaturen; det latinske namnet er då det som gjev ei eintydig avgrensing. Samanlikn døma nedanfor, irekna 1a og 1b av **gran**.

Døme:

gran f.

1 bot.

a (bartre av) slekt i furufamilien; *Picea*.

b (i Noreg) (bartre med kjegleforma vokster og tett bar og kranstelte greiner av) art i slekta gran (II,1a); vanleg gran; *Picea abies*.

kjempe-soleie f

bot., meterhøg plante(art) i soleiefamilien med hol stengel og store, gule blomar; *Ranunculus lingua* (J.LidNF² 296).

saft-stjerneblom m

bot., (plante av) art i nellikfamilien; *Stellaria crassifolia* (J.LidElvenNF 256).

pelikan m

1 zool, (stor symjefugl av) familie i ordenen pelikanfuglar, med hudsekk under nebben; *Pelecanidae*.

gaffel-antilope f

zool, (dyr av) jortarslekt med gaffelgreina horn og i slekt med antiloper og geiter; *Antilocapra*; (serl:) (dyr av) arta *Antilocapra americana*.

kjempe-trekvefs m

zool, opptil 4 cm lang (art av) kvefs i familien *Siricidae*, med svart og gul kropp og med åmer som lever i ved; *Sirex gigas* (NoAllk).

Alternative norske nemningar blir dekte i koplingar frå andre artiklar, sjå nærmare under punkt 2.1.5.3.4 *Plante- og dyrenamn*. Med sume synonym for plantar og dyr (ein hende gong for andre slags ovringar) kan lesaren koma i tvil om kva slags fenomen som det i det heile teki er snakk om. Då bør ein setja ei kategorinemning i parentes framfor synonymet. (Definisjonen tel framleis som eittordsdefinisjon, som krev kopling.)

Døme:

(planten) klåved (Orkd)

(bregnen) einstape (1) (Idd)

(fisken) gullbust (II,2) (NeRom)

(raudalgen) søl (III) (Hillesøy, Tromsø)

(kortspelet) sprøyte (II) (Stange, Ringsaker, Løten)

5.2.3 Grunnstoff, metall, mineral og bergart**5.2.3.1 Grunnstoff**

Alle grunnstoff skal ha normalartikkel i NO. Hyperonym er "grunnstoff" (ikkje "grunnto", som også er nytta i NO). Einskilde grunnstoff skal bruksmerkast "kjem." (jfr *grunnstoff 1*) og nemna kjemisk symbol som i døma nedanfor. Anna bruksmarkering (t d "min.") er avhengig av eigenskapar ved kvart grunnstoff.

Døme:

fluor kjem., grunnstoff som høyrer til halogena og som er ein grøngul, stinkande gass som ikkje finst fritt i naturen, men i talrike bindingar med andre emne (symbol *F*)

karbon kjem., grunnstoff som finst fritt i naturen, anten amorft el krystallinsk (som diamant el

grafitt); kol, kolstoff (symbol C)

5.2.3.2 Metall

Alle viktige metall med norsk namneform skal ha normalartikkel i NO. Har dei t d artikkel i NoAllk eller eit anna leksikon for ålmenta, og NO har andre kjelder, som t d NOB, så er det god grunn til å ta dei med.

Metall som er grunnstoff, har hyperonymuttrykk "metallisk grunnstoff" og skal ha kjemisk symbol.

For legeringar har hyperonymbruken vori svært variabel, men formelen bør vera "metall som er legering av ...". Legeringar fører NO ikkje formel for.

Merk at samansetningar med "-metall" kan høva dårleg som hyperonym, av di hyperonym bør ha normalartikkel i NO. Skriv difor heller t d "metall som ..." enn t d "alkalimetall".

Døme:

gull kjem., (raud)gult, kostesamt, edelt metallisk grunnstoff (symbol *Au*) som serl vert nytta i myntar, prydnadsting o l

iridium kjem., sylvkvitt, hardt metallisk grunnstoff i platinagrappa (symbol *Ir*)

jod kjem., blåsvart, metallisk grunnstoff som høyrer til halogena (symbol *I*)

bronse kjem., metall som er legering av kopar og tinn (stundom med tilsetning av andre metall el metalloid i små mengder)

amalgam kjem., metall som er legering av kviksylv og eit anna metall

5.2.3.3 Mineral

Alle viktige mineral med norsk namneform skal ha normalartikkel i NO. Har dei t d artikkel i NoAllk eller eit anna leksikon for ålmenta, og NO har andre kjelder, så er det god grunn til å ta dei med.

Hyperonym er "mineral". Einskilde mineral skal bruksmerkast "min." (jfr definisjon av *mineral* i NoAllk). NO fører ikkje formel for mineral. Anna bruksmarkering er avhengig av eigenskapar eller bruk for kvart mineral, og av artikkelstruktur.

Døme:

felt-spat min., mineral av kiselsur leirjord og kali, natron el kalk

grafitt min., usmelteleg, svart mineral, krystallisert av karbon som òg vert laga kunstig (nytta m a i blyantar)

5.2.3.4 Bergart

Alle viktige bergarter med norsk namneform skal ha normalartikkel i NO. Har dei t d artikkel i NoAllk eller eit anna leksikon for ålmenta, og NO har andre kjelder, som t d NOB, så er det god grunn til å ta dei med.

Hyperonym er "bergart". NO fører ikkje formel for bergarter. Ålment nytta nemningar for einskilde bergarter skal bruksmerkast "geol" (jfr definisjon av **bergart** i NO). Anna bruksmarkering er avhengig av eigenskapar eller bruk for kvar bergart.

Merk at samansetningar med "-bergart" kan høva dårleg som hyperonym, av di hyperonym bør ha normalartikkel i NO. Skriv difor heller t d "sedimentær bergart" enn "sedimentbergart".

Døme:

granitt geol, hard, kornut eruptiv bergart med kvarts, feltspat, glimmer og ofte hornblende og andre mineral

kleber-stein geol, grøngrå og mjuk bergart (med mykje talk og kloritt)

Lokale namneformer for bergarter skal ikkje ha bruksmarkering "geol".

Døme:

flysje-berg laus skifrig bergart som lett fell sund i små skiver (Surnadal).

5.2.4 Stjernebilete

For dyrekrinsen skil vi mellom to nummererte tydingar, etter dette mønsteret*:

skorpion m ... **2 a** astron., i bf sg, stjernebilete og stjernetekn i dyrekrinsen; *Scorpius* (J.LidMG 79; AlverDM 42; NoAllk). **b** astrol, person fødd i tidsromet 23. oktober–21. november (då sola står i skorpionens teikn): *skorpionar er dei verste å leve saman med* (Firda 2008).

Sitat blir tekne med eller ikkje tekne med etter vanlege vurderingar.

Tyd 2a i dømet vil òg gjelda andre stjernebilete (plassering på himmekvelven er ikkje obligatorisk for alle stjernebilete).

Bruksmarkeringa "astron." skal berre stå om det gjeld det vitskapelege namnet, ikkje om det er eit folkeleg eller dialektalt uttrykk. For uoffisielle namn skal definisjonen vera i form av eit synonym til det vitskapelege namnet. (Desse prinsippa gjeld òg for tilhøvet mellom andre offisielle og folkelege artsnemningar.)

For einskildstjerner kan ein føra

(namn på) stjerne i stjernebiletet [offisielt namn] (eller ein annan type plassering av stjerna, t d på himmelkvelven)

* Formatet for dyrekrinsen er grunna på denne tolkinga vi har gjort av kjelder og materiale: Stjernebiletet er ein konstellasjon av stjerner, og stjernetekn er eit avsnitt på himmelen av den banen sola passerer igjennom. I oldtida fall dei to saman, men seinare har det vori ei forskuving, så bileta ikkje lenger ligg i det teiknet dei har gjevi namn til. Inndelinga av kalenderen er etter stjernetekn, altså kva periode sola står i det og det teiknet. Reint språkleg verkar det som namna på dei einskilde stjernetekna ikkje blir brukte om dei aktuelle tidsromma i seg sjølve, berre om personar fødte i det aktuelle tidsrommet. Dei astrologiske tolkingane av dyrekrinsen baserer seg på stjernetekna og rørsleane til sola i forhold til dei.

5.2.5 Personnemningar

5.2.5.1 Ålment

Med personnemningar som ikkje har eit klårt synonym (som eignar seg som eittordsdefinisjon), kan vi definera med

- ei(n) som ...
- person som ...

Den fyrste måten har serleg vori nytta med målføreprega ord; med litterære ord har vi vel så gjerne nytta den andre måten. Dette skiljet er slett ikkje vasssett, og i dei seinare banda er det ein tendens til meir bruk av "person".

Døme:

vass-vom f [Rbg1698 *vas-vommæ*] ei(n) som drikk mykje vatn (Rbg1698).

visdoms-ugle f **1** ugle som symbol på visdom: *kvi so? – du visdomsule? – haldt din munn!* (H.Rytt.Sh IV,166). **2** person som er ivrig etter nyhende (Røldal).

xylograf m [-*gra'f*; frå gr] person som driv med xylografi (S.N).

5.2.5.2 Innbyggjarnamn

Innbyggjarnamn blir normalt definerte etter dette mønsteret:

- person som bur i el er frå [stadnamn]

Den denotative definisjonen av eit innbyggjarnamn blir altså behandla så knapt som råd, såleis korkje eksemplifisert eller kjeldefest. Dersom både eit tilrådd innbyggjarnamn (hovudkjelda er *Norsk*

stadnamnleksikon) og eit anna namn som gjeld den same staden (t d frå Aasen eller Ross) skal redigerast, kan det takast med kjelde for den uoffisielle varianten.

Døme:

lomværing m [A] lomvær (A; Vi.SkrU II,460).

Innbyggjarnamn innanfor Noreg kan også i mange tilfelle nyttast om målføret på staden i frasar som "tala frøning, snakka nordlending". Denne tydinga tek vi normalt ikkje med (men han kan demonstrerast i døme i sume slike artiklar, og i artiklar om verb som *snakka, tala*).

Døme:

astøing person som bur i er frå Astafjord(en) i Trs

berlinar person som bur i el er frå Berlin

finnmarking person som bur i el er frå Finnmark

Dersom innbyggjarnamnet blir nytta både om ei etnisk (majoritets)gruppe og alle innbyggjarar i eit land, lagar vi to tydingar. Som tyding 2 kan vi då ha:

- person av det folkeslaget som er i fleirtal i [landsnamn]: *etnisk xxx*

Her må ein ofte spesifisera meir i det konkrete tilfellet.

5.2.6 Språknemningar avleidde av nasjonalitetsadjektiv

Språknemningar som er avleidde av nasjonalitets- eller etnisitetsadjektiv, og som ofte blir brukte substantivisk, skal redigerast under adjektivartikkelen og få eit eige tydingsnummer (markert med tal). Tydinga skal ha den grammatiske innleiinga "subst m":

Døme:

katalansk adj **1** som gjeld landskapet Catalonia i Spania og katalanarar (Liest.NFD 48). **2** subst m, språk nytta i Catalonia.

5.2.7 Interjeksjonar

Med interjeksjonar bør ein ålment tenkja på å standardisera føringa mest mogleg. Det gjeld òg for typar som ikkje er nemnde vidare, som t d svarord.

5.2.7.1 Eidar og kraftuttrykk

Det finst sers mange ord som er eller blir brukte i eidar og kraftuttrykk. Mange av dei er utbreidde, til dels berre i ein del av landet. Mange eidar og kraftuttrykk har samband til ordforrådet elles, t d slik at *satan* både kan brukast som eid og som namn på Djevelen meir ålment, eller slik at *farken* har opphav i *fanden*.

Nokre slike ord fungerer som eit ledd i eit fleirordig kraftuttrykk. Då vil det ha ei anna grammatisk merking enn "interj", og definisjonen vil ta til med (eller utgjera):

- i eid

Døme:

I **farken** m sg bf [*far*'-; oml av *fanden*] i eid, *fanden* (Vanl): *farken brenne, danse, klype, ta o l / *farken klore den som kalla dette skog!* (Aukr. 240) / *fy farken!* / *kva farken (er dette)? / det var da som farken / det var farken til stell!* // gen.: *farkens fyr / farkens arbeid* gruvsamt, utriveleg arbeid (Oppdal).

III **sutta** v -a [...; opph lydord (T)] 1 *føra* (1b) (med ofse) ... // i eid: *hunden sutte!* (Shl R, Nhl R).

hake-skjegg n 1 (om menn, sj om dyr) skjegg på el under hake (IV,1a) ... // òg skjemt., i eid (opph å sverja ved noko som ikkje finst og dermed ikkje vera forplikta av eiden): *ved paven sit håkeskjegg* (LøI.E 126)

Andre slike ord førekjem som eit sjølvstendig kraftuttrykk. Då vil ordet eller tydinga vera merkt med "interj", og definisjonen vil ta til med (eller utgjera):

- brukt/nytta som eid

Døme:

biske-meg interj [jfr *beiskedød*] nytta som eid, *beiskedød* (H; C).

gutter sann interj i e mål, nytta som eid av kvinner, tilsv *dyredø(d)* el I (Røks.MEM 28).

neigu adv [...; opph *nei gud*] 1 *neimen* (1): *neigu om det var småtteri heller* (Nordst.Br 16) / *han er neggu ikkje for gamal* (SlettoE 75). 2 interj, nytta som eid: *neigu; – han hekk inkje der* (Sigmundst.GF 39) / *neggu hev eg, Anne!* (Braat.KF 57) / *neigu lell!* (AlvdalBKA²).

5.2.7.2 Oppmodingar og kommandoord

Slike uttrykk står nær imperativ.

Den vanlegaste typen i vårt materiale er rop for å få husdyr til å koma:

- lokkeord til ...
- lokkerop til ...

Døme:

IV **kopp** interj [A] lokkeord til ku, ofte oppatteki to el fleire gonger (A; Snm; Støyl.NBL 46).

II **gose** interj lokkeord til ku (for å kalla heim til kvelds); goss (III), gossa (IV) (Skedsmo, Flatanger): *gose, gose.*

IV **set** interj lokkerop til ku (Voss).

Ein annan type dreiar seg om at folk eller dyr skal utføra visse rørsler, ei viss handling:

- kommandoord for ... [+ beskriving]
- oppmoding til ... [+ beskriving]

Døme:

II **marsj** interj [frå fr; opph imp av *marsjera*] mil., kommandoord for å få til å marsjera: *framover marsj!* / *heilt om marsj!* / *på staden marsj!* / kvd: *marsj i seng!*

II **skål** interj oppmoding til å ta ei skål (I,3b) med nokon: *skål da, og takk for alt* (BrodalTMK 52) / *det var fleire som ropte skål* (E.HoemTKD 39) / *skål for oss og natta* (HeieEIM 71) / *skål karer, på god fløting, og enda bere gjentlykke!* (GaraasenR 102).

5.2.7.3 Lydhermande ord

Standardmåten er:

- brukt/nytta til å gje att/etterlikna/imitera ...

Døme:

I **mjau** interj [lydord] nytta til å gje att lyd som katten lagar: "*mjau – mjau*", *jamrad katten* (Fedrah 1883).

IV **klakk** interj brukt til å gje att klakk (II,1): *klakk, klakk, sa stega våre på det frosne fortuet* (Hovl.VSPT 159) / *nokre håse klakk-klakk* (frå båtmotoren) (KvåleS 9).

5.2.8 Avleiingar

Visse typar etterledd dreg med seg eit visst definisjonsformat. Såleis er det vanleg at den fyrste definisjonen – sjølv basisdefinisjonen – refererer til grunnordet for avleiinga.

Innverknaden avleiingsmåten har på tydinga, er truleg sterkare ved suffiks som framleis lagar nye avleiingar, enn ved suffiks som ikkje lenger er aktive.

Elles definerer vi avleiingar i prinsippet på same måten som grunnord.

5.2.8.1 Avleidde substantiv

For **verbalsubstantiv** på *-ing* og *-nad* har fyrste definisjon som regel forma

det å [verb]

For **adjektivalsubstantiv** (på *-heit*, *-skap*)

det å vera [adjektiv]

Døme:

viktigheit f det å vera viktig; det at noko er viktig: *ein må ikkje overdrive viktigheita av dette heller* (DT 1975).

NO har ikkje ordartiklar på *-ing*-ord når dei berre er reine verbalsubstantiv; vi bør ikkje ha "det å .." som einaste definisjon i ein artikkel. Dette gjeld også om *-ing*-avleiinga har Aasen eller Ross som (ofte einaste) kjelde.

Derimot må vi ha det med når ordet i tillegg har andre tydingar, t d ei tyding for produktet av handlinga. "Det å ..." -definisjonen har då gjerne tydingsnummer 1, og så kjem andre tydingar med nr 2 osfr.

Døme:

vise-samling f [til // vise-] **1** det å samla (3a) (folke)viser (Flat.S 429). **2** samling (4) av viser: *visesamlingi "Symra" hev komet i tri utgåvur* (Den17Mai 1895).

nagling f det å nagla (l); ftru, lækjeråd der ein stakk ein liten kvist inn i det sjuke punktet på kroppen og så sette kvisten inn att i treet han kom frå: *nagling vart brukt ved sjukdom på det vis at ein fekk sjukdomen ført over frå den sjuke til eit tre, og der fastnagla* (MinneSoFj 165).

5.2.8.2 Avleidde adjektiv

Adjektiv på *-ande* og *-bar* til ei verbstomn har ofte ei passiv tyding, og definisjonsformatet speglar dette. Formatet blir

som kan [verbstomn + -ast]

Slike definisjonar får gjerne eit tillegg som er meir bundi til kontekst, ut frå tilfanget.

Døme:

brukbar adj ... som kan brukast ...; god nok (til føremålet)

takande adj ... som kan takast ...; (om frukt, grøde) klar til hausting; mogen

5.2.8.3 Avleidde verb

For inkoative verb (av adjektiv) på *-na* er formatet

verta [adjektiv]

Døme:

svoltna v -a [R] verta svolten (1) (Ndm R).

6 Fyrsteleddsartikkelen

Fyrsteleddsartikkelen kan ha to slag oppslagsord:

- avleiingsprefiks
- fyrsteledd i samansette ord + samansetningsfuge

6.1 Kva er fyrsteledd?

Fyrsteledd i NO er oppslagsord som endar på bindestrek. Dette omfattar både avleiingsprefiks og fyrsteledd i samansetningar.

I MO og NO er definisjonen mekanisk:

- Avleiingsprefiks er definerte som fyrsteledd som ikkje finst som sjølvstendige oppslagsord i ordsamlingane.
- Fyrsteledd i samansetningar er definerte som fyrsteledd som finst som sjølvstendige oppslagsord i MO og NO (når fugen er trekt frå).

Døme på samansetningsledd (ikkje utfyllande liste med typar):

igjen- (grunnord)

ihel- (samanskreven frase)

ikkje- (med obligatorisk bindestrek i samansetningane)

imperie- (med endra utgang)

institusjons- (med -s-fuge)

6.1.1 Fyrsteledd: tvilsspørsmål

6.1.1.1 Prefiks eller fyrsteledd?

Mellom avleiingsprefiks og fyrsteledd i samansetningar er det i språkleg forstand ei gråsone med element som ikkje høver heilt godt inn i nokon av kategoriane, slik som **foto-**, **kardinal-**, **mini-**, **psyko-**, **retro-**, **stereo-**, **super-**, **tele-**.

Det uvisse for denne gruppa er den grammatiske merkinga av fyrsteleddet i fyrsteleddsartikkelen ("pref" eller "i sms", jfr punkt 6.1.2). Det er ikkje uvisse om at orda som er laga med dette fyrsteleddet, kan takast med i Norsk Ordbok.

Sume slike element er *fyrsteledd for samansetningar som har fått spesielle avbleikte tydingar*, og ein kan då vera i stuss om tydingsutviklinga har gått langt nok til at vi bør rekna med eit eige prefiks.

- Det kan vera rimeleg å seia at vi ikkje har det same *nid-* i *nidvise* og *nidstira*, jamvel om dei historisk høyrer saman. Det siste kan reknast som eit forsterkande prefiks (òg stava *ni-*), som kan få ein eigen prefiksartikkel.

- **kjempe-** finst både i opphavleg, konkret meining (som klårt går til grunnordet) i ord som *kjempeætt*, over ord som *kjempebylgje* 'sers stor bylgje' til ålment forsterkande bruk i ord som *kjempebløff* 'sers stor bløff'. NO vel å ta det i éin fyrsteleddsartikkel merkt "i sms".

Andre element er *opphavlege orddelar som har fått sekundær status som separate ord*, slik som **homo-** og **retro-**.

Når vi har eit kortord (eit ord som opphavleg er ei forkorting av eit anna ord) som svarar til eit prefiks, bør det tilsvarande fyrsteleddet framleis reknast som prefiks, om det ikkje er gode grunnar til det motsette. Kortordet *semi* for dei to orda *semifinale* og *semitrailer* kan klårt ikkje gjera at ord på *semi-* blir rekna for samansetningar (etter NO sin mekaniske regel, sjå over). Vi bør rekna med eit prefiks *semi-*. Det kan tenkjast at andre slike kortord i større grad breier seg og lever sine eigne liv, slik at det ikkje er like opplagt kva ein skal gjera. Jamvel om *vara* er eit langt meir gjengs og ålment brukt ord enn *semi*, kan det likevel framleis verka bakvendt å seia at ord som *varamedlem* og *vararepresentant* er laga "til *vara*", og ordet *vara* åleine blir kanskje heller ikkje mykje brukt om ein varabranssjef (og Metaordboka har mange liknande lagingar).

Om ein konkluderer med at eit ledd bør kallast prefiks (i NO, av di det ikkje finst eit tilsvarande grunnord), kan det likevel ha to bruksmåtar, der éin måte er å vera ein del av eit framandord, medan ein annan måte er produktiv og ligg nærmare samansetning enn den fyrste. Trykkfordelinga kan fylgja dette skiljet, som i *termograf* og *termodress*, men treng ikkje gjera det. Grunnløysinga for dette problemet er å ha éin prefiksartikkel med to tydingar, der tyding 2 har tekst som "i nyl. ord" eller "i funksjon som sms". I sume tilfelle kan det òg vera tenleg å tillata seg å ha samansetningssekk i denne siste tydinga. Slike prefiks, og ord med prefikset, kan ha litt ulike utfordringar i redigeringa (òg i trykkmarkeringa), og nokre døme på løysingar kan ein finna i (ord på) **tekno-**, **tele-** og **trans-**.

6.1.1.2 Frasar som fyrsteledd

Fyrsteledd som er laga av fleiordig uttrykk ligg i ei anna gråson, t d *mann* og *kone* i ord som **mann-og-kone-butikk**.

Dersom slike ord er godt dokumenterte i tilfanget, tek vi dei med, men vi lagar til vanleg ikkje eigen fyrsteleddsartikkel på det fleiordige uttrykket dersom det berre finst i samansetningar. Om behandlinga av fleiordige uttrykk som oppslagsord og underoppslag, sjå punkt 2.1.6, 3.2 og 4.3.8.

6.1.1.3 Namn som fyrsteledd

Ei tredje gråson er namn som fyrsteledd, t d **kosovo-albanar**, **gardermo-utbygging**. Samansetningar til fyrsteledd som er namn, tek vi til vanleg ikkje med i Norsk Ordbok. Denne typen spontane ordlagingar er sers vanlege, serleg i avismål, og ein finn difor mykje av det i korpustilfanget.

Dersom fyrsteleddet er leksikalisert med ei anna tyding og dermed ikkje lenger viser til staden eller personen som namnet gjeld, blir det handsama som anna ordstoff. I ordet **herford-fe** viser **herford-** såleis til ein kvegrase, ikkje til byen Hereford eller fylket Herefordshire i England.

Det kan vera vanskeleg å avgjera ut ifrå tilfanget om ei samansetning fyller leksikaliseringsskrava. I så fall bør NO vera atterhalden og ikkje overtolka tilfanget.

6.1.2 Strukturen i fyrsteleddsartikkelen

Det er éin fyrsteleddsartikkel per fyrsteledd, med homografseparering som for grunnord.

Døme:

I **hake-** < I **hake** m

II **hake-** < II **hake** f

Ein fyrsteleddsartikkel kan likevel visa til meir enn eitt grunnord, om det sjå punkt 6.3.6.3 *Sekken: tilvising til grunnord og innleiingsformel til rekkje*.

Fyrsteleddsartikkelen kan ha

- oppslagsbolk
- hakeparentes
- artikkelkropp, med tydingsbolk(ar) og samansetnings- eller avleiingsdøme

6.1.3 Oppslagsbolken i fyrsteleddsartikkelen

Oppslagsordet sluttar på bindestrek:

silde-

ge-

Det kan vera fleire oppslagsformer.

Døme:

fasle- el **fatle-** i sms (for di grunnordet har alternative oppslagsformer)

opium- el **opiums-** i sms (sjå punkt 6.3.3.2)

nevro- el **neuro-** pref

Det er to moglege grammatiske merkingar:

- i sms
- pref

6.2 Fyrsteleddsartikkelen for avleiingsprefiks

6.2.1 Avleiingsprefiks i NO 1–4

Avleiingsprefiks i NO band 1–4 er registrerte i eiga liste, som er teken med her til referanse for resten av verket:

a-	auto-	desi-	ev-	gastro-
an- (framfor vokal)	bar-	di-	euro-	ge- (gje-)
aero-	bary-	dia-	exa-	gen-
akro-	baty-	dis-	farmako-	general-
amino-	be-	dupleks-	femto-	geo-
an-	bi-	dys-	ferro-	ger-
and-	bi-	eie-	fil-	giga-
andro-	bi-	eks-	filo-	gjen-
anemo-	bio-	ex-	flor-	gjenn-
anglo-	braky-	ekso-	fon-	gjøn-
ante-	bæl-	ekvi-	fono-	gjønn-
anti-	cellular-	elektro-	for-	glu-
antro-	centi-	en-	fore-	gly-
antropo-	cis-	endo-	fos-	graf-
apo-	cyber-	epi-	foto-	grøss-
arktik-	cyto-	er-	freno-	gyneko-
astro-	de-,	ergo-	fysi-	hal-
atto-	des- (framfor vokal)	erke-	fysio-	
aud-	deka-	etno-	fyto-	
aur-	demi-	eto-	føre-	
		eu-	gallo-	

6.2.2 Avleiingsprefiks i NO 5-12

Fylgjande prefiks står att (he- til å-). Desse er alt registrerte i Metaordboka og i produksjonsbasen for NO 2014.

6.2.2.1 Germanske prefiks NO 5-12

Germanske prefiks som står att å redigera er

i-	mis-	nid-	ov-	si-
----	------	------	-----	-----

sviger-	u-	van-	ver-	ål-
tor-	unn-	vara-	ør-	år-
tvi-	ur-	veder-	å-	

6.2.2.2. Ikkje-germanske prefiks NO 5-12

Ikkje-germanske prefiks som står att å redigera er

heks(a)-	insular-	krypto-	nekro-	port.
hekto-	inter-	kvadrupel-	neo-	post-
heli(ks)-	intra-	lakt- el lakto-	neur(o)-	pre-
helio-	intro-	lat.)	nevr(o)-	pro-
hem-	ir-	lito-	nitr- el nitro-	prot(o)-
hemi-	iso-	makro-	non-	psevdo-
hept(a)-	kako-	maksi-	ob-	psyk(o)-
hetero-	kardinal-	mega-	okt- el okta-	re-
homo-	kata-	meso-	okto-	retro-
hydr(o)-	kilo-	met- el meta-	orto-	semi-
hygro-	ko-	midi-	ot- el oto-	servo-
hyper-	kol-	mikro-	paleo-	simili-
hypo-	kom-	milli-	pan-	simpleks-
iatro-	kon-	mini-	para-	sosio-
ideo-	kontra-	molekylar-	pent-	stereo-
idio-	kor-	mon- el	penta-	sub-
il-	kosmo-	mono-	per-	sulf- el sulfo-
im-	krom-	multi-	peri-	super-
in-	kromo-	nan(o)-	peta- (SI)	supra-
indo-	krono-	narko-	piko- (SI)	syl-
infra-	kryo-	natural-	plenar-	sym-
			poly-	

syn-

tekno-

tele-

teo-

tera-

termo-

tio-

trans-

tri-

tropo-

turko-

typo-

ultra-

undulans-

uni-

universal-

vaso-

vise-

vivi-

votiv-

xanto-

xeno-

xero-

xylo-

zoo-

øko-

6.2.3 Hakeparentesen for avleiingsprefiks

Behandlinga av variantformer og opphav for germanske prefiks kan vera temmeleg utførleg, såleis t d:

ge- pref [ge- el (i visse ord t d *gebursdag*, *gevær*) òg *je-*; målf vanl *je-*, men sumst òg *ge-* (i visse ord, sjå t d *gebiss*, *gesell*) el *ji-* (sjå *gevær*); vanl trykklett, målf òg trykk tungt (serl Austl, Trl, til dels òg MØRo), mest med aks. 2, men sumst òg aks. 1 i visse ord (sjå *gebursdag*, *gevalt*); svar. t *g-* i gno t d (*g*)*líkr* adj 'lik', (*g*)*nógr* adj 'som er nok, rikeleg'; ty, mlty *ge-*, *ghty ga-*, *gi-*, got *ga-*; kanskje utv av ein *g* prep med tyd 'saman med' (og opph sm o s lat *cum* prep, *com-*, *con-* pref); jfr NielsenDEO]

Behandlinga av ikkje-germanske prefiks er normalt mykje snauare, såleis:

giga- pref [*gi'-*; av gr *gigas*, sjå *gigant*]

Merk at prefiks bør ha uttaleopplysning m a for å syna om dei er trykk tunge eller ikkje, sjå punkt 4.2.3.2.

6.2.4 Definisjonsutforming for avleiingsprefiks

Eit vanleg definisjonsmønster er dette:

med tyd 'xxx' i ord som [døme]

Døme:

eks- pref

1) med (grunn)tyd 'av, ut or, frå' i ord av (gr-)lat el rom opph; t d *eksamen*, *eksklusiv*, *ekspedera*, *ekspropria*.

2) med tyd 'som har vori, førverande' (ett mønster av lat *exconsul* o l); i (nyl.) ord som *ekskeisar*, *ekskonge*, *eksmeister*, *eksminister*, *ekssoldat*.

endo- pref

med tyd 'indre-' i (nyl.) fagord.

6.2.5 Dømerekkje for avleiingsprefiks

Døme på ord med prefiks i prefiksartiklar skal kopierast frå andre NO-artiklar (som er eller skal bli redigerte) og limast inn i feltet "Tilvisingstekst". (Ein skal ikkje blanda saman denne føringa med føringa for fyrsteleddsartiklar for samansetningsrekkjer, sjå nedanfor. Samansetningane skal der ikkje redigerast, og dei blir limte inn i tabellen for samansetningsrekkjer.)

6.3 Fyrsteleddsartikkel for samansetningsrekkjer

Føremålet med fyrsteleddsartikkelen er å gjera greie for mest mogleg av ordtilfanget i språksamlingane til NO på ein plass-sparande måte.

NO bruker fyrsteleddsartikkelen fyrst og fremst til å

- gjera greie for formvariasjon i fyrsteleddet, irekna variasjon i bruk av fuge, for heile samansetningssystemet til det aktuelle fyrsteleddet

- nemna døme på MO-artiklar som ikkje skal redigerast i NO, eventuelt grupperte etter tyding eller bruksområde

Av desse punkta fylgjer det at fyrsteleddsartikkelen til vanleg har hakeparentes eller (òg) samansetningsrekke. I tillegg er det likevel høve til å laga fyrsteleddsartiklar

- når det alt finst to eller fleire homografe fyrsteleddsartiklar, for å komplettera systematikken (**døme:** sjå *I-IV lappe-*)
- når det er vist til to eller fleire grunnord i fyrsteleddsartikkelen (jfr punkt 6.3.6.3), for å sleppa å ta opp att denne grunnordstilknytninga under kvar einskild samansetning på alfabetisk plass

Uredigerte samansetningar kan alternativt puttast i rekkje innleidd av "hertil" inni ein grunnordsartikkel, under visse vilkår. Sjå punkt 4.3.7 for skilnaden mellom alternativa fyrsteleddsartikkel og hertilrekke i grunnordsartikkel.

Grammatisk merking for fyrsteledd i samansetningar er "i sms". Denne merkinga ligg i ordklassemenyen.

6.3.1 Fyrsteledd for samansetningsrekke i MO

I MO er ledda i samansette ord ordklassemerkte og fuge markert.

Fyrsteleddet i samansette ord er ordklassemerkt dersom det ikkje er tvil om kva ordklasse fyrsteleddet høyrer til. Dersom det kan vera tvil, er fyrsteleddet merkt som "føreledd". Det gjeld serleg fyrsteledd som har forma [rot i verb eller substantiv] + [fuge].

Døme (på "føreledd"):

leike-, t d i *leikesoldat*, *leiketey*

lukte-, t d i *luktecelle*, *luktevatn*

stikke-, t d i *stikkereiskap*, *stikkespade*

Leddelinga i MO fylgjer med når ordartikkelen blir generert til produksjonsbasen. Redaktøren kan måtta endra leddelinga, sjå punkt 4.1.2.8 *Leddanalyse*.

6.3.2 Inventaret av samansetningsfugar i NO

Desse samansetningsfugane finst i rettskrivinga og er dermed dei som kan finnast i oppslagsord i NO (utanom fyrste typen):

Type	Eigenskap	Døme	Kommentar
minus	ein bokstav fell bort	vassjuk < vass-sjuk intervallengd < intervall-lengd	Oppslagsord i NO har alltid fullskriving (tre konsonantar) med bindestrek

bindestrek	bindestrek mellom: avstyting og innhaldsord	IQ-test it-næring	
	proprium og innhaldsord	Mao-luve Maria-kult	
	visse fyrsteledd og innhaldsord	i-mål ikkje-aggressiv	
nullfuge		bokhylle, bilhjul	
-e-		mjølkekartong, barnebok	
-a-		ferdafolk	
-ar-		rettargang	
-s-		synsprøve, gardsdrift	

Av desse er nullfuge (som inkluderer kategoriene "minus" og "bindestrek" ovanfor), -e- og -s- dei produktive og dominerande typene i språket.

6.3.3 Samansetningsfugen i oppslagsfeltet

Det er vanleg at eit fyrsteledd kan ha fleire fugar, dels i same ordet, dels slik at ulike samansetningar med same fyrsteleddet kan ha ulike fugar. (Det dreiar seg som regel om dei tre frekvente og produktive: nullfuge, -e- og -s-, men òg -ar-.) Dette kan gjelda i normalmålet, og det speglar ofte tilhøvet mellom ulike dialektar.

Nokre gonger er det semantiske skilnader mellom fugane; til dømes kan nullfuge visa til eit underliggjande substantiv, e-fuge til eit likelydande verb. Andre gonger (svært ofte) går det heilt over i kvarandre utan nokon påviseleg grunn.

Når ein skal avgjera kva oppslagsform(er) eit fyrsteledd skal ha i NO, må ein ta utgangspunkt i korleis samansetningane er normerte i ordbøkene, men òg materialet elles (semantikk, målføreformer o a). For normeringa bør vi bruka *Nynorskordboka* som overordna kjelde heller enn Skard på dette punktet. Vi treng meir omfattande lister over samansetningar for å laga oss eit bilete av systemet, medan Skard oftast berre inneheld eit par tilfeldige døme, som òg kan vera i strid med systemet i *Nynorskordboka*. Dei eldre rettskrivingane behandla ikkje dette området systematisk, og slik blir representasjonen i ordlistene tilfeldig og ofte inkonsekvent.

I oppslagsfeltet skal ordstrukturen i normalmålet etter 1938-rettskrivinga fylgjast (og den er stort sett den same som i dagens rettskriving, for rettskrivingsendringar på dette feltet har vi hatt lite av).

I oppslaget i NO er det tre moglege variantar:

- éin fyrsteleddsartikkel med éi oppslagsform
- éin fyrsteleddsartikkel der to (sjeldan tre) fugar er jamstelte
- to (sjeldan tre) fyrsteleddsartiklar med ulike fugar (til same stommen)

6.3.3.1 Éin fyrsteleddsartikkel med éi form

Der ein fuge er gjennomført som eineform i eit fyrsteledd i normeringa, blir som regel alle samansetningane normerte med dette fyrsteleddet, og eventuelle målføreavvik blir tekne i hakeparentesen (sjå punkt 6.3.4). Denne varianten bør reknast for den normale.

Merk at ein godt kan gjera det på denne måten òg når sume samansetningar frå målføra berre eller for det meste er belagde med ein annan fuge enn den normerte.

Døme: *Nynorskordboka* og Skards ordliste nemner berre samansetningar med *sag-*, men materialet har òg *sage-* og *saga-* (og *sa-*), ofte ved sida av, men òg i staden for *sag-*. Her er det ikkje noko vesentleg i vegen for å normera (nesten) alle samansetningane med *sag-* som fyrsteledd og ta variasjonen som målføreavvik.

Unntak frå å normera samansetningane etter fyrsteleddsartikkelen må vera motiverte av noko meir enn sjølve det at forma vik av, til dømes:

1. Det kan vera at vi har ei differensiering i ulike tydingar. Når vi har det i *sagmann* og *sagemann*, kan det gje grunn til å føra samansetninga **sagemann** for seg. (Men eit slikt einstaka unntak gjev ikkje grunnlag for ein eigen fyrsteleddsartikkel **sage-**.)
2. I målføra er det, grovt rekna, eit gjennomgåande mønster at vi nordanfjells har nullfuge der ein sønnanfjells har e-fuge (eller a-fuge). Då baserer ein seg på -e-. Om ordet finst berre eller mest med nullfuge sønnanfjells (og ordet ikkje er offisielt normert), kan ein vurderer å normera ordet med nullfuge.

Når etterleddet tek til med ein vokal, bør ein vera ekstra varsam med å normera ordet med nullfuge. Vokalutgangen i fyrsteleddet kan nemleg lett bli redusert eller heilt borte i uttalen (*løveunge* > 'løvunge'), òg sønnanfjells, og det kan då òg gjelda e-fuge (*fugleunge* > 'fuglunge'), jfr A.NGr² 235.

3. På Sørvestlandet er a-fuge ei føreseieleg målførereform (som høyrer inn under e-fuge når det gjeld oppslagsform), men a-fuge i andre landsdelar (kanskje i nedsetjande samanhengar) kan tenkjast å få oppslagsformstatus. (Her er det framleis berre tenkt på fuge, og ikkje på jamningsformer, som austlandsk *haga* og *maga*.)
4. Samansette handverkarord, der mange kjem frå tysk, har ofte nullfuge (og gjerne tonem 1), slik som *drivjarn*, *listverk*, *pusshøvel*, *ridbord*, *rivjarn* og *settskruve*. Her finst det eit mønster som kan motivera nullfuge som unntak til e-fuge.

5. Stundom finst det éi eller nokre fåe former i offisiell normering med ein annan fuge enn resten av samansetningane. Då kan det òg vera aktuelt å ha med slike samansetningar utan å laga fyrsteleddsartikkel for dei. Ein spesiell variant av dette er samansetningar som vi kan normera med alternative fyrsteledd, sjå nærmare i punkt 4.1.2.3.1 *Samansetningar med serskild normering*.

Ei spesiell sak er elles å skilja a-bøying av fyrsteleddet i perfektum partisipp (*flammaband* 'hoseband som er flamma') frå samansetning med fuge, sjå reglane for dette problemet i punkt 4.1.2.3.2 *Samansetningar med fyrsteleddet i perfektum partisipp*.

6.3.3.2 Fyrsteleddsartikkel med jamstelte oppslagsformer

Denne typen blir brukt når (nesten) alle samansetningane er normerte (eller kan normerast) med valfrie fyrsteledd, på grunn av ein nokså fri variasjon i materialet.

Når det står "**rakster-** el **rakste-**" i oppslaget til fyrsteleddsartikkelen, skal det vera slik at *raksterband*, *rakstergjente*, *raksterrive* osfr òg kan heita *raksteband*, *rakstegjente*, *raksterive* osfr, altså at *rakster-* er fullstendig substituerbar med *rakste-* i samansetningane som soknar til fyrsteleddsartikkelen "**rakster-** el **rakste-**". (Det vil ikkje seia at at alle desse samansetningane faktisk må vera belagde med begge formene i materialet.)

For å spara plass blir berre den forma som står fremst i fyrsteleddsartikkelen (her *rakster-*), førd i dei einskilde samansetningane, anten som normalartikkel på alfabetisk plass eller i sekken.

I NO 1–4 er det døme på at ein har brukt parentes i oppslagsformene: **xxx(e)-** eller **xxx(s)-**. Denne måten lagar alfabetiseringsproblem og blir ikkje nytta lenger.

Måten no er å jamstella fyrsteledda:

xxx- el **xxxe-** i sms

xxx- el **xxxxs-** i sms

Fyrsteledd etter "el" får då tilvisingsartikkel (sjå punkt 6.3.5).

Den viktigaste (ofte mest frekvente) forma skal vera den som står fremst (på alfabetisk plass) i fyrsteleddsartikkelen. Metaordboka skal alt ha prioritert éi av formene, og jamvel om dét skal takast omsyn til, må normeringa der vurderast kritisk.

Døme: La oss seia både *røys-* og *røyse-* er vanlege nok i materialet, og at MO har *røyse-* som fyrsteledd. Då får den viktigaste samansetninga forma *røysekatt*, som knapt er brukt lenger og difor er uheldig. Normeringa av fyrsteleddsartikkelen bør då heller vera "**røys-** el **røyse-**", og normeringa i MO må endrast til *røys-*.

6.3.3.3 Ulike fyrsteleddsartiklar

Denne typen blir brukt når vi har ei eller anna form for differensiering mellom samansetningar med ulike fugar. Materialet og normeringa viser at fugane er klårt skilde i den forstand at kvart ord – kanskje med fåe einstaka unntak – berre tek éin av fugane. **xxx-**, **xxxe-** eller (òg) **xxxxs-** får ulike oppslag på kvar sin alfabetiske plass og med kvar sine samansetningar knytte til seg.

Vi viser frå kvar fyrsteleddsartikkel til den (eller dei) andre, sjå punkt 6.3.5.

Ofte vil det vera slik at offisiell normering har det på denne måten, anten på semantisk grunnlag eller utan påviseleg grunn. Slik heiter det berre *nattarbeid* og *nattskodde* og berre *nattero* og *nattevandrar*. Her er det oppretta separate fyrsteleddsartiklar **natt-** og **natte-**, med kvar sin sekk.

Ovanfor (i punkt 6.3.3.1) vart det nemnt at det kan finnast ord utan offisiell normering som det er rimeleg å føra med ein annan fuge enn i fyrsteleddsartikkelen, som unntak. Sumtid kan ein då òg trenga ein fyrsteleddsartikkel med målførevariasjon eller sekk, som i **rid-** (ved sida av **ride-**).

6.3.3.4 -ar-: fuge eller avleiingsending?

Ein må vera merksam på at *-ar-* kan vera ein verbal fuge. (Hjelpelitteratur kan vera A. Bjørkum: *Samansetjingar med -ar- der eit verb er fyrstelekk*, NO-signatur A.Bj.Sms, som ligg på [eNO\Ordsamlingar\Samlingar\Nyare\Manus\Inn03\2007](#) på fellesområdet og står i ei ganghülle i 1. etasje i GA 30d.) Der ein meinte at *-ar-* er fuge, vart det slegi saman med *-e-* i Metaordboka. Der ein meinte at *-ar-* heilt eller delvis kunne oppfattast som avleiingsending i ei nomen agentis-avleiing, vart det ikkje slegi saman.

Døme: **jage-** og **jagar-** har separate metaordboksartiklar av di **jagar-** kan vera nomen agentis.

Får ein eit slikt ordkompleks, må ein sjå handteringa av det under eitt, òg om det er ulike redaktørar involverte.

Dersom det berre er snakk om ulike former av fugen (til same fyrsteleddet), samlar ein alt og skriv tilvisingsartiklar, som her:

feigda- i sms sjå *feigde-*.

feigdar- i sms sjå *feigde-*.

I artikkelen **feigde-** skal då dei alternative formene stå i hakeparentesen. Det treng ikkje vera slik at forma *feigde-* er belagd i alle samansetningane, jfr punkt 6.3.3.1 *Éin fyrsteleddsartikkel med éi form*.

Om oppslagsforma i tilvisingsartikkelen i tillegg førekjem i éi eller nokre fåe redigerte samansetningar som det ikkje er grunnlag for å laga fyrsteleddsartikkel ut av, blir innleiingsteksta "sjå òg" (= 'du må sjå både vidare her og i den andre artikkelen for ord med denne forma'), mot vanleg "sjå".

Døme:

setjar- i sms sjå òg *setje-*.

setjar-dram m oppsetjar (3) (Hitra).

setje- i sms ...

Dersom det er mogleg å tolka fyrsteleddet på *-ar-* som nomen agentis, men samansetningane i tyding og bruk òg er parallelle med forma som har fyrsteledd på *-e-*, altså at materialet (til dels) er tvitydig, kan ein laga ein fyrsteleddsartikkel for *-ar-* med tilknytning til både substantivet og verbet.

Døme:

køyrar- i sms til *køyrar* og *I køyra*; jfr *køyre-*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *køyrar-dag, -fylgje, -opplæring*.

køyre- i sms [målf òg *køyr-* (Sol, Romedal, Stange, Ød, Dovre, SGbr, Land, Brandbu, Roms, Ndm, nfjells mst), *køyra-* (Austf, Fauske, Senja)] til *I køyra*; jfr *køyrar-*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *køyre-glede, -kultur, -opplæring, -rute, -stil, -taum, -tid, -tur*.

Om sume av orda med ulik fuge blir redigerte med same etterleddet (og same tyding), blir det synonymdefinisjon til forma med *-e-*.

Døme:

køyrar- ...

-lag n køyrelag (Trl sumst; LeirfallMM 13).

køyre- ...

-lag n samskipnad for å greia med frakt, serl av mjølk (Modum, Jølster, Gloppen; Nordst.Br 87; NærFortid I,235).

Det kjem an på dei einskilde parallelle samansetningane med sams etterledd, og kjeldene deira, om orda kan gå i sekk (eller utelatast), om *-ar-*varianten kan gå i sekk og *-e-*varianten redigerast, eller om begge variantane kan redigerast (med full definisjon på *-e-*varianten).

Det kan henda at samansetningane med *-ar-* lèt seg eintydig nok dela inn i to grupper: dei som berre går til nomen agentis, og dei som berre går til verbet. Då samlar ein helst alle samansetningane med verbalt fyrsteledd under fyrsteleddsartikkelen med *-e-* (jfr dømet med **feigde-** over) og tek forma med *-ar-* i hakeparentesen i den artikkelen. Samansetningsartiklane som går til nomen agentis, får ein eigen fyrsteleddsartikkel (om naudsynt). I tillegg blir det laga ein (homograf) tilvisingsartikkel til fyrsteleddsartikkelen med *-e*, altså om lag slik ein vanleg gjer det. Konferer med gruppeleiaren eller hovudredaktøren om du er i tvil.

6.3.4 Hakeparentesen: fyrsteleddsartikkel for samansetningsrekkjer

Variantopplysningar for heile samansetningsrekkja til fyrsteleddet skal behandlast her. Ein må såleis sjå på kvar samansetning til fyrsteleddet for å sjå om det finst relevante opplysningar. Dersom det er fleire redaktørar involverte, må dei finna ein måte å ordna denne undersøkinga på. Redaktøren som har fyrsteleddsartikkelen, må ta ansvar for at den artikkelen blir komplett.

Som i normalartiklar tek ein med målføreopplysningar frå Aasen og Ross (saman med målførekjelder frå 1900 og seinare). Det vil ikkje seia at Aasen og Ross òg skal førast i delen for eldre kjelder i fyrsteleddsartikkelen, om dei då ikkje spesifikt skriv om fyrsteleddet *som* fyrsteledd.

Som regel gjeld variantopplysningar for fyrsteledd fyrst og fremst samansetningsfugen:

eddik- i sms [skr òg *eddiks-*; målf òg *eddiks-* (Nøtterøy, Lista)]

Utførlege reglar for føring av målføreopplysningar til fyrsteledd og samansetningar finn ein i punkt 4.2.6.4 *Kva for ord får målføreopplysningar.*

6.3.5 Krysstilvising

Frå fullskrivne samansetningsartiklar er det krysstilvising *til* fyrsteleddsartiklar (alternativt til grunnordsartiklar), som "til *skjør-*" i **skjør-ambar**, utanom når fyrsteleddet kan identifiserast eintydig (ikkje "til *sex-*" i **sex-bombe**). Dette er nærmare behandla i punkt 9.5 *Fyrsteleddet i samansetningar*, då det ikkje gjeld innhaldet i fyrsteleddsartikkelen.

Tilvisingsartiklar med form som fyrsteledd blir laga på same grunnlaget som tilvisingsartiklar med form som grunnord. Det vil seia at ein skal ha tilvisingsartiklar frå jamstelt oppslagsform (form etter "el" i oppslaget) og frå viktige målføreformer i hakeparentesen.

Når vi har fleire fyrsteleddsartiklar med same ordstommen, men ulike fugar, skal det vera *tilvising mellom artikkane*, jfr punkt 6.3.3.3. Tilvisinga skal stå i definisjonsdelen og helst vera innleidd av "jfr". Ein må lagra ei tom definisjonsrad i definisjonstabellen og bruka feltet "Tilvisingstekst" i redigeringsprogrammet.

Døme:

kron- i sms til *krone*; jfr *krone-*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *kron-pokal*.

krone- i sms [målf òg *kronas-* (Øksendal, Sunndal, Meldal)] til *krone*; jfr *kron-*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *krone-bunad*, *-forma*.

Til vanleg viser ein til oppslagsordet, men av og til kan det høva å visa til ei tyding. (Dette er ein av grunnane til at tilvisinga må stå i definisjonsdelen og ikkje i hakeparentesen.)

Døme:

manns- i sms til *mann*. **1** til *mann 1*; jfr *mann- 1* og *manne- 2*; såleis t d: *manns-andlet*, *-grav*, *-klede*, *-miljø*, *-neve*, *-skrott*, *-trøye*, *-vest*, *-ære*. **2** til *mann 12*; jfr *mann- 2* og *manne- 1*; såleis t d: *manns-auga*, *-blod*.

6.3.6 Sekken

Med "sekk" meiner vi ei rekkje av samansetningsdøme i ein fyrsteleddsartikkel. Samansetningane har oppslagsforma som fyrsteledd og svarar såleis til ei hertil-rekkje i ein normalartikkel, sjå òg punkt 4.3.7 *Samansetningsdøme*, der noko av teksta òg gjeld for fyrsteleddsartiklar.

6.3.6.1 Sekken: innhald og funksjon

Sekken skal dokumentera visse typar av samansetningar, men ikkje vera noka fullstendig opprekning. Funksjonane er å

- visa typiske (sjølvforklarande) samansetningar til fyrsteleddet
- visa fugen i bruk

Rekkja er òg ein serie med tilvisingar frå Norsk Ordbok til dei elektroniske kjeldene (Metaordboka). Er eit ord med i ei tilvisingsrekke, er det også opplyst om at samlingane har tilfang om ordet, endå om det ikkje er plass i (den prenta) NO til ein eigen ordartikkel.

Ein fyrsteleddsartikkel for samansetningar skal ha sekk så sant ein finn ord å ha i sekken, ut frå utvalskriteria.

Utvalskriteria er:

- Samansetningane i sekken skal vera sjølvforklarande; i motsett fall må dei få ein eigen artikkel eller sløyfast heilt (det siste er ofte tilfelle med litterære hapax, t d at eit visst ord frå Olav Aukrust berre får meining av diktsamanhengen det står i).
- Dei skal vera nokolunde leksikaliserte og stå som typiske døme på samansetningar med det aktuelle fyrsteleddet.
- Dei bør ikkje vera mykje brukte (ha mange belegg), ha stor utbreiing eller serlege tydingsnyansar; i så fall bør dei få ein eigen artikkel (**døme**: *tannbørste* bør redigerast, ikkje stå i sekk under **tann**-).

6.3.6.2 Sekken: tydingsinndeling

Ofte er det ikkje naudsynt å dela sekken inn i tydingar.

Døme:

flatbrød- i sms til *flatbrød*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *flatbrød-bakar*, *-baking*, *-bakster*, *-deig*, *-fabrikk*, *-knode*.

Er grunnordet for fyrsteleddet eit polysem, kan sekken spreia på fleire tydingsbolkar etter tydinga til fyrsteleddet. Då bruker ein arabiske tal i halvfeit, og kvar bolk får si rekkje med samansetningar.

I tillegg til at det kan vera opplysende i seg sjølv å dela artikkelen inn i tydingar, kan det bli enklare å skjønna tydingane til dei einskilde samansetningane (på grunn av meir kontekst), som dermed lettare kan gå i sekk (jfr punkt 6.3.6.1). Ein tydingsstruktur i fyrsteleddsartikkelen *kan* altså gjera det mogleg å ha ord i sekken som elles burde ha vori redigerte.

Så langt ein kan, bruker ein same rekkjefylgja på tydingane som i grunnordsartikkelen. Ein set då inn ei tilvising til den aktuelle tydingsbolken i grunnordsartikkelen.

Døme:

hagl- i sms ... til *hagl*.

1 til *hagl 2*; såleis t d: *hagl-drive*, *-floke*, *-fuke*, *-kav*, *-kave*, *-piskande*, *-rid*, *-skadd*, *-snø*, *-storm*.

2 til *hagl 3*; såleis t d: *hagl-nummer*, *-pose*, *-pung*, *-støyper*, *-støyping*.

press- i sms til *press*.

1 til *press 1*; såleis t d: *press-gass*, *-kraft*, *-operasjon*, *-tid*, *-trykk*.

2 til *II press 2*; såleis t d: *press-metode, -periode, -situasjon*.

sendar- i sms til *I sendar*; mfr *mottakar-*.

1 til *I sendar 1a*; såleis t d: *sendar-land, -namn*.

2 til *I sendar 3*; såleis t d: *sendar-antenne, -apparat, -nett, -stasjon*.

symbol- i sms til *symbol*.

1 til *symbol 1* og *symbol 2*; såleis t d: *symbol-bruk, -funksjon, -system*.

2 til berre *symbol 2*; såleis t d: *symbol-effekt, -handling, -kraft, -tung*.

Merk at det er elektronisk krysskopling til tydingane til grunnordet. Ein skriv altså ikkje "til tyd 2" osfr.

Om tilvising til fleire tydingar sjå òg punkt 9.4.2.4. *Tilvising til meir enn éi tyding av same ordet*.

Dersom det ikkje høver å dela samansetningsrekkja etter tydingsinndelinga i grunnordsartikkelen (t d når alle samansetningane høyrer til same tydingsbolk i grunnordsartikkelen), kan ein i staden skriva ei stutt forklaring. Dette er ikkje ein vanleg definisjon, men ei synleggjering av korleis samansetningane er grupperte.

Døme:

idé- i sms serl til *I idé 2* og *I idé 5*.

1 om person, verksemd el åndsarbeid som er inspirert el boren av idear: *idé-bok, -dikt, -diktar, -dikting, -drama, -journalist, -kamp, -krig, -politikk, -roman*.

2 om samkome der deltakarar utvekslar og diskuterer (spontane) idear for å løysa el føra vidare ei sak el eit problem: *idé-dugnad, -gruppe, -konferanse, -møte, -verkstad*.

3 i adj, såleis t d: *idé-boren*.

4 om mengd av idear som høyrer saman: *idé-bygnad, -kompleks, -krins, -mengd, -sfære, -system*.

5 om person som kjem med idear: *idé-gjevar, -makar, -mann, -skapar*.

kommune- i sms til *kommune 1* og *kommune 2*.

1 som gjeld organisering av kommunar innanfor staten: *kommune-eining, -grense, -inndeling, -lov, -regulering, -samanslåing, -skipnad*.

2 som gjeld funksjon, arbeidsområde ein kommune (2) har: *kommune-administrasjon, -arkiv, -plan, -regulering, -stell*.

3 som gjeld økonomi og drift innanfor kommunen: *kommune-budsjett, -garanti, -kasse, -rekneskap, -skatt, -skuld*.

4 som nemner stilling, ombod i høve til kommunen: *kommune-arbeidar, -ingeniør, -kasserar, -lækjar, -politikar, -revisor*.

5 som nemner noko som finst i kommunen eller som kommunen eig el driv (som del av dei kommunale tenestene): *kommune-båt, -hus, -skog*.

6 som blir oppfatta som typisk for kommunen; uspanande, nøytral, utydeleg: *kommune-grøn, -grå*.

6.3.6.2.1 Sekken: tydingsinndeling og ordklasse

Samansetningar er for det meste innhaldsord, dvs substantiv, adjektiv eller verb. Dei fleste ord som hamnar i samansetningsrekke, er substantiv, men det finst òg sume fyrsteledd som er nytta i høve til adjektiv eller verb. Det kan då vera eit spørsmål om ordklasse skal eller kan leggjast til grunn for tydingsinndeling i fyrsteleddsartikkelen.

Svaret er at det kjem an på tilfanget. Dersom semantiske kriterium og ordklasseinndeling fell saman, vil ordklasse kunne vera eit inndelingskriterium, men semantiske kriterium har fyrsteprioritet.

Nedanfor er det synt nokre døme der det vart rekna for rimeleg å (til dels) sortera ut samansetningar etter ordklasse.

Døme:

hand- i sms ...

3 (i verb, adj el (verbal)subst om noko) som blir gjord, laga med hendene el med einfelt handreiskap (og ikkje med maskin), såleis t d: *hand-banka, -blanda, -blanding, -bora, brodert, -egning, -fletta, -grasa, -grava, -graving, -grøfta, -hamring, -knipla, -knipling, -kolorera, -metode, -persa, -pukking, -riva, -raking, -sortering, -spreiing, -stika, -stapping, -stramma, -teikna, -telgja, -voven*.

ikkje- i sms ...

4 serl til vbs og til subst som uttrykkjer person, yrke, stilling, abstrakt: *ikkje-fagmann, -historikar, -innfødd, -jurist, -jøde, -kristen, -kvit, -medlem, -muslim, -truande*.

kvit- i sms ...

1 til subst: *kvit-flekk, -lys, -måling, -pepar, -rand*.

2 til adj: *kvit-farga, -flekka, -fyssande, -glimande, -kalka, -lakka, -lakkert, -renda, -skimrande*.

6.3.6.3 Sekken: tilvising til grunnord og innleiingsformel til rekkje

Alle fyrsteleddsartiklar for samansetningar skal ha tilvising til grunnordet for fyrsteleddet.

Det kan vera vanskeleg å seia nett kva for ord eller tyding fyrsteleddet går attende på. Ein fyrsteleddsartikkel kan vera knytt til visse tydingar. Han kan òg gå til meir enn eitt grunnord, når grunnorda er avleiingar innanfor det same ordstoffet.

Døme:

frelses- i sms serl til *frelsa 1b* og *1 frelse 2* ...

klage- i sms [...] til *1 klaga* og *klage*; ...

Atterhald av typen "serl til" må ikkje koma i staden for å dela opp artikkelen i tydingar der det er mogleg, jfr punkt 6.3.6.2.

Ordet "og" mellom tilvisingane blir generert av programmet. Ein kan overskriva "og" med noko anna ved å fylla ut feltet "Mellomord", jfr programrettleiinga (7. utg s 73). (Det er sjeldan ein har bruk for å gjera det.)

Tilvisinga står i tydingsbolken, ikkje i hakeparentesen. Opplysninga skal førast rett etter hakeparentesen, til ei innhaldstom rad 1 i definisjonstabellen, som eksplisitt tilvising.

Døme på rett føring:

klake- i sms [målf òg ...] til *1 klake*; såleis (omfram ...)

Døme på urett føring*:

klake- i sms [målf òg ...; til *1 klake*] såleis (omfram ...)

* I samansette normalartiklar er det annleis. Der bruker ein hakeparentesen til å visa til fyrsteleddsartikkelen eller grunnordet og slik grunnkje rekkjebrot med nytt avsnitt, sjå punkt 9.5.

Samansetningane skal limast inn i tabellen for samansetningar og ordnast alfabetisk av redaktøren. Samansetningane blir sette (av programmet) i kursiv, fyrste ordet som fyrsteledd–bindestrek–etterledd, deretter berre bindestrek og etterledd. Det skal stå bindestrek òg om det berre er éi samansetning som er nemnd. (For samansetningsrekkjer sjå òg programrettleiinga 7. utg s 75-77.)

Om fyrsteleddsartikkelen *ikkje er inndelt i tydingsbolkar*, fylgjer ein fast formel på line 2 i definisjonstabellen, framfor samansetningsrekkja:

xxx- i sms

til xxx;

såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) ...

For å føra det som står i parentes (innleidd av "omfram"), må det fylgja to eller fleire samansetningar på alfabetisk oppslagsplass. Elles blir parentesen droppa (vi skriv ikkje "omfram den som...").

Formelen kan stå som ovanfor eller avsluttast med eit "t d" (for å understreka at det finst fleire samansetningar enn dei som blir lista opp).

Døme (med homograr):

I **hake-** i sms [målf òg ...] til *1 hake*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass): *hake-krok, -skjefting, -smed, -stål*.

II **hake-** i sms [målf òg ...] til IV *hake*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass): *hakedun, -faks, -fipp, -hy, ...*

(I **hake** er '(reiskap med) krok'; IV **hake** er 'ytste del av underkjeve'.)

Døme med færre enn to samansetningar på alfabetisk oppslagsplass:

sabotasje- i sms til *sabotasje*; såleis t d: *sabotasje-gruppe, -handling, -mål, -ånd*.

sabotasje-aksjon m aksjon som inneber sabotasje (1a): *nyhendet om sabotasjeaksjonen på Vemork sildrar ut i små dropar* (OrtenVN 98).

sabotera v ...

Dersom fyrsteleddsartikkelen *har fleire tydingar*, tek ein ikkje med formelen med "såleis (omfram...)". Hadde ein ført formelen på stor A, hadde han blitt avslutta med punktum (i strid med teiknsetjingskonvensjonar), og formelen tek for stor plass og gjer for mykje av seg om han skal først inni kvar av dei einskilde tydingsbolkane.

Med fleire tydingsbolkar fører ein tilknytning til grunnord på stor A i programmet og viser så inndelingskriterium under kvart tydingsnummer, sjå punkt 6.3.6.2 *Sekken: tydingsinndeling* om dette. Eit eventuelt "såleis t d" kjem framfor kvar samansetningsrekke inni tydingsbolkane, på ei eiga rad om vi har grunnordtilknytning framfor, elles etter komma.

Døme med fleire tydingar:

hagl- i sms [målf òg ...] til *hagl. 1* til *hagl 2*; såleis t d: *hagl-drive, -floke, -fuke, -kav, -kave, -piskande, -rid, -skadd, -snø, -storm. 2* til *hagl 3*; såleis t d: *hagl-nummer, -pose, -pung, -støyper, -støyping*.

idé- i sms serl til *I idé 2* og *I idé 5. 1 ... 3* i adj, såleis t d: *idé-boren. ...*

Om bruken av avslutningsfeltet etter tilvisingsforma sjå punkt 9.4.2.2.3 *Fyrsteleddsartikkelen*.

7 Etterleddsartikkelen

Etterledd med eige oppslag i NO er til vanleg avleiingsendingar, med ordklassemerking:

-ende adv

-heit f

Etterledd i samansetningar som eksisterer som grunnord, får ikkje eigne oppslag. Den einaste staden dei kan tematiserast, er i grunnordsartiklar, der døme på samansetningar etter etterledd kan nemnast etter innleiinga ”òg i sms”, jfr punkt 4.3.7.

Etterleddsartiklar får hakeparentes med dei vanlege opplysningstypene.

Artikkelkroppen gjer greie for dei semantiske og syntaktiske eigenskapane som ord får tilført med dette suffikset, og gjev døme på einskildavleiingar. Døma blir sett i feltet ”Tilvisingstekst” etter definisjonen.

Oppslagsord som inneheld etterleddet, får ikkje bindestrek i seg, utanom dei som er omtala i punkt 7.3 *Samlagingar*.

7.1 Avleiingsendingar som har etterleddsartikkel i NO-liste

Vi reknar med to hovudtypar av avleiingsendingar: dei germanske (av nordisk eller tysk opphav), som er integrerte i det norske språksystemet og dermed (vanlegvis, i alle fall) produktive, og dei ikkje-germanske, serleg romanske (frå fransk og latin) eller greske, som vanlegvis berre opptre med ordrøter frå opphavsspråket suffikset kjem frå.

Dei germanske skal alle ha eigen artikkel og behandlast med opplysningar om korleis dei bestemmer ordklasse og gjev tydingselement til grunnordet (med nokre få døme på einskildord). Dei ikkje-germanske behandlar vi dersom dei er tekne med i NOB, dvs dei vanlegaste og mest ålmennspråklege.

Under står ei liste over moglege suffiksformer i NO (utan homografnummer).

Band 1	-ald	-ant	-asje	-bygg
-a	-an	-ar	-at	-børing
-abel	-anar	-ark	-ativ	-cid
-ade	-and	-arki	-ator	-d
-agme	-ande	-as	-atør	-dag(e)
-akk	-ans	-ase	-bar	-daling
-aktig	-anse	-asi (jfr MO)	-bu	-d
-al	-ansk	-asj	-bygding	-dd

-dde	-es	-hering	-leik	-nist
-de	-esse	-ia	-leis	-nom
-der	-et	-iana	-lendar	-nomi
-digme	-ete	-iater	-lending	-nomisk
-ding	-ett	-iatri	-ling	-nym
Band 2	-eum	-ibel	-litt	-nyomi
-dom	-fag	-id	-log	-ode
-drom	-fil	-ig	-logi	-oid
-døl	-fili	-ikar	-logisk	-ok
-døling	-fjerding	-ikk	-lon	-ol
-døme	-fjording	-in	-lyse	-on
-e	Band 3	-ina	-lytt	-or
-eder	-fob	-ing	-løyse	-os
-el	-fobi	-inne	-man	-ose
-ell	-fon	-ir	-mani	-osid
-else	-foni	-is	-ment	-pati
-en	-for	-isk	-mer	-s
-end	-gami	-isme	-meri	-sam
-ende	-gen	-ist	-messig	-sel
-ens	-gjelding	-istisk	-meter	-semd
-ensar	Band 4	-itet	-metri	-sjon
-ent	-gon	-itt	-morf	-sk
-er	-graf	-ium	-morfi	-skap
-era	-grafi	-iv	-nad	-ske
-eri	-gram	-krat	-nar	-skoging
-erske	Band 5–12	-krati	-nik	-skop
-ert	-heit	-leg	-ning	-skopi

-sle

-sof

-sofi

-sofisk

-sokning

-som

-stat

-t

-tagme

-takse

-te

-tek

-typi

-ug

-um

-ung

-ur

-ut

-vis

-yl

-yr

-vær

-væring

-ør

-øse

Sume suffiks som burde ha vori redigerte, er utelatne i NO 1–4. Dei kan dermed ikkje refererast til.

7.1.1 Germanske suffiks

Dei germanske suffiksa må få ei meir utførleg behandling enn dei ikkje-germanske, jamvel om vi heller ikkje her kan vera serleg utførlege. Det blir mest å markera korleis suffikset fungerer i forhold til ordklasser (t d at *-heit* omlagar adjektiv til substantiv) og kva semantisk grunntyding dei kan gje (t d at *-inne* står for ”av hokjønn”), og gje nokre få døme på det.

Eventuell målførevariasjon skal med, som at **-ug** m a kan ha uttalen *-aug* (slikt skal reknast som føreseieleg under dei einskilde orda som er laga med suffikset).

Avvikande bøying må med i oppslagsdelen for dei få suffiksa det gjeld (som fleirtal av **-ing** og **-nad**).

7.1.2 Ikkje-germanske suffiks

Vi behandlar ikkje-germanske suffiks meir kursorisk enn dei nordiske suffiksa, anten dei er produktive eller ikkje. Hakeparentes må vera stutt og visa til opphav, men ikkje spesifisera historie (som for sume av desse suffiksa er godt kjeldefest t d i romansk leksikografi). Merk at suffiksartiklar bør opplysa om uttale fremst i hakeparentesen, for å syna om suffikset er trykktungt eller ikkje.

Det som skal seiast om bruk og tyding (ordlagingssevne), må vera knytt til døme som er dokumenterte i samlingane våre.

Ofte er slike ord innlånte som heile ord og utan sterkt avleiingspreg. Ein må difor ordleggja seg varsamt og stutt, og gje nokre få, etter måten velkjende døme.

7.2 Metodikk for etterleddsartiklar

Sumtid kan det vera tvil om kva som skal reknast med i etterleddet, og kva som skal reknast som ulike etterledd. Sjekk difor fyrst om etterleddet alt er redigert i redusert eller utvida form. **Døme:** Er *-ium* redigert som eit eige suffiks, eller skal det inn under *-um*?

Søk så opp alle ord med den relevante ordutgangen i MO (t d *-um*), og sorter på grammatikk.

Finn ein tenleg måte å sortera tilfanget etter type og opphav på, t d ved å kopiera ut liste over dei orda som har bokstavsekvensen som ordutgang, og gruppera orda.

7.3 Samlagingar

Det finst ein god del tilfelle av at eit avleiingssuffiks blir sett til to leksikalske ordelement som ikkje finst åleine som samansetning (jfr NoRef 60), t d *eittøring* 'mynt med verdien eitt øre', der *-ing* står til *eitt øre* (og *eittøre* ikkje finst). I slike tilfelle vil ein gjerne samstundes kunna sjå det som at vi får eit etterledd som består av eit leksikalsk materiale kombinert med eit suffiks.

Døme:

-brynt adj (til (augne)*bryn*)

-lies adv (til *li*)

-neva adj (til *neve*)

Slike element blir redigerte som etterleddsartiklar

- om dei ikkje finst som grunnord (*brynt, lies* og *neva* finst ikkje som grunnord); og
- om vi har belagt minst eit par-tre ulike fyrsteledd framfor etterleddet (m a har vi *brei-, hard-* og *treneva*).

Etterleddsartiklane viser m a fram at grunnordet, her *bryn, li* og *neve*, inngår i slike samanhengar. Sumtid er det òg utvikla eigne formvariantar (som målføre *beinvåggås* med jamning av *-veges*).

Etterledda blir behandla som samansetningsledd på den måten at oppslagsforma av ord som har leddet, står *med bindestrek* (om ikkje serskilde høve gjer delinga påfallande unaturleg). På den andre sida blir dei behandla som suffiks på den måten at det skal lagast etterleddsartiklar for dei.

Døme:

hard-neva adj ... (ikkje **hardneva**)

...

-neva adj med slik *neve* (l) el slike *nevar* som fyrstelekken nemner; t d *breineva, hardneva* og *treneva*.

Suffikset som står heilt til slutt (som *-t, -es* og *-a* i døma over), får òg eigne artiklar eller tydingsbolkar som gjer greie for bruken i slike konstruksjonar.

8 Tilvisingsartikkelen

8.1 Føremål og utval

Tilvisingsartikkelen blir nytta som peikar frå former som vik av frå dei formene som skal stå på alfabetisk oppslagsplass i NO. Tilvisingsartikkelen har eit praktisk føremål, nemleg å hjelpa brukarar å finna det rette oppslaget.

Avvik frå oppslagsformer på alfabetisk plass er:

- eldre rettskrivingsformer (1917 og tidlegare) (**ljoda** > **lyda**)
- yngre rettskrivingsformer (1959 og seinare) (**jente** > **gjente**)
- jamstelte rettskrivingsformer (1938 eller frå då ordet finst normert, den eine forma prioritert i NO) (**ljøs** > **lys**)
- målføreformer som er såpass ulike oppslagsforma at ein ikkje utan vidare kan sjå kva oppslagsform dei høyrer til (**låvvå** > **lava**, **leva**, **lova**), sjå meir nedanfor

Det blir òg laga tilvisingsartikkel i visse andre høve, som frå fleirordige uttrykk som ein kan tenkja seg står som hovudoppslag, men som vi heller plasserer under eitt av orda i uttrykket (**i går** > **går**).

Sjå punkt 4.1.2.2 om tilvisingar frå bøygde former. (Den stutte versjonen er at vi er sparsame med å ta med slike former.)

Der NO har alternative oppslagsformer (**rømme** el **rjome**), lagar vi tilvisingsartiklar av dei alternative formene (**rjome**). Dersom dei to artiklane fylgjer kvarandre alfabetisk i rekkja av oppslagsord, kan det vera aktuelt å ikkje laga tilvisingsartikkel. Merk at tilvising til alternative oppslagsformer berre har nytte for dei som bruker papirutgåva; dei som søker på *rjome*, får treff på artikkelen "**rømme** el **rjome**".

For avvikande målføreformer er det ikkje alltid nok at ein ikkje utan vidare kan sjå kva oppslagsform dei høyrer til. Vi har stramt med plass, og for at vi skal laga tilvising, må det vera grunn til å tru at det kan finnast brukarar som vil kunna slå opp på forma (etter å ha høyrte forma eller sett ho i målførenær litteratur eller målprøver el l). Former med sers lite belegg får ikkje tilvisingsartikkel.

Døme: Ei form (*m*)**jæmm** av **mjødm** kvalifiserer klårt etter graden av avvik, men forma er berre belagd i Lom etter Ross, og ho bør difor ikkje takast med som tilvisingsartikkel. Merk at dei som ser forma hos Ross, vil slå opp på **mjødm** hos oss, så det er berre omsynet til dei som støyter på forma i andre samanhengar, som tel.

Oppslagsforma i tilvisingsartikkelen skal kunna finnast att i artikkelen det blir vist til (sjå òg om form på oppslagsord nedanfor). Konsekvensar er t d at alternative samansetningsformer og såkalla sjølvgevrne målføreformer *som regel* ikkje får tilvisingsartiklar, då dei *for det meste* ikkje blir nemnde i artiklar det er aktuelt å visa til, etter redigeringsreglane. (Det kan likevel vera aktuelt å visa mellom artiklar som tek til med *kj-* og *tj-* (typen "ll **kjon** n sjå *tjon*"), endå om ein ikkje alltid finn att forma.)

Ein skal ikkje mekanisk overta alle tilvisingsartiklar frå Aasen og Ross, trass i at vi tek med artiklane deira i andre høve. At Aasen eller Ross har ei tilvisingsform i sine ordbøker, er ikkje i seg sjølv eit argument for at vi skal ha det i vår ordbok. Vi fylger våre eigne reglar for kva vi skal ta med.

Ei anna sak er det at det kan vera grunn til å ha hovudoppslagsforma (av eit grunnord) hos Aasen eller Ross som tilvisingsform i NO (når normeringa av rota er ulik), slik at folk lettare kan gå frå deira artiklar til NO sine.

For plassen bør ein unngå rekkjer av avleidde ord med sams rot rett under kvarandre i den prenta ordboka. Ein bør heller velja éi form (stundom kanskje to former) som representant for gruppa, og det bør vera den mest gjengse forma.

gyrma v sjå *gjørma*.

gyrme f sjå *gjørme*.

gyrme- i sms sjå *gjørme-*.

gyrmen adj sjå *gjørmen*.

gyrmut adj sjå *gjørmut*.

skjepl n sjå *skipl*.

skjepla v sjå *skipla*.

skjeplast v sjå *skiplast*.

skjepling f sjå *skipling*.

Her bør truleg heller **gyrme** f og **skjepla** v stå som tilvisingar åleine.

Merk at ein skal kunna bruka fritekstsøk i internettutgåva og koma til hakeparentesen inni ein artikkel, som gjer at ein kan få treff på i det minste ein del av formene som ikkje står som tilvisingsartiklar.

8.2 Struktur og format

Det er berre høve til å laga nakne tilvisingar. Tilvisingsartikkelen skal ikkje ha med innhaldselement som går vidare enn sjølve tilvisinga. Tilvisingartikkelen har berre eitt mogleg format i NO. Det er

[oppslagsord + ordklasse] sjå [tilvist (homografnummer og) ord].

Døme:

II **ræpa** v sjå *III ripa*.

I tilvisingsartiklar for fyrsteledd hender det ein sjeldan gong at innleiinga "sjå òg" blir brukt; bruken må då skilja seg frå bruken av berre "sjå".

Døme:

skutel- i sms sjå òg *skyttel-*.

Her har vi redigert nokre samansetningar på *skutel-*, som *skutelstong*, men vi må gjera lesaren merksam på at vi samstundes har valt fyrsteleddet *skyttel-* for samansetningar av typen *skytteltrafikk* (grunnordet har "**skutel** el **skyttel**"). Sjå òg punkt 6.3.3.4 *-ar-*: *fuge eller avleiingsending?*, midten.

Symbol for måleiningar får innleiinga "symbol for", og dei av avstyttingane som elles skal ha tilvisingsartikkel, får "avst for". Dette er nærmare forklart under punkt 4.1.3.6.2 *Ordklassemerking av avstyttingar*.

Døme:

W symbol for *watt*.

ca. prep avst for *circa*.

Vi tek ikkje med vokalparentes i tilvisingsartiklar.

Tilvisingsartiklar har ikkje bøyingsopplysningar til ord som står i nemneform i oppslaget; fortidsforma av **ræpa** står altså ikkje i det fyrste dømet ovanfor.

Dersom vi tek med ei bøygd ordform som oppslagsform (jfr punkt 4.1.2.2), kjem ordklassetilstand i tillegg til ordklasseinformasjon.

Døme:

gnoll v ft sjå *gnella*.

v = ordklasse

ft = ordklassetilstand

I NO band 1–4 kan ein ofte finna bøygde ordformer som er merkte med nemninga for bøyingsforma på ordklasseplass, såleis "**gnoll** ft sjå *gnella*". Men no skal alltid ordklassenemninga med.

For sume av dei avstyttingane som får tilvisingsartikkel (serleg symbol for måleiningar, sjå dømet **W** ovanfor), kan ein ikkje føra ordklasse, sjå nærmare under punkt 4.1.3.6.2 *Ordklassemerking av avstyttingar*.

Når vi har éi form som går til ulike oppslag, og den grammatiske merkinga er lik, samlar vi alt i éin tilvisingsartikkel. Vi lagar altså ikkje éin homograft for kvar tilvising.

Døme:

I **ron** f sjå *V ro* og *III run*.

III **sena** v sjå *II sina*, *III sina* og *sæna*.

Dersom ei form er alternativ oppslagsform (i halvfeit etter "el") i artikkelen vi viser til, får ho likevel ein eigen homograf tilvisingsartikkel.

Spesielt for tilvisingsartikkelen i *a–h* er det at fleire oppslagsord kan fylgja etter kvarandre med komma imellom til venstre for "sjå", og så kjem motstykk i same rekkjefylgja til høgre.

Døme:

gyrm m, **gyrma** v, **gyrme** f, **gyrme-** i sms, **gyrmen** adj, **gyrmut** adj sjå *gjørm, gjørma, gjørme, gjørme-, gjørmen, gjørmut*.

Denne måten er ikkje ført vidare frå bokstaven *i* og utetter (og er heller ikkje mogleg i redigeringsprogrammet).

8.3 Form på oppslagsord

Oppslagsforma i tilvisingsartikkelen skal kunna finnast att i artikkelen det blir vist til. Det vil seia at ein skal føra tilvisingsforma på same måten som i artikkelen det er vist til.

Det kan bli nokre unntak til dét, ut frå at oppslagsordet bør ha ei slik form som brukaren ventar når han slår opp, slik at han (lettare) finn artikkelen.

Morfologisk vil slike unntak vera at suffiks som ikkje vedkjem det som er poenget med forma, blir normerte, etter dei normeringsreglane NO bruker. For målføreformer av suffiksavleiingar kan ein såleis bruka ei normert form av suffikset, òg når suffikset blir ført i ei unormert form i artikkelen det er vist til (jfr punkt 4.2.6.10.3).

Døme:

naueleg adj sjå *naudleg*

(I artikkelen **naudleg** finst berre målføreforma *nauele*.)

Det same gjeld infinitivsendingar, som skal vera *-a* òg når forma førekjem med e-infinitiv i artikkelen det blir vist til, og svake feminina, som skal ha *-e* òg når forma førekjem med *-a* (eller tilsvarande) i artikkelen det blir vist til.

Døme:

sokse f sjå *III sakse*.

(I artikkelen **sakse** finst berre forma *soksa* (etter eldre kjelder og i målføredelen).)

Ein person som har høyrtd ordet som *soksa*, vil truleg slå opp på *sokse*.

Fonologisk-ortografisk vil sume skrivemåtar frå hakeparentesen bli bytte ut med mindre ortofone skrivemåtar i tilvisingsforma; slik må vi t d bruka *ki-* og *ky-* som tilvisingsformer i staden for *kji-* og *kjy-*. I målføredelen av hakeparentesen skriv vi alltid *sj* for ein lyd som har fleire skrivemåtar: *sj* (*sjal*), *sk* (*sky*), *skj* (*skjor*). Som tilvisingsform bør ein bruka den bokstavkombinasjonen som det er størst sjanse for at folk vil slå opp på. **Døme:** Om nokon har høyrtd forma *sjøt* (som finst i artikkelen **skjøt**), og vil slå opp på den, er det sannsynleg at dei vil slå opp på **skjøt**, som forma hadde vori normert til.

9 Krysstilvisingar

Ei krysstilvising kan t d sjå slik ut:

falla v ... *falla på sitt andlet*; sjå *andlet*

tåang m (tid før og etter sledeføret med) tåen (II,1), snølaus mark (Hemsedal); jfr *I -ang 2*

Vi seier då at viser FRÅ eit punkt i t d artikkelen **falla** og TIL artikkelen **andlet**.

9.1 Typar krysstilvisingar (frå – til)

Krysstilvisingar kan gå slik (sjå nærmare i punkt 9.7.1 for skilnaden mellom *seinare band* på den eine sida og *redigerte band eller manus under redigering* på den andre sida):

FRÅ	TIL
den plassen der tilvisinga står (med "jfr", "sjå" osfr)	lemma eller tydingsbolk
oppslagsbolk (ved visse oppslagsord, t d bøygde former av uregelrette adj), sjå punkt 9.2	lemma (oppslagsord med homografnummer)
hakeparentes (etymologidelen), sjå punkt 9.3	lemma (oppslagsord, utan homografnummer framover i seinare band, med homografnummer i redigerte band eller manus under redigering)
definisjonsdel, implisitt (synonym)tilvising, sjå punkt 9.4.2.1	lemma (oppslagsord, utan homografnummer framover i seinare band, med homografnummer i redigerte band eller manus under redigering) ELLER tydingsbolk (oppslagsord med homografnummer og tydingsbolk ned til A1a, eventuelt med tilleggsspesifisering) (i redigerte band eller manus under redigering)
definisjonsdel, eksplisitt tilvising (i ein eigen tabell "Tilvisingstekst"), sjå	lemma (oppslagsord, utan homografnummer framover i seinare band, med homografnummer i redigerte band eller

punkt 9.4.2.2	manus under redigering) ELLER tydingsbolk (oppslagsord med homografnummer og tydingsbolk ned til A1a, eventuelt med tilleggsspesifisering) (i redigerte band eller manus under redigering)
sitatdel, berre eksplisitt tilvising, sjå punkt 9.4.2.2	lemma (oppslagsord, utan homografnummer framover i seinare band, med homografnummer i redigerte band eller manus under redigering) ELLER tydingsbolk (oppslagsord med homografnummer og tydingsbolk ned til A1a, eventuelt med tilleggsspesifisering) (i redigerte band eller manus under redigering)

Programmet gjev høve til å leggja inn meir enn éi krysstilvising på kvar stad.

Formatet på krysstilvisingar i utskrift er noko ulikt etter kvar krysstilvisinga er plassert.

Utskriftsformatet på krysstilvisingar er del av utskriftsformatet i programmet og kan ikkje endrast av redaktøren. Sjå òg punkt 1.4.2.5.4 *Krysstilvising*.

9.2 Krysstilvising i oppslagsbolken

Krysstilvising i oppslagsbolken blir laga for ei bøyingsform med ein eigen ordartikkel. Tilvisinga går då til denne andre artikkelen, og programmet føyer automatisk til "s d" etter tilvisingsforma, sjå òg programrettleiinga s 65.

Døme: *gamal* adj ... komp *eldre* s d, superl *eldst* s d

9.3 Krysstilvising i hakeparentesen

Krysstilvising i hakeparentesen blir nytta i etymologidelen for å syna samanheng mellom oppslagsordet og andre oppslagsord i Norsk Ordbok. Innleiingsteksta syner kva slag samanheng det er tale om. Sjå meir om dette under punkt 4.2.7.5 *Tilhøvet til andre oppslagsord i NO*. For fyrsteleddstilknytning i samansetningsartiklar sjå punkt 9.5 *Fyrsteleddet i samansetningar*.

Ein skal ikkje visa til tydingsbolk.

Formatet er at innleiingsteksta står i rett skrift, medan ordet det blir vist til (med eventuelt homografnummer), står i kursiv.

Døme:

I tæ m [...; til tæ (T)]

9.4 Krysstilvising i tydingsbolken

Krysstilvisingar i tydingsbolken kan gå

- mellom tydingsbolkar innanfor same artikkel
- frå ein tydingsbolk i éin artikkel til (ein tydingsbolk i) ein annan artikkel

9.4.1 Artikkelintern krysstilvising

Krysstilvisingar mellom tydingsbolkar i same artikkel skriv vi inn som del av den redaksjonelle teksta i definisjonsfeltet (eller det redaksjonelle sitatforklaringsfeltet). Vi bruker ikkje krysskoplingsfunksjonen i programmet. Grunnen er at ein ikkje skal nemna oppslagsordet, berre tydingsnummeret.

Avstyttinga "tyd" skal alltid vera med i tilvisinga.

Døme:

I lin (i) n ... 2 hausta stikar av dyrka lin (i tyd 1); horr

II løn el lønn ... // (med overg til tyd 2) godtgjersle i form av pengar el andre materielle gode: ...

I senda v ... *har du sendt heim etter kleda?* (Hemne) jfr tyd 6b

spørja v ... a i interjeksjonsliknande uttr: ... / *spør om* sjå tyd 6b

Merk at det skal stå "(i tyd 1)" i det fyrste tilfellet, ikkje berre "(tyd 1)".

Ein må sjølvstøtt passa på at ein endrar tilvisingar når ein endrar tydingsstrukturen (òg når ein reviderer artikkelen etter retur frå ein manuskontrollør). For store artiklar bør ein dobbeltsjekka ved å sjøkja på "tyd" i ei pdf-fil av artikkelen.

9.4.2 Krysstilvising mellom tydingsbolkar i ulike ordartiklar

Til denne typen krysstilvisingar nyttar vi krysstilvisingsfunksjonane i redigeringsprogrammet og "limer" inn rett tydingsbolk frå den ordartikkelen ein viser til. Om det tekniske sjå brukarretteleinga for programmet.

I redigeringa skil vi mellom implisitt og eksplisitt krysstilvising.

9.4.2.1 Implisitt krysstilvising

Implisitt krysstilvising er tilvising til tydingsbolk under eit ord som er nytta i definisjonen (sjå døme nedanfor). Uttrykket "implisitt" går på at ordet blir nemnt utan tilvisingsmarkør, dvs "jfr" el l. Teksta framstår då som ei vanleg definisjonstekst, som handlar om fenomenet oppslagsordet står for, men ho har i tillegg ei (utematisert) tilvising innbaka.

Dersom ordet berre har éi tyding, blir det vist til lemma, med homogرافnummer der det finst. Dersom ordet har fleire tydingar, må ein visa til rett tydingsbolk, ikkje berre til lemma. Ved kopling framover til seinare band viser ein ikkje til tydingsbolk eller homogراف, sjå punkt 9.1 og 9.7.

Til vanleg legg vi ikkje tilvising på ord i definisjon dersom ein kan rekna med at det er openbert for ein vaksen språkbrukar med norsk som morsmål, kva ordet tyder ut frå konteksta.

Dersom definisjonen består av eitt einaste ord (utan andre synonym eller fleirordsdefinisjonar attåt), legg vi det alltid inn som krysstilvising, jfr punkt 4.3.3.5.3. Føremålet er å sikre Norsk Ordbok mot artiklar der ordet som er brukt i ein eittordig definisjon, ikkje har ein eigen artikkel.

Slike einslege eittordsdefinisjonar blir kopla både til redigerte ord og ord som skal redigerast seinare. Det er òg elles høve til å kopla til ord i seinare artiklar for å sikra at nykelord i definisjonen blir redigerte (når dette ikkje er opplagt), eller når ein av andre grunnar meiner at det er viktig at den framtidige redaktøren får med seg at ordet er brukt i den aktuelle definisjonen. Her som for eittordsdefinisjonar (sjå nærmare i punkt 4.3.3.5.3) gjeld det likevel at ein ikkje skal (bruka og) kopla til ord som ikkje *bør* redigerast, etter retningslinene for lemmautval.

Implisitt krysstilvising er også ein måte å samordne synonyme nemningar for spesielle gjenstandar eller arter. Alle mindre brukte nemningar blir då definerte med det oppslagsordet som har den mest utførlege definisjonen.

Implisitt krysstilvising i definisjonsdelen har rett skrift med spesifisering føydd til i parentes.

Døme:

I **ap** ... ein som apar (apast), driv, fer med ap (II,1)

bord-arbeid ... arbeid med bord (II,1);

III **brima** ... 1 lukta av brim (III,1)

bukse ... 1 (nyare ord for) brok (III,1)

grøn-buerle ... gulerle

inn-spel ... 2 synspunkt (som (meir el mindre spontant) blir lagt fram i ein diskusjon el I); merknad, framlegg (1), idé, innkast (1)

9.4.2.2 Eksplisitt krysstilvising

Eksplisitt krysstilvising skil seg frå implisitt tilvising (sjå over) med at ordet ein viser til, blir sett etter ein tilvisingsmarkør, dvs "jfr" el I.

Tilvisinga blir sett inn i eit eige felt i programmet kalla "Tilvisingstekst". Ein beslekta føringsmåte med innleiingsformlane "t skiln frå og "mots" bruker ikkje tilvisingsfunksjonane i programmet og er omtala i punkt 4.3.3.4.8 *Antonym i definisjonsteksta*.

Eksplisitt tilvising i definisjonsdelen har rett skrift i innleiinga, medan oppslagsord (og homogراف- og tydingsnummer) står i kursiv.

Døme:

ambar m ... 2) lagga trekjerald, spann, ..; jfr *dall* [semantisk sett]

ambrosia m ... gudemat; jfr *nektar* [omgrepsspar]

Definisjon med "dss xxx" er ein del nytta i band 1–4, men blir ikkje brukt frå bokstaven *i* og framover. (Døme: **glams-aure** ... dss // *glams* [synonym].)

Eksplisitt krysstilvising i sitatdelen har same formatet som i definisjonsdelen, dvs rett skrift i innleiinga, medan oppslagsord (og homograf- og tydingsnummer) står i kursiv.

Døme:

semantikk m ... / *leksikalsk semantikk* (InnfLingv 103); jfr *leksikalsk 1*

9.4.2.2.1 Innleiing og avslutning

Innleiingsfeltet til krysstilvisinga er eit fritekstfelt, og det er dermed redigeringskonvensjonane, ikkje programmet, som set grenser for kva som kan stå der. Det finst såleis døme på ulike innleiingar, men det vanlege er at innleiingsformelen er ei avstyting.

Dei vanlege innleiingsformlane er:

I normalartiklar:

- jfr (ein sjeldan gong "jfr òg", "men jfr òg", "jfr t d")
- mfr
- sjå
- sjå òg

I fyrsteleddsartiklar for samansetningsledd:

- til (sume gonger "mest til", "helst til", "serl til")

I fyrsteleddsartiklar for prefiks:

- i ord som
- t d

I tilvisingsartiklar:

- sjå
- sjå òg
- symbol for
- avst for

I etterleddsartiklar:

- t d

Rett etter krysstilvisinga står det òg eit fritekstfelt, som kan brukast til å visa til del av artikkel. Her er dei vanlegaste formlane:

I normalartiklar:

- (slutten)

I fyrsteleddsartiklar:

- (serl i tyd [nr]) (ein sjeldan gong "(helst i tyd [nr])")

Sjå nærmare under kvar artikkeltype vidare.

9.4.2.2.2 Normalartikkelen – eksplisitt krysstilvising

Langt den vanlegaste innleiinga til ei eksplisitt krysstilvising i normalartikkelen er "jfr".

Innleiingsformelen er ein sjeldan gong utvida noko til "jfr òg", "men jfr òg", "jfr t d".

"jfr" er ei overlagt fleirtydig innleiing, og jamføringa kan gjelda både språkleg opphav eller skyldskap, og innhaldet i sjølve definisjonen.

Når jamføringa peikar mot ord med same eller liknande opphav, er det gjerne avleiingstilhøve eller tydingsutvikling som er fokusert. Når jamføringa peikar mot ord frå same semantiske felt, er føremålet tydingsavgrensing. Her kjem ein nær formelen "t skiln frå" (jfr punkt 4.3.3.4.8).

Døme:

jæring m [R; kanskje av *-æring* i sms som *tiæring*, *treæring*, *tviæring*] årsgamalt dyr (NGbr R); jfr òg *iåring*.

jazz-gymnastikk m gymnastikk til jazzmusikk (Dyrn.MSL 87); jfr *jazzballett*.

Ein meir teknisk grunn til å bruka eksplisitt tilvising med "jfr" er at det ikkje høver å nytta grunnforma av eit definisjonsord som knyter seg til eit avleidd eller samansett oppslagsord, slik vi til vanleg gjer (sjå òg punkt 9.4.2.3 *Implisitt kontra eksplisitt krysstilvising*).

Døme:

teneste-yting f 1 arbeid som har som føremål å yta, produsera tenester (t skiln frå *vareproduksjon*) (MeldNoreg 1959,3; I.HaugeØklandSamf 122); jfr teneste 2.

Innleiingsformelen "mfr" blir nytta når ein viser til eit oppslagsord som står i kontrær motsetning til oppslagsordet innanfor ei avgrensa semantisk felt. "mfr" bør ikkje nyttast i høve til tydingsnyansar eller uttrykk.

Døme:

intranett n elektronisk nettverk for bruk innanfor ei einskild verksemd, ein einskild organisasjon el institusjon; mfr *internett*.

kald-hev m heving av gjærdeig der det er tilsett uoppvarma væske og deigen står etter måten kaldt (StatLærKok 483); mfr *varmhev*.

(Jfr òg bruken av "mots" i definisjonsfeltet i punkt 4.3.3.4.8.)

Innleiingsformelen "sjå" blir nytta når ei tyding eller eit bruksdøme er knytt til eit anna oppslagsord, eller ein tydingsbolk under eit anna oppslagsord. Det er altså ei vanleg tilvising om at dei viktigaste opplysningane finst ein annan stad.

Døme:

I **skula** v ... c i samb *skal ha* fylgt av hovudverb i supin, andre futurum; sjå *I hava D4*

syna v ... / *syna tenner*; sjå *I tann 4*

Under *I tann 4* finn ein underoppslaget **syna tenner** (jfr punkt 4.3.8.7 *Tilvising til underoppslag*).

Varianten "sjå òg" indikerer at det finst meir om det same (t d fleire bruksdøme) ein annan stad i ordboksverket.

Døme:

II **ror** n ... / *båten lyder, lystrar roret* (jfr KleppN 123); sjå òg *I lyda 2c*

Avslutningsfeltet etter krysstilvisinga blir brukt til å spesifisera tilvisinga med "(slutten)" (i parentes og rett skrift). Serleg i dei eldre banda av Norsk Ordbok kan det førekoma såpass lange tydingsbolkar at det ein gong imellom kan vera nyttig å gjera det slik.

Døme: jfr *fram 1a* (slutten)

I nye artiklar bør ein unngå å laga så lange og komplekse tydingsbolkar at det blir naudsynt å visa til dei på denne måten; ein bør heller gje artikkelkroppen ein flatare struktur.

9.4.2.2.3 Fyrsteleddsartikkelen

Sjå fyrst og fremst kapittel 6.

Når det gjeld avslutningsfeltet etter krysstilvisinga, er det høve til å spesifisera tyding(ar) av grunnordet der. Det kan vera av di ein treng modifisera tilvisinga. Denne måten kan ikkje brukast i andre artikkeltypar, sjå punkt 9.4.2.4 *Tilvising til meir enn éi tyding av same ordet*.

Døme:

I **skie-** i sms ... til *skie* (serl i tyd 1); ...

stjerne- i sms til *1 stjerne* (i ymse tyd). **1** til *stjerne 1* og *stjerne 2*: *stjerne-bane*, *-blink*, *-flokk*, *-glim*, *-klase*, *-mengd*, *-rørsle*, *-sveim*, *-vrimmel*, *-yrje*. **2** til *stjerne 6a*: *stjerne-rolle*, *-spekka*, *-spelar*, *-spiss*, *-status*.

I utgangspunktet skal vi unngå å tasta inn tydingsnummer, men heller laga ei eksplisitt kopling. Poenget med å tasta inn "(serl i tyd 1)" ovanfor er at det finst to verb *skia*, som hadde gjort tilknytninga til lemma fleirtydig om det hadde stått "serl til *skie 1*" (da står det ikkje at forleddet er meint å gå berre til ordet *skie*).

Når det er eintydig kva lemma tilvisinga må gjelda, kan ein såleis heller føra "serl til" i innleiingsfeltet.

Døme:

riksmåls- i sms serl til *riksmål 2*; ...

Jamvel om atterhald av typen "serl" kan vera på sin plass, må dei ikkje koma i staden for å utarbeida kroppen av fyrsteleddsartikkelen godt nok, som å dela han opp i tydingar der det er mogleg, jfr punkt 6.3.6.2.

Når det ikkje står noko etter tilvisinga, og grunnordet har fleire tydingar, er det implisert at tilvisinga gjeld ulike tydingar, slik at det som regel ikkje er naudsynt med formuleringar som "i ymse tyd".

9.4.2.2.4 Etterleddsartikkelen

Døme for etterleddsartiklar skal først i feltet "Tilvisingstekst". Standard innleiingsformel er "t d". Dette er i alle fall korrekt avslutning, endå om ein har grunn til å skriva meir. Skriv inn som entitet "&t_d;" for å unngå at "t" og "d" kjem på kvar si line i utskrift.

Døme:

-iatri m [...] suff med tyd 'lækjekunst', nytta til å laga nemne for greiner av skulemedisinen; t d *geriatri*, *pediatri* og *psykiatri*.

9.4.2.2.5 Tilvisingsartikkelen

Sjå punkt 8.2.

9.4.2.3 Implisitt kontra eksplisitt krysstilvising

I artikkelkroppen er *implisitt tilvising føretrekt for eksplisitt*, der det er mogleg å fletta ordet inn i definisjonen i grunnform (som dermed kan koplast).

Døme:

lo-ladar m [til *VI lo*] person som har til oppgåve å lada (1b) kornband under kornkøyninga (Løten, Elverum, Biri)

Her får ein uttrykt kva tyding av *lada* som er brukt, som òg vil seia kvar lesaren kan gå for å få opplysningar om kva denne ladinga går ut på. Dette kunne ein òg ha uttrykt med ei eksplisitt tilvising etter definisjonen, slik:

lo-ladar m [til *VI lo*] person som ladar kornband under kornkøyninga; jfr *lada 1b* (Løten, Elverum, Biri)

Men i og med at det er mogleg å få til ei grei implisitt tilvising, skal ein heller bruka det. Døme på andre slike formuleringar er ”person som har det med å [inf]” og ”[subst for reiskap] til å [inf] med”.

9.4.2.4 Tilvising til meir enn éi tyding av same ordet

Til og med bokstanven *H* var det vanleg å visa til fleire tydingar i ein annan artikkel ved å skriva inn fleire tydingsnummer i parentes i ei implisitt eller eksplisitt krysstilvising.

Døme:

heidning (1 og 2)

jfr *II heim 1a* og *b* og *2*

Frå og med bokstaven *I* er praksisen endra, for di ein skal kopla slike tilvisingar til ordet ein viser til, og funksjonen ein brukar i redigeringsprogrammet, tillèt ikkje føringsvariantar som dei over.

Det er grunnar til at fleire tydingsnummer har vori førde, og spørsmålet er då korleis behovet skal handterast.

Når ein lagar koplingar i redigeringsprogrammet, er ein sikra at tilvisingane automatisk blir korrigererte om artikkelen ein har kopla til, endrar struktur, anten det skjer i same bandet som ein held på å redigera, eller i ein eventuell revisjon av den delen av ordboka som er prenta. (Inne i artikkelbasen kan det òg vera nyttig å sjå at ein artikkel har koplingar til seg, og kva artikkel koplinga går frå.) Tydingsnummer ved tilvisingar må difor vera kopla. Tydingsnummer skal ikkje tastast inn i definisjonsfeltet eller i avslutningsfeltet etter feltet ”Tilvisingstekst”.

Skal ein kopla til fleire tydingar, kan ein bruka eksplisitte koplingar.

Døme:

små-mon m ... liten auke, tilvokster; lita endring (*A*²; *YSandsvær*); jfr *I mon 3* og *I mon 5*.

symbol- i sms til *symbol*. **1** til *symbol 1* og *symbol 2*; ...

I normalartiklar kan ein alternativt snevra inn tydinga ved å leggja til eitt eller fleire synonym eller andre tillegg i definisjonsteksta, som gjer at det ikkje blir naudsynt å kopla. Om ein ser at ein har tilvisingar til fleire tydingar, kan det òg vera tenleg for kvaliteten på tydingsbolken å gå attende til artikkelen og prøva å arbeida om, spissa, definisjonen.

Med tilvising frå fyrsteleddsartikkel til grunnordsartikkel er det likevel høve til å leggja til inntasta tydingsnummer når det trengst. Det vil helst vera når ein treng å leggja til modifiseringar, sjå meir om dette under punkt 9.4.2.2.3 *Fyrsteleddsartikkelen*.

Døme:

I **skie-** i sms ... til *skie* (serl i tyd 1)

Det er sjølvstakt viktig at redaktørane som redigerer slike artiklar, er merksame på at endringar i tydingsinndelinga i grunnordsartikkelen òg blir retta opp i den motsvarande fyrsteleddsartikkelen.

I tillegg til det viktige poenget ovanfor om strukturendringar ser gjerne koplingar med inntasta tydingsnummer mindre bra ut (jfr òg punkt 1.4.2.5.4). Merk at det òg gjeld nettutgåva. Ei føring som "jfr *stolpa 1* og *2*" (med "òg *2*" i fritekst i avslutningsfeltet) kan sjå bra ut på prent, men ikkje i nettutgåva, der berre "*stolpa 1*" har lenkje. Ei føring som i det siste dømet ovanfor ("til *skie* (serl i tyd 1)") står derimot tydelegare fram som ein ikkje-klikkbar metakommentar i den elektroniske utgåva.

9.5 Fyrsteleddet i samansetningar

I samansetningsartiklar kan fyrsteleddet gå til ulike ord. Her kan både avsnittmarkeringa og sjølvne føringa av artikkelen spela ei rolle.

Når det gjeld avsnittmarkering, skal den fyrste av fleire samansetningar på rad med same fyrsteleddet (homograf) stå fullskrivne i oppslaget, medan andre, tredje osv samansetninga skal ha innrykk, sjå nærmare i punkt 3.3.7. Avsnittmarkeringa markerer då ny fyrsteleddstilknytning.

Men for alle samansetningar med fyrsteledd som står til ein homograf, anten dei er fullskrivne eller rykte inn, er det eit krav at lesaren utan vidare skal skjønna av artikkelen kva ord fyrsteleddet står til.

For innrykte samansetningar held det med at lesaren på éin eller annan måte kan skjønna det av teksta i artikkelkroppen. Dersom det går fram av ei krysskopling (i definisjonsdelen), er, som vanleg, implisitt tilvising føretrekt (sjå punkt 9.4.2.3 *Implisitt kontra eksplisitt krysstilvising*).

I fullskrivne (i motsetning til innrykte) samansetningar, er det obligatorisk å kopla til fyrsteleddsartikkelen i etymologidelen av hakeparentesen, dersom det finst fleire moglege fyrsteledds- eller grunnordsartiklar som fyrsteleddet kan gå til. Innleiingsordet er preposisjonen *til*, jfr punkt 4.2.7.5.1. Dersom det ikkje finst nokon fyrsteleddsartikkel, koplar ein (framleis i etymologidelen) til grunnordet, som i hakeparentesen i dømet **lo-ladar** i punkt 9.4.2.3.

Døme (fyrsteleddsartiklane er òg tekne med):

I **liste-** i sms til *// list*; jfr *list-*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *liste-paneling*.

II **liste-** i sms til *liste*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d: *liste-føra*, *-førar*, *-plass*, *-skjema*.

liste-aksjon m [*til // liste-*] aksjon (I,1) med underskriftsliste(r) som verkemiddel (NorskT 1969).

liste-belte n [*til / liste-*] eit slag (grind)vovi el sauma belte på kvinnebunad (Vo; NossKS 38).

Ein skal ikkje visa frå eintydige fyrsteledd i etymologien i samansetningsartiklar. **Døme**: ikkje

"til *radio-*" (i artiklar som *radiointervju*), då fyrsteleddet berre kan gjelda éin artikkel.

I praksis skal dei fleste fullskrivne samansetningar ha tilvising i etymologien. Eit **døme** til: Det finst fire normalartiklar **skjør** og éin fyrsteleddsartikkel **skjør-** (som gjeld eitt av dei fire grunnorda). Endå det berre finst éin fyrsteleddsartikkel, kan fullskrivne samansetningar med *skjør-* visa tilknytning, då homografane **skjør** gjev fleire alternativ å visa til enn fyrsteleddsartikkelen.

Samansetningar med ein adverbieill partikkel som fyrsteledd (som t d *ut-* og *åt-*) fylgjer i stor grad vanlege reglar. Det vil seia at det blir tilvising til fyrsteleddsartikkel (grunnord for fyrsteleddet om det

ikkje finst fyrsteleddsartikkel) ved kvar fullskrivning i papirutgåva. For alle samansetningane gjeld det at etterledd i form av bøygde verbformer (partisipp) og sjeldne ord bør ha tilvising til grunnordet. Her prioriterer ein i denne rekkjefylgja: 1. fletta grunnordet inn i definisjonen (implisitt tilvising), 2. eksplisitt tilvising med "jfr" etter definisjonen, 3. tilvising i etymologidelen av hakeparentesen (**døme**: *utkropen* kan ha ei tyding som ikkje er dekt av *krypa*, slik at tilvising i etymologien er rettare enn tilvising i definisjonsdelen).

Ein gong imellom kan det vera uvisst kva fyrsteleddet kjem av, eller det finst meir enn eitt alternativ som fyrsteleddet kan gå til. Då blir det òg fullskrivning av oppslagsordet, og om ein ikkje veit kva fyrsteleddet går til, fører ein ingen etymologi. (**Døme**: sjå under **rysse-lyng**.) Ved slik uvisse konsulterer ein gruppeleiar eller hovudredaktør (og sørgjer for at det er mogleg å finna tilbake til avgjerda når manuskriptet blir kontrollert seinare).

Merk òg at ein ikkje skal kopla til tydingsbolc i etymologidelen, sjå punkt 1.4.2.5.4, 9.1 og 9.3.

9.6 Koplingar i ordboksbasen til band 1 og 2

Band 1 og 2 vart lasta inn i detalj i mars 2007. Denne innlastinga erstatta band 1 og 2 slik dei før låg i basen.

I samband med denne innlastinga vart alle koplingar som kunne gjerast automatisk, gjorde. Det galdt eksplisitte tilvisingar og eittordsdefinisjonar. I baa tilfelle gjekk mange av tilvisingane framover i alfabetet og peika då mot ei oppslagsform utan nærmare kjenneteikn.

Dette vart gjort slik:

1. Tilvising peikar mot éi oppslagsform utan homografnummer, og det finst éin artikkel med den oppslagsforma i basen > kopling blir lagt på.
2. Tilvising peikar mot ei oppslagsform utan homografnummer, men det finst fleire artiklar med den oppslagsforma og med ulike homografnummer i basen > det vart oppretta ny artikkel med homografnummer 0 og kopling. Denne koplinga må flyttast manuelt.
3. Tilvising peikar mot artikkel som ikkje finst > det vart oppretta ny artikkel med homografnummer 0 og kopling.

Punkt 2 og 3 har ført til at det er blitt oppretta nokre nye artiklar frå bokstaven *f* og utover.

9.6.1 Handtering av nye artiklar

Handteringsmåten for desse artiklane er den same som elles ved artiklar som er genererte av andre enn bolcredaktør.

1. Søk opp eksisterande artiklar før du genererer ein ny.
2. Bruk den genererte artikkelen dersom det berre finst éin på dette oppslagsordet. (Sjekk at artikkelen er kopla til Metaordboka, og legg på ei slik kopling om ho manglar.)
3. Dersom det blir homografar, sjekk kva for ein homograf den oppgenererte artikkelen høyrer heime i, og bruk den på vanleg måte.

4. Ved korrektur på manus frå før april 2007 kan ein koma over nygenererte artiklar med homografnummer 0 og kopling på frå band 1 eller 2, framfor homograf 1, 2 osv. Denne artikkelen er generert av di opphavsstaden i band 1 eller 2 ikkje nemner homograf. Sjekk kva for artikkel koplinga går frå (i band 1 eller 2). Dersom artikkelen det er kopla frå i band 1 eller 2, har redaktørnamn USD_LEKS_NORSK_ORDBOK og status "Endre redaktør", kan ein gå inn og flytta koplinga sjølv, og så sletta den overflødige artikkelen. Står artikkelen på ein av dei som har retta opp band 1 og 2, så send saka til rette vedkomande med beskjed om kvar koplinga skal, så blir det ordna.
5. Frå band 1 og 2 er alle definisjonselement som består at eitt ord, kopla (eittordskoplingar). Dette av di det var umogleg for EDD å sortera ut dei eittordsdefinisjonane som stod åleine, frå dei som kom som siste lekk i ein fleirledda definisjon. Dette har ført til at det vart mange koplingar framover, som igjen fører til at ein må redigera artiklar på oppslagsord (t d sume samansetningar) som ein kanskje ikkje ville teki med om ikkje koplinga var der. I slike tilfelle kan ein gå inn i artikkelen som koplinga kjem frå, og t d leggja til eit ord eller gjera om definisjonen frå samansetning til fleirordig definisjon, og så sletta koplinga.

Døme:

narrestrekar > narrestrekar, påfunn

treskoemne > emne til tresko

Dersom artikkelen står på USD_LEKS_NORSK_ORDBOK og status "Endre redaktør", kan ein gjera dette sjølv. Elles må ein snakka med den som står oppført som redaktør for artikkelen i redigeringsprogrammet.

9.6.2 Strukturskilnader mellom prenta og digital utgåve av band 1 og 2

Det er sume strukturendringar frå den prenta til den elektroniske versjonen av band 1 og 2, i sume tilfelle òg i band 3–5. Det gjeld mellom anna tilfelle der underoppslag før var spreidde ut på fleire tydingar, og no er samla nettopp som underoppslag. Sjå t d *I dom* med underoppslag **til doms** under nytt tydingsnummer 10. Det er også andre tilfelle, serleg der ein må dela ein artikkel eller bolk i fleire tydingsbolkar for å ta vare på rekkjefylgja av opplysningane i teksten.

Dersom det er skilnad i strukturen mellom band 1-2 i basen og band 1-2 på papir, går ein eitt nivå opp med tilvisinga til det er samsvar mellom elektronisk og prenta utgåve.

Døme:

- Koplinga skal etter den prenta papirversjonen gå til tyding 8e, men dette innhaldet har no nummer 8g. Legg koplinga på tyding 8.
- Koplinga skal etter den prenta papirversjonen gå til tydingsnummer 2 i artikkelen, men denne tydinga har no fått tydingsnummer 3. Legg koplinga på sjølve artikkelen.

Dersom ein ser at det lett kunne ha vori samsvar (t d ved å byta om på rekkjefylgje av bolkar) utan at det går ut over innhaldet i artikkelen, kan ein ta opp det med den som har ansvar for artikkelen det gjeld.

Artiklar som har ein annan tydingsstruktur i databasen enn i den prenta versjonen, skal rapporterast inn (til leiaren av sluttkontrollgruppa eller til den ansvarlege for redigeringshandboka), slik at dei blir registrerte. I sluttkorrekturen for eit band skal koplingar attende til tydingsnummer i band 1–2 (og seinare band det måtte vera aktuelt for) sjekkast mot den prenta utgåva.

Vi er kjende med desse artiklane med endra struktur (det kan godt finnast fleire):

Artikkel	Avvik (oppgjevi for sume artiklar)
II all	
III alt	
annan	B1 > B1 a-h, B2 > B2 a-e, B3 > B3 a-d, B4 > B4 a-b, B5 > B5 a-c
apparat	1 > 1a og 1b
I auga	
I bed	3a-c > 3a-d (3b i elektronisk utgåve er undertyding på 3a i papirutgåva)
I bein	3 > 3a og 3b
benk	1 > 1a og 1b
bera	kan berre visast til på lemmanivå (er blitt delt inn i A og B)
I binda	5a-d > 5a-e (5e i elektronisk utgåve er undertyding på 5d i papirutgåva)
blanda	1 > 1a-e
blind	1 og 2 er begge delte i a og b
bløda	
II bord	2 og 4 har vorti inndelte i bokstavtydingar
bort	1 > 1a-d, 2 > 2a-b
botn	1a,b > 1a,b,c
I brodd	1 > 1a-h
I bru	1 > 1a,b
bryta	
V by el bjoda	

dag	A + B > A; A2a > 2a – 2m; A2b > 2n; A3a,b,c > 3a-d; B > 7-11
II dess	A pron ... B adv > II dess pron og III dess adv
I draga	
II drep	2 > 2 og 3, altså forskyving etter 2 og eit tydingsnummer ekstra
II drikka	
I døger	frå 4 til 6 tydingar
dølja	
II dør	
eiga	
eigen	
einfelt	
einkvan	
I eld	
eple	før: 1a, 1b og 2; no: 1a, 1b, 2, 3a, 3b
III far	5 > 5 a-d, 6 > a-c
I fara	
fart	<i>skyta fart</i> u tyd 1 og 3 > berre u tyd 1 (som underoppslag)
II fast	1 > 1a,b,c; 4a > 4a,b; 4b > 4c
I festa	
VIII fet	2a, b > 2a, b, c
fin	
I fjør	1a-c > 1a-f
III flat	1c > 1c + d; 1d > 1e; 1e > 1f; 2 > 2a + 2b; 6 > 6a + 6b; 7 > 6b
III fleire	
I flekk	i tyd 1
flekkja	7 > 7a,b

I floke	1 > 1a,1b
flyga	5 lagar underoppslag av samband nemnde fleire andre stader

9.7 Koplingar til artiklar som ikkje er lasta inn

9.7.1 Koplingar til seinare band

Ein skal *ikkje visa til tydingsbol*k i artiklar i band som blir redigerte seinare; alle tilvisingar skal gå til lemma.

Treng ein spesifisera tydinga nøyare, må det gjerast på andre måtar, som med synonym eller definisjonsutforming.

Tilvisingar til lemma skal *ikkje ha med homografnummer*. Det er for å sikra seg at ikkje nummeret blir gali når artikkelen seinare blir redigert. Det finst faste reglar for rekkjefylgja av homografar, og Metaordboka er ikkje homografsepararert når det er lik grammatisk merking (t d "m"). Nytt materiale, t d frå nyare ordsamlingar, kan òg koma for ein dag, som gjer at ein må laga ein homograf ein før ikkje hadde materiale for.

Artikkelen ein viser frå, må redigerast på ein slik måte at han er fullnøyande slik han kjem på prent, utan homografnummer i tilvisinga.

Kjem ein over ein artikkel med homografnummer som kjem i eit seinare band, må ein gå inn i artikkelen og ta vekk homografnummeret i oppslaget og om naudsynt gjera det eintydig på ein annan måte kva for homograf det gjeld. Om artikkelen har tilvisingar *med* homografnummer til seg frå *prenta* band, kan ein òg skriva ein merknad om det i definisjonsfeltet, slik at ein er viss på at den som skal redigera ordet, er på det reine med situasjonen.

9.7.2 Koplingar til h-delen av band 5

h-delen av band 5 er ikkje lagd inn i artikkelbasen. Dessutan har nokre fåe ord i dei eldre banda sloppi unna innlastinga (t d // *frå*).

Når ein skal kopla til ord og tydingar her, må ein oppretta innhaldstome artiklar og tydingsbolkar sjølv. Undersøk fyrst om ein annan redaktør alt har gjort det. Ein skal berre oppretta og kopla til artiklar som faktisk er prenta.

Når ein slik opprettar artikkelstruktur, må ein nøye sjekka at strukturen er identisk med artikkelstrukturen i den prenta utgåva.

10 Dokumentasjon: Kjelder, kjeldeføring og heimfesting

10.1. Kjeldetypar

Det er to slag kjelder:

- skriftlege kjelder
- talemålskjelder

Talemålskjeldene til NO er nedskriven tale. NO har ingen talemålskjelder frå lydopptak.

Talemålskjeldene er

- målføresynopsisen
- målføreopplysningar i Setelarkivet direkte frå heimelsmann
- ordsamlingar og annan litteratur om målføra (dels ekserpert i Setelarkivet, dels tilrettelagd i det elektroniske ordboksbiblioteket, dels til å slå opp i biblioteket eller i kopisamlingar vi har laga av alfabetstrekk)

Kjelder nemnde i Grunnmanuskriptet går vi direkte til så sant det er mogleg. Om attgjevinga av eldre kjelder i Grunnmanuskriptet, sjå òg punkt 4.3.3.4.5 *Realdefinisjonen: kjelder*.

Ordsamlingene til Aasen og Ross har ein del spesielle drag ved seg og spesielle føringsmåtar i NO. Nokre spørsmål er handsama under punkt 10.7 *Aasen og Ross*, der det òg står eit oversyn over dei andre stadene i handboka der desse samlingane er omtala.

10.1.1 Kjeldesignaturar

NO har sine eigne kjeldesignaturar, som ikkje er dei same som t d dei i bibliografien for Trøndelagsarkiva.

Prinsipp for utforming av kjeldesignaturar er:

- Kvar forfattar (person) skal ha unik kjeldesignatur.
- Heimfestingar i kjeldesignaturar har same form som i heimfestingslista.
- Hovudord i titlar blir markerte med førebokstav etter forfattarsignatur.
- Dersom tittelen er berre eit ord, kan dette ordet bli avstytt eller fullskrivast.

Punktum blir brukt slik:

- Forkorta forfattarnamn får punktum.
- Forkorta titlar på bøker, aviser og andre skrifter får ikkje punktum. Det same med forkorta stadnamn.

- Fullskrivne namn og titlar får ikkje punktum.

Døme:

Mor.Song; KrohnSmåkv; ÅrbGlåm; KrsandJo.; Aftp

10.1.2 Gamle og nye kjeldesignaturar

Dei setlane som er påførde kjelde før arbeidet med NO tok til, har i mange tilfelle ein annan kjeldesignatur enn den som no er nytta i NO. Både gamal og ny kjeldesignatur er førde i det elektroniske setelarkivet og kan søkjast på.

Sume av setlane frå Trønderarkivet har òg ein annan signatur, men NO-signaturen er ikkje førd i OTM-arkivet eller omvendt.

10.1.3 Gåtefulle og farefulle kjeldesignaturar og heimfestingar

Sume av dei gamle kjeldesignaturane, serleg frå Grunnmanuskriptet, har ei form som gjer det vanskeleg å kjenna dei att. Andre kan vera vanskelege å bruka av andre grunner. Vi tek her inn ei liste opphavleg oppbygd av Laurits Killingbergtrø om gåtefulle og farefulle kjeldesignaturar, og som seinare har vori utvida (og held fram med å bli utvida). Ho omfattar både litterære kjelder og målførekjelder.

= tyder 'er det same som'

> tyder 'før i NO som'

Denne lista inneheld ymse kjeldeavstyttingar frå setlar og frå G-manus som ikkje står i dei ordinære listene (kjeldelistene i dei prenta banda av Norsk Ordbok, tilleggslistar, liste over eldre (omgjorde) kjeldeavstyttingar (jfr førre punkt), liste over avstyttingar på setlar frå NMA, liste og arkivsetlar frå OTM). I tillegg er det teki med nokre gjeldande avstyttingar der det gjeld å akta seg av ulike grunnar.

Lista inneheld òg ein del *stadnamn* som ikkje finst i heimfestingsmenyen til NO. Sjå punkt 10.6.3.3.3 for slike stadnamn frå Hatlebrekke, og andre underpunkt til 10.6.3 for avstytte stadnamn.

For *eldre administrative inndelingar* hos Aasen og Ross sjå òg punkt 10.5.4. For korpuskjelder med galne signaturar sjå punkt 10.4.14.

1698 Ram	= Ri1698
1780	= Wilse (Ws)
Aad	= A.1881
Aaf	= A.1857
Add.108b (i Grm)	= Tel17-
Af	= A.1849
Ag (Stift) (hos A ¹)	= "Østl." hos A ² > Austlflatb (jfr punkt 10.5.4)

ArØ (hos Ingeborg Hoff)	= Aremark og Øymark
Sæt. (Austad) (hos R)	> Bygland
Austfold 1780	= Wilse (Ws)
Andebu	Vi skal sjå bort frå målføresetlar frå Andebu som er elektronisk merkte "Bråvoll, Ole/O.Berg". (På papirsetlane står det "etter O. Berg".) Dei tek ofte med opplysningar som ikkje er frå Andebu. Vi bruker berre boka VestfBråv., som finst i Metaordboka og Ordbokshotellet. Boka byggjer på desse setlane, men har berre med andebumål. (Andre Andebu-setlar, som frå Hagbard Berg og Arne Gallis, har ikkje noko med denne saka å gjera.)
Andøya	> Bjørnskin, Dverberg, Andenes (alle, éin eller fleire av desse, avhengig av eventuelle tilleggsopplysningar)
Austefjorden (gjerne under namnet til medarbeidar B. Bjørlykke)	> Volda, om ikkje medarbeidaren har skrivi Syvde eller noko anna på setelen (i dei høva er Austefjorden berre bustaden hans)
B. og (Va) B. (i G-manus)	B. står for Olav T. Beito. Der det står "(Va)" føre, er det målføreopplysningar, men elles tyder B. vel at Beito har laga definisjonen. I ingen av tilfella skal B. vera med i NO. Der det står "(Va) B.", skriv vi "ØSlidre".
Bamble	Hos Aasen og Ross viser det truleg til futedømet (jfr kartet "Amt og fogderier 1866"), dvs nesten heile NOs NeTel. Jfr. regelen i punkt 11 i 10.7.2. Hos Skulerud er det ein skilnad på Ba (området) og BL (heradet), sjå punkt 10.6.3.1.
Be.Bygd	Bruk signaturen som ikkje har romartal etter, og tast inn romartalet, slik at band- og sidenummer får utsjånad etter NO-konvensjonane.
Beindalen Garthus (NMA)	= BegndalenGart. (i SAurdal kommune) > SAurdal
O.BergS (i trønderarkivet)	> O.BergMKS
BergsGI (på setlar)	> Bergsg.SGK
BjørganOppdal	> Oppdal (signatur i Trønderarkivet, eit kåserimanus på oppdalsmål, ved ei som heiter Anna Bjørgen (opplyst av TEJ))
Bjørnør (hos m a R)	> Stoksund, Roan, Osen (Bjørnør vart delt i 1892)
Brunkeberg	> Kviteseid
Byrte (i Tel.T.Tveito)	> Mo i Tel
Bøgrend (i Tel.T.Tveito)	Gjeld ord i FlifletKal og kan ikkje brukast som målføreopplysning. (Grenda ligg elles i Vinje i Tel.)

Bøks.IS (på lista frå OTM)	> SnåsaBøks.
R.Th.Christ.Land	Sjå Land II under.
Dale, IDale, YDale i Sfj (hos R)	> Fjaler R
Dramn (hos R)	> NeBu sumst (dvs prostiet, jfr regelen i punkt 11 i 10.7.2). Må (heller) reknast som byen Drammen når Ross har Dramn saman med Eiker eller Lier (i tillegg til den eine plassen der det står "Dramn og andre byer"). Merk at Drammen godt kan førekoma saman med Vestfold hos Ross, sjå Vestfold ndf.
E. (i G-manus)	= L.Esk.NR
EF (i G-manus)	truleg = S.Esk.FO
Efteløt (på setlar)	> YSandsvær
Eidsborg (R og Skul.)	> Lårdal
Eidsfjorden (på setlar frå H.Chr.)	> Hadsel
Eikesdal	> Eresfjord og Vistdal
Eksingedal	> Modalen, òg når Ross har "Nhl (Eks.)", men Evanger når Ross har "Voss (Eks.)"
EN I	= Ældre norske Sprogminster I (> VAgd16-)
EN II	= Ældre norske Sprogminster II (> Rbg1698)
EN III	= Sfj1646
Enn K (NMA ved I. Hoff)	= Enningdalen (i Idd/Halden) > Idd
Enningdal	> Idd
Enn.Kitt (setlar frå NMA)	> Idd
EU (i G-manus)	Står truleg for forbokstavane til ein medarbeidar eller informant. Der det òg står heimfesting, heimfester vi ("Ryf"). Når "EU" står utan heimfesting, får vi ikkje brukt kjelda.
I.Esk.ØkGeo I-II	På setlane står berre I.Esk.ØkGeo på begge desse kjeldene, slik at ein må sjå etter for kvar gong.
Fjærland	> Balestrand
Fjørt.FL og Fjørt.F (Folkelesna) (mest setlar frå Det litterære)	Olaus Fjørtofts Folkelesna: Vegjen te Rikdom (i eitt band) skal ha signaturen Fjørt.FL, medan hans Folkelesna 1 og 2 skal ha signaturen Fjørt.F (hugs bandnummer), jfr den elektroniske bibliografien. I band 1-

ordboksverket, litt i SA)	8 var det ikkje skilt mellom desse to.
FlesbFlat.	Dei av setlane som er frå "Flesbergmåle" og Johannes Fløtten, er feilmerkte og gjeld FlesbergLM, sjå neste oppslag.
FlesbergLM	ekserpert av Johannes Fløtten (NO 43), opplysningar omskrivne til ullensakermål på setlane. Det varierer kor mykje av teksta som er (omsett) frå originalen (det kan vera alt frå heile teksta til berre oppslagsordet), og kor mykje som er forfatta av Fløtten (og då gjeld Ullensaker spesifikt). Sjekk setel mot hefte – setlane kan gje kjeldefesting både til Flesberg og Ullensaker! Direkte sitat skal ha sidetal (boka er emnedelt, ikkje alfabetisk).
Folkemed (tilføydd i G-manus)	= R.-Kj.VFL
Fresvik (hos R)	> Leikanger (Fresvik ligg i Vik frå 1992)
FrostvikenWa. (i trønderarkivet)	Opplysningar frå Jämtland. Kan ikkje brukast i Norsk Ordbok.
FvLind., FvLind.1842, FvLind.1862, FvLind.1863	Setlane kan ha fått feil elektronisk merking, t d slik at nokre av setlane frå FvLind.1863 er merkte "FvLind.". Korrespondansen mellom formatet i setelteksta (bruk av avstytingar, årstal m m) og rett kjelde skal visst vera som i desse døma (kjeldekode til venstre, <i>setel</i> tekst til høgre): FvLind.: NFjm (Lind.) nr. 92 Tel FvLind.1842: Fjm (Lind.) 1842 nr. 32 FvLind.1862: 50 Fjm. (Lind.) nr. 37 FvLind.1863: NFLind 30 [handskrivi] Den sistnemnde skal ha sidenummer, dei andre (berre) visenummer (for di det er slike nummer som står på setlane).
G. under artiklar i Fedrah	står truleg for Garborg, men vi fører berre "Fedrah" (og årstal)
G I,... (på setlar)	= NG
GamVestf	Ordlistene i GamVestf I og II er tekne ut som ei eiga kjelde med signaturen GamVestfOrdl (som òg skal førast med I og II). Setlane frå GamVestfOrdl er merkte anten korrekt slik eller ukorrekt GamVestf i det elektroniske setelarkivet. Sjå elles meir om kjelda i punkt 10.6.3.
Gausdalsmålet (slik på setlane)	> Gausdalsm
GausdalsmåletT	> GausdalsmT
Gbr1785: Setlar frå denne kjelda er i LO-arkivet.	Setlar frå det kommenterte opptrykket i ÅrbDøl 1931 og 1932 finst i NO-arkivet. Kopi av originalen står i målførehylla på

	leksikografibiblioteket.
Gbr Sta og Stb	så Sta og Stb
Gimsøy	Då setlane vart skanna, fekk setlar frå Hallfrid Christensen merkinga "Gimsøy" når staden ikkje var leseleg på skjermen, eller når ho berre har ført namnet på ein lite kjend plass som er mindre enn eit herad (eller når det er tilvisingssetlar utan heimfesting). Oftast er det då <i>ikkje</i> Gimsøy!
Gjerstad, H	på setlar frå NO-medarbeidar nr 556, Nelly Tveiterås: Det gjeld staden Gjerstad i heradet Haus (i HI), ikkje heradet Gjerstad (i AAgd).
HamreRundh.	Avstyttingane Ofj, Sfj, Valestrb, Vassb, NH og SH viser til bygder og område i Hamre.
Hard1743 (frå tidsskriftet Hardanger)	er delt opp i kjeldesignaturar for dei einskilde kommunane: Granvin1743, Kinsarvik1743 osfr.
HardOp. II	Føring med sidetal må bli "HardOp. II 29", ikkje "HardOp. II,29" (HardOp. II er til val som ein eigen signatur). Det siste signaliserer at det er band 2, men denne kjelda er ikkje eit band 2 og skulle difor heller hatt signaturen HardOp.T eller HardOp ² . (Det er for seint å gjera noko med det.) Ein kan unngå problemet ved å la vera å bruka kjelda i det lengste. (Merk at opplysningar ein er viss på er målføreopplysningar frå hardangermålet, skal først som "Hard" etter definisjon, jfr punkt 10.6.3.)
HeggeVa (setlar frå NMA)	> ØSlidre (oppskrivar Ole O. Hegge, jfr ØSlidreHegge i kjeldelista)
Heidalsmålet (slik på setlane)	> Heidalsm
Heiddal (i ATel, hos Ross)	= Heddal. Pass på å ikkje velja Heidal (i Gbr) frå heimfestingsmenyen
Heistad (setlar I. Hoff)	er (truleg) Heistad i ØvSandsvær > ØvSandsvær
Herland (setlar frå NMA)	> Eidsberg (sokna Hærland)
Holmeg. (setlar I. Hoff)	= Holmegil i Aremark > Aremark
HFo	= He.Fo
Hms I-II	= Rolfs.Heims I-II
Holsa (i Sfj, hos R)	> Førde (ikkje Halså på Ndm)
Hyen	> Gloppen
Høgsfjord	> Forsand
Hå (hos A og R)	> Nærbø, Varhaug (heradet Hå vart delt i 1894)
Inderøyb	Tilvising til "II" eller "2" på (trønder)setlane viser til del 2 av bind I, som

	har ei eiga sidenummerering. Før det slik: "1,2,143".
IndrInns	= NI
Indr.SFO (ei stund på kjeldelista)	> OslofjIndr.
Indre Holmedal (hos Ross)	> Gaular
Innfjorden	> Voll
Innset	> Kvikne
J	= Sfj1646
Jans.Han. (på LO-setlar)	= JansonHH
JansonIsl (på LO-setlar)	= JansonFI
Janson/Krohn	= Kristofer Janson i Krohn > Krohn
Jarlsberg (i eldre kjelder)	> Vestf
JAS Aardal 1950	= Årdal i Bygland kommune > Bygland
Jelsa	Vi må <i>sjå bort frå</i> alle setlar stempla "Jelsa" og "NO 231" nedst og med <i>ein mindre lapp limt på</i> ovanfor og midt på (kantane på denne lappen visest meir eller mindre på skjermen). Mange av setlane skriv av, eller viser til, artiklar i andre verk som A(asen), R(oss) og V(idsteen), men det kan òg vera andre variantar. Det er uvisst kva slags prosjekt desse setlane har høyrte til, kva som har vori meininga med dei, og mange av orda er det usannsynleg finst på Jelsa. Ordinære setlar frå Per Thorson (NO 231), med namnet hans og heimfestingar påførde ("Ry" for Ryfylke eller anna), er greie.
Jm (i G-manus)	= Hann.Sfj1646. Kjelde frå etter 1900 (har stundom si eiga heimfesting)
JoPeHistUms	= S.Kolsr.SN
Karmt (i samband med R og Lm)	= Karmøy > Karm
Klim	= Rbg1698
KLNM (ei stund på kjeldelista)	> NordKultLeks
O.Kolsr.Land	sjå Land I-II og Land II under.
Kr. Stift (hos A ¹)	= Kristiansand stift (Rog, Agd, Tel). Kan ha blitt feiltolka til Kristiania stift = Oslo bispedøme i Grunnmanuskriptet
KS	= Knudsen og Sommerfelt i NRO. (Sjå ndf for "Sandsvær K.S.")

Gbr (Kvikne) hos Ross	> NFron (til skilnad frå heradet Kvikne i Østerdalen)
Kvinnheraskringlo (på setlane)	> KvinnheradHaugl.
Land I-II (på setlar utskrivne i NO, sjå neste)	= O.Kolsr.Land (signatur endra august 2006). Skal ha bandnummer og sidetal.
Land II (på setlar frå NMA, kjenneteikna av "J.H." i hyrnet, sjå førre)	= R.Th.Christ.Land (setlane er feilmerkete "O.Kolsr.Land" i det elektroniske setelarkivet). Skal ha sidetal utan bandnummer.
Larvik	Hos Aasen og Ross truleg = futedømet (jfr kartet "Amt og fogderier 1866"), dvs Sandar, Tjølling, Brunlanes, Hedrum og Lardal
LaSkjeld (på setlar)	= Pav.Lars.SS
LDomstol1915	er ein del av Gj.LovU
Ledr (i G-manus)	skal ikkje takast med i NO. Ledr er kanskje "Den Ledreborgske haandskriftsamling", som er med i kjeldelista i ODS.
Lehmann	Ei liste over heimelsfolk og stader finst under punkt 10.6.3.4 nedanfor.
L. E. eller L.-Elvedal	= Lille-Elvedalen (i R) (herad frå 1865) > Folldal, Alvdal
(VSO etter) L F1D(T) (i tilskrift i G-manus)	er kanskje Finmarkens Lapper (1767) av Leem. Vi fører i alle fall berre VSO
Lille Elvedalen, Lilleelvedalen, Lille-Elvdalen	Herad(snamn) frå 1865 til 1917, med Alvdal og Folldal (for så vidt utan Folldal frå 1914)
Lindequist	= Agd1857
Lindås1753 (i HamreVno)	= Lindås1750
Lm (i G-manus)	= Hann.Leem. Kjelde frå etter 1900 (har stundom si eiga heimfesting)
Lof1807	På setlar av NO 622 (ekserperte frå utgåva i Håloygminne) viser "I" til den eldre kjelda, medan "II" viser til Thor Frettes merknader (ikkje ein del av den eldre kjelda Lof 1807)
Loen	> Stryn
Lover i utv.	= Gj.LovU
LTvistemål1915	er ein del av Gj.LovU
Lu (i tilskrift i G-manus)	= Land1806 (ved G.F. Lundh)
Lunde Stryn (på setlar)	> Stryn (Lunde er personnamn). Merk at normert ord øvst på setelen som ikkje finst att i lydskrift nede i setelteksten, ikkje er belagde i Stryn av heimelsmannen – setelen viser då kva ord som er brukt i Stryn i

	<i>staden for dette ordet (flytt setelen i MO)</i>
Lyngdal i Nu (Bu)	> Flesberg
Løl. (på setlar)	handskrivne setlar viser heller til Løl.B (elektronisk signatur kan vera galen)
Mauland eller Maul. med romartal (etter, ikkje framfor)	Mauland I = NFL17Rog; II = NFL26Rog; III = NFL35Rog. Avstyttinga "IA" i teksta tyder at ordtaket òg finst i Ivar Aasens ordtakssamling (ikkje at det er teki derfrå)
Melbu	> Hadsel
Midsund	> SAukra
Tel (Moland) (hos R eller A)	> Fyresdal. NB: Tvillingkommunen Moland skal i det heile teki ikkje brukast, heller ikkje for AMoland og VMoland.
Møll.H (på lappane)	> H.Møll.H
Nedre Telemark (hos Skul. og eldre kjelder som A og R)	= futedømet (jfr kartet "Amt og fogderier 1866") = Heddal, Sauherad, Bø i Tel og Lunde (i ATel) og Holla og Solum (i NOs NeTel) (slå saman etter vanlege prinsipp)
Nes (i ATel, altså ikkje eitt av dei fem herada Nes)	> Sauherad
NesnaOrdl	Kjelda er komen inn i kjeldelista ved ein feil og skal ikkje førast. Før heimfesting (Nesna) òg etter sitat.
NFL84Ordt II	= NFL89Ordt
NF mil ²	= FvLi.Moe
NFmSkar	Kjelda er ei etterlaten skrivebok etter Johannes Skar (hos NFL). Om det ikkje står heimfesting, får vi ikkje brukt kjelda.
NH (i G-manus)	= Nils Halland (medarbeidar i NO).
Nhl1750 (på setlar frå Folkev 1859)	> Nhl1750Skikk. Men Nhl1750 som før om ordsamlinga (band I). Nhl1750Skikk har ikkje status som "eldre kjelde" og blir berre brukt etter definisjonar og sitat.
NVTel R	> VTel R
Nor III,3	= Unger1844
Nordkapp	> Kjelvik
O.Kolsr.Land	sjå Land I-II og Land II over
OrkdNorv II	> Orkdal (skal førast som munnleg opplysning)
Os – T. Grue	(på setlar) = Os i Ød (Grue er personnamn)

Otterøy(a), Otrøy(a)	Otterøy er eit herad i Nord-Trøndelag, men kan òg vera ei øy i Sør-Aukra i Romsdal (òg stava Otrøy), som førekjem på setlar
PaulsenMinder (setlar frå NMA)	= G.Pauls.Sol
Ram 1698 (i GM)	= Ri1698 (ved Jonas Ramus)
RanaRavnå	Kjelda er komen inn i kjeldelista ved ein feil og skal ikkje førast. Før heimfesting (NRana) òg etter sitat.
O.RisteLondonregj (slik på setlane)	= O.RisteL (hugs bandnummer)
Rena	> Åmot
Rm (på NMA-setlar frå Ingeborg Hoff)	truleg > Romerike
S. (i G-manus)	= Sk ¹ (Skard: Nynorsk ordbok)
S.	= Knuds.B ??
Sakuntala	= O.Rytt.S
Sandsvær K.S. (setlar frå NMA)	> YSandsvær
SandSelbu ²	= SandSelbu1898
Sauland	> Hjartdal
SelbuNorv II	kjelda er Norv band II (frå 1908) > Selbu (eller Norv II, om det ikkje er målføreopplysning til definisjon)
Seim Vik 1912	= VikSeim (hovudoppgåve om målet i Vik i Sogn)
SeljordBringa (i målførepermane)	Innanfor kvar bokstav står det fyrst ei vanleg alfabetisk målføreordsamling (spesifiser på vanleg måte), og så ei alfabetisk liste med ord frå målførenær litteratur, med ekserpt (spesifiser som litteratur), sjå òg den elektroniske bibliografien. I = K.Flat.FT II (sic); II = NFL21Selj; III = K.Flat.GHT; IV = K.Flat.FT IV.
SfjTids I, II og III	= SfjTids 1919, 1921 og 1922
SfO (på setlar)	= OslofjIndr.
ShIV	<i>Som NOs kjeldesignatur</i> gjeld det kjelde av Vidsteen frå 1882, ulik den langt meir brukte kjelda V frå 1900. Utsegna "Utan sidetal dss V" i Brukarrettleiing frå 1994 galdt a–h og føreset visse føringspraksisar som ikkje gjeld lenger. <i>Hos Ross</i> (tillegg) vil ShIV seia staden ShI etter kjelda V.

Sirdal hos R (og A)	> ØvSirdal R, Tonstad R
Skjørvo: Sogn	= VikSkjør.
Skreosen (i TelT.Tveito)	> Kviteseid. "Tokke" i nøkkelen bak i boka ser ut til å vera feil, men bygda høyrer interkommunalt saman med grannebygder i Tokke.
S-Sku.	= SAustlStorm
Slemdal	= (eldre namn på) Siljan (i NeTel)
Snarum	> Modum
Snm1743 (frå Tidskrift for Sunnmør historiske lag)	er delt opp i dei einstilte kommunane: Herøy1743, Norddal1743 osfr
Snm1762	Maskinskrivne setelarkivsetlar utan kopi frå boka er frå ordlistene (det er to av dei) i I,504–532. Sidetalet på setelen (t d "165") viser til ei utgåve vi ikkje bruker. (Skriv òg inn rett spesifisering på den elektroniske setelen.)
So1700	= ISo17-
Sogebundel	= R.S
Sogn, Skjørvo	= VikSkjør.
Sogukunst (Tel)	= Be.NS
SolFinnNorv	= Mats.Sol
Solholm(vik) (i RomsVestad)	> SAukra
Spbg (på setlar frå Skul. og I. Hoff)	> Spydeberg
Sta eller (Gbr)Sta (tilskrift i G-manus)	= Gbr1769, sjå neste punkt
Stb eller (Gbr)Stb (tilskrift i G-manus)	= Gbr1769 I G-manus er det sumstad sett Sta og sumstad Stb ved ord som finst i samlinga av Storm som vi har kopi av. Det svarar nok til handskriftene kalla <i>Ha</i> (tidleg) og <i>Hb</i> (sein) på s 13f i innleiinga til nytgåva frå ca. 2010 (sjå meir om samlinga i den innleiinga).
Stemshaug (på (papir)setlar)	Er som regel personnamn (Ola Stemshaug), som gjerne òg står i treet til den elektroniske setelen. Stadnamnet skal i dei tilfella stå ein annan stad på setelen (ofte Meldal). Om stadnamnet manglar, er det iallfall Meldal når det òg står "Resell".
Stryn	sjå Lunde Stryn ovanf

Sulen (i A. B. Larsens <i>Sognemålene</i>)	= (eldre namn på) Solund.
Svindal	> Våler i Austf (grenda Svinndal)
SætB (hos R)	> Bygland R (ikkje Bykle, heller ikkje om det står i GM)
SætV (hos R)	> Valle R. Merk at V kan likna på B i frakturskrift
SømnaOrdl	Kjelda er komen inn i kjeldelista ved ein feil og skal ikkje førast. Før heimfesting (Sømna) òg etter sitat.
TH (i G-manus)	= Torleiv Hannaas (kjelde for opplysninga). Vi fører heimfestinga som òg står der.
Thott (tilskrift i G-manus)	= Va1743. Jfr (Va), 1743 under. Va1743 har vi korkje på prent eller elektronisk og skal difor ikkje brukast.
TinnOrdb	Skal ikkje førast som kjelde. Før stad. Sjå punkt 10.6.3.1 for avstytingar for stader i Telemark. Setlar med sidetal viser til sider i boka TinnSkul. og gjerne med same opplysninga òg på setlar merkte med dén kjeldeavstytinga. NB: I slike tilfelle hender det òg at opplysninga kjem frå ein annan stad enn Tinn, utan at dét er merkt av på setelen med stampelet TinnOrdb.
Tr Stift (i A ¹)	= Ndm,Trl
Tuddal	> Hjartdal
Utvik	> Innvik
V. (for Vidsteen)	Kan godt stå for V.D og vera feilmerkt V elektronisk.
(Va), 1743 eller Va (1743) (i G-manus)	= VaHad1743, som no skal førast som Va1743. Det er uvisst om det sporadisk kan visa til Va1743, jfr Thott over.
Valle (hos Ross)	I samband med Ma. eller VAgder > SAudnedal. I samband med Sæt > Valle (sjå òg SætV ovanfor).
Vadheim	> Kyrkjebø
Valset/Vallset	> Romedal
Vanse (hos Ross)	> Lista
VeraLaur.	> Verdal (setlar frå Trønderarkivet)
Vestfold (hos R)	= Vestfold, Eiker, Lier og Drammen (fylkesnamnet fanst ikkje før 1919, så det ser ut til at Ross bruker mellomaldernamnet, som viser til eit litt større område enn fylket). Før berre Vestf R, men ver merksam på det som ligg bakom. "Vestf (Eiker)" > Eiker R, "Vestf (Lier)" > Lier R, Vestfold (Dramn) > NeBu sumst R eller Drammen R (sjå Dramn ovanf)
Vestfoldm	= VestfMin

Vidsteen	= V.D
Vik på Helgeland (R)	> Sømna
Vingelen	> Tolga
VoldaØrstaØrs.	Forbokstavar viser til informantar. "1848" viser til A ² frå 1873, trass i årstalet (opplyst av Terje Aarset). Når Aasen er einaste oppgjevne kjelde, er det nok meint at ordet òg er belagt på 1900-talet, i tillegg til Aasen; det kan då òg stå opplysningar (form, tyding, bruksdøme) som <i>ikkje</i> står hos Aasen.
VstrålMyrv. (på lappane)	> Vstrål (vanleg innsendar)
VTel1785 (tilskrift i G-manus)	= ØvTel1785
Wille (hos Ross)	Kan godt visa til Seljord1786 heller enn W
Ytre Holmedal (hos Ross)	> Fjaler
Ø (hos I. Hoff)	= Øymark
Ø Gr (på setlar frå NMA)	> Øymark
ØklandA-A og ØklandG-A (på setlane)	= ØklandAA og ØklandGA
ØvTel1743 (på sume setlar)	> VTel1743
Ålfot, Aalfot	> Davik
Åmlibygdene	Stempel (svakt) på setlar frå Aust-Agder frå sokneprest Hj. Svennevik (NO 75). Fylg den maskinskrivne heimfestinga på setelen; maskinskrivne føringar som "Vanleg, Eide" og "Åmli (og Eide)" indikerer at dét er rett.
Åmotsdal	> Seljord
ÅrbNTrl, ÅrbTrl	Sume av setlane frå ÅrbTrl er feilmerkte ÅrbNTrl elektronisk. Det står visst rett på sjølve setelen.
Aardal 1950 (JAS)	= Årdal i Bygland herad > Bygland
Aas.Hof (på setlar frå NMA)	= Hof i Sol (ved Ingebret Aas)

10.2 Kjeldeføring

Sjølve kjeldeføringa er enkel; ho skal fylgja kodesystemet som er gjort greie for i brukarretteiinga.

Kjeldefestinga har noko ulik funksjon alt etter kva artikkeldel ho står i:

Eldre kjelder i hakeparentesen: Dei dokumenterer berre at ordet er nemnt og behandla i dei aktuelle kjeldene. Føringa av dei er behandla i punkt 10.3.

Målførekjelder i hakeparentesen: Dei har form av heimfesting, sjå punkt 10.5.

Etymologikjelder, sjå punkt 4.2.7.7.

Kjelder i artikkelkroppen: Dei står anten til definisjon eller til bruksdøme (sitat), og dette er den dominerande kjeldetypen. Desse kjeldene kan vera av alle slag:

- litterære kjelder
- heimfestingar eller ordsamlingar og annan faglitteratur om målføre
- eldre kjelder
- ordbokskjelder

Vi går nærmare inn på dei nedanfor.

Alle kjeldesignaturar og heimfestingar skal veljast frå menyar i redigeringsprogrammet og ikkje tastast inn.

Kjelder (unnateki eldre kjelder i hakeparentesen) blir førde i parentes etter den forma, definisjonen eller sitatet dei står til. Kjeldesignaturen skal stå i rett skrift, direkte fylgd av sidetal etter mellomrom (der det skal vera sidetal), såleis:

gaffel-høyvendar ... høyvendemaskin påmontert ei innretning med tindar (HasundJ 190).

For fleirbandsverk skal bandnummeret stå rett framfor sidetalet (altså utan mellomrom) med romartal, såleis:

Il **gag ...** *han var 'kje lut ... han heller var som gag (Vi.SkrS V,352)

Sidetal som er romartal i kjelda (i forord o l), skal førast på ein tilsvarende måte som sidetal som er arabartal, men med *små* romartal (dette har vori gjort ulikt i band 1–7):

dygde-rik ... Olav var ikkje plent so dygderik som han var evnerik (TelN. I,xxxiv)

Når kjeldesignaturen viser til berre eitt kapittel i ei bok, fører vi sidetalet for boka på vanleg måte etter kjeldesignaturen, utan å markera at sidetalet gjeld heile boka. **Døme:** Aurskog-BlakerHoff 728 (denne kjelda er ein artikkel som tek til på s 685 i ei bok). Det same gjeld når kjelda er merknader som står i delar, eller ein del av, ei bok, t d som fotnotar. **Døme:** Hann.Rbg1698 44 (kjelda er Hannaas' merknader til Rbg1698, her ein fotnote på s 44 av dette verket).

10.2.1 Spesifisering av litteraturkjelde

Kjeldeføring i NO har som mål å gjera det lett etterprøva bruken av tilfanget. Den er i ein viss mon sjangerbunden, jfr tabell nedanfor, som syner hovudtypene. Bibliografibasen har under kvar innføring ein delpost for sjanger [655] – der er kvar skriftleg prenta kjelde sjangerbestemt.

Serhøve ved ei viss kjelde kan føra til at nett denne kjelda har ei avvikande spesifisering. I siste instans er opplysning om spesifisering knytt til kvar einskild kjelde. Slike opplysningar er lagra i bibliografibasen på posten for den aktuelle boka, under delpost 591, som er staden for "kommentar, NO". Der finn ein også opplysning om når (frå kva NO-band) eit verk kom med i kjeldelista.

Hovudregelen er elles at ein nyttar den enklast moglege måten å spesifisera på. Om ei bok er skift i bolkar, men har gjennomgåande sidenummerering, bruker vi såleis helst sidenummereringa.

Desse opplysningane er førebels (februar 2006) fylte ut for etter måten fåe verk i bibliografidatabasen.

sjanger	spesifisering	døme
avis	årstal, jfr punkt 10.4.4 nedanfor	Firda 2001
tidsskrift (med gjennomgåande sidenummerering per årgang)	årstal og sidetal, jfr 10.4.4	SS 1999,451
tidsskrift (med sidenummerering per nummer og nummer per årgang)	årstal, nummer, sidetal, jfr 10.4.4	Språknytt 1988,4,31 SS 2000,1,15
årsskrift, årbok	årstal, sidetal	Håløygm 1945,69
ordbok, ordliste, alfabetisk ordna, normalnynorsk oppslagsform	inga spesifisering i alfabetisert del, jfr 4.2.4.4 og 10.4.5	S.N NLO
ordbok, ordliste, alfabetisk ordna, med ei anna oppslagsform enn ordartikkelen	tilvising til ordartikkel, jfr 4.2.4.4 og 10.4.5	NLO u <i>tunbalderbrå</i> A ² u <i>jamn</i> HålHved ² u <i>skipnad</i> [etter sitat]
ordbok, ordliste, alfabetisk ordna, oppslagspråk anna enn nynorsk	tilvising til ordartikkel, jfr 4.2.4.4 og 10.4.5	S.D u <i>celle</i>
ordbok, ordliste, alfabetisk ordna, med oppslagsform (målføre eller eldre nynorsk) som vik mykje av frå NO-forma (og ikkje er lett å finna att)	tilvising til ordartikkel, jfr 4.2.4.4 og 10.4.5	A ² <i>gjoting</i> VossRøthe <i>skjeinar</i> [etter sitat]
ordbok, ordliste, ikkje alfabetisk ordna, eller t d tillegg til	sidetal; eventuelt tilvising til ordartikkel i tillegg, jfr 4.2.4.4	VTel1821 49

alfabetisert hovudbolk	og 10.4.5	H 151 <i>hulous</i> SandeSand ² 37 [etter sitat; verket i dette dømet er ei samling av fleire lister]
leksikon og oppslagsverk, alfabetisert, nynorsk normalmål, tekstdøme frå artikkel med same oppslagsord som ordartikkel	inga spesifisering, jfr 10.4.5	NoAllk
leksikon og oppslagsverk, alfabetisert, nynorsk normalmål, tekstdøme frå artikkel med anna oppslagsord enn ordartikkel	band, spaltetal eller sidetal (spalte eller side avhengig av det som er brukt i verket), jfr 10.4.5	NoAllk VII,45
fleirbandsverk (bokverk)	band og sidetal	Vi.SkrS III,218
einskildverk (bok)	sidetal som i sitert verk	Støyl.NBL 46
Bibelen og salmebøker	vers- og strofenummer	Luk 12,25 NSalm 510,6
folkevisesamlingar (Sume har sidetal, sume visenummer. Er du i tvil, så sjå i bibliografibasen; sjå òg i lista over fare- og gåtefulle kjeldesignaturar)	anten (bandnummer og) sidetal eller visenummer	Fv I,23 FvLind.1863 23 FvLind. nr 23
songbøker	sidetal utanom to verk med visenummer og strofenummer	Hovd.SS 44 Mor.Song 42,1 NoSong 43,2
meldingar og proposisjonar frå regjeringa*	nummer og to årstal	StMeld 48,2002-03 Otprp 99,1999-2000
lovtekster – einskildlover	paragrafnummer	HøyemNGr § 2

		Gj.LovF § 11
lovtekster – utgjevne lovsamlingar	sidetal	Gj.LovU 68 Lover1947 124
grammatikkar med paragrafinndeling (Sume har sidetal, sume paragrafreferanse. Er du i tvil, så sjå i bibliografibasen)	anten paragrafteikn og nummer eller sidetal	A.NGr ² § 340 He.NG § 258 BeitoNGr 317

* Odelstinget og Lagtinget vart lagde ned i 2009. For stortingsdokument frå sesjonen 2009-2010 og framover bruker vi (dei gamle) signaturane StMeld for meldingar og Strprp for proposisjonar, med same typen spesifisering som før. Formatet skal vera som i døma i tabellen, som òg vil seia at berre dei to siste sifra i årstal nr 2 skal med (utanom ved hundreårsskiftet); det er slik det står korpuset til Norsk Ordbok. Vi skal ikkje ta med kodar som S, L og LS som førekjem i kjeldene: "Strprp 126LS,2008-09" blir ført som "Strprp 126,2008-09". Statsbudsjettet (Strprp 1) har òg tillegg (per departement) som er spesifiserte i korpuset vårt: "Strprp 1-11,2000-01". Dette markerer vi (på måten som står).

Det gjeld sume serreglar for kjeldeføring i høve til dei ulike opplysningskategoriane (delar av hakeparentes og tydingsbolck), som blir gjort greie for nedanfor.

10.3 Kjeldeføring i hakeparentesen

10.3.1 Føring av eldre kjelde

Eldre kjelder i hakeparentesen blir førde i rekkje, utan parentes. Dei blir skilde med komma som frå og med band 5 har mellomrom etter seg (utan mellomrom band 1–4).

Døme:

I **gadd** m [Vstrål1698, L *gaid*, Nhl1750, Ndm1760, H,Lof1807, C, A1 òg 636, A2 òg 968, R; ...]

Dømet viser også korleis ein fører avvikande skriftform i eldre kjelde (L *gaid*). Sjå elles punkt 4.2.4 (og 10.3.2) for ei grundigare behandling av dei eldre kjeldene.

10.3.2 Serskilde tilhøve ved føring av einskilde eldre kjelder

Sume eldre kjelder er dårleg alfabetiserte, blandar alfabetisert og ikkje-alfabetisert tekst osfr. Merknader til einskilde eldre kjelder der ein må vera merksam på seromsyn blir samla her. Sjå også tabell med stutte kommentarar under punkt 4.2.4.3.1.

10.3.2.1 NoOrds1810-12

Setlar stempla NoOrds1810-12 skal førast under den einskilde ordsamlinga. Dette gjeld dei samlingane vi opererer med ein eigen signatur for, t d Akh1810-12.

Dersom oppstillinga er alfabetisk, skal det ikkje stå sidetal. Som regel treng ein ikkje sidetal.

Om ein lurer på kva for delar av NoOrds1810-12 som skal vere Akh1810-12 osfr, kan ein slå opp i bibliografien. Her står det sidetal (t d Akh1810-12 s 61-71).

Dersom opplysninga ikkje er henta frå ei alfabetisert liste, eller er frå ein annan stad i boka enn dei lokale ordsamlingane, må det stå sidetal. Det blir då anten til den lokale ordsamlinga (ikkje frå alfabetisert liste) eller til NoOrds (avsnittet ikkje dekt av ei av dei einssilde samlingane).

Døme:

Flesberg1810-12 45 for ord eller sitat frå "Samtaler i forbemeldte sprog" i Flesberg1810-12, som kjem etter den alfabetiske lista same staden.

NoOrds1810-12 32 for orda frå Verdalen som Eyler Hagerup hadde i Trondhiemske Blandinger i 1804 (ikkje frå samlingane vi har signaturar for).

Ein bør ha boka tilgjengeleg og sjå etter om ein er i tvil. Det er *Skrifter fraa Norsk Maalførearkiv X* som er referanseverket.

10.4 Kjeldeføring i artikkelkroppen

Litterær kjelde til definisjon blir førd i litteraturtabellen på definisjonskortet. Tabellen har tre felt: Innleiing, Litteraturkode og Spesifisering. Litteraturkode har fast meny (frå bibliografibasen). I spesifiseringsfeltet legg ein på kursiv med ordformknappen. Denne knappen blir aktiv når kjelde er fylt inn.

Litterær kjelde til sitat blir førd på same måten. Skilnaden er at ein definisjon kan kjeldefestast med mange kjelder, medan eit sitat normalt berre har éi kjelde.

Kjeldetilvising etter *definisjon* kan gjelda opplysningar om begrepet (i leksikon, flora el l), eller belegg som viser at ordet er brukt med denne tydinga, eller dokumentasjon på tidlegare ordboksføring.

Kjeldetilvising til *sitat* gjeld sjølvstaden staden der sitatet står, men ein kan òg leggja til andre kjeldetilvisingar med nærskylde ordleggingar eller informasjon som kastar lys over sitatet, då alltid med "jfr".

Naken kjeldesignatur etter sitat må alltid gå på ordrett sitat.

Sumtid er det grunn til å vise til ei kjelde på bokmål etter *definisjon*, når det ikkje finst ei jamgod nynorsk kjelde. Merk at kjelda då (på vanleg måte) blir førd utan "jfr" framfor (i motsetning til ved omskrivingar av opphavlege bokmålssitat, sjå punkt 4.3.6.5).

10.4.1 Rekkjefølgje kjeldetypar

Kjelderekker som kombinerer ulike kjeldetypar, har denne rekkjefølgja:

- eldre kjelder
- målførekjelder (heimfestingar)
- (spesifiserte) litterære kjelder

10.4.2 Manglande kjelde (tomt kjeldefelt)

Tomt kjeldefelt er ei implisitt kjeldeopplysning om at ordet og tydinga høyrer til ålmennspråket og er så vanleg at det/ho ikkje treng heimfesting. Når kjeldefeltet er heilt kjeldelaust, blir også eldre kjelder sløyfa (sjå òg punkt 10.4.3).

Sumtid kan det vera gode grunnar til å nemna litteraturkjelder til eit slikt ålment kjent ord, t d for visa til kjelder som har interessant informasjon om ordet. Dette er det høve til, men ein bør vera sparsam med det. Dersom det er breidd ein ønskjer å visa, kan ein bruka sitat og redaksjonelle døme. For interessant informasjon kan ein (for den elektroniske utgåva av ordboka) òg lima belegg direkte på definisjonen (sjå programretteleinga kap. 11 *Leggje belegg inn i treet*).

10.4.3 Eldre kjelder til definisjon

Eldre kjelder til definisjon blir lagde inn via menyen for litterær kjelde. Programmet plasserer dei eldre kjeldene i rett rekkjefylgje fyrst i kjeldeparentesen.

Hovudregelen er at *eldre kjelder som er nemnde i hakeparentesen, skal finnast att på dei ulike tydingane*.

Det er likevel *unntak*. Vi sløyfar eldre kjelde etter definisjon dersom:

- kjeldefeltet er heilt tomt av di tydinga er vanleg (punkt 10.4.2)
- det ikkje står noko anna enn alternativ heimfesting etter definisjonen (punkt 10.5.1.3)

Av desse reglane fylgjer det at så snart ein fører litterære (ikkje "eldre") kjelder til ein definisjon, *skal òg eventuelle eldre kjelder med* (for då er kjeldefeltet korkje heilt tomt eller med berre alternativ heimfesting).

Når vi har fleire tydingar, hender det ein gong imellom at vi ikkje kan seia kva tyding som er sikta til i den eldre kjelda (det gjeld knapt Aasen og Ross), samstundes som vi er visse på at det gjeld det aktuelle ordet. Kjelda kan vera for knapp, eller redaktøren har problem med å skjønna meininga i det som står. Konklusjonen kan vera at ein lèt vera å nemna kjelda etter definisjon, men konferer med gruppeleiar eller hovudredaktør. Det kan elles vera viktig å kontrollera ord og tydingar hos den eldre kjelda i relevante oppslagsverk, t d ODS, jfr punkt 4.3.3.4.5 *Realdefinisjonen: kjelder*.

Kva som er mogleg (i ulike situasjonar), og ikkje mogleg, blir illustrert i desse skjematiske **døma**:

FEIL: [A] definisjon (A) (berre feil når ordet er så vanleg at andre kjelder ikkje er brukte, samanlikn heilt nedst) *kjeldefeltet skulle vori tomt*

FEIL: [A] definisjon: sitat (berre feil når ordet ikkje er vanleg, samanlikn nedst) *A skulle stått etter definisjon*

FEIL: [A] definisjon (A; heller vanl) *ikkje eldre kjelder med berre alternativ heimfesting*

FEIL: [A] definisjon (heller vanl; Håløygm 1962,34) *eldre kjelder skal stå når vi har andre kjeldesignaturar*

FEIL: [A] definisjon (Håløygm 1962,34) *eldre kjelder skal stå når vi har andre kjelder*

FEIL: [A] definisjon (Selbu) *eldre kjelder skal stå når vi har andre kjelder*

RETT: [A] definisjon (A; Selbu, Nesna, Hillesøy)

RETT: [A] definisjon (Selbu A, Nesna, Hillesøy)

RETT: [A] definisjon (Selbu A)

RETT: [A] definisjon (A) (berre rett når ordet ikkje er vanleg, og A ikkje heimfester, samanlikn nedst)

RETT: [A] definisjon (A; Selbu, Nesna, Hillesøy; Håøygm 1962,34)

RETT: [A] definisjon (Selbu A, Nesna, Hillesøy; Håøygm 1962,34)

RETT: [A] definisjon (A; heller vanl; Håøygm 1962,34)

RETT: [A] definisjon (A; Håøygm 1962,34)

RETT: [A] definisjon: sitat (berre rett når kjeldefeltet er tomt for di ordet er vanleg, samanlikn ovanfor)

For føringsmåte av eldre kjelder (og spesifiseringar) sjå òg punkt 4.2.4, samt 10.4.12 og 10.7.2.

10.4.4 Aviser og tidsskrift

Det er ulike reglar for føring av avis og tidsskrift, sjå òg punkt 10.2.1. Er ein i tvil om kjelda er rekna som avis eller tidsskrift, kan ein sjå etter i den elektroniske bibliografidatabasen.

For *avisbelegg* skriv vi berre signaturen til bladet og deretter årstal.

Døme:

Fedrah 1874

DT 1978

Slike kjeldefestingar bør berre brukast ved kjeldefesting av konkrete sitat, ikkje som ålmenn dokumentasjon på definisjonar.

Sumtid kan det likevel vera gode grunnar til ei slik kjeldefesting, t d for å tidfesta bruken eller indikera mogleg regional utbreiing.

Døme:

I **igle** ... innvolsmakk hos hest (VSO; GjerstadAas; AgdT 1940)

Avisa Dølen har ei spesialføring med både årgang, nummer, sidetal og spalte, medan avisa Ferdamannen blir førd med årgang og sidetal (i antologien som sitatkontrollen bruker).

Døme:

Dølen 1868,10,3,2

Ferdamannen 1866,172

For *tidsskrift*belegg skriv vi signaturen til tidsskriftet pluss årstal og sidetal (skilde med komma og utan mellomrom etter komma).

Døme:

Folkev 1863,33

SS 1989,433

Dersom tidsskriftet ikkje har sams nummerering gjennom heile årgangen, må òg heftenummeret med.

Døme:

Kontakten 1938,1,3

Villm 1981,7,46

Er ein i tvil om heftenummeret skal med, kan ein prøva med å sjå om opplysninga er førd inn i den elektroniske bibliografidatabasen, jfr punkt 10.2.1. Elles kan ein sjå på setlar om det førekjem sidetal som er for høge til at dei kan gjelda einskildhefte. Merk at nummereringspraksisen i sume høve kan ha endra seg over tid. Syn og Segn (SS) skal slik førast òg med heftenummer frå og med 2000-årgangen.

Tidsskriftet *Norsk skuleblad* (NoSkul) har ei føring med årstal, sidetal og spaltenummer: 1939,98,3.

På sume setlar kan det stå nummeret på volumet (årgangen) til avisa eller tidsskriftet i staden for årstalet.

Døme: På setelen "skattelett" står det slik: "Nyn. Vikebl. 1, Nr. 4. s. 28 sp. 2". Her tyder "1" fyrste årgangen av Nynorsk Vikeblad, dvs 1934, jfr bibliografien. Føringa blir då "NynVek 1934".

TidsLæge finst som pdf med sidetal på Internett. Der står både årstalet og volumnummeret. I "2001 121,3263" er 121 volumnummeret og 3263 sidetalet (tidsskriftet starta opp i 1880 og kjem så ofte at det får fleire tusen sider i året). Føringa blir 2001,3263.

Tidlegare kunne ein i visse høve leggja til forfattarnamn føre kjeldesignaturen: Koht i SS 1923,54; Ga. i Den17Mai 1894. Det er ikkje lov lenger.

10.4.5 Ordbokskjelder, leksikonkjelder til definisjon

Ved ordboks- og leksikonkjelder fører ein ikkje opp sidetal dersom oppslagsordet som opplysninga gjeld, er *oppslagsord* og har same form i NO og i kjelda. (Regelen gjeld òg for sitat frå målføreordsamlingar der oppslagsorda er ordna i éi (tilnærma) alfabetisk liste, sjå punkt 10.6.2.)

Ei hovudkjelde for realdefinisjonar er Norsk Allkunnebok (NoAllk). NoAllk er svært ujamt ekserpert. Ein må difor alltid gå til rett alfabetbolk i NoAllk og kontrollera både utval av oppslagsord og definisjonsutforming.

Døme:

galaktose ... sukkerart framstelt av mjølkesukker og med form som krystallinsk pulver (NoAllk).

Står opplysninga *under eit anna oppslagsord i kjelda*, fører ein opp anten dette oppslagsordet (etter "u", nemleg for *ordbøker*) eller sidetal (for *leksikon* – spaltetal for NoAllk).

Døme:

Ordbok: **kjevla** ... **b** knebla (...; Vo.Ty u *knebeln*)

Leksikon: **ll gagl** ... (òg:) ringgås (...; NoAllk V,293)

AGL er no berre den prenta utgåva, som då skal spesifiserast på den vanlege måten for leksikon, sjå over. For etterfylgjaren på Internett (*Store norske leksikon*) er det laga ein eigen signatur som skal brukast, SNL. Nettsider kan endra seg, slik at ein må lagra eit bilete av artikkelen i setelapplikasjonen, sjå òg punkt 10.4.13 *Tilfang frå Internett*.

Ordbokskjelder (utanom målføreordsamlingar) bør brukast sparsamt, framfor alt som einaste kjelde til tyding. Eit ordboksbelegg er ikkje eit belegg på ordet i bruk, og kan vera villeiande om ein ikkje har autentisk bruksdokumentasjon i tillegg, jfr punkt 2.1.4.2.2.

NOB skal ikkje førast som kjelde nokon stad i ein artikkel. NOB skal heller ikkje vera ein grunnlag for ein artikkel (jfr punkt 2.1.4.1).

10.4.6 Litterære kjelder - typar og utval

Til definisjonar fører ein ofte fleire litterære kjelder.

Litterære kjelder til definisjonar er av to hovudtypar:

- Definisjonen byggjer på opplysningar om tyding som er gjevne i kjelda.
- Kjelda syner ordet i bruk i den tydinga som definisjonen nemner.

På store ord kan ein ha svært mange kjelder for vanlege tydingar. Så sløyfar ein gjerne kjeldefesting av definisjonen, sjå punkt 10.4.2. ovanfor.

Ein bør aldri ha fleire enn 3–4 kjelder til definisjonar som skal kjeldefestast. Av kjelder for sakdefinisjonar vel ein dei mest autoritative. Kjelde som viser til eit litterært bruksdøme, må alltid stå for eit utval (ordet kan vere brukt i kontekster vi ikkje har ekserpert), og det held difor med eitt eller to. Dette gjeld serleg om definisjonen er utfylt med sitat. Dette gjeld også om poenget med kjelda er å visa sjanger.

Døme:

lipid n [-i'd] kjem., feittstoff i kroppen som er viktig for energistoffskiftet og cellestrukturen (NLO; Øy-riMed³).

seggje f ... **1** (stor, staut el (òg) dyktig, driftig) kvinne; kjelle (Hjørundfjord1743; Sfj R, Nfj, Snm, Roms A, Hustad; Up.G 104); mykje sjåleg kvinne el hodyr (Davik): *eg hev set på kyri, du, og det er ei gasta segga* (Vassb.M 32).

10.4.7 Bibliografidatabasen til NO

I redigeringsprogrammet spelar bibliografidatabasen til NO ei viktig rolle som kjelde for menyane for

- lemmautval (tilrådd/frårådd ordartikkel)
- etymologikjelder
- eldre kjelder
- litterære kjelder

NO har fulle bibliografiske data for alle titlar, henta frå Bibsys. Det er såleis mange fleire opplysningar om kvart verk i NO sin bibliografidatabase enn det er i den prenta litteraturlista.

I Setelarkivet er det mange fleire litteraturkjelder enn dei som står i den prenta kjedelista – om lag 4000 mot dei vel 2000 i kjedelista. Bibliografidatabasen har fulle opplysningar om alle dei.

Vedlikehaldet av bibliografidatabasen ligg til NO og er ein spesialfunksjon (ikkje alle redaktørar eller andre tilsette får gjera endringar i litteraturbasen).

10.4.8 Nye litterære kjelder

Det oppstår av og til behov for å leggja til nye litterære kjelder for NO. For dette er det ein fast prosedyre.

- Verket må godkjennast som NO-kjelde.
- Det må opprettast post for kjelda i bibliografidatabasen til NO.

Eit verk som skal godkjennast som NO-kjelde, må vera relevant, anten av di det trengst som kjelde for (mange) sitat, eller for di det gjev opplysningar som må kjeldefestast for å koma på prent i NO. NO godkjenner normalt ikkje bokmålsverk, anna enn som kjelder for einskildord, og praksisen er å vera restriktiv med det også.

Ver merksam på at Ordbok over trøndermålet har sin eigen bibliografidatabase, som ikkje er den same som NO sin. OTM-bibliografibasen har ikkje fulle bibliografiske data. Formatet til ein kjeldesignatur i OTM kan vera ulik NO-formatet.

10.4.9 Prosedyre for å få inn ny litteratursignatur i bibliografibasen til NO

Ein redaksjonsmedlem som føreslår ein ny kjeldesignatur, bør gå fram på denne måten:

- Dokumenter behovet (vis t d til talet på belegg i OTM-setelbasen).
- Skaff fulle bibliografiske data, t d ved å kopiera frå Bibsys.
- Be den hovudredaktøren som har signaturansvar, om å sjå på saka.

- Om det gjeld ei kjelde frå OTM-bibliografien, må kjeldesignaturen sjekkast opp mot NO-bibliografien, då det finst titlar som har ulik kjeldesignatur i OTM-basen og NO-basen.

Om det blir avklara at kjelda skal inn, og kva signatur ho skal ha, blir det oppretta ein ny post i NO-bibliografibasen.

10.4.10 Prosedyre for å fjerna litteratursignatur i bibliografibasen til NO

Det hender at det dukkar opp to ulike kjeldesignaturar til same kjelde i bibliografidatabasen, og det er då naturleg å gjerne vilja bli kvitt den eine. Nokre køyrereglar:

- Konsulter hovudredaktøren som har signaturansvar, om kva for kjeldesignatur som skal brukast, dersom det er meir enn éin.
- Før ein kjeldesignatur kan fjernast, må det undersøkjast om han er brukt anten i NO 1–5 eller i Setelarkivet. Dersom vi fjernar ein kjeldesignatur som er i bruk, forsvinn også lenkja mellom tilfang og kjelde.
- Rett kjeldesignatur må gjennomførast før ein kan fjerna den galne (og hugs at det er ein medlem av staben i NO som skal bruka tid på gjera rettingane).

Døme:

Både "SognDagbl" og "SognDagbl." står i bibliografidatabasen.

NO 1–4 har 3 førekomstar:

- fullskriven form: **eigedoms-overdraging** ... (SognDagblad 1968)
- utan punktum: **forbetnings-hus, føla v**

Setelarkivet har berre "SognDagbl." (137 setlar). Det høyrer med at vi ikkje bruker punktum i avstytting av avisnamn i NO.

- Hovudredaktøren med signaturansvar avgjer kva for forkorting som skal brukast (her SognDagbl).
- Førekomstar i artikkelbasen av den uynskte kjeldesignaturen blir endra til ynskt signatur.
- Posten for galen signatur blir fjerna frå bibliografidatabasen.

10.4.11 NEG og andre tillegg til heimfestinga

I samlingane finst mange kopiar av setlar frå innsamlingar gjorde av *Norsk etnologisk gransking* (NEG) hos Norsk Folkemuseum. Likeins kan innsamlaren ha teki med meir detaljerte stadopplysningar, t d prestegjeld, del av herad, grend eller gard.

Vi tek ikkje med noko av dette i heimfestingane i NO. Vi tek berre med korrekt heimfesting.

Det finst også setlar som ikkje har heradsheimfesting, og berre nemner desse meir spesifikke opplysningane. Her må kvar redaktør rydde opp ved hjelp av kart, oppslagsverk (t d NoAllk og *Norsk*

stedsfortegnelse) m m og dei referansesystema NO har, og leggja rett heimfesting på den elektroniske setelen. Sjå serleg punkt 10.1.3 *Gåtefulle og farefulle kjeldesignaturar*.

10.4.12 Kjedefesting av ord som berre finst i eldre kjelder

Ein del ord er belagde berre i ein eller fåe eldre kjelder, og sume med berre éi tyding. I NO 1–4 brukte ein då å spara plass ved å føra den eldre kjelda berre éin gong, etter definisjonen.

Frå og med NO 5 fører vi eldre kjelder på vanleg måte på båe plassar. Slik blir kjedeføringa eksplisitt: både markert som eldre kjelde og som kjelde til definisjon.

Døme på korrekt føring:

kake-klining [Va1743, Ws, H, C] påsmurd brødskiye; smørbrød (Va1743; Ws; H; C; Ullensaker).

kakke-tore [Sfj1646, P og VSO og H og C *kake-*] gamal høne som ikkje verp lenger (Sfj1646; P; VSO; H; C).

10.4.13 Tilfang frå Internett

Opplysningar og sitat kan hentast frå Internett. Dersom nettkjelda er ei kjelde (avis) som det finst NO-signatur på, kan same signaturen brukast. Dersom nettstaden ikkje har nokon signatur frå før, kan redaktøren føreslå for hovudredaktøren med signaturansvar å oppretta ein ny signatur, på same måten som for andre nye skriftlege kjelder, sjå punkt 10.4.9.

Nokre nettstader utan prenta motstykke er innførde som kjeldesignaturar. Slike kjelder er ikkje markerte serskilt i bibliografidatabasen, men dei fleste av dei er iallfall: ABCNyh, allkunne.no, forskning.no, LNK, Magasinett, NRKLeksSoFj, Nynonytt, regjeringa.no, SNL (jfr punkt 10.4.5) og SSB.

Signaturane NRK og Saml (SamlBøk er ein eigen signatur) vil for nyare belegg oftast gjelda nettsidene (men altså ikkje berre), og det same gjeld signaturen Univ for UiO (Apollon og Uniforum har eigne signaturar). NoLys har berre elektronisk publikasjon frå juli 2005.

For all innhenting frå Internett er det eit krav at det blir oppretta ein ny setel. På same måten som for andre nye setlar må ein utstyra setelen med så nøgne opplysningar som råd. Den nye setelapplikasjonen til NO har eigne felt for *nettadresse* og *kjeldespesifisering*.

Setelapplikasjonen har òg ein funksjon for å laga *eit elektronisk bilete*. Nettkjelder er i prinsippet dynamiske (kan endra seg) og kan berre nyttast som kjelde for sitat dersom setelen har eit elektronisk bilete som stadfester sitatet (om ikkje kjelda berre er ei uendra utgåve av litteratur som er prenta før). Det er ikkje nok dokumentasjon å ha ei lenkje (nettadresse) til kjelda på setelen.

Dersom ordet eller bruksdømet er ålment kjent, kan ordet stå utan kjelde (jfr punkt 10.4.2), og dømet kan stå som eit redaksjonelt døme (jfr punkt 4.3.6.3). Merk at det er dei same formkrava til redaksjonelle døme på grunnlag av internettbelegg som til andre redaksjonelle døme, sjå punkt 4.3.6.3 for dei.

Dersom ein har henta ei opplysning eller eit sitat frå internettutgåva av ei kjelde som krev sidetal (jfr punkt 10.2.1), må ein anten finna ut kva side det gjeld i den prenta utgåva, eller la vera å bruka (føra) kjelda.

10.4.14 Kjelder i korpuset til Norsk Ordbok

Alle kjeldene i korpuset skal finnast i kjeldebibliografien til Norsk Ordbok, men korpuset og bibliografidatabasen er ikkje kopla opp mot kvarandre. Difor kan det førekoma feil i kjeldesignaturen i korpuset. Slike feil er tidkrevjande og kompliserte å få retta opp, og det blir ført ei liste over slike avvik. Under står ei liste over signaturar ein er merksam på. I tillegg kan sume signaturar ha meir gjennomskodelege avvik av typen *oe* for *ø* og understrek for punktum.

korpussignatur	NO-signatur
Duun.VV	Du.VV
DyrvikÅ	Dyrvik1814
P.ByeTrost.Vang.SS	InnfLingv
Fimreite_N	FimreitelØ
A.HansenSO	A.HansenDSO
HoelMM	O.L.HoelMMN
HustadJ	HustadH
Ves.BN	Ves.BK
Ves.K	Ves.K ²

”NO-signatur” er den rette signaturen, som finst i bibliografien og til val i redigeringsprogrammet.

10.5 Heimfesting av målførebelegg

Heimfestingar blir brukte ved målføreformer i hakeparentesen (medrekna bøyingsformer og genus som vik av frå normalnynorsk), ved definisjon og ved bruksdøme (i det siste tilfellet berre når dei kjem frå målføresetlar som ikkje er ekserperte frå skriftlege NO-kjelder).

Heimfestingane fylgjer ein meny (lista frå 1947, i NO-rekkjefylgje) som står i brukarretteiinga og ligg i programmet. Programmet set heimfestingane automatisk i same rekkjefylgje same kvar i artikkelen dei står.

Medan heimfestingane i hakeparentesen ofte kjem i lange rekkjer, vil definisjonen til vanleg ha langt færre av dei. Bruksdøme har normalt éi eller nokre fåe heimfestingar. Dei mest kompliserte føringsreglane er difor mest aktuelle i hakeparentesen.

Heimfestingane blir førde i eit geografisk hierarki slik:

kommune > tvingkommune > del av landskap > landskap > del av fylke > fylke > del av landsdel > landsdel > region

Dette hierarkiet er bygd inn i redigeringsprogrammet, sjå punkt 10.5.3.

10.5.1 Inga eller alternativ heimfesting

10.5.1.1 Målføreformer i hakeparentesen

10.5.1.1.1 Utbreidde former

Sumtid høver det å nemna målføreformer som er for utbreidde til å bli heimfeste. Ein kan då velja "Noreg" som heimfesting og skriva "vanl" i spesifiseringsfeltet etter. "Noreg" blir usynleg i utskrift.

Døme:

stira (f) v -a el -de el -te [...; skr òg *stirra* (G.Skirb.GiljeFH I,42, Belsv.IDL 96); målf òg *stirra* (vanl), *sterra* (NLand, NFrøya, Mosvik, Røyrvik, Sa, Malangen), *styre* (Hall); norr. *stíra*]

I **storm** m [VAgd16- 27, A; målf *stårm* (vanl), *stórm* (Agd, Sokndal, Helleland, Kvam i Hard, Førde, Vevring, SSnm, Stordal, Bud), *størm*, *stör*m (Austf, Vestby, Ås, Høland, Setskog, Hdmf mst, Va, Bu mst, Vestf, Tel mst, AAgd, Hl mst, Nfj, Snm mst, Voll, Eresfjord og Vistdal, Rennebu, Horg, MGauld); norr. *stormr*]

10.5.1.1.2 Einerådande form – eldre praksis

I NO *a-h* førde ein ikkje heimfesting når målføreforma er einerådande, av di ein då ser av heimfestinga til definisjonen kva område det gjeld:

I **hater** n [målf *hatter*] hat (MasfjordenM): *dei la meg i hater* for hat.

Frå og med *i* fører vi heimfesting på alle målføreformer som ikkje blir rekna som landsomfattande. Då blir det:

I **hater** n [målf *hatter* (Masfjorden)] hat (Masfjorden): *dei la meg i hater* for hat.

10.5.1.2 Alternativ heimfesting av definisjon

Feltet "Alternativ heimfesting" finst i tydingsbolken, i tilknytning til definisjon. Det er eit alternativ til å nytta heimfestingslista med stadnamn, og blir nytta til å markera at ei tyding eller eit uttrykk har såpass stor utbreiing at det verkar formålslaust å føra punktheimfestingar.

Ein kan ikkje nytta både feltet "Alternativ heimfesting" og den vanlege heimfestingslista.

Dersom ein berre nyttar alternativ heimfesting (og ikkje litterære kjelder i tillegg), fører ein heller ikkje eldre kjelder (sjå òg punkt 10.4.3 *Eldre kjelder til definisjon*).

Menyen er:

- Vanl (= ordet er vanleg kjent og godt kjeldefest frå store delar eller det meste av landet (endå om sume kanskje held det for uvanleg))
- heller vanl (= etter måten vanleg nytta i norsk talemål)
- Ålm. (= ålment utbreidd i alt norsk talemål)

Ålm. skal ikkje lenger brukast. La i staden vera å ha noka form for heimfesting.

Døme:

is-gang m [...] isløyising i elv el l; isfor (1) (Vanl): ...

jam-aldring m [...] person som er (om lag) like gamal som ein annan som han el ho vert sedd i høve til (heller vanl; ...

Ein sjeldsynt gong blir alternativ heimfesting nytta i sitatskjemaet, etter eit redaksjonelt døme.

Døme:

klaga v ... *eg kan ikkje klaga* (Vanl) eg har det bra

Til definisjon kan alternativ heimfesting nyttast i kombinasjon med litterær kjeldefesting:

Døme:

kvinne-foreining f foreining (II,2a) for kvinner, helst med føremål å arbeida for ei viss sak (t d misjon, redningssak, helse) (Vanl; Hovdh.DGHG 100; ÅrbNfj 1953,64)

kommag m [...] **1** av eitt stykke (røytt og barka) skinn, med oppståande snute og saum etter sida, og reim til lukking kring okla (vanl fôra med sinegras); finnsko (Vstrål1698; Nhl1750; Lof1807; Lyngen-1810-12; A; Vanl; Håløygm 1962,76)

10.5.1.3 Bruksdøme med same heimfesting som definisjonen

Når definisjonen ikkje har anna kjeldefesting enn éin stad, står eit bruksdøme frå same staden utan kjelde, så sant dømet er frå ei målførekjelde som ikkje står på kjeldelista vår (det dreiar seg typisk om ein setel innsend av ein medarbeidar). Det er då implisert at dømet er frå same staden som definisjonen.

Døme:

styrkens adv ... forsterk., sers (I,2) (Røros): *styrkens dum*.

stangla v -a ... gå stivt og ustøtt; gå og stumpa (Eiken R): *stingla og stangla*.

Her gjeld det som står etter definisjonen, òg for bruksdømet. Dersom A eller R er lagd på etter heimfestinga til definisjon, vil det seia at det òg gjeld for bruksdømet (som i **stangla**).

Så snart det kjem til fleire kjelder til definisjonen, må kjelda for bruksdømet med. (I motsett fall hadde bruksdømet framstått som eit redaksjonelt døme utforma av redaktøren.)

Døme:

stand-rauk m, n [til *stand-*] standarrauk (Leksvik; ÅrbTrl 1973,41): *dei sette kornbanda i standrauk* (Leksvik).

III **sturt** adj **1** stupbratt (Våler i Austf, Voss): *det er sturt på begge sider* (Våler i Austf)

stuv-sterk adj [R; målf òg *stuve-* (Holla); til *stuv-*] sterk (1), men klumput og keiveleg (Vinje i Tel R, Holla, Froland, Suldal, Sauda): *han var stuvsterk, men rylten og for tung i taket* (Vinje i Tel R).

Naken "A" eller "R" etter eit sitat blir brukt når det ikkje går fram av Aasen eller Ross kva stad dømet er frå. Elles set vi altså heimfesting føre "A" eller "R" (som i **stuvsterk**) eller droppar kjelda (som i **stangla**), etter prinsippa beskrivne over.

10.5.2 Rekkjefylgje av heimfestingar

Heimfestingsrekkja fylgjer den vanlege ruta frå Østfold og nordover til Akershus og Hedmark, og så sørover Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og så heile kysten nordover til Finnmark (sjå òg punkt 4.2.6.12).

10.5.3 Heimfestingshierarki

Heimfestingane er organiserte som ein pyramide der kommunane er det lægste nivået og "Noreg" (dvs staten Noreg, irekna Svalbard) er det høgste.

I utgangspunktet tenkte NO-redaksjonen seg tre mellomnivå, nemleg

- målføreområde (= landskap)
- fylke
- landsdel

Dessutan nytta ein parallelt dei arva områdenemna frå Aasen og Ross.

I tillegg har det vori høve til å modifisera områdenamn med avstytingar som syner geografisk retning (A, V, S, N, M, Ne, Øv osfr). Det var ein etter måten fast praksis for korleis dette skulle gjerast, men praksisen var ikkje kodifisert.

Ein detaljert gjennomgang (hausten 2003) av heimfestingssystemet i band 1–4 har gjort det mogleg å identifisera desse nivåa (der berre nivå nr 1 ikkje lenger skal brukast):

1. del av kommune (Dagali; Skafså)
2. kommune
3. tvillingkommune
4. del av landskap (målføreområde)
5. landskap
6. del av fylke
7. fylke
8. del av landsdel
9. landsdel

10. region

11. Noreg

Sereigne drag ved føringa av heimfestingar frå kvart nivå er omtala nedanfor.

Utvalet av områdenemningar frå kvart nivå er fyrst og fremst gjort på grunnlag av stabilitet i bruk og frekvens i band 1–4.

Heimfestingsmenyen i programmet har hierarkiet bygd inn med ein autogenereringsfunksjon. Av grunnar som både har med datateknikk og redigeringsreglar å gjera, har det vist seg for vanskeleg å få til eit system som automatisk hindrar feilføringar av område *både* når ein ikkje bruker autogenereringsfunksjonen, og når ein gjer det.

- Om ein ikkje bruker autogenereringsfunksjonen, er det ikkje automatisk sperre mot å føra både områdenemningar og mindre område som inngår i det større.
- Med autogenereringsfunksjonen er det er nokre andre feller, sjå programretteiinga kap. 12 *Oppdatering av heimfestingar* for detaljar.

Det er redaktøren sitt ansvar å sjå til at føringa blir rett.

10.5.3.1 Del av kommune – eldre praksis

I NO 1–4 er det i sume tilfelle heimfest ned til del av kommune, der målføregrensar delte kommunar. Det galdt berre Skafså og Dagali. Dette nivået fell bort frå og med bokstaven *i*.

Vi fører no den kommunen desse områda ligg i:

Skafså = Mo i Tel

Dagali = Hol i Hall

10.5.3.2 Kommune

Kommuneinndelinga som gjeld i heimfestingslista til NO, er den frå 1947. Vi tek ikkje omsyn til seinare samanslåingar eller endringar i kommunegrensene.

Kommunenamn blir alltid fullskrivne, med desse unntaka:

- Krsand (Kristiansand)
- Stav (Stavanger)
- Brg (Bergen)
- Krsund (Kristiansund)
- Trh (Trondheim).

Kommunelista (med 748 postar) ligg i heimfestingsmenyen og er ordna i bunden rekkjefylgje.

10.5.3.3 *Tvillingkommune*

Ein tvillingkommune er to kommunar med same namn, pluss prefiks som syner relativ plassering. Heimfestingslista for NO 2014 har desse tvillingkommunane:

Høland	SHøland, NHøland
Rendal	YRendal, ØvRendal
Fron	NFron, SFron
Gausdal	ØGausdal, VGausdal
Slidre	VSlidre, ØSlidre
Aurdal	NAurdal, SAurdal
Land	NLand, SLand
Toten	VToten, ØToten
Eiker	ØvEiker, NeEiker
Sandsvær	ØvSandsvær, YSandsvær
Vågsøy	SVågsøy, NVågsøy
Aukra	SAukra, NAukra
Frøya	SFrøya, NFrøya
Rana	SRana, NRana
Varanger	SVaranger, NVaranger

Tvillingkommunenamna kan ein berre nytta når ein har belegg frå både kommunar.

Merk at Land og Rana også er landskapsnamn.

10.5.3.4 *Del av landskap*

På denne lista finn ein geografiske område som inngår i landskap (jfr neste punkt), men som er større enn kommunar og tvillingkommunar. Alle, utanom to stykke, er landskapsnamn modifiserte med eit prefiks som syner relativ plassering, men denne typen nemningar finst òg i større område omtala under andre punkt nedanfor.

NeRom Enebakk, SHøland, NHøland, Setskog, Aurskog, Fet, Rælingen, Lørenskog, Lillestrøm,

	Skedsmo, Blaker, Sørums
ØvRom	Nes på Rom, Gjerdrum, Nittedal, Ullensaker, Nannestad, Eidsvoll, Feiring, Hurdal
SØd	Elverum, Trysil, Åmot, Engerdal
NØd	YRendal, ØvRendal, Stor-Elvdal, Sollia, Folldal, Alvdal, Tynset, Tolga, Os i Ød, Kvikne
NGbr	Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Heidal
SGbr	NFron, SFron, Ringebu, Øyer, ØGausdal, VGausdal, Fåberg, Lillehammer
ØvVa	Vang i Va, VSlidre, ØSlidre, NAurdal
NeVa	SAurdal, Etnedal
ØvHall	Hemsedal, Gol, Ål, Hol
NeHall	Nes i Hall, Flå i Hall
Karm	Skudeneshavn, Skudenes, Åkra, Kopervik, Stangaland, Avaldsnes, Torvastad
IHard	Røldal, Odda, Ullensvang, Kinsarvik, Eidfjord, Ulvik, Granvin
YHard	Jondal, Kvam, Strandebarm
YSo	Gulen, Solund, Brekke, Hyllestad, Lavik, Kyrkjebø
MSo	Vik, Balestrand, Leikanger
Iso	Sogndal, Aurland, Lærdal, Borgund i So, Årdal, Hafslo, Luster, Jostedal
YNfj	SVågsøy, NVågsøy, Selje, Davik
INfj	Eid, Gloppen, Breim, Innvik, Stryn, Hornindal
SSnm	Vanylven, Syvde, Rovde, Sande på Snm, Herøy på Snm, Ulstein, Hareid, Vartdal, Ørsta, Dalsfjord, Volda, Hjørundfjord
INdm	Øksendal, Ålvundeid, Sunndal, Stangvik, Åsskard, Surnadal, Rindal
YNdm	Eide, Øre, Gjemnes, Kvernes, Bremsnes, Kornstad, Krsund, Grip, Frei, Straumsnes, Tingvoll, Halså, Tustna, Valsøyfjord, Edøy, Brattvær, Hopen, Aure, Stemshaug
SFos	Vinje i Fos, Hemne, Snillfjord, Heim, Sandstad, Kvenvær, Hitra, Fillan, SFrøya, NFrøya, Agdenes, Lensvik
NFos	Ørland, Stadsbygd, Rissa, Stjørna, Bjugn, Nes i Fos, Jøssund, Åfjord, Stoksund, Roan, Osen
NeGauld	Melhus, Flå, Hølonda, Horg
MGauld	Støren, Soknedal, Budal, Singsås

ØvGauld	Haltdalen, Ålen, Glåmos, Brekken
YNamd	Otterøy, Flatanger, Fosnes, Nærøy, Vikna, Foldereid, Kolvereid, Gravvik, Leka
INamd	Sørli, Nordli, Røyrvik, Grong, Harran, Namsskogan, Høylandet, Overhalla, Namsos, Vemundvik, Klinga
Senja	Lenvik, Tranøy, Torsken, Berg i Trs, Hillesøy*

* Om det er klart at ei kjelde har brukt "Senja" som heimfesting og med det òg reknar med andre herad, må desse herada først i tillegg, t d "Trondenes, Bjarkøy, Senja".

10.5.3.5 Landskap

Eit landskap er lik fleire kommunar eller delar av landskap som høyrer saman i eit målføreområde. Eit landskap er mindre enn eit fylke.

SAustf	Idd, Halden, Berg i Austf, Aremark, Hvaler, Kråkerøy, Torsnes, Fredrikstad, Onsøy, Glemmen, Borge, Rolvsøy, Skjeberg, Sarpsborg, Tune, Varteig, Degernes, Rakkestad, Øymark
IAustf	Rødenes, Råde, Rygge, Moss, Jeløy, Våler i Austf, Skiptvet, Eidsberg, Mysen, Askim, Hobøl, Spydeberg, Trøgstad, Rømskog
Follo	Son, Hølen, Vestby, Drøbak, Hvitsten, Frogn, Kråkstad, Ski, Ås, Nesodden, Oppegård
Rom	NeRom, ØvRom
Ød	SØd, Nød
Nu	Uvdal, Nore, Rollag, Flesberg
Fos	SFos, Nfos
Oslo	Asker, Bærum, Oslo, Aker (sjå òg punkt 10.5.3.7)
Odal	SOdal, Nodal
Sol	Brandval, Grue, Hof i Sol, Åsnes, Våler i Sol
Hdm	Romedal, Stange, Nes på Hdm, Ringsaker, Furnes, Vang på Hdm, Løten
Gbr	NGbr, SGbr
Va	ØvVa, NeVa
Land	Torpa, NLand, Fluberg, Sland

Tot	Gjøvik, Vardal, VToten, Eina, ØToten, Kolbu
Had	Brandbu, Gran, Jevnaker, Lunner
Hall	ØvHall, NeHall
MBu	Sigdal, Krødsherad
Ri	Ådal, Norderhov, Tyristrand, Hønefoss, Hole
NeBu	Modum, Holmsbu, ØvEiker, NeEiker, Lier, Drammen, Røyken, Hurum, Kongsberg, ØvSandsvær, Ysandsvær
ATel	Hovin, Tinn, Hjartdal, Gransherad, Heddal, Notodden, Sauherad, Bø i Tel, Lunde
VTel	Rauland, Vinje i Tel, Mo i Tel, Lårdal, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal
NeTel	Drangedal, Holla, Solum, Gjerpen, Skien, Porsgrunn, Siljan, Eidanger, Brevik, Stathelle, Langesund, Bamble, Skåtøy, Kragerø, Sannidal
Set	Bygland, Bykle, Valle, Hylestad, Evje, Hornnes
A-VAgd	Kristiansand, Tveit, Oddernes, Randesund, Øvrebø, Hægeland, Vennesla, Søgne, Holum, Halse og Harkmark, Mandal, Greipstad, Finland, Laudal, Bjelland, Øyslebø, Grindheim, Konsmo, Åseral, Vigmostad, SAudnedal, Spangereid,
V-VAgd	Lista, Farsund, Herad, Spind, Lyngdal, Austad, Kvås, Hægebostad, Eiken, Fjotland, Kvinesdal, Fedal, Tonstad, ØSirdal, Bakke, Gyland, Hidra, Nes i VAgd, Flekkefjord
Dal	Sokndal, Lund, Heskestad, Bjerkreim, Helleland, Egersund, Eigersund, Ognå
Jr	Varhaug, Nærbø, Time, Klepp, Gjesdal, Høyland, Sandnes, Hetland, Sola, Madla, Stav, Randaberg
Ryf	Høle, Strand, Rennesøy, Mosterøy, Kvitsøy, Finnøy, Fister, Sjernerøy, Forsand, Hjelmeland, Årdal i Ryf, Jelsa, Erfjord, Suldal, Sand, Sauda, Sandeid, Imsland, Vats, Vikedal, Karm, Haugesund, Bokn, Skjold, Nedstrand, Tysvær, Utsira, Skåre
Shl	Sveio, Valestrand, Vikebygd, Ølen, Etne, Bømlo, Moster, Bremnes, Skånevik, Kvinnherad, Fjelberg, Varaldsøy, Stord, Fitjar, Tysnes
Hard	YHard, IHard
Mhl	Fusa, Strandvik, Hålandsdal, Samnanger, Os i Hl, Austevoll, Sund, Fjell, Fana, Laksevåg, Åsane, Askøy
Vo	Evanger, Voss, Vossestrand
Nhl	Haus, Bruvik, Hosanger, Hamre, Modalen, Masfjorden, Alversund, Lindås, Meland, Herdla, Hjelme, Hordabø, Sæbø, Manger, Austrheim, Fedje

So	YSo, MSo, ISo
Sfj	Askvoll, Fjaler, Gaular, Førde, Jølster, Naustdal, Vevring, Bru, Eikefjord, Kinn, Florø, Bremanger
Nfj	YNfj, INFj
Snm	SSnm, Sunnylvn, Norddal, Stranda, Stordal, Sykkylven, Ørskog, Skodje, Borgund på Snm, Ålesund, Giske, Vigra, Haram, Vatne
Roms	Vestnes, Tresfjord, Voll, Eid i Roms, Grytten, Hen, Veøy, Nesset, Eresfjord og Vistdal, Bolsøy, Molde, SAukra, NAukra, Fræna, Bud, Hustad, Sandøy
Ndm	YNdm, INdm
Orkd	Geitastrand, Orkland, Orkanger, Orkdal, Meldal, Rennebu
Gauld	NeGauld, MGauld, ØvGauld
Stjør	Meråker, Hegra, Lånke, Stjørdal, Skatval
Innh	Skogn, Frol, Levanger, Verdal, Ytterøy, Mosvik, Verran, Malm, Inderøy, Røra, Sandvollan, Sparbu, Steinkjer, Egge, Ognal, Stod, Kvam i NTrl, Beitstad, Namdalseid
Namd	INamd, YNamd
SHelg	Bindal, Sømna, Brønnøy, Brønnøysund, Velfjord, Grane, Hattfjelldal, Vefsn, Mosjøen, Vevelstad, Vega, Tjøtta, Alstahaug, Herøy på Helg, Sandnessjøen, Nordvik, Leirfjord, Drevja
Rana	Dønnes, Nesna, Elsfjord, Korgen SRana, Hemnes, NRana, Mo i Rana, Lurøy, Træna, Rødøy, Meløy
Sa	Saltdal, Beiarn, Gildeskål, Skjerstad, Fauske, Bodin, Bodø, Sørfold, Kjerringøy, Nordfold, Leiranger, Steigen, Hamarøy
Of	Tysfjord, Ballangen, Lødingen, Tjeldsund, Evenes, Ankenes, Narvik
Lof	Vågan, Svolvær, Gimsøy, Valberg, Borge i Lof, Hol i Lof, Buksnes, Flakstad, Moskenes, Værøy, Røst
Vstrål	Hadsel, Bø i Vstrål, Sortland, Øksnes, Langenes, Bjørnskinn, Dverberg, Andenes
STrs	Kvæfjord, Harstad, Sandtorg, Skånland, Astafjord, Ibestad, Trondenes, Bjarkøy, Andørja
MTrs	Gratangen, Lavangen, Salangen, Dyrøy, Sørreisa, Bardu, Målselv, Øverbygd, Balsfjord, Malangen, Senja, Lenvik, Tranøy, Hillesøy, Trømsø, Tromsøysund
NTrs	Ullsfjord, Storfjord, Kåfjord, Lyngen, Karlsøy, Helgøy, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen
YFm	Alta, Talvik, Loppa, Hasvik, Sørsøysund, Hammerfest, Kvalsund, Måsøy, Kjevik, Kistrand,

Lebesby, Gamvik, Berlevåg, Vardø, NVaranger, Vadsø

IFm Kautokeino, Karasjon, Polmak, Tana, Nesseby, SVaranger

I redigeringsprogrammet finst det ved sida av fylket AAgd til val eit landskap AAgd, med same avstytinga. Landskapet omfattar AAgd utan Set. Det er ein sideverknad av at Set skal reknast som underordna IAgd etter å ha vori ei eiga eining på nivå med IAgd og YAgd.

10.5.3.6 Del av fylke

Desse områda består av landskap eller ein kombinasjon av landskap og einskildkommunar, og dei er mindre enn fylke. Det dreiar seg om tradisjonelle inndelingar som vi til dels finn att i litterære kjeldenamn (t d "ØvTel").

VOppl Biri, Snertingdal, Land, Tot, Had

ØvTel ATel, VTel

Fj Sfj, Nfj

ASTrl Orkd, Oppdal, Skaun, Buvik, Børsa, Gauld, Røros, Tydal, Selbu, Klæbu, Strinda, Tiller, Leinstrand, Byneset, Malvik

Helg SHelg, Rana

10.5.3.7 Fylke

Dette er dei fylkesnemningane som er nytta i NO:

Austf, Akh, Hdmf, Oppl, Bu, Vestf, Tel, AAgd, VAgd, Rog, HI, SoFj, MøRo, STrl, NTrl, No, Trs, Fm

Merk at endå om både Oslo og Bergen var fylke etter 1947-inndelinga, nyttar NO desse namna (Oslo, Brg) som kommunenamn. Vi vel då Oslo som kommune frå heimfestingsmenyen (fylkesvalet skal ikkje brukast). "Oslo" blir også nytta som områdenemning av Ross ("Eggen om det Inderste av Oslofjorden", s xxiv), som vi då òg nyttar: Oslo R.

Akershus fylke er som kjent splitta av Oslo kommune/fylke. "Akh" utan Oslo gjev dermed dårleg meining. Landskapet Oslo, og altså herad som ligg under dette landskapet (Asker, Bærum, Oslo, Aker), skal reknast som ein del av Akershus (slik òg i heimfestingslista i Excel-format, nr 42 og 57 i A-kolonnen). Ein skal altså ikkje føra t d "Akh, Bærum". Redigeringsprogrammet slår ikkje Oslo(-herada) saman med Akh når ein autogenererer, slik at redaktøren må ordna dette manuelt i programmet.

Telemark fylke vart kalla Bratsberg amt fram til 1919, og med "Telemark(en)" har nok Aasen og Ross tenkt på fjellbygdene i amtet. Vi fører "Tel A" osfr, men har vi nok nyare materiale frå Øvre Telemark (men ikkje det NO kallar NeTel) til å ta vekk kjeldespesifikasjonen, må resultatet bli "ØvTel". "Tel" utan A eller R etter krev fleire belegg òg frå NeTel.

10.5.3.8 Del av landsdel

Dette er område som dekkjer meir enn eitt fylke, og som inngår i landsdel (jfr neste punkt). Utvalet er basert på innarbeidd praksis i NO.

Austlflatb	SAustl, Hdm, Sol, Odal, VOppl, MBu
SAustl	Austf, Akh (med Oslo), Ri, NeBu, Vestf, NeTel
YAgd	Risør, Søndeled, Dypvåg, Tvedestrand, Holt, Tromøy, Øyestad, Arendal, AMoland, Stokken, Flosta, Hisøy, Grimstad, Fjære, Landvik, Eide, VMoland, Lillesand, Høvåg, Kristiansand, Tveit, Oddernes, Randesund, Vennessla, Søgne, Holum, Halse og Harkmark, Mandal, Greipstad, SAudnedal, Spangereid, Lista, Farsund, Herad, Spind, Lyngdal, Austad, Hidra, Nes i VAgd, Feda, Flekkefjord
IAgd	Gjerstad, Åmli, Gjøvdal, Tovdal, Vegårshei, Mykland, Froland, Herefoss, Birkenes, Vegusdal, Iveland, Øvrebø, Hægeland, Finland, Laudal, Bjelland, Øyslebø, Grindheim, Konsmo, Åseral, Vigmostad, Kvås, Hægebostad, Eiken, Fjotland, Kvinesdal, Tonstad, ØvSirdal, Bakke, Gyland, Set
SVestl	Rog, HI, ISo, MSo
NVestl	YSo, Fj, MøRo

MSo er flytt over frå NVestl til SVestl. Her kan redaktøren måtta overstyra redigeringsprogrammet, som held fram med å handtera MSo som ein del av NVestl. Set er flytt inn i IAgd etter å ha vori ei eiga eining på nivå med IAgd og YAgd, sjå merknad til "landskap" ovanfor.

For "Østl" hos Aasen og Ross fører vi "Austlflatb". Ross har dette i avstytingslista si, medan heimfestinga til Aasen nok er meir romsleg og skiftande. Når Aasen har eit område utanfor flatbygdene i A¹, men "Østl" i A², kan vi føra "Austl" i staden. (**Døme:** *middagsleite* under *middagsbel*.)

Avstytinga "Midl" (= midlandsmål) var brukt i NO *a–h*.

10.5.3.9 Landsdel

Landsdelar omfattar to eller fleire fylke eller òg "landsdelsdelar" (jfr førre punktet). Dette er dei landsdelsinndelingane som er nytta i NO:

Austl	= Austf, Akh (med Oslo), Hdmf, Oppl, Bu, Vestf, Tel
NN	= No, Trs, Fm
Agd	= AAgd, VAgd – og IAgd, YAgd
Trl	= STrl, NTrl

Vestl = SVestl, NVestl (dvs til saman Rog, HI, SoFj, MøRo)

I dei eldre banda vart òg afjells (= Austl) og vfjells (= Vestl) nytta.

Om "Østl" hos Aasen og Ross sjå førre punktet om del av landsdel.

10.5.3.10 Region

Landet er delt i to regionar på denne måten:

sfjells = Austl, Agd, Vestl

nfjells = Trl, NN

Merk at Aasen og Ross gjer bruk av eit eldre omgrep "sønnanfjells", der Vestlandet ikkje er med. Sønnanfjells svarar då om lag til NOs Austl, Agd. (Jfr òg artiklane *austafjelske Noreg* og *sønnafjelske Noreg* i Norsk Allkunnebok.) Vi fører likevel "sfjells A" osfr, men det kan vera nyttig å vita om avgrensinga bakom når ein har meir materiale frå Sør-Noreg enn Aasen og Ross.

10.5.4 Eldre administrative inndelingar

I materialet, ikkje minst hos Aasen og Ross, kan det bli brukt eldre administrative områdenemningar over heradsnivå som heimfesting. Desse inndelingane høyrer ei anna tid til og kan verka misvisande på brukarane våre.

Mange av dei avstytte nemningane i ordbøkene til Aasen og Ross har vori brukte i dei eldre banda av NO parallelt med dei nyare inndelingane (kommune, fylke). Desse eldre administrative inndelingane er tekne ut av NO-systemet frå bokstaven *i*. Med doble sett med inndelingar hadde vi heller ikkje fått til noko automatisert heimfestingshierarki.

Lista nedanfor viser eldre administrative inndelingar (med eventuell avstytting) og kva ein skal velja frå heimfestingsmenyen. Alle redaktørar skal dessutan ha fått utlevert kart som syner dei administrative inndelingane A² og R nytta.

Eldre administrativ inndeling	Avstytting	Bruk i staden
Agder bispedøme	Ab (nytta 97 gonger i NO)	Agd
Agershuus Stift (før 1865) = Hamar og Kristiania bispedøme frå 1865	Ag (Stift) (hos A ¹)	Austlflatb (dvs "Østl", som er bytt ut med i A ²)
Bamble = futedømet (truleg) hos Skulerud og eldre kjelder som Aasen og Ross	Ba hos Skulerud, til skilnad frå BL for heradet	NeTel (når det ikkje er heradet)
Bjørgvin bispedøme = Bergens stift i eldre kjelder	Bb (nytta 657 gonger i NO), B. Stift (hos A og R)	Vestl mst
Hamar bispedøme	Hb (nytta 4 gonger i NO)	Hdmf, Oppl

Jarlsberg		Vestf
Kristiansand stift	Kr. Stift (hos A ¹)	ØvTel, Agd, Rog, men A ² kan overstyra
Larvik = futedømet (truleg) hos Aasen og Ross		Sandar, Tjølling, Brunlanes, Hedrum, Lardal
Lista futedøme	Li (nytta 502 gonger i NO)*	V-VAgd
Mandal futedøme	Ma (nytta 225 gonger i NO)*	A-VAgd
Nedenes futedøme	Ned (nytta 188 gonger i NO)	AAgd
Nedre Telemark = futedømet hos Skulerud og eldre kjelder som Aasen og Ross		Heddal, Sauherad, Bø i Tel o Lunde (i ATel) og Holla og S NOs NeTel) – slå saman ette vanlege prinsipp
Nidaros bispedøme	Nb (nytta 70 gonger i NO)	Roms, Ndm, Trl
Nord- og SørTrøndelags amt	Trondh (hos A og R)	Trl
Nordre Bergenhus amt + Snm	N. Berg. (hos A og R)	SoFj, Snm**
Oslo bispedøme	Ob (nytta 31 gonger i NO)	Austf, Oslo, Akh
Råbyggjelaget	Rbg (nytta ca 1300 gonger i NO)	IAgd***
Søndre Bergenhus amt	S. Berg. (hos A og R)	Hl
Tunsberg bispedøme	Tb (nytta 3 gonger i NO)	Bu, Vestf

* Heller ikkje dei fullskrivne "Mandal" og "Lister" i eldre kjelder viser til herada.

** Snm høyrde ikkje til Nordre Bergenhus amt (på Aasens tid), men data viser at Aasen likevel inkluderte belegg frå Sunnmøre.

*** Vi fører altså IAgd for Råbyggjelaget, men med tanke på heimfesting når ein har fleire belegg, kan det vera nyttig å vita at Rbg omfatta mesteparten av det indre Aust-Agder (irekna heile Setesdal), men lite av Vest-Agder (Åseral, Hægeland).

- For "Tel" hos Aasen og Ross sjå punkt 10.5.3.7.
- For "Østl" hos Aasen og Ross sjå punkt 10.5.3.8.
- For "søndenfelds" (og "sdfjelds") hos Aasen og Ross sjå punkt 10.5.3.10.

10.5.5 "Hol" i heimfestingshierarkiet

Det er ikkje slik at heile landet er dekt av spesifikke område nemnt på kvart nivå i heimfestingshierarkiet.

Vestfold fylke er inndelt berre i kommunar.

Sume av dei andre fylka er ikkje heilt dekte av landskap, t d trøndelagsfylka.

10.5.6 Eitt namn – fleire heimfestingar

Merk at (tilnærma) same namnet av og til kan nyttast om ulike område og då får ulike avstytingar.

Døme:

- Hedmark(en), som kan vera landskap (forkorta Hdm, som altså berre står for området aust for Mjøsa) og fylke (Hdmf)
- Voss, som kan vera landskap (med Evanger og Vossestrand, i dag rett nok samla i Voss herad, men vi skriv Vo) og kommune (før 1964, "Voss" tyder altså det gamle Voss herad).

Andre gonger har vi namnesamanfall i ulike landsdelar. Dette gjeld på kommunenivå.

Døme:

- Bø (Telemark, Vesterålen)
- Hof (Solør, Vestfold)
- Hol (Hallingdal, Lofoten)
- Vang (Hedmark, Valdres)
- Vinje (Telemark, Sør-Trøndelag)
- Nes (fem kommunar)

NO føyer då til opplysning om landskap: Hof i Sol, Hol i Hall, Bø i Tel, Vinje i Trl. Desse spesifiseringane ligg i heimfestingsmenyen og kan ikkje redigerast bort.

10.5.7 Samling av kommunenamn til områdenamn

Dersom det er forsvarleg ut frå tilfanget, bør ein slå saman kommunar til større område når ein heimfester. Alle typar områdenamn over kommunestorleik som ligg i heimfestingsmenyen, kan då brukast etter kva som er mest tenleg.

Døme:

Ballangen og Tjeldsund > Of (for Ofoten)

Dersom *tilfanget har god dekning og god spreining* innanfor eit område (t d ved synopsisord), kan *den dominerande forma* heimfestast med områdenamn. *Andre former* kan alt etter utbreiinga heimfestast med område + mst (= mange stader) eller område + sumst (= sumstad), og ved dei minst vanlege med heradsnamn.

Dersom *tilfanget er heller lite*, kan òg områdenamn brukast på ei form som er einerådande eller dominerande i området. Med "den dominerande forma" må ein tolka ikkje berre den forma som er i fleirtal (over halvparten), men jamvel den mest utbreidde korso.

10.5.8 Førings av heimfestingar

Heimfestingane blir førde i ei rekkje, skilde med komma og frå band 5 med mellomrom etter kommaet (i band 1–4 prenta utgåve utan mellomrom etter komma). Heimfestingar blir alltid valde frå meny, og føringsmåten ligg i programmet.

Behandlinga av heimfestingar er ein del endra ved overgang til redigeringsprogram, og ein kan difor ikkje utan vidare nytta Norsk Ordbok 1–4 som modell.

Dette **dømet** viser standard føringsmåte for heimfestingar:

gall-skrika ... illskrika, vræla (Lista, Dal, Jr, Trondenes)

Punkt 10.6.2 gjer greie for føringsmåten når belegget er frå ei lokal eller regional ordsamling.

10.6 Heimfesting og kjelder

10.6.1 Kjelder frå før 1900

Kjelder frå før år 1900 blir ikkje rekna for målføre kjelder som gjev grunnlag for heimfesting, men reint litterære kjelder, jfr punkt 4.2.4 (innleiinga). Unntaka er ordbøkene til Ivar Aasen (nærmare bestemt A¹ frå 1850 og A² frå 1873) og Hans Ross (1895 med tillegg). Av praktiske grunnar er heimfesting frå Aasen og Ross handsama i eit kapittel 10.7 som òg tek opp andre sider ved desse kjeldene, sjå punkt 10.7.2 *Heimfesting og spesifisering hos Aasen og Ross*.

10.6.2 Nyare målførekjelder

Regionale og lokale ordsamlingar, både frå eldre og nyare tid, har ofte avstytingskodar som byrjar med eit (avstytt) stadnamn og held fram med forfattersignatur (for dei eldste ofte årstal i staden for forfattar). Slike kjelder som er utgjevne i år 1900 eller seinare, blir kjeldeførde slik:

- Som kjelde for **definisjon og målføre reform** fører vi berre stadnamnet som høyrer til den kjelda.
- Til **bruksdøme** fører vi den skriftlege kjelda.

Signaturstrukturen er [herad]+[forfataravstyting], utan mellomrom. Ordsamlingar som skal førast på den måten i NO, står i NOs kjeldeliste for litterære kjelder, og er registrerte i NOs bibliografidatabase.

Døme: NøtterøyP.; BudalEnmo

Når slike ordsamlingar blir nytta som målføre heimfestingar til definisjonar, fører ein altså heimfesting, ikkje NO-signaturen til sjølve ordsamlinga.

Døme: Nøtterøy, Budal

(frå samlingane NøtterøyP. og BudalEnmo)

Redaktøren bør då leggja rett heimfestingsflagg på setelen i det elektroniske setelarkivet, i dei høva det ikkje alt er gjort.

Merk at stadnamnet som skal førast, av og til gjeld ein mindre stad enn det stadnamnet i kjeldekoden indikerer – slik skal TrsStang. førast som "Senja", SaSkånl. som "Gildeskål, Bodin" og RyfHetl. som "Hjelmeland".

Vi nyttar full kjeldesignatur ved *sitat*.

Om slike ordsamlingar har ordna ordartiklane (tilnærma) alfabetisk, og oppslagsordet i kjelda er same oppslagsordet som i NO, fører vi kjelda utan sidetal.

Døme:

Il **kaura** v -a ... 2 kjemma ull, karda (1) (Davik, Sykkylven): *du må setja deg å kaura, for eg skal spinna* (SykkylvenOrd).

Stavar kjelda ordet på ein måte som gjer det vanskeleg å finna det att (framleis i ei alfabetisk liste), fører vi på **ordforma**.

Døme: VossRøthe *skjeinar*

Er opplysninga henta frå ein annan ordartikkel enn den som svarar til NO-artikkelen, gjev vi opp **kva artikkel** opplysninga er teken frå.

Døme: NøtterøyP. u *høre*

Er tilfanget ikkje ordna alfabetisk, oppgjev vi **sidetal**. Det kan gjelda om belegget er frå eit sett av tekster på målføret, frå ein grammatikk eller eit anna oversyn over målføret, frå ei ualfabetisert ordliste eller frå éi av fleire ordlister som står i kjelda. Sporadisk kan det òg henda at ordsamlaren har plassert ordet på galen stad i lista (utan at det står under eit anna oppslagsord).

Døme:

nysgjerrig adj ... *ho var nysgjerrig etter å høyra kvar han hadde vori* (StjørHolmen 140)

(Kjelda er ei avhandling om målføret.)

Sjå òg punkt 4.2.4.4, 10.2.1 og 10.4.5 om desse føringsprinsippa.

Kjelda NoMålf blir handsama som eit målføreverk, som vil seia heimfesting etter definisjon og målføreform og "NoMålf" og sidetal etter sitat. Sitata skal normerast (sjå elles punkt 4.3.6.7 om normering av målføresitat).

Heimfestingar og tydingar som Alf Torp (T) er åleine om, kan takast med i Norsk Ordbok, men utan T som spesifisering (jfr punkt 4.2.6.12.5, slutten).

Ei kommentert liste over målførekjelder på Internett (jfr òg punkt 10.4.13 *Tilfang frå Internett*) kan ein finna her:

<http://ordoguttrykk.wordpress.com/lenker-om-dialekt-og-dialektord/>

10.6.3 Målførekjelder som dekkjer større område enn herad

Mellom dei skriftlege kjeldene for talemål som NO bruker, er det ein del målføreordlister og andre målføreverk som dekkjer meir enn éin kommune.

I desse kjeldene står det dels kva for kommune eller kommunar eller anna område den aktuelle opplysninga kjem frå. Då fører ein den eller dei kommunane i heimfestingslista (og legg heimfestingsflagg på setelen).

Dersom det ikkje står spesifisert heimfesting i kjelda, fører ein landskap eller anna område som på lista nedanfor.

Dette gjeld etter definisjon og målførereform. Etter sitat fører ein som vanleg den litterære kjelda, sjå førre punktet.

Merk at landskapsordlister som også er eldre kjelder, skal førast som eldre kjelder, ikkje som heimfestingar. Ein tek altså kjeldekodane deira frå litteraturmenyen.

Lista er ikkje førd à jour per 2014. Kjelder som har to heradsnamn i signaturen, er førde i Tillegg 1.

Overnivå	NO-signatur ordliste	Skriv i NO	nummer	hierarki-nivå
Austf	AustfLundeby	IAustf	001	2
Austf	IAustfHoff	IAustf (dekkjer eigenleg Trøgstad, Askim, Eidsberg og Mysen)	001	
Austf	SAustlStorm	Austf	001	3
	Akh1810-12	før som eldre kjelde	034	3
Akh	RomKolsr.	Rom	049	2
Akh	RomRefs.	Rom	049	3
Hdmf	Hdmf1743	før som eldre kjelde		
Hdmf	SollIndr.	Sol	074	2
Hdmf	SollLa.	Sol	074	4
Hdmf	SollS.Kolsr.	Sol	074	5

Hdmf	ØvSolGBKL	dekkjer Hof i Sol, Åsnes, Våler i Sol	074	6
Hdmf	ØdSTr1855	før som eldre kjelde	087	2
Hdmf	ØdS.Kolsr.	Ød	087	3
Oppl	NGbrBjørs.	NGbr	101	2
Oppl	NGbrDis.Solhj.	NGbr	101	2
Oppl	Va1743	før som eldre kjelde	116	2
Oppl	VaHad1743	før som eldre kjelde		
Oppl	Land1743	før som eldre kjelde	124	2
Oppl	Land1806	før som eldre kjelde	124	3
Oppl	Had1743	før som eldre kjelde	134	2
Bu	ØvHall1838	før som eldre kjelde	138	3
Bu	ÅHol1844	før som eldre kjelde	138	2
Bu	HallVenås	Hall	138	4
Bu	NuBjørs.	Nu	144	2
Bu	NuRoll.Bjørs.	Nu	144	3
Bu	NuSchulze	Nu	144	4
Bu	NuHoff	Nu	144	5
Bu	Nu1743	før som eldre kjelde		
Bu	Nu1744	før som eldre kjelde	144	6
Bu	Ri og Hall1744	før som eldre kjelde	150	2
Bu	Ri1698	før som eldre kjelde	150	3
Bu	RiLyse	Ri	150	4
Bu	RiSkul.	Ri	150	5
Bu	Eiker, Modum og Sigdal1744	før som eldre kjelde	155	2
Vestf	GamVestf I-II	Vestf (upålitande –	166	2

		treng tillegg!)		
Vestf	GamVestfOrdl	Vestf (upålitande – treng tillegg!)	166	3
Vestf	VestfBråv.	Andebu	166	4
Tel	ATel1810-12	før som eldre kjelde	192	2
Tel	Tel17-	før som eldre kjelde	192	3
Tel	TelSkul.	Tel	192	4
Tel	ØvTel1785	før som eldre kjelde	192	5
Tel	VTel1743	før som eldre kjelde	201	2
Tel	VTel1743G	før som eldre kjelde	201	3
Tel	VTel1821	før som eldre kjelde	201	4
Tel	NeTelRoks.	NeTel	209	2
Agd1857		før som eldre kjelde	224	2
AAgd	Rbg1698	før som eldre kjelde	226	2
AAgd	GOSOrdl	Set	254	2
VAgd	VAgd16-	før som eldre kjelde	260	2
VAgd	VAgdHann.	VAgd	260	3
VAgd	MaFrøyset	V-VAgd	260	4
Rog	DalMidbr.	Dal	301	2
Rog	DalMidbr.T	Dal	301	3
Rog	JrSkret.	Jr	308	2
Rog	RyfHetl.	Hjelmeland		
HI	V (frå 1900)	ShI	356	2
HI	ShIV (frå 1882)	før som litterær kjelde		
HI	Hard1775	før som eldre kjelde	371	2
HI	HardOp.	Hard	371	3

HI	HardOp. II	Hard	371	4
HI	HardV	før som litterær kjelde	371	5
HI	Nhl1750	før som eldre kjelde	398	2
HI	Nhl1750Skikk	før som litterær kjelde	398	3
HI	Nhl1843A.	før som eldre kjelde	398	4
HI	Nhl1844A.	før som eldre kjelde	398	5
HI	NhlHa.	Nhl	398	6
SoFj	SoLa.	So	414	2
SoFj	ISo17-	før som eldre kjelde	423	2
SoFj	ISoA.Bj.	ISo	423	3
SoFj	NfjSør.	Nfj	443	2
MøRo	Snm1762 (I-II)	før som eldre kjelde	453	2
MøRo	Snm1810	før som eldre kjelde	453	3
MøRo	SnmKv.	Snm	453	4
MøRo	SnmSchum.Kv.	Snm	453	5
MøRo	SnmSkul.	Snm	453	6
MøRo	Roms1743	før som eldre kjelde	478	2
MøRo	RomsRypd.	Roms	478	3
MøRo	RomsVestad	Aukra, Fræna, Bud, Hustad, Sandøy		
MøRo	Ndm1760	før som eldre kjelde	495	2
MøRo	Ndm1787	før som litterær kjelde	495	3
STrl	TrlLa.	før som litterær kjelde	521	2
STrl	TrøndO	Trl	521	3
STrl	TrøndO ²	Trl	521	4
STrl	OrkdMork.	Orkd (merk at dagens "Orkdal" femner om fleire NO-	544	2

		herad)		
NTrl	StjørHolm.	Stjør	577	2
No	SaSkånl.	Gildeskål, Bodin		
No	SaGB	Sa		
No	SaGB ²	Sa		
No	HåIHved.	NN sumst	655	2
No	HåIHved. ²	NN sumst	655	3
No	Lof1807	før som eldre kjelde	675	2
No	VstrålOrv.	Vstrål	686	2
Trs	TrsStang.	Senja	694	2
Trs	SenjaDragøy	Senja		

10.6.3.1 Skuleruds avstytingar av bygder og område i Telemark

På ein del av setlane frå Olai Skuleruds arbeid frå Tinn står det éi eller fleire avstytingar. Vi fører heimfesting etter tabellen nedanfor. Når ei form eller tyding i setelteksta er heimfest berre med andre stadnamn enn Tinn, fører vi ikkje Tinn som heimfesting.

Etter nemningane for område kan det stå spesifisert herad på setelen: ”Ba (Bamble, Drangedal)”, som i dei høva gjeld som heimfesting: ”Drangedal, Bamble”.

Skulerud har òg avstytingar (gjerne av heradsnamn) frå andre stader i landet (m a Austfold). Dei er ikkje med på denne lista. (Det kan nemnast at Skulerud fekk gjort nokre undersøkingar andre stader enn i Telemark, slik at det godt kan førekoma opplysningar han er åleine om frå slike stader.)

Avstyting	Står for	Før som
Ab	Austbygda	Tinn
ABa	Aust-Bamble	dekkjer Gjerpen, Skien, Porsgrunn, Siljan, Eidanger, Brevik, alle desse i NeTel. Slå saman etter vanlege prinsipp.
Amd	Åmotsdal	Seljord
Atr	(Kyrkjebygda i) Atrå	Tinn
B	Bø	Bø i Tel

Ba	Bamble futedøme, dvs ABa og VBa (s d)	NeTel
Bb	Brunkeberg	Kviteseid
Bgr	Børtegrend	Mo i Tel
BL	Bamble (herad)	Bamble
Br.	Brevik	Brevik
Dal	Dalane	Tinn
DD	Drangedal	Drangedal
Eb	Eidsborg (NB: på sume Skulerud-setlar er Eidsb, for Eidsberg i Austfold, notert som Eb – tolk opplysninga)	Lårdal
ED	Eidanger	Eidanger
FD	(Moland i) Fyresdal	Fyresdal
Funn	Funneland (namn på heimelsmann)	Lunde
Flb	Flåbygd	Lunde
Fld	Flatdal	Seljord
GH	Gransherad	Gransherad
GP	Gjerpen	Gjerpen
Grd	Grungedal	Vinje i Tel
Hd	Høydalsmo	Lårdal
HD	Heddal	Heddal
HjD	Hjartdal	Hjartdal
HL	Holla	Holla
Hlg	Helgja	Holla
HV	Hovin	Hovin
Kb.	Kilebygd	Solum

Kr.	Kragerø	Kragerø
KS	Kviteseid	Kviteseid
L	Lunde	Lunde
Las.	Langesund	Langesund
LD	Lårdal	Lårdal
Lh	Lisleherad	Heddal
Lks.	Luksefjell	Gjerpen
NMATel	MATel og NATel (s d)	ATel
MATel	Midaust-Telemark	dekkjer Hjartdal, Gransherad, Heddal, alle desse i ATel. Slå eventuelt saman etter vanlege prinsipp.
Mel	Mæl	Tinn
ML	Mælum	Solum
MO	Mo	Mo i Tel
Mrg	Morgedal	Kviteseid
MSATel	MATel og SATel (s d)	ATel
Mst	Møsstrand	Rauland
NATel	Nordaut-Telemark	Hovin, Tinn
Nes	Nes	Sauherad
Nesl	Neslandsgrend	Vinje i Tel
NVTel	Nordvest-Telemark	VTel (dekkjer Rauland, Vinje i Tel, Mo i Tel, Lårdal, Seljord, Kviteseid (jfr SVTel))
Pgr.	Porsgrunn	Porsgrunn
RL	Rauland	Rauland
S	Sauherad	Sauherad
SATel	Søraust-Telemark	Sauherad, Bø i Tel, Lunde
Saul	Sauland	Hjartdal
SD	Sannidal	Sannidal
SJ	Seljord	Seljord

Sk	Skafså	Mo i Tel
Sk.	Skien	Skien
SL	Solum	Solum
SN	Siljan	Siljan
ST	Skåtøy	Skåtøy
SVTel	Sørvest-Telemark	dekkjer (Vrådal i) Kviteseid (jfr NVTel), Nissedal, Fyresdal, alle desse i VTel. Slå eventuelt saman etter vanlege prinsipp.
Tdd	Tuddal	Hjartdal
TN	Tinn	Tinn
Tr	Treungen	Nissedal
Trd	Tørdal	Drangedal
Vb.	Valebø	Holla
VBa	Vest-Bamble	dekkjer Drangedal, Stathelle, Langesund, Bamble, Skåtøy, Kragerø, Sannidal, alle desse i NeTel. Slå saman etter vanlege prinsipp.
Vm	Veum	Fyresdal
VN	Vinje	Vinje i Tel
Vrd	Vrådal	Kviteseid
Øyf	Øyfjell	Rauland

10.6.3.2 DalMidbr. og DalMidbr.T

DalMidbr. heimfester til kommune med ei avstyting, førd i parentes etter opplysninga. Kodane er:

Bjm = Bjerkreim

E = Egersund ladestad/by (NO: Egersund)

Eigsd = Eigersund herad (NO: Eigersund)

Hkt = Heskestad

Hll = Helleland

Soknd = Sokndal

Døme:

ladberja (ei) (laddberja), lat og giddesløs person (E)

Denne opplysninga skal då heimfestast "Egersund".

10.6.3.3 Hatlebrekkes samling frå Finnmark

I materialet frå Hildur Hatlebrekkes arbeid frå Finnmark førekjem det ein del namn på stader som ikkje svarar til NO-herada. Vi fører heimfesting etter denne tabellen:

Hatlebrekke	NO
Aronnes	Alta
Båtsfjord	Berlevåg
Bjørnevatn	Sør-Varanger
Breivikbotn	Hasvik
Eiby	Alta
Ekkerøy	Vadsø
Elvebakken	Alta
Gjesvær	Måsøy
Hamningberg	Vardø
Honningsvåg	Kjelvik
Ifjord	Lebesby
Jarfjord	Sør-Varanger
Kamøyvær	Kjelvik
Kiberg	Vardø
Kiby	Nord-Varanger
Kirkenes	Sør-Varanger
Kjøllefjord	Lebesby
Korsnes	Alta
Krampenes	Vadsø

Kviby	Talvik
Mehamn	Gamvik
Nordkapp	Kjelvik
Øksfjord	Loppa
Rolvøy	Måsøy
Rypefjord	Hammerfest
Salttjern	Vadsø
Sandland	Loppa
Skjøtningberg	Lebesby
Smellror	Vardø
Sørvær	Hasvik
Stjernøy	Alta, Hasvik, Loppa
Varanger	Nord-Varanger, Nesseby, Sør-Varanger

10.6.3.4 Tilvisingar til ordsamling av Eigil Lehmann

Kjeldene, stadene og avstytingane i materialet til Eigil Lehmann i Setelarkivet fordeler seg slik, etter slik vi har kartlagt dei:

Heimelsperson	Lehmanns heimfesting	NO-signatur
Askvik, Sigmund gbr f 1938	Ostereidet	Hosanger
Bjørø, Arnfinn lærar f ca 1910	Evanger	Evanger
Bjørsvik, Maria f 1908 (d)	Osterøy	
Bjørsvik, Andres g m M.B.,	Bjørsvik	Hosanger
Bondevik, Jarle univ.lektor f ca 1935	Leikanger Sogn	Leikanger
Breivik, Einar klokkar f ca 1915	Søreidgrend Fana	Fana
Bjønes, Besse f ca 1905 sk. st.	Fana	Fana
Clausen, Conrad f 1902 Amerika red.,	Askøy	Askøy

Dagsland, Sjur gbr f ca 1880 (d)	Skjold Ryf	Skjold
Dybdahl, Gunhild ug f ca 1890	Skjold	Skjold
Dyrkollbotn, Olav f ca 1905 lærar f i Dyrkollbotn,	Ostereidet	Hosanger
Eide, Elias gbr f 1898	Ostereidet	Hosanger
Eide, Lars gbr f 1909 (d)	Ostereidet	Hosanger
Eikanger, Olai lærar f ca 1890 (d)	Eikanger	Hosanger
Ekanger, Anna f 1866 Hosanger, g m lensmann Ingv E. (d)	Ostereidet	Hosanger
Eltvik, Frøydis sjå Lehmann		
Fjellskaalnes, Magda f Bergen 1912 kontordama, far frå	Hosanger	Hosanger
Flesland, Ola gbr f ca 1880 (d)		
Garatun Tjeldstø, Gerh. bladmann, dramatikar f ca 1908	Herdla	Herdla
Grøsvik, Gjertrud lærar f ca 1920	Brekke Sogn	Brekke
Guddal, Ragnvald skulemann og målgranskar f ca 1905	Kvinnherad	Kvinnherad
Haraldseid, Torborg f ca 1890	Vats	Vats
Haraldseide, Kristina f ca 1920	Vats	Vats
Hatteland, Anna f ca 1905 (d) Jæren g m h.mann Jak. H.	Vats	Vats
Hille, Gustav gbr f ca 1895	Nord-Hidle	Sjernarøy
Holgensen, Thea f ca 1890 (d)	Vats	Vats
Horvei, Knut gbr bokmann dramatikar f ca 1895	Evanger	Evanger
Knudsen Emil fabr.eigar, handelsmann, ordf. f ca 1895	Skjold Ryf	Skjold
Kvamme, Ovidia f ca 1886 (d)	Bygstad Sfj	Gaular
Lavik, Nils Johan Chr. sjømannsskulelærer f 1891 (d)	Fana	Fana
Lavik, Johannes, Stortingsmann f ca 1890 (d)	Eksingedal	Modalen
Lehmann, Aslaug lækjar g. m. E Le f 1905	Ostereidet	Hosanger
Lehmann, Eigil (E Le) prest, ordboksskrivar f 1907	Bergen	Brg
Lehmann, Frøydis f Skjold Ryf 1942 lærar busett	Fana Bergen	Fana

Lie, Torgeir gbr f ca 1875 (d)	Skjold Ryf	Skjold
Moldeseter Mads smed f ca 1890	Skjold Ryf	Skjold
Nordanger, Bjarnvald f ca 1930 Lindås skulestyrar	Ostereidet	Hosanger
Nyborg Liv f ca 1930	Bru Kinsarvik	Kinsarvik
Nygaard, Torborg (Haraldseid) f ca 1890 (d)	Vats	Vats
Olsen, Oskar f ca 1890	Skjold Ryf	Skjold
Reknes, Trine saumar f ca 1910	Masfjorden Bergen	Masfjorden
Revheim Hans f ca 1910	Osterøy	
Prøysen, Alv		
Ross, Hans		
Schjøtt, Steinar		
Sjur-Ingeber (Eide) f 1874	Ostereidet	Hosanger
Spjelkavik, Signy (syster åt A. Lehmann) f 1893	Ostereidet	Hosanger
Steinsnes, Svein sakførar f ca 1910	Torvastad	Torvastad
Storsæter, Sigfrid f 1913	Storset Lindås	Lindås
Straum, Aake dukkar f ca 1895	Skjoldastraumen	Tysvær
Sørhus, Sjur gbr f ca 1890	Vats	Vats
Thorson, Per f ca 1900	Jelsa	Jelsa
Tjelstø, Gerhard Garatun sjå Garatun		
Vestre, Enok gbr f ca 1895	Skjold Ryf	Skjold
Vivelid, Lars gbr bokmann f ca 1900	Eidfjord	Eidfjord
Aasen, Ivar: Norsk Ordbog		
Aasen, Ivar: Norsk Maalbunad		

Heimfesting	NO-Signatur
Askøy	Askøy
Austevoll	Austevoll
Bergen	Brg
Bjørsvik	Lindås
Bru, Kinsarvik	Kinsarvik
Bygstad	Gaular, Sfj
Eidfjord	Eidfjord
Eksingedalen	Modalen
Evanger	Evanger
Fana	Fana
Flatnes	Sveio
Fredrikstad	Fredrikstad
Fyresdal	Fyresdal
Gjerstad AuA	Gjerstad
Gran, Hadeland	Gran
Gulen	Gulen
Hallingdal	Hall
Hamre	Hamre
Hardanger	Hard
Haugesund	Haugesund
Herdla	Herdla
Hordaland	HI
Hosanger	Hosanger
Hundvin	Lindås
Jelsa	Jelsa

Karmøy	Karm
Kinsarvik	Kinsarvik
Krødsherad	Krødsherad
Kvinnherad	Kvinnherad
Lindås	Lindås
Masfjorden	Masfjorden
Modum	Modum
Naustdal	Naustdal
Nord-Hidle	Sjernarøy
Nordhordland	Nhl
Oslo	Oslo
Ostereidet	Hosanger
Rogaland	Rog
Romerike	Rom
Ryfylke	Ryf
Råde	Råde
Sandeid	Sandeid
Setesdal	Set
Skjold	Skjold
Sogn (Dalsfjøra)	Luster
Sogn, Ytre	YSo
Suldal	Suldal
Sunnhordland	Shl
Sunnmære	Snm
Telemark	Tel
Telemark, Nedre	NeTel

Torvastad	Torvastad
Valestrand Shl	Valestrand
Vats	Vats
Vestl bymål	Vestl bym.
Vestl, aalm.	Vestl
Voss	Voss
Østfold	Austf

Prent	NO-form
Bergens Tidende	BT
d. (dansk)	da.
engelsk	eng.
færøysk	fær
gn (gamalnorsk)	norr.
islendisk	isl
norrønt	norr.
svensk	sv
vanl	vanl

10.6.4 Målføreopplysningar i andre skriftlege kjelder

I utgangspunktet heimfester vi ikkje opplysningar som står i bøker og artikkelar som ikkje er ordsamlingar eller andre verk om målføre (kjelder som har eit stadnamn fremst i signaturen). Vi gjer det aldri for skjønnlitteratur (romanar, noveller, dikt osfr); vi heimfester såleis ikkje noko hos Prøysen til Ringsaker.

I visse tilfelle kan vi likevel heimfesta opplysningar frå bøker og blad. Då legg vi heimfestingsflagg på setelen.

Eit opplagt tilfelle er målføreordsamlingar som er prenta som eit innslag i slike kjelder, som når det står ei lita ordsamling (frå ein oppgjeven stad) i Hålløygminne.

Utanom det må det stå eksplisitt at eit ord er frå ein bestemt stad for at vi kan heimfesta. Det held ikkje med at eit ord er brukt i ei folkeminnetekst om livet på ein stad; det må stå slikt som "dette kalla dei x". Merk at hermeteikn, kursiv og sperring åleine kan fungera som ein slik eksplisitt markør av kva som var det lokale namnet på ein ting eller ein operasjon, men det må skiljast frå slike grafiske markørar i andre funksjonar. Bruk boka for å sjå kontekst om du er i tvil, og berre heimfest om du er viss.

Døme:

Flatbrøddeigen vart knøa i k n ø o t r ø g . Det var flate, lange kar, hola ut or grove trelegger. Dei største k n ø o t r ø g e var tå gran eller furu, men det var og småtrøg tå bjørk og osp (NFL65Va 73)

I passasjen dette utdraget er frå, er sperring systematisk brukt for å markera lokale uttrykk. Skildringa er i dette tilfellet frå Vang i Valdres, og det er forsvarleg å heimfesta *knodetrau* til Vang i Va (om ordet skal heimfestast). Andre ord i dømet, som *trelegg* og *småtrau*, kan ikkje heimfestast (det er ikkje nok at ei unormalisert dialektform som *-trøg* er brukt).

I NO *a-h* er heimfesting og litterær kjelde ofte førde i kombinert heimfesting. Det finn ein serleg når eit metaspråkleg verk eller eit lokalhistorisk verk er kjelde, og redaktøren har rekna opplysninga som interessant og pålitande som målføreopplysning.

Døme (på eldre praksis):

galkasadd ... uvyrden, uflidd person (Buksnes Håløygm 1975,201)

Il **gast** ... 2) gast (II,1) i skapnad av ein fugl ... (...; Fron NFL34Stor. 16; ...)

Denne måten å føre kjelder på blir ikkje nytta frå og med bokstaven *i* i band 5. Redaktøren må ta stilling til om opplysninga fortener status som målføreopplysning. Gjer ho det, heimfester han belegget i dei elektroniske samlingane (med målføreflagg). Er opplysninga usikker, må kjelda handsamast som litterær. Døma ovanfor ville altså bli anten

galkasadd ... uvyrden, uflidd person (Buksnes)

Il **gast** ... 2) gast (II,1) i skapnad av ein fugl ... (Fron; ...)

eller

galkasadd ... uvyrden, uflidd person (Håløygm 1975,201)

Il **gast** ... 2) gast (II,1) i skapnad av ein fugl ... (NFL34Stor. 16; ..)

I tilfelle som dei fyrste, der ein altså heimfester, må redaktøren setja heimfestingsflagg på setelen (om det ikkje alt er gjort), og dessutan lima setelen inn på "beleggshanda" i treet, slik at det blir mogleg for manuskriptkontrollørar og andre å finna belegget for heimfestinga.

10.6.4.1 *Vitskaplege referanseverk med heimfesting*

Sume viktige kjelder for NO er vitskaplege referanseverk som ordnar, heimfester og forklarar store målføretilfang innanfor ein gjeven sektor eller eit visst emne. Slike verk er m a:

- Høeg, Ove Arbo: Planter og tradisjon (HøegPLTrad)
- Reinton, Lars: Sæterbruket i Noreg I-II (ReintonSr I-II)
- Modéer, Ivar: Norska ordstudier (ModéerNoOrd)
- Bandle, Oskar: Studien zur westnordischen Sprachgeographie (BandleSWS)
- Berg, Arne: Norske tømmerhus i mellomalderen I-V (BergNTM I-V)

HøegPLTrad er eit vitskapleg verk som organiserer ei svært stor mengd med målførenemningar for plantar under offisielle artsnamn, og knyter til opplysningar om funnstad (heimfesting for målførenemning), bruk og førestellingar. Bandle dekkjer husdyrterminologi på same måte, Modéer fiske.

I Setelarkivet er registeret over målføreord med sidetilvising ekserpert. Redaktørar må sjølv slå opp, finna normalisert ordform eller rett artsnamn (Høeg) og skriva definisjon (som ofte er ein eittordsdefinisjon).

ReintonSR gjev att innsamla tilfang i samanhengande tekst, som oftast så fritt at det ikkje kan nyttast som målførebelegg, men sumtid heimfester han eit ord eller uttrykk i ei form som kan gjera det aktuelt å nytta heimfesting i NO også.

BergNTM set heimfestingar til illustrasjonar som vi har på setelfaksimlar.

Kjeldeføring for desse målførenemningane varierer gjennom heile NO 1-5. Sume redaktørar har ført berre kjelde pluss sidetal, andre har ført heimfesting pluss kjelde og sume har ført berre heimfesting. Alle desse typane finst altså:

hunde-bjølle f blåklokke (Tysfjord)

hunde-bjølle f blåklokke (Tysfjord; HøegPITrad 268)

hunde-bjølle f blåklokke (HøegPITrad 268)

Ein kan også finna etterstelt spesifisering:

gump m ... lend på hest (BandleSWS 263 frå Gyland)

Det er ynskjeleg å unngå dobbel bruk av kjelder, både for å spare plass og for å unngå å gje inntrykk av at tilfanget attom eit ord er større enn det er. Dersom poenget med oppføringa i referanseverket er å heimfesta ei nemning, bør ein berre føra heimfesting i NO – men så må ein også leggja heimfesting (éi eller fleire) på setelen.

Rett oppføring blir då slik:

hunde-bjølle f blåklokke (Tysfjord)

gump m ... lend på hest (BandleSWS 263)

eller

gump m ... lend på hest (Gyland)

Dersom ein gjev att ei meir spesiell opplysning (eller siterer) frå teksta i eitt av desse verka, må ein gje nøyaktig litterær kjelde. Dersom desse opplysningane er heimfeste (det er dei ikkje alltid), kan ein ta med heimfestingane også.

Døme:

... // òg nytta som lækjemiddel mot ringorm og annan hudsjukdom (Nu, Skånland; HøegPITrad 492).

Her er altså HøegPITrad 492 med som kjelde av di det står spesielle opplysningar der, ikkje berre ei plantenemning.

10.6.5 M og andre tilleggssignaturar – eldre praksis

Tilleggssignaturane M ("medarbeidar"), H.Chr., Hoff og Hann. skal ikkje nyttast i Norsk Ordbok frå og med bokstaven *i*. Det som fylgjer, er ei forklaring av korleis dei har vori brukt, til nytte som brukarrettleiing for band 1–5.

M er ikkje nytta i hakeparentesen, berre i artikkelkroppen, der han kjeldefester definisjonar og målføresitat. Han er alltid blitt sett inntil (bak) ei heimfesting (som oftast eit kommunenamn) utan mellomrom (NFronM, BambleM, StordM, FjalerM).

M er nytta som generell kjeldefesting av det innsende materialet, også der innsendaren er eit kjent namn (dialektgranskar, forfattar el I – "UlvikM" er Olav H. Hauge).

Dei einaste regelfaste unntaka frå dette har vori Hallfrid Christiansen og Ingeborg Hoff, til dels òg Torleiv Hannaas; der sette ein i staden resp. H.Chr., Hoff og Hann. attåt heimfestinga utan mellomrom (GimsøyH.Chr., TotHoff, HornnesHann.).

Bruken av M vart aldri heilt fast regulert, bortsett frå at denne signaturen altså aldri vart brukt i hakeparentesen. Hovudprinsippet var at M vart brukt

- når det berre var éi kjelde for ei opplysning, og opplysninga var geografisk isolert, t d den einaste i sin landsdel
- primært ved definisjonar, sjeldan andre stader

Når vi markerte ei heimfesting med M etter definisjonen, og vi siterte eit bruksdøme frå same kjelda, skreiv vi opp att heimfestinga, men utan M, etter sitatet. Var M den einaste kjelda for definisjonen og sitatet, trong ein heller ikkje gjenta heimfestinga; det laut ein derimot om det var fleire sitat til same tydinga.

Tilfang frå Norsk Målførearkiv (NMA) utan serskild signatur stod med M; det same galdt når vi hadde ei innsend opplysning utan stadtilvising på setelen. I andre tilfelle lét vi heimfestingar stå utan kjeldefesting.

Dersom same kjelde M hadde ei opplysning frå to stader, skreiv vi "x og yM", for å markera at det var same kjelda. "xM,yM" tydde at det var to ulike kjelder.

10.7 Aasen og Ross

Ordbøkene til Aasen og Ross har ein spesiell status i Norsk Ordbok, både med at vi stort sett tek med opplysningane deira, og med den sereigne måten vi fører kjeldesignaturane deira på. I tillegg kan bøkene deira i seg sjølv by på visse problem, mellom anna med at A² er ein revisjon og ei utviding av A¹, og med at Ross nokså ofte markerer uvisse med sine egne opplysningar.

Ein skal alltid gå til sjølve Aasen og Ross, ikkje berre sjå i Grunnmanuskriptet.

10.7.1 Aasen og Ross i redigeringshandboka

I punkt 10.7.3 og 10.7.4 nedanfor er det teki opp forhold som går på tvers av disposisjonen til redigeringshandboka elles, og som handlar om både lemmautval og ulike delar av ein NO-artikkel. Punkt 10.7.2 handlar om heimfesting og spesifisering, jfr punkt 10.6.1.

Fyrst kjem eit oversyn over kvar elles Aasen og Ross er handsama, med stikkord.

Lemmutval

2.1.5.2.1 (slutten): Sjølvforklarande samansetningar kan gå i sekk.

2.1.5.4 og 5.2.8.1: Sjølvforklarande avleiingar av visse typar kan sløyfast.

Lemmaordning

2.4.1 (slutten) og 2.4.2: Fordeling på oppslagsord treng ikkje fylgja Aasen og Ross.

Oppslaget

4.1.2.7: Vokalparentesen.

Eldre kjelder (fyrste delen av hakeparentesen)

4.2.4.3.1 (lista over eldre kjelder) og 4.2.4.4: Føringsmåtar.

6.3.4: I høve til fyrsteleddsartikkelen.

Målføreformer

4.2.6.4.4: Føreseielege former skal ikkje med.

4.2.6.11.2: Aksenten i vokalparentesen til A eller R (ò) gjeld vidare i artikkelen (til A eller R) for vokal utan aksent (o).

4.2.6.11.2: Vokalparentesane til Aasen har ein kolonne i vokaltabellen.

4.2.6.12.5: Det går an å føra Aasen utan heimfesting i målføredelen, når vi ikkje har andre heimfestingar.

6.3.4: Hugs å bruka opplysningar frå Aasen og Ross òg i fyrsteleddsartikkelen.

Tydingar

4.3.2.5: Rekkjefylgja til Aasen og Ross er eitt av fleire moglege kriterium for rekkjefylgja vår.

4.3.3.4.5: Pass på å tolka (dansen til) eldre kjelder rett (det kan vera feil i Grunnmanuskriptet).

Bruksdøme

4.3.6.7: Ha med sitat frå Aasen og Ross.

4.3.6.7: Normér sitata (utanom stev frå Ross). Pass på å setja komma etter moderne reglar.

4.3.6.10.1: Ha med (det som står i) sitatforklaringane, om det ikkje berre er omsetjing frå norsk til dansk. Kan slå saman forklaringar til definisjonstekst.

Definisjonsformat

5.4.1.1: Uoffisiell variant av innbyggjarnamn frå t d Aasen eller Ross kan koma med og då få kjeldefesting.

Tilvisingsartiklar

8.1: Ikkje ta med tilvisingsartiklane til Aasen og Ross berre for di dei står hos dei. Men vis gjerne frå deira oppslagsform til vår.

Kjelder og heimfestingar

10.1.3 *Gåtefulle og farefulle kjeldesignaturar og heimfestingar*: Diverse einskildting står i tabellen.

10.4.3: Eldre kjelder etter definisjon.

10.5: Områdenemningar:

- Oslo (R) og Tel (10.5.3.7)
- "Østl" (10.5.3.8)
- sønnanfjells (10.5.3.10)
- gamle administrative inndelingar, t d futedøme og bispedøme (10.5.4)

10.7.2 Heimfesting og spesifisering hos Aasen og Ross

Det gjeld ein del spesielle reglar for føring av opplysningar frå Aasen og Ross.

Med "A" og "R" nedanfor er det òg tenkt på variantar som A² og R2, der ikkje noko anna går fram.

1. Heimfestingar hos Aasen og Ross skal alltid vera med, når opplysninga i det heile teki skal heimfestast.
2. Dersom Aasen eller Ross er einaste kjelde, fører vi heimfesting med verkspesifisering etter: Tot A.
3. Dersom det er nyare belegg på ordet på same staden, sløyfer vi denne tilføyinga: Tot (men sjå nedanfor om føringar som Tel A, Lårdal).
4. I hierarkiet av heimfestingar kan heimfestingar frå Aasen og Ross godt "drukna" i større område på grunnlag av belegg frå andre kjelder. Det står såleis ikkje både "Austf" og "Idd A" på prent i same heimfestingsrekkja.
5. Dersom dei to siste punkta ovanfor (eller eitt av dei) fører til at kjelda (Aasen, Ross) ikkje står etter *nokon av* heimfestingane til definisjon, må ho i staden førast som litterær kjelde (framfor heimfestingane): R3; Shl. (Denne regelen gjeld ikkje for målføreføringa i hakeparentesen.)
6. Er det meir enn éi heimfesting av same opplysninga hos same kjelda (A eller R), fører ein dei opp med A eller R etter kvar einskild heimfesting: Hjartdal R, Sauherad R (i motsetning til t d "R frå Hjartdal og Sauherad", som var mogleg i dei tidlege banda). Det hindrar ikkje at ein kan slå saman heimfestingar til større område der det høver, t d Tinn R, Bø i Tel R, Hjartdal R, Sauherad R > ATel R.
7. Har A eller R antydninga "ofl" etter ei heimfesting, fører vi "ofl" i spesifiseringsfeltet. "ofl" etter ei heimfesting skal berre brukast når A eller R står som kjeldekode. Her tek vi ikkje med eventuelle område som A eller R nemner (før "Follo ofl R", ikkje "Follo ofl på Austflatt R").
8. Ross har ved sume opplysningar frå målføra eit tillegg "meddelt". Aasen refererer sumtid opplysningar om tyding og bruk i målføra i ei form som ligg utanfor vanleg definisjonsformat (t d u *berja f, einske*). Dette tyder at dei ikkje har hatt direkte kontakt med (den munnlege) kjelda for opplysninga, men dei har rekna opplysninga for pålitande nok til at den skulle takast med. I NO 1–6 er slike opplysningar merkte "oppgj" (< "oppgjevi"). Frå og med band 7 sløyfer NO denne kommentaren, og tek opplysninga med, med støtte i autoriteten til Aasen eller Ross.
9. Har Aasen, Ross eller andre ei vid stadtilvising med ei meir avgrensa ei i parentes, som t d "Sæt(B)" hos Ross, nyttar vi den mest presise heimfestinga, i dette dømet "Bygland R".
10. "Sæt(B)" hos Ross står altså for Bygland, ikkje Bykle, jfr avstytingslista hos R. "Sæt(V)" står for Valle. Merk elles at teikna for stor B og stor V kan sjå nokså like ut i frakturskrift.
11. Oppgjev Aasen eller Ross eit område som kan stå for både herad og landskap i heimfestingslista til NO, vel vi det store området (då det har vist seg at det truleg er det dei meiner), om ikkje det motsette skulle gå fram. Før "Stjør", "Vo", "Tot" osfr (heller enn "Stjørdal", "Voss", "Toten"). Merk at Bamble og Larvik då blir futedøme, sjå desse stadnamna under punkt 10.1.3 *Gåtefulle og farefulle kjeldesignaturar*. "Hedm." viser som regel til landskapet Hedmarken ("Hdm" i NO), ikkje fylket (Ross kan ha "Hedm." jamsides

med stader som Odal, Vinger og Østerdalen). Sume gonger viser det likevel til fylket, iallfall når det er modifisert med N eller S (slik som NHdm under *telna*, som elles er belagt langt nord i fylket).

Dersom ei heimfesting skriv seg både frå Aasen og Ross, så er heimfestinga stadfest, og så fører vi ikkje litteraturkjelde etter. Det same gjeld om Ross tek opp att ei heimfesting i eit tillegg:

NGbr R + NGbr R3 > NGbr (ikkje "NGbr R og R3")

(Regelen i punkt 5 over skal framleis gjelda, slik at litteraturkjelda blir sett *framfor* heimfestingane etter definisjon om ho ikkje finst nokon annan stad i heimfestingsrekkja.)

Det hender at Aasen og Ross heimfester til eit større område – t d fylke – og at vi har mistanke om at dei har det frå berre éin stad. Dersom Aasen fører opp Telemark på den måten, bør ein skriva "Tel A".

Dersom vi skulle ha eitt, eller nokre fåe, nyare belegg frå området, kan det verka for sterkt å berre sløyfe signaturen "A" som merke på at det finst nyare belegg. Dei nyare belegga kan skrive seg frå ein mindre del av området. Normal heimfestingspraksis ut frå nyare belegg er etter måten streng.

Dersom kjeldene er A eller R med områdenemning pluss fåe nyare belegg, gjer vi det slik:

- fører heimfestinga med A eller R som litteraturkjelde (frå innbygd litteraturmeny)
- fører også heradet eller herada innanfor området som heimfesting

Resultatet blir som i **døma** nedanfor.

Tel A, Lårdal

Ryf R, Suldal

nfjells A², Oppdal, Ålen, Frøya, Kvæfjord

Austflarb A², Eidsberg, Spydeberg

Vestl A, Vanylven

Når ei heimfesting frå Aasen eller Ross er einaste kjelda for ein definisjon, står eit bruksdøme frå same staden utan kjelde, liksom ved heimfestingar utan "A" eller "R" etter (sjå meir om dette i punkt 10.5.1.3).

Døme:

stangla v -a ... gå stivt og ustøtt; gå og stumpa (Eiken R): *stingla og stangla*.

Når det står fleire enn éi kjelde etter definisjonen, blir dømet heimfest (framleis på same måten som ved heimfestingar utan "A" eller "R" etter).

Døme:

stuv-sterk adj [R; målf òg *stuve-* (Holla); til *stuv-*] sterk (1), men klumput og keiveleg (Vinje i Tel R, Holla, Froland, Suldal, Sauda): *han var stuvsterk, men rylten og for tung i taket* (Vinje i Tel R).

Naken "A" eller "R" etter eit bruksdøme signaliserer at vi ikkje (sikkert) kan knyta dømet til ein stad. Så lenge det går fram kva stad Aasen eller Ross har eit bruksdøme frå, skal vi altså anten ha med heimfesting eller ikkje ha noka kjelde i det heile, etter prinsippa som er beskrivne over.

Ross heimfester ofte ord og tydingar til éin eller fleire plassar fylgd av kolon og ein dialektuttale som vik av frå oppslagsforma hans. Her reknar vi heimfestinga for å gjelda heile ordet eller tydinga og ikkje berre forma (når han altså sjølv ikkje seier noko anna). I **dømet** under reknar vi altså med at *stænakryl* frå Sunnhordland er det einaste Ross har, slik at kjeldefestinga til definisjon blir "Shl R", ikkje berre "R".

- Ross: **Steinkryl** m. liden langstrakt Rygning av løse Stene. Shl.: **Stænakryyl**.
- NO (i rekkje av ord på **stein-**): **-kryl** m [R] liten langlagd rygg av stein (Shl R).

10.7.3 Spørsmålsteikn hos Ross

Ross kan setja eit spørsmålsteikn til ulike slags opplysningar. Vi skal ikkje gje att spørsmålsteiknet, men det kan vera tvil om korleis vi skal handtera opplysningane i desse artiklane. I utgangspunktet følgjer vi desse retningslinene; tvilstilfelle må avgjerast frå sak til sak:

Etymologiske opplysningar med spørsmålsteikn kjem inn i den sjølvstendige, kritiske vurderinga vi gjer etter vanlege retningsliner.

Vi tek ikkje med vokalparentes med spørsmålsteikn til.

Opplysningar (uttale, genus, bøyning, tydingar, heimfestingar) med spørsmålsteikn etter seg tek vi omsyn til dersom andre kjelder verifiserer eller størr opp om dei. I motsett fall bør vi sjå bort frå dei. Sumtid kan det vera aktuelt med "(trul.:)" framfor ei tyding, jfr punkt 4.3.3.4.6.

Døme:

- Ryf. Dal.? og Shl. (Her bør vi ha støtte frå anna hald for å ta med Dalane.)
- 2) kort Snor mellem "Forsynd" og "Ongul"? Sfj. (Vevring). (Her tek vi ikkje med tydinga utan støtte.)
- **ut-erves** adv. ud i en Sidelinje af Familien?; udenfor Familien. Sfj. Nfj. Sdm. (Her blir helst tydinga "utanfor familien".)

Om vi utelèt ei heimfesting Ross fører spørsmålsteikn til, etter definisjon, og det gjer at Ross ikkje blir nemnd nokon stad der, tek vi han med som litterær kjelde (altså berre "R"), jfr punkt 10.7.2.

Om vi berre har eit genus med spørsmålsteikn frå Ross å gå etter for å avgjera genus i oppslagsdelen, blir genusmarkeringa "subst".

Eit spørsmålsteikn rett etter eit oppslagsord vil seia at normeringa er uviss (men belegget er elles visst nok). Vi avgjer normeringa på vanleg måte ut frå heile materialet, samanheng med andre oppslagsord, rettskrivingsprinsipp osfr.

Døme:

Skyna? f. = Skjolluva. Ndm.: **Skyn**¹ og -ø-.

Ein del av spørsmålsteikna står framfor oppslagsforma til Ross. Det skal markera "Ordets Tilværelse som usikker (ikke fuldt konstateret)" (Ross s xxi). Her inkluderer vi i utgangspunktet ordet og opplysningane som står der.

Døme:

?skraua v.n. (ar), hoste smaat og tørt. Tel. (Raul.).

?skygga v. flygte af Skyhed. Sogn (Aurland). "Simlao skygga føre".

I tillegg til spørsmålsteiknet framfor oppslagsordet kan artikkelen til Ross sumtid innehalda andre element som svekkjer opplysninga. Det kan vera "Meddelt" (som i seg sjølv ikkje er grunn nok til å utelata ordet, sjå punkt 10.7.2) eller at både oppslagsordet og heimfestinga har fått spørsmålsteikn. I det sistnemnde tilfellet tek vi ikkje med ordet, om det ikkje får støtte frå anna materiale.

Døme:

?Slaaning m. slap slunken Figur. Sdm.?

10.7.4 Skilnader mellom ordbøkene til Aasen

Det kan stå noko anna i A^2 enn i A^1 ; Aasen kan altså ha revidert seg sjølv. I slike tilfelle kan det vera vanskeleg å avgjera om ein noggrant skal føra opplysningane frå dei to utgåvene serskilt, eller om ein skal seia at A^2 overstyrer A^1 .

Når Aasen legg til ei opplysning i A^2 som ikkje står i A^1 , er saka grei; då tek vi med opplysninga med A^2 som kjelde.

I døma nedanfor er det ikkje teki omsyn til at andre kjelder enn Aasen kan koma til og gjera problema uaktuelle.

10.7.4.1 Ord og tydingar

Nokre ord, uttrykk og tydingar finst berre i A^1 og er altså *tekne ut* i A^2 . Her tek vi med opplysninga frå A^1 .

Døme frå A^1 :

Stykkje, n. Stykke, Stump (jf. Mole), ogsaa Deel, Afsnit, Post; Nummer, Exemplar. Ogsaa et Slags smaa Kanoner. - Skjelingjen aa Stykkje: en Skilling for Stykket. Paa Stykkjetal: efter Tælling, enkeltviis. I Stykkjevis: stykkeviis. Naar dæ kjem te Stykkjes: naar det kommer til Stykket, til Prøve.

A^2 har ikkje med opplysninga som er understrekt her (som òg er einaste belegget vi har på *stykketal*).

Det hender at ei tyding er substansielt *endra*, som i dette **dømet** frå NO band 10:

skrede-mark f [A *skride-*] 1 bakke, rygg av nedrasa jord (A²; Tv.Æ 180). 2 bratt fjellmark med grasflekker mellom bergknattane (Snm A¹).

Her tek vi òg med opplysninga frå A¹.

10.7.4.2 Bruksdøme

Aasen kan ha bytt ut døme.

I desse (normaliserte) **døma** bør vi nøya oss med bruksdøma frå A², då dei er ekvivalente med opplysningane i A¹, utan substansiell skilnad.

A¹: *ho er lik mora*

A²: *han er lik faren, ho er ikkje lik systrene, dei er alle like*

A¹: *det skorta oss ingenting*

A²: *det skortar honom inkje*

A¹: *han er ikkje så heller*

A²: *dei er ikkje alle så*

I **døma** under er bruksdøma ulike nok til at begge bør førast.

A¹: *dei var så redde*

A²: *det er så kaldt ute*

A¹: *eg kjende han på svipen*

A²: *han har svipen av morfolket*

10.7.4.3 Heimfestingar

A² kan ha ei større, mindre eller ulik heimfesting. Her finst det mange variantar med glidande overgangar som ikkje gjev klare svar. Utgangspunktet er at vi fører opplysningane frå A¹ og A² serskilt der A¹ har reell informasjon som vik av frå A², men det må vegast mot at A² er ein revisjon av A¹.

Døme:

sup 'røykhatt'

A¹: Indre-Sogn

A²: Sogn

Her er det nok best å slå saman til So A. I So står jo ikkje i motstrid til So, som A² har "oppgradert" til.

tendring

A¹: Helg., Namd.

A²: Nordl., Indh.

Området No overstyrer Helg (tilsvarande So i førre dømet), medan Namd og Innh er ulik informasjon. Resultatet blir Innh A², Namd A¹, No A.

stad adv, tyd 'av garde'

A¹: Tr. Stift, Gbr., Sdm.

A²: Meget brugl. i de nordlige Egne

Det er ikkje godt å seia kva Aasen meiner med nordlege strok her – det kan òg femna om det nordlege Sør-Noreg, slik som NGBr og Snm. Ei løysing er å føra dei opplysningane som eintydig høyrer til A¹ og A²: Gbr A¹, Snm A¹, Trl A, NN A².

suvlryr

A¹: N. Berg. (dvs SoFj og Snm)

A²: Sdm

Her har altså Aasen valt å snevra det inn i 2. utgåva, trass i at han ålment likar å vera romsleg. Snm står ikkje i motstrid til N. Berg. (slik Aasen plar bruka denne områdenemninga), så det er ikkje gali med rett og slett Snm A.

skolming

A¹: N.Berg.

A²: Nfj. og fl.

Desse to føringane liknar på kvarandre; begge er romslege og fleksible, og Nfj ligg midt i området nemnt i A¹, men "og fleire" kan gjelda stader i både eit mindre og eit større område. Her blir det meir komplisert og uklårt kva som er best å gjera. Ei mogleg løysing er å føra det mest generelle med A som spesifisering, SoFj A, Snm A¹ (eller Snm A?), men ei meir omstendeleg føring er heller ikkje gali.

Ei heimfesting kan vera stroken i A²:

skotrøsk

A¹: B. Stift

A²: utan heimfesting

Ut frå det same prinsippet som i dei fyrste døma over (dvs å ta det mest generelle området med A som spesifisering) er det kanskje rimelegast å kjeldefesta med berre A, utan heimfesting. På den andre sida har dei to utgåvene heller ulik informasjon, som peikar mot heimfesting (Vestl mst) for A¹.

Eit spesielt tilfelle er når A^1 heimfester med Kr. Stift (Kristiansand stift). Det svarar (i 1850) til Rog, Agd og ØvTel eller Tel (vi har ikkje funni ut når utvidinga i Telemark fylke skjedde). I A^2 er det bytt ut med ulike større eller mindre område, såleis innsnevrande Jæd. og Rbg. i *støkk* og utvidande "temmelig alm., dog sjeldnere i de nordlige Egne" i *sut*. Kva ein skal føra, kjem då an på kva det står i A^2 . Men det verkar rimeleg å ha i mente at ein ikkje bør gjera for stort nummer ut av den grove heimfestinga Kr. Stift når A^2 er meir oppdatert.

11 Underlagstilfanget for Norsk Ordbok

Dei viktigaste delsamlingane under Norsk Ordbok er:

- Setelarkivet
- Norsk litterært ordboksverk – nynorsk
- Grunnmanuskriptet
- Nynorskordboka
- Det nynorske korpuset

Dette er elektronisk tilgjengeleg både gjennom ramma for redigeringsprogrammet og via nettet (heimesida til Norsk Ordbok – søk).

Unntaket er det litterære ordboksverket, som berre finst på papir. Ver merksam på sume brune setlar for ord hos Aasen og Ross, der dei har ordet under eit anna oppslagsord; då er det ikkje alltid det finst ein metaordboksartikkel for ordet.

Anna tilfang som må takast omsyn til, er:

- Alle yngre inkomne ordsamlingar for norske målføre
- Alle eldre ordsamlingar for nynorsk eller norske målføre (før 1900)
- Målføresynopsen

Nokre av dei yngre ordsamlingane er lagde inn i Ordbokshotellet og kopla opp til Metaordboka, men dei fleste finst i biblioteket og kopierte i permar. Mange av samlingane har unormerte, målførenære oppslagsord, der det kan vera eit problem å finna orda som høyrer til alfabetbolken, og å plassera orda inn under det rette oppslaget. Dokumentet *Dialektordsamlingar som kjelder i Norsk Ordbok2014* av Olaf Almenningen på området til Norsk Ordbok (under Aktivitet\Opplæring og seminar\Målførekurs 2009\Olaf - støtteark) kan vera til hjelp her, i tillegg til vanlege målføreoversyn.

Anna tilfang som kan takast omsyn til, er:

- Ikkje-ekserperte døme frå litteratur i kjeldelista
- Nye opplysningar som redaksjonen på grunnlag av skjøn tek inn i Setelarkivet eller korpuset.

Sjå òg Tillegg 3: *Redigeringsgrunnlag for Norsk Ordbok*.

11.1 Krav til dokumentasjon

Norsk Ordbok er ei vitskapleg ordbok som fører kjeldereferansar og opplysningar til heimfesting av både definisjonar, sitat og målførevariasjon. I det at ordboka er vitskapleg, ligg eit krav om at alle dei tolkingane og analysane vi presenterer i dei ferdige ordartiklane, skal vera moglege å etterprøva. For

å gjennomføra kravet til etterprøvbarheit for forskingsresultata våre på ein enkel måte, gjeld dei fylgjande retningslinene:

1. Alle normalartiklar i Norsk Ordbok skal ha ei elektronisk kopling til grunnlagsmaterialet i Metaordboka. For artikkelbolkar som blir genererte opp samla, skjer denne koplinga automatisk. I dei tilfella der redaktørane opprettar einskildartiklar, må dei sjølv syta for å etablere ei slik kopling. Dette gjer ein ved å velja "Finn metaordboksartikkel" i skjemaet "Ny artikkel" i redigeringsapplikasjonen.
2. Redaktørane skal sjølv endra det normerte oppslagordet i MO dersom ordartikkelen i Norsk Ordbok får ei anna normert form.
3. Tilfang som ikkje er registrert i Metaordboka, skal redaktørane leggja inn som ein del av arbeidsprosessen med artikkelbolkane. I praksis gjeld dette serleg (men altså ikkje berre) tre kjeldetypar:
 - a. tilfang frå dei lokale ordsamlingane som ikkje er elektronisk integrerte i Metaordboka, men som berre er tilgjengeleg for redaksjonen i prenta utgåver
 - b. tilfang frå det nynorske tekstkorpuset for oppslag som ikkje finst i MO, men som dei redaksjonelle reglane tilseier at skal få artiklar i Norsk Ordbok
 - c. tilfang frå nettkjelder
4. Dokumentasjonskravet er aller mest akutt for materiale som ikkje tidlegare er registrert i Metaordboka. Dersom ei lokal ordsamling inneheld eit ord som manglar belegg i dei elektroniske kjeldesamlingane til Norsk Ordbok, skal redaktøren som har ansvar for bolken, leggja relevant informasjon om ordet (oppslagsform, ordklasse, definisjon, kjeldeopplysningar og eventuelle døme) inn i det elektroniske setelarkivet. For å stetta krava til etterprøvbarheit er det vesentleg at belegg på nye ord ikkje blir kopla opp mot andre, eksisterande MO-artiklar.
5. Så lenge både den gamle og den nye setelapplikasjonen er i bruk, står redaktørane fritt til å bruka begge applikasjonane i innlegging av setlar med belegg frå prenta kjelder eller frå Det nynorske tekstkorpuset. Rutinen er då at ein fyrst opprettar setel med alle relevante opplysningar (og korrekt normert oppslagsform), og at ein etterpå koplar setelen opp i Metaordboka. Automatisk oppkopling av nye setlar til MO skjer kvar natt. I tilfelle der ein registrerer enkeltsetlar til bruk i nye normalartiklar i Norsk Ordbok, er det uansett mest praktisk at redaktøren opprettar MO-artikkelen og normerer oppslagsforma der sjølv som ein del av arbeidsprosessen med ordartikkelen.
6. For å få registrert relevante litterære belegg kan det vera naudsynt å få oppretta nye litteratursignaturar. Prosedyren for dette er skildra i punkt 10.4.9.
7. Tilfang frå nettkjelder skal registrerast med nettadresse og bilettdokumentasjon (pdf eller skjermbilete). Dette må redaktørane gjera i den nye setelapplikasjonen, der den funksjonaliteten er lagd inn. Sjå også punkt 10.4.13.

Tillegg 1: Lokale ordsamlingar og annan lokal målførelitteratur i heimfestingsbasen

Oppretta 28.10.03 etter merknader frå OA, DW, LK.

Her er ei liste over ordsamlingar som ligg i bibliografidatabasen og som kan koma med i heimfestingsrekkjer i NO. Inventaret vil sjølvstekt veksa etter kvart som andre kjem til, men lista er ikkje oppdatert. Sjå punkt 10.6.3 for samlingar som dekkjer meir enn eitt herad.

Punkt 10.6.2 gjer greie for føringsreglar.

Ordsamling	Kommunenamn 1947 (NO)	Noverande namn (dersom endra)	landskap	Nærmaste overnivå (ev. fylke)	kom m.n r	Nivå
IddMyhre	Idd	Halden	Austf	Austf	1	2
RødenesMWK	Rødenes	Marker	Austf	Austf	20	2
SkiptvetHoff	Skiptvet		Austf	Austf	26	2
EidsbergSandem	Eidsberg	Eidsberg	Austf	Austf	27	3
HobølLundeby	Hobøl		Austf	Austf	30	2
TrøgstadS.Sim.	Trøgstad		Austf	Austf	32	3
OsloBymLa.	Oslo	Oslo	Oslo	Akh	47	2
OsloNorm.	Oslo	Oslo	Oslo	Akh	47	3
Aurskog-BlakerHoff	Aurskog, Blaker (merk avstyttingane "A." og "B." i teksta for dei einskilde herada)	Aurskog- Høland	Rom	Akh	53	3
FetNerdrum	Fet		Rom	Akh	54	3
RælingenEriks.	Rælingen		Rom	Akh	55	2
SørumS.Kolsr.	Sørum	Sørum	Rom	Akh	60	2
UllensakerStok.	Ullensaker		Rom	Akh	64	2

UllensakerStok. ²	Ullensaker		Rom	Akh	64	3
EidsvollLjødal	Eidsvoll	Eidsvoll	Rom	Akh	66	3
EidsvollSundli	Eidsvoll	Eidsvoll	Rom	Akh	66	4
SOdalSOB	Sør-Odal		Odal	Hdmf	72	2
SOdalSOB ²	Sør-Odal		Odal	Hdmf	72	3
NOdalJens.	Nord-Odal		Odal	Hdmf	73	2
GIGrue	Grue		Sol	Hdmf	75	2
GrueBorg	Grue		Sol	Hdmf	75	3
RomedalHekn.	Romedal	Stange	Hdm	Hdmf	79	2
StangeAasen	Stange	Stange	Hdm	Hdmf	80	2
NesBakken	Nes	Ringsaker	Hdm	Hdmf	82	2
FurnesEifring	Furnes	Ringsaker	Hdm	Hdmf	84	2
ElvrHogst.	Elverum		Ød	Hdmf	87	2
ElverumFuruset	Elverum		Ød	Hdmf	87	4
TrysilFlod.	Trysil		Ød	Hdmf	88	3
TrysilGard.	Trysil		Ød	Hdmf	88	4
TrysilNordg.	Trysil		Ød	Hdmf	88	5
DrevsjøEriks.	Engerdal		Ød	Hdmf	90	2
YRendalSolum	Ytre Rendal	Rendalen	Ød	Hdmf	91	3
AlvdalBKA	Alvdal		Ød	Hdmf	96	2
TynsReit.	Tynset	Tynset	Ød	Hdmf	97	2
DovreEriks	Dovre		Gbr	Oppl	101	2
SkjåkL.Ekre	Skjåk		Gbr	Oppl	103	2
LomJuland	Lom		Gbr	Oppl	104	2

LomJulandPr	Lom		Gbr	Oppl	104	3
LomSkjåkDagsg.	Lom, Skjåk		Gbr	Oppl		
VågåHo.	Vågå		Gbr	Oppl	105	2
Heidalsm	Heidal	Sel	Gbr	Oppl	107	2
FronJensh.	Fron		Gbr	Oppl	108	
FronJensh.T	Fron		Gbr	Oppl	108	
ØyerRyb.	Øyer		Gbr	Oppl	111	2
ØyerRyb.T	Øyer		Gbr	Oppl	111	3
GausdalGD	Vestre Gausdal	Gausdal	Gbr	Oppl	113	3
Gausdalsm	Vestre Gausdal	Gausdal	Gbr	Oppl	113	4
GausdalsmT	Vestre Gausdal	Gausdal	Gbr	Oppl	113	5
FåbergFH	Fåberg	Lillehammer	Gbr	Oppl	114	2
ØSlidreHegge	ØystreSlidre		Va	Oppl	118	2
HedalSørлие	Sør-Aurdal		Va	Oppl	121	2
SLandEng.Sol.	Søndre Land	Søndre Land	Land	Oppl	127	2
Totenm	Vestre Toten	Vestre Toten	Tot	Oppl	130	3
GranTorst.	Gran	Gran	Had	Oppl	135	2
Hemsedalsm	Hemsedal		Hall	Bu	138	2
HemsedalØydg.	Hemsedal		Hall	Bu	138	3
ÅITorpoOrd	Ål		Hall	Bu	140	3
ÅITorpoOrdT	Ål		Hall	Bu	140	4
ÅIDial	Ål		Hall	Bu	140	5
FlåRei.	Flå		Hall	Bu	143	2
RollagTråen	Rollag		Nu	Bu	146	4

FlesbergLM	Flesberg		Nu	Bu	147	3
ÅdalSkul.	Ådal	Ringerike	Ri	Bu	150	2
ModumHunst.	Modum		NeBu	Bu	155	3
ModumHunst. ²	Modum		NeBu	Bu	155	4
LierRøed	Lier		NeBu	Bu	159	3
SandsværSchulze	YtreSandsvær	Kongsberg	NeBu	Bu	165	3
TønsbergKn.	Tønsberg	Tønsberg	Vestf	Vestf	181	2
NøtterøyP.	Nøtterøy		Vestf	Vestf	183	2
TjøllingSchulze	Tjølling	Larvik	Vestf	Vestf	187	2
HedrumA.St.	Hedrum	Larvik	Vestf	Vestf	190	3
TinnGollo	Tinn	Tinn	ATel	Tel	193	3
TinnKlon.	Tinn	Tinn	ATel	Tel	193	4
TinnSkul. I	Tinn	Tinn	ATel	Tel	193	5
TinnOrdb (skal ikkje brukast som litteraturkode)	fleire ulike stader		ATel	Tel	193	6
HjartdalMålf	Hjartdal		ATel	Tel	194	2
TuddalHovde	Hjartdal		ATel	Tel	194	3
Bø i TelSchulze	Bø		ATel	Tel	199	2
Bø i TelSchulze ²	Bø		ATel	Tel	199	3
RaulandRMH	Rauland	Vinje	VTel	Tel	201	2
NissedalTo.Solh.	Nissedal		VTel	Tel	207	2
DrangedalNesl. I	Drangedal		NeTel	Tel	209	3
DrangedalNesl. II	Drangedal		NeTel	Tel	209	4
HollaGjerm.	Holla	Nome	NeTel	Tel	210	2

SolumDal.	Solum	Skien	NeTel	Tel	211	2
SkienRoks.	Skien	Skien	NeTel	Tel	213	2
PorsgrReyn.	Porsgrunn	Porsgrunn	NeTel	Tel	214	2
RisørHødn.	Risør	Risør	YAgd	AAgd	224	2
GjerstadAas	Gjerstad		IAgd	AAgd	226	2
GjerstadAusl.	Gjerstad		IAgd	AAgd	226	3
ArendalVoss	Arendal	Arendal	YAgd	AAgd	238	2
ArendalLi.Bj.	Arendal	Arendal	YAgd	AAgd	238	3
MolandRosenb.	Austre Moland	Arendal	YAgd	AAgd	239	2
FjæreMoy	Fjære	Grimstad	YAgd	AAgd	244	2
LandvikPett.	Landvik	Grimstad	YAgd	AAgd	245	2
LandvikSkarp.	Landvik	Grimstad	YAgd	AAgd	245	3
BirkenesKøning	Birkenes	Birkenes	IAgd	AAgd	251	2
IvelandFjerm.	Iveland		IAgd	AAgd	253	2
KrsandJo.	Kristiansand	Kristiansand	YAgd	VAgd	260	2
KrsandØverl.	Kristiansand	Kristiansand	YAgd	VAgd	260	3
TveitBuestad	Tveit	Kristiansand	YAgd	VAgd	261	2
TorridalFrøys.	Oddernes	Kristiansand	YAgd	VAgd	262	2
SøgneLun.	Søgne		YAgd	VAgd	267	2
MandalNilsen	Mandal	Mandal	YAgd	VAgd	270	2
FinslandStom.	Finsland	Songdalen	IAgd	VAgd	272	2
ÅseralHand.	Åseral		IAgd	VAgd	278	2
ÅseralSeip	Åseral		IAgd	VAgd	278	3
VigmostadBergst.	Vigmostad	Lindesnes	IAgd	VAgd	279	2

ListaVere	Lista	Farsund	YAgd	VAgd	282	3
SirdalJørg.	Øvre Sirdal	Sirdal	IAgd	VAgd	295	2
GylandKydl.	Gyland	Flekkefjord	IAgd	VAgd	297	2
HidraToft	Hidra	Flekkefjord	YAgd	VAgd	298	2
LundSalv.	Lund	Lund	Dal	Rog	302	2
BjerkreimSkjæv.	Bjerkreim		Dal	Rog	304	2
TimeTi.	Time		Jr	Rog	311	2
GjesdalSøyl.	Gjesdal		Jr	Rog	313	2
SandnesSM	Sandnes	Sandnes	Jr	Rog	315	2
StavBe.	Stavanger	Stavanger	Jr	Rog	319	3
StavBe.La.	Stavanger	Stavanger	Jr	Rog	319	4
StavBernts.	Stavanger	Stavanger	Jr	Rog	319	5
StavEriks.	Stavanger	Stavanger	Jr	Rog	319	6
StavRosl.	Stavanger	Stavanger	Jr	Rog	319	7
StavSv.	Stavanger	Stavanger	Jr	Rog	319	8
HjelmelandHetl.	Hjelmeland	Hjelmeland	Ryf	Rog	330	2
SuldalsmS.Sandv.	Suldal	Suldal	Ryf	Rog	334	2
SuldalsmTS.Sandv.	Suldal	Suldal	Ryf	Rog	334	3
SuldalsmT ² S.Sandv.	Suldal	Suldal	Ryf	Rog	334	4
SaudaSolb.	Sauda		Ryf	Rog	336	2
HaugesundToft	Haugesund	Haugesund	Ryf	Rog	348	2
HaugesundToft ²	Haugesund	Haugesund	Ryf	Rog	348	3
BømloRøks.	Bømlo	Bømlo	Shl	HI	361	2
BømloStokka	Bømlo	Bømlo	Shl	HI	361	3

KvinnheradGudd.	Kvinnherad	Kvinnherad	Shl	HI	365	3
KvinnheradHaugl.	Kvinnherad	Kvinnherad	Shl	HI	365	4
FjelbergHM	Fjelberg	Kvinnherad	Shl	HI	366	3
VaraldsøyGrav.	Varaldsøy	Kvam	Shl	HI	367	2
StordHøyl.	Stord		Shl	HI	368	3
StordRa.Aarø	Stord		Shl	HI	368	4
Kvam i HardKK	Kvam		Hard	HI	379	2
HålandsdalEriks.	Hålandsdal	Fusa	Mhl	HI	383	2
BrgbymA.P.	Bergen	Bergen	Brg	HI	387	2
BrgbymBolst.	Bergen	Bergen	Brg	HI	387	3
BrgKøster	Bergen	Bergen	Brg	HI	387	4
BrgLa.St.	Bergen	Bergen	Brg	HI	387	5
BrgPett.	Bergen	Bergen	Brg	HI	387	6
BrgNiels.	Bergen	Bergen	Brg	HI	387	7
BrgOrdA.P.	Bergen	Bergen	Brg	HI	387	8
BrgVind.	Bergen	Bergen	Brg	HI	387	9
VossRøthe	Voss	Voss	Vo	HI	396	3
HamreRundh.	Hamre	Osterøy	Nhl	HI	401	3
ModalenBond.	Modalen		Nhl	HI	402	2
VikSkjør.	Vik		MSo	SoFj	420	3
VikSeim	Vik		MSo	SoFj	420	4
LeikangerOrd	Leikanger		MSo	SoFj	422	3
AurlandFlom	Aurland		ISo	SoFj	424	2
AurlandMorfFlom	Aurland		ISo	SoFj	424	3

ÅrdalA.Bj.	Årdal		ISo	SoFj	427	2
ÅrdalMidtt.	Årdal		ISo	SoFj	427	3
JølsterDvergsd.	Jølster		Sfj	SoFj	435	2
JølsterDvergsd. ²	Jølster		Sfj	SoFj	435	3
GloppenFitje	Gloppen	Gloppen	Nfj	SoFj	448	3
BreimJord.	Breim	Gloppen	Nfj	SoFj	449	2
VanylvenWidn.	Vanylven	Vanylven	Snm	MøRo	453	3
SandeSand.	Sande		Snm	MøRo	456	2
SandeSand. ²	Sande		Snm	MøRo	456	3
UlsteinWaage	Ulstein		Snm	MøRo	458	2
HareidHolst.	Hareid		Snm	MøRo	459	2
VartdalGjers.	Vartdal	Ørsta	Snm	MøRo	460	2
VoldaØrstaØrs.	Volda	Volda	Snm	MøRo	463	3
HjørundfjordSaure	Hjørundfjord	Ørsta	Snm	MøRo	464	3
NorrdalNydal	Norrdal		Snm	MøRo	466	4
SykkylvenGreb.	Sykkylven		Snm	MøRo	469	2
SykkylvenOrd	Sykkylven		Snm	MøRo	469	3
HaramRo.Flem	Haram	Haram	Snm	MøRo	476	3
HaramTRo.Flem	Haram	Haram	Snm	MøRo	476	4
HaramUlla	Haram	Haram	Snm	MøRo	476	5
VatneSlyngst.	Vatne	Haram	Snm	MøRo	477	2
VeøyVestad	Veøy	Rauma	Roms	MøRo	484	2
EresfjordOrd	Eresfjord og Vistdal	Neset	Roms	MøRo	486	2
IOtrøy og TautraOppstad	Sør-Aukra	SAukra	Roms	MøRo	489	2

SAukraOpstad	Sør-Aukra	SAukra	Roms	MøRo	489	2
FrænaOrv.	Fræna	Fræna	Roms	MøRo	491	2
ØreK.Grytli	Øre	Gjemnes	Ndm	MøRo	496	3
KvernesKjøøl	Kvernes	Averøy	Ndm	MøRo	498	2
KrsundHoel	Kristiansund	Kristiansund	Ndm	MøRo	501	2
ÅlvundeidN.Mag.	Ålvundeid	Sunnadal	Ndm	MøRo	507	2
SunnadalJenst.	Sunnadal	Sunnadal	Ndm	MøRo	508	2
TodalMo	Stangvik	Surnadal	Ndm	MøRo	509	2
SurnadalHolten	Surnadal	Surnadal	Ndm	MøRo	511	2
HemneK.Aune	Hemne	Hemne	Fos	STrl	522	2
FroanBye	Nord-Frøya	Frøya	Fos	STrl	530	2
FrøyaMidts.	Nord-Frøya	Frøya	Fos	STrl	530	3
FrøyaHovde	Nord-Frøya	Frøya	Fos	STrl	530	4
MeldalKrog	Meldal		Orkd	STrl	548	2
MeldalStemsh.	Meldal		Orkd	STrl	548	3
MeldalStør.	Meldal		Orkd	STrl	548	4
OppdalDon.	Oppdal		ISTrl	STrl	550	3
OppdalHaugen	Oppdal		ISTrl	STrl	550	4
OppdalRi.	Oppdal		ISTrl	STrl	550	5
MelhusTofte	Melhus	Melhus	Gauld	STrl	554	2
BudalEnmo	Budal	Midtre Gauldal	Gauld	STrl	560	2
ÅlenReit.	Ålen	Holtålen	Gauld	STrl	563	2
RørosReit.	Røros landsokn	Røros	ISTrl	STrl	567	2
SelbuEndr.	Selbu		ISTrl	STrl	569	2

SelbuFN	Selbu		ISTrl	STrl	569	3
SelbuFuran	Selbu		ISTrl	STrl	569	4
SelbuLa.	Selbu		ISTrl	STrl	569	5
SelbuNorv	Selbu		ISTrl	STrl	569	6
SelbuRøset	Selbu		ISTrl	STrl	569	7
BynesetBH	Byneset	Trondheim	ISTrl	STrl	574	2
TrhHusøy	Trondheim	Trondheim	ISTrl	STrl	575	2
MeråkerKrog.Sul.	Meråker		Stjør	NTrl	577	2
LeksvikKill.	Leksvik		INTrl	NTrl	582	2
FrolGrev.	Frol	Levanger	Innh	NTrl	586	2
SparbuBras.	Sparbu	Steinkjer	Innh	NTrl	596	2
StodHæ.	Stod	Steinkjer	Innh	NTrl	600	2
SnåsaKjenst.	Snåsa		INTrl	NTrl	604	3
GrongGH	Grong	Grong	Namd	NTrl	608	2
GrongKvam	Grong	Grong	Namd	NTrl	608	3
HøylandetSkarl.	Høylandet		Namd	NTrl	611	2
SømnaOrdl*	Sømna		SHelg	Helg	626	2
BrønnøyO.Ols.	Brønnøy	Brønnøy	SHelg	Helg	627	2
VefsnLund	Vefsn	Vefsn	SHelg	Helg	632	2
VefsnRiksh.	Vefsn	Vefsn	SHelg	Helg	632	3
VefsnTonRiksh.	Vefsn	Vefsn	SHelg	Helg	632	4
VefsnBB	Vefsn	Vefsn	SHelg	Helg	632	5
VegaBW	Vega		SHelg	Helg	635	2
VegaEngen	Vega		SHelg	Helg	635	3

VegaWika	Vega		SHelg	Helg	635	4
TjøttaFL	Tjøtta	Alstahaug	SHelg	Helg	636	2
LeirfjordElv.	Leirfjord		SHelg	Helg	641	2
LeirfjordJens.	Leirfjord		SHelg	Helg	641	3
NesnaOrdl*	Nesna		Rana	Helg	644	2
HemnesBold.	Hemnes	Hemnes	Rana	Helg	648	2
NRanaJac.	Nord-Rana	Rana	Rana	Helg	649	2
NRanaJac. ²	Nord-Rana	Rana	Rana	Helg	649	2
RanaRavnå*	Nord-Rana	Rana	Rana	Helg	649	2
FauskeØines	Fauske		Sa	No	659	2
GimsøyH.Chr.	Gimsøy	Vågan	Lof	No	677	2
Borge i LofK.Elst.	Borge	Vestvågøy	Lof	No	679	2
Hadsel	Hadsel		Vstrål	No	686	2
VstrålMart.	Bø		Vstrål	No	687	3
AstafjordSjøv.	Astafjord	Skånland	STrs	Trs	698	2
LavangenEll.	Lavangen		MTrs	Trs	704	2
SalangenMark.	Salangen		MTrs	Trs	705	2
BarduBH	Bardu		MTrs	Trs	708	2
TromsøH.Hans.	Tromsø	Tromsø	MTrs	Trs	718	2
Trsbymlv.	Tromsø	Tromsø	MTrs	Trs	718	3
VardøStøme	Vardø	Vardø	YFm	Fm	746	2
VadsøHatl.	Vadsø	Vadsø	YFm	Fm	751	2

* = Signaturen er komen inn i bibliografidatabasen ved ein feil. Før berre heimfesting òg etter sitat.

Tillegg 2: Kjeldesignaturar med heva teikn

Bibliografi-id	Forfattar	Kjeldeavstyting	Tittel
10	Aasen, Ivar	A.NGr ¹	Det norske Folkesprogs Grammatikk
11	Aasen, Ivar	A.NGr ²	Norsk Grammatikk
1	Aasen, Ivar	A ¹	Ordbog over det norske Folkesprog
2	Aasen, Ivar	A ²	Norsk Ordbog
11794	Bjordvand, Harald og Lindeman, F.O.	BL ²	Våre arveord
186	Blix, Elias	BlixNS ⁴⁻⁵	Nokre salmar
10475	Schulze, Johan A.	Bø i TelSchulze ²	Bøheringsmålet i forn og nyo
11243	Øines, Sverre	FauskeØines ²	Ordsamling over fauskedialekten rundt ..
12137	Pram, Christen	Gbr1743 ²	Ordsamling frå Gudbrandsdal ikring 1743
11990	Holstad, Norleif	HareidHolst. ²	Ord og uttrykk frå Hareid
10978		HaugesundToft ²	Ei me' alt
946	Hveding, Johan	HåIHved. ²	Håløygsk ordsamling
1223	Lid, Johannes	J.LidNF ²	Norsk flora
10675	Dvergsdal, Daniel	JølsterDvergsd. ²	Jølstramålet
1106	Koht, Halvdan	KohtHI ²	Henrik Ibsen
12166		Kvam i HardKK ²	
11829	Elverum, Irun Dahl	LeirfjordElv. ²	Ord og uttrykk fra Leirfjord
10792	Hunstadbråten, Kai	ModumHunst. ²	Modumsmålet
12102		NBiogL ²	Norsk biografisk leksikon
11556	Nielsen, Niels Åge	NielsenDEO ⁵	Dansk etymologisk ordbog 5.

			utg.
12286	Solheim, Torkjell	NissedalTo.Solh. ²	Ord, uttrykk og ordtak frå Nissedal
11016	Frislid, Ragnar	NoDyr ²	Norges dyr
10793		NoMålf ²	Norske målføretekster
1619		NoMålfOrdl ²	Ordlste i Norske målføretekster
12098	Heggstad, Leiv ofl	NorrO ²	Norrøn ordbok
11141	Tor Jacobsen	NRanaJac. ²	Ke de skaft? : ranværingssord og -historier
12099		NSL ²	Norsk stadnamnleksikon
11830	Berg, Olaf	O.BergMKS ⁴	Skrøner
11904	Donali, Ingeborg	OppdalDon. ²	Oppdaling
1761	Prøysen, Alf	Prøys.DH ²	Dørstokken heme
12190	Andersen-Høntorp, Kr.	R.Indr.KS ²	Kyrkjesege
447		S.Esk.SRL ²	Soga om Ragnar Lodbrok og sønene hans
11126	Berg, Gunnar	SaGB ²	Ka du åssja med?
11031	Sandanger, Per	SandeSand. ²	Ord frå ei anna tid
11612	Sandanger, Per	SandeSand ³	Ord frå ei anna tid II
12210	Røset, Ingulv	SelbuRøset ²	Selbumålet
11330	Skard, Matias	Sk ¹	Nynorsk ordbok for rettskriving og ...
11331	Skard, Matias	Sk ²	Nynorsk ordbok for rettskriving og ...
11332	Skard, Matias	Sk ³	Nynorsk ordbok for rettskriving og
11334	Skard, Matias	Sk ⁴	Nynorsk ordbok for rettskriving og
11335	Skard, Matias	Sk ⁵	Nynorsk ordbok for rettskriving

			og
11336	Skard, Matias	Sk ⁶	Nynorsk ordbok for rettskriving og
11144		SLandEng.Sol. ²	Deinn ækte læinningen ær spissk
11145		SOdalSOB ²	Ord og uttrykk fra Sør-Odal
11054	Sandvik, Sigurd	SuldalsmT ² S.Sandv.	Tillegg II til Suldalsmålet
11131	Jenstad, Tor Erik	TrøndO ²	Trønderordboka
11068	Stokstad, Olaug J.	UllensakerStok. ²	Rakster og skrabbslått
12076	Vesaas, Tarjei	Ves.K ²	Kimen
2425	Vesaas, Tarjei	Ves.V ²	Vindane
11265	Orvik, Ove	VstrålOrv. ²	Ord og dialekt i Vesterålen
11078	Øyri, Audun	ØyriMed ²	Norsk medisinsk ordbok 6. utg.
11538	Øyri, Audun	ØyriMed ³	Norsk medisinsk ordbok 7. utg.

Tillegg 3: Redigeringsgrunnlag for Norsk Ordbok

Sett saman av Dagfinn Worren.

Oversynet i *Redigeringsgrunnlag for Norsk Ordbok* gjeld både kjelder til lemmautvalet (RH 2.1) og til faglege opplysningar til ordartiklane elles. Utgangspunktet for lista var å draga fram dei kjeldene som er rekna som sjølve grunnfjellet i NO. Det gjeld for det fyrste dei kjeldene som alt er lagde inn i Metaordboka (MO), men i alle fall førebels er det dette "grunnfjellet" noko vidare. I arbeidet med å skilja ut desse andre hovudkjeldene vart det aktuelt å vurdera nærmare både nærskylde og meir perifere kjelder. Nedanfor i bolk II er alle dei kjeldene som har vori med i vurderinga, tekne med. Men for at dei obligatoriske kjeldene ikkje skal drukne, kjem dei også fyrst i ein bolk I.

Etter kvart har dei fleste serkunnskapar om dei ulike kjeldene som kan vere nyttige for resten av redaksjonen òg. Slik kunnskap kan også seinare skrivast inn i merknadsfeltet med signatur og dato.

I

Obligatoriske kjelder (Obl.)

Arkiv

Setelarkivet-NO (MO)

Setelarkivet-Trønderordboka (MO)

Det litterære ordboksverk (DLO) – nynorsk

Synopsisen

Korpus

Nynorskkorpuset

Språkordbøker

A¹ [Start med 2000-utgåva ved Kruken og Aarset]

A² [Start med 2003-utgåva ved Kruken og Aarset]

R, R1-6 (MO)

Grunnmanuskriptet-opph. (MO)

Grunnmanuskriptet-tilskrift

Sk⁵ [M. Skard: Nynorsk ordbok] (MO)

NOB (MO)

NRO I-VI

T [Nynorsk etymologisk ordbok]

BL [Våre arveord. Etymologisk ordbok]

Lokale ordsamlingar etter 1975

ODS

SAOB

He.Gno [Jf. Heggstad, Hødnebo og Simenesen: Norrøn ordbok]

Sak(ord)bøker

J.LidElvenNF

NLO

ØyriMed³

Allkunner

NoAllk

II

Obligatoriske, nærskyldte og meir perifere kjelder og informasjonskanalar

Sta- tus	Kjeldetype	Namn	Merknader
	Arkiv		
	Nynorsk		
Obl.		Setelarkivet-NO* (MO)	Ett. TEJ 150605: Ta sluttsjekk mot MO for mogl. nytt tilfang
Obl.		Setelarkivet-Trønderordboka (MO)	
Obl.		Det litterære ordboksverk - nynorsk	
		Djupedalarkivet	

		Aasen-arkivet	Inkl. i SA-NO
Obl.		Målførearkivet Synopsisen Ymse setelarkiv og spørjelister (delvis. i NO-arkivet) [i GA 106]	Delvis ett. HG 150605
	Bokmål		
		Ymse forfatterarkiv (jf òg http://www.dokpro.uio.no/litteratur/)	I GA 106
	Gno.	Setelarkiv	I HW
	Korpus		
Obl.		Nynorskorpuset	
		Tekstlaboratoriet (nynorsk) http://www.tekstlab.uio.no/norsk/korpus/nynorsk/no2014/ http://www.tekstlab.uio.no/norsk/nynorsk/	"no2014"- korpuset på 6 mill. ord inkluderer "nynorsk" på 3,7 mill.
		Nyordsmaterialet (SLM) http://www.dokpro.uio.no/bokmaal/nyord/nyord_fside.html	
		Norsk aviskorpus http://avis.uib.no/cwb/nyn.html http://avis.uib.no/cwb/bokm.html	Automatisk dagleg oppdatering på nyord
	Nettsøk		
		T.d. http://www.startsida.no/	Den nynorske inngangen til div. søkjemotorar

	Språk- ordbøker		
	Allmenn- ordbøker-	<i>Nynorsk</i>	
Obl.		A ¹ [Sjekk òg gjerne mot 2000-utgåva ved Kruken og Aarset, men tilv. til 1850-utg.] (MO)	I G-manus
Obl.		A ² [Sjekk òg gjerne mot 2003-utgåva ved Kruken og Aarset, men tilv. til 1873-utg.] (MO)	I G-manus
Obl.		R, R1-6 (MO)	I G-manus
Obl.		Grunnmanuskriptet opph. (MO)	TEJ 1506.05 minner om at eldre ords. også finst på www.dokpro.uio.no/nynorsk/ordsamlingar/ords.html
Obl.		Grunnmanuskriptet tilskrift	OA 150605 minner om at t.d. FayeD1840, VigOrdl, VTel1821 berre finst som setlar
		NO 1-5	
Obl.		Sk ⁶ [M. Skard: Nynorsk ordbok] (MO)	
Obl.		NOB (MO)	
		Hell.NO	Er eigl inkludert i NOB. Sjekk eventuelt nyare utg enn siste NOB
		S.N	
		<i>Andre</i>	
Obl.		NRO I-VI	
		BOB (MO)	
		Norsk ordbok: riksmål og moderat bokmål med 1000	

		illustrasjoner	
		Tanums store rettskrivningsordbok	
	Etym. ordbøker		
Obl.		T [Nynorsk etymologisk ordbok]	Sjekk òg SAOB, ODS ofl. når obl. kj. ikkje dekkjer. [15.06.05 OG]
Obl.		BL [Våre arveord. Etymologisk ordbok]	
		FT [Norwägisich-Dänisches etymologisches Wörterbuch]	
		NielsenDEO	
		HellquistSEO	
		de Vries: Altnordisches etymologisches Wörterbuch	
Obl.	Lokale ordsamlingar etter 1975	Jf. fila NO1975+ med nummerering [Oversyn og status for lokale ordsamlingar til NO-basen] på L:norsk-ordbok\Aktivitet\Grupper\1975-ordsaml\Rapportar	Tilrettelagde i eigne permar for den aktuelle redigerings- bolken. TEJ og OA 150605: Tenk etter om det er aktuelt tilfang utanom alf.bolken pga. normering o.l.
	Store nasjonale ordbøker		
		<i>Dansk</i>	Jf. http://www.dsl.dk/hovedside.html
		[Christian Molbech: Dansk Ordbog 1833]	

Obl.		ODS	
		DDO	
		<i>Svensk</i>	
Obl.		SAOB (Også nettversjon: http://g3.spraakdata.gu.se/saob/)	
		<i>Engelsk</i>	
		OED (Også nettversjon: http://dictionary.oed.com/)	
		<i>Tysk</i>	
		DUDEN: Das grosse Wörterbuch der deutschen Sprache in sechs Bänden	
	Fleirspråkl. ordbøker		
		S.D	56178 setlar
		SletteNoEng	
		LatOrb	13 setlar
		Ra.E	22977 setlar, jf. RH 2.1.4.2.2.
		Ra.F	27029setlar, jf. RH 2.1.4.2.2.
	Andre språk- ordbøker		
Obl.		He.Gno [Jf. Heggstad, Hødnebø og Simenesen: Norrøn ordbok]	
		Fr [Ordbog over det gamle norske Sprog I-III]	
		FrT [Ordbog over det gamle norske Sprog. Rettelser og tillegg.]	

		A.Målb	
		Nyord1945-75	
		Rom.MAO [Med andre ord]	NO har elektronisk lisens
		Graedeler og Johansson: Anglisismeordboka	
		JenstadDSNS	
		Bjørkum: Samansetjingar med –ar- der eit verb er fyrstelekk (2004)	
	Sak(ord)- bøker		
Obl.		J.LidElvenNF	Jf. tidl. utg. J.LidNF
Obl.		ØyriMed ³	
		Grønstøl: Veterinærmedisinsk ordbok	
		Cappelens dyreleksikon	
Obl.		NLO	
		NTO	
		RTT	Om diverse fagemne
	Allkunner		
Obl.		NoAllk	
		Store norske leksikon (Også nettversjon: http://www.storenorskeleksikon.no/)	
		NordKultLeks	
		Den store Danske Encyklopedi	

		Nationalencyklopedin (svensk)	
	Språkvit- skapleg litteratur		
		A.NG ²	
		BeitoNG	
		LeiraOON	HG 150605
		NoRef	
		Skjekk.ND	HG 150605, som øg minner om fleire målfutgr.
		VenåsLV	
		VenåsStV	

Tillegg 4: Nedkortings- og komprimeringstips

Her er det samla nokre tips for å halda dimensjoneringa. Det meste av det som står, er omtala andre stader i handboka òg. Tipsa blei opphavleg sende på e-post til redaksjonen i 2005 av prosjektdirektøren og gjeld dermed som offisielle reglar.

Ordutval/Oppslag

- Sjeldnare framandord, fagord o a kan gå ut.
- Samansetningar kan takast heilt ut eller plasserast i sekk. Det gjeld eingongsbelegg frå litteratur, ordboksbelegg, samansetningar med føreseieleg tyding osfr. Også samansetningar frå målføra med eitt belegg, gjerne frå spesielle språksituasjonar, bør prioriterast ned. Verbalsubstantiv på *-ing* skal ikkje med om dei ikkje inneheld noko nytt i høve til verbet.
- Tilvisingar kan sløyfast, serleg når det er eit kjent ord det blir vist til.

Hakeparentes

- Eldre kjelder: Former kan sløyfast når dei ikkje vik serleg av frå norma no.
- Avvikande målføre: Berre ta med former som verkeleg vik av frå det normerte ordet.
- Slå saman nærlike former, slå saman dialektområde, eventuelt med "mst" og "sumst".

Ordbokskroppen

- Ikkje lag uturvande fingreina tydingstre.
- Ved liketydige ord kan ein definera med synonym på den eine staden, jfr serleg samansetningsrekkjer.
- Når to døme har same innhaldet i tyding og syntaks, kan dei slåast saman, eventuelt kan det eine takast ut.
- Ein bør bruke redaksjonelle døme der det finst mange parallelle kollokasjonar i materialet.
- Døme kan trunkerast (...) og kortast ned.
- Ein bør normalt ikkje føra opp meir enn tre døme til kvart tydingsnummer.
- Kjelde- og heimfesting. Samanslåing av kjelder og stader som nemnt ovanfor.

Tillegg 5: Endringar og rettingar i basen

1 Endringar i den ferdige ordbasen

Frå tid til anna vil det vera behov for å gjera endringar i artikkelbasen. Dette kan i dei enklaste tilfella vera endring av koplingar i artiklar med status "Ferdig", eller det kan gjelda endring av status, slik at artiklar ikkje lenger blir publiserte i nettutgåva. Det sistnemnde er t d gjort med normalartikkelen *i tide* (redigert på alfabetbokstaven *i*). Den artikkelen vart avpublisert etter at UO *i tide* kom inn under normalartikkelen *tid*. I sume tilfelle kan endringane i basen gjelda retting av feil som vi ikkje ynskjer at skal liggja ute i nettutgåva av NO.

Uttrykket artiklane har i nettversjonen av NO, er eit anna enn i den prenta utgåva, m a gjennom at avstytingar er ekspanderte, ordklassenemningane endra, hakeparentesen skjult osfr. Det er likevel *dei same* opplysningane som ligg bak begge publiseringsformata. Når vi gjer endringar i ferdige og publiserte artiklar i artikkelbasen, vil nettutgåva og den prenta utgåva av Norsk Ordbok ikkje berre blir ulike i uttrykk, men også i innhald.

2 Typar av rettingar

Rettingane og endringane i basen kan vera av fleire typar. Hovudtypane er nemnde i kulepunktane nedanfor.

- **Endring av feil artikkeltype.** Dette gjeld fyrst og fremst å gje endra artikkelformat til artiklar som ved ein feil er redigerte som normalartiklar, men som skulle hatt eit anna format. Desse endringane vil som regel ikkje gje synlege skilnader mellom den prenta utgåva og den digitale artikkelbasen.
- **Endring av koplingar mellom artiklar.** Summe gonger vil slike endringar i artikkelbasen ikkje vera synlege, men i dei fleste tilfella vil endringa føra til at tilvisinga blir spesifisert eller endra til ein annan homograf og/eller eit anna tydingsnummer.
- **Endring av faktiske feil eller manglar.** Dette kan gjelda skrivefeil, feil i uttaleopplysningar, feil i definisjonstekst osfr., og spenner over eit vidt spekter av moglege rettingar (frå "rein" feilretting til revisjon).

3 Praksis for endring i artiklar med status "Ferdig"

Det er i NO2014-prosjektet ikkje aktuelt å ta opp artiklar i artikkelstrekke frå og med *i* til innhaldsrevisjon. Dersom det dukkar opp nye opplysningar om eit ord eller ei ordtyding, bør det leggjast inn ein kommentar om dette i artikkelens merknadsfelt til bruk i ein seinare revisjon. Redaksjonen skal ikkje prioritera tid på arbeid med slike endringar i basen.

Ei anna sak er endring av feil som er av ein slik art at dei ikkje bør bli ståande. Når ein redaktør blir merksam på ein feil av denne typen (feil i tilvising, skjemmaende trykkfeil, realopplysningar som aldri har vori korrekte) i den publiserte delen av NO-basen, skal dette takast opp med hovudredaktør eller prosjektdirektør for vidare handsaming.

3.1 "Usynlege" endringar

Endringar som ikkje fører til synlege skilnader mellom prenta versjon av NO og den digitale artikkelbasen, er uproblematisk. Det er ingen grunn til å loggføra desse serskilt, ut over den

loggføringa som skjer i sjølve artikkelloggen kvar gong nokon er inne og endrar ein artikkel. Endringar av denne typen blir rutinemessig gjennomførde av hovudredaktør eller prosjektdirektør når nokon bed om det.

3.2 Endringar som gjev synlege skilnader mellom trykt tekst og artikkelbase

Endringar som gjev synlege skilnader mellom prenta tekst og artikkelbase skal loggførast, slik at opplysningane kan fylgja med basen over i ei permanent driftsordning. Loggen skal førast i merknadsfeltet til artiklane i artikkelbasen. Den eller dei i redaksjonen som har rettar til å gjera endringar i artiklar med status "Ferdig", får òg ansvar for å loggføra endringane. Alle endringar som endrar innhaldet i e-artikkelen i høve til den prenta teksten, skal kommenterast i merknadsfeltet under innleiingsteksten "Endring i artikkel: ...". Dermed vil det vera ein enkel jobb å identifisera alle slike endringar. Når ei artikkelendring blir lagra i basen, skal artikkelleigar ha e-postvarsel med melding om at det er gjort ei endring.

4 Kva type realendringar skal gjerast?

Det er ikkje aktuelt å gjennomføra større systemendringar. Med dette forstår vi endringar som vil gjera at behandlinga av ein viss type ledd, former eller fleirordsfrasar blir meir systematisk enn i dagens ordbase. Slike oppgåver må venta til verket skal reviderast.

Realendringar i ordbasen i NO 2014-prosjektet skal gjelda einskildartiklar som inneheld feil av ein så alvorleg type at dei ikkje kan venta på ein revisjon. Desse kan vera:

- a) artiklar med feil tilvising (tilvising til feil homograf eller feil tydingsnummer)
- b) artiklar med feil i etymologifeltet, feil uttaleopplysningar eller faktafeil i definisjonar
- c) artiklar med opplysningar førde på feil stad, slik at dette gjev problem for visingar i nettutgåva av verket. Døme på dette kan vera bruk av innleiingsfeltet til UO til anna enn metaopplysningar, eller tilfelle av at "s d" er brukt som tilvising.
- d) artiklar med skjemmande skrivefeil

5 Kort om prosedyre for melding av feil

Alle saker som gjeld feilretting, skal takast opp med hovudredaktør og/eller prosjektdirektør. Dersom vurderinga er at artikkelen bør endrast, blir artikkelforfattar varsla om at ei slik endring er gjort. Serleg vanskelege tilfelle blir lagde fram for leiarmøtet.